

**Mellom nøytralitet og språksikring**  
**Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005**

**Eli Bjørhusdal**



Avhandling til ph.d.-graden  
Institutt for lærarutdanning og skoleforskning  
Det utdanningsvitenskapelige fakultetet  
UNIVERSITETET I OSLO

2014



## Føreord

Det er mange som no fortener takk. Den fyrste er hovudrettleiar Kjell Lars Berge, professor ved Institutt for lingvistiske og nordiske studiar ved Universitetet i Oslo. Kjell Lars har stort oversyn over mange fagfelt, og har dermed gjeve avgjerande tilskot inn i ulike sider av det tverrdisiplinære arbeidet som denne avhandlinga har vorte. At han dessutan ikkje er skoren for tungebandet har gjort det til ein fagpolitisk fest å møte han til rettleiingssamtalar. Eg har flira mykje og lært endå meir. Medrettleiar har vore Frøydis Hertzberg, professor ved Institutt for lærarutdanning og skoleforskning ved UiO. Ho har vore eit heilt nødvendig ankerfeste på Utdanningsvitskapleg fakultet, og skal ha hjartans takk for dei praktiske flokane ho har løyst og for viktige manuskommentarar i sentrale fasar av arbeidet. Den fyrste medrettleiaren på prosjektet var Geirr Wiggen, også professor ved Institutt for lærarutdanning og skoleforskning ved UiO. Han slutta på universitetet ikkje så lenge etter at arbeidet mitt starta, men fortener takk for avklarande samtalar tidleg i prosessen.

Eg har vore fagleg tilknytt Universitetet i Oslo, men det er Høgskulen i Sogn og Fjordane, Avdeling for lærarutdanning og idrett, som har finansiert arbeidet. Takk til dekan Rasmus Stokke og instituttleiar Aud Marie Stundal for at avdelinga ville satse på prosjektet mitt. Så er det norskseksjonen på avdelinga som har vore arbeidsplassen min i doktogradperioden. Kollegaene mine her har tilrettelagt for meg og gjeve meg arbeidsrom, det er eg mykje takksam for. Særleg takk går til den standhaftige seksjonsleiar Knut Atle Skjær. Anne Norstein og Terje Myklebust, kollegaer på matematikk, fortener mange og lange takkar for mange og lange samtalar når livet i institusjonen har sett som mørkast ut. Eg vil òg takke HSF-biblioteket for all framskaffing av kjeldemateriale og vanskeleg tilgjengeleg litteratur.

Jan Grue kom med svært grundige og viktige tilbakemeldingar på manus om lag midtvegs i arbeidet, og også Hege Myklebust og Marit Aakre Tennø las og kommenterte tidlege delutkast. Seinare i prosessen har Steinulf Tungenesvik, Kari Løkensgard Hoel og Gudrun Kløve Juuhl gjeve verdifulle kommentarar på delar av manus. Gudrun har dessutan lese fleire tidlegare tekstar. I slutfasen gjorde Unn Røyneland ein uvurderleg jobb med manuset på mange nivå. Tusen, tusen takk til alle! Ein ekstra tusen takk til Torlaug Løkensgard Hoel som har fylgt arbeidet heile vegen, lese og kommentert utruleg mange dårlege utkast og likevel oppmuntra og motivert meg.

Såleis er me over på familie og vener. Ragnhild Bjørge og Brigt Ove Vaage har hyst meg på mange osloturar, det same har svigerinne Kari Løkensgard Hoel og Thomas Holum gjort. De skal alle ha stor takk for godt stell. Kjekke epostdiskusjonar med Gudrun Kløve Juuhl har bidrege mykje til denne avhandlinga, og det har ikkje minst mange, mange samtalar med Marit Aakre Tennø gjort. Takk for turen så langt!

Torlaug Løkensgard Hoel og Øyvind Hoel, svigerforeldra mine, skal ha endelaus takk for ei endelaus rad med praktiske tilskot, frå stillongsbøting til snikring til sveving av born. Eg vil òg takke far min, Arne Bjørhusdal, som serverte meg mat, kaffi og reine klede i vekesvis då eg sommaren 2013 sat hjå han og skreiv. Kari Grov, mor mi, har dei siste åra helst ikkje vilja høyre om (manglande) avhandlingsframdrift, men har elles trødd til med *alt*, og det mykje oftare enn nokon kan forvente. Mamma har ein stor part både i avhandlinga og i det at Kristi, Tora og Øyvind ikkje har fått større mein. Og trass i at det er ungene våre som må ta hovudæra for at den formelle stipendiatperioden min gjekk over seks år, og dessutan tok to år til, skal dei tre ha så mange takkar som mogleg for humør, tolmod og omsorg.

Den største takken går til Oddmund Løkensgard Hoel. Leid er vel den lange vetter. Og det har vore store dagar og stutte næter. Med Ole Richter, Grunnskolen informasjonssystem, nøytralitetsdoxa, Smith-utvalet, kommareglar, Denise Réaume, modifiserte negative språkrettar og ikkje minst EndNote. Alt har Oddmund diskutert, lese og kommentert – det er krevjande å vere både husbond og fagfelle. Men når lauv i lidom spretter!

Trass i innsatsen til alle gode hjelparar har granskinga både feil og feilslutningar. Dei er berre mine.

Avhandlinga er tileigna svigermor mi, Torlaug Løkensgard Hoel, og mor mi, Kari Grov. Dei har på kvar sine måtar gjort ein stor innsats for offentleg forvaltning av nynorsk og er dei beste førebileta på alle andre vis òg.

Jostedalen, 20. februar 2014

Eli Bjørhusdal

# Innhald

Føreord .....	3
Innhald .....	5
Detaljert innhaldsoversyn .....	7
DEL I INNLEIING .....	13
1 Generell introduksjon .....	15
2 Relevans og aktualitet .....	39
3 Forskingstradisjon: Language policy and planning .....	46
4 Teoretiske omgrep .....	52
5 Materiale og metode .....	80
6 Forskingsetiske og vitskaps sosiologiske refleksjonar .....	106
DEL II 1885–1930 ETABLERING AV EIN SPRÅKLEG NØYTRALITETSPOLITIKK	113
7 Introduksjon del II .....	115
8 Fram mot 1880: Tilpassingspolitikk .....	119
9 1884–1885: Prinsippvedtak om jamstilling .....	126
10 1885–1930: Offisielle rettar for nynorsk og bokmål .....	139
11 Avrunding og kontekst 1878–1930 .....	177
DEL III 1930–1980 KONSOLIDERING AV NØYTRALITETSPOLITIKKEN	189
12 Introduksjon del III .....	191
13 1930–1965: Språkpolitisk vidareføring .....	194
14 1966–1970: Nye innstillingar om språksaka .....	209
15 1969 og 1974: Nye skulelover .....	248
16 1970–1980: Kulturfeltet .....	274
17 Avrunding og kontekst 1930–1980 .....	284
DEL IV 1980–2005 MOT EIN SPRÅKSIKRINGSPOLITIKK?	297
18 Introduksjon del IV .....	299
19 1980–1990: Ny mållov og gamle opplæringsspørsmål .....	306
20 1990–2005: Ny opplæringslov og meir statusarbeid .....	343
DEL V FUNN OG REFLEKSJONAR .....	447
21 Introduksjon del V .....	449
22 Offisiell språkrettspolitik .....	451
23 Språknøytralitet og språksikring .....	459
24 Vidare forskning .....	487
Kjelder og litteratur .....	491
Vedlegg 1: Kronologisk oversyn over dokumentklyngjene .....	506



# Detaljert innhaldsoversyn

Føreord .....	3
Innhald .....	5
Detaljert innhaldsoversyn .....	7
DEL I INNLEIING .....	13
1 Generell introduksjon .....	15
1.1 Føremål .....	15
1.1.1 Emnet .....	15
1.1.2 Siktemål .....	16
1.1.3 Problemstillingar .....	19
1.1.4 Sentrale avgrensingar .....	25
1.2 Forskingsspørsmål .....	27
1.2.1 Språkets politikk .....	27
1.2.2 Politikkens språk .....	31
1.2.3 Modellane .....	32
1.3 Problemstillingar og forskingsspørsmål oppsummerte .....	34
1.4 Periodisk avgrensing og overordna struktur .....	35
1.4.1 Periodisk avgrensing og vektlegging .....	35
1.4.2 Overordna struktur i avhandlinga .....	36
2 Relevans og aktualitet .....	39
2.1 Forskingsrelevans .....	39
2.2 Språksosiologisk aktualitet .....	42
3 Forskingstradisjon: Language policy and planning .....	46
3.1 LPP som sosiolingvistikk og språkplanlegging .....	46
3.1.1 Frå talemål- til skriftspråkforsking .....	46
3.1.2 LPP i Noreg .....	47
3.2 LPP som språkpolitikk- og språkrettsteori .....	47
3.2.1 Internasjonal debatt om statusspørsmål .....	48
3.2.2 Sosial og fagleg kontekst .....	48
4 Teoretiske omgrep .....	52
4.1 Liberalisme og kommunitarisme .....	52
4.1.1 Rawls og politisk liberalisme .....	52
4.1.2 Kommunitaristisk reaksjon .....	54
4.1.3 Kymlicka og kulturliberalisme .....	56
4.1.4 Teoriutvikling i kjølvatnet av Kymlicka .....	58
4.2 Omgrep for språkrettar og språkpolitiske ordningar .....	60
4.2.1 Toleranseorientert og styrkingsorientert språkpolitikk .....	60
4.2.2 Negative og positive rettar .....	61
4.2.3 Likebehandling og særbehandling .....	64
4.3 Modellar for språkpolitikk .....	67
4.3.1 Offisielle språkrettar og tilpassingsordningar .....	67
4.3.2 Negativ og positiv nøytralitet .....	68
4.3.3 Konsekvensialistisk ikkje-rett og eigenverdilegitimert rett .....	71
4.4 Omgrepa og modellane oppsummerte .....	79

5	Materiale og metode.....	80
5.1	Materiale.....	80
5.1.1	Utval.....	80
5.1.2	Dokumenttypane.....	83
5.2	Metodologiske omgrep.....	86
5.2.1	Tekst og sjanger.....	86
5.2.2	Tekst, makt og ‘innhald’.....	87
5.2.3	Tolkingsvaliditet.....	90
5.2.4	Topikk.....	93
5.2.5	Toulmins argumentasjonsteori.....	95
5.3	Ein Toulmin-inspirert argumentasjonsanalyse: metodiske grep.....	97
5.3.1	Prosess 1: Rekonstruksjon av påstand.....	97
5.3.2	Prosess 2: Rekonstruerande kategorisering av ordningar.....	98
5.3.3	Prosess 3: Rekonstruksjon av belegg.....	100
5.3.4	Prosess 4: Rekonstruksjon av heimel.....	100
5.3.5	Prosess 5: Rekonstruerande kategorisering av heimlar.....	102
5.3.6	Prosess 6: Rekonstruksjon og kategorisering av kombinasjonar av opphoping av ordningar og heimlar/språkpolitikkar.....	105
6	Forskingsetiske og vitskapssosiologiske refleksjonar.....	106
6.1	Forskingsetikk.....	106
6.2	Forskingsetiske spørsmål i dette prosjektet.....	107
6.2.1	Er temaet viktig og nyttig?.....	107
6.2.2	Aktør på eige felt?.....	108
DEL II 1885–1930 ETABLERING AV EIN SPRÅKLEG NØYTRALITETSPOLITIKK		113
7	Introduksjon del II.....	115
7.1	Struktur og skisse av kapitla.....	115
7.2	Utval og metodiske spørsmål.....	118
8	Fram mot 1880: Tilpassingspolitikk.....	119
8.1	«Børnenes eget Talesprog» i 1878.....	119
8.1.1	Dialekt i byrjaropplæringa.....	120
8.2	Tilpassingstilnærming 1885.....	122
8.2.1	Skriftleg landsmål som hjelpespråk.....	123
8.2.2	Oppsummering.....	125
9	1884–1885: Prinsippvedtak om jamstilling.....	126
9.1	Førearbeid vinteren 1885.....	129
9.1.1	Jamstilling i opplæring og statstenesta.....	129
9.2	Komitéinnstillingane våren 1885.....	133
9.2.1	Mot eit vagare vedtak.....	133
9.3	Oppsummering 1884–1885.....	135
10	1885–1930: Offisielle rettar for nynorsk og bokmål.....	139
10.1	Opplæring.....	139
10.1.1	Skulekrinsen som sjølvstendig, demokratisk språkterritorium.....	141
10.1.2	Lokale språkavgjerder.....	148
10.1.3	Skulekrinsen som kommunalt styrt språkterritorium.....	150
10.1.4	Munnleg opplæring på sidemålet i folkeskulen.....	152
10.1.5	Lærebøker på fritt valt språk.....	157
10.1.6	Språklege parallellklassar.....	159
10.1.7	Konsekvensar av målparagrafen i andre skuleslag.....	161



10.2	Offentleg teneste .....	167
10.2.1	Fritt val av språk for brukarane av statstenesta .....	169
10.3	Oppsummering 1885–1930 .....	173
11	Avrunding og kontekst 1878–1930 .....	177
11.1	Offisiell språkrettspolitik .....	177
11.2	Nøytralitetspolitikk .....	178
11.2.1	Territorielle og personlege ordningar .....	178
11.2.2	Opphoping av heimlar .....	179
11.2.3	Kva for språkpolitikk? .....	181
11.2.4	Prosedural heimling for særbehandlingsordningar .....	182
11.3	Samnorsk og omgrepet målform .....	183
11.3.1	Samnorsk i nøytralitetsdoxa .....	183
11.3.2	Omgrepet målform i nøytralitetsdoxa .....	186
DEL III 1930–1980 KONSOLIDERING AV NØYTRALITETSPOLITIKKEN .....		189
12	Introduksjon del III .....	191
12.1	Struktur og skisse av kapitla .....	191
12.2	Utval og metodiske spørsmål .....	193
13	1930–1965: Språkpolitisk vidareføring .....	194
13.1	Offentleg teneste .....	196
13.2	Opplæring .....	197
13.2.1	Skulekrinsen som kommunalt styrt språkterritorium .....	198
13.2.2	Språkleg homogenitet i krinsen .....	200
13.2.3	Vidareføring av fyrstespråk ved krinsregulering .....	201
13.2.4	Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå i norsk .....	201
13.2.5	Språklege parallellklassar .....	202
13.2.6	Fritt språkval i ungdomsskulen .....	203
13.2.7	Opplæring på sidemålet .....	205
13.3	Oppsummering 1930–1965 .....	205
14	1966–1970: Nye innstillingar om språksaka .....	209
14.1	Offentleg teneste .....	211
14.1.1	Fritt val av språk for statstilsette .....	211
14.1.2	Fritt val av språk for brukarane av statstenesta .....	213
14.1.3	Fylkestinget vel sjølv språk .....	215
14.1.4	Rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk .....	217
14.1.5	Kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk .....	218
14.1.6	Tiltak for tilsyn av mållova .....	219
14.1.7	Eit nytt språkråd .....	220
14.2	Opplæring .....	225
14.2.1	Absolutt forelderrett og avvikling av krinsen som språkterritorium .....	226
14.2.2	Forelderrett ved krinsrøystingar .....	231
14.2.3	Språklege parallellklassar .....	232
14.2.4	Språklege parallellklassar om minst 10 er att .....	234
14.2.5	Parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen .....	235
14.2.6	Parallellitetsprinsipp for lærebøker i andre skuleslag .....	237
14.2.7	Utvida stønadsordning for utgjeving av nynorske lærebøker .....	238
14.2.8	Fritt språkval i ungdomsskulen .....	238
14.2.9	Skriftleg opplæring på sidemålet i folkeskulen/grunnskulen .....	239
14.2.10	Skriftleg prøving av sidemålet i gymnas .....	240

14.2.11	Endringar i sidemålsordningane i gymnaset .....	242
14.3	Oppsummering 1966–1970 .....	243
15	1969 og 1974: Nye skulelover .....	248
15.1	Reglar for krinsrøysting (§ 30) .....	250
15.1.1	Ålmann røysterett ved krinsrøysting (§ 30, nr. 2).....	250
15.1.2	Foreldrerett ved krinsrøysting (§ 30, nr. 2).....	250
15.2	Lærebøker i grunnskulen (§ 40) .....	252
15.2.1	Parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen (§ 40, nr. 1).....	252
15.2.2	Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk (§ 40, nr. 2) .....	253
15.3	Målet i grunnskulen (§ 41) .....	253
15.3.1	Leseopplæring på både nynorsk og bokmål (§ 41, nr. 2).....	253
15.3.2	Skulestyret vedtek språk for kvar krins (§ 41, nr. 3) .....	253
15.3.3	Krinsen skal seie si meining (§ 41, nr. 4) .....	253
15.3.4	Språkrøysting om ¼ krev det (§ 41, nr. 4).....	254
15.3.5	40 prosent binding i krinsrøysting (§ 41, nr. 4) .....	254
15.3.6	Rådgejvande krinsrøysting (§ 41, nr. 4).....	254
15.3.7	Nytt vedtak om opplæringsmål ikkje før etter fem år (§ 41, nr. 4).....	254
15.3.8	Ny røysting ved krinssamanslåing (§ 41, nr. 4).....	255
15.3.9	Vidareføring av fyrstespråk ved krinsregulering (§ 41, nr. 4).....	255
15.3.10	Vidareføring av fyrstespråk ved overføring til sentralskule (§ 41, nr. 4) .....	255
15.3.11	Skriftleg opplæring i baa språk dei to siste åra i ungdomsskulen (§ 41, nr. 5).....	257
15.3.12	Fritt språkval i ungdomsskulen (§ 41, nr. 5).....	258
15.3.13	Språklege parallellklassar om minst 10 krev det (§ 41, nr. 6) .....	258
15.3.14	Språklege parallellklassar i alle fag 1.–3. klasse (§ 41, nr. 6).....	259
15.3.15	Språklege parallellklassar i alle fag 1.–6. klasse (§ 41, nr. 6).....	259
15.3.16	Språklege parallellklassar på ungdomssteget fell bort (§ 41, nr. 6).....	260
15.3.17	Parallellklasserett i norsk ved overføring til sentralskule (§ 41, nr. 6).....	260
15.3.18	Språklege parallellklassar om minst 10 er att (§ 41, nr. 6) .....	261
15.3.19	Dispensasjonsrett for departementet i parallellklasseføreseigna (§ 41, nr. 6) .....	262
15.4	Lærebøker og andre læremiddel i vidaregåande opplæring (§ 38).....	264
15.4.1	Parallellitetsprinsippet for lærebøker i vidaregåande opplæring .....	265
15.4.2	Parallellitetsprinsippet for lærebøker i små fag i vidaregåande opplæring.....	265
15.4.3	Dispensasjon: mindre etterspurde bøker på berre nynorsk eller bokmål ..	266
15.5	Sidemålsordninga i vidaregåande .....	267
15.5.1	Skriftleg opplæring i baa språk i vidaregåande opplæring .....	268
15.5.2	Ikkje-skriftleg opplæring i baa språk i vidaregåande opplæring .....	269
15.6	Oppsummering 1969 og 1974 .....	270
16	1970–1980: Kulturfeltet .....	274
16.1	Norsk språkråd.....	274
16.1.1	Eit nytt språkråd .....	275
16.2	Andre språkpolitiske saker .....	280
16.2.1	Tilskot til nynorsk litteratur .....	280
16.3	Oppsummering 1970–1980 .....	281
17	Avrunding og kontekst 1930–1980.....	284
17.1	Offisiell språkrettspolitikk .....	284
17.2	Nøytralitetspolitikk .....	284
17.2.1	Opplæring .....	285

17.2.2	Offentleg teneste/kultur.....	288
17.2.3	Kva for språkpolitikk?.....	290
17.3	Korpusvitskap, samnorsk, språkfred og eigenverdien av norsk .....	290
17.3.1	Korpusvitskap i nøytralitetsdoxa.....	290
17.3.2	Samnorsk i nøytralitetsdoxa .....	292
17.3.3	Språkfred i nøytralitetsdoxa .....	293
17.3.4	Eigenverdien av <i>norsk</i> i nøytralitetsdoxa.....	295
DEL IV	1980–2005  MOT EIN SPRÅKSIKRINGSPOLITIKK? .....	297
18	Introduksjon del IV .....	299
18.1	Struktur og skisse av kapitla .....	299
18.2	Utval og metodiske spørsmål.....	301
19	1980–1990: Ny mållov og gamle opplæringsspørsmål.....	306
19.1	Kultur .....	307
19.1.1	Verkeområdet til mållova er i prinsippet all offentleg verksemd .....	309
19.1.2	Pliktig språkbruk for statsorgan .....	315
19.1.3	Fritt språkval for tilsette i intern saksgang mellom statsorgan .....	318
19.1.4	Språknøytralitet er irrelevant i tenestekrinsar med fleire kommunar.....	319
19.1.5	Rimeleg fastsetjing av nynorsk i offentleg målbruk .....	323
19.1.6	Kvantitativ fastsetjing av nynorsk/25-prosentregelen.....	325
19.1.7	Tilsyn av mållova som integrert del av det vanlege forvaltningstilsynet ..	327
19.1.8	Fritt valt språk i eksamensoppgåver.....	328
19.1.9	Tilskot til nynorsk litteratur .....	329
19.2	Opplæring .....	330
19.2.1	Ålmenn røysterett ved krinsrøysting.....	332
19.2.2	Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk.....	333
19.2.3	Fritt språkval i ungdomsskulen .....	334
19.2.4	Språklege parallellklassar om minst 6 er att .....	335
19.3	Oppsummering 1980–1990 .....	337
20	1990–2005: Ny opplæringslov og meir statusarbeid .....	343
20.1	Kultur .....	345
20.1.1	Statleg støtte til senter for nynorsk skriftkultur .....	353
20.1.2	Tilskot til nynorsk litteratur .....	354
20.1.3	Verkeområdet til mållova er i prinsippet all offentleg verksemd .....	356
20.1.4	Presisering av verkeområdet for mållova.....	365
20.1.5	Kvantitativ fastsetjing av nynorsk/25-prosentregelen.....	371
20.1.6	Krav om kompetanse i bae skriftspråk i statlege stillingsutlysingar.....	378
20.1.7	Jamstillings- og opplæringsplanar i statsorgana .....	379
20.1.8	Språkkonsulentteneste knytt til språkrådet.....	383
20.1.9	Eige tilsyn med mållova.....	386
20.1.10	Større statusoppgåver til Norsk språkråd/etablering av Språkrådet.....	388
20.1.11	Språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi .....	393
20.1.12	Forskriftsføresegner om interne rapporterings- og vekslingsrutinar.....	400
20.2	Opplæring .....	402
20.2.1	Parallellitetsprinsipp for læremiddel avgrensa til krav om utgjeving til lik pris.....	407
20.2.2	Parallellitetsprinsippet omfattar både lik tid og lik pris .....	408
20.2.3	Departementet kan gjere unntak frå parallellitetsordninga .....	409
20.2.4	Avgrensing av parallellitetsprinsippet til lærebøker, ikkje læremiddel ....	410

20.2.5	Parallellitetsprinsippet gjeld òg andre læremiddel.....	411
20.2.6	Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk .....	414
20.2.7	Lesebøker skal ha både nynorsk og bokmål .....	415
20.2.8	Avvikling av krinsrøystingar om fyrste opplæringspråk.....	416
20.2.9	Framhald av krinsrøystingar om fyrstespråk .....	418
20.2.10	Foreldrerett ved krinsrøystingar om fyrstespråk.....	419
20.2.11	Ålmann røysterett ved krinsrøystingar om fyrstespråk.....	419
20.2.12	Språklege parallellklassar .....	421
20.2.13	Kommunen fastset skule for parallellklassen, ikkje foreldra .....	423
20.2.14	Foreldra fastset skule for parallellklassen, ikkje kommunen.....	424
20.2.15	Fritt språkval i ungdomsskulen.....	426
20.2.16	Vidareføring av fyrstespråk ved skulebyte etter 3. klassesteg.....	429
20.2.17	Ingen fleire språkpolitiske reglar for vidaregåande opplæring .....	429
20.2.18	Frå parallellklasse til parallellgruppe.....	430
20.2.19	Reduksjon av eksamenar i sidemål i grunnskulen .....	431
20.2.20	Reduksjon av talet på eksamenar i sidemål i vidaregåande opplæring.....	436
20.2.21	Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa .....	437
20.3	Oppsummering 1990–2005 .....	439
DEL V	FUNN OG REFLEKSJONAR .....	447
21	Introduksjon del V .....	449
22	Offisiell språkrettspolitik .....	451
22.1	Empiriske funn og refleksjonar .....	451
22.1.1	Offisielle rettar og tilpassingsordningar fram til 1980.....	451
22.1.2	Offisielle rettar for nynorskbrukarar 1980–2005 .....	452
22.1.3	Konklusjon og funn: Status quo i hundre år, og ingen grunn til endring no heller .....	454
22.2	Teoretiske funn og refleksjonar .....	456
22.2.1	Problematisering av offisiell språkrett-modellen.....	456
22.2.2	Konklusjon og funn: Ikkje tilstrekkeleg modell .....	457
23	Språknøytralitet og språksikring .....	459
23.1	Empiriske funn og refleksjonar .....	459
23.1.1	Nøytralitetspolitikk fram til 1980 .....	459
23.1.2	Språksikringspolitikk 1980–2005? .....	466
23.1.3	Konklusjon og funn: Mellom nøytralitet og språksikring. Gamle heimlar og gamle ordningar, nye heimlar og framleis gamle ordningar.....	477
23.2	Teoretiske funn og refleksjonar .....	485
23.2.1	Nøytralitetsmodellen og språksikringsmodellen.....	485
23.2.2	Konklusjon og funn: Fruktbare modellar.....	486
24	Vidare forskning .....	487
Kjelder og litteratur .....	491	
Databasar og nettressursar .....	491	
Offentlege dokument.....	491	
Litteratur.....	497	
Vedlegg 1: Kronologisk oversyn over dokumentklyngjene.....	506	

DEL I

INNLEIING



# 1 Generell introduksjon

## 1.1 Føremål

### 1.1.1 Emnet

Emnet for avhandlinga er den delen av offentleg norsk språkpolitikk som dreier seg om tilhøvet mellom dei to skriftspråka nynorsk og bokmål.<sup>1</sup> Det er statlege styringsdokument som skal studerast. Det primære målet er å undersøkje forvaltninga av det minst brukte av dei to norske skriftspråka; nynorsk. Bak avhandlinga ligg eit ynske om å forstå og omgrepsfeste verdiane og rasjonalet bak den offentlege språkpolitikken i diakront ljøs, for å kunne seie noko om kva for konsekvensar dette har for statleg styring og handsaming av språkpolitiske emne i dag. Utgangsspørsmåla er nokså vide: Kva for ein språkpolitikk for dei to skriftvarietetane har den norske staten hatt, og kva for ein språkpolitikk har staten no?

Eit enkelt svar byrjar med vedtaket frå 12. mai 1885, då Stortinget bad regjeringa syte for «at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» (Innst. S. nr. 111 1885: 354). Prinsippet som vart nedfelt i det såkalla jamstillingsvedtaket, har seinare lege til grunn for utforminga av den delen av norsk språkpolitikk som denne avhandlinga skal undersøkje. Den norske staten var i internasjonal samanheng tidleg ute med å innføre ein språkpolitikk som nokre teoretikarar kallar ei sterk form for bilingval opplæring,<sup>2</sup> nokre eit maktfordelende språkregime,<sup>3</sup> og andre igjen eit offisielt språkrettsregime.<sup>4</sup> Alle desse nemningane refererer til det same generelle prinsippet: Meir enn eitt dominerande makt- eller fleirtalsspråk skal vere statens språk. Også eitt eller fleire ikkje-dominerande og/eller mindretalsspråk vert godkjende som offisielle språk, med den støtta, prestisjen og sikringa av dei mindre språka dette inneber.

---

<sup>1</sup> I denne avhandlinga refererer altså 'norsk språkpolitikk' til den delen av norsk språkpolitikk som regulerer og styrer tilhøvet mellom dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål i eit utval sentrale styringsdokument frå somme bestemte offentlege sektorar; dokument og sektorar som skal gjerast greie for seinare. Eg såg det ikkje som mogleg å også drøfte språkpolitikken for samiske språk, for kvensk, og for andre gamle og nye minoritetsspråk i Noreg, jamvel om det kunne ha vore ynskeleg å utvide perspektivet. Vonleg vil likevel dette arbeidet kunne vere til hjelp for den som i framtida vil gjere ei samla framstilling av *heile* den norske språkpolitikken – eller til andre delar av han.

<sup>2</sup> Jf. Colin Baker: «strong forms of bilingual education» (Baker 2011: 222).

<sup>3</sup> Jf. Amy H. Liu: «power-sharing language regimes» (Liu 2009: 16).

<sup>4</sup> Jf. Alan Patten og Will Kymlicka: «official-languages rights regimes» (Kymlicka og Patten 2003: 27).

Eit svar på utgangsspørsmåla ovanfor er såleis at norsk språkpolitikk er operasjonaliseringar av jamstillingsomgrepet, og at den norske språkpolitiske forvaltninga av nynorsk og bokmål kan karakteriserast som til dømes eit *offisielt språkrettsregime* i teorien frå 1885, i praksis frå 1892. Er svaret slik, slår ein fast at språkpolitikken *er* sine operasjonaliseringar – det som konstituerer eit offisielt språkrettsregime med si sikring av dei språka som fell inn under det, er dei politiske ordningane.

Ein annan innfallsvinkel er å inkludere framstillingar og legitimeringar av operasjonaliseringane i forskingsobjektet, for studere korleis desse verkar saman med og eventuelt omformar dei konkrete tiltaka. Då kan ein til dømes spørje: Var jamstillingsvedtaket i 1885 primært forsvart med at norske bygdeborn måtte få ha lesebøker på sitt eige språk, eller var det forsvart med at landsmål fortente same status som bokspråket? For å ta eit døme nærare vår eiga samtid: Forsvarer norske styringsdokument sidemålsordninga fyrst og fremst med at ho gjer elevar flinkare i språk generelt, eller er ho forsvart med at ein må ta vare på nynorsken som bruksspråk? Premissen bak spørsmåla er at statens tekstar gjer eit språkleg eller diskursivt arbeid med sine vedtaksframlegg, og at dette språkarbeidet har noko å seie for politikken for skriftspråka som fell inn under han. Når me no skal fylgje opp dei vide utgangsspørsmåla ovanfor, er dermed eit sentralt spørsmål: Representerer *ulike* forsvar for dei *same* ordningane *den same språkpolitikken*?

### **1.1.2 Siktemål**

Det overordna siktemålet med studien er empirisk: å analysere og kategorisere norsk språkpolitikk med utgangspunkt i omgrep henta frå nyare språkplanleggingsforskning, det som ein nokså generelt kan kalle språkpolitikk- og språkrettsteori. Dette er eit nokså nytt felt innanfor både politisk teori og språkplanlegging, eit felt som strekkjer seg frå språk- og rettsfilosofiske til statsvitskaplege studiar (sjå kap. 3.2). Eit sentralt spørsmål i den meir politisk-filosofiske delen av feltet er kva språkpolitiske rettar er og kva som konstituerer det normative grunnlaget for desse. Dermed er det tidvis kalla «normative theories of language rights» (Kymlicka og Patten 2003: 2), tidvis «the linguistic justice debate» (De Schutter 2007: 1), og tidvis «political theory and language policy» (Schmidt Sr. 2006: 95). Debatten mellom kommunitaristar og liberalistar i særleg nordamerikansk academia medførte stor teoriutvikling om retts- og demokratiforståingar frå 1980-talet og framover, og denne granskinga tek utgangspunkt i somme sentrale verk i denne tradisjonen (til dømes Spolsky 2012; Kymlicka og Patten 2003). Dette er forskingslitteratur som har politiske diskusjonar om minoritetar, minoritetsspråk og multikulturalitet i vesten dei siste tiåra som kontekst.



Det empiriske siktemålet er altså å granske korleis norsk språkpolitikk har vore og vert *gjort*, og korleis denne utforminga har vore og vert *legitimert*. Ærendet er å drøfte om og korleis ulike språkpolitiske praksisar med ulike legitimeringar, men òg korleis like praksisar med ulike legitimeringar, kan seiast å konstituere norsk språkpolitikk. Det skal òg diskuterast om tidlegare språkpolitikk er med på å styre dagens språkpolitikk, særleg med tanke på det mindre brukte skriftspråket.

I tillegg har avhandlinga eit teoretisk siktemål: å vurdere i kva grad omgrep og modellar frå språkpolitikk- og språkrettsteori som er utvikla med bakgrunn i andre språksituasjonar, er eigna til å analysere norske tilhøve og den norske forvaltninga av mindretalsspråket. Få teoretikarar i feltet refererer til Noreg, og få norske forskarar refererer til dei aktuelle teoretikarane, så ein ambisjon med denne studien er å bidra til å skrive norsk språkpolitikk inn i det internasjonale forskingsfeltet.

Forskningsobjektet kan ut frå det som er sagt, sirklast inn som det norske offisielle språkretsregimet eller språkmaktfordelingsregimet som det er uttrykt i sentrale styringsdokument mellom 1885 og 2005. Objektet skal analyserast frå to innfallsvinklar: både som konkrete ordningar og som argumentasjonen for desse, det vil seie både som *språkets politikk* og *politikkenes språk*.

Dermed lyt me sjå på omgrepet *politikk*. Statsvitaren Øyvind Østerud skildrar nyare politikkstudiar som granskingar av «maktens tre ansikter», og som noko som også har vore granska gjennom ei historisk utvikling i tre akter (Østerud 2007: 36). I etterkrigstidas fyrste akt var politiske maktstudium konsentrerte om avgjerdsåtferd i saker med open interessekonflikt; saker der «en vilje bøyes under en annen». Østerud kallar dette det «direkte maktbegrepet». I den andre akta, som opna tidleg i 1960-åra, vart det hevda at det direkte maktomgrepet var for snevert: Makta hadde òg eit anna andlet, nemleg alle dei problema, spørsmåla og svara som vart haldne borte frå den politiske dagsordenen, altså det politisk ikkje-tematiserte (s. 37). Men i 1970-åra vart også dette andletet kritisert for å leggje for einseitig vekt på interessekonflikt, og dei siste tiåra har særleg nordamerikansk statsvitskap vore oppteken av «the power of ideas». Østerud legg denne retninga ut som ei reaktualisering av «gamle filosofiske innsikter om at språk er makt fordi begrepene vi har til rådighet, er med på å definere tankens muligheter» (Østerud 2007: 37). Politikk kan såleis både definerast som eit strategisk nivå og eit diskursivt nivå.

Spørsmål om styring og makt i tekst har naturlegvis vore, og er, sentrale i internasjonal diskursanalyse. Fleire framstående diskursanalytikarar har òg arbeidd mykje med politiske tekstar og statlege styringsdokument (til dømes Fairclough 1995 og Sarangi og Slembrouck 1996). I Noreg har forskarar i miljøet kring prosjektet Norsk sakprosa undersøkt denne typen tekstar (til dømes Berge m.fl. 2003). Det skal dessutan snart visast til eit historiefagleg arbeid som har ein retorisk inngang til å forstå norsk politikk gjennom sine offentlege styringsdokument (Asdal 2011).

I motsetnad til arbeida som er nemnde i avsnittet ovanfor, er denne avhandlinga ikkje ei brei tekstvitenskapleg eller diskursanalytisk gransking av ei rad retoriske ressursar i tekstane. Det diskursive nivået som skal analyserast her, er avgrensa til det som innanfor språkpolitikk- og språkrettsteorien vert kalla *justifications* (legitimeringsprinsipp) (Kymlicka og Patten 2003). Interessant for denne studien er såleis to storleikar: det strategiske nivået, konkretisert som som *språkpolitiske ordningar*, og dessutan den språklege legitimeringa av desse ordningane, konkretisert som *språkpolitiske argument*. Dette inneber at det (eventuelle) dialektiske *tilhøvet mellom* dei språkpolitiske operasjonaliseringane (språkets politikk) og legitimeringsprinsippa (politikkenes språk) òg skal granskast (sjå kap. 4).

Frå det som er sagt ovanfor, burde det vere klart at denne avhandlinga står i det fagfeltet som internasjonalt vert kalla LPP – «language policy and planning» (sjå kap. 3). Men siktemåla kan også formulerast i metodologiske termar, henta frå den britiske filosofen Stephen Toulmins *The uses of argument* (Toulmin 2003, utgjeven 1958): Språkpolitikkenes *belegg* og *heimlar* skal analyserast, dessutan skal sjølve *påstanden* i dei språkpolitiske tekstane identifiserast. Det siste er ikkje alltid utan vidare lett, men her vert altså storleiken *påstand* bestemt som den språkpolitiske ordninga som det vert argumentert for (sjå kap. 5.3). I avhandlinga sitt tekstmateriale vil dette ofte seie dei konkrete framlegga til vedtak. Såleis kan me førebels oppsummere at dette er ein studie som nyttar metodiske grep frå argumentasjonsteori for å vinne teoretisk og empirisk kunnskap om språkrettar og språkpolitikk.

Studien kan sjåast på som eit kritisk prosjekt, dersom ‘kritisk’ tyder å opne opp eit fagfelt for diksusjon og kritikk ved til dømes å teoretisere oppfatningar som er tekne for gjevne. Men om ‘kritisk’ vert definert som vitskapsteoretikaren Cathrine Holst gjer det i avhandlinga si, som «the art of making judgments about something with reference to some

standard»<sup>5</sup> (Holst 2005: 1), er denne granskinga ikkje kritisk. Målet her er ikkje å utvikle og forsvare ein normativ standard som tekstane, altså funna, skal målast opp mot. I staden er ambisjonen å finne ut korleis dokumenta sjølve uttrykkjer slike normative standardar som kan nyttast til å gje ei forklaring, eller starten på ei forklaring, på visse språkpolitiske praksisar. Dette tyder sjølvsagt ikkje at eg ikkje har meiningar om kva som er verdifullt og rett i norsk språkpolitikk, og det tyder heller ikkje at mine horisontar og oppfatningar ikkje pregar valet av emne, teoretisk omgrepsapparat, materiale og ikkje minst etablering av samanhengar. Slik vil det alltid vere, og det vert då òg drøfta i avsnitta om tolkingsvaliditet (sjå kap. 5.2.3) og forskingsetikk (sjå kap. 6). Innleiingsvis skal det likevel understrekast at dette arbeidet ikkje er meint som eit forsvar for den eine eller andre forståinga eller utøvinga av språkpolitikk, men som ein analyse av samanhengar mellom språkpolitisk argumentasjon og språkpolitisk praksis.

At avhandlinga ikkje fyrst og fremst har eit normativt siktemål, tyder heller ikkje at ho ikkje har ein forskingspolitisk agenda. Ein veikskap med norsk LPP-forsking er at ho i liten grad har initiert ein grunnleggjande diskusjon om ulike rettssyn når det gjeld språkpolitikk, om konflikter om språkpolitiske normer og om legitimiteten til språkpolitikken. Denne avhandlinga er ei tverrdisiplinær utfylling av norsk LPP- og språksosiolegiforsking på desse punkta, og ho er dermed relevant både for den politiske debatten og for forskingsdebatten.

### 1.1.3 Problemstillingar

Uttrykka «språkets politikk» og «politikkenes språk» er lån frå og omskriving av historikaren Kristin Asdals *Politikkens natur – naturens politikk* (2011), eit arbeid om norsk etterkrigshistorie fortalt gjennom og frå det miljøpolitiske feltet. Asdals utgangspunkt er tekstane. Målet hennar er likevel å syne korleis styringspraksisar i offentleg forvaltning ikkje *berre* kan analyserast som retorisk «tale og overtalelse» (Asdal 2011: 211), men òg som «en serie tekniske innretninger og praksiser som på ulike måter bidrar til å styre, samhandle og skape kontrovers» (Asdal 2011: 212). Såleis handlar studien hennar om naturens politikk, altså miljøpolitikk, men òg om politikkenes natur, altså politikkenes karakteristika: Politikk er ein type makt som ikkje berre kan identifiserast som resultatet av argumentasjon. Likevel er politikkenes teknologiar, som Asdal kallar det, ikkje nøytrale rammer eller reiskapar, men bidrag til å forme ut politikkenes saker og innhald (sst).

---

<sup>5</sup> Ein definisjon Holst har henta frå Reinhard Kosellecks *Kritik und Krise* (1959).

Det føreliggjande arbeidet går ikkje i Asdals Bruno Latour-inspirerte spor. Målsetnaden til Asdal om å analysere *politikkens natur* skil seg mykje frå min ambisjon om å analysere *politikkens språk*. Asdal gjev ei meir samla framstilling av vitskapleg argumentasjon, vitskaplege teknologiar og organisatoriske påverknadskrefter som er med på å forme den politiske saka. Såleis er arbeidet hennar primært ein retorisk-historiefagleg studie om korleis eit heilt politisk felt vert forma. Asdals grep er likevel nyttige som understreking av at ikkje all politisk makt er språkleg, og som strukturerande innfallsvinklar for å presentere problemstillingane i denne avhandlinga.

I kapitlet om teoretiske omgrep skal elles termene og omgrepa som vert nytta i dei fylgjande avsnitta, kontekstualiserast, utdjupast og drøftast (sjå kap. 4).

Å granske *språkets politikk* vil her gå ut på å undersøkje dei språkpolitiske *ordningane*, slik dei er uttrykte som konkrete vedtak i språkpolitiske dokument. Meir spesifikt tyder det å sjå på korleis norsk språkpolitikk har vore og vert gjort med grunnlag i parameter frå generell språkpolitikk- og språkrettsteori. Det dreier seg om kva for politiske og rettslege ordningar og institusjonar som har kome i kjølvatnet av jamstillingsprinsippet, og om kva desse institusjonane gjer og medfører, uavhengig av kva for legitimeringar som ordningane er utstyrde med. Særleg skal det skiljast mellom ordningar ut frå graden av statleg engasjement og dessutan på grunnlag av om ordninga representerer formell språkleg likebehandling eller ein type særbehandling (sjå kap. 4.3). Målet er å klargjere og omgrepsfeste ordningane og institusjonane i den offentlege forvaltninga av nynorsk og bokmål. Det leier ut i fylgjande problemstilling:

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i eit dokument og/eller i ein periode kategoriserast?

Å granske *politikkens språk* går på si side ut på å analysere argumentasjonen for ordningane (påstandane), slik han er uttrykt som språk og formuleringar i dokumenta. Stephen Toulmin skildrar argumentasjon som to informasjonstypar, der den eine grunnjev den andre (Toulmin 2003: 90). Det er tilhøvet mellom dei to informasjonane, påstand og belegg, som Toulmin fokuserer gjennom omgrepet *heimel*. Ein heimel er den generelle hypotesen som relasjonen mellom belegg og påstand er bygd på og som dermed kan gjere eksplisitt og omgrepsfeste dei underliggjande premissane, det som er «presupposed» i eit argument (Toulmin 2003: 92, sjå kap. 5.2.5).

I doktorgradsarbeidet sitt om diskursar i det politiske funksjonshemmingsfeltet liknar Jan Grue heimlar med *topoi*. Her byggjer Grue på fleire forskarar innanfor kritisk diskursanalyse, til dømes Ruth Wodak og Teun A. van Dijk (Grue 2009: 289, del av Grue 2011). Eit sentralt drag med både heimlar og *topoi* at dei kan dei knytast til retorikkens praktiske argument; enthymemet. Fundert i kunnskapssynet i Chaïm Perelmans ‘nye retorikk’, avviser filosofen Mats Rosengren at ein i det heile kan tenkje snakke om logiske syllogismer og *bevis* i ikkje-formelle språk. Argumentasjonspremissar er ikkje sanne eller rette, meiner Rosengren, i staden utgår all argumentasjon frå dei *topoi* som retor finn «lämpliga» for saka si (Rosengren 1998: 16).

Analysane nedanfor skal forsøke å rekonstruere dei dominerande argumentasjonsheimlane i dei sentrale språkpolitiske dokumenta i den undersøkte perioden. Om me fylgjer Rosengren, må desse rekonstruerte heimlane altså ikkje sjåast på som ferdigstilt ‘ideologi’ som påstandane kjem som resultat av, men som praktisk-fornuftige tillempingar for å få saka igjennom.

Men dersom ein heimel berre er ei slik pragmatisk tilmåting av eit argument, kvifor er han då interessant å undersøkje vitskapleg? Svaret frå retorikken er at jamvel om heimelen er praktisk, oppstår han ikkje tilfeldig. «A topos is that which justifies a line of argument, but requires less justification itself because it is anchored in common attitudes or doxa», hevdar såleis Jan Grue (2009: 289), som skildrar doxa som «the assumed knowledge of the model reader» (Grue 2009: 290). Etter slike liner gjer òg Mats Rosengren greie for omgrepet: «Den retoriske filosofen måste försöka vinna medhåll från det auditorium han riktar sig till. Detta innebär att han eller hon i sin argumentation måste utgå från den doxa han tror är den rådande» (Rosengren 1998: 16). Det som heimlane, av Rosengren kalla *topoi*, er tillempa og tilpassa, er nettopp doxa: «alltså de försanthållanden, trosföreställningar, fördomar, åsikter etc. som är de rådande inom en större eller mindre grupp människor» (Rosengren 1998: 10). Doxa er ein type kollektiv kunnskap som er nødvendig for at effektiv kommunikasjon i det heile kan skje, det er førestillingar (på eit sosialt felt) som det aldri vert stilt spørsmål ved, rett og slett fordi ingen kjem på tanken på å gjere det (Rosengren 1998: 17).

*Heimel* på den eine sida, *topos* og *doxa* på den andre, er ulike omgrep frå ulike fagtradisjonar, men i denne samanhengen ber dei altså noko av den same sannkjenninga: Heimlinga av språkpolitiske argument fortel oss noko om kva for forståingar av språkpolitikk som er akseptable og verkar rasjonelle i det generelle politiske klimaet som

tekstane skal fungere i, altså *doxa* (Grue 2009: 290). I kraft av å indeksere *doxa* er heimlane relevante og viktige analyseobjekt i eit retorisk ljós: Dei påverkar det som det i det heile er mogleg å (språkpolitisk) påstå og å gjere framlegg om.

Det skal likevel ha gått fram at denne avhandlinga ikkje fyrst og fremst gjer ein retorisk analyse av heimlar. Her er heimlane mest interessante som dei legitimeringsprinsippa som er med på å konstituere språkpolitiske modellar (sjå problemstilling 4 nedanfor). Den retoriske storleiken *doxa* vert då heller ikkje operasjonalisert gjennom problemstillingane, men det skal snart gjerast greie for korleis omgrepet likevel vert nytta for å ljóssetje somme av funna i studien (sjå problemstilling 5 nedanfor).

Basert i teoretiske omgrep frå liberalisme-kommunitarisme-debatten, er ein særleg viktig distinksjon i denne granskinga den mellom eigenverdiheimlar på den eine sida, prosedurale og ulike konsekvensialistiske heimlar på den andre. Når språkpolitiske ordningar er grunngevrne i eit språk sin eigenverdi, er det vist til ein kulturell eller identitetsmessig verdi som språket har for språksamfunnet og brukarane sine (sjå kap. 4.3.3.4). Ordningar kan òg vere *konsekvensialistisk* grunngevrne; då er det vist til at andre politiske målsetnader har større sjanse for å late seg realisere om ordninga vert innførd (sjå kap. 4.3.3.1). I språkpolitisk samanheng er dette grunngevringar som i seg sjølv ikkje dreier seg om å styrkje språk, men om å få igjennom verdiar av meir *realpolitisk* karakter, som til dømes stabilitet eller integrasjon. Heimlar kan òg peike mot verdiar av *prosedural* karakter, nemleg at den politiske prosessen er demokratisk og rettferdig (sjå kap. 4.3.2). Den andre problemstillinga for granskinga er dermed denne:

## 2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i eit dokument og/eller i ein periode?

Norsk språkpolitikk kan sjåast på som resultatet av ein dialektikk mellom (språkpolitiske og språkrettslege) ordningar og heimlinga av argumentasjonen for dei. Her skal dette resultatet nettopp kallast ein *språkpolitikk* i eintal; *språkpolitikkar* i fleirtal. Språkpolitikken som dominerer i dokument og/eller periodar skal karakteriserast ut frå kombinasjonen av kva for type ordningar (påstandar om vedtak) og argumentasjonsheimlar dei representerer. Ulike modellar av språkpolitikkar er diskuterte i språkretts- og språkpolitikk-literaturen, og på materialet for denne studien skal særleg tre av desse nyttast. Dei vert kalla *offisiell språkrett-modellen*, *nøytralitetsmodellen* og *språksikringsmodellen* (sjå kap. 4.3 og 4.4).

Fleire av arbeida som det her vert bygt på, nyttar ikkje ordet *språkpolitikk*, men «regime» om denne storleiken som ikkje berre refererer til einskildordningar og einskilde grunngevingar, men til eit sett av språkpolitiske ordningar og korleis dei eventuelt vert legitimerte (Patten og Kymlicka 2003: 28, Rubio-Marín 2003: 54, Réaume og Pinto 2012: 51, Williams 2012: 176). For framstillinga mi verkar det ikkje viktig eller nyttig å ta i bruk *regime*, ettersom omgrepet ikkje vert eksplisitt definert i nokon av studiane som her ligg til grunn, og fordi det gjennom bruk ser ut til å falle mykje saman med det vide politikkomgrepet som vart sirkla inn innleiingsvis (sjå kap. 1.1.2). Det viktigaste motargumentet er likevel assosiasjonane som dette ordet i norsk kontekst kan gje til noko autoritært eller doktrinært.

Ein teori påstår noko om verda, ein modell er eit sett av termar som set oss i stand til å beskrive. Ein modell har ikkje påstandsfunksjon. Medan ein teori er meir eller mindre sann, er ein modell meir eller mindre brukbar (Hyvik 2009: 25, Dyvik 1980: i). Såleis vert termen *modell* her nytta for dei teoretiske kategoriane som empirien skal lesast inn i, altså det som skal brukast for å utleie visse språkpolitikk frå materialet. Desse modellane er sett saman av omgrep for ordningar og språkrettar og omgrep for det normative nivået. Det vil seie at det teoretikarane sjølve omtalar og behandlar som sine *normative teoriar*, i denne undersøkinga skal nyttast som *modellar*.

Den fyrste modellen spør om nynorsk og bokmål har offisielle språkrettar og korleis det heng saman med politisk bilingvalitet som resultat. Denne modellen impliserer *ikkje* ein analyse av argumentasjon, men definerer språkpolitikk ut frå kva for rettstypar som er nytta. Den tredje problemstillinga er såleis:

3. I kva grad kan forvaltninga av nynorsk og bokmål karakteriserast som offisiell språkrettspolitik?

Dei to andre modellane spør så om tilhøvet mellom retts- eller ordningstype på den eine sida og argumentasjon på den andre. Utgangspunktet for desse modellane er å gå lenger enn å drøfte spørsmålet om offisielle rettar. Dei tek òg stilling til kva for argumenttype – heimel – som legitimerer desse rettane. Dei to modellane vert her kalla *nøytral språkpolitikk* og *språksikringspolitikk*. Nemninga *nøytralitet* refererer til at staten både gjennom argumentasjon og ordningar ikkje vil favorisere eit av språka og legg like mykje til rette for baa. Nemninga *språksikring* refererer til at staten både gjennom argumentasjon og ordningar vil sikre bestemte språk og difor legg *meir* til rette for dei språka som skal sikrast. Somme

ville kanskje seie at dei fyrste modellen tek utgangspunkt i liberalistisk teori, den andre i multikulturalistisk teori. Samanhengane skal i alle høve gjerast tydelegare i kapitlet om teoretiske omgrep (sjå kap. 4.1 og 4.3). Den fjerde problemstillinga for granskinga er slik:

4. Finst det i ulike dokument og/eller periodar kombinasjonar av opphopingar av visse typar ordningar og visse typar argumentasjonsheimlar som gjer det rimeleg å karakterisere dokumentet eller perioden som nøytral språkpolitikk eller språksikringspolitikk?

Denne studien har eit diakront perspektiv: Den institusjonelle og argumentative bestemminga av norsk offentleg språkpolitikk skal forfylgjast frå jamstillingsomgrepets pionértid og nesten fram til i dag. Perioden for granskinga er 1885–2005, men det vert òg relatert til språkpolitikken før 1885 og etter 2005. Dette opnar for å kunne jamføre dagens språkpolitikk med tidlegare, for å sjå på skilnader og utvikling.

For å kunne diskutere om og korleis språkpolitikken i nyare tid er prega av tidlegare praksisar og syn, men òg for å diskutere samfunnsdrag som kan stø heimeltolkningane i analysen, vert det bruk for omgrepet *doxa*. Særleg grunn til å peike på eksistensen av *doxa* har ein kanskje om ein ser at heimlar vert rekontekstualiserte frå dokument til dokument frå år til år og frå tiår til tiår.<sup>6</sup> Omgrep som *statsdoxa*, *styringsdoxa* eller berre *doxa* er såleis nytta for å kunne seie noko om kvifor norsk språkpolitikk i dag er som han er. Dette er bakgrunnen for den siste problemstillinga for arbeidet:

5. I kva grad og korleis er tidlegare politiske ordningar og argumentasjonsheimlar framleis styrande for utforminga av norsk offentleg språkpolitikk?

Eit sentralt mål med avhandlinga er såleis å artikulere den offisielle norske språkpolitikken dei siste 120–30 åra. Som me skal sjå, har heimlane for argumentasjonen i mange samanhengar vore implisitte og dermed framstilte på ein måte som gjer dei lite tilgjengelege for analyse. Vonleg vert dei gjennom denne studien meir eksplisitte og meir tilgjengelege. Ein ambisjon med granskinga er å vise at ein humanvitskapleg innfallsvinkel, ein argumentasjonsanalyse, kan bidra til ei forståing av politikk og samfunn som ein meir reindyrka samfunns- eller statsvitskapleg analyse ikkje hadde kunna.

---

<sup>6</sup> Per Linell bestemmer *rekontekstualisering* slik: «Expressions, ideas and messages often travel between texts and contexts... Such recontextualisations bring along some aspects of meaning from the ‘quoted’ sources/contexts, but they also bring about new meanings in the new, ‘quoting’ contexts.» (Linell 2009: 248).



### 1.1.4 Sentrale avgrensingar

Når og kvar har språkpolitikk noko å seie? Omgrepet *domene* vart for alvor lansert og teoretisert av språksosiologen Joshua Fishman i ein etter kvart klassisk artikkel frå 1972. Her seier han at domene kan definerast «in terms of institutional contexts or socio-ecological cooccurrences» og at dei «attempt to designate the major clusters of interaction situations that occur in particular multilingual settings» (Fishman 1972: 19). Fishman definerer såleis domene som situasjonar som liknar kvarandre når det gjeld språkbrukande aktørar, stad og tema for den språklege interaksjonen. Det er denne likskapen som påverkar og delvis avgjer kva for språk som vert nytta.

Dag Finn Simonsen har i eit arbeid diskutert Fishmans omgrep *domene* opp mot andre omgrep som 'liknar', til dømes *språkbruksarena*. Dette refererer ikkje til det same, hevdar Simonsen:

Som min gjennomgåelse av domenebegrepet til Joshua Fishman forhåpentlig viser, har den måten begrepet har vært brukt på i nordisk debatt, lite å gjøre med hans begrep, idet man tenderer til å oppfatte det jeg vil kalle språkbruksarenaer, rene samfunnssektorer, som domener, mens domene for Fishman og hans forgjengere var knyttet til flerspråklige grupper (særlig minoriteters) valg av språk i flerspråklige omgivelser (D. F. Simonsen 2002: 15).

Jamvel om Simonsens problematisering vert kritisert i avhandlinga til Ragnhild Ljosland (Ljosland 2008: 26), er omgrepsbruken her i tråd med Simonsens påstandar. Rett nok vert uttrykket *domene* nytta nettopp som 'språkbruksarena'/'samfunnssektor' av fleire, til dømes Kymlicka og Patten (2003: 17) og Asdal m.fl. (2008: 99). Likevel er nok bruken av termen *domene* ofte upresis og lett å kritisere (Linn 2010: 123). Denne avhandlinga treng eit ord som kan nyttast til å referere til eit område der språk vert brukt, eit område som kan skiljast institusjonelt frå andre område, men som likevel ikkje pretenderer å ha eit spesifikt språksosiologisk innhald med spesifikke faglege implikasjonar. Såleis vert det her nytta *felt*. Det har den ulempa at det kan knytast til Pierre Bourdieus sosiologiske teori, og den skal ikkje nyttast her. Men i langt større grad enn *domene* er *felt* også eit ord som er henta frå almennspråket, og det *må* dermed ikkje peike mot ein særleg fagtradisjon.

Fordi målet er å granske *statens* språkpolitikk og *statens* språkpolitiske argumentasjon, skal denne granskinga halde seg til ikkje-private, offentlege felt: *opplæring* og *offentleg teneste*. Det siste skal utvidast i retning ålmenn kulturpolitikk mot slutten av perioden og

avhandlinga. Felta opplæring og offentleg teneste er interessante her fordi dei er underlagde demokratisk kontroll og moglegheit for politisk påverknad, noko til dømes media i langt mindre grad er. Skal ein studere *offentleg* språkpolitikk og språkpolitisk argumentasjon, lyt ein sjå på stadene der det er rimeleg at offentleg språkpolitikk faktisk finst, meir eller mindre formulert.

Granskast skal dokument frå dei departementa som har hatt opplæring og kultur som sine primære arbeidsoppgåver; det vil seie Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet med forløparar. Det er i og i tilknytning til desse departementa det meste av norsk offentleg språkpolitikk har vore produsert. Som det vil gå fram nedanfor, er materialet for studien vel 140 sentrale styringsdokument som lovproposisjonar, stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar, dessutan stortingsinnstillingane om desse (sjå kap. 5.1).

Det er til no gjort somme klargjeringar av korleis avhandlinga sirklar inn og nyttar uttrykket og omgrepet *norsk offentleg språkpolitikk*: Det er ordningar og argumentasjon som regulerer og styrer tilhøvet mellom dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål i eit utval sentrale styringsdokument frå somme bestemte offentlege sektorar. Desse sektorane er identifisert som opplæring og offentleg teneste, og det er gjeve ei grovskisse av utvalet av tekstmateriale. Det står likevel att éi viktig avgrensing av omgrepet. I 1969 skilde lingvisten Heinz Kloss mellom to typar språkplanlegging eller språkpolitikk: *korpusplanlegging*, altså statlege reguleringar av rettskriving, bøyning eller vokabular, og *statusplanlegging*, som dreier seg om kva funksjonar den offentlege politikken tek sikte på at eit språk skal fylle i samfunnet (Vikør 2007: 95–97). Denne avhandlinga tek ikkje føre seg korpusplanlegging, men er eit arbeid om norsk statusplanlegging.

Språkbruken i Norsk rikskringkasting (NRK) er heile vegen er halden utanfor analysen. Årsakene er delvis omfangsmessige, delvis fordi språkpolitikken for NRK jamt over har tangert korpusspørsmål (graden av munnleg standardisering) meir enn statusspørsmål (Lundeby 1966: 79ff, Vogt-komiteen 1966: 32ff).

Det vil elles bli gjort nærare greie for både dei periodiske og tematiske avgrensingane nedanfor (sjå kap. 1.4).

## 1.2 Forskingsspørsmål

### 1.2.1 Språkets politikk

Det finst ei rad juridiske og politiske ordningar som utgjer dei norske språkpolitiske institusjonane. Døme frå opplæringsfeltet er folkerøystingar om fyrste opplæringspråk i skulekrinsen og retten til læremiddel på fyrstespråket. Døme frå kulturfeltet er regelen om at staten må tilpasse seg skriftspråket til brukaren av statstenestene og regelen om at staten skal produsere ikkje mindre enn 25 prosent tekst på noko av dei to norske skriftspråka. Eit siktemål her er å kategorisere dette strategiske nivået, noko som skal gjerast ut frå tre omgrepsspar: *negative språkrettar/positive språkrettar*, *likebehandling/særbehandling* og *personlege tilnærmingar/territorielle tilnærmingar*.

#### 1.2.1.1 Negative og positive språkrettar

Ein tenkjer seg ofte moderne fridomsideal som ein fridom *frå*, nærare bestemt frå den politiske og religiøse tvangen som dominerte livet til einskildmenneske før opplysningstida. Denne førestillinga om fridom som *negativ*, som fridom frå statleg innblanding, vart overteken av John Stuart Mill og andre filosofar i den liberalistiske tradisjonen, og i moderne tid av Isaiah Berlin. Berlin nagla omgrepsparet negativ fridom/positiv fridom i eit essay frå 1958 (Berlin 1969). Her hevdar han at *positiv* fridom er fridomen som individ har til å ta del i kollektive avgjerder som har direkte påverknad på liva deira. Men det positive fridomsomgrepet kan medføre og har medført autoritære tendensar, seier han, fordi det i somme realiseringar ofrar individet sine private fridomar på alteret til påståtte felles godar. Berlin verdset fyrst og fremst den verdipluralismen som han meiner fylgjer eit negativt fridomsomgrep (Berlin 1969: 337).

Berlins filosofiske omgrep om positiv og negativ fridom kastar ljøs over dei juridiske omgrepa om positiv og negativ *rett*, jamvel om det siste ikkje utan vidare kan utleiast frå det fyrste. I amerikansk og vesteuropeisk teori har aksen som spenner seg mellom språkrettar oppfatta som negative rettar på den ein sida og positive rettar på den andre, vore sentral i diskusjonane om språkpolitikk. Språkrettsteoretikane og juristane Meital Pinto (2009) og Ruth Rubio-Marín (2003) karakteriserer negative språkrettar som fridom frå språkleg diskriminering og fridom frå innblanding frå staten når det gjeld språkbruk; statens engasjement skal avgrensast til engasjement mot undertrykking. Positive språkrettar er karakteriserte ved at ein stat aktivt forpliktar seg til å gripe inn til fordel for eit særleg språk eller særlege språk ved ulike tiltak på ulike felt. Negative språkrettar sikrar at styresmaktene

syter for at individa kan bruke det språket dei vil, men ein reindyrka negativ språkrett vil ikkje opne for offentleg tilrettelegging for ein særleg språkbruk (sjå kap. 4.2.2).

Om ein stat hovudsakleg opererer med negative rettar, vil til dømes språkassimilering ikkje kunne bli ei sak for offentleg språkpolitikk. Dette gjeld altså om assimilering vert definert som *friviljug* assimilering, ikkje som direkte diskriminering.<sup>7</sup> Men så kan språkpolitikk òg praktiserast som offentleg tilrettelegging av språkbruk på ulike område. Det krev ein deltakande stat og dermed det ein vanlegvis assosierer med ‘språkpolitikk’ – nemleg reguleringar og tiltak for at dei aktuelle språka skal kunne brukast eller møtast på desse områda. Positive språkrettar kan dermed òg medføre individuell *plikt* til ein viss språkbruk; altså plikt for somme menneske i somme situasjonar til å nytte det som ikkje er fyrstespråket deira for at andre sine positive rettar skal oppfyllast. Såleis er positive språkrettar ikkje berre ein politikk for individuelle språkbrukarar, men også for språkbruk. Positive rettar fremjar ein viss faktisk språkbruk, ikkje berre at ein viss språkbruk skal vere mogleg (Pinto 2009: 36–37, Rubio-Marín 2003: 54–55). Det må understrekast at det ikkje finst absolutte grenser mellom dei to rettstypene og at dei såleis ikkje skal sjåast på som dikotomiske (Pinto 2009: 48).

I realiteten kan eit sett av reindyrka negative språkrettar ikkje karakteriserast som offentleg språkpolitikk, ettersom det impliserer ein minimal stat utan engasjement. Såleis kan ein alt slå fast at spørsmålet om kor vidt den norske staten opererer med anten negative eller positive språkrettar er uinteressant; det trengst ikkje vitskaplege undersøkingar for å fastslå at det har vore statleg politikkkutforming for tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Likevel kan det vere interessant å sjå om den eine eller andre rettskategorien dominerer innanfor avgrensa felt og saker i norsk språkpolitikk.

Dei to fyrste forskingsspørsmåla til behandlinga av dei politiske ordningane er såleis:

1. a Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om positive eller negative språkrettar dominerer?

1. b Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av positive eller negative språkrettar enn andre?

---

<sup>7</sup> Det er sjølvsagt språksosiologisk debatt om korleis ein skal vurdere kva som er friviljug og kva som er ufriviljug kulturell assimilering, eit ordskifte som ikkje skal takast opp her (men sjå til dømes Arel 2002 eller Lewis 2011).

### **1.2.1.2 Likebehandling og særbehandling**

For å forstå omgrepsparet likebehandling/særbehandling skal me ta vegen om distinksjonen mellom «universal rights» og «group-differentiated rights» som den kanadiske filosofen Will Kymlicka drøftar han (Kymlicka 1995: 26). Kymlicka ser ulike typar av den sistnemnde kategorien: Somme gruppedifferensierte rettar tilhøyrer individuelle medlemmer av minoritetsgrupper, til dømes innrømmer somme statar nokre språkgrupper rett til språkleg tilrettelegging ved politiske val. Andre gruppedifferensierte rettar høyrer til ei gruppe qua gruppe heller enn einskildmedlemene i gruppa for seg, til dømes at somme urfolk og nasjonale minoritetar ifylgje internasjonale avtalar har rett til sjølvstyre (Kymlicka 1995: 27ff). Viktigast i denne samanhengen er likevel at alle desse kan karakteriserast som politisk særbehandling, dei er rettar som er innrømde berre til medlemmer av særlege språkgrupper. Universelle rettar er derimot rettar som alle i den relevante jurisdiksjonen har, uansett kva for språkgruppe dei høyrer til. Dei kan såleis kallast likebehandling (Patten og Kymlicka 2003: 30, sjå kap. 4.2.3).

Spørsmålet om språkpolitisk særbehandling er vanskeleg for språkkretsteoretikarar innanfor tradisjonar som ynskjer ein så verdinøytral stat som mogleg, men som innser at statleg ikkje-engasjement likevel umogleg kan medføre språkpolitisk nøytralitet (Carens 2000: 77–78, Kymlicka 1995: 111, sjå kap. 4.3.2.1). Kymlicka, som forstår seg sjølv som ‘liberal’, freistar å løyse problemet med å hevde at fordi folk som høyrer til minoritetsgrupper får mindre tilgang til sine egne kulturar jamført med dei som høyrer til majoritetskulturar, har minoritetsgrupper rett til politisk støtte (Kymlicka 1995: 109). Han har fått støtte frå filosofar og politiske teoretikarar som Margaret Moore, David Miller, Joseph Raz og Joseph H. Carens, som finn kvarandre i synspunktet på at rettviss handsaming av kulturmangfald og kulturskilnad må innebere å gje kulturelle mindretalsgrupper rett til særleg statleg støtte (jf. De Schutter 2007: 4).

I praktisk norsk språkpolitikk finst både særbehandlings- og likebehandlingsordningar. Jamstillingsprinsippet uttrykkjer nettopp eit ideal om likebehandling av nynorsk og bokmål, noko me ser både i parallellklasseordningane, læremiddelpolitikken og språkreglane for offentleg teneste. På den andre sida finst det òg somme særlege ordningar for nynorsk, til dømes statleg økonomisk støtte til utgjeving av nynorsklitteratur.

Ut frå dette omgrepsparet kan fylgjande setjast opp som dei to neste forskingsspørsmåla for behandling av dei politiske ordningane:

1. c Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om likebehandling eller særbehandling dominerer?

1. d Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av likebehandling eller særbehandling enn andre?

### **1.2.1.3 Personleg og territoriell språkpolitikk**

Eit openbert, men ikkje alltid reflektert faktum, er at ein kvar språkpolitikk må operere innanfor eit geografisk rom. Diskrepansen mellom talet på statar i verda og talet på språk fører nødvendigvis til spenningar – samsvar mellom stat, nasjon og språksamfunn er uvanleg. Dei mest kjende døma på kompleks etno- eller kulturterritoriell balansering er India, Nigeria, Sovjet/Russland, Indonesia, Sør-Afrika og Canada (Williams 2012: 174).

Så korleis vert denne balansen organisert i tilhøvet mellom nynorsk og bokmål? Dette er i botn og grunn det same spørsmålet som det den norske målrørsla stilte ved inngangen til 1900-talet: Skulle ein kløyve landet eller kløyve mannen? Då var konteksten spørsmålet om obligatorisk opplæring i båe skriftspråk skulle gjelde alle i gymnaset, eller om ein skulle ein ha eigne landsmåls-gymnas (sjå kap. 10.1.7). Svaret ville i alle høve ha tematisert skilnaden på det språkrettslitteraturen kallar «personality principles» og «territoriality principles» (Williams 2012: 180, Réaume 2003: 271ff, Laponce 2004: 18ff, Patten 2003: 297ff). Her vert termene omsette til *personlege ordningar/tilnærmingar* og *territorielle ordningar/tilnærmingar*. Det fyrste uttrykket refererer til ordningar som gjev borgarar det same settet av språkrettar uansett kvar dei er i den aktuelle staten. Språkrettane fylgjer altså språkbrukaren kvar enn i staten ho ynskjer å bu. Territorielle ordningar, på den andre sida, vil medføre at språkrettane til ein person er avhengige av kva for del (territorium) av staten ho oppheld seg i. Eit bestemt språk vert tildelt eit bestemt geografisk område: Kvar territorium har eit språk det kan kalle sitt eige, og kvart språk skal ha eit territorium som det kan kalle sitt (sjå kap. 4.2.4).

‘Strengt’ territorielle ordningar vil fungere som hinder for språkkontakt og dermed for språkassimilering og språkskifte. Ei territoriell ordning for eit visst språk vil altså kunne verne dette språket i større grad enn ei personleg ordning, ettersom ho medfører mindre eksponering frå andre språk. Personlege ordningar vil ikkje sikre skjerming av språkmiljø, men gjev ein språkbrukar rett til å bruke og å møte språket sitt på fleire område enn ein territoriell skipnad (Laponce 2004: 19, Patten 2003: 302). Utan personlege ordningar vil det

for språkbrukarar som bur utanfor dei tilkjende språklege territoria, om det så er nynorsk- eller bokmålsbrukarar, vere vanskelegare å oppretthalde opphavleg fyrstespråk.

Dei to neste forskingsspørsmåla som ligg til grunn for analysen av dei politiske ordningane, er såleis:

1. e Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om territoriell eller personleg språkpolitikk dominerer?

1. f Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av territoriell eller personleg språkpolitikk enn andre?

### **1.2.2 Politikens språk**

Den andre delen av avhandlingssiktemålet er å analysere den norske språkpolitikken *språk*, forstått som *argumentasjon*. Fastpunktet i metoden er *påstanden*, som altså fyrst må identifiserast som formuleringar av vedtak om konkrete språkpolitiske ordningar. Men så er målet for analysen også å identifisere dei språkpolitiske argumentasjons*heimlane*.

#### **1.2.2.1 Heimlar: Språkets eigenverdi, proseduralitet og anna konsekvensialisme**

Ein sentral motsetnad i det som litteraturen formulerer som rasjonala bak – heimlane for – nyare vestleg språkpolitikk er som fylgjande: Er det er legitimt at offentleg språkpolitikk tek stilling for eit eller fleire språk og for språksamfunn, og dermed argumenterer for å fremje og styrkje nettopp desse? Eller skal staten, i staden for å velje substansielt, heller leggje til rette for at innbyggjarane har eit val gjennom demokratiske prosedyrar og ordningar som gjer at folk og språksamfunn i så stor grad som mogleg kan få bruke og leve i dei språka dei vil (Réaume og Pinto 2012: 46ff, De Schutter 2007)? Spørsmålet er altså om styresmaktene gjennom sine dokument kan argumentere for bruk av eit særskild språk i somme situasjonar, eller om dei alltid skal nøye seg med å argumentere for at folk skal få velje etter rettvise og demokratiske prinsipp – utan å meine noko om kva for språk som bør veljast av kven. Den fyrste posisjonen vert her kalla ein *eigenverdiheimel*, den andre *prosedural*. Språkpolitisk argumentasjon kan òg vere *konsekvensialistisk*, hevdar teorien som ligg til grunn for den fylgjande analysen: Det ikkje den verdien som språkbrukarane gjev språket i seg sjølv som ligg til grunn for rettane og ordningane, det er heller ikkje ynsket om rettvise prosedyrar, men andre politiske og moralske målsetnader om til dømes samkjensle, kommunikasjon og diskusjon (Réaume og Pinto 2012: 46ff, De Schutter 2007: 8ff; Réaume 2003: 278ff; Patten og Kymlicka 2003: 32ff, sjå kap. 4.3 og 5.3.5).

For å utdjupe: Språkpolitikk kan tenkjast å vere legitimert i eit ynske om å tryggje den språklege identiteten til ei aktuell språkgruppe, ut frå ei oppfatning om at eit språk har ein eller annan type kollektiv verdi for språksamfunnet sitt, eventuelt for fleire språksamfunn. At språk har ein felles kulturell verdi for fleire, er ikkje ei særleg uvanleg oppfatning mellom teoretikarar som driv med språkpolitikk, heller ikkje blant dei som hegnar om eit negativt språkrettsomgrep. Det sentrale spørsmålet er ikkje om språk har kollektiv verdi, men om kva for *normative konklusjonar* som skal trekkjast av dette (De Schutter 2007: 10, Barry 2001: 65). Skal språkpolitikken til eksempelvis ein stat formast ut frå at språk har ein kulturell eigenverdi, og skal staten så delta i å fremje denne verdien? Eller bør staten i staden regulere språk slik at det fyrst og fremst er ikkje-kulturelle mål som skal oppnåast – til dømes demokratisk distribusjon av rettar? Grovt sagt kan den fyrste posisjonen særleg relaterast til minoritetsfremjande og multikulturalistisk politikk, medan den andre kan knytast til ein meir klassisk liberal tradisjon (sjå kap. 4.1). Men så treng argumentasjonen for språkpolitikk korkje botne i språkets eigenverdi eller i prosedurale omsyn, men rett og slett ha ymse andre politiske, økonomiske og praktiske ynske og omsyn som premisser (sjå kap. 4.3.3.1).

Forskingsspørsmål som ligg til grunn for analysen av *argumentasjonen*, er dermed:

2. a Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om eigenverdi-, prosedurale eller andre konsekvensialistiske heimlar i språkpolitisk argumentasjon dominerer?
2. b Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av eigenverdiheimlar, prosedurale eller andre konsekvensialistiske heimlar i språkpolitisk argumentasjon enn andre?

### **1.2.3 Modellane**

Til sist skal det gjerast greie for dei viktigaste forskingsspørsmåla som vert stilte til materialet for å finne ut korleis det høver i *modellane for språkpolitikk*. Desse modellane må altså sjåast som kombinasjonar av språkets politikk og politikkenes språk.

#### **1.2.3.1 Offisiell språkrett-modellen**

Det vil rett nok seie: Den fyrste modellen som her vert nytta, definerer språkpolitikkar berre ut frå kva for retttypar som er nytta. Offisielle språkrettar er positive rettar som ikkje er behovsprøvde, dei vert altså gjevne uavhengig av kommunikasjonsføremål. Motomgrepet er



tilpassingsordningar, minoritetsspråktiltak som er sette i verk for å gjere mindretalsspråkbrukarar betre i stand til å kommunisere og fungere. Ifylgje denne modellen sikrar offisielle rettar for mindretalsspråk vern av desse språka og dermed fleirspråklegheit, medan tilpassingspolitikk ikkje står for ei slik sikring. Ei undersøking av om kor vidt norsk språkpolitikk er eit offisielt språkrettsregime for nynorsk, krev ei kartlegging av graden av positive rettar og kva type av slike reguleringar som er innrømde (Réaume og Pinto 2012: 50, Patten og Kymlicka 2003: 27ff, sjå kap. 4.3.1).

Forskingsspørsmålet som ligg til grunn for å vurdere materialet mitt i ljøs av offisiell språkrett-modellen, er dermed:

3. a Kan det som vert identifisert som opphoping av positive rettar karakteriserast som offisielle rettar eller tilpassingsrettar på ulike felt og i ulike periodar?

#### **1.2.3.2 Nøytralitetsmodellen og språksikringsmodellen**

Desse modellane tek utgangspunkt i *grunngevingar* for rettar og ordningar.

Nøytralitetsmodellen spør om argumentasjonen er proseduralt heimla eller ikkje, men også om denne prosedurale nøytraliteten er kombinert med negative rettar eller positive rettar/ordningar. Dette vil skilje ein klassisk-liberal statsminimal posisjon frå ein meir politisk aktiv, men framleis statsnøytral posisjon. Språksikringsmodellen spør om argumentasjonen er eigenverdiheimla eller ikkje, men også om eigenverdiheimlinga er kombinert med negative rettar eller positive rettar/ordningar. Dette skil ein rettsbasert språksikringsposisjon frå (meir uforpliktande) mangfalds- og språkmenneskerettsposisjonar (Réaume og Pinto 2012: 51ff, Réaume 2003: 288, Patten og Kymlicka 2003: 48ff, sjå kap. 4.3.2 og 4.3.3).

Forskingsspørsmåla som ligg til grunn for å vurdere materialet i ljøs av nøytralitetsmodellen og språksikringsmodellen, er dermed:

4. a Er det opphoping av prosedural heimling nytta i argumentasjon for negative eller positive rettar på ulike felt og i ulike periodar?

4. b Er det opphoping av eigenverdiheimling nytta i argumentasjon for negative eller positive rettar på ulike felt og i ulike periodar?

Den femte og siste problemstillinga vert det ikkje knytt forskingsspørsmål til. Denne skal drøftast i den siste refleksjonsdelen av avhandlinga (del V).

### 1.3 Problemstillingar og forskingsspørsmål oppsummerte

Problemstillingane og forskingsspørsmåla skal no oppsummerast samla. Dei to fyrste problemstillingane med forskingsspørsmål er eigna til relativ empirinær undersøking og vil vere utgangspunkt for analysane av materialet. Den tredje og den fjerde problemstillinga er mest aktuelle som utgangspunkt for avrundingane av avhandlingsdelane. Den femte problemstillinga kan ikkje diskuterast før i avhandlingas siste, konkluderande del.

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i eit dokument og/eller i ein periode kategoriserast?

a Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om positive eller negative språkrettar dominerer?

b Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av positive eller negative språkrettar enn andre?

c Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om likebehandling eller særbehandling dominerer?

d Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av likebehandling eller særbehandling enn andre?

e Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om territoriell eller personleg språkpolitikk dominerer?

f Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av territoriell eller personleg språkpolitikk enn andre?

2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i eit dokument og/eller i ein periode?

a Kan ein sjå endringar gjennom den granska perioden når det gjeld om eigenverdi-, prosedurale eller andre konsekvensialistiske heimlar i språkpolitisk argumentasjon dominerer?

b Er somme delar av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste meir prega av eigenverdi-, prosedurale eller andre konsekvensialistiske heimlar i språkpolitisk argumentasjon enn andre?

3. I kva grad kan forvaltninga av nynorsk og bokmål karakteriserast som offisiell språkrettspolitik?

a Kan det som vert identifisert som opphoping av positive rettar karakteriserast som offisielle rettar eller tilpassingsrettar på ulike felt og i ulike periodar?

4. Finst det i ulike dokument og/eller periodar kombinasjonar av opphopingar av visse typar ordningar og visse typar argumentasjonsheimlar som gjer det rimeleg å karakterisere dokumentet eller perioden som nøytral språkpolitikk eller språksikringspolitikk?

a Er det opphoping av prosedural heimling nytta i argumentasjon for negative eller positive rettar på ulike felt og i ulike periodar?

b Er det opphoping av eigenverdiheimling nytta i argumentasjon for negative eller positive rettar på ulike felt og i ulike periodar?

5. I kva grad og korleis er tidlegare politiske ordningar og argumentasjonsheimlar framleis styrende for utforminga av norsk offentleg språkpolitikk?

## **1.4 Periodisk avgrensing og overordna struktur**

### **1.4.1 Periodisk avgrensing og vektlegging**

Denne studien femner om norsk språkpolitikk i det 120 år lange tidsspennet frå 1885 til 2005. Startpunktet i 1885 er valt fordi Stortinget 12. mai det året gjorde prinsippvedtaket om at «Folkesproget» og «det almindelige Bogsprog» skulle ha jamstilt offisiell status i skule og offentleg målbruk. Framstillinga tek likevel ein tjuvstart i 1878 med stortingsvedtaket om at undervisninga i ålmugeskulen skulle føregå på talemålet til elevane. Språkhistoriske framstillingar legg vekt på 1878-vedtaket som bakgrunn for jamstillingsvedtaket i 1885 og innføringa av «målparagrafen» i folkeskulelovene i 1892 då dei lokale skulestyra fekk høve til å vedta at landsmålet kunne vere lærebok- og opplæringsmål (jf. til dømes Almendingen m.fl. 1992, Jahr 1989, Haugland 1985). Når det her vert gått attende til 1878, er det med eit anna utgangspunkt: for å vurdere og omgrepsfeste kva for språkpolitikk Stortinget samrøystes vedtok i 1878, i *kontrast* til den språkpolitikken eit kløyvt Storting vedtok i 1885 og 1892.

Avhandlinga har 2005 som sluttpunkt. Dei siste dokumentklyngjene som vert analyserte i denne bolken, er såleis dei som er knytte til stortingsmeldinga om kvalitetsreforma *Kultur*

for læring i 2004 (St.meld. nr. 30 2003–2004) og til mållovsmeldinga i 2005 (St.meld. nr. 7 2005–2006).

Framstillinga vert meir omfangsrik di meir ho nærmar seg vår tid. Den viktigaste grunnen til det er ynsket om å leggje vekt på den nyaste tida, altså på utforminga av dagens språkpolitikk. Såleis har avhandlinga stadig fleire sider per tiår di nærare ein kjem samtida vår. Samstundes har òg kjeldematerialet ein karakter som innbyd til ei slik vektlegging, for dei siste tiåra har dei språkpolitiske styringsdokumenta både vorte fleire og meir omfangsrike. Om ein skal leggje dei same prinsippa for kjeldeutval og argumentasjonsanalyse til grunn for heile perioden, vil den nyaste tida måtte få ei meir omfangsrik framstilling.

Somme vil kanskje spørje om kvifor undersøkingsperioden ikkje går fram til og med 2008, ettersom det då kom ut eit par store stortingsmeldingar om språk: *Mål og meining* (St.meld. nr. 35 2007–2008) og *Språk bygger broer* (St.meld. nr. 23 2007–2008). Det er fleire svar på det. For det fyrste er desse meldingane, særleg *Mål og meining*, sær omfangsrike, og det ville vere uoverkomeleg å analysere dei med den same nærlesingsmetoden som resten av dokumenta er granska med. I den avsluttande drøftinga i del V vil dei likevel bli drøfta, men på ein annan måte og meir summarisk enn resten av materialet. Den viktigaste årsaka til at det vert gjort slik er likevel *innhaldet* i desse meldingane. For trass i eit veldig omfang representerer dei ikkje noko nytt på påstands- eller heimelnivå. Dette skal grunnjevast i del V (sjå kap. 22.1.3).

#### **1.4.2 Overordna struktur i avhandlinga**

Avhandlinga er sett saman av fem hovuddelar.

Del I innleier med ei avklaring av føremål, problemstillingar, forskingstradisjon, teoretisk og metodisk grunnlag og forskingsetiske problemstillingar.

Den empiriske analysen byrjar i og med del II, som tek føre seg dei relevante dokumenta i perioden frå jamstillingsvedtaket i 1885 til sanksjoneringa av den fyrste lova for språkbruk i offentleg teneste i 1930. Som nemnt, vert det likevel innleia med eit kort kapittel om 1878 og det norske Stortingets vedtak om at undervisninga skulle gå føre seg på talemålet til borna. Vekta i denne delen ligg elles på behandlinga av dokument kring målparagrafen i dei nye opplæringslovene i 1892.

Del III handlar om den lange perioden frå 1930 til 1980. Den statlege språkpolitikken i fyrste del av denne perioden var merkt av korpusplanlegging, noko som ikkje er relevant for dette arbeidet. Frå midten av 1960-åra vart det ny rørsle i offentleg språkpolitikk, forstått som statusplanlegging, gjennom Vogt-komiteens innstilling om språksaka og arbeid med nye opplæringslover. Den nye grunnskulelova vart vedteken i 1969, lov om vidaregåande opplæring kom i 1974. Innanfor femtiårsperioden som kapitlet omhandlar, er det såleis ei klar vektlegging av dei to siste tiåra.

Del IV dreier seg om perioden frå 1980 til 2005, ein periode der dokumenta vert langt fleire og langt større. Ei ny lov om offentleg språkbruk vart vedteken i 1980, og med den vart det fastslege at staten skulle gje ut regelmessige stortingsmeldingar om språkbruk i offentleg verksemd. Saman med ein annan ny dokumenttype, kulturmeldingane, er desse stortingsmeldingane viktige språkpolitiske dokument i perioden. I 1998 vart ei ny opplæringslov vedteken, og språkopplæringspolitikk vart tematisert i relevante dokument også etter tusenårsskiftet.

Del V er ein freistnad på å samanfatte, diskutere og reflektere over det som er funne gjennom analysen av materialet i dei tre føregåande delane.

Kvar av dei tre empiriske hovuddelane, II, III og IV, er delte inn i to til fire analysekapittel. Desse kapitla er nummererte fortløpande gjennom alle delane, også gjennom del I og del V. Dei er kronologisk organiserte innanfor kvar del. Somme av dei dekkjer korte periodar på berre få år, somme av dei dekkjer tiår, eitt dekkjer eit tidsspenn på over 30 år. Variasjonen kjem av ulikt tal på språkpolitiske dokument og framlegg i ulike periodar.

Alle desse kapitla tek med nokre få unntak føre seg både opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste i den perioden dei dekkjer. Feltet *offentleg teneste* vert i den siste delen av avhandlinga kalla *kulturfeltet* grunna institusjonelle endringar i sentraladministrasjonen.

Dei ulike kapitla sine underkapittel om opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste tek føre seg det som er identifisert som *ordningane* på feltet og *argumentasjonen* for desse ordningane. Med få unntak inneheld altså kvart underkapittel om opplæring og kvart underkapittel om offentleg teneste fleire avsnitt som framstiller dei ulike vedtaka, føresegnene eller saksområda på feltet. Desse avsnitta er igjen delte inn i ein analyse eller ei kategorisering av *ordninga* og ein analyse av *argumentasjonen* for denne ordninga.

Alle analysekapitla endar med ei oppsummering av språkpolitikken – ordningane og argumentasjonen for desse – på båe felta.

Både del II og del III vert avslutta med eit lengre avrundande og delvis kontekstualiserande kapittel. Del IV vert ikkje avslutta med ein slik mellombels konklusjon, fordi denne går inn i den endelege drøftingsdelen, altså del V.

## 2 Relevans og aktualitet

Utgangspunktet for avhandlinga var eit ynske om forstå ideane og verdiane bak norsk språkpolitikk for å kunne seie noko om kva for konsekvensar desse har for den statlege styringa og handsaminga av språkpolitiske emne. Eg byrja med den nyaste tida, men konstaterte at hovuddraga i dei språkpolitiske ordningane for tilhøvet mellom nynorsk og bokmål har lege temmeleg fast sidan tidleg på 1900-talet. Det enda opp med at startpunktet for granskinga vart jamstillingsvedtaket i 1885.

### 2.1 Forskingsrelevans

Eit relevant spørsmål er kva som skil dette arbeidet frå den føreliggjande litteraturen om norsk språkpolitikk og språkhistorie. Det skal fyrst understreka at sjølv om granskinga har eit diakront perspektiv over eit langt tidsspenn, er ho ikkje eit historiefagleg arbeid. Ein historiefagleg studie ville ha hatt som sentralt føremål å *forklare* dei ulike språkpolitiske vegvala som vart tekne i offentleg språkpolitikk, og då vil konteksten og prosessen fram mot vedtaka vere heilt avgjerande. Ei hovudsak i den språkhistoriske forskinga har vore dei språkpolitiske pressgruppene sitt påverknadsarbeid mot dei sentrale politiske organa og tilhøvet mellom pressgruppene, partia og språkdebattane innanfor og utanfor Stortinget. Når desse framstillingane har analysert språkideologiar, har det såleis vore ideologiane til dei ulike språkrørslene som har vore i interessefeltet, og politikarane og partia har mest vorte vurderte som rørslene sine forlengte armar inn i dei politiske organa. Når ein skal *forklare* dei språkpolitiske vala som er tekne av Stortinget og regjeringa, må konteksten rimelegvis vere heilt avgjerande (jf. til dømes Haugland 1971, Haugland 1985, Jahr 1989, Hoel 2011 og dessutan partihistoriske arbeid som Mjeldheim 1984 og Mjeldheim 2006).

Ærendet her er å skildre og setje på omgrep den fastslegne statlege språkpolitikken, forstått som ordningar (verkemiddel) og argumentasjon. På ein annan måte enn eit historiefagleg arbeid ville gjort, er det som står i dei språkpolitiske styringsdokumenta teke for pålydande – meir lausrive frå skapingshistoria til dokumenta, forfattarane og deira politiske intensjonar.

Generelt må ein kunne seie at språkideologien til aktørane i språkstriden, til dømes i eit nasjonalismeperspektiv, har interessert forskinga meir enn kva som karakteriserte dei

statlege språkpolitiske ordningane som språkstriden resulterte i. Tilsvarande har dei partihistoriske arbeida om Venstre og Høgre fokusert på korleis dei ytre språkpolitiske pressgruppene og dei indre språkfraksjonane i partia har arbeidd for å få gjennomslag i partia, og vidare på korleis partia har arbeidd og kompromissa for å få gjennomslag i dei statlege styringsorgana for denne politikken i ei meir eller mindre moderert form (sjå særleg Kaartvedt 1984, Danielsen 1984, Mjeldheim 1984 og Mjeldheim 2006). ‘Staten’ er knapt sett som ein sjølvstendig språkpolitisk aktør, men primært som ei slagmark for ulike språkpolitiske syn.

Spissformulert har den tidlegare forskinga vore meir interessert i norsk *språkstrid* enn norsk *språkpolitikk*. Dette er knytt til at forskinga i stor grad har konsentrert seg om motiva og dei opne interessekampene om språk og språkpolitikk på den politiske arenaen. Studiane er baserte på eit direkte maktomgrep med mindre vekt på diskursiv makt, det Øyvind Østerud altså skildrar som fokuset i den tredje akta i utviklinga av studiet av politisk makt (Østerud 2007: 34–38). I tidlegare granskingar har ein altså vore lite interessert i å analysere språket om språket.

Dette arbeidet skal ikkje opponere mot perspektiv frå tidlegare forskning, og er ikkje ute etter alternative forklaringar på kvifor norsk språkpolitikk vart som han vart. Framstillinga er rett nok kronologisk strukturert og har eit naudsynt minimum av historisk kontekstualisering, slik at det skal vere mogleg å for lesaren å henge med på den historiske prosessen. Ho presenterer likevel ein alternativ innfallsvinkel og eit anna objekt enn forskingsarbeida som er nemnde i avsnitta ovanfor. Eit viktig utgangspunkt har vore *stabiliteten* i norsk språkpolitikk. Regjeringar og stortingsfleirtal har kome og gått og samfunnet har endra seg mykje, men dei språkpolitiske påstandane har i hovudsak har vorte rekontekstualiserte, og ordningane vidareførte. Då er det interessant å sjå korleis ‘staten’, konkretisert til sentrale språkpolitiske styringsdokument frå regjeringa og Stortinget (stortingsfleirtalet), i skiftande tider *argumenterer* for desse språkpolitiske ordningane.

Det faglege arbeidet om norsk språkpolitikk som kanskje ligg metodisk nærast mi gransking, er retorikkvitaren Anders Johansens rapport om stortingsmeldinga *Mål og mening* (Johansen 2012). Johansen har på oppdrag frå Språkrådet kombinert ei kartlegging av korleis tiltaka i språkmeldinga er fylgde opp med ein politisk-retorisk analyse av spenningar i norsk språkpolitikk.



Med Johansens arbeid er *Mål og meining* i ei særstode i kjeldeutvalet mitt – ikkje noko anna norsk språkpolitisk styringsdokument er så grundig analysert. Dei andre forskingsarbeida som har analysert dokument som denne studien òg tek føre seg, er i hovudsak anten språkhistoriske eller skulehistoriske. Einar Haugens *Riksspråk og folkemål* (1969) er framleis det sentrale oversynsverket om norsk språkpolitikk frå slutten av 1800-talet til Vogt-komiteen. Dei språkpolitiske styringsdokumenta frå 1878 til 1907 er tidlegare handsama grundig av Kjell Haugland i fleire arbeid (viktigast er Haugland 1971 og 1985). Stortingsvedtaket i 1878 er handsama av Jahr (1984) i doktoravhandlinga hans om talemålet i skulen. Det finst to hovudoppgåver om lov om målbruk i statstenesta frå 1930 (Bruheim 1982 og Grønvik 1987), og juristen Kåre Lilleholt står åleine og saman Sigve Gramstad bak to viktige arbeid om offentleg målbruk og 1980-mållova (Lilleholt 1981, Lilleholt og Gramstad 1983). Viktige skulehistoriske arbeid som går grundig inn på språkløvgjevinga, er arbeida til Hans-Jørgen Dokka (1967) og Kjell T. Heggelund (1997), og det er gjeve ut lovkommentarar til fleire av folkeskulelovene opp gjennom åra. Særleg nyttig i min samanheng er Andreas Støylens (1955) kommentar til ‘målparagrafen’. Elles har Ottar Grepstad i ulike arbeid omtalt fleire av dokumenta som her er analyserte.

Oppsummert vil dette seie at somme av dei styringsdokumenta som her vert studerte, er meir eller mindre grundig analyserte i tidlegare arbeid, særleg dei frå ca 1910 og mållovene frå 1930 og 1980. Ei rad andre dokument er mindre omtalte. Det gjeld til dømes endringane av målparagrafen i folkeskulelovene 1912–17, dei språkpolitiske sidene av folkeskulelovene frå 1936 og 1959 attåt grunnskulelova frå 1969 med førearbeid (mellom anna folkeskulekomiteen si innstilling frå 1965), lov om vidaregåande opplæring i 1974 og opplæringslova i 1998. Heller ikkje Vogt-komiteen si tilråding (1966) og den etterfylgjande stortingshandsaminga er handsama i noko større fagleg arbeid, og det same gjeld dei mange stortingsmeldingane om målbruk i offentleg teneste etter 1980.

Såleis vert ei rad språkpolitiske styringsdokument her analyserte inngåande for fyrste gong. Dei som er handsama i tidlegare arbeid, skal no analyserast på nytt, og same metode og forskingsspørsmål ligg til grunn for analysen av alle dokument. Avhandlinga kan såleis by på ein kombinasjon av nylesing av dokument som tidlegare er handsama i forskingslitteraturen, og analysar av dokument som er lite eller inkje handsama tidlegare.

I kvart kapittel vil det elles bli gjort greie for tidlegare forskning på dokumenta. Der skal òg mindre arbeid som ikkje er nemnde ovanfor, trekkjast fram.

## 2.2 Språksosiologisk aktualitet

Føremålet med det fylgjande er å gje ein kort presentasjon av situasjonen for og utbreiinga av nynorsk som bruksspråk. Tilhøvet mellom bruksnivået og det politiske nivået er ikkje eit tema for avhandlinga, men den språksosiologiske stoda for nynorsk er likevel nyttig å ha med seg som bakgrunnskunnskap for analysane av det politiske nivået. Framstillinga byggjer på tal frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI) og Statistisk sentralbyrå (SSB), supplert med fleire av Ottar Grepstad sine språkstatistiske arbeid.

Det var ein samanhengande auke i talet på nynorskelevar i folkeskulen frå folkeskulelova i 1892 opna for at skulestyra kunne innføre nynorsk til 1944 då 34 prosent av elevane i Noreg hadde nynorsk som fyrste opplæringsmål. I åra 1939–1952 var skulekrinsane med nynorskvedtak i fleirtal (av kring 5400 skulekrinsar). Dei fylgjande tiåra vart ein samanhengande tilbakegangsperiode før talet på nynorskelevar i 1970-, 1980- og 1990-åra stabiliserte seg på 16–17 prosent. I 1998 fall så prosenten under 16, og etter ein jamn nedgang dei seinare åra viste GSI-registreringa for skuleåret 2013–14 ein nynorskprosent i grunnskulen på 12,6 (GSI, O. Grepstad 2005).

Det er ikkje oppgåva til denne avhandlinga å prøve å forklare den monalege nedgangen i nynorsk som opplæringsmål landet sett under eitt frå kring 1950 til i dag. Her skal det berre peikast på to avgjerande faktorar. Den fyrste har med demografi å gjere. Folkeauken har vore langt større i bokmålskommunane enn i nynorskkommunane, noko som kjem av at nynorskkommunane jamt over er distriktskommunar med svakare folketalsutvikling enn meir sentrale kommunar. I språkløyvde kommunar er nynorskkrinsane stort sett òg utkantkrinsar medan bokmålskrinsane er sentrumskrinsar, og såleis er nynorskkrinsane sårbare for indre sentralisering i kommunane. Her spelar både innanlands flytting og innvandringa dei seinare åra viktige roller.

Den andre hovudforklaringa er at ei rad skulekrinsar som tidlegare hadde nynorsk som fyrstespråk, har gått over til bokmål etter skulemålsrøystingar. Det ligg føre tal på skulemålsrøystingar frå og med 1965, så dei fangar ikkje opp den fyrste 15-årsperioden med tilbakegang etter krigen. Frå denne perioden må ein byggje på det samla talet på skulekrinsar, som dessutan gjekk kraftig ned på grunn av skulesentraliseringa. Men av dei 5411 skulekrinsane i 1951, hadde 2748 (50,8 %) gjort vedtak om nynorsk. Av dei 3478 skulekrinsane som fanst i 1965, hadde 1377 (39,9 %) gjort vedtak om nynorsk (O. Grepstad 2005: tab. 8.9).

I åra 1965–2008 var det røystingar i totalt 370 skulekrinsar, og resultatet vart bokmålsvedtak i 217 krinsar og nynorskvedtak i 150 (O. Grepstad 2010: tab. 5.2). Sidan så godt som alle krinsane hadde nynorsk som fyrste opplæringspråk før røystinga, vil dette seie eit språkskifte frå nynorsk til bokmål i over 200 krinsar og eit skifte frå bokmål til nynorsk i nokre få krinsar. Eit ukjent tal av desse røystingane er komne i stand på grunn av skulesentralisering ved at små nynorskkaminsar er slegne saman med større bokmålskrinsar, aller oftast med bokmål som resultat.

Det finst ingen granskingar av kor mykje av den prosentvise nynorsknedgangen som kjem av skulemålsrøystingane og kor mykje som kjem av demografiske endringar (jf. O. Grepstad 2010: 63).

Ein viktig konsekvens av den samla nynorsknedgangen for landet er at nynorskterritoriet på noregskartet har vorte mindre. Om ein held seg til dei norske skriftspråka, kan landet grovt sett delast i fire kategoriar. Den fyrste er det nynorske ‘kjerneområdet’ der Sogn og Fjordane utgjer det desidert sterkaste nynorskfylket med 97,4 prosent nynorsk fyrstespråk i grunnskulen.<sup>8</sup> Delar av Rogaland og Hordaland må òg reknast som kjerneområdet, men i desse fylka er det utslagsgjevande at storbyane veks og at folketalet i den tunnast folkesette periferien går ned. Det gjer tydelege utslag på nynorskprosenten her (frå 29 og 47 % i 1976 til 24 og 39 % i 2013). I dei aller fleste distriktskommunane i Rogaland og Hordaland har likevel nynorskprosenten vore stabil dei siste 40 åra. Det nest største nynorskfylket i prosent er Møre og Romsdal (51 % nynorsk i 2013), men her er fylket språkgeografisk delt i to. Sunnmørskommunane unnateke Ålesund har oppunder 100 prosent nynorsk i grunnskulen (2013). Romsdalen og Nordmøre utgjer no eit språkleg grenseland der somme av kommunane framleis har over 90 prosent nynorsk medan andre har hatt klar nedgang dei siste tiåra (O. Grepstad 2010: tab. 8.9). Nynorskprosenten seier likevel ikkje alt. Som figuren nedanfor viser, var det i 2013 *fleire* nynorskelevar i dei tre andre vestlandsfylka enn i Sogn og Fjordane.


Romsdalen og Nordmøre kan såleis reknast til den andre kategorien – det språklege grenseområdet som kløyver alle fylka der nynorsk er i bruk på Sør- og Austlandet. Det vil seie Oppland (18 % i 2013), Buskerud (3 %), Telemark (10 %), Aust-Agder (5 %) og Vest-Agder (3 %). Tendensen for alle er at nynorsk held seg best som fyrstespråk i dei indre

---

<sup>8</sup> Tabell: 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform (F) [2013], Statistikkbanken, SSB, henta 20.1.2014.

delane av fylka, medan overgangen til bokmål har vore sterkast i dei delane som ligg nærast kyst- og innlandsbyane (SSB).

**Figur: Nynorsk- og bokmåselevar i grunnskulen 2013–14**



*Kjelde: Tabell: 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform (F), Statistikkbanken, SSB*

Ein tredje kategori er områda der nynorsk har vore i bruk, men er heilt ute. Attåt somme område på Aust- og Sørlandet (Østfold, Vestfold, Hedmark og store delar av dei andre fylka), gjeld det særleg fylka nordafjells der det på GSI-statistikken for 2013–14 berre kan sporast nynorskinnslag i éin kommune, Skaun i Sør-Trøndelag (5 % nynorsk). Nynorsk stod midt på 1900-talet sterkt som fyrstespråk særleg i delar av Nord-Trøndelag (45 % i 1960), men òg delar av Sør-Trøndelag (20 % i 1960), delar av Nordland og delar av Troms.

Den fjerde kategorien er dei områda der nynorsk aldri har hatt fotfeste som fyrsteskriftspråk/opplæringsmål (byane over heile landet, og delar av Austlandet, Sørlandet, Trøndelag og Nord-Noreg).

Ottar Grepstad meiner å sjå at tilbakegangen har flata ut dei siste åra, men viser likevel til at det i nokre fylke skjer ei rivande utvikling, då særleg på Austlandet. Berre frå 2008 til 2009

vart det 6 prosent færre nynorskelevar på Austlandet. I Telemark var det 9 prosent færre nynorskelevar i skuleåret 2009/2010 enn året før, medan det i Oppland og Buskerud vart 4 prosent færre.

Slike språksosiologiske faktum har ikkje vekt særleg forskingsinteresse. I ljøs av den store språkpolitiske og språkvitskaplege interessa som fenomen som språkending, språkassimilering, språkskifte og språkforvitring vert møtt med internasjonalt, er dette påtakeleg. Trass i at nynorsk ikkje er rekna som eit truga språk (M. P. Lewis m.fl. 2013, Salminen 2007: 215), er det eit mindre brukt språk i iallfall prosentvis tilbakegang i sine territorium eller i sin jurisdiksjon. Språkskifte har gjennom heile etterkrigstida vore eit sentralt felt for sosiolingvistikken og språksosiologien, særleg etter Einar Haugens pionérverk om språkskifte mellom norskamerikanarar i USA (Haugen 1953), og etter at Joshua Fishman i 1964 slo fast at spørsmålet om språkskifte og språkbevaring er viktig nok til å kunne utgjere eit eige forskingsfelt (Fishman 1964). Dei siste tiåra har feltet ekspandert: Akselererande globalisering har medført stadig større press mot mindre nytta språk, med språkskifte til majoritetsspråk og i somme tilfelle språktap/språkdaude som resultat. I *The Cambridge handbook of language policy* frå 2012 hevdar Julia Sallabank at om lag halvta av verdas språk ikkje vil vere i bruk ved utgangen av dette hundreåret (Sallabank 2012: 100 og 103).

## 3 Forskingstradisjon: Language policy and planning

### 3.1 LPP som sosiolingvistik og språkplanlegging

Forskingfeltet til denne studien kan definerast innanfor den språkvitskaplege tradisjonen som etter andre verdskrig har vore karakterisert som «LPP» – *language policy and planning* (Ricento 2006: 3, Spolsky 2012: 5). I Noreg er disiplinen kalla *språkplanleggingsvitskap*, og det sentrale norske verket er Lars Vikørs *Språkplanlegging* (2007, 1. utg. 1988). Her fylgjer ei kort skisse av historia til fagtradisjonen som delvis vert nemnt som *LPP*, delvis *språkplanlegging*.

#### 3.1.1 Frå talemål- til skriftspråkforskning

Skilnaden mellom hovudretningane i sosiolingvistikken og språkplanlegginga låg i utgangspunktet i emneval, meiner Vikør. Frå grunnlegginga i 1960-åra tok sosiolingvistikken utgangspunkt i dei samfunnsproblema språkleg lagdeling og etnisk kløyving førte til i dei industrialiserte vestlege landa, og vekta låg klart på talemålsforskning (Vikør 2007: 45, Mæhlum og Røyneland 2012: 17). Språkplanleggingsteori var på si side noko ‘eksotisk’. Her var språkproblema i den tredje verda hovudinteressa – det vil seie statar utan eigne etablerte skriftmål med basis i talemåla i staten, eller land med klassiske skriftspråk som trong modernisering. Den nye disiplinen tok altså utgangspunkt i *skrift*, på oppbygging og normering av skriftspråk (Vikør 2007: 45). No kan det naturlegvis diskutertast kor ‘ny’ denne interessa for skriftspråk var: Språkplanlegging vart det drive frå slutten av 1700-talet og framover (Hyvik 2009: 30ff). Dei konkrete tilfella av språkplanlegging, til dømes Ivar Aasens arbeid, var då òg meir og meir studerte utover på 1900-talet. Dei var likevel studerte som einskildtilfelle, altså som *språkhistorie*.

Det nye frå 1960-åra var studiar av språkplanlegging med meir teoretiserande og komparative ambisjonar. Einar Haugen, Joshua Fishman og Charles Ferguson var sentrale teoretikarar i den moderne språkplanleggingsvitskapen som utvikla seg på 1960-talet. Fleire av dei som var leiande i språkplanleggingsteorien desse åra, hadde då òg regional fagleg ståstad i og interesse for språkmiljø der språkplanleggingsoppgåver var aktuelle og påtrengjande. Til dømes har Joshua Fishman bakgrunn i hebraiske og jiddiske miljø og Einar Haugen hadde tilknytning til Noreg og Norden (Vikør 2007: 45; Spolsky 2012: 3–4).

### 3.1.2 LPP i Noreg

Etablert LPP-forskning i Noreg har i liten grad sett mot internasjonal språkrettsdebatt og språkpolitisk teori. Den norske litteraturen om språkplanleggingsvitskap kan karakteriserast som engasjert i to andre retningar: For det fyrste er han språksosiologisk orientert, ikkje språkrettsleg orientert. For det andre handlar han om korpusspørsmål, ikkje statusspørsmål.

*Språksosiologisk orientert* tyder her spørsmål om språklege maktstrukturar og kulturelle hegemoni på dei lingvistiske marknadene. I dei fleste nyare norske sosiolingvistiske arbeid står slike perspektiv sentralt, men då med talemålsvarietetar og -variantar i fokus (Mæhlum 2007, Mæhlum m.fl. 2008, Mæhlum og Røyneland 2012). Somme sosiolingvistar har òg diskutert det sosiologiske tilhøvet mellom skriftvarietetane nynorsk og bokmål i Noreg (til dømes Røyneland 2013, Sandøy i Mæhlum m.fl. 2008: 167–193, Mæhlum 2007: 191ff, Bull 2004, Milani 2002). I somme av desse arbeida nærmar språksosiologien seg disiplinen ytre språkhistorie. Mange norske språkhistoriske arbeid tematiserer varietetsdistribusjon, språkbruksvariasjon og språksosiologiske makttilhøve, men då naturlegvis i eit diakront perspektiv (sjå kap. 2.1 for titlar).

Ovanfor er det gjort greie for kva som er meint med *korpusarbeid* i denne avhandlinga (sjå kap. 1.1.4). Lars Vikørs arbeid om språkplanlegging definerer språkplanleggingsfeltet som diskusjonar om og utvikling av kodifiserings- og normeringsprinsipp, delvis i tråd med Einar Haugen (Haugen 1966, jf. Vikør 2007: 99), og med støtte frå fleire andre norske teoretikarar i feltet (jf. Omdal og Vikør 1996). Viktige spørsmål for Vikør er kva for grupper, rørsler, organisatoriske interesser og korpusprinsipp som har fått oppslutnad og skapt gjennomslag for ein bestemt type korpuspolitikk, og kva motkrefter som har gjort seg gjeldande. Også internasjonal forskning om norsk språkplanlegging har primært vore oppteken av korpusplanlegging. Einar Haugen er eitt døme på dette, Andrew Linn eit nyare (Linn 2010). Desse perspektiva har òg vore dominerande innanfor norsk språkhistorieforskning, som altså har hatt eit nært samband til LPP.

### 3.2 LPP som språkpolitikk- og språkrettsteori

Dei mange rettskrivingsreformene i Noreg har nok innbode til ei korpusorientering. I det store og heile finst det svært få faglege arbeid om norsk statusplanlegging etter 1970, og eg kjenner ikkje til forskning på den norske statens eigne statusplanleggingsomgrep i eit diakront perspektiv. Det må understrekast at dette gjeld arbeid om forvaltninga av nynorsk

og bokmål og for så vidt norske talemål. Situasjonen er annleis når det gjeld forskning på rettar for nye språkminoritetar i Noreg, og også for samiske språkgrupper (jamfør til dømes Pedersen og Høgmo 2012: 133ff, Skogvang 2009: 205ff, Engen og Kulbrandstad 2004: 179ff, Hauge 2007).

### **3.2.1 Internasjonal debatt om statusspørsmål**

Men språkpolitiske ordskifte kringom i verda handlar svært ofte om statusspørsmål; om politisk vern og styrking av språk er rett og rettferdig, om under kva for vilkår språkbruksending og språktap bør løyse ut politisk handling og om kva for reguleringar og stimuleringar som i så fall er adekvate (De Schutter 2007: 2–3). Dei siste tiåra har også politiske teoretikarar og rettsfilosofar sett ljuskastaren på språkpolitikk, forstått som juridiske og politiske ordningar, og dei normative føresetnadene for han. Særleg er det utvikla ein angloamerikansk forskingslitteratur på feltet, ein litteratur som altså i stor grad spring ut or diskusjonane om liberalisme og kommunitarisme på 1980- og 1990-talet.

Ein særleg viktig premissleverandør ser Will Kymlicka ut til å ha vore. I 2003 publiserte Kymlicka *Language rights and political theory* saman med Alan Patten, også han tilknytt kanadisk språkrettsdebatt (Patten og Kymlicka 2003). Her bidreg mange av dei som på det tidspunktet hadde vorte og som seinare har vore sentrale i internasjonal fagdebatt om språkpolitikk. I 2012 kom *The Cambridge handbook of language policy*, redigert av Bernard Spolsky, med fleire av dei same bidragsytarane (Spolsky 2012).

### **3.2.2 Sosial og fagleg kontekst**

Politiske spørsmål om kulturell identitet og kulturelle rettar, og dermed òg om språkleg identitet og språklege rettar, har altså vorte stadig meir aktuelle dei siste tiåra. I oversynsartikkelen sin i *Language rights and political theory* går Patten og Kymlicka (2003: 1–51) gjennom det dei kallar for «The context» for diskusjonane, og det vert bygt hovudsakleg på denne i den fylgjande framstillinga av feltets samfunnsmessige og historiske bakgrunn.

For det fyrste er *oppløysinga av Sovjet og utviklinga i Aust-Europa* frå om lag 1990 eit viktig bakteppe. Den europeiske jubelen over oppløysing av gamle diktatur og oppretting av nye statar stilna snøgt, og sameleis døyvde trua på rask spreining av vestlege demokratimodellar og liberale menneskerettar. Mange av dei nye statane vart prega av problem med korrupsjon, fattigdom og ikkje minst store etniske og kulturelle konflikhtar, fleire av dei også språklege. Statar eller regionar som iallfall på papiret opererte med visse



sett av minoritetsspråkrettar under kommunismen, la no om til offisiell monolingval politikk. Resultatet vart delvis brutal undertrykking av nasjonale og språklege minoritetsgrupper, delvis fredlege protestar og kulturell-lingvistisk mobilisering, delvis valdelege konflikhtar om også kulturelle og språklege tilhøve (Patten og Kymlicka 2003: 3ff). Dette førte til at europeiske organisasjonar og institusjonar av ulikt slag byrja diskutere og utvikle politikk og rettsstandardar for korleis 'gode' liberale demokrati skulle løyse kulturelle og språklege problem. Ei rad felleseuropeiske avtaler vart resultatet, med Europarådets *Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk* som den kanskje viktigaste (jf. De Schutter 2007: 7, sjå kap. 23.1.2).

Men òg i vesten låg det uløyste minoritetsproblem, også dei delvis av lingvistisk sort. Det var konflikhtar som gjekk mellom ei dominerande (språk)gruppe og ulike mindre, men likevel mektige regionale og historisk røtte (språk)grupper. Døme er Belgia (Flandern), Spania (Katalonia og Baskarland), Canada (Quebec og delar av andre provinsar) og USA (Puerto Rico). Dessutan byrja mindre 'mektige' mindretalsgrupper òg å reise politiske, kulturelle og språklege krav, til dømes urfolksgrupper i Skandinavia og i USA og Canada (Patten og Kymlicka 2003: 4–7). Resultatet av desse problema og konfliktane har variert svært frå samfunn til samfunn og stat til stat, men Patten og Kymlicka meiner det i vesten har vore ein trend «towards granting increased language rights to such regional linguistic groups» (s. 4). Dei peikar òg på at språkspørsmål i mange av desse situasjonane ikkje berre er språkspørsmål, men del av større program som handlar om «sub-state nationalism» eller «minority nationalism». Dette kan gjere spørsmål om språkpolitikk svært brennbare (s. 5–6).

Ein viktig fagleg føresetnad for språkpolitikk- og språkrettsteorien er den språksosiologiske forskinga på språkdaude, som særleg har konsentrert seg om urspråk og gamle minoritetsspråk. Global språkforvitring og språkskifte har ført til at fleire av dei som må kallast framståande sosiolingvistar, har vigg seg til problemstillingar rundt dette (David Crystal i til dømes Crystal 2000, Daniel Nettle og Suzanne Romaine i til dømes Nettle og Romaine 2000, og Tove Skutnabb-Kangas i til dømes Skutnabb-Kangas og Heugh 2012). Mange sosiolingvistar arbeider også saman med organisasjonar som tek føre seg spørsmål om språkassimilering og minoritetsspråk, som *Europarådets ekspertkomité for region- og minoritetsspråk*, *EUs Mercator*, *UNESCO* og *Foundation for Endangered Languages*. Engasjement for språkrettar kan sjåast på som eit framhald av engasjement mot språkforvitring (Patten og Kymlicka 2003: 10).

Også *global migrasjon* – og særleg dei nye minoritetane i Europa – har ført dei faglege diskusjonane om kulturell identitet og språklege rettar i ei meir konkret, politisk retning dei siste tiåra. I utgangspunktet har nok forventningane både frå mottakarsamfunnet og innvandarane sjølve vore at immigrasjon lyt føre til språkleg integrasjon og språkskifte til det dominerande språket i det nye heimlandet. Men dette har endra seg, både på grunn av storleiken til dei innvandra gruppene, på grunn av innvandarane sine nye moglegheiter til å halde kontakt med det opphavlege språksamfunnet, og på grunn av generell ‘multikulturalistisk’ ideologi:

that is, the idea of that immigrants should not have to abandon or hide their ethnic identity in order to integrate, as in older models of assimilation or ‘Americanization’, but rather should be able to visibly and proudly express their ethnic identity in public, and have public institutions accommodate this. (s. 8).

Framveksten av lingvistisk multikulturalisme kan òg koplant til kritisk-normativ språkpolitikkteori: I 1970- og 1980-åra vart språkplanleggingsvitarane meir opptekne av kva for ideologiske rammer språkpolitiske ordningar var sette inn i. Fleire teoretikarar tok såleis eksplisitte og normativt motiverte oppgjær med tradisjonell språkplanlegging (jf. til dømes Moore 2000, Tollefson 1991, sjå òg Vikør 2007: 47–48).

Dessutan har *utviklinga av EU, europeisk integrasjon og etablering av fleire europeiske og internasjonale politiske institusjonar* sett språkpolitikk på agendaen (Patten og Kymlicka 2003: 4–10). Det har vorte stadig klarare at eitt av dei viktigaste hindra for å byggje ein sams europeisk identitet er språkdiversiteten i verdsdelen. Det eine problemet, frå nasjonsbyggjarane si side, handlar om den vertikale koplinga mellom EU-innbyggjarar og EU-staten: På kva språk skal institusjonane snakke og skrive? Det andre problemet er den horisontale koplinga mellom EU-innbyggjarane: Eit deliberativt alleuropeisk demokrati krev felles språk. «In short, any response to the practical challenge of building new forms of transnational democracy must grapple with the issue of linguistic diversity», oppsummerer Patten og Kymlicka (s. 10).

Det politiske spørsmålet om språkleg heterogenitet kan sjåast i samband med meir teoretiske debattar om demokrati- og rettsprinsipp. Generell politisk teori har dei siste tiåra vride merksemda frå kva som skjer i røystelokala til kva som skjer i det offentlege ordskiftet. Demokrati er ikkje lenger berre sett som eit spørsmål om talet på røyster og på partiopplutnad, men òg som eit spørsmål om graden av deltaking, ytringskultur og

ytringsfridom. Skiftet frå eit såkalla «vote-centric» (aggregativt) til eit «talk-centric» demokratiomgrep vert gjerne kalla *den deliberative vendinga* (jf. Patten og Kymlicka 2003: 4–10, Berge 2010). Såleis vert òg diskusjonane om korleis universelle demokratiske rettar skal takle *variasjon* relevante og aktuelle (Patten og Kymlicka 2003: 15–16). Ein del av desse generelle demokratidebattane var ordskiftet mellom liberalistar og kommunitaristar om universelle rettar og kulturdifferensierte rettar (Patten og Kymlicka 2003: 11ff, De Schutter 2007: 4). Me skal no gå djupare inn i teoretiske omgrep frå dette ordskiftet.

## 4 Teoretiske omgrep

Førre kapittel tok mellom anna føre seg føresetnader for at språkpolitiske normer og språkrettar har vorte gjenstand for fagleg interesse dei siste tiåra. I det fylgjande skal teoretiske modellar for språkpolitikk identifiserast og etablerast; modellar som kan relaterast til norsk offentleg språkpolitikk. For å kunne gjere empirien mogleg, trengst omgrep som systematiserer og gjev meining til både språkretts- og språkpolitiske prinsipp og til korleis desse kan argumenterast for.

Kapitlet om forskingstradisjon skal no fyrst gå over i ein presentasjon av synspunkta i debatten mellom liberalistar og kommunitaristar. Desse synspunkta ligg til grunn for mykje av utviklinga av normativ teori for språkpolitikk etter 1990, men omgrepa frå denne presentasjonen skal ikkje operasjoniserast direkte i analysen. Seinare i kapitlet skal dei viktigaste språkrettsprinsippa og språkpolitiske ordningane organiserast i omgrepspar, og desse skal nyttast som element i ulike modellar for språkpolitikk. Det er såleis «omgrepa for språkrettar» og «modellar for språkpolitikk» som skal operasjoniserast i analysekapitla.

### 4.1 Liberalisme og kommunitarisme

#### 4.1.1 Rawls og politisk liberalisme

Eit utgangspunkt for diskusjonen mellom liberalistar og kommunitaristar var den politiske teorien til John Rawls, ein leiande tenkjar i politisk filosofi i etterkrigstida. I hovudverket sitt *A theory of justice* (1971) tek Rawls eit kontraktteoretisk oppgjær med utilitarismen, og i seinare arbeid meistar han ut eit rettssyn som har som premiss at menneska korkje er altruistiske idealistar eller grådige egoistar, men både rasjonelle og rimelege. Det fylgjande baserer seg likevel mest på *Political liberalism* frå 1993, som er ei oppdatering av utgjevinga frå 1971. Her spør Rawls om kva for rettsprinsipp menneske faktisk kan bli samde om når dei skal forme eit samfunn. Fordi mennesket er rasjonelt, har det mål det gjerne vil oppnå, men det er òg rimeleg på det viset at det om mogleg ynskjer å nå desse måla kollektivt, ved å fylgje visse regulerande prinsipp (Rawls 1993: 50–51).

Eit pluralistisk demokratisk samfunn er samansett av individ og samanslutningar med ulike syn på kva eit *sosialt gode* er; det vil seie ulike standardar for livskvalitet, verdiar eller

moralske doktrinar. Rawls ser ikkje på dette som negativt. På spørsmålet om kva for doktrinar som skal få liggje til grunn for samfunnsstyringa, svarer han likevel *ingen*. Poenget med det Rawls kallar sin politiske liberalisme, er at institusjonar skal fungere på rettferdig vis, men at det moralfilosofiske resultatet av dei ikkje skal føreskrivast: «Political liberalism, then, aims for a political conception of justice as a freestanding view. It offers no specific metaphysical or epistemological doctrine beyond what is implied by the political conception itself.» (Rawls 1993: 10).

Såleis utviklar Rawls ein teori som seier at gode skal fordelast ut frå førestillinga om at me alle er i ein opphavleg posisjon, «the original position». I denne tenkte posisjonen, som er bak det såkalla «veil of ignorance», er individa på alle vesentlege punkt på same plan og på like fot. Dei er nullstilte; alle skilnader når det gjeld makt og interesser er oppheva. Då kan og må dei fritt ta stilling til kva slags fordelingsprinsipp dei vil ha. Rawls meiner altså at menneske i ein slik situasjon vil slutte opp om ordningar som er slik at dei vil vere til fordel òg for dei dårlegast stilte (Rawls 1993: 25–26). Kort sagt vil Rawls ha eit fordelingsystem etter to sett prinsipp, to sett som er rangerte: Alle menneske skal ha same tilgang på det mest omfattande systemet av fridomar som kan sameinast med eit tilsvarande system av fridomar for andre. Dessutan skal sosiale og økonomiske skilnader berre godtakast dersom dei er til størst fordel for dei dårlegast stilte og om dei er knytte til posisjonar alle kan tevla om på like vilkår (Rawls 1993: 226). Det fyrste prinsippet syter for formell jamstilling, det andre prinsippet er eit utjamningsprinsipp, det syter for reell jamstilling ved å forsøke å gje alle like moglegheiter når bakgrunnen er allereie eksisterande, uforskyldte ulikskapar. Målet er altså like konkurransevilkår.

I eit demokratisk samfunn med mange og ulike omfattande doktrinar vil det òg truleg vere ulike oppfatningar om korleis ein vurderer om argument er gyldige. Dette kan bli problematisk når ein skal legitimere rettferdskonseptet og basisinstitusjonane som dei to rettferdsprinsippa konstituerer. Rawls hevdar at hans politiske rettferdsomgrep skal vere eit «publicly recognized point of view from which all citizens can examine before one another whether their political and social institutions are just.» (Rawls 1993: 9). For å døme om konseptet må ein ha felles ideal om diskusjon og resonnering, «a companion agreement on guidelines of public inquiry and rules for assessing evidence.» (Rawls 1993: 139).

Såleis meiner Rawls at han føreskriv ein teori med *prosedurale* element. Essensen i prosedural rettferd er at det som er rett, er spesifisert eller konkretisert i *den rette*

*prosedyren*, uansett kva utfallet måtte vere (Rawls 1993: 73). Rawls prosedurale rett oppstår altså når det ikkje er noko uavhengig, eksternt kriterium for det ‘rette’ resultatet; «instead there is a correct or fair procedure such that the outcome is likewise correct or fair, whatever it is, provided that the procedure has been properly followed.» (Rawls 1971: 86).

#### **4.1.2 Kommunitaristisk reaksjon**

I 1970-åra vart teoriene til Rawls utvikla av fleire; mellom dei viktigaste var Ronald Dworkin. På 1980- og 1990-talet møtte så Rawls-tradisjonen kritikk. Innvendingane kom frå dei såkalla ‘communitarians’, og sentrale filosofar her var Alasdair MacIntyre, Michael Sandel og Charles Taylor. Desse skal likevel aldri ha identifisert seg med den moderne kommunitaristiske rørsle, den såkalla *Responsive communitarianism movement*, som hadde utspring i USA i byrjinga av 1990-åra. Den kommunitaristiske merkelappen på MacIntyre, Sandel og Taylor var stort sett nytta av andre, oftast motdebattantar (Bell 2013, Slagstad 2011: 436, Vetlesen 1996).

Trass i dette skal nemninga *kommunitarisme* nyttast i denne avhandlinga, i tråd med norske teoretikarar som Arne Johan Vetlesen (1996) og Rune Slagstad (1994). Slagstad brukar dessutan termen *kommunalisme* om den filosofiske og politiske tradisjonen og termen *substansiell* som motomgrep til den prosedurale posisjonen (Slagstad 1994: 54–55). Rawls-tradisjonen kallar han både «normativ liberalisme», «radikal rettighetsliberalisme» (Slagstad 1994: 53) og berre «liberalisme» (s. 54). I det fylgjande vert både liberalisme og rettighetsliberalisme brukt om sistnemnde, og det skal difor presiserast om og når det vert skilt mellom den klassiske Mill-liberalismen og den nyare Rawls-posisjonen. Her vil det i alle høve vere distinksjonen mellom prosedural Rawls-liberalisme og ein ‘meir’ kommunitaristisk posisjon som er mest relevant. Me kjem tilbake til spørsmålet om den siste posisjonen er liberal eller ikkje, og kva han skal kallast (sjå kap. 4.1.4).

Slagstad brukar motsetnaden mellom kommunitarisme og rettighetsliberalisme som tolkingsramme for fleire av analysane sine av norsk vitenskapshistorie og politisk historie (Slagstad 1998: 101–108 og 462–466, Slagstad 1994). I artikkelen «Feminismen som normativ teori» (1994) etablerer han særleg med grunnlag i Michael Sandels arbeid to motiv i den kommunitaristiske kritikken av liberalismen: det *sosialontologiske* motivet og det *normative* motivet. Det sosialontologiske motivet handlar om det kommunitaristane såg på som ei atomistisk oppfatning av sjølvet i rettighetsliberalismen. Dei vurderte subjektet hjå Rawls som ubunde og usituert, som eit sjølv som vel måla og verdiane sine i samsvar med

eigne subjektive preferansar i eit asosialt rom. Motsett dette såg kommunitaristane på subjektet som alltid innvove i dei konstituerande sosiale fellesskapa, i kollektiva sine. Diskusjonen mellom liberalistar og kommunitaristar var altså i fyrste omgang eit ordskifte om universalisme og partikularisme på eit heller abstrakt moralfilosofisk plan (Slagstad 1994: 54–57).

Men utover 1990-talet tok ordskiftet ei meir konkret politisk retning som tydeleggjorde ein normativ agenda i kommunitarismen (Bell 2013). Det vart no knytt til dei samtidige debattane om kulturelle og språklege minoritetar som det vart vist til i førre kapittel (sjå kap. 3.2.2). Dette normative motivet skal presenterast ved ei tilvising til ein av dei fremste kommunitaristiske teoretikarane sitt kanskje mest vidgjetne arbeid. I 1992 lanserte kanadiske Charles Taylor sin teori om multikulturalitet i essayet «The politics of recognition» (Taylor 1992). Her set han opp to hovudmodellar for politisk organisering av eit verdi- og kulturpluralistisk samfunn. Jamvel om Taylor ikkje kritiserer Rawls direkte, kan «the politics of universalism» sjåast som Rawls-liberalisme, der jamstilling er rekna som kulturblinde, «difference-blind», identiske fridomar og moglegheiter for alle borgarar. På den andre sida er altså «the politics of recognition», hevdar Taylor. Denne modellen krev respekt for fundamentale statsborgarlege rettar. Men på desse premissane krev han òg at offentlege institusjonar aktivt vernar sårbare kulturar for å gje desse dei verktya dei treng for å sikre dei kulturelle interessene deira. *Særlege* rettar for kulturelle mindretalsgrupper kan vere slike verkty. Taylors sympati ligg i sistnemnde modell: «If we're concerned with identity», seier han, «then what is more legitimate than one's aspiration that it never be lost?» (Taylor 1992: 40). Taylor er såleis ikkje essensialist eller primordialist; han argumenterer for at ulike kulturelle identitetar og språk er *sosiale, kollektive gode* som skal vurderast som like verdifulle. Difor må offentlege institusjonar sikre individ adekvat godtaking («recognition»), om individa i desse gruppene skal få nytte og uttrykkje identitetane sine fritt.

Rune Slagstad oppsummerer den normative debatten slik: Rawls-liberalismen hevdar at i eit moderne kultur- og verdipluralistisk samfunn kan rettferd og demokrati berre finnast i prosedurale prinsipp som institusjonelt garanterer like rettar og fridomar for alle. Det må altså vere «konsensus på metanivå om de 'rette' ordningar som kan muliggjøre den privatiserte realisering av det gode liv» (Slagstad 1994: 54). Kommunitaristane meiner på den andre sida at legitimiteten til eit samfunn er bunden til sams verdiar i *substansiell*

forstand. Spørsmålet om ‘det gode’, det Slagstad kallar «kollektive forestillinger om det gode liv», må ikkje normativt vike i kommunitarismen (sst).

### 4.1.3 Kymlicka og kulturliberalisme

Ein ny innfallsvinkel til kulturelle rettar og dermed multikulturpolitikk i kjølvatnet av diskusjonane på 1980- og 1990-talet kom frå Will Kymlicka. Kymlicka har vorte presentert som ein kompromissmakar mellom liberale og kommunitaristiske omsyn, som ein som har gjort premissane om individuell fridom compatible med ideen om kulturelle rettar (De Schutter 2007: 4, Laitin og Reich 2003: 90). Me skal kort sjå på kva som ligg til grunn for brbyggjarstatusen.

Kymlicka ynskjer å forsvare kulturelle minoritetsrettar som legitime komponentar i liberalismen (Kymlicka 1995: 49–50). Eitt av dei sentrale poenga hans er at individuell fridom krev ein kulturell «context of choice» (s. 83). Den sosiale verda vår gjev ei ramme for livet vårt på alle plan, og me kan såleis ikkje gå ut frå at våre moralske omgrep er fritt oppfunne. Fenomen og omgrep har verdi for oss i den grad kulturen vår gjev dei meining, i den grad dei høver i eit mønster av aktivitetar som er aksepterte av dei som deler ei viss livsform som ein måte å føre eit godt liv på (Kymlicka 1995: 84, Kymlicka 1989: 166).

Kymlicka meiner at eit menneske sin kulturelle kontekst er individuelt verdifull av to årsaker: For det fyrste gjev han personleg autonomi. Ein viktig føresetnad for autonomi er å ha eit tilstrekkeleg utval av alternativ å velje mellom. Kulturar gjev kontekstar for val som framskaffar dei narrativa som me formar liva våre etter, og som gjev meining til dei same forteljingane. Dessutan argumenterer han for at det er ein djup samanheng mellom sjølvrespekten til ein person og den respekten som møter den kulturelle gruppa som personen er ein del av. Såleis er det ikkje berre deltaking i ein eller annan kultur, men deltaking i eins eigen kultur som må sikrast. Den sosiale verda gjer altså ei rad ting verte å gjere, oppnå eller bli. Dette undergrev likevel ikkje den liberale vekta på autonomi. Innanfor eit slikt tankesett er det monaleg rom for individuelle val, meiner Kymlicka: Det beste livet er det livet der individet *vel* kva det gjer, oppnår og er, jamvel om desse vala vert gjort innanfor eit visst rammeverk som ikkje er valt (Kymlicka 1995: 101–105).<sup>9</sup>

---

<sup>9</sup> Kommunitaristar har kritisert Kymlicka for å leggje for stor vekt på meininga som valet i seg sjølv har for menneske, uavhengig av kva for val som vert gjort. Responsen til Kymlicka har vore at det som står på spel, ikkje er det fortreftelege ved å ta val isolert sett, men at val skal vere mogleg.



Den filosofiske premissen «context of choice» fører Kymlicka over i ein politisk-normativ påstand: Fordi folk som høyrer til minoritetsgrupper, også språkminoritetsgrupper, har mindre tilgang til sine egne kulturar jamført med dei som høyrer til majoritetskulturar, har dei rett til politisk støtte (Kymlicka 1995: 109). Dette vert knytt til konseptet språklege *grupperettar/kollektive språkrettar*: «that some forms of cultural difference can only be accommodated through special legal or constitutional measures, above and beyond the common rights of citizenship» (Patten og Kymlicka 2003: 26), altså «rights that can be exercised only by members of designated language groups» (Patten og Kymlicka 2003: 30). Det sentrale spørsmålet er om ein skal kunne spesialbehandle nokon fordi dei tilhøyrer ei lingvistisk gruppe, med andre ord om språkleg gruppeidentitet skal ha relevans i utforming av rettar og politikk. Den politiske filosofen Helder De Schutter meiner dei fleste normative spørsmål når det gjeld språkpolitikk kan sporast i debattar om kva for rolle språkgrupper skal spele for politikkuforming (De Schutter 2007: 5), og Patten og Kymlicka seier det same: «Talk of a conflict between individual and collective rights is usually just an awkward way of raising a set of basic normative questions about language policy» (Patten og Kymlicka 2003: 31).

Språkrettsteoriane til Kymlicka har altså vore sette på som ein tredje veg i skismaet liberalisme-kommunitarisme. Kymlicka meiner at kulturell og språkleg tilhøyrslle har ein eigenverdi for individet, og denne eigenverdien legitimerer gruppedifferensierte språkrettar. Om det primært er *identiteten* mellom språkbrukaren og den språklege konteksten som skal vere grunnlaget for reguleringane, kan Kymlickas posisjon såleis minne om den kommunitaristiske. Men på den andre sida hevdar han *også* at grunnlaget for å etablere slike kollektive språkrettar er at språkmindretala har vanskelegare vilkår og difor treng *kompensasjon* gjennom reguleringar. Dersom Kymlicka meiner det primært er utjamning av vilkår og dermed rettferd for språkmindretala som bør normere politikken, ikkje fyrst og fremst det at språkgruppene får tilgang til ein bestemt språkleg kontekst, må han sjåast som meir rettighetsliberalistisk. Dei amerikanske statsvitarane David D. Laitin og Rob Reich karakteriserer då òg Kymlicka som den fremste eksponenten for «liberal culturalism»:

As a liberal, Kymlicka demands that a state guarantee[s] the basic civil and political rights of all its citizens and he defends the value of personal autonomy. As a culturalist, Kymlicka thinks that individuals exercise freedom only through their moorings to a societal culture, and that this fact should lead liberals to take a moral interest in cultures. (Laitin og Reich 2003: 89)

#### 4.1.4 Teoriutvikling i kjølvatnet av Kymlicka

Debatten mellom kommunitaristar og liberalistar og Kymlickas oppfylging i meir språkpolitisk og språkrettsleg retning har generert ei mengd freistnader på å omgrepsfeste ulike språkretts- og språkpolitiske prinsipp og normative grunnlag for desse. For analysen min av legitimeringar i norsk språkpolitikk er det ikkje viktig å plassere Kymlickas teori i den eine eller andre båsen. Viktigare er det å gjere greie for kva for båsar som vert brukte, det vil seie kva for kategoriar materialet skal sjåst inn i (eller ut frå).

Den utgreiinga skal no gjerast ved hjelp eit knippe vitenskaplege arbeid, som for oversynet sin del fyrst skal listast opp, rett og slett. Brukt i dette kapitlet er altså allereie *Multicultural citizenship* av Will Kymlicka frå 1995. Dessutan skal *Culture, citizenship, and community. A contextual exploration of justice as evenhandedness* frå 2000 av den politiske filosofen Joseph H. Carens nyttast. Frå *Language rights and political theory* frå 2003, redigert av Patten og Kymlicka, er fylgjande arbeid brukt: Patten og Kymlicka sin oversynsartikkel «Introduction: Language rights and political theory. Context, issues and approaches», Pattens «What kind of bilingualism?», juristen Ruth Rubio-Marins «Language rights: exploring the competing rationales», Laitin og Reich sin nemnde «A liberal democratic approach to language justice», dessutan juristen og rettsfilosofen Denise Réaumes «Beyond personality: the territorial and personal principles of language policy reconsidered». Både Kymlicka, Carens, Patten og Réaume er tilknytte forskingsinstitusjonar i Canada.

Frå *The Cambridge handbook of language policy* frå 2012, redigert av Bernard Spolsky, nyttar framstillinga bidraget frå Réaume, «Philosophy of language policy», som ho har publisert saman med juristen Meital Pinto, også ho knytt til kanadisk akademia. Frå dette verket skal det dessutan visast til språkforskaren Colin H. Williams sitt arbeid «Language policy, territorialism and regional autonomy», og til ein artikkel av David Robichaud og Helder De Schutter «Language is just a tool! On the instrumentalist approach to language».

Andre artiklar som vert brukte, er De Schutters oversynsarbeid «Language policy and political philosophy. On the emerging linguistic justice debate» (De Schutter 2007), Pintos «On the intrinsic value of Arabic in Israel – challenging Kymlicka on language rights» frå same året (Pinto 2007) og dessutan ein artikkel av språkpolitikkforskarer Huw Lewis frå 2011, «Liberalism, language revival and employment» (H. Lewis 2011). Til slutt skal Amy H. Lius avhandling *The politics of language regimes* (Liu 2009) nemnast, dessutan dei

norske juristane Kåre Lilleholt og Sigve Gramstad si kommentarutgåve til lov om målbruk i offentlig teneste (Lilleholt og Gramstad 1983).

Dei fleste av desse teoretikarane, kanskje alle bortsett frå Patten og Kymlicka, Williams og Liu, har ein normativ-kritisk agenda og plasserer seg difor på aksen mellom 'liberalisme' og 'kulturalisme' som me ser Laitin og Reich peikar på i sitatet ovanfor (sjå kap. 4.1.3).

Plasseringa deira er ikkje så relevant for analysen her, det relevante er at alle desse godkjenner nettopp denne aksen som det sentrale omdreiingspunktet for teoriutviklinga. Slik kan omgrepa frå arbeida deira jamførast og nyttast saman. Til ålmenn orientering skal det likevel gjerast kort greie for korleis dei plasserer seg: De Schutter og Robichaud og De Schutter ser ut til å vere nærare den liberalistiske posisjonen, det gjer også Patten, Carens og Laitin og Reich. Så er Lewis, Rubio-Marin, Réaume, Pinto og Réaume, Pinto og Lilleholt og Gramstad nærare den andre posisjonen.

Ein skal ha det høgst situerte ved omgrepet 'liberalisme' i mente. Det kan vere tilslørande å bruke *liberalistisk* einast om den prosedurale posisjonen. For dei angloamerikanske teoretikarane verkar det å vere eit poeng å ta kamp om og få hevd på omgrepet 'liberal', noko som naturlegvis knyter seg til samfunnsliv og politiske kontekstar i USA, Canada og Storbritannia. Til dømes ser Réaume (2003) og Lewis (2011) sine agendaer ut til å vere å vidareføre Kymlickas forsøk på å vise at ein liberal språkpolitikk også bør røme kulturalistiske posisjonar. Problemstillingane i undersøkinga til Lewis er i så fall symptomatiske:

How should liberals respond to the moral objections raised in relation to language revival efforts? Are some of the practical steps that have been taken in recent years in order to promote the prospects of various minority languages guilty of going too far and of undermining important liberal principles? (H. Lewis 2011: 1019)

På den andre sida er ambisjonane til for eksempel De Schutter og Laitin og Reich å vise at ein språkpolitikk som kallar seg liberal *ikkje* kan røme språkrettsleg multikulturalisme (De Schutter 2007, Laitin og Reich 2003).

Denne framstillinga skal ikkje ta stilling i spørsmålet om norsk språkpolitikk er eller kan kallast *liberal*, med alle implikasjonane dette omgrepet har. Nemninga *prosedural* vert nytta om den aktuelle 'liberale' posisjonen.

## 4.2 Omgrep for språkrettar og språkpolitiske ordningar

### 4.2.1 Toleranseorientert og styrkingsorientert språkpolitikk

No var det ikkje i fronten mellom liberalistar og kommunitaristar at dei faglege diskusjonane om kulturelle og språklege fleirtals- og mindretalsrettar byrja. Også i språkplanleggingas pionértid gjekk ordskifta om kulturelle og språklege fleirtals- og mindretalsrettar, men med noko meir teknisk og mindre filosofisk vekt.

Ein av dei fyrste som freista å klassifisere og omgrepsfeste språkpolitikk etter slike liner, var den tyske språkvitaren Heinz Kloss. Kloss identifiserte ein distinksjon mellom språkpolitikk som er toleranseorientert, «tolerance-oriented», og den som er styrkingsorientert, «promotion-oriented» (Kloss 1971: 359–262). Toleranselegitimerte språkrettar har me når staten innrømmer personar rett til å vere verna frå statleg innblanding i deira private språkleg praksis, det vil seie rettार som tillet språkbrukarar å nytte kva for språk dei vil. Dette må nødvendigvis vere avgrensa til private felt; organisasjonar, arbeidsplassen, «civil society» (Patten og Kymlicka 2003: 26). Den andre posisjonen, fremjings- eller styrkingsorientert språkpolitikk, involverer bruk av særlege språk i offentlege institusjonar. Dette er rettार som ein kan ha i høve til offentleg, statleg språkbruk – i statstenesta, i opplæring, i rettssystemet. Kloss utvikla distinksjonen fyrst og fremst for å kunne differensiere krav frå ulike språkgrupper; og då særleg nye og gamle språkminoritetar. Han meinte at fyrstnemnde burde ha toleranserettar, medan sistnemnde burde ha både toleranserettar og styrkingsrettar (Patten og Kymlicka 2003: 27, Rubio-Marín 2003: 54).

Distinksjonane til Kloss korresponderer med kategoriane til juristane Kåre Lilleholt og Sigve Gramstad i deira kommentarutgåve til lov om målbruk i offentleg teneste frå 1983. Her hevdar dei at jamstilling i debatten om mållova har vore forstått som to prinsipp (Lilleholt og Gramstad 1983). Det eine er fridom til å bruke sitt føretrekte fyrstespråk når ein vender seg til styresmaktene, som dei kallar *likeverdsprinsippet*. Det andre inneber *også* ein rett til å bli møtt på sitt eige språk av styresmaktene, det vil seie at staten nyttar dette språket. Dette kallar dei *jamstillingsprinsippet* (Lilleholt og Gramstad 1983: 11–13).

Fleire teoretikarar peikar på at kategoriane til Heinz Kloss, «tolerance-oriented» og «promotion-oriented», er problematiske som analyseverky (jf. Réaume og Pinto 2012: 45, Patten og Kymlicka 2003: 26–27, Rubio-Marín 2003: 54). Innvendingane går på at omgrepa impliserer at kvar gong staten aktivt støttar og legg til rette for eit språk, er dette per definisjon ein type *styrking eller fremjing*, motsett passiv toleranse. Men er det å styrkje og

beskytte språk det einaste alternativet til toleranseposisjonen? Nei, seier Ruth Rubio-Marín, det finst mange døme på at statar innrømmer positive rettar til språk og språksamfunn, utan at dette i røynda inneber ein ambisjon om språkstyrking (Rubio-Marín 2003: 55). Eit døme er tolketenester i rettssaker, noko mange statar ser på som naudsynt for demokrati og rettstryggleik. Ein kan vanskeleg påstå at dette eigenleg inneber styrking eller fremjing av det aktuelle språket. Difor nyttar Rubio-Marín i staden kategoriane instrumentelle og ikkje-instrumentelle rettar. Instrumentelle rettar er til for dei som vantar kompetanse i majoritetsspråket, og er designa for å fremje kommunikasjon og forståing. Ikkje-instrumentelle er rettar som vert gjevne uavhengig av kommunikasjonsføremål, dei vert gjevne til ei eller fleire mindretalsspråkgrupper uansett om brukarane her er kompetente i majoritetsspråket eller ikkje (Rubio-Marín 2003: 56–67).

#### 4.2.2 Negative og positive rettar

Å skilje språkrettar på om dei er (instrumentalistisk) designa for å fremje kommunikasjon eller ikkje, er lite fruktbart i vår kontekst. Ein kvar språkrett for nynorskbrukarar i Noreg må i så fall vere ikkje-instrumentalistisk, etter som skriftspråka er gjensidig forståelege. Her skal eit anna omgrepsett difor nyttast. Det Lilleholt og Gramstad identifiserer som jamstillings- og likeverdprinsippet og Kloss som styrkings- og toleranseorientering ser med visse justeringar ut til å svare til omgrepsparet *negativ og positiv språkrett*. Utgreiinga om negative og positive språkrettar frå innleiinga skal no få eit kort framhald (sjå kap. 1.2.1.1), deretter vert justeringane i høve til Kloss og Lilleholt og Gramstad presiserte.

*Negative språkrettar (negative liberties)* inneheld rett til fridom frå diskriminering og fridom frå innblanding frå staten. Statens engasjement skal berre gå til engasjement mot undertrykking (Rubio-Marín 2003: 54). Negative rettar er såleis instrument for ein type lingvistisk ytringsfridom: Dei *kan*, men *må* ikkje ha som resultat å styrkje eit språk eller ei språkgruppe, men *må* ha som resultat å styrkje ytringsfridom (Réaume og Pinto 2012: 47). Med *positive* språkrettar har staten aktivt forplikta seg til å gripe inn til fordel for og leggje til rette for eit særleg språk eller særlege språk ved ulike tiltak på ulike felt (Patten og Kymlicka 2003, Rubio-Marín 2003: 54–55).

Såleis korresponderer ikkje kategoriane til Kloss og Lilleholt og Gramstad heilt med omgrepa negative og positive språkrettar, iallfall ikkje om ein reindyrkar dei siste. Å ha retten til å vende seg til statsapparatet på det aktuelle språket er ikkje ein fullstendig negativ språkrett: Staten har då forplikta seg til å måtte lese og forstå det ein skriv (eller seier). At

ein i det heile har høve til å nytte eit bestemt språk i høve til staten, er altså noko anna enn negative språkrettar, noko som truleg er enklare å sjå i forvaltninga av samisk enn i forvaltninga av nynorsk. Lilleholt og Gramstad sin distinksjon verkar likevel fornuftig; retten til å vende seg til staten på eit språk er ein annan type språkrett enn retten til at staten også må *bruke* det bestemte språket. Slik kan ein hovudsakleg negativ språkrett skiljast frå ein hovudsakleg positiv språkrett. Fleire teoretikarar, til dømes Meital Pinto, føretrekkjer då òg termene *hovudsakleg negative* og *hovudsakleg positive* rettar. Ho hevdar det er umogleg å reindyrke kategoriane, og at dei må sjåast som eit kontinuum (Pinto 2007: 143). På denne bakgrunnen opererer framstillinga nedanfor med fylgjande kategoriar: *negative rettar* (lingvistisk ytringsfridom), *modifiserte negative rettar for brukaren av statstenestene* (staten legg på seg reseptive plikter, det vil seie har resepsjonsplikt) og *positive rettar* (staten legg på seg produktive plikter, det vil seie har produksjonsplikt).

Opplæringsfeltet er noko meir komplisert, men me kan sjå dei same prinsipielle skilja mellom statens produktive og reseptive plikter her. At elevar til dømes har rett til å levere skriftlege arbeid på fyrstespråket sitt og til å skrive dette språket på eksamen er noko anna enn negativ lingvistisk ytringsfridom, som ikkje set krav til tilrettelegging frå opplæringsstyresmaktene i det heile. Men det er òg noko anna enn at det aktuelle språket vert nytta som undervisnings-, klasserom- og administrasjonsspråk, og ikkje minst, det er noko anna enn å få opplæring *i* det aktuelle språket som fyrstespråk.

Korleis kan ein så kategorisere desse skilnadene mellom språklege opplæringsrettar? Colin Baker har i fleire tiår forska på to- og fleirspråkleg opplæring over heile verda, og særleg har hans *Foundations of bilingual education and bilingualism* vorte ein klassikar på feltet (Baker 2011). Bakers typologi for fleirspråklege opplæringsmodellar skil særleg mellom veike og sterke former for fleirspråklegheit (Baker 2011: 210). *Dei veike formene* er karakteriserte av instrumentalistisk grunngeving av opplæringa i minoritetsspråket og mål om monolingvalisme. Dersom det vert gjeve opplæring i minoritetsspråket, er det berre for eit avgrensa tal år: På eit eller anna tidspunkt skal det skje ein overgang, «transition», frå tospråkleg opplæring i majoritetsspråket pluss hjelpespråket (minoritetsspråket) til eittspråkleg opplæring i berre majoritetsspråket (s. 215–216). Slik er til dømes opplæringa etter læreplanen i morsmål for språklege minoritetar/læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar i Noreg organisert (Hvistendahl 2009: 21). *Dei sterke formene* er karakteriserte av kulturell og/eller historisk legitimering av opplæring i minoritetsspråket og mål om at elevane skal meistre også dette når dei er ferdige på skulen (s. 222ff). Dette er

tilfellet for opplæringa samisk og norsk i norsk skule i dag. Bakers typologi er likevel ikkje så finmaska at han fangar opp skilnader i språkrettar som kjem av at statar legg på seg ulik grad av reseptive og produktive plikter. Heller ikkje språksosiologen Tove Skutnabb-Kangas, som har arbeidd mykje med språkrettar i opplæringa og som vidareutviklar Baker sine kategoriar (Skutnabb-Kangas 2000: 579), teoretiserer desse skilnadene. Denne litteraturen gjev altså lite hjelp til å namngje og omgrepsfeste dei relevante distinksjonane.

I det fylgjande vert det difor tydd til same nemningar for opplæringsfeltet som for offentleg teneste. Det kan nok spørjast om kor nyttig det i det heile er å snakke om 'reindyrka' negative språkrettar på opplæringsfeltet, ettersom dette i praksis berre tyder rett til å bruke mindretalsspråket mellom elevar og kanskje helst i pausar. Det vil seie *utanfor* opplæringssituasjonen – det Skutnabb-Kangas kallar «the sink-or-swim model» (Skutnabb-Kangas 2000: 582). For denne avhandlinga sin ambisjon om å generalisere over den samla norske språkpolitikken, er det likevel ein fordel å kunne nytte same kategoriar og nokolunde same termar om offentleg teneste- og opplæringsfeltet. Ynsket er å finne fram til omgrep som gjev mening til fleire felt i ein jurisdiksjon sin språkpolitikk.

Nytta vert difor fylgjande kategoriar og nemningar når det gjeld språkopplæringsrettar: *Ein negativ språkrett* er nettopp privat lingvistisk ytringsfridom på skulen *rundt* opplæringssituasjonen, det vil seie i samanhengar som ikkje har noko med sjølve opplæringa å gjere. Her kan det jamførast med forvaltninga av nynorsk i norsk opplæring før 1885 (sjå kap. 8) og med forvaltninga av nye minoritetsspråk i norsk opplæring i dag, det vil seie for dei elevane som ikkje fylgjer læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar og læreplanen i morsmål (Hvistendahl 2009: 21–22). *Ein modifisert negativ språkrett*, altså statleg resepsjonsplikt, er at eleven kan nytte fyrstespråket sitt i opplæringssituasjonen; til å avleggje eksamenar og prøver og til å levere skriftlege arbeid. *Ein positiv språkrett*, altså statleg produksjonsplikt, er for det fyrste at eleven får opplæring i fyrstespråket sitt og for det andre at dette språket vert nytta i klasserommet og av skuleadministrasjonen. Det er sjølvsagt mogleg å skilje prinsipielt mellom dei to elementa som kjenneteiknar ein positiv språkopplæringsrett, men i praksis heng dei mest alltid saman. Avlegging av eksamen på eit bestemt språk må elles sjåast på som ein positiv rett dersom dette impliserer at staten lyt produsere eksamensoppgåver på det aktuelle språket.

### 4.2.3 Likebehandling og særbehandling

Utgangspunktet for denne distinksjonen er det Kymlicka kallar «group-differentiated rights» (Kymlicka 1995: 26). Gruppedifferensierte rettar er av ulik art: Somme av dei tilhøyrer individuelle medlemmer av minoritetsgrupper, som til dømes dei som ynskjer språklege rettar i opplæring (Patten og Kymlicka 2003: 30). Ein del teoretikarar vil hevde at dette eigenleg ikkje kan kallast gruppedifferensierte rettar, men at dei er individuelle – dei må løysast ut individuelt (De Schutter 2007: 17–18). Etter Patten og Kymlicka tilhøyrer andre gruppedifferensierte rettar ei gruppe som gruppe heller enn einskildmedlemene i gruppa for seg. Retten må altså løysast ut kollektivt, ikkje individuelt. Nemnt som døme er urfolk og nasjonale minoritetar som krev retten til sjølvstyre, og i desse tilfella er multikulturalisme nært knytt til nasjonalisme. I alle høve skil gruppedifferensierte språkrettar seg frå universelle språkrettar: Medan universelle rettar er noko som alle innanfor jurisdiksjonen formelt har, er gruppedifferensierte rettar noko som berre brukarar av visse språk har (Patten og Kymlicka 2003: 30–31, sjå kap. 1.2.1.2 og 4.1.3).

I forvaltninga av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål er det vanskeleg å sjå slike gruppedifferensierte rettar, eller *særbehandling*, som det skal kallast her. Både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar har til dømes rett til å opprette parallellklassar på barnesteget. Om dette berre galdt nynorskbrukarar, kunne ein ha kalla det ein gruppedifferensiert rett som berre kan løysast ut individuelt. Men retten gjeld både nynorskbrukarar i bokmålsskulekrinsar og bokmålsbrukarar i nynorskskulekrinsar, og er dermed ikkje differensiert, men universell. Han representerer likebehandling. Sameleis er det òg vanskeleg å tenkje seg rettar som til dømes berre nynorskbrukarar har, og som må løysast ut kollektivt. Både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar har rett til å kollektivt avgjere om kommunen deira eller skulekrinsen deira skal ha nynorsk eller bokmål, men retten er ikkje differensiert – baae grupper har like stor rett til å avgjere dette. At det ikkje er *mykje* særbehandling i norsk offentleg språkpolitikk tyder likevel ikkje at dette ikkje finst i det heile, som me skal sjå (sjå kap. 9.3 og 16.2.1, til dømes).

Så vil nokon hevde at brukarane av eit mindretalsspråk, i dette tilfellet nynorskbrukarane, i realiteten er særbehandla når dei er formelt likebehandla. Rasjonalet er i så fall at nynorskgruppa er så mykje mindre enn bokmålsgruppa. Det gjer likebehandling urettferdig; til eit røynleg privilegium. Men dette er eit spørsmål som handlar om kva som i utgangspunktet har vorte bestemt som *like storleikar* (sjå kap. 5.3.5.3), og tilhøyrer i så måte ein annan diskusjon. Ut frå premissen om at nynorsk og bokmål nettopp er definerte som



like storleikar, er målet her å undersøkje om og når staten likevel formelt særbehandlar ei av gruppene.

Det er mogleg å tenkje seg ulike kombinasjonar av negative og positive rettar og likebehandling og særbehandling. Negativ likebehandling er same rett til lingvistisk ytringsfridom. Modifisert negativ likebehandling er til dømes når både nynorsk- og bokmålsbrukarar har same retten til å vende seg til staten på føretrekt språk. Positiv likebehandling er det når både nynorsk- og bokmålsbrukarar har same retten til at staten kommuniserer med dei på føretrekt språk, eller når både nynorsk- og bokmålsbrukarar har same retten til å etablere språklege parallellklassar på barnesteget. Positiv særbehandling er til dømes når staten gjev særleg økonomisk støtte til utgjeving av nynorskbøker. Negativ særbehandling må etter mine omgrep innebere rett til lingvistisk ytringsfridom for berre utvalde grupper i ein jurisdiksjon. Eit døme frå Noreg kan vere tidlegare lokale praksisar med forbod mot å snakke samisk i friminuttar og/eller i internatskulefritida, fordi det då berre skulle snakkast norsk (Skutnabb-Kangas 2000: 337 og 345). Modifisert negativ særbehandling er til dømes at berre personar med norsk som fyrstespråk kan vende seg til den norske statsforvaltninga på eige språk. Den same retten har ikkje dei med samisk fyrstespråk utanfor det det samiske forvaltningsområdet (Sameleva 1987: § 3–3).

Innleiingsvis vart det hevda at til dømes Patten (2003), Réaume (2003) og Williams (2012) meiner offisielle språkrettsregime og positive rettar kan organiserast ut frå to hovudprinsipp: «personality principles» og/eller «territoriality principles» (Patten 2003: 297, Réaume 2003: 274, Williams 2012: 180). Her vert desse omsette til *personlege ordningar* og *territorielle ordningar*, og dessutan vert ei synonym nemning som *tilnærming* nytta (sjå kap. 1.2.1.3).

Når ein snakkar om territorielle og personlege ordningar er utgangspunktet ein stat eller ein annan jurisdiksjon (Patten 2003: 298). Lat oss her kalle det ein stat. Territorielle ordningar handlar oftast, ikkje alltid, om freistnader på å dele ein multilingval stat inn i ein serie av meir eller mindre monolingvale område, oftast av praktiske årsaker. Det er sjølvsgatt vanskeleg å bestemme korleis ein skal dra grensene mellom desse territoria. Sjølv om språk har ein tendens til å bli konsentrerte i eit (eller fleire) geografisk(e) område, er det sjeldan slik at brukarar av eit språk plasserer seg greitt og oversiktleg i eit territorium (Patten 2003: 303, Réaume 2003: 277). Belgia og Sveits er døme på statar som tradisjonelt er rekna for å ha homogene språkgeografiar, og som (dermed) opererer med typiske territorielle ordningar (Patten og Kymlicka 2003: 29). Men bår desse statane opplever problem i høve til

lingvistiske ‘gråsoner’; til dømes minoritetar i minoritetar, to- og fleirspråklegheit, språkleg og kulturell overlapping og diglossi. De Schutter skildrar situasjonar

...in which two or more language groups live intermixed in such a way that it is often impossible to draw consistent borders around monolingual groups, such as in Brussel and such as in regions where Welsh, Russian (in the Baltic states), Catalan og Basque are spoken. (De Schutter 2007: 15)

Også Canada vert ofte trekt fram som ein språksituasjon med stor grad av hybriditet eller overlapp, og som (difor) i stor grad nyttar personlege språkpolitiske ordningar:

Federal government services are made available in either English or French anywhere in the country so long as numbers warrant, and parents have a right to send their children to public schools in their own official language, again subject to the proviso that there be a minimum level of demand. (Patten og Kymlicka 2003: 29)

Noreg er òg ein stat med heller stor territoriell skriftspråkblanding, både når det gjeld tilhøvet mellom nynorsk og bokmål og mellom samisk og norsk. Likevel tek forvaltninga av nynorsk og bokmål utgangspunkt i ein del territorielle språkpolitiske ordningar. Men til skilnad frå mange andre fleirspråksamfunn, er den norske territorielle språkpolitikken basert på lokale fleirtalsavgjerder når grensene mellom språkterritoria skal dragast. Det tyder at i Noreg har den administrative eininga fyrst vorte etablert – det vil seie kommunen eller skulekrinsen. Deretter er det altså opp til folkefleirtalet om det skal vere nynorsk eller bokmål i eininga – gjennom direkte val i skulekrinsen eller indirekte val i kommunen. Einingane har ikkje vore etablerte ut frå lingvistiske tilhøve, i motsetnad til for eksempel irske *gaeltacht*. Det er heller ikkje sentralstaten som har avgjort kva for eining som skal ha kva språk, som i Irland (Nybø 2013: 157–161).

Eit døme på ei norsk språkpolitisk territoriell ordning er elevane sitt fyrsteskriftspråk i barneskulen. Det er geografisk bestemt. Eit døme på ei personleg ordning er retten eleven likevel har til å velje lærebøker på det andre skriftspråket, eller retten på vilkår til å gå i språkleg parallellklasse. Desse rettane er baa positive. Det er nok prinsipielt mogleg å tenkje seg *negative* territorielle ordningar; altså lingvistisk yringsfridom som er avhengig av kva for territorium av staten ytraren oppheld seg i, men døme på dette byd ikkje forvaltninga av nynorsk og bokmål på. Eit døme på ein modifisert negativ territoriell språkrett frå den samla norske språkpolitikken, er den før nemnde ordninga om ein ikkje har rett til å vende seg på

samisk til statsforvaltninga utanfor det samiske forvaltningsområdet (Samelova 1987: § 3–3). I språkpolitikken for nynorsk og bokmål er negative språkrettar personlege, dei representerer ein lingvistisk ytringsfridom uansett kvar ytraren er i staten.

Frå eit nedanfrå-perspektiv, sett frå språkbrukarnivå i eit territorium, kan ei territoriell ordning som til dømes fyrstespråk i skulen karakteriserast som *særbehandling*: Ho gjer ein viss språkbruk til default og særbehandlar dermed visse språkbrukarar *innanfor kommunen* eller *innanfor skulekrinsen*. Men frå lovgjevarperspektivet er den same ordninga *likebehandling*: Ho likebehandlar språka og territoria slik at kvart territorium (kommune, krins) kan velje kva for språk det vil. Det er frå lovgjevarperspektivet omgrepa her vert definerte, så det som ovanfor vart identifisert som territoriale ordningar, må såleis kallast likebehandling.

### **4.3 Modellar for språkpolitikk**

#### **4.3.1 Offisielle språkrettar og tilpassingsordningar**

Som me hugsar frå innleiinga, vert det som teoretikarane sjølve utviklar som sine (normative) *teoriar* om språkpolitikk, her appliserte som *modellar* (sjå kap. 1.1.3). Det skal no presenterast ein modell for språkpolitikk som spesielt er bygd på ei tolking av Rubio-Maríns justering av Kloss sine kategoriar, men som Patten og Kymlicka og Réaume og Pinto utvidar frå å berre handle om tilrettelegging for kommunikasjon eller ikkje, til også å skilje seg på andre tilhøve.

Rubio-Marín hevdar ein må spesifisere kategorien «promotion-oriented» språkpolitikk (positive rettar), og nyttar altså spesifiseringane instrumentelle og ikkje instrumentelle språkrettar (Rubio-Marín 2003: 56–58, sjå kap. 4.2.1). Patten og Kymlicka og Réaume og Pinto kallar dette heller «the ‘norm-and-accommodation’ approach» og «an official-languages rights regime», og i det fylgjande skal sistnemnde omgrepspar brukast (Réaume og Pinto 2012: 46, Patten og Kymlicka 2003: 28). Nemningane vert her omsette til *tilpassingsordningar* og *offisiell* språkrettspolitik. Tilpassing karakteriserer situasjonar og samfunn der eit majoritetsspråk normalt vert nytta på dei fleste felt, men som likevel held seg med ein politikk som «impose some positive duties on government to provide for the use of a minority language in certain contexts, but these are seen as exceptions to the general rule» (Réaume og Pinto 2012: 46). Ein offisiell språkrettspolitik held seg som hovudregel med positive språkrettar også for mindretalspråk(et) på viktige felt, og desse

rettane er per definisjon motiverte i ynsket om å ta vare på desse andre språka. Offisielle rettar speglar *nødvendigvis* ei interesse i fleirspråklegheit, og medfører såleis ei meir permanent, statleg ‘anerkjend’ stilling for det aktuelle språket (Réaume og Pinto 2012: 51, Rubio-Marín 2003: 57, Patten og Kymlicka 2003: 28).

Såleis ser omgrepet offisielt språkrettsregime ut til å falle saman med definisjonen på «power-sharing language regimes» i Amy H. Liu avhandling (Liu 2009). Desse er rettsleg «defined by the use of multiple languages», ifylgje Liu, både i styringsverk og i opplæringsystemet. Det motsette er «power-concentrating» språkpolitikk, «characterized by the concentration of linguistic powers in the dominant group language» (Liu 2009: 18).

Modellen byggjer altså på to aksar eller omgrepsspar. Den fyrste er den som går på rettstypen, altså den mellom vilkårslause, offisielle språkrettar og behovsprøvde tilpassingsrettar. Den andre går på resultatet av politikken, altså mellom eittspråklegheit eller fleirspråklegheit. Modellen seier at desse aksane fell saman: Ein fleirspråkleg stat *krev* offisielle rettar for dei språka som skal inngå i fleirspråklegheita. Dersom rettane ikkje er offisielle, er fleirspråklegheita ad hoc og mellombels. Det å gje eit språk ein offisiell rett, er å deontologisk godkjenne det (Patten og Kymlicka 2003: 28).

Modellen kan òg kombinerast med eit nokså vanleg syn på kva territoriell og personleg språkpolitikk inneber. Territorielle tilnærmingar er ofte knytte til ynske om eittspråklege einingar og språkleg homogenisering, eller til språkpolitikkar som ‘latar’ som det berre finst eitt språk i kvart område (De Schutter 2007: 13–16, Réaume 2003: 274ff). Dei driv såleis tilpassingspolitikk for språk i mindretal. Motsett føreset personlege, transportable språkrettar meir enn eitt språk i den aktuelle jurisdiksjonen (Réaume 2003: 276), og er såleis teikn på offisiell språkrettspolitikk for mindretalsspråk(et).

#### **4.3.2 Negativ og positiv nøytralitet**

Den andre modellen me skal sjå på, tek utgangspunkt i motsetnaden mellom liberal proseduralitet og det kommunitaristiske kultursynet som dette kapitlet innleia med, men er bygd på det som metaforisk kan kallast aksene mellom negative og positive rettar. Modellen er ei tolking av korleis ulike teoretikarar i den prosedurale posisjonen handterer spørsmålet om verdinøytralitet i språkpolitiske spørsmål. Karakteristisk for båe posisjonar i modellen er at dei ikkje formulerer eit fundamentalt normativt krav for språkpolitikken i form av eit særleg utfall («outcome»), men i staden set krav til prosedyren som ordninga eller retten

vert forma etter. Patten og Kymlicka kallar desse «procedural approaches» og formulerer dei slik:

We do not assess possible language policies, or language rights regimes by asking whether certain desirable outcomes will be generated... Rather we ask whether certain procedural standards have been satisfied in the generation of whatever outcomes happen to come about. (Patten og Kymlicka 2003: 49).

Prosedural argumentasjon kan, avhengig av kva for rettsprinsipp han vert kombinert med, medføre to typar nøytralitetspolitikk: «benign neglect», som eg set om til *velmeinande likesæle*, og «evenhandedness», av meg omsett til *raus rettferd*.

#### **4.3.2.1 Velmeinande likesæle**

Både kommunitaristar og kulturliberalistar har møtt motbør hjå teoretikarar som ynskjer å forsvare den tradisjonelle liberale ideen om språk- og kulturblind politikk. Fleire har knytt denne posisjonen til den politiske filosofen Brian Barry (jf H. Lewis 2011: 1018, De Schutter 2007: 9, Laitin og Reich 2003: 86–87). «Multiculturalist policies are not in general well designed to advance the values of liberty and equality», seier Barry, det er i staden slik at «the implementation of such policies tends to mark a retreat from both» (Barry 2001: 12). Liberal handsaming av kultur mangfald og identitetspluralisme bør altså ifylgje denne klassisk-liberalistiske posisjonen vere grunna i *nøytralitet*. Det er ikkje ynseleg at staten skal prioritere somme oppfatningar av identitet eller det gode liv over andre. Eit føredøme for teoretikarar her er den sekulære religionspolitikken i statar som Frankrike, som seier at det staten må gjere i fleirkultursituasjonar, er å ikkje ta eller lyfte opp nokon posisjon i det heile teke. Negative rettar, det vil seie offentleg *disestablishment* og ein minimal stat, er den beste statlege responsen til pluralisme. Så må statsborgarar naturlegvis sikrast mot direkte diskriminering gjennom forbod (De Schutter 2007: 6, Patten og Kymlicka 2003: 32–33).

Til dette svarer Kymlicka at statleg språk nøytralitet rett og slett ikkje er mogleg. Årsaka til det ligg i språkets natur. Staten må nødvendigvis fungere på eitt eller fleire språk; i sin sosialpolitikk, i opplæring og i parlamentariske, departementale og juridiske institusjonar. Ein stat er per definisjon ein institusjon med språk, og statleg lingvistisk tilbaketrekking er såleis ikkje eit alternativ. Staten kan i prinsippet garantere religionsnøytralitet ved å ikkje slutte seg til nokon offisiell religion, men han kan ikkje garantere perfekt lingvistisk og dermed heller ikkje kulturell nøytralitet (Kymlicka 1995: 111). Kymlicka meiner altså at det verdinøytrale *handsoff*-svaret på korleis ein stat bør oppføre seg i språk- og kulturspørsmål,

nemleg negative rettar og lingvistisk ytringsfridom, rett og slett ikkje verkar. Han kallar posisjonen «benign neglect» (Kymlicka 1995: 52, Patten og Kymlicka 2003: 32), som eg omset til *velmeinande likesæle* i tråd med Rogstad og Solbrække (2012).

Kymlicka vert støtta av De Schutter som formulerer prinsippet slik: «We cannot not intervene» (De Schutter 2007: 17), medan Rubio-Marín går argumentativt hardare til verks: Ho hevdar at velmeinande likesæle kan vere ein strategisk, aktiv språkpolitikk i ly av liberale fridomsargument (Rubio-Marín 2003: 55). Det viktige her er i alle høve å slå fast at denne posisjonen i røynda ikkje kan vere eit normativt grunnlag for språkminoritetsrettar; ettersom posisjonen er *definert* av at han avviser formelle offisielle språkrettar.

#### 4.3.2.2 *Raus rettferd*

Det finst likevel ein annan posisjon som seier at prosedural argumentasjon og språkpolitisk nøytralitet *er* mogleg, men då utan statleg tilbaketrekking. Dette er ein nøytralitet som er grunnleggjande basert på positive rettar, ikkje negative, og som dermed impliserer ein stat som aktivt legg til rette for alle språkgrupper på ein rettvís måte. Joseph H. Carens har lansert omgrepet *evenhandedness* som eit motomgrep til *handsoff* i språk- og identitetspolitikk:

The guiding idea of evenhandedness is that what fairness entails is a sensitive balancing of competing claims for recognition and support in matters of culture and identity. Instead of trying to abstract from particularity, we should embrace it, but in a way that is fair to all the different particularities. (Carens 2000: 77–78)

No kallar ikkje Carens sjølv posisjonen sin *nøytral* eller *nøytralitet*, men vedgår at fleire har innvendt at posisjonen hans kan sjåast som nettopp det. Likevel vel han å reservere nøytralitetsomgrepet for motomgrepet til *evenhandedness*; altså den klassisk-liberale velmeinande likesæla (Carens 2000: 9). Vonleg vil den korte framstillinga nedanfor vise kvifor ein med godt samvit også kan kalle posisjonen til Carens *nøytral*.

Poenget til Carens er at «evenhandedness» fyrst og fremst «requires us to pay attention to and respect people’s identities and cultural commitments rather than ignore them» (s. 9), at rettferd ikkje skal kome som likt fordelt likesæle, men som likt fordelt og samanliknbar statleg støtte og godkjenning. Carens byggjer rettferdsomgrepet sitt i stor grad på prinsippet til Rawls om *justice as fairness* (Rawls 1971, Carens 2000: 8). Eg omset «evenhandedness»

til *raus rettferd* for å understreke poenget med den rettvise, men *generøse*, staten – i motsetnad til den *minimale* staten.

Carens vedgår at innhaldet i omgrepet *evenhandedness* ikkje er gjeve ein gong for alle, men understrekar at det òg gjeld den negative verdinøytraliteten. Å vere ‘positivt’ rettviss tyder ikkje at kvart einaste krav om kultur og identitet skal gjevast lik vekt, men heller at kvart krav skal gjevast høveleg vekt ut frå prinsippet om at alle har lik rett på respekt: «what justice requires is an evenhanded approach that takes account of history, numbers, patterns of concentration, and other factors» (Carens 2000: 78). I alle høve er dette ei tilnærming til nøytralitet som tillet offentleg godtaking av ulikskap og som dermed òg tillet støtte til ein langt ‘tjukkare’ versjon av kulturell variasjon enn den velmeinande likesæla (s. 9).

Ein kan kanskje oppfatte det som at Carens ser *resultatet* av politikken som det viktige, nemleg kulturell identitet og/eller variasjon. Men han presiserer at det som er avgjerande for teorien om raus rettferd er *rett prosedyre*, altså rettferd, og at me såleis kan «regard cultural particularism as a regrettable necessity, something to be accepted only when unavoidable and to be avoided as much as possible» (s. 11). Ein stat må avgjere kva for språk han vil nytte i statleg verksemd og i opplæring, seier han, «but we can avoid many other particularistic cultural commitments.» (sst). Såleis fell *raus rettferd* delvis saman med *velmeinande likesæle*: Båe posisjonar let kultur- og språkspørsmål vere opp til dei politiske prosessane. Språkpolitiske ordningar og rettar er altså argumenterte for *proseduralt*. Som me har sett, er posisjonane likevel ikkje identiske. Dei skil seg på spørsmålet om positive rettar: Ein verdinøytral stat bygd på negative rettar kan ikkje aktivt tilretteleggje for eit mindretalsspråk. Dét kan ein nøytralitetsposisjon som òg inkluderer positive rettar, men då med det atterhaldet at ikkje berre eitt, men fleire/alle språk skal styrkjast.

### 4.3.3 Konsekvensialistisk ikkje-rett og eigenverdilegitimert rett

Den modellen som det no skal greiast ut om, er ei tolking av Denise Réaume og Meital Pinto (2012) si framstilling av ulike språkpolitikkar. Den vert supplert med perspektiv frå Patten og Kymlicka (2003) og Réaume (2003). Réaume og Pinto skil mellom «non-rights-cased approaches to language policy» (Réaume og Pinto 2012: 39ff) og «rights-based approaches to language regulation» (s. 44ff). Det er altså to aksar eller omgrepsspar som utgjer modellen; den fyrste går mellom «policy» og «regulation», den andre mellom «non-rights»- og «rights»-baserte tilnærmingar.

Fyrstnemnde ser ut til å dreie seg om det same som distinksjonen mellom tilpassingsordningar og offisielle rettar gjer. Offisielle rettar, altså regulering, garanterer mindretalsspråk og dermed fleirspråklegheit, motsett tilpassingsordningar, det vil seie ymse andre ad hoc-verkemiddel, som per definisjon er av mindre permanent slag (Réaume og Pinto 2012: 38). Så tilfører Réaume og Pinto ein dimensjon til ved å spørje om kva for type tilnærming, det vil seie *argumentasjon* som vert nytta for ordningane eller reguleringane. Det det då skil seg på, er om argumentasjonen «treats language use and support for its use as a vital human interest» eller ikkje. Ifygje Réaume og Pinto er det berre den fyrstnemnde argumentasjonen som er «capable of grounding claims of rights» (s. 44).

Dette skal utdjupast ved tilvisingar til eit tidlegare arbeid av Réaume. I 2003 skil ho mellom «consequentialist» eller «aggregative justifications» på den eine sida og «rights-based» på den andre. Dei fyrste er karakteriserte av at dei «conceive of language as a means to extraneous ends» medan dei andre «articulate a human interest in one's language that is sufficiently important to resist aggregation and to justify the imposition of obligations on others to protect that interest» (Réaume 2003: 272). Dette kan sjåast som same omgrepsmotsetnaden som ho og Pinto tek føre seg i 2012, og termen *konsekvensialistisk* kan slik nyttast om legitimeringane som då *ikkje* 'articulate a human interest in one's language that is sufficiently important to resist aggregation'. Dette utgjer altså eit prinsipielt skilje mellom to normativitetar for språkpolitikk: Den eine tek utgangspunkt i eit språksamfunns identitetsmessige og kulturelle («human») *interesse* i å bruke og oppretthalde språket sitt, den andre har utgangspunkt i alle andre (real)politiske og moralske omsyn (Réaume og Pinto 2012: 42). Skiljet mellom dei to argumentasjonstypene er viktig, ifylgje Réaume og Pinto, fordi 'alle andre omsyn' ikkje garanterer vern og sikkerheit for minoritetsspråk. Realpolitikk kan nok vere eit argument mot monolingvalisme, seier dei; «protecting language may serve as a gesture towards minority groups affirming equality of power and thereby mitigate national and ethnic tensions» (sst). Men med ein gong eksistensen av eit mindretalsspråk vert sett på som eit problem for til dømes stabilitet eller solidaritet, kan politiske omsyn nyttast som argument for monolingvalisme (Réaume og Pinto 2012: 43).

Så skal me sjå at Réaumes legitimeringsprinsipp *konsekvensialisme* og *kollektiv/kulturell interesse* ikkje heilt fell saman med kategoriane frå Robichaud og De Schutters artikkel om instrumentalistiske tilnærmingar til språk (Robichaud og De Schutter 2102). Her vert instrumentalistisk argumentasjon definert på denne måten: «Something either has value in itself, or is valued instrumentally, as a means to attain something else» (Robichaud og De



Schutter 2012: 124). Distinksjonen deira går mellom eit syn som verdset språk i og på grunn av språka sjølv, ikkje som middel for å oppnå noko anna, og eit instrumentalistisk syn som seier at språk er verkty. Ifylgje den siste oppfatninga, som dei både kallar «instrumentalist approaches» (s. 124) og «instrumental approaches» (s. 145), trengst desse verktya for å nå andre mål som vert oppfatta som verdifulle.

Såleis må ein kunne seie at legitimeringar som stabilitet eller solidaritet er instrumentalistiske: Dei botnar ikkje i at språk har «intrinsic» verdi i seg sjølv, altså *eigenverdi*, men i andre språk-«extrinsic» verdiar (Robichaud og De Schutter 2012: 125). Det er då heller ikkje her kategoriseringsskilnaden mellom Réaume/Pinto og Robichaud/De Schutter ligg. Heller ikkje Réaume (2003) og Réaume og Pinto (2012) seier at det at språk har verdi *i seg sjølv* er det som bør tene som grunnlag for språkpolitisk handling. Den eigenskapen ved individuerte språk som dei dreg fram som politisk relevant, er at språk har identitetsmessig og kulturell verdi *for ei aktuell språkgruppe*. Men dermed vil Robichaud og De Schutter seie at språkpolitiske legitimeringar som «articulate a human interest» i eit språk, som Réaume uttrykkjer det, også er instrumentalistiske. Å hevde at legitimeringa *kulturell eller identitetsmessig interesse i eit språk* botnar i at språket har eigenverdi, tilslører det faktumet at språk òg kan vere instrument for identitet, meiner dei, og vidare: Om ein påstår at språk er knytt til identitet og dermed set dette synet *opp mot* instrumentalistiske grunngevingar, misser ein av syne at språk kan vere politiske verkty for å konstituere, verne, styrkje og fremje kultur og identitet (Robichaud og De Schutter 2012: 125).

Det er vanskeleg å argumentere mot Robichaud og De Schutter her, og det er heller ikkje naudsynt. Som det skal gjerast vidare greie for nedanfor, nyttar Réaume skiljet mellom konsekvensialistiske (instrumentalistiske) og ikkje-konsekvensialistiske (ikkje-instrumentalistiske) grunngevingar som ein av aksane i sin teori om *language security* (sjå kap. 4.3.3.4). Dei rettsbaserte, ikkje-instrumentalistiske legitimeringane spelar på at identiteten mellom språksamfunn og språk og interessa som eit språksamfunn har i å vidareføre språket sitt, har normativ førerang framfor andre språkpolitiske mål, ut frå eit syn som ikkje ligg langt unna Charles Taylors (sjå kap. 4.1.2). Også Robichaud og De Schutter identifiserer eit slikt syn, men meiner usemja om dette må gå «within the instrumentalist camp» (Robichaud og De Schutter 2012: 125). Usemja dreier seg altså primært om *nemningar*; om kva som fortener merkelappane eigenverdilegitimering på den eine sida, instrumentalistisk legitimering på hi.

Denne studien skal heldigvis ikkje ta stilling til kva for legitimeringsprinsipp som bør ha politisk prioritet. Det som derimot skal avgjerast her, er om Réaumes normative teori for språkpolitikk er interessant å prøve ut som språkpolitikkmodell på materialet til granskinga. Då er konklusjonen, som truleg alt har gått fram, at det skal undersøkjast om materialet mitt kan sjåast i ljøs av dei omgrepa Réaume brukar i teorien sin, og om modellen såleis kan gje meining til den norske empirien. Her skal altså legitimeringskategorien *eigenverdi* nyttast som Réaume gjer det, om det kulturelle bandet mellom språk og språkbrukar ('menneskeleg/kulturell interesse i språk'). Ein skal likevel vere klar over Robichauds og De Schutters problematisering av kategoriane: Den eigenverdien det er snakk om, er 'i røynda' identitetskonsekvensialistisk legitimering.

Den same diskusjonen kan takast om kategorien prosedurale grunngevingar. Réaume og Pinto (2012: 39) og De Schutter (2007) verkar samde om at òg prosedurale legitimeringar kan oppfattast som konsekvensialistiske. Jamvel om ein særleg språkpolitikk ikkje er legitimert substansielt, vert det innanfor ein nøytral politikk stilt krav til at den politiske prosessen må vere av eit særleg slag – nemleg rettvis. Dermed må ein kunne seie at ein rett prosedyre, rettferd, også er eit (politisk/moralsk) *mål*. Her skal Réaume og Pinto og De Schutter få støtte, utan at det har så store konsekvensar for utføringa av analysen. Me skal ha klart føre oss at dei prosedurale legitimeringane er 'røynleg' konsekvensialistiske (rettferdsinstrumentalistiske), men i undersøkinga vert likevel dei prosedurale legitimeringane skilde ut som ein eigen kategori. Elles skal kategorigranser for legitimeringsprinsipp drøftast vidare i kapitlet om metode (sjå kap. 5.3.5).

Me skal attende til modellen til Réaume og Pinto (2102). Dei presenterer fyrst to tilnærmingar som dei hevdar ikkje representerer rettsbasert argumentasjon, nemleg *språkkonvergens* og *språkmangfald*. Dette er konsekvensialistiske legitimeringsprinsipp. Deretter framstiller dei posisjonar som argumenterer for språk som eigenverdi, som ei vital menneskeleg interesse med normativ-politisk førerang, nemleg *språklege menneskerettar* og *språksikring*. Berre ein av desse siste er likevel rettsbasert, nemleg språksikring.

#### **4.3.3.1 Språkleg konvergens**

Det er vanskeleg å tenkje seg ein stat som ikkje prinsipielt har vore og er i ein nasjonsbyggjande prosess, også når det gjeld språk. Ein stat må nødvendigvis ha skaffa seg ein politikk for eit eller fleire språk, medvite eller ikkje-medvite. Somme tider kan språkleg konvergens vere eit strategisk mål for nasjonsbygging, til dømes når styresmakter insisterer

på at all offentlig språkopplæring skal vere i eit bestemt språk. Andre gonger kan språkleg samling vere ikkje-intenderte, men språksosiologisk føreseielege konsekvensar av styresmaktene sin ålmenne politikk; til dømes av utbygging av infrastruktur eller obligatorisk militærtjeneste (Réaume og Pinto 2012: 36, Patten og Kymlicka 2003: 37–38).

Patten og Kymlicka kallar denne posisjonen «nation-building and language policy», som dei bestemmer som ein politikk for språkleg konvergens (Patten og Kymlicka 2003: 37). Som normativ teori galdt majoritetsspråknasjonalisme det meste av europeisk stat- og nasjonsbygging i tida for startpunktet for den norske offentlege språkpolitikken, altså frå 1885 og framover. Posisjonen må likevel ikkje nødvendigvis koplant til statsbygging, men kan i like stor grad knyttast til overnasjonale institusjonar, til dømes EU.

Ein politikk for språkleg konvergens vil ikkje leggje vekt på rettar og politiske ordningar for språklege mindretal. Det tyder ikkje at desse aldri kan finnast innanfor konvergenspolitikkar, men dei vil då nødvendigvis vere grunngeve i at dei skal tene det overordna målet om monolingualisme. Majoritetsnasjonalistisk språkkonvergens vert i regelen grunngeve i verdiar som ligg utanfor språket; som i røynda handlar om andre sider ved stats- og nasjonsbygging enn språk. Argumenta kan såleis vere av ulike slag, som Patten og Kymlicka peikar på (Patten og Kymlicka 2003: 38–40, jf. òg Réaume og Pinto 2012: 41–44).

Somme tider er konvergens ein sideeffekt av politikk som i seg sjølv ikkje er vanskeleg å rettferdiggjere, til dømes veg- og jarnbanebygging. Andre gonger går den praktiske argumentasjonen meir direkte for ei språkpolitisk ordning; til dømes at ho er økonomisk berekraftig eller lett å gjennomføre. Dessutan kan legitimeringane vere pedagogiske: Kampanjar for lese- og skrivekunne vil nødvendigvis føre til språkkontakt og språkleg standardisering.

Standardisert offentlig utdanning, òg når det gjeld kva for språk opplæringa skal gå føre seg på, har då òg gjerne vorte sett på som essensielt for å skaffe innbyggjarar likt høve til arbeid og sosial mobilitet innanfor ein økonomi: Minoritetsspråkbrukarar kan bli sosialt og økonomisk ghettoiserte om dei ikkje vil eller kan meistre det dominerande språket i staten (Patten og Kymlicka 2003: 38–39). Motsett kan det å integrere minoritetsspråkbrukarar i majoritetsspråkkulturen gje dei sosial mobilitet og moglegheiter som dei elles ikkje ville hatt. Integrasjonsargumentet står ofte sterkt i konvergenspolitikkar. Samling kring eit sams språk vert ofte òg sett på som viktig for å generere den solidariteten og sosiale samkjensla

som trengst for å oppretthalde ein demokratisk velferdsstat, seier Patten og Kymlicka: «A successful nation-building project can help to ensure that language no longer serves to separate citizens into distinct and mutually antagonistic groups, but would become one of the defining bonds of a common identity.» (Patten og Kymlicka 2003: 39).

Dessutan har felles språk vorte sett på som sentralt i det moderne demokratiet, og då særleg retningar som legg vekt på offentleg samtale og debatt. Patten, til dømes, meiner at lingvistisk variasjon kan vere eit avgjerande hinder for denne deliberative dimensjonen ved demokratiet. Dersom deltakarar ikkje kan forstå kvarandre, eller dei meistrar fellesspråket svært ulikt, vil kommunikasjonen bryte saman og demokratiet bli kompromittert (Patten 2003: 310–313, jf. òg Robichaud og De Schutter 2012: 126ff, sjå kap. 3.2.2).

#### **4.3.3.2 Språkmangfald**

Den biokulturelle mangfaldstilnærminga til språkpolitikk har vore særleg aktuell og populær dei to siste tiåra. Hjå somme teoretikarar finst ein nærast holistisk argumentasjon for fleirspråklegheit: Ei verd med fleire språk er på same viset som ei verd med fleire kulturar og artar, ei *betre* verd – ho er meir fargerik, meiningsfull og interessant. Variasjon har verdi for verda sett under eitt, uavhengig av kva for verdi menneska knyter til variasjonen og uansett kor mange som er knytte til språka som skal ivaretakast (jf. Réaume og Pinto 2012: 40<sup>10</sup>). Argumentasjonen går på at lingvistisk mangfald er ein verdi for menneskeheita på same måten som at estetisk og biologisk mangfald er gunstig for oss. «The strongest conceivable version of this position makes the preservation of vulnerable languages the supreme goal of all language policy», seier Patten og Kymlicka (2003: 43). Når målet med språkpolitikken er å ta vare på så mange av verdas språk som råd, må det politiske startpunktet alltid vere ved dei språka som er mest utsette eller mest «different» (Réaume og Pinto 2012: 41<sup>11</sup>).

Felles for språkmangfaldposisjonane er at dei er konsekvensialistiske. Målet med språkpolitikken er universelt mangfald, variasjon og «difference», ikkje identiteten mellom språk og brukarar eller interessa som partikulære språksamfunn har i å tradere sine eigne språk. Såleis er heller ikkje denne tilnærminga det Réaume og Pinto kallar rettsbasert, ho kviler ikkje i noko identitetsmessig verdi.

---

<sup>10</sup> Dei viser mellom anna til Crystal 2000.

<sup>11</sup> Dei viser her til Nettle og Romaine 2000.

#### 4.3.3.3 *Språklege menneskerettar*

Me skal så gå til ein posisjon som er relatert til den ovanfor. Menneskerettsomgrepet representerer ein breitt, om ikkje universelt akseptert normativ standard som er delvis integrert i internasjonal lovgjeving. Ei menneskerettstilnærming for å utvikle normativ teori for språkpolitikk er truleg svært attraktiv, meiner Patten og Kymlicka, fordi ho tilbyr ein universell standard som høver alle individ og fordi «it thereby seems to avoid the arbitrariness of singling out particular groups or languages for official language status, or collective rights, or accommodation rights on the grounds of their numbers, history or ‘nationhood’» (Patten og Kymlicka 2003: 33). Om ein stat eller annan språkjurisdiksjon kan påvise at dei har ein språkpolitikk som fylgjer av eller er samanfallande med menneskerettane, vil det kunne oppfattast som ei fjør i hatten for desse styresmaktene. Profilerte sosiolingvistar som Tove Skutnabb-Kangas og Robert Phillipson har då òg gått i bresjen for det dei kallar «Linguistic human rights» (sjå til dømes Phillipson m.fl. 1994), som kort sagt går ut på å fortolke menneskerettane for såleis å lage standardar for minoritetsspråkbrukarar (jf. Patten og Kymlicka 2003: 34). Eg omset dette til *språklege menneskerettar*.

Men som Patten og Kymlicka argumenterer for: I eit rettsperspektiv er fordelene med menneskerettane nettopp ulempa med dei (Patten og Kymlicka 2003: 35). Medlemer av ulike minoritetsspråkgrupper har ulike behov og krav ut frå historie, storleik og territoriell konsentrasjon. Språkpolitiske standardar som er tilfredsstillande for ei lita, spreidd og nyare immigrantspråkgruppe, er ikkje alltid gode nok for ein større og territorielt meir samla regional minoritet eller ei urfolksgruppe. Fordi universelle menneskerettar naudsynlegvis må byggje på kriterium som høver alle grupper, kan menneskerettane prinsipielt ikkje tilby meir enn eit minimum av vern og sikring av mindretalsspråk(brukarar). Såleis er menneskerettar som *norm* ikkje mogleg å nytte som teoretisk legitimering for minoritetsspråkrettar generelt. Dette er ein standard som prinsipielt berre kan fungere som norm for ein viss type, det vil seie negative, mindretalsrettar (Patten og Kymlicka 2003: 36–37). Minimale språkrettar og lingvistisk ytringsfridom er naturlegvis ikkje eit trivielt arbeidsområde, men det er likevel ikkje dette som er på spel i alle språkkonfliktar kringom i verda i dag. Trass i eigenverdilegitimering og mål om fleirspråklegheit kan språklege menneskerettar altså ikkje garantere for positive, offisielle språkrettar for mindretalsspråk.

#### 4.3.3.4 *Språksikring*

Réaume og Pinto sitt arbeid frå 2012 og Réaumes arbeid frå 2003 kan tolkast som freistnader på å skilje ut ein posisjon som kan *sikre* mindretalsspråk for brukarane sine. Dei diskuterer då òg ei tilnærming som dei kallar *linguistic security* (Réaume og Pinto 2012: 51), som eg omset til *språksikring*. Dette er ei tilnærming og eit omgrep som Réaume har drøfta i fleire tidlegare arbeid, delvis i lag med rettsfilosofen Leslie Green (Green og Réaume 1989, Réaume 1993, Réaume 2003). Ein politikk som sikrar mindretalsspråk, må ifylgje teorien ha to naudsynte kriterium: For det fyrste må han innehalde permanente og prinsipielle reguleringar, ikkje berre flyktige stimuleringar og verkemiddel. For det andre må han vere legitimert i eigenverdien som språket har for språkgruppa si, fordi det nettopp berre er denne typen legitimering som kan garantere den permanente, offisielle verdien av språket og dermed retten til språk.<sup>12</sup>

Det viktige *filosofiske* spørsmålet, om enn ikkje for modellen, er korleis ein kan argumentere for at ei språkgruppe har ei slik interesse i å bruke, halde i hevd og vidareføre språket sitt. Réaume og Pinto legg seg nokså nær Charles Taylor i argumentasjonen sin for det (Réaume og Pinto 2012: 52–53, sjå kap. 4.1.2). Dei understrekar at «Culture should not be treated as primordial, unchanging, or objective fact, deviation from which is unthinkable and wrong» (s. 53). Kulturar er sosiale konstrukt og språk er berre ein kontingent identitetsmarkør, men likevel ikkje mindre viktig for folk i kraft av nett det. Dei sluttar seg dermed òg til eit av Kymlickas fyndord: Kulturen til folk er «something that people can be expected to want» (Kymlicka 1995: 86). På same viset, seier Réaume og Pinto,

... though people can change their affiliation and ultimately their identity by adopting a new culture or language, under normal conditions most people value their culture and language as a creative collective human enterprise that constitutes a particular expression of the human spirit, and want to sustain its vitality (Réaume og Pinto 2012: 53).

---

<sup>12</sup> Eit liknande krav om eigenverdiaksept i den rettslege argumentasjonen ser me i den europeiske språkpakta. Paragraf 1a i artikkel 7, del II, seier fylgjande: «In respect of regional or minority languages, within the territories in which such languages are used and according to the situation of each language, the Parties shall base their policies, legislation and practice on the following objectives and principles: – the recognition of the regional or minority languages as *an expression of cultural wealth*» (Council of Europe 1992, mi utheving).

#### 4.4 Omgrepa og modellane oppsummerte

Det er no presentert og diskutert ulike modellar som skil seg delvis på kva for rettar eller ordningar som ligg til grunn, delvis på kva for argumentasjonstype.

Den viktigaste distinksjonen når det gjeld rettar og ordningar er den mellom *positive* og *negative språkrettar*. Me har sett at den skil mellom to nøytralitetspolitikkar og dessutan mellom språklege menneskerettar og språksikring. Men tekstmaterialet skal òg lesast gjennom omgrepa *likebehandling* og *særbehandling*, fordi desse relaterer til aksene mellom negative og positive rettar, dessutan gjennom omgrepa *territorielle* og *personlege ordningar*, fordi skiljet her ofte vert sett på som samanfallande med tilrettelegging for eittspråklegheit og for fleirspråklegheit.

Det vert operert med tre modellar for språkpolitikk. Den eine er organisert på ein akse mellom tilpassingsordningar og offisielle språkrettar, og seier at den fyrste posisjonen fell saman med konvergens og eittspråklegheit, den andre med mindretalsspråkvern og fleirspråklegheit. Han kan kallast *offisiell språkrett-modellen*. Den andre modellen har utgangspunkt i prosedural argumentasjon, motsett anna argumentasjon, men er òg organisert på ein akse mellom ein nøytralitet med negative rettar og ein nøytralitet med positive rettar/ordningar. Me kan kalle denne *nøytralitetsmodellen*. Modell nummer tre har utgangspunkt i skilnaden mellom konsekvensialistiske legitimeringar og eigenverdilegitimeringar, som skil konvergenspolitikk frå fleirspråkspolitikk og språkmangfald frå språksikring. Men denne modellen er òg organisert på aksene mellom positive/offisielle rettar og negative rettar/tilpassing, som skil språklege menneskerettar frå språksikring. Dette er *språksikringsmodellen*.

# 5 Materiale og metode

Dette kapitlet skal først leggje fram og diskutere det *tekstmaterialet* som avhandlinga nyttar som empirisk grunnlag. Deretter skal sentrale *metodologiske omgrep* drøftast for å få klargjort kva for syn på tekst og fortolking som ligg til grunn for analysane av denne empirien. Underkapitlet om metodologi kjem etter gjennomgangen av materiale, ettersom dei metodologiske innfallsvinklane må ta omsyn til karakteren av det empiriske tilfanget. Til sist kjem ein bolck om meir konkrete *metodiske grep* som viser og diskuterer framgangsmåtar og vektlegging i dei empiriske analysane. Desse grepa er bygde både på det som her er kalla metodologiske omgrep, men òg på omgrepa som vart presenterte i kapitlet om teori (sjå kap. 4).

## 5.1 Materiale

Granskinga tek føre seg språkpolitikken på felte opplæring og offentleg teneste – det siste inkluderer den overordna språk- og kulturpolitikken. Ho avgrensar seg såleis frå offentleg språkforvaltning på andre område, som kyrkja, høgare utdanning og stadnamn, og ikkje minst heile korpusplanlegginga (sjå kap. 1.1.4 og 1.4). I innleiinga til kvart kapittel vert det gjort meir detaljert greie for dokumentutvalet som ligg til grunn for kapitlet – her finn ein òg referansar til dei vel 140 ulike offentlege dokumenta som utgjer kjeldegrunnlaget. I vedlegg 1 er det gjeve eit kronologisk oversyn over dokumenta knytte til dei ulike sakene. Meininga med det fylgjande er å klargjere dei meir generelle prinsippa som utval og avgrensing av kjeldetilfanget er basert på.

### 5.1.1 Utval

Språkpolitikken i sine ordningar vert fastslegen av Stortinget etter førebuing i departementa og regjeringa. Primærmaterialet for denne granskinga er såleis regjerings- og stortingsdokument, og dei viktigaste kjeldetypane mine er å finne i stortingsforhandlingane. Av regjeringa sine dokument har i fyrste rekkje stortingsmeldingar, odelstingsproposisjonar og stortingsproposisjonar vore nytta. I somme større saker der ein viktig del av førebuinga har skjedd i regjerings- og departementsoppnemnde utval, er det òg gått til rapportane frå desse utvala (NOU-ar og liknande). Av Stortinget sine dokument er innstillingane frå



stortingskomiteane dei klart viktigaste attåt somme private framlegg frå stortingsrepresentantar.

Dette er ein studie av offentleg språkpolitikk slik han står fram for ålmenta gjennom dokument. Det medfører ei avgrensing til to kantar. For det fyrste vert det ikkje spurt om korleis språkpolitikken er vorten til. Målet her er ikkje å finne ut korleis den offentlege debatten, påverknaden frå pressgrupper, spelet i dei politiske kulissane, generelle samfunnsendingar eller andre faktorar har påverka språkpolitikken. Debattinnlegg i aviser, tidsskrift og bøker, uprenta brev, høyringsfråsegner og anna arkivtilfang og intervju med aktørar er såleis kjeldetypar som ikkje vert nytta. Unntaket er når det har vore bruk for denne typen kjelder for å kartleggje og formulere eit naudsynt minimum av kontekst for dokumenta, noko som til ein viss grad er gjort undervegs for å hjelpe lesaren til å forstå kva samanheng dokumenta går inn i. Men som tidlegare understreka, er dette ikkje ei historievitskapleg gransking som skal forklare kvifor språkpolitikken er vorten som han er vorten (sjå kap. 2.1). Då måtte dei sistnemnde kjeldetypane ha vorte intensivt utnytta, og viktigare: andre problemstillingar og forskingsspørsmål hadde vore styrande for granskinga.

I og med at det her er den meir slitesterke, institusjonelt forankra argumentasjonen som skal granskast, er det i varsam grad nytta stortingsreferata og utsegner frå politikarar i media, jamvel når dei grunngjev fleirtalsstandpunkt som har vorte eller er i ferd med å bli vedteken statleg språkpolitikk. Statsrådar eller representantar for eit stortingsfleirtal som grunngjev eit vedtak, vil ofte vere meir takknemlege å sitere enn meir avmålte regjerings- og stortingsdokument. Munnlege utsegner er gjerne tydelegare og meir spissformulerte og dei politiske motiva dermed klarare. Det er likevel regjerings- og stortingsdokumenta som representerer det rekontekstualiserbare og rekontekstualiserte. Det er altså dei som ligg til grunn når nye dokument skal formulerast, ikkje meir dagsaktuelle utsegner frå einskildpolitikarar som sjølve har ei meir avgrensa tid i rikspolitikken enn regjerings- og stortingsdokumenta dei er ansvarlege for. Gjennom vekta på styringsdokumenta har avhandlinga ei historisk system- og strukturorientert tilnærming til språkpolitikken, ikkje ei aktør- og motivorientert (Kjeldstadli 1992: 78).

For det andre er denne studien avgrensa frå den *praktiske* språkpolitikken slik han kan observerast ute i samfunnet. Det er på ingen måte sikkert at det er samsvar mellom den vedtekte politikken og den implementerte politikken. Dei mange klagene på manglande etterleving og oppfylgning av lov om målbruk i offentleg teneste er eit symptom på det (sjå

kap. 13.1 og 20.1.7). Det er heller ikkje sikkert at alle språkpolitiske ordningar fungerer etter dei uttrykte intensjonane. Ei gransking av den språklege kvardagen til elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen ville nok òg gjeve eit anna bilete av kva som er norsk språkpolitikk enn ei lesing av dei språkpolitiske styringsdokumenta.

Ei tredje avgrensing som er relevant for kjeldeutvalet, skal òg nemnast. Mykje språkpolitikk vert fastlagd av regjeringa og av departementa som har ansvaret for dei ulike språkpolitiske felt. Mange vedtak fatta gjennom forskrifter, læreplanar, rundskriv og einskildvedtak i departement, direktorat og fylkesmannsembete og jamvel rettsvesenet har aldri vore handsama av Stortinget, men har bidrege til utforminga av den offentlege språkpolitikken. Prosessane bak vedtak i departement og regjering skjer i langt større grad enn i Stortinget i lukka rom og produserer i mindre grad dokument med ein offentleg tilgjengeleg argumentasjon. Men i det norske parlamentariske systemet vil dei vesentlege vedtaka som formelt vert fatta i departement og regjering, ha fått si politiske avklaring i Stortinget. Sjølv om kjeldeutvalet her er avgrensa til dei sakene som har vore handsama i Stortinget, vert det lagt til grunn at dei viktigaste språkpolitiske sakene der juridiske og iverksetjande vedtak formelt er fatta av departement og regjering, er fanga opp.

Ein type regjerings- og stortingsdokument som *ikkje* er nytta systematisk, er statsbudsjetta. Det hadde nok vore ynskjeleg også å analysere budsjettproposisjonane frå regjeringa og budsjettinnstillingane i Stortinget i og med at delar av den statlege språkpolitikken vert utforma i desse dokumenta. Det gjeld særleg dei språkpolitiske tiltaka som har økonomiske konsekvensar, som støtte til institusjonar og økonomiske støtteordningar. Dessutan kan både regjeringa og Stortinget nytte budsjettprosessane til å avklare språkpolitiske spørsmål. Ikkje minst er dette eit årleg høve stortingskomiteane har til å minne regjeringa på ulike saker. Å gå gjennom og analysere budsjettdokumenta systematisk over ein 120-årsperiode ville likevel vore ei oppgåve som hadde sprengt alle realistiske rammer for denne avhandlinga. Det er snakk om 120 statsbudsjett og like mange år med budsjettinnstillingar, for dei siste 30 åra med eit dobbelt sett av alle dokument sidan språkpolitikken har vore delt på to departement og to stortingskomitear. Denne studien baserer seg difor på at dei aller fleste viktige ordningar og spørsmål som er omtalte i budsjettdokumenta, òg er omtalte i dei analyserte dokumenta. Dessutan ser omtalene av språkpolitiske spørsmål i budsjettdokumenta gjennomgåande ut til å vere temmeleg knappe, medan argumentasjonen har fått større rom i dei dokumenta som er nytta her. Såleis vert det lagt til grunn at

undersøkinga gjennom dokumentutvalet har fanga opp det vesentlege. I somme få tilfelle er det òg gått til budsjettdokumenta, når analyserte dokument refererer direkte til dei.

Den offisielle språkpolitikken vart gjennom mykje av perioden utforma av det som lenge heitte Kyrkje- og undervisningsdepartementet og kyrkje- og undervisningskomiteen i Stortinget. Eit institusjonelt skilje går ved delinga av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (KUF) i 1982 då Kultur- og vitskapsdepartementet vart skipa og fekk overført heile Kulturavdelinga (skipa 1938) frå KUF (Kolsrud 2001: 217, Dahl og Helseth 2006: 247). Etter dette har både departementa vorte omorganiserte og fått nye namn ei rekkje gonger. Det viktige i denne samanhengen er likevel at språkpolitikken har vore permanent delt mellom to ulike departement sidan 1982. Den delen av språkpolitikken som gjeld opplæringsfeltet, har lege i det som har heitt Kunnskapsdepartementet sidan 2006 medan den generelle språkpolitikken og politikken for offentleg målbruk har lege i det som har hatt namnet Kulturdepartementet sidan 2010.

### **5.1.2 Dokumenttypane**

Det empiriske materialet for dette arbeidet er i hovudsak lovproposisjonar, stortingsmeldingar, rapportar framlagde av regjerings- eller departementsnedsette utval (inkludert offentlege utgreiingar) og stortingskomitéinnstillingar om desse. Dette er allereie definerte dokumenttypar; dei spelar ulike roller i offentleg forvaltning og politiske prosessar. Før me går laus på spørsmålet om kva som er sams for desse dokumenttypane, skal me sjå korleis den norske sentraladministrasjonen og Stortinget sjølv definerer dei. 1. oktober 2009 vart nemningane dessutan endra. For oversynet sin del skal både gamal og ny nemning for dei mest frekvente dokumenttypane i materialet gjevast opp.

Fyrst til proposisjonen. Sentraladministrasjonen seier fylgjande: «Proposisjon blir nytta når regjeringa foreslår at Stortinget gjer vedtak. Forslaga kan mellom anna gjelda vedtak om lover, om budsjettet og om tilslutning til internasjonale avtaler. Ein proposisjon kan innehalda både forslag til lovvedtak og andre vedtak.» (Regjeringa 2014c). Særleg i siste del av avhandlinga skal det nemnast kva for regjering som gav ut kva for proposisjon. Avsendaren av proposisjonen vert likevel omtala som ‘departementet’.

Det vert skilt mellom ulike typar proposisjonar. Fyrst har ein «Proposisjoner fra regjeringen som inneholder konkrete forslag til vedtak vedrørende alminnelige saker og budsjettsaker (stortingsvedtak)» (Stortinget 2010). Den nye nemninga for denne dokumenttypen er «Proposisjon til Stortinget (stortingsvedtak) Prop. X S (sesjon)», medan det gamle og for

mitt materiale mest aktuelle dokumentnamnet er «Stortingsproposisjon St.prp. nr. X (sesjon)». Sesjonar vert som tidlegare nemnde med årstalet då stortings sesjonen startar, og årstalet når sesjonen vert avslutta, til dømes (2001–2002). I det fylgjande vert dette vist som «(sesjon)». Publikasjonen sitt nummer vert vist som «X» (sst). Den andre proposisjonstypen som er relevant her, er «Proposisjoner fra regjeringen som inneholder forslag til vedtak vedrørende lovsaker (lovvedtak).» Den nye nemninga er her «Proposisjon til Stortinget (lovvedtak) Prop. X L (sesjon)», medan den gamle og for mitt materiale høgaktuelle nemninga er «Odelstingsproposisjon Ot.prp. nr. X (sesjon)» (Stortinget 2010).

Dernest til stortingsmeldinga, som i dag heiter «melding til Stortinget». Om denne dokumenttypen seier sentraladministrasjonen: «Melding til Stortinget blir nytta når regjeringa vil presentera for Stortinget saker som ikkje munnar ut i forslag til vedtak. Melding til Stortinget blir også nytta når regjeringa vil trekkja tilbake eit lovforslag.» (Regjeringa 2014a). Den nye nemninga er altså «Melding til Stortinget Meld. St. X (sesjon)», medan den gamle var «Stortingsmelding St.meld. nr. X (sesjon)» (Stortinget 2010).

Så til ein dokumenttype som ikkje så enkelt let seg formelt definere: NOU-ar (Noregs offentlege utgreiingar) og andre rapportar. Desse dokumenta kan ikkje gå direkte til Stortinget, som proposisjonen og stortingsmeldinga kan. NOU-ar og rapportar må vidareforedlast av det aktuelle departementet (regjeringa) til ei stortingsmelding eller ein proposisjon før det går til Stortinget. Den offisielle definisjonen av NOU/rapport er slik: «Regjeringa eller eit departement set ned utval og arbeidsgrupper som greier ut ulike forhold i samfunnet. Ei utgreiing kan enten kome som NOU (Noregs offentlege utgreiingar) eller som ein rapport.» (Regjeringa 2014b).<sup>13</sup>

Dinest til innstillingar frå stortingskomitear – dei to aktuelle komiteane i denne granskinga er undervisning/utdanning/kunnskap og kultur. Fagkomiteane er dei saksførebuande organa på Stortinget, og det er her den detaljerte saksbehandlinga i Stortinget skjer. Komiteane får sendt over saker til behandling frå Stortinget – i mi undersøking er det særleg snakk om proposisjonar og stortingsmeldingar. Berre kontroll- og konstitusjonskomiteen kan behandle saker på eige initiativ. Møta i komiteen skjer bak lukka dører, og protokollen som vert skriven, er ikkje offentleg. Men så gjev altså komiteen ei innstilling som er resultatet av

---

<sup>13</sup> Sjø elles Møller 2010 for ein grundig gjennomgang av kva som kjenneteiknar NOU-ar.

komitébehandlinga. Ho inneheld fylgjande element, seier Stortinget: «ei oppsummering av saka slik ho er lagd fram for komiteen, ‘merknader’ frå dei ulike partia (synspunkt, kommentarar og vurderingar) til ulike delar av saka, forslag frå mindretalet i komiteen, forslag frå fleirtalet i komiteen, ‘innstillinga’.» (Stortinget 2008). Det er skilnad på innstillingar om vanlege saker og innstillingar om lovvedtak. Den fyrste innstillingstypen heiter no «Innstilling til Stortinget Innst. X S (sesjon)», tidlegare «Innstilling til Stortinget Innst. S. nr. X (sesjon)». Den andre innstillingstypen, om lovvedtak, heiter no «Innstilling til Stortinget (lovvedtak) Innst. X L (sesjon)», medan den gamle nemninga var «Innstilling til Odelstinget Innst. O. nr. X (sesjon)» (Stortinget 2010).

Når det gjeld analysane av innstillingane, skal fylgjande presiserast: Framstillinga konsentrerer seg om det som nettopp er sjølve «innstillinga», det vil seie fleirtalstilrådinga. Mindretalstilrådingar vert nemnde om dei er relevante, men dei vert ikkje analyserte på same viset.

Dessutan, som stortinget.no seier: «Komitémedlemmene blir i stor grad ekspertar på sitt fagfelt for partia sine. Det vil derfor hovudsakleg vere komitémedlemmene som deltek i debatten når innstillinga deira blir behandla.» (Stortinget 2008). Nettopp dette poenget er, som nyss nemnt, eit viktig belegg for at referat frå plenumsdebattane ikkje er tekne med i materialet for granskinga. Det er dei same grunnleggjande politiske synspunkta som kjem fram i komiteen som i stortingssalen (sjå kap. 5.1.1).

Den siste dokumenttypen som skal nemnast, er dokument som inngår i dokumentserien. Stortinget seier:

Dokumentserien er en samling av publikasjoner med opprinnelse i Stortinget eller organer tilknyttet Stortinget. Den omfatter rapporter fra Stortingets kontrollorganer, representantforslag, skriftlige spørsmål, årsmeldinger fra Stortingets internasjonale delegasjoner og rapporter fra granskningskommisjoner (Stortinget 2010).

Dette er ein dokumenttype som har relevans for granskinga av tida rundt 1885, som vert handsama i den fyrste empiriske delen av avhandlinga. Den nye nemninga er «Dokument X (sesjon)», medan den gamle var «Dokument nr. X (sesjon)» (Stortinget 2010).

I denne granskinga refererer ordet *dokumentklyngje* til ei gruppe med dokument som høyrer til same sak, primært i Stortinget. Dette vil stort sett vere dei dokumenta som er førte opp under same sak i registeret til stortingforhandlingane. Ei vanleg dokumentklyngje består av

ei stortingsmelding eller ein lovproposisjon, i somme tilfelle kanskje med ein NOU føreåt, deretter ei innstilling frå stortingskomiteen, debattar i Stortinget og det endelege stortingsvedtaket. I somme tilfelle kan ei dokumentklyngje òg ha dokument frå det som formelt sett er skilde saker i Stortinget. Det var til dømes tilfelle då Stortinget handsama og gjorde jamstillingsvedtaket i 1885. Her gjekk fleire budsjettsaker og private framlegg inn i det same sakskomplekset.

## 5.2 Metodologiske omgrep

### 5.2.1 Tekst og sjanger

«Staten, det er sakprosa», skriv tekstvitaren Johan Tønnesson (2004: 34). Tekstane som er analyserte her, vert uproblematisk dekte av Tønnessons definisjon av sakprosa, det vil seie «tekster som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten», men også av definisjonen hans av «funksjonell sakprosa», nemleg «offentlig tilgjengelige tekster skrevet av private eller offentlige institusjoner eller av navngitte eller ikke navngitte privatpersoner» (sst). For føremålet mitt, å kome nærare det som dei ulike dokumenta (tekstar) og dokumenttypane (teksttypar) i materialet har sams og som gjer dei viktige å granske, skal likevel ikkje distinksjonen mellom sakprosa og annan prosa gjerast til den sentrale.

For å kanskje kome nærare, går me til Carolyn R. Millers klassiske tekst om sjanger i eit retorisk perspektiv (Miller 1984). Her drøftar Miller sjangrar som typifiserte retoriske handlingar, det vil seie som respons på tilbakevendande *retoriske situasjonar*, som igjen vil seie utgangspunktet eller årsaka til at det i det heile vart produsert ei ytring (Miller 1984: 159, Bitzer 1968). Ho er skeptisk til sjangertaksonomiar og ser i staden sjanger som *handling*: «a rhetorically sound definition of genre must be centered not on the substance or form of discourse but on the action it is used to accomplish» (Miller 1984: 151). Det me lærer når me lærer ein sjanger, er ikkje eit mønster av former eller ein metode eller ein mekanisme for å nå dei kommunikative måla våre, seier Miller. Ved å lære eller gjere ein sjanger, lærer me noko som er viktigare: Me lærer kva måla i det heile teke kan vere (Miller 1984: 165).

Miller gjev altså ei opning for å historisere ein retorisk situasjon på ein måte som gjer oss i betre stand til å sjå kva avgrensingar (og moglegheiter) tekstar gjev for kva som kan gjerast, med andre ord, kva for makt dei har. Me skal no inn i den opninga for å gjere nokre fleire

avklaringar om korleis tekstane ber den makta som til sjuande og sist er det som gjer dei til interessante undersøkingsobjekt her.

### 5.2.2 Tekst, makt og 'innhald'

Utgangspunktet for dei avklaringane er Kjell Lars Berges teori om korleis studiet av tekst og makt kan delast i tre dimensjonar (Berge m.fl. 2003: 30–32). Den fyrste dimensjonen dreier seg om teksten som unik handling. Teksten kan ha eller skaffe seg makt om han greier å overtyde lesaren (eller tilhøyraren), uavhengig av tekstskaparen sin status eller institusjonelle posisjon. På dette viset har ein kvar tekst ein prinsipiell eigenverdi – han konstruerer ein relasjon mellom ein modellsendar(-posisjon) og ein modellesar(-posisjon) som er «gitt mening i teksten» (s. 30). Såleis ser denne fyrste tekstmaktdimensjonen ut til å ha mykje med den tredje dimensjonen å gjere; både modellesar og doxa refererer til tekstanes kunnskaps- og verdimesseige posisjonering (sjå òg Tønnesson 2004: 126 og Grue 2009: 290).

Så til den andre av Berges dimensjonar. Tekstar er mektige i kraft av å vere ein førekomst av ein viss type tekstnorm, seier han (s. 31). Omgrepet *tekstnorm* har han gjort grundigare greie for annanstads: At visse ytringar i kulturen vert tillagde verdi som tekstar, inneber at det finst eit skjønn som nettopp bestemmer kva som har slik verdi. Dette skjønnet vert organisert som kulturelt betinga *tekstnormer*, det vil seie «normer som definerer hva som konstituerer en tekst og hvordan tekster er formet» (Berge 1990: 51). Berge nyttar kravet om standardiserte skjema i naturvitskapelege tekstar, det såkalla IMRAD-skjemaet, som døme på ei *institusjonalisert* tekstnorm (sst).

Også dokumenta og dokumenttypane i materialet mitt kan oppfattast som å ha slike institusjonaliserte tekstnormer. Iallfall er det éi handling dei ikkje kan unngå å gjere utan å omskape seg sjølv til *ikkje-adekvat tekst*: å gjere framlegg om *endring eller vidareføring av ei juridisk lov eller regulering eller ei politisk ordning*. Sentralt i dokumenta som vert gjennomgatte her, er altså *tilrådinga*. Tekstane kan alle prinsipielt karakteriserast som førearbeid til den aller siste behandlinga, til stortingsvedtaket. Dette er innlysande når det gjeld dokument som proposisjonar og innstillingar. I sjølv nemningane til desse dokumenttypane ligg at handlinga deira er å gjere framlegg. Ein kan prinsipielt tenkje seg lovproposisjonar som berre inneheld framlegget til lovendring utan argument (men rett nok ikkje utan tilvisingar til førearbeid og tidlegare dokument). Ein kan tenkje seg komitéinnstillingar på same viset. Derimot kan ein ikkje tenkje seg meldingar til Stortinget

eller NOU-ar/andre utgreiingar som berre presenterer framlegg utan vidare utdjuping og argumentasjon. Ein kan jamvel hevde at desse dokumenttypane kan vere framleggsfrie, at dei berre greier ut utan å tilrå noko, noko det også finst døme på.<sup>14</sup>

Det sentrale her er likevel utvalet av materiale for *denne* avhandlinga. Dei dokumenta som vert undersøkte, som er dokument frå dei to departementa som tematiserer tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i den granska perioden, skal alle til Stortinget. Det gjeld meldingane til Stortinget, per definisjon. Det gjeld òg, i departementsbehandla form, dei NOU-ane og andre utgreiingane som vert gjennomgåtte. Når dokument skal til Stortinget fordi Stortinget skal gjere eller ikkje gjere noko med den saka det gjeld, må dei prinsipielt sett sjåast på som framlegg. Jobb nummer ein for alle dokument og dokumenttypar i materialet mitt er å ta stilling til endring eller vidareføring av ei juridisk lov eller regulering eller ei politisk ordning, og det er denne stillingstakinga som legitimerer at det vert argumentert. Såleis er *tilrådinga* ei sentral institusjonalisert tekstnorm for desse tekstane. Tekstane er forplikta til si norm gjennom den politiske prosessen, og nettopp denne forpliktinga gjer dei relevante og mektige.

Den tredje tekstmaktdimensjonen til Kjell Lars Berge ser teksten som representasjon av ein viss ideologisk posisjon eller diskurs. Teksten skaffar seg makt «ved at den gjentar, bekrefter, forsterker og/eller kvalifiserer *en viss ideologisk posisjon* som vi må forstå teksten ut fra dersom vi skal forstå den på en relevant måte, de vil si som den teksten den er ment å være i en særskilt kontekst» (Berge m.fl. 2003: 31–32, original utheving). Når ein tekst vert framført i ein kontekst, viser han fram det Berge kallar ein viss diskursiv orden, eller ein ideologi, eller doxa, eller ein mentalitet. Har ein som lesar gått med på tekstens kommunikasjonskontrakt, «har man på en måte akseptert den diskursive eller ideologiske orden teksten forutsetter og tar for gitt» (s. 32). Såleis må ein vel òg sjå tekstens representasjon av ei viss doksisk norm som ei (ikkje formelt institusjonalisert) *tekstnorm*, det Johan Tønnesson forstår som modellesaren sin ålmenne normative kompetanse (Tønnesson 2004: 126).

Som tematisert i avhandlingas innleiing: Den normativiteten som heimlane i tekstane peikar mot, skal primært nyttast til å identifisere språkpolitikkar, basert på modellar frå den teoretiske litteraturen (sjå kap. 1.1.3). Verdivurderingane som ligg i heimlane, er altså her

---

<sup>14</sup> Jf. Møller 2010 om scenario-NOU-ar.



mest interessante som premisser for visse språkpolitiske styresett. Men dette er naturlegvis nært bunde til den makta som ligg i modellesaren eller den doksiske posisjonen som (oppføringar av) heimlar indekserer: Doxa er premissane for kva tekstane kan føreslå og dermed for kva språkpolitikkane i det heile teke kan vere (sjå kap. 5.3.5.4).

Tekstane i materialet er altså viktige undersøkingsobjekt fordi dei har makt gjennom sine institusjonaliserte tekstnormer (tilrådingane) og doksiske tekstnormer (uttrykt av argumentasjonsheimlar). I det fylgjande skal det gjerast greie for hovudprinsippa bak metoden som skal gjere oss i stand til å identifisere kva desse tilrådingane og heimlane seier. Korleis kan ein gå fram for å lese fram innhaldet i tekstmakta? Med andre ord: Korleis identifisere tekstane sin (ikkje-intenderte) språkpolitiske intensjonalitet?<sup>15</sup> Samtaleforskaren Per Linell brukar nettopp omgrepet *content* om noko som faktisk er ein tekstleg storleik (Linell 2009: 245). Ytringar og tekst er alltid ‘om’ noko, seier han, noko som me i kvardagsspråket kallar innhald: «Content, taken in a broad sense, branches into various kinds of implied understandings, cultural assumptions and associations, bodies of knowledge directly or often only indirectly connected with the texts» (Linell 2009: 246).

Målet med avsnitta nedanfor er å finne eit omgrep for ‘innhald’ som er fruktbart for arbeidet mitt, og gåseaugo rundt ordet tyder sjølvstundt at omgrepa *innhald* og *innhaldsstrukturar* ikkje kan brukast. Men det finst alternativ. I avhandlinga si gjer Johan Tønnesson det eksplisitt at hans retoriske analysar har eit tyngdepunkt som vil «ligge på innholdssiden», ikkje på form (Tønnesson 2004: 147). Det kan sjåast i ljøs av korleis han like før formulerer seg om målet for analysane: Han ynskjer å «lære om viktige (ikke nødvendigvis bevisst) intensjonelle trekk ved tekstene som kan vekke interesse hos eller til og med overbevisne ulike (modell)lesere» (Tønnesson 2004: 146). Det ‘innhaldet’ som Per Linell snakkar om, eller dei ‘intensjonelle draga’ (som korresponderer med modellesarens interesse) som Tønnesson snakkar om, ville kanskje vore omtalt som ein type *diskurs* av diskursanalytikarar. Til dømes operasjonaliserer tekstvitaren Aslaug Veum eit slikt nivå som «kjernediskursar» (Veum 2008: 180).

---

<sup>15</sup> Sjå Tønnesson 2004: 110–116 for relasjonen (og det som kan oppfattast som overlapp) mellom dei tekstvitskaplege omgrepa *modellesar* og *intensjonalitet*: «Oppbyggingen av modellesere er en tekststrategi som er forankret i tekstens intensjonalitet, som imidlertid ikke behøver være forfatterens bevisste intensjon. Gjennom strategien skapes det gunstige betingelser for at en tekst skal kunne aktualiseres i sitt adekvate, potensielle innhold.» (s. 116).

Her skal korkje *intensjonalitet*, *modellesar* eller *diskurs* nyttast. Som det er gjort greie for i innleiinga (sjå kap. 1.1.3), og som det snart skal gjerast meir greie for (sjå kap. 5.2.5), fører leitinga etter ein metode for utleiing av ‘innhald’ oss til Toulmins argumentasjonsteori. Men før me kjem så langt, må nokre viktige tolkingsprinsipp kort presenterast og diskuterast.

### 5.2.3 Tolgingsvaliditet

Igjen er utgangspunktet Johan Tønnessons avhandling, denne gongen drøftinga hans av «fast og flytende i tekstens verden» (Tønnesson 2004: 88ff). Tønnessons viser til distinksjonen mellom levning og beretning, som har vore viktig i historisk kjeldekritikk (s. 94). Det har vore diskutert om dette skiljet har noko føre seg (Fulsås 2001), men i min samanheng kan det vere nyttig. Dokumenta som her er analyserte, vert tilskrivne eigenskapen *beretning* når dei er tekne på ordet, når dei til dømes vert brukte til å slå fast kva som er vedtaksframlegget og kva for formuleringar som vert nytta til å argumentere for dette. Dei får eigenskapen *levning* når framlegga og formuleringane vert oppfatta som *symptom* eller *indeks* (til dømes på ein rettskategori, ein heimeltype eller ein språkpolitikk). Språk er ladd med sosiokulturell meining på ulike nivå ut over det referensielle innhaldet, og dette kan uttrykkjast som *indeksikalitet* (jf. Tønnesson 2004: 94). Sosiolingvisten Stian Hårstad, som fyrst og fremst er oppteken av *varietetens* indeksikalitet, siterer Bakhtin: «Each word tastes of the context and contexts in which it has lived its socially charged life; all words and forms are populated by intentions.»<sup>16</sup> (Hårstad 2010: 67).

Påstandar om indeks er påstandar om særlege omgreppssamanhengar. Ein argumenterer for eit samband mellom språklege element og storleikar ‘utanfor’ teksten, og etablerer såleis eit innhald, ein intensjon. I humanvitskaplege tekstanalysar, som den føreliggjande, skjer slik etablering sjeldan som deduktive eller induktive prosedyrar. Såleis kan Linell peike på at «content» alltid har vore eit problemfylt aspekt i vitskapen, jamvel for nokre former for tekstanalytiske tradisjonar: «It has been considered too subjective and fuzzy to warrant a systematic analysis.» (Linell 2009: 245). Den rett nok noko summariske omgangen med dei tekstvitskaplege omgrepa til Berge og Tønnesson ovanfor har synt oss at tekstar er påverka og styrte av modellesarar. I ei drøfting av tolkingsvaliditet må ein spørje om kor *total* denne styringa er: Kan eit dokument lesast som levning på eit infinitt tal måtar? Korleis kan tolkingar vurderast som truverdige, om dei berre er grunna i tolkarens assosiasjonsverd og ikkje fylgjer dei klassiske vitskaplege utleiingsprosedyrane?

---

<sup>16</sup> Michail Bakhtin: *The dialogic imagination. Four essays* (1981), s. 293.

Tønnesson argumenterer for at tekstfortolking *har* grenser. Dette diskuterer han ved bruk av Charles S. Peirces omgrep *abduksjon*, ein metodologisk innfallsvinkel som han gjev Umberto Eco mykje av æra for å ha vitalisert. Abduksjon er vitenskapleg argumentasjon som «bygger på rimelige sunn fornuft-formodningar underveis», hevdar Tønnesson, «formodningar som er basert på en nødvendig doxa» (Tønnesson 2004: 90). Tønnessons – og Ecos – mange eksempeltekstar, allegoriar og eksplorative utlegningar kan vonleg ikkje alt for urettvist samanfattast slik: Kunnskapane i det fagfeltet, det samfunnet eller den kulturkrinsen som me er ein del av, (re)konstruerer dei samanhengane og omstenda som teksten fortel om. Dermed er teksttolking prinsipielt ikkje fritt fram: Doxa bestemmer kva som er ‘rimelege’ lesingar, og avgrensar og sanksjonerer tolkingane våre.

Dette skal utdjupast ved hjelp av Jan Svennevig's arbeid om Peirce og abduksjon.

«Abduction starts with consideration of facts», seier han,

...that is, particular observations. These observations then give rise to a hypothesis which relates them to some other fact or rule which will account for them. This involves correlating and integrating the facts into a more general description, that is, relating them to a wider context. (Svennevig 2001: 5)

Svennevig viser til eit døme på vitenskapleg abduksjon som Peirce sjølv nytta: «Fossils are found, say, remains like those of fishes, but far in the interior of the country. To explain the phenomenon, we suppose the sea once washed over this land.» Som me ser, er inferensen ikkje deduktiv eller induktiv. Han er delvis basert på gissing, men talet på forklaringsmåtar er ikkje infinitt – somme hypotesar er meir plausible (rimelege) enn andre (Svennevig 2001: 6). Det som gjer dei rimelege, er det Tønnesson kallar nødvendig doxa, altså kunnskapen som ligg i (til dømes) paleontologien. Når ein så har etablert hypotesar, kan desse igjen nyttast til å forklare nye data.

Abduksjon er såleis ein hermeneutisk slutningsmåte, i motsetnad til dei me finn i logikken og matematikken. Ein spør om kva for heilskap som kan gje mest mening til ein viss del og omvendt. Dermed er det openbert at arbeidsmåten i tradisjonell historievitenskap er abduktiv og hermeneutisk. Men også språkvitenskapen kan arbeide abduktivt: I til dømes historisk sosiolingvistikk «leier ein etter eller tek utgangspunkt i faktorar som gjev status, og som kan ha skapt ‘seleksjonstrykk’ for variantar og varietetar i eit visst område i ein viss periode», hevdar sosiolingvisten Bård Eskeland (2007: 7).

Argumentasjonsanalysane og dei andre slutningane som vert gjort i det fylgjande, er òg abduktive. Det vert inferert frå dei data eller omstenda som faktisk føreligg (gjevne formuleringar), til den hypotesen som, dersom han er korrekt, forstår omstenda på rimelegast vis. Lat oss for dømet si skuld sjå på argument 5 i kapittel 9.2.1.2, henta frå kyrkjekomiteén si innstilling om framlegget om språkleg jamstilling i 1885. Påstanden er (så godt som) gjeven av teksten, belegget i mindre grad, men no er det heimelformuleringa me skal bry oss om. Den er abduktivt inferert:

Belegg: Regjeringa støttar prinsipiell språkleg jamstilling mellom landsmål og bokspråket.

Heimel: (Dersom) staten skal ha ein (språk)politikk som regjeringa støttar,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Den fyrste abduktive slutninga som vert gjort her, er framsetjinga av nettopp denne formuleringa som ein rimeleg heimel. Formuleringa ser slik ut på grunn av den historiske fagkunnskapen om at dåtidas regjering ikkje ville kome til å støtte ein politikk for landsmålet som gjekk *lenger enn* formell likebehandling, noko det landsmålsvenlege komitéfleirtalet måtte ta omsyn til. Difor vil det vere urimeleg å formulere heimelen i innstillinga som til dømes «Regjeringa vil styrke landsmålet», jamvel om det kunne vore mogleg om ein såg argumentet utan relevant kunnskap og kontekst.

Den andre abduktive slutninga som vert gjort om dette argumentet, er tolkinga av heimelen som styringskonsekvensialistisk. Også denne inferensen vert gjort ut frå (eit fagleg) doxa som avgrensar tolkingsalternativa; nemleg kunnskapen om kategoriar av språkpolitiske legitimeringsprinsipp. Ut frå korleis dei ulike heimeltypene er lagde ut i teori- og metodekapitla i denne avhandlinga, er det rimeleg å karakterisere heimelen slik. Så vert dette igjen nytta til ein type hypotesegenerering: Det er rimeleg å tru at det finst eller har funnest ei forståing av norsk språkpolitikk som kan kallast nettopp styringskonsekvensialistisk, og som ein kan forstå andre data/omstende i ljøs av.

Drøftinga ovanfor seier sjølvsagt ikkje at alle slutningane er bombesikre – abduksjon opnar nødvendigvis for feiltolkingar. Men at feiltolkingar førekjem, gjer ikkje slutningsmåten invalid. Validiteten i analysane mine er sikra ved at abduksjonsprosessane vert eksplisitterte gjennom rekonstruksjonsprosedyrar (Toulmin-inspirerte metodiske grep) eller argumentasjon som viser til eit presentert og diskutert teoretisk grunnlag. Snart skal det dessutan gjerast meir konkret greie for kvar tolkings- og rekonstruksjonsprosess som går

føre seg i den empiriske granskinga, og der vil det òg gå fram kva som er konkrete tolkings- og validitetsutfordringar (sjå kap. 5.3).

#### 5.2.4 Topikk

Fyrst skal me likevel attende til den tekstlege storleiken 'innhald'. Ein merkelapp for denne kan vere *topoi*. Toposlæra er opphavleg er ein del av klassisk gresk retorikk (*topos*, pluralis *topoi*: gresk 'stad' frå *tópos koinós*; 'sams stad'). Per Linell peikar då òg på éin dialogisk måte å nærme seg tekstleg innhald på, det han kallar «topicality» (Linell 2009: 245).

Retorikkvitaren Jonas Gabrielsen har illustrert kvifor topikken kan vere fruktbar som eit grep om innhaldsstrukturar (Gabrielsen 2008), og denne retninga skal no drøftast fordi ho i det grunnleggjande fell saman med Toulmins argumentasjonsteori (sjå kap. 1.1.3).

Ein av grunntankane i topikken er at ei sak kan formast på ei rad ulike vis, alt avhengig av kva *topoi* som vert nytta til denne forminga (Gabrielsen 2008: 12–13). Dei klassiske retorikarane meinte likevel at ein tale ikkje kunne innehalde kva som helst; det fanst tvert om klare normer for kva som var eit godt innhald. I dei fleste klassiske retorikkverk finn me såleis lister over potensielle konkrete tilhøve eller generelle perspektiv retor kan fokusere på innanfor ulike sakstypar i talar, gjerne med kvalitetsvurderingar av dei einskilte elementa. I Aristoteles si lære er retorens moglege *topoi* definerte av ei slik liste, der me finn til dømes krig, forsvar og lovgjeving (Gabrielsen 2008: 118). Desse listene vil alltid vere knytte til ein spesifikk historisk kontekst som ikkje prinsipielt kan overførast til andre, så Gabrielsen vil heller sjå ein *topos* «abstrakt og begrebsligt»: «I stedet for... kan man tage udgangspunkt i en serie udvalgte *begreber*, der hver især udpeger en specifik måde at betragte sagen på» (Gabrielsen 2008: 31). Såleis framstår ikkje topikken som ei identifisering av moglege fakta, men som ei samling omgrep som strukturerer avdekkinga av ei sak og identifiserer det retor meiner er sakas potensielle relasjonar.

Av dette fylgjer at det ikkje finst nokon ferdig topikk som kan nyttast direkte på ein tekstforskar sitt materiale, og at kvar analytikar må forsøke å utvikle sine egne (eller sine egne tekstars) *topoi*. Det kan vere eit omfattande arbeid. I avhandlinga si brukar Johan Tønnesson topikken retorisk på det viset at han frå tekstmaterialet sitt sorterer ut ei mengd påstandar eller argument som han kallar *topoi* (Tønnesson 2004: 147). Desse *topoi* vert igjen kategoriserte i grupper som etter Aristoteles vert kalla *logos*, *etos* og *patos* (bevismidla til teksten). Både *topoi* og bevismidla skaper modellesarane. For å rekonstruere desse *topoi*, bevismidla og modellesarane, går Tønnesson detaljert til verks: «I mitt retoriske

laboratorium har jeg ‘oversatt’ hver enkelt ytring i to omganger fram til identifiseringen av noen felles ‘steder i bevissthetens landskap’... som vi igjen skal forstå som undergrupper under de tre retoriske bevismidlene.» (Tønnesson 2004: 220).

Litteraturvitaren Jonas Bakken nyttar òg topikk som tilnærming i ein analyse av litteraturvitskaplege tekstar i etterkrigstida (Bakken 2007). Han brukar toposomgrepet med ein bottom-up-lesemåte som liknar Tønnessons: Analyseobjekta vert brotne opp i ytringar, som vert parafraserte/reformulerte til meir generelle ytringar, som så vert samla i *toposkategoriar* (det Tønnesson kallar bevismiddel). Bakken skildrar ein topos «som en form for generaliserte innholdskategorier som kan appliseres på en rekke konkrete saker» og brukar topoi til å sirkle inn tekstnormer (innhaldsnormer) i eit retorikkteoretisk rammeverk: Innhaldsnormene bestemmer kva for topoi, og dermed kva innhaldsmoment, som er gode (Bakken 2007: 62). Vidare organiserer Bakken sine tekstars topoi etter den klassiske retorikaren Quintilians topikkar, med det han kallar spesifikke topoi grupperte i nokre få overordna toposkategoriar. Toposkategoriane seier kva for fenomen som vert omtalte i tekstane, medan dei spesifikke topoi seier kva for aspekt av fenomen som vert omtalte i dei litteraturvitskaplege/litteraturdrøftande tekstane som Bakken granskar (Bakken 2007: 123–129).

Når det då kjem til utleiing eller *identifisering* av topoi, meiner Bakken at dette kan vere komplisert, og at han «blir... nødt til... å utvikle en topikk med utgangspunkt i selve tekstmaterialet» (Bakken 2007: 123). Denne utviklinga gjer han ved å nitid og detaljert gå igjennom alle ytringar i alle tekstane han granskar. Det fyrste steget er å granske den fyrste artikkelen i materialet for så å utvikle ein førebels topikk. Denne topikken les han så resten av tekstane sine opp imot, og plasserer alle ‘tekstpassasjar’ i alle tekstane innanfor dei førebelse topoi. Deretter justerer han topikken og går igjennom alle tekstane to gonger til.

Fordelen med nedanfrå-metodane som Tønnesson og Bakken demonstrerer, er at dei er svært finmaska, «den gjør det prinsipielt sett mulig å nå fram til en komplett topikk, altså en liste over topoi som kan fange opp ethvert innholdsmoment i materialet», som Bakken seier (Bakken 2007: 221). Ei innvending kan vere at utleiingane skjer i så mange steg at den subjektive inferensen vert *for* akkumulert. Ein står i fare for validitetssvekking for kvar gong ein gjer ei utleiing og gruppering. Både Bakken (2007: 124) og Tønnesson (2004: 220) diskuterer desse problema, men meiner føremonene likevel er større enn ulempene.

Tønnesson hevdar såleis at teksttolking alltid føregår fleire steg, og at det å faktisk artikulere

og å eksplisittgjere dei ulike fasane i fortolkinga gjer forståinga til lesaren større (Tønnesson 2004: 220).

### 5.2.5 Toulmins argumentasjonsteori

Eg korkje vil eller kan argumentere mot dette. Likevel skal me no gå til ein innfallsvinkel til innhaldsstrukturar som iallfall i teorien byr på ein meir formulert metodikk, og som difor inviterer til ein bruk som kanskje er lettare å kritisere. Jonas Gabrielsen gjer framlegg om å omsetje eller rekontekstualisere omgrepa om Aristoteles sine ulike topoitypar til *det praktiske argumentets premissar* (Gabrielsen 2008: 105). Dette gjer han fyrst ved å skilje mellom det teoretiske og det praktiske argumentet, som svarer til dei aristoteliske omgrepa syllogisme og enthymem. I syllogismen er alle premissane generelle, og dermed konvertible. I enthymemet, i praktisk-retorisk argumentasjon, ser det annleis ut. Her er det to ulike typar premissar som har kvar sin funksjon, og dei er altså ikkje konvertible. Eit praktisk-retorisk argument har ein konkret, faktisk premiss, som slår fast at eit tilhøve er tilfelle eller ikkje. I tillegg rømer det ei prinsipiell utsegn som ikkje knyter seg til ein spesifikk situasjon og kontekst, den inferensielle premissen. Denne inferensielle premissen svarer til meir generelt godtekne oppfatningar og det som vert (av retor) rekna som ålmenn kunnskap (Gabrielsen 2008: 98, sjå kap. 1.1.3).

Gabrielsens omgrep om dei inferensielle topoi er nært knytt til den underliggjande premissen i eit argument, og relaterer såleis til den storleiken som den britiske filosofen Stephen Toulmin identifiserte, drøfta og omgrepsfeste i *The uses of argument* (1958). Med *The place of reason in ethics* (1950) vart Toulmin mellom dei fyrste som freista å finne ein teoretisk plass for *fornuftsbetinga* etisk og moralsk argumentasjon etter at den logiske positivismen hadde dominert vitenskapsfilosofien før krigen. Gyldig moralsk argumentasjon er å gje gode grunnar for handlingsval, om enn ikkje strengt logiske, hevda Toulmin – *reason* tyder då òg både ‘grunn’ og ‘fornuft’.<sup>17</sup> Den ålmenne teorien sin vidareutvikla han så med den etter kvart legendariske argumentasjonslæra i *The Uses of Argument* frå 1958, som er det arbeidet hans som framstillinga nedanfor byggjer på (Toulmin 2003).

Toulmin tek utgangspunkt i at logikkens argument skil seg radikalt frå den praktisk-retoriske argumentasjonen me elles driv med.<sup>18</sup> Sistnemnde baserer seg på premissar som ikkje nødvendigvis er sanne eller falske, men som er tentative og gjenstand for forhandling

---

<sup>17</sup> Stephen Toulmin. (2011, 21. november). I *SNL*. Henta 10. januar 2014 frå [http://snl.no/Stephen\\_Toulmin](http://snl.no/Stephen_Toulmin).

<sup>18</sup> Toulmin relaterer rett nok ikkje eksplisitt til omgrep som retorikk, enthymem og syllogisme.

(Toulmin 2003: 100–105).<sup>19</sup> Som det vart gjort greie for innleiingsvis, dreier Toulmins teori seg om tilhøvet mellom desse to informasjonstypene, *conclusion/claim* og *data*, omsett til *påstand* og *belegg*. Ikkje berre Gabrielsen, men òg teoretikarar med utgangspunkt i diskursanalyse ser omgrepet *topos* som ein *heimel*. Til dømes har Ruth Wodak nytta topoi som ein analysekategori på denne måten i fleire arbeid innanfor kritisk diskursanalyse (jf. til dømes Reisigl og Wodak 2009), og det same har altså Jan Grue (2011) (sjå kap. 1.1.3).

Det klassiske dømet til Toulmin illustrerer den metodiske modellen som skal nyttast i analysane i denne avhandlinga (Toulmin 2003: 92):

Data: Harry was born in Bermuda.

Claim: Harry is a British subject.

Relasjonen mellom data og konklusjon byggjer her på generelle hypotesar som Toulmin meiner har funksjon som *warrants*, altså *heimlar*. Denne inferensen kan bli svekt av *restriksjonar*, «conditions of rebuttal (R) indicating circumstances in which the general authority of the warrant would have to be set aside» (Toulmin 2003: 94). Dermed kan eit argument også trenge *qualifiers*, *atterhald*: I til dømes jussen må ein ofte «discuss explicitly the extent to which this particular law fits the case under consideration, whether it must inevitably be applied in this particular case, or whether special facts may make the case an exception to the rule» (s. 93). Toulmin opererer òg med *backing*, «the force which the warrant lends to a conclusion» (s. 99). Denne heimelstøtta vert nytta når heimelen er trekt i tvil, noko som jo ofte skjer i praktisk argumentasjon.

Det er fleire årsaker til at det er argumentasjonsteorien til Toulmin som skal nyttast her, ikkje topikken. Den fyrste handlar om fagleg tilknytning: I den grad denne avhandlinga fell inn i ein ‘forskingstradisjon’ med tekstlege førebilete, finst dei i den språkpolitikkteoretiske litteraturen. Omgrepet *heimel* ser i større grad enn *topos* til å samsvare med denne litteraturens (meir upresise) omgrep som «justification» og «rationale», og gjer dermed framstillinga mi meir jamførbar med tekstar frå generell språkrettsteori.

Det er dessutan *politikk*, sett som det dialektiske tilhøvet mellom ordninga og argumentasjonen for henne, som er gjenstanden her. Når dette tilhøvet skal analyserast, verkar Toulmins modell meir relevant og instruktiv enn topikken. Det er fordi Toulmins

---

<sup>19</sup> Som me har sett, er retorikkfilosofen Mats Rosengren usamd i at det er eit slikt prinsipielt skilje mellom enthymemet og syllogismen (sjå kap. 1.1.3).



modell *også* fokuserer påstanden, som i denne sammenhengen er den konkrete politiske ordninga det vert argumentert for. I topikken er ikkje dette ein så relevant storleik.

I tillegg tilbyr Toulmin ein overkomeleg modell for rekonstruksjon av implisitte innhaldsstrukturar i eit større tekstmateriale. No kan sjølvstund modellen til Toulmin nyttast for å rekonstruere ein topos *også*, men ut frå mine behov ville det vere som å bykse over elva etter vatn; innføring av éin meir operasjon (frå heimel til topos).

Nemast skal likevel Jan Grues argument for å velje omvendt, altså topikk før Toulmin (Grue 2009: 292, del av Grue 2011). Fordelen med å bruke topos før heimel, meiner Grue, er at ein ikkje kan spørje om ein topos er legitim eller ikkje. Ein topos er ein *stad* i teksten, ikkje ei norm – i motsetnad til heimelen i Toulmin-modellen, som i praksis inviterer til legitimitetsanalysar. Poenget til Grue er viktig, og det skal dermed igjen understrekast at oppgåva her er å *rekonstruere* heimlar og *registrere* dei, uansett kor ‘illegitime’ dei verkar.

### **5.3 Ein Toulmin-inspirert argumentasjonsanalyse: metodiske grep**

Det skal no handle om metodiske grep og utfordringar for kvar hovudarbeidsprosess som vert gjort i avhandlinga. Dette er basert på avsnittet om tolkingsvaliditet (sjå kap. 5.2.3) og på dei metodologiske omgrepsavklaringane som enda i konklusjonen om å bruke Toulmins argumentasjonsanalyse som metode (sjå kap. 5.2.4 og 5.2.5), dessutan på dei teoretiske omgrepsavklaringane i førre kapittel (sjå kap. 4.2 og 4.3).

#### **5.3.1 Prosess 1: Rekonstruksjon av påstand**

Ein Toulmin-inspirert argumentasjonsanalyse krev altså ei gransking av *premissane til tekstens konklusjon*. Såleis må analysen starte med spørsmålet: Kva er tekstens sentrale *påstand(ar)* (som er det same som *konklusjon*)? Rekonstruksjonen av denne storleiken verkar å vere akilleshælen i mange argumentasjonsanalysar og topikkanalysar (Svennevig m.fl. 1995: 278, jamfør òg Reising og Wodak 2009: 102–109). Gabrielsens topikkforståing gjev inga oppskrift på korleis ein skal rekonstruere påstanden (Gabrielsen 2008).

Men som me hugsar, vart *framlegget til vedtak* identifisert som ei sentral tekstnorm for tekstane i materialet for denne undersøkinga (sjå kap. 5.2.2). Storleiken påstand kan rekonstruerast som nettopp desse tilrådingane om endring eller vidareføring av ei juridisk lov eller regulering eller ei politisk ordning som ‘neste’ dokument (eller Stortinget) skal argumentere for eller imot. Tilrådingane er oftast presenterte på ein måte som gjer det greitt

å identifisere dei, gjennom metaformuleringar («Framlegget er...»), typografiske tilhøve eller bår delar. Eg seier «oftast» fordi det i dei mest utgreiande og analyserande tekstane i materialet kan vere vanskeleg å sjå kva som eigenleg er den konkrete tilrådinga til neste dokument. Slike tilhøve skal drøftast innleiingsvis i framstillinga av dei aktuelle dokumenta og dokumentklyngjene (sjå kap. 20.1, innleiinga).

### **5.3.2    Prosess 2: Rekonstruerande kategorisering av ordningar**

Eit (framlegg til) vedtak er meir enn komponenten *påstand* i ein argumentasjonsanalyse. Det er òg ei ytring som er ei strategisk handling. Ho grip direkte inn i røyndomen ved å endre ein regel eller ein praksis. Ho kan ikkje stadfestast eller avkreftast, og ho kan ikkje vurderast som sann eller usann (Svennevig 2009: 69). I staden er desse tilrådingane prinsipielt anmodningar eller imperativ og må difor etter John Searle kallast direktiv (Searle 1979: 12–17). Denne forma for imperativ støttar seg på sanksjonsmoglegheiter som ligg utanfor det språklege området overhovudet. I kombinasjon med konstativ går desse direktiva inn i det Kjersti Rongen Breivega i si argumentasjonsteoretiske avhandling kallar *argumenterende superstrukturskjema* (Breivega 2003: 123–129). Då kan dei sjølv sagt analyserast som argument. Men som *tilråding*, ikkje som del av eit argument eller ein sekvens, skal påstandsytringa her analyserast annleis.

Det er tidlegare avklara at implementering av språkpolitikk ikkje skal studerast her (sjå kap. 5.1.1). Påstandane sine retoriske situasjonar skal heller ikkje analyserast, jamvel om det vert gjort greie for eit minimum av kontekst. I regelen vert det tekstlege og sosiale utgangspunktet for påstanden om ei ny ordning *nemnt*, men det vert ikkje grundig drøfta. Ordningane skal i staden undersøkjast i sine omgrepsmessige samanhengar, altså ut frå korleis dei kan *kategoriserast* i ljøs av parameter gjevne i den teoretiske litteraturen: Snakkar me om ein negativ eller positiv rett, ei territoriell eller personleg ordning, likebehandling eller særbehandling?

Me lyt såleis kaste eit raskt blick på kva det det vil seie å kategorisere, ettersom det kan hevdast at kategorisering er ein meir synkron arbeidsprosess enn den hermeneutiske fortolkinga. Motsetnaden mellom strukturalisme og historisme, eller mellom synkroni og diakroni, handlar om kor vidt forskaren ser språkbruk og tekstar som sosiale, og dermed historiske produkt, eller om det skal gjerast eit synkront snitt i data for å kartleggje strukturar i sine systematiske samanhengar (Gregersen 1991, Jordheim 2001, D. G. Simonsen 2003, Tønnesson 2004). Strukturalisme kan sjåast som ein sekkepost for

vitskaplege forsøk på å få innsikt i granskingsfenomenet sin strukturelle, systematiske og dermed synkrone karakter, og som har det felles at dei ynskjer å abstrahere språket og å setje opp modellar som er analoge med fenomenet som skal granskast. Ei hermeneutisk tilnærming utelukkar slike ‘restlause’ modellar (jf. D. G. Simonsen 2003: 192ff).

Kan ein såleis oppfatte denne granskingas arbeidsprosessar som går ut på å kategorisere ordningar (og heimlar, sjå kap. 5.3.5) som historisk *fortolking*? Kjersti R. Breivega drøftar omgrepet *typologiseringsbasis*, altså kva for storleik som skal kategoriserast, og dessutan hovudtypar av *kategoriseringsmodellar*, altså prinsipp som vert lagde til grunn for ei kvar klassifisering eller typologisering (Breivega 2003: 73–74). Ho byggjer på lingvisten John R. Taylor. Typologiseringsbasis går på innhaldet i kategoriane i analysen, noko som vert diskutert i kapitlet om teoretiske omgrep (sjå kap. 4). Her er spørsmålet om kategoriseringsmodellar meir interessant, det vil seie teoriar om korleis ein kan kategorisere. Breivega finn to hovudtradisjonar: den klassiske logiske modellen og prototypemodellen.

*Den klassiske modellen*, som Breivega òg kallar Aristoteles-modellen, baserer seg på såkalla diskrete kategoriar. Ein kategori er sett saman av naudsyne eigenskapar. For at eit klassifiseringsobjekt kan karakteriserast som del av kategorien, må det ha desse naudsyne eigenskapane. Ein storleik som ikkje har alle dei definerande eigenskapane, er dermed ikkje medlem av kategorien. Det er ingen grader av medlemskap i kategorien, ingen storleikar kan sjåast på som ‘betre’ kategorimedlemer enn andre. Modellen byggjer altså på anten–eller: Anten høyrer ein storleik til ein kategori eller han gjer det ikkje. Ein *prototypemodell* byggjer derimot ikkje på anten–eller, men på det Breivega kallar eit sentrum–periferi-prinsipp: Nokre storleikar er meir typiske eller representative for kategorien enn andre. Alle storleikane er dermed ikkje like gode eller framstående for kategorien, og det finst gradar av medlemskap (Breivega 2003: 74).

Kategorisering i humanistiske arbeid (som mitt), vil nok ofte kunne sjåast som prototypeklassifisering. Breivega meiner då òg at prototypemodellen er den mest vanlege innan tekstforskning (s. 74). Kanskje somme av kategoriseringsprosessane i denne studien kan karakteriserast som *prinsipielt* lovsøkjande og dermed som forsøk på *meir* synkrone innfallsvinklar enn somme av dei andre arbeidsprosessane i granskinga mi. I praksis er likevel kategorigrensene som det her vert operert med, svært fleksible, og omgrepa er dermed meir som kontinuum enn kategoriar å rekne. Det er problematisk å forsvare at

prototipekategorisering ikkje er hermeneutisk arbeid, og dermed kan òg kategoriseringane i denne avhandlinga reknast som abduktive fortolkingar (sjå kap. 5.2.3).

### 5.3.3 Prosess 3: Rekonstruksjon av belegg

Når påstanden er etablert, skal aktuelle belegg for han identifiserast. Det er når belegget for ein påstand er rekonstruert at ein får eit *argument*, og det er då det er mogleg å rekonstruere ein heimel. Breivega meiner superstrukturar (tekstsekvensar) er argumenterande når dei inneheld språklege realiseringar av det ho kallar evaluering, og dessuon ikkje har temporalitet (Breivega 2003: 150). Særleg har leksikon ein viktig funksjon når det gjeld å konstruere evalueringe karakteristikkar av det proporsjonale innhaldet, hevdar ho, og desse karakteristikane kan då finnast på aksen sann–falsk og på aksen god–dårleg (Breivega 2003: 149). Sistnemnde ser ut til å falle saman med termen *vurderingsord* (Svennevig m.fl. 1995: 161).

Slike karakteristikkar skal likevel ikkje systematisk eksplisiterast i analysen nedanfor. Å lyfte fram alle språklege realiseringar av evaluering og argumentere for at det er dét dei er, ville gjere denne avhandlinga svært mykje større, men ikkje føre til svært mykje ny erkjenning.<sup>20</sup> Det bør vere tilstrekkeleg at alle belegga vert gjort eksplisitte i analysane, slik at det er fullt mogleg for lesaren å identifisere til dømes vurderingsorda som er kriterium for belegget.

### 5.3.4 Prosess 4: Rekonstruksjon av heimel

Om heimelen seier Toulmin at han «is itself neither a datum (D) or a claim (C), since it implies in itself something about D and C – namely, that the step from the one to the other is legitimate» (Toulmin 2003: 93–94). Når ein har identifisert ein påstand og eit belegg, er det altså prinsipielt mogleg å utleie ein heimel. Denne heimelen legitimerer argumentet, men treng sjølv mindre argumentasjon, fordi han er knytt til felles forståingar eller rasjonalitet, eventuelt doxa (sjå kap. 1.1.3).

Toulmins eige oppsett skal her nyttast for enklare å kunne rekonstruere heimelen i eit argument. Fyrst til argumentet med dei to kjende komponentane (2003: 92):

---

<sup>20</sup> Iallfall ikkje av den sorten som denne avhandlinga har som mål å nå: «Dette er ein studie som nyttar metodiske grep frå argumentasjonsteori for å vinne teoretisk og empirisk kunnskap om språkrettar og språkpolitikk.» (sjå kap. 1.1.2).

Data: Harry was born in Bermuda.

Claim: Harry is a British subject.

For å gjere det infererte sambandet frå belegg til påstand meir eksplisitt meiner Toulmin ein kan nytte «grammatical tests», til dømes spørsmålet «How do you get there?». I figurane sine nyttar han hjelpeorda «since» og «so» for å få fram stega frå belegg via heimel til påstand (Toulmin 2003: 92):

(Data:) Harry was born in Bermuda.

(*since* Warrant:) A man born in Bermuda will be a British subject.

(*so* Claim:) Harry is a British subject.

Denne modellen, eller dette oppsettet, skal nyttast for alle argument som vert behandla i analysane. Eg skal bruke orda *dersom* og *så*. Slik vert vonleg utleiingane av heimelformuleringane så transparente som mogleg. Men slutningane som vert gjort, er openbert abduktivt-inferensielle og ikkje baserte på til dømes bestemte lingvistiske kriterium. Såleis vil det sjølvsagt vere mogleg å sjå andre rimelege løysingar. Ved fleire høve i analysen vert då òg alternative måtar å formulere heimelen på lanserte, særleg om desse måtane representerer ulike heimelkategoriar.

Eg handsamar argument for argument og heimel for heimel for kvar påstand som vert identifisert. Argumenta vert nummerte. Eit argument vert berre analysert éin gong under kvar ordning, altså under kvar påstand. Om ein påstand har same belegget i ulike fasar i saksgangen, vert det vist attende til fyrste gongen argumentet vart analysert. Såleis vert argument og heimlar samla opp for kvar ordning gjennom heile kapitlet.

Komponentane *restriksjonar*, *atterhald* og *heimelstøtte (backing)* vert ikkje brukte i analysane. Ei praktisk årsak til det er materialmengda og talet på analyserte argument (om lag 250). Det verkar lite overkomeleg å ta metodisk omsyn til desse andre komponentane òg. Viktigare er at det nettopp er *rettferdigginga* av ei ordning som det her er føremålet å granske, og den vert i alle høve identifisert ved rekonstruksjon av heimelen. Openberre atterhald og restriksjonar skal likevel nemnast, men dei vert ikkje sette opp som faste komponentar i analysen. Og jamvel om analysen ikkje opererer med hovudbelegg og «backing», vert alle kvalifiserande påstandar sorterte under belegg. *Alle* belegg som kan finnast for ein påstand, skal altså setjast opp i *dersom-så*-strukturar.

### **5.3.5    Prosess 5: Rekonstruerande kategorisering av heimlar**

Heimelen skal rekonstruerast som ytring, men ytringa skal òg *kategoriserast* etter føreskrivingane til Jonas Gabrielsen: ved å ta utgangspunkt i «en serie udvalgte begreber, der hver især udpeger en specifik måde at betragte sagen på» (sjå kap. 5.2.4). I undersøkinga vert altså heimelen karakterisert ut frå det som her vert kalla *heimelkategoriar*, men som òg kan sjåast som ei aristotelisk liste over topoi, ettersom kategoriane prøver å dekkje *alle* typar legitimering av språkpolitiske ordningar. Hovuddiskusjonen om heimelkategorisering vert teken i det fylgjande, og må haldast på noko generelt og teoretisk plan. Av omfangsårsaker kan ikkje kvar einaste heimelkategorisering drøftast inngåande i analysen. Der det likevel er openbert grunnlag for tvil, diskuterer eg.

Heimlane vert både kategoriserte og diskuterte med utgangspunkt i *det teoretiske grunnlaget* for avhandlinga, presentert i kapittel 4.

#### **5.3.5.1   Eigenverdiheimlar**

Eigenverdiheimlar har me når den infererte premissen i argumentet peikar mot, refererer til eller uttrykkjer ein ibuande kulturell, identitetsmessig eller ikkje-grunngeven verdi ved språk(et), ein verdi som ikkje er knytt til noko ‘utanfor’ det aktuelle språket eller språksamfunnet. Eit språkpolitisk argument som er eigenverdiheimla, har ikkje noko anna mål enn språket og språksamfunnet i seg sjølv (sjå kap. 4.3.3).

I kategoriseringsprosessen er det operasjonelt svært problematisk å skilje mellom heimlar som refererer til språkets spesifikke eigenverdi for ei bestemt språkgruppe på den eine sida (identitetsinteresselegitimering) og heimlar som refererer til språkets universelle verdi for verda eller alle folkegrupper på den andre (mangfaldslegitimering). Årsaka er at i den praktiske og ikkje svært utbygde argumentasjonen kan ‘båe’ peike mot ein laust formulert kulturell verdi som kan knytast til både partikulære grupper og heile verda. Ko(n)tekst gjev sjeldan peikepinnar her. På det viset kunne ein kanskje òg ha kalla denne heimeltypen *kulturell*, men då ville det likevel vore problematisk å skilje dei frå argument om at ein må styrkje nynorsk for å verne dialektar eller lokalkultur, til dømes. Ei anna moglegheit kunne vore nemninga *identitetsverdiheimlar*, men då hadde ein òg mist det språklege sambandet til litteraturens omgrep «intrinsic».

#### **5.3.5.2   Konsekvensialistiske heimlar**

Ulike typar konsekvensialistiske heimlar har me når den infererte premissen peikar mot, refererer til eller uttrykkjer ein politisk eller moralsk verdi ved det språkpolitiske tiltaket

som ikkje kan formulerast som kulturell, identitetsmessig eller deontologisk rettferdsbasert (prosedural, sjå nedanfor). Eit språkpolitisk argument som er konsekvensialistisk heimla, har eit anna mål enn språket eller språksamfunnet i seg sjølv (sjå kap. 4.3.3). Det skal her opererast med styringskonsevensialistiske, integrasjonskonsevensialistiske, pedagogisk-konsevensialistiske, deliberasjonskonsekvensialistiske, økonomisk-konsevensialistiske, dialektkonsekvensialistiske, lingvistisk-konsevensialistiske og, under tvil, mangfaldskonsekvensialistiske heimlar (sjå kap. 4.3.3.1).

Det kan vere utfordrande å skilje mellom desse. Om kategoriseringa i analysen ikkje er heilt konsekvent, har det då heller ikkje noko å seie for konklusjonen: Den konsentrerer seg om balansen mellom dei tre heimeltypane. Meir problematisk er det om og når det er vanskeleg å differensiere mellom konsekvensialistiske heimlar og eigenverdiheimlar, eller konsekvensialistiske og prosedurale heimlar. Det siste skal tematiserast i neste avsnitt.

### 5.3.5.3 *Prosedurale heimlar*

Det me kallar ei prosedural legitimering, er eit fokus på rett *prosess*, ikkje rett resultat. I så måte kan proseduralitet ikkje sjåast som legitimering, men som omsyn eller premiss. Så lenge påstanden vert fremja på dei proseduralt rette premissane, er han rett, uansett kva som er det substansielle innhaldet i han. Eit språkpolitisk argument som er proseduralt heimla, fremjar ikkje nokon annan verdi enn riktig prosedyre (sjå kap. 4.3.2).

Somme vil hevde at ofte er prosedural argumentasjon *i røynda* substansiell argumentasjon. I del V skal dette diskuterast meir inngåande i ljøs av Rune Slagstads tolking av den norske venstrerørsla før og kring innføringa av parlamentarismen som ikkje eigenleg prosedural-liberal, men som substansiell-kommunalistisk. Ifylgje Slagstad ville ikkje Venstre fyrst og fremst ha eit liberalt demokrati for å *desentralisere makt*, men for å *gje bøndene makt* (sjå kap. 23.1.1). Problemet oppstår altså når ein spør kven og kva som definerer *rett* eller *rettferd*.

Prinsippet om jamstilling – *at like storleikar skal handsamast likt* – har vore eit fastpunkt i vestleg tenking sidan Aristoteles, seier den amerikanske rettsteoretikaren Peter Westen i eit essay om «The empty idea of equality» (Westen 1982). På norsk må *sidestilling* sjåast på som synonymt med både *jamstilling* og *likestilling*, og som korresponderande med det engelske *equality*. Framlegget til jamstillingsvedtak frå 41 stortingsrepresentantar i 1885 ville at «det norske Folkemaalet ... kann faa full Rett og Fridom jamsides med Bokmaalet» (Dok. nr. 17 1885: 2), og i stortings- og regjeringsdokumenta frå tida etter er det omgrepa

«Ligestillen» og «ligestilles» som går att. Nemninga *jamstillingsvedtaket* var målrørsra si og vart utover 1900-talet ein fast referanse til vedtaket òg i den breiare offentlegheita. Eventuelle nyansar mellom *jamstilling*, *sidestilling*, *likestilling* og det engelske *equality* er ikkje viktige i vår samanheng.

Westen meiner den historiske suksessen til omgrepet *equality* kan forklarast ved det at det i utgangspunktet er tomt, innhaldslaust: «For the principle to have meaning, it must incorporate some external values... but once these external values are found, the principle of equality is superfluous.» (Westen 1982: 537). Det Westen altså hevdar, er at omgrepet *jamstilling* ligg prinsipielt ope, det må fyllast med substansielle politiske mål for å i det heile teke kunne brukast. Så, dersom omgrep som *jamstilling* må definerast ved hjelp av eksterne moralske eller politiske domar, kan det då seiast å vere ein slik prosedural eller liberal verdi som Rawls talar om (sjå kap. 4.1.1)?

Problematikken kan ikkje drøftast i si fulle breidde her, men det skal understrekast at han leier til somme klassifiseringsproblem i analysen. Alle infererte premisser som spelar på rettferd, rett og *jamstilling* vert kategoriserte som prosedurale. Men det er problematisk når det som er påstått *rettvist* og *rett* er kombinert med klare politiske mål òg, jamfør poenget til Slagstad. Er til dømes eit lokalsamfunn sin ‘rett’ til å avgjere språk sjølv ein deontologisk rett eller konsekvensialistisk realpolitikk? Del V drøftar desse metodologiske spørsmåla meir inngåande, men konkluderer med at kategoriane som vert nytta her, held teoretisk vatn (sjå kap. 23.1.1).

#### **5.3.5.4 Doxa**

*Doxa* refererer her til ein ikkje-uttalt verdimesig posisjon på eit felt og/eller i ein periode, indeksert av argumentasjonsheimlar utleidde frå dokumenta (Rosengren 1998: 16, sjå kap. 1.1.3). Såleis vert *eigenverdi* omtala både som ein heimeltype, men også som *doxa*. Språksikring er derimot den *politikken* som er føresett av positive språkrettar og eigenverdiheimlar (eigenverdidoxa). *Nøytralitet* vert omtala som ein språkpolitikk, det vil seie nøytralitetspolitikken, føresett av positive/negative rettar og prosedurale heimlar. Men nøytralitet vert òg omtala som *doxa*, fordi nøytralitetsdoxa tykkjest språkleg betre enn ‘proseduralt doxa’.

Som nemnt, er ikkje omgrepet *doxa* operasjonalisert som del av problemstillingane (sjå kap. 1.1.3), og å drøfte *doxa* er dermed heller ikkje ein del av det systematiske metodiske arbeidet her. Likevel skal omgrepet brukast som ein del av refleksjonen i avrundingane etter



hovudkapitla, for å diskutere samfunnsdrag som kan kaste ljøs over heimetolkingane i analysen (sjå kap. 11 og 17). Endå meir skal det i bruk i sluttkapitla i del V, i diskusjonane om og korleis språkpolitikken i nyare tid er prega av tidlegare praksisar og syn (sjå kap. 23).

### **5.3.6    Prosess 6: Rekonstruksjon og kategorisering av kombinasjonar av opphoping av ordningar og heimlar/språkpolitikkar**

Den potensielle feilkjelda eller den prosessen med høg grad av rekonstruksjon som fyrst skal nemnast, er etableringa som er gjort av modellane. Som det vonleg gjekk fram i kapitlet om teoretiske omgrep, er det ikkje slik at somme bestemte modellar for språkpolitikk er lagt fram ein gong for alle i litteraturen – ulike teoretikarar opererer med ulike omgrep og ulike teoriar (sjå kap. 4.2 og 4.3). Det er *eg* som har fortolka desse omgrepa og teoriane som modellar for ulike typar språkpolitikkar, og i førre kapittel vart det altså freista å gjere greie for desse tolkingane så ope som råd.

Når då modellane er etablerte, skal det gjerast eit kategoriseringsarbeid ut frå kriterium og typologiseringsbasisar som vart lagde fram i kapitlet om teoretiske omgrep. Det handlar i hovudsak om å finne ut om det finst mest negative eller positive rettar, og om desse mest er proseduralt heimla eller eigenverdiheimla (sjå kap. 4.4). Såleis kan det skiljast mellom nøytralitetspolitikkar (negativ og positiv nøytralitet) på den eine sida og språkvernpolitikkar (språklege menneskerettar og språksikring) på den andre.

Her er det sjølvstøtt ordet «mest», som òg vert uttrykt som «opphoping» (sjå kap. 1.2.3), som er det metodiske cruxet. Etersom dette ikkje er ei kvantitativ gransking, er identifiseringa av opphoping ein rekonstruksjon. Rett nok vert argumenta nummererte for oversynet og krysstilvisingane sin del, men dei skal ikkje teljast. Det noko upresise ordet *opphoping* er såleis medvite valt. Konklusjonen om opphopingar skal baserast på inntrykk og argumentasjon gjennom analysen, ikkje på statistikkføring. Dèt ville sjølvstøtt òg vore vitenskapleg uakseptabelt, ettersom det er prinsipielt umogleg å slå fast at ein har eksplisittert *alle* argumenta i ein tekst.

## 6 Forskingsetiske og vitskapsososiologiske refleksjonar

### 6.1 Forskingsetikk

Dei mange etiske spørsmåla som handlar om omsyn til personar, er ikkje direkte aktuelle i denne studien, iallfall ikkje omsyn til personar som *informantar* eller *forskningsobjekt*.<sup>21</sup> Dette tyder naturlegvis ikkje at prosjektet ikkje møter forskningsetiske spørsmål og dilemma. Innleiingsvis skal det no relaterast til dei delane av De nasjonale forskningsetiske komiteer (2008) sine *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* som synest mest relevante. Deretter skal desse *Retningslinene* sjåast i høve til overordna forskningsetiske spørsmål i dette prosjektet. Til slutt skal to av granskninga sine viktigaste etiske problemstillingar diskuterast. Desse skal relaterast til vitskapsteoretiske og metodologiske omgrep. Framstillinga freistar òg å vise korleis dilemmaa kan diskuterast og løysast opp i (om ikkje akkurat *løysast*).

Men fyrst eit blick på *Retningslinene*: I humaniora og i samfunnsvitenskapen driv ein med *fortolking*, noko som nødvendigvis opnar for subjektivitet og intersubjektivitet. Som *Retningslinene* understrekar i det generelle avsnittet om «Forskningens verdi og forskningsetikk», har faga våre såleis karakter av noko uavslutta og feilbarleg (De nasjonale forskningsetiske komiteer 2008: 8). Dette opne og ikkje-restlause stiller krav til transparensen i den vitskaplege framstillinga: Ein må unngå uargumenterte oppfatningar, ein må gjere greie for korleis eigne haldningar kan påverke val av tema, kjelder og tolkingmoglegheiter, og framvise generelt innsyn i eiga feilbarlegheit (De nasjonale forskningsetiske komiteer 2008: 8, jf. òg Jordheim m.fl. 2008: 233ff, og sjå kap. 5.2.3).

Også *Retningslinenes* avsnitt om «Forskningens samfunnsmessige, kulturelle og språklige rolle» er relevante for denne studien (De nasjonale forskningsetiske komiteer 2008: 9). Dette dreier seg om at forskingas problemstillingar og funn skal ha *samfunnsnytte*. Fordi folk og forskarar kan vere usamde om kva som er nyttig og viktig å utforske, bør vitskaplege framstillingar opne for diskusjon om og grunngjeving av kvifor det aktuelle

---

<sup>21</sup> Men ein tekstanalytikar har, som alle andre forskarar, eit ansvar for einskildmenneske på det viset at han skal tolke og framstille individs ytringar/tekstar på ein rettviss og rimeleg måte (De nasjonale forskningsetiske komiteer 2008: 20).

feltet og dei aktuelle problemstillingane er relevante for (forsknings)samfunnet. Slik kan ein unngå forskning av fordomsfull, privat karakter, utan at dette skal stenge for nye forskingsfelt og problemstillingar utanfor etablerte forskingsparadigme (jf. òg Jordheim m.fl. 2008: 398ff).

*Retningslinenes* drøfting av fortolking og samfunnsoppdrag kan dessutan sjåast i samband med forskningsetiske prinsippet om *uavhengigheit* og *upartiskheit*. Det er særleg diskutert i avsnittet om oppdragsforskning (De nasjonale forskningsetiske komiteer 2008: 30). I forskingsprosessen, etter at tema og problemstillingar er valde, skal forskaren la seg styre av vitenskaplege prinsipp, ikkje av kva som tener ein oppdragsgjevar, ein interesseorganisasjon eller ei sak. Problemstillinga kan òg utvidast til spørsmålet om nødvendig distanse og nærleik til forskingsobjektet, og dermed til *insider*-problematikken (Kvernbekk 2005: 18ff).

## **6.2 Forskingsetiske spørsmål i dette prosjektet**

Etiske problemstillingar som særleg gjeld dette arbeidet, er relaterte til grenseoppgangen mellom forskning og politikk. Eg skriv om norsk språkpolitikk med særleg fokus på statlege strategiar i høve til mindretalsspråket nynorsk, og har sjølv vore språkpolitisk aktivist på nynorsksida. Dessutan var eg aktiv i ein tidsperiode som delar av tekstmaterialet er henta frå – eg har altså vore ein aktør i feltet på den tida eg forskar på.

Som me skal sjå, knyter desse problemstillingane seg til *Retningslinenes* drøftingar av forskingas samfunnsoppdrag og av fortolkingsproblematikk som i røynda handlar om uavhengigheit og upartiskheit. Eg har identifisert to forskningsetiske hovudspørsmål for prosjektet mitt som òg tangerer metodiske og vitenskapsteoretiske problemstillingar:

1. Har prosjektet samfunnsmessig nytte, eller er spørsmålet om offentleg språkpolitikk berre viktig ut frå mi eiga interesse i at det nynorske språksamfunnet vert oppretthalde?
2. Kan eg behandle spørsmål som knyter seg til språkpolitisk interessestrid med nødvendig distanse, rettferd og rimelegheit, når eg sjølv har vore språkpolitisk aktivist i den perioden eg forskar på?

### **6.2.1 Er temaet viktig og nyttig?**

Emnet her er altså språkpolitikk. Det ligg i korta at eg tykkjer fenomenet er viktig, iallfall viktig nok til at eg forsvarer å bruke mange år til å skrive ei doktoravhandling om det. Men

som det vart peika på ovanfor, finst det lite norsk forskning på feltet (sjå kap. 3.2).

Manglande forskingstradisjon *må* ikkje tyde at emnet er uviktig for mange, men det *kan* tyde det.

Driv eg så forskning på eit felt og ei problemstilling som berre tener mine egne interesser? Det er eit spørsmål som spring ut av to faktum; det eine synleg for alle, det andre må eg sjølv opplyse om. For det fyrste: Eg er nynorskbrukar. Som minoritetsspråk i det fleirspråklege Noreg, er nynorsken *markert* (Mæhlum 2007: 48). I norsk kontekst vil det å skrive ei doktoravhandling på nynorsk i seg sjølv fungere som ei språkpolitisk lada handling, kanskje særleg når emnet er språkpolitikk. Det andre faktumet er likevel forskingsetisk meir interessant; nemleg at eg sjølv har vore og er aktør. Eg har altså ei personleg og politisk interesse i det feltet eg skriv om.

No er det prinsipielt umogleg å tilbakevise ein tenkt kritikk om at forskingstemaet og problemstillinga tener egne interesser. Ofte er det då heller ikkje nødvendig – at folk forskar på det dei har interesse i og for, er vel regelen meir enn unnataket. Ein kan likevel tenkje seg at kritikken dukkar opp om forskingstemaet verkar snevert eller sært.

Har så personlege omsyn overskygga omsynet til forskningas samfunnsoppdrag i denne granskinga? Spørsmålet krev fyrst og fremst ei fagpolitisk drøfting frå det spesifikke teoretiske og empiriske feltet til studien; svaret kan ikkje hentast frå generell metodologisk eller vitenskapsteoretisk litteratur. To viktige argument for prosjektets samfunnsrelevans og aktualitet skal her trekkjast fram: For det fyrste er det offisiell norsk språkpolitikk å ha både bokmål og nynorsk som såkalla «samfunnsberande språk» – jamfør til dømes dei to stortingsmeldingane om språk og språkopplæring frå 2008 (St.meld. nr. 35 2007–2008: 14, St.meld. nr. 23 2007–2008: 10). Styresmaktenes språkpolitiske proklamasjonar kan sjølvsagt ikkje tene som garanti for den forskingspolitiske verdien av problemstillingane i denne granskinga. Dei er likevel ei stadfesting på at eg ikkje står åleine i interessa mi for forvaltninga av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Det same kan seiast om den store *internasjonale* forskingsinteressa for språkpolitikk (sjå kap. 3.2.1 og 4.1.4) – ho er òg eit argument for denne studien i eit samfunnsoppdragsperspektiv og viser at problemstillingar rundt språkpolitikk er eit relevant objekt for både human- og samfunnsvitarar.

### **6.2.2 Aktør på eige felt?**

Språkpolitiske styringsdokument skal her analyserast både for å kartleggje det strategiske nivået; det vil seie for å identifisere og kategorisere den norske statens språkpolitiske

ordningar, men også for å analysere argumentasjonen for desse strategiane; det vil seie kva som språkrettsleg og språkpolitisk heimlar dei. Eit forskingsetisk spørsmål til prosjektet vil såleis kunne ta opp partiskheit og distanse: Vil eg ikkje stå i fare for å sjå ‘problemet’ gjennom svært farga briller, som til dømes bestemmer utvala; kva eg framhevar og kva eg ikkje ser? Misser eg ikkje det nødvendige metaperspektivet på praksisen eg forskar på, om eg sjølv har vore med på å prøve å forme han? Er eg for mykje av ein *insider* til å greie å behandle objektet mitt sannferdig og rettferdig? Kan insidieren prinsipielt bli outsider, kan ho sjå seg sjølv og eigen praksis med andre (forskaren) sine auga, for å parafrasere Tone Kvernbekk (2005: 52)?

Spørsmåla kan diskuterast både på prinsipielt erkjeningsteoretisk plan og på meir konkret metodisk plan. Fyrst til det prinsipielle: Det er inga nødvendighet i at insider- og/eller aktørrolla gjev *meir* subjektivt lada observasjonar eller forklaringar enn outsiderrolla. Det er ei ålment akseptert filosofisk erkjening at all observasjon og dermed all tolking er teorilada. Også ei som skulle forske på norsk språkpolitikk utan nokon gong å ha vore i kontakt med formulerte språkpolitiske interesser i Noreg, ville måtte møte stoffet som aktiv tolkar og dra sine slutningar om samanhengar og årsakstilhøve (Kvernbekk 2001: 148). Både innsideforskaren og utsideforskaren må grunngje sine val og utval, og det er kvaliteten på desse grunngjevingane som sikrar validiteten i prosjektet.

Men spørsmålet skal òg drøftast ved tilvisingar til den kanadiske sosiologens Dorothy Smiths metodologi, såkalla *institusjonell etnografi*. Denne kan sjåast som eit forsøk på å sameine det personlege innsideengasjementet med metodiske grep som gjev mindre sårbarheit for personavhengigheit og personomsyn. Smith hevdar at jamvel om forskinga må ta utgangspunkt i empiriske, «actual» problem blant empiriske menneske, skal desse menneska *ikkje* vere gjenstand for forskinga vår (Smith 1999: 5). I staden skal målet for granskingane våre vere *relasjonane mellom* kvardagslivet til folk og den institusjonelle styringa av kvardagslivet:

Opening inquiry by beginning in the actualities of people’s lives as they experience them does not mean making them the object of research. The aim is not to explain people’s behaviour but to be able to explain to them/ourselves the socially organized powers in which their/our lives are embedded and to which their/our activities contribute (Smith 1999: 8).

Dermed er òg det normative grunnlaget i institusjonell etnografi klargjort. Smith har sjølv ein feministisk agenda: Eit sosialt fenomen og problem som til dømes mannssjøvinisme på eit institutt ved eit universitet, kan ikkje forklarast og heller ikkje løysast ved berre å forske tradisjonelt etnografisk på menneska i dei sosiale prosessane som føregår innanfor instituttet lokalt. Prosessar på mikronivå kan berre avdekkjast, forklarast og løysast om me forskar *oppover*, er Smiths påstand (Smith 1999: 195ff).

Institusjonell etnografi har som premiss at hendingane i livsverda vår er knytte til kjeder av ytre, samfunnsmessige dominanstilhøve, det Smith kallar *the ruling relations*. Desse styrande relasjonane skildrar ho som «the complex of objectified social relations that organize and regulate our lives in contemporary society.» (Smith 1999: 73). At relasjonane er *objektiverte*, er eit vesentleg poeng. Det heng saman med korleis ein forskar på styringsrelasjonane. For desse relasjonane er ikkje alltid, jamvel sjeldan, enkle å observere i den empiriske verda. Det er altså komplisert å granske dei vitskapleg, iallfall om utgangspunktet er etnografisk og lokalt. Men Smith hevdar at styringsrelasjonane faktisk materialiserer seg lokalt, og det gjer dei som *tekstar*: «I have come to see the text in its material as well as in its symbolic aspect as the bridge between the everyday/everynight local actualities of our living and the ruling relations» (Smith 1999: 7). Det Smith kallar det tekstleg medierte, er eit grunnleggjande drag ved dei styrande relasjonane. Dei opererer gjennom tekst og er avhengige av tekst for å fungere. Det er den tekstleg medierte karakteren til styringsrelasjonane som mogleggjer dei som over- eller translokale, og dei lokale kvardagsproblema våre skal såleis forståast som alltid relaterte til og koordinerte av translokale tekstar. Slik er det mogleg å studere makta i relasjonane som noko observerbart, som institusjonar.

Ein treng ikkje gå god for Smiths vurdering av verdien av tradisjonell etnografi for å slutte seg til dei sentrale prinsippa hennar. Fordi eg har valt rettskategoriserande og dokumentanalytiske tilnærmingar som overordna metodologiske rettesnorer, og i praksis studerer «the ruling relations», unngår eg å forske på mine egne nettverk og dermed på meg sjølv.

Her skal det understrekast at Smith slett ikkje er kritisk til insiderforskning, ho ser tvert om programmet for ‘forskning oppover’ som ein variant av denne (Smith 1999: 225). For denne avhandlinga gjer anvisningane hennar likevel ein viktig skilnad: Dei representerer eit vitskapsteoretisk forsvar for å fokusere på *statens* politikk som han er konstruert i statens

tekstar, for ein top-down-analyse av styringsrelasjonar som ligg utanfor og ovanfor meg sjølv og mine eventuelle aktivistnettverk. Skotta er openbert ikkje vasstette. Sjølve *objektet* er likevel politikken på makronivå, formidla gjennom sine omgrep, og målet med granskinga er å teoretisere desse omgrepa ytterlegare. Målet er ikkje å analysere korleis denne makropolitikken kjem som resultat av språkorganisasjonane sin interessekamp, og det er heller ikkje å analysere nynorskorganisasjonane sin politikk i same periode. Det ville nok gjeve større dilemma (men likevel ikkje vore umogleg).

No slepp ein sjølv sagt ikkje unna problemet med partiskheit berre ved å forske oppover på styringsrelasjonar. I forskingsprosjekt som baserer seg på teksttolking, er det då òg i stor grad *rekonstruksjonsprosedyrar* og *kvaliteten i argumentasjonen* som garanterer for etikken: Å påstå at bestemte omgrep knyter seg til større omgrepssystem, krev transparente tolkingsprosessar. Såleis kan dette kapitlet avsluttast om lag som avsnittet om tolkingsvaliditet (sjå kap. 5.2.3): Fortolkingsprosessen kan sjåast på som eit slags doksisk-rekonstruerande omsetjingsarbeid, eller som Schleiermacher-eleven August Boeckh formulerte filologiens oppgåve: *das Erkennen des Erkannten*, sannkjenning av det sannkjende (etter Jordheim m.fl. 2008: 217).





DEL II 1885–1930

ETABLERING AV EIN SPRÅKLEG  
NØYTRALITETSPOLITIKK



# 7 Introduksjon del II

## 7.1 Struktur og skisse av kapitla

Tittelen på denne fyrste delen av avhandlingas empiriske analyse er ei forskotering, ettersom nemninga og omgrepet *nøytralitetspolitikk* kjem som eit *resultat* av granskinga. Tittelen er vald for å gje lesaren eit hovudspor å gå etter, for å gjere kapitlet meir lesevenleg, men sjølvsagt òg fordi han oppsummerer det som faktisk vert endskapen av drøftingane her: Trass i utstrekt bruk av eigenverdiheimlar i førearbeida til jamstillingsvedtaket i 1885, er hovudinntrykket av dokumenta frå tida mellom 1885 og 1930 *fråværet* av eigenverdiheimling av språkpolitikken – men i kombinasjon med positive språkrettar.

Denne avhandlingsdelen vil altså forsøke å vise dei politiske og argumentative hovudstrategiane for den statlege språkpolitikken i etableringa av landsmålet gjennom det prinsipielle jamstillingsvedtaket og konkretiseringa av dette på opplæringsfeltet i 1892 og på offentleg språkbruksfeltet i 1930.

Alle dei større språkpolitiske reformene innanfor statusplanlegginga fram til 1930 kom som resultat av at målrørsla påverka partiet Venstre til å bruke den sterke posisjonen sin i norsk politikk til å få gjennom reformene i Stortinget. Fokuset her er likevel ikkje korleis målrørsla eller målfraksjonane i Venstre og andre parti argumenterte, men korleis dei vedtekne reformene vart legitimerte *innanfor* det politiske systemet, særleg i Stortinget. Om ein skal analysere *årsakene* til at norsk språkpolitikk vart som han vart, er ikkje dette nødvendigvis ein viktig distinksjon. Då kan Venstre sjåast som ein forlenga arm av målrørsla som tok med ein språkpolitikk formulert av målrørsla inn i det politiske systemet der naudsynte kompromiss og avslippingar vart gjorde for å få vedtaka gjennom. Ein kan òg vente seg eit samanfall mellom målrørsla si legitimering av reformene utanfor dei politiske organa og partia si legitimering innanfor, ikkje minst sidan målfolka stod så sterkt innanfor Venstre (Mjeldheim 1984: 387ff).

Like fullt kan det òg vere skilnader: Målrørsla kunne i klarare ordelag argumentere for reformer ut frå at dei tente målsaka og landsmålet enn kva politikarar innanfor systemet kunne. Dei var nok i større grad avhengige av å legitimere standpunkta ut frå at det tente norsk språk- og kulturutvikling i vidare meining, eller andre ålmenne prinsipp, anten det var

snakk om demokratiske, liberale, pedagogiske eller andre omsyn. Vekta her ligg på korleis dei språkpolitiske ordningane vart legitimerte innanfor dei politiske styringsorgana, uavhengig av intensjonar eller vikarierende argumentasjon. Om argumentasjonsstrategiane mest kom som fylgje av at ordningane som vart utforma trong legitimering, eller om det mest var slik at dei politiske ordningane var eit resultat av argumentasjonen, er såleis mindre viktig for hovudføremålet med analysen: å prøve å vise at ny utforming av språkpolitikk er avgrensa av argumentasjonsmønstra, framfor alt argumentasjonsheimlane, som er etablerte.

Ein diakron analyse av norsk språkstrid, og for den del av norsk offentleg språkpolitikk, kunne nok òg vore gjort med andre omgrep og kategoriar. Omgrep og omgrepsspar som er relevante for perioden 1878–1965, og som kunne vore diskuterte og nytta som systematisk utgangspunkt for analyse, er til dømes tale/skrift, lesing/skriving, valfridom/plikt, danning/ikkje-danning og norsk/dansk. Fleire av desse omgrepsspara er då òg etablerte analyseverktøy for forskarar på norsk språkhistorie (jamfør til dømes Haugen 1969, Jahr 1984, Haugland 1985, Hanto 1986, Hoel 2011). Men dei fleste av desse omgrepa tek utgangspunkt i argumentasjon for og mot det eine eller andre språklege alternativet. Dét er altså ikkje hovudsaka i denne studien, som meir er ute etter kva type argument for dei ulike ordningane som vart nytta, enn argument for det eine eller andre *språket*. Nokre av dei nemnde omgrepsspara vil likevel bli dregne inn i og bidra til å kontekstualisere analysen.

Avhandlingsdelen er sett saman av tre hovudkapittel med relativt empirinære analysar. Det fyrste analysekapitlet, kapittel 8, er kort og summarisk, fordi det dreier seg om ein freistnad på å etablere ein språkpolitikk som ikkje førte fram. Det tek føre seg tida fram til 1880-åra med vekt på vedtaket i 1878 om at talemålet til borna skal liggje til grunn for undervisninga i ålmugeskulen. Eit interessant trekk med dette vedtaket i min samanheng er at det forsøker å etablere ei ordning basert på det som er kalla *tilpassing* (jamfør posisjonen «norm-and-accommodation»). Ordninga skulle gjere landsmål til eit hjelpespråk i opplæringa og var heimla i styrings- og pedagogisk konsekvensialisme. Kapitlet er altså eit forsøk på å seie noko om kva som kunne vore det språkpolitiske alternativet til det offisielle språkrettsregimet som vart etablert i åra etter 1885.

Kapittel 9 handlar om lansering av omgrepet språkjamstilling i 1884–85. For målfolka hadde omgrepet ‘landsmål’ eller ‘det norske folkemålet’ to komponentar: Det norske *talemålet*, som det vart uttrykt i dei norske bygdemåla, dessutan *skriftspråket* landsmål (sjå til dømes Haugland 1985: 78 og 85). Ordskiftet rundt 1878 gjekk på innføring av

reguleringar for den fyrste komponenten, og her var det òg stor politisk semje. Semja vart sprengd då det kom framlegg om òg å etablere reguleringar for landsmålet som *skriftspråk*. Jamstillingsvedtaket i Stortinget i mai 1885 vert ofte framstilt som sjølve grunnlaget for den offisielle statusen til nynorsk og dermed for nynorskbrukarane sine språklege rettar. Men sjølve ordlyden var heller diffus: Etter vedtaket var det ikkje klart kva for *språkpolitikk* som var laga, og heller ikkje kva for *språk* som det var laga politikk for (sjå kap. 9, innleiinga). Dette kapitlet skal prøve å vise at jamstillingsvedtaket berre var ein fyrste stasjon i ein prosess mot offisielle språkrettar for landsmål, det vil seie mot språkpolitisk regulering av lesing og skriving i morsmålsfaget. Kring 1885 gjorde eigenverdiheimlar seg gjeldande i argumentasjonen for språkpolitikken, som i røynda var å legalisere landsmål, men eit offisielt språkrettsregime for opplæringsfeltet vart ikkje forvaltninga av dei to språka før med den såkalla målparagrafen i den nye folkeskulelova i 1892.

Fyrste del av kapittel 10 dreier seg såleis om denne målparagrafen, som markerer starten for eit offisielt språkrettsregime for opplæringsfeltet. Det grip mykje inn i førre kapittel og tek føre seg korleis jamstillingsomgrepet vart omsett i språkpolitisk praksis i folkeskulen gjennom ordningane som vart etablerte frå innføringa av målparagrafen i 1892 til den store revisjonen av paragrafen i 1917. Andre del av kapitlet er vidd Stortinget sitt vedtak om lov om målbruk i statstenesta i 1930. Lova markerte slutten på ei lang rekkje språkreformar vedtekne av Stortinget gjennom det halve hundreåret etter jamstillingsvedtaket. Dei fleste viktige vedtaka vart gjort i fyrste del av perioden. Vedtaket i 1885 vart fylgt opp med reformer mellom 1892 og 1917 som i all hovudsak framleis ligg til grunn for norsk språkpolitikk, særleg når det gjeld opplæring. Målparagrafen i 1892 og mållova i 1930 er altså språkpolitiske vedtak som innfører positive rettar for landsmåls-/nynorskbrukarar og etablerer eit offisielt språkrettsregime, om ein berre ser på dei politiske ordningane. Men om ein legg argumentasjonen for ordningane til grunn, kan ein vonleg sjå at det kan kallast ein nøytralitetspolitikk.

Kvart av desse underkapitla har ein kort oppsummeringsbolc. Det siste kapitlet i denne delen, kapittel 11, er ei lengre kontekstualiserande og delvis konkluderande drøfting av kva for språkpolitikk ein kan seie at perioden 1878–1930 utgjer, basert på kva for argumentasjonsheimlar som dominerer.

Nemningane på dei ulike skriftmåla har endra seg mykje både i offisiell og uoffisiell bruk sidan midten av 1800-talet. Namna *nynorsk* og *bokmål* vart slegne fast av Stortinget i 1929,

så i dei to siste kapitla vert dei brukte. Dei tre fyrste kapitla prøver å halde seg til dei vanlegaste nemningane i samtida, det vil seie *landsmål* for heile perioden fram til 1929, *bokspråket* om 1800-talet og *riksmål* om tida etter 1900.

## 7.2 Utval og metodiske spørsmål

Hovudgrunnlaget for alle kapittel er ei nylesing av primærkjelder. I all hovudsak er desse kjeldene regjerings- og stortingsdokument. Til ein viss grad er private framlegg frå stortingsrepresentantar nytta (dokumentserien i stortingsforhandlingane). Mest brukte er proposisjonar og stortingsmeldingar frå regjeringa og innstillingane frå stortingskomiteane, primært kyrkje- og undervisningskomiteen, men i nokre tilfelle òg budsjettkomiteen. Dette materialet er supplert i båd endar. I ein del tilfelle byggjer proposisjonar og stortingsmeldingar på innstillingar frå regjerings- eller stortingsoppnemnde komitear. Viktigast er folkeskulelovkomiteen si innstilling frå 1887. I ein del tilfelle er òg stortingsordskifta analyserte, men ikkje like grundig som dei nemnde dokumenttypane. Stortingsordskifta er mest nytta som supplement og utdjuping til innstillingane, regjeringsdokumenta og dei private framlegga.

Dei aller fleste dokumenta, om ikkje alle, er omtala og analyserte i tidlegare forskingsarbeid. Desse arbeida har særleg vore viktige for den historiske kontekstualiseringa av dokumenta og hendingane i mi framstilling. Det har ikkje vore mogleg å analysere *alle* regjerings- og stortingsdokument i perioden som seier noko om språkpolitikk. I nokre kapitteldelar er framstillinga difor basert på sekundærlitteraturen for samanhengen sin del. Kjelde- og litteraturgrunnlaget for kapitla vil gå tydeleg fram av referansane.

## 8 Fram mot 1880: Tilpassingspolitikk

Fram til 1885 hadde den norske staten berre eitt offisielt språk, det som korkje i offisiell eller uoffisiell samanheng hadde noko eintydig namn, men både vart kalla *norsk*, *dansk-norsk*, *Skriftsproget*, *det almindelige Bogsprog* eller anna. Landsmålet var etablert og kodifisert etter 1850, men var ei privat språknorm utan offisiell status. Bruken av landsmål i samfunnet fram til kring 1870 heldt seg på private felt og var marginal, og såleis var landsmål ikkje eit språk styresmaktene kom i kontakt med og trong ein politikk for. Det kom ingen krav om at skulen skulle gje landsmålsopplæring, og det kom ingen landsmålsbrev til staten som kunne utfordre hegemoniet til bokspråket. Den striden som stod om landsmål fram til slutten av 1860-åra, var i all hovudsak ein program- og prinsippstrid som ikkje vedkom utforminga av ein statleg språkpolitikk (Hyvik 2009: 291ff).

Ingen av dei språkpolitiske ordningane som her skal studerast, vart lanserte i denne perioden. Poenget med dette korte kapitlet er altså ikkje å analysere og diskutere språkpolitiske praksisar for så å la desse fungere som påstandar i ein detaljert argumentasjonsanalyse. Det vert gjort ein nokså grovmaska argumentasjonsanalyse ut frå det som kan reknast som overordna språkpolitiske påstandar i dei to granska debattane. Den teoretiske distinksjonen som materialet primært vert lese i ljøs av, er den mellom ein konsekvensialistisk heimla tilpassingspolitikk på den eine sida og eit eigenverdiheimla offisielt språkrettsregime på den andre. Målet er å vise at tilpassing var eit alternativ for korleis tilhøvet mellom nynorsk og bokmål skulle forvaltast.

Fyrst kjem ei kort, men nødvendig skisse over den tidlege språkpolitikken for norske talemål, særleg gjennom vedtaka i 1860 og 1878. Deretter skal me sjå på om politikken for talemål kan seiast å vere nytta som modell for ein politikk for landsmål i dei interne forhandlingane i Venstre om jamstillinga etter 1885.

### 8.1 «Børnenes eget Talesprog» i 1878

Dei fyrste tendensane til ein debatt om landsmålet sin status i offisiell språkpolitikk kan sporast attende til kring 1870. Ålmugeskulelova i 1860 stilte større krav til skrivedugleiken til elevane, og den kraftige utbygginga av lærarutdanninga i 1860-åra var viktig for å setje dei nye opplæringsambisjonane ut i livet. «Språkvanskelighetene trådte derved sterkere

fram», oppsummerer skulehistorikaren Hans-Jørgen Dokka (1967: 307). Lærarane si rolle som pådrivarar for språklege reformer er velkjend frå litteraturen og er ikkje emnet her (jf. til dømes Haugland 1977; Haugland 1985; Høydal 1995). Tema no er dei språkpolitiske konsekvensane av utviklinga i 1860-åra. Dokka meiner at det gjekk «jevnt tilbake med lærernes bruk av bygdemål i allmueskolen» etter midten av hundreåret, dels på grunn av betra lærarutdanning, og dels på grunn av skjerpa offentlege krav. I 1869 slo den nye seminarplanen fast at seminarlæraren skulle ta eit «fornuftigt Hensyn til Elevens tilvante Sprog», men tok det samstundes som sjølvstøtt at dei komande lærarane hadde som oppgåve «at bruge baade i Skrift og Tale det almindelige Bogsprog» (Dokka 1967: 308). Målet var altså språkkonvergens.

Dei fyrste diskusjonane om landsmålet si rolle i offisiell språkpolitikk var ein reaksjon mot skjerpa språkleg standardisering i ålmugeskolen og lærarseminara. Ole Anton Qvam reiste i 1874 eit framlegg i Stortinget om «Optagelse af Oldnorsk og norsk Landsmaal som Undervisningsgjenstande paa Skolelærer-Seminarierne ved Siden af Undervisningen i det almindelige Skriftsprog» (Innst. S. nr. 89 1874: 267, jf. Haugland 1985: 67ff, Dokka 1967: 309ff og Jahr 1984: 22ff). Grunngevinga til Qvam var at det ville lette undervisninga om lærarane hadde kjennskap til opphavet til dei dialektane som elevane snakka, og dette førte til den fyrste stortingsdebatten om målsaka i mai 1874 (St. tid. 1874: 697–719). Framlegget om at seminara skulle gje landsmålsopplæring, fall. Framlegget om gamalnorsk vart vedteke, men lagt bort av regjeringa.

### **8.1.1 Dialekt i byrjaropplæringa**

#### **8.1.1.1 Ordninga**

Spørsmålet kom likevel raskt opp att. Skuledirektøren i Trondhjem stift, Jacob Aall Bonnevie, heldt i 1877 eit føredrag på eit skulelærarmøte i Trondheim der han klargjorde dialektane sin status i opplæringa:

Men hvilket sprog skal man undervise i? Jeg har allerede før udtalt, at man må begynde med at tale med børnene i deres hjemlige dialekt, men vi er vel enige om, at de må lære at forstå skriftsproget, og jeg tror også, at de efterhånden må lære at tale det (Bonnevie 1877: 61).

Bonnevie såg altså dialektane som viktige i byrjaropplæringa, men meinte at *målet* for morsmålsopplæringa måtte vere bokspråket, òg som talestandard. Denne tolkinga av



undervisningsplanen løyste ut reaksjonar i Stortinget. 36 stortingsrepresentantar med stortingspresident og opposisjonsleiar Johan Sverdrup i spissen kom med eit framlegg om eit tillegg til ålmugeskulelova som sa at «vedkommende Sognepræst og Skolekommision ogsaa har at paasee, Undervisningen i Almueskolen saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talesprog» (Dok. nr. 8 II 1878: 4). Etter ei samrøystes tilråding frå kyrkjekomiteen vedtok Stortinget, òg samrøystes, at regjeringa «anmodes om at foranledige» at formuleringa kom inn i undervisningsplanane for ålmugeskolen (Innst. O. nr. 36 1878; St.tid. 1878: 310–327).<sup>22</sup> I undervisningsplanen året etter la departementet til at elevane «Efterhaanden opøves ... i at forstaa og skriftligt at udtrykke sig i det almindelige Bogsprog», men det vart understreka frå departementet at elevane ikkje skulle lære seg å snakke bokspråket (Dokka 1967: 310).

### **8.1.1.2 Argumentasjonen**

At påstanden «Undervisningen i Almueskolen saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talesprog» vart vedteken, er i norsk språkhistorie oppsummert som eit politisk gjennombrøt for målsaka (Jahr 1989: 26). Me ser då òg at eit belegg for påstanden som fleire av målfolka brukte i stortingsordskiftet, var at dialektane var eit uttrykk for *norsk* språk i motsetnad til det danske skriftmålet. Meir interessant i min samanheng er likevel det belegget som *heile* Stortinget kunne semjast om. Framlegget frå dei 36 tingmennene var tydelegvis skrive for å samle også den delen av Stortinget som var kritisk til målsaka, og den samrøystes komitéinnstillinga er like tydeleg. I desse to dokumenta finst ingen formuleringar som kan tolkast som at opplæring på «Børnenes eget Talesprog» skal skje fordi dialektane representerer ein kulturell eller identitetsmessig eigenverdi for sine brukarar, anten som sjølvstendige lokale språkuttrykk eller fordi dei til saman utgjer eit anna språk enn det alminnelege bokspråket. Belegget for den nye språkpolitiske reguleringa/ordninga er i staden *pedagogisk*: Det måtte i ålmugeskolen «undervises paa den for Børnene mest lettfattelige Maade, saaledes ogsaa i den for dem lettest forstaaelige Sprogform», og det var presisert at vedtaket «kun gjælder Sproget som gjensidigt Meddelelsesmiddel mellem Lærer og Barn paa Skolen» (Innst. O. nr. 36 1878: 90).

Om ein set opp Stortingets argument for byrjaropplæring på dialekt i ein dersom–så-struktur basert på Stephen Toulmins argumentasjonsanalyse, kan det sjå slik ut:

---

<sup>22</sup> Det var eit framlegg frå Johan Sverdrup med ei mindre justering av komitéframlegget som vart vedteke.

## Argument 1:

Belegg: Born treng lettfatteleg opplæring i eit lettfatteleg språk.

Heimel: (Dersom) opplæring på dialekt vil føre til betre og meir effektiv læring for elevane,

Påstand: (så) må opplæringa skje på ungane sitt eige talemål.

Heimelen for argumentet er det eg karakteriserer som konsekvensialistisk, i dette tilfellet pedagogisk-konsekvensialistisk. Det er pedagogiske omsyn som ligg til grunn for språkpolitikken.

Det vart presisert at saka ville stille seg annleis «naar der bliver Spørgsmaal derom som Undervisningsgjenstand i Skolen», men det var då heller ikkje på tale. Alle var «enige om, at der maa meddeles Undervisning i vort Bogsprog» (Innst. O. nr. 36 1878: 90).

Målsetnaden om å lære elevane å lese og skrive bokspråket stod like fast som før, framlegget og vedtaket hindra berre at elevane måtte *snakke* bokspråket i skulen. No meinte komiteen for så vidt at saka var klar frå før: «vor Skolelovgivning ... paabyder intet officielt Skolesprog og der er Intet, som tyder paa, at Almueskolen direkte skal virke for et fælles Talesprog».

Stortinget slo samrøystes fast at elevane hadde ein rett til å nytte dialekten sin (munnleg) i skulen. Det slo dessutan fast at staten skulle ha ein *politikk* for bruk av bygdemål i opplæringa, i og med at lærarane òg var forventa å bruke den aktuelle dialekten – «saavidt muligt». Vedtaket i 1878 kan såleis lesast som ei varsam opning mot meir positive rettar når det galdt bruk av norsk talemål.

Men målet for opplæringa var likevel at elevane skulle lære å lese og skrive «skriftsproget». Dialektbruk var eit verkty for å nå det målet; bruk av norsk talemål var til dømes ikkje formulert som eit føremål for å ta omsyn til elevane sin kulturelle eller lokale identitet. Det som dermed er uttrykt, er ein statleg politikk for dialektbruken i almugeskulen som kan kallast ein tilpassingspolitikk. Vedtaket i 1878 stadfester og formaliserer dialektane si rolle som hjelpespråk i undervisninga. At vedtaket var samrøystes, understrekar at dette var noko alle språkpolitiske grupperingar kunne semjast om.

## 8.2 Tilpassingstilnærming 1885

Semja om at tilhøvet mellom bokspråket og bygdemåla skulle regulerast i og formulerast som tilpassingspolitikk, braut saman kring 1885. Det skal omtalast nærare nedanfor (sjå kap.

9, innleiinga). Fyrst skal me sjå på korleis tilpassingstilnærminga vart forsøkt *vidareført* i debatten rundt jamstillingsvedtaket, no òg med skriftmålet landsmål som pedagogisk-konsekvensialistisk legitimert hjelpe- eller verktyspråk.

Ordsiftet om jamstilling mellom landsmål og bokspråket braka laus i Stortinget våren 1885. Eit viktig utgangspunkt var eit framlegg frå Sverdrup-regjeringa om økonomisk støtte til lærarkurs i landsmål (sjå kap. 9.1). I denne omgangen var landsmålsmotstandarane imot å gje landsmålet noko som helst rolle i opplæringa. Før omtalte Bonnevie, som var ordførar for den landsmålskritiske sida på Stortinget, heldt i jamstillingsdebatten opp 1878-føresegna som eit alternativ til påstanden om språkpolitiske tiltak for landsmålet. Han argumenterte for at det måtte det leggjast opp til lærarkurs i *dialektar*, ikkje kurs i *landsmål* (St.tid. 1885: 510).

At Bonnevie og hans meiningsfellar tapte saka om prinsipiell jamstilling i 1885, fekk dei ikkje til å endre syn. I november 1885 sette regjeringa ned ein kommisjon som skulle kome med framlegg til ny opplæringslovgjeving, den såkalla folkeskulelovkommisjonen. I den sat Bonnevie. Tilrådinga til kommisjonen kom i 1887, og her fanst ein paragraf som skulle regulere landsmålet inn i norsk skule, kjend som «målparagrafen». Han gav det lokale skulestyret lov til å velje landsmål som opplæringsspråk for krinsane i kommunen (sjå kap. 10.1.3). Bonnevie høyrde til det mindretalet som heilt avviste påstanden om at landsmålet skulle ha nokon plass i norsk skule. Dette mindretalet meinte at elevane i høgda kunne gjerast «bekjendt med Landsmaalet som med Prøver af Bygdemaalene» om tilhøva elles tillet det. Synet på dialektane som hjelpespråk var då òg det same som før: Det var «selvfølgelig ikke ... udelukket, at Bygdemaalene i den Udstrækning, som paakræves, benyttes som Meddelelsesmiddel i Skolen» (Folkeskulelovkommisjonen 1887: 104). For Bonnevie og meiningsfellane hans var landsmål altså ein ikkje-storleik, og for dei fanst korkje kulturelle eller pedagogiske argument for å gje landsmålet offisiell status.

## **8.2.1 Skriftleg landsmål som hjelpespråk**

### **8.2.1.1 Ordninga**

I den vidare prosessen med dei nye folkeskulelovene vart likevel ideen om landsmål som verktøy- eller hjelpespråk lansert. I Johan Sverdrups regjering var statsrådene Aimar Sørensen og Ole Richter sterkt kritiske til landsmålet. Då regjeringa kom med sitt framlegg til ny lov i 1888, skreiv Sørensen i ein merknad «at det saakaldte Landsmaal alene bør kunne benyttes som Hjælpeprog ved Undervisningen» (Ot.prp. nr. 20 1888: 19). Også

Richter formulerte eit alternativ til regjeringas formuleringar om språkregulering i båd folkeskulelovene (§ 74 i framlegget til lov om folkeskulen på landet): «Ved Undervisningen benyttes det Norske Sprog. Hvor det af Skolestyret bestemmes, skal Landsmaalet benyttes som Hjælpesprog» (Ot.prp. nr. 20 1888: 19).

### **8.2.1.2 Argumentasjonen**

Sørensen argumenterer vidare slik i merknaden: «At oplære Almuebørn i norsk Bogmaal er at lette dem Veien til Kundskab og Dannelse. At lære dem Landsmaal alene vil være at holde dem nede.» (Ot.prp. nr. 20 1888: 19). Richter grunn gav framlegget slik:

Skulde Fordringen om Landsmaalets Ligestillen med det almindelige norske Tale- og Skriftsprog blive i andre Retninger gennemført i den Udstrækning, som de foreslaaede Paabud for Folkeskolen vilde stille i Udsigt eller lade befrygte, kunde det alene lede til beklagelig Øden af Folkets aandelige Kræfter. (Ot.prp. nr. 20 1888: 19).

Venstremannen Richter avviser ikkje her jamstilling på same måten som Høgres Bonnevie. Omgrepet jamstilling er ein del av påstanden om at landsmålet kan vere eit hjelpespråk i norsk opplæring. Tolkinga til Sørensen og Richter skil seg såleis òg frå regjeringa sitt framlegg til målparagraf i lova: Jamstilling kan definerast som kommunane sin rett til å ta i bruk landsmålet som hjelpespråk i opplæringa. Men dei seier òg at om landsmål vert nytta som *meir* enn hjelpespråk, vil det vere til meins for elevane.

Argumenta kan formulerast slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Å lære elevane landsmål som fyrstespråk er å halde dei nede i høve til kunnskap og danning.

Heimel: (Dersom) alle elevane skal kunne oppnå kunnskap og danning,

Påstand: (så) må jamstilling tyde at landsmålet skal vere hjelpespråk.

Heimelen til Sørensen er integrasjonskonsekvensialistisk. Den språkpolitiske argumentasjonen er bygd på omsyn til like sjansar til kulturell kapital, opplysning og sosial mobilitet.

## Argument 2:

Belegg: Å lære elevane landsmål som fyrstespråk er å øyde med kreftene deira.

Heimel: (Dersom) elevar skal ha ei effektiv opplæring,

Påstand: (så) må jamstilling tyde at landsmålet skal vere hjelpespråk.

Richters heimel er primært pedagogisk-konsekvensialistisk. Poenget hans er at det er for vanskeleg og dessutan unaudsynt å lære landsmål.

### 8.2.2 Oppsummering

No seier ikkje Richter kva han konkret meiner med «Hjelpesprog», men ein rimeleg kontekst å lese dissensen hans inn i er handsaminga av samisk og kvensk i lova. I siste lekken i framlegget til målparagraf heiter det at «I de blendede Sprogdistrikter i Tromsø Stift» kan departementet godkjenne «at Lappisk og Kvænsk kan benyttes som Hjælpesprog ved Undervisningen, og at der kan anvendes Læse- og Lærebøger med lappisk eller kvænsk Text ved Siden af den norske». Statusen til samisk og kvensk som hjelpespråk var utvitydig fastslegen i «Instrux for Lærerne i de lappiske og kvænske Overgangsdistrikter i Tromsø Stift» (fastsett 12.10.1880, prenta i Folkeskulelovkommissjonen 1887: 76–77), som var sentral i norske styresmaktens skjerping av assimileringspolitikken i Finnmark og Troms på den tida (Eriksen og Niemi 1981). Dissensen til Sørensen og Richter er truleg eit sjeldan forsøk på å formulere ein språkpolitikk for landsmålet etter mønster av språkpolitikken for dei gamle minoritetsspråka i nord.

Regjeringas lovproposisjon kom ikkje til handsaming i Stortinget i 1888. I 1889 kom ein ny proposisjon, som no vart lagd fram utan dissens (Ot.prp. nr. 8 1889).<sup>23</sup> Framlegget om å gje landsmålet status som verktysspråk vart korkje teke opp i komitéinnstillinga eller i det omfattande ordskiftet i Stortinget (Innst. O. II A 1889; Ot.tid. 1889: 504–529). Her endar dermed saga om å definere forvaltninga av nynorsk som tilpassingspolitikk.

---

<sup>23</sup> Sørensen var no ute av regjeringa og Richter død.

## 9 1884–1885: Prinsippvedtak om jamstilling

Vedtaket om språkleg jamstilling vart gjort som eit prinsipielt plenarvedtak i Stortinget i 1885. Heile vedtaket lydde slik: «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogprog.» (Innst. S. nr. 111 1885: 354) Det finst ingen studiar av bakgrunnen for jamstillingsvedtakets ordlyd. Me kan likevel merke oss at det i 1884 og 1885 gjekk føre seg ein tilsvarande debatt om finsk og svensk i Finland, ein debatt som landsmålsavisa *Fedraheimen* refererte utførleg frå. Den 17. januar 1885 kunne avisa melde frå grannelandet at «no kjem det ein ny Instruks fraa Regjeringi, som segjer, at heretter skal baae Maali haldast for jamngode som officielt Maal, og Finsken vil soleids faa sin fulle Rett atter.» (*Fedraheimen*, 17.1.1885).<sup>24</sup> Fire veker etter, 14. februar, leverte så 41 stortingstingmenn eit framlegg om språkleg jamstilling mellom landsmål og bokspråket, med liknande formuleringar som i *Fedraheimens* melding frå Finland.

Det er andre spørsmål om jamstillingsomgrepet som har dominert forskingslitteraturen. Dei språkpolitiske spørsmåla rundt jamstillingsvedtaket var då òg vanskelege. Sosiolingvistisk og språkfilosofisk var situasjonen kompleks grunna usemjene om kodifisering. Stortinget lurte seg i fyrste omgang unna problemet ved å gje rettar til det ikkje klart definerte *norske folkespråket* i 1885. Men diskusjonane var alt i gang: Rett nok var «vort almindelige Skrift- og Bogprog» ein kjend storleik, men kva var eigenleg «det norske Folkesprog»? Kva for varietetar skulle denne nemninga referere til – både Aasens landsmål og Knudsens oppnorska bokmål og meir til? Og kva var i så fall dei normative premissane for denne avgrensinga – kva skulle til for at ein varietet kunne sjåast på som «sprog», og ikkje dialekt eller sosiolekt? Uvissa kunne oppstå fordi det var mogleg å sjå Aasens og Knudsens språkprosjekt som to variantar med glidande overgangar innanfor eit større språkreformatorisk program. Kort fortalt gjekk altså kodifiseringsspørsmåla på kva dei i røynda var, desse ‘storleikane’ som skulle jamstillast.<sup>25</sup>

<sup>24</sup> Koht 1933 [1925] nemner «tilstøyten» frå Finland og siterer notisen.

<sup>25</sup> For ei oppsummering av kodifiseringstolkingsstriden om jamstillingsvedtaket, med tilvisingar til dei sentrale arbeida, sjå Hoel 2011: 72–76.

Situasjonen var dessutan politisk-filosofisk kompleks: Kva innebar *jamstilling* og *lik handsaming*? Stortingsdebatten om jamstilling i 1885 var lang og hard – det var den største språkdebatten i Stortinget til då, og han fyller mest 100 tettskrivne tospalta sider i *Stortingstidende* (Hoel 2011: 68). Då debatten var over, var det likevel uklart kva språkjamstillinga skulle innebere i praksis, og dermed òg korleis ho kunne og skulle rettferdiggjera. Kva skulle vedtaket ha å seie for språket til staten og kyrkja, for ikkje å seie språket til norske elevar, og korleis kunne ein argumentere for dei ulike tiltaka? Jamvel to regjeringsmedlemer og målmenn, statsminister Johan Sverdrup og kyrkjeminister Elias Blix, hadde uttala seg sprikjande i stortingsordskiftet om kva praktiske konsekvensar som burde dragast av jamstillingsvedtaket (Hoel 2011: 74).

Denne framstillinga skal ikkje handle om dei fyrste problemstillingane, altså kodifiseringsspørsmåla. Dei er då òg dokumenterte i eksisterande forskingslitteratur. Ein kan slå fast at dei seinare språkpolitiske reformene la til grunn at det var *landsmålet* som hadde vorte jamstilt med «vort almindelige Skrift- og Bogsprog» i 1885. Ein kan òg slå fast at landsmålet i 1929 offisielt vart heitande *nynorsk*, ein varietet som trass i trottuge rettskrivingsendringar har vore ein godkjend storleik gjennom heile 1900-talet fram til i dag. Nynorsk vart altså jamstilt som ein eigen skriftvarietet, med andre ord som eit skriftspråk, og det fekk ein status i norsk lovverk som liknar statusen til andre språk i verda. Innleiingsvis er det såleis ingen grunn til å problematisere omgrepsbruken: Nynorsk er her kalla eit *mindre brukt språk*, eit *minoritetsspråk* og eit *skriftspråk*, men ein kunne også ha nytta *mindre brukt varietet*, *minoritetsvarietet* og *skriftvarietet*. Nemningane er likevel ikkje uinteressante i eit omgrepshistorisk perspektiv, og dei skal dermed drøftast seinare (sjå kap. 11.3 og 17.3, til dømes).

Den direkte bakgrunnen for jamstillingsvedtaket låg i hendingar hausten 1884. Ei omfattande reform av ålmugeskulen var ei av dei viktigaste sakene for Venstre, og statsminister Sverdrup lanserte reforma i eit brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet 23. september 1884, prenta i *Dagbladet* 8. oktober. Eitt av framlegga var at «Landsmaalet» måtte få ein meir sentral plass i skulen enn det hadde. «Opgaven maa derfor være at give saavel Lærerne som Børnene Betingelserne ihænde for at kunne bruge Landsmaalet» slik at det ikkje «fremstiller sig tvingende Grunde til at foretrække [Skriftsproget] som Undervisningssprog». Sverdrup snakka altså om naudsynte vilkår for å kunne gjere språkval, og fyrste steg var å få laga lærebøker i alle fag på landsmål. Samstundes presiserte han at alle elevar måtte «meddeles Indsigt ogsaa i det andet Sprog» (Sverdrup 1884).

Same dag som Sverdrup sende brevet til regjeringskollega Elias Blix, vedtok amtslærarmøtet i Vadheim ein resolusjon som vart startskotet for ein fråsegnskampanje gjennom hausten og vinteren. Det norske Samlaget støtta opp om kampanjen ved å spreie eit flygeskrift i stort opplag og ved å oppmode lærar- og folkemøte om å sende inn fråsegner om saka. Kring 50 fråsegner kom inn fram til våren 1885. Det varierte kor spesifikke dei språkpolitiske krava var.<sup>26</sup>

Jamstillingsdebatten våren 1885 var sett saman av to ulike saker og gjekk i to rundar på Stortinget. Den fyrste debatten tok til 29. april og vara i tre dagar (St.tid. 1885: 509–585). Saka her var ei budsjettinnstilling frå kyrkjekomiteen på Stortinget om finansiering av lærarkurs i landsmål, dessutan statsstøtte til prøvearbeid med ei lesebok på landsmål og til spreieing av ei religionslærebok på landsmål mellom lærarar (Innst. S. nr. 92 1885). Diskusjonen om prinsipiell språkleg jamstilling tok så til 9. mai. Saka var ei innstilling frå kyrkjekomiteen på grunnlag av eit privat framlegg frå 41 stortingsrepresentantar, eit framlegg som fekk namnet dokument 17 (Dok. nr. 17 1885 og Innst. S. nr. 111 1885, jf. Haugland 1985: 95). Mykje av den prinsipielle jamstillingsdebatten vart likevel teken på saka om tilskot til lærarkurs, så dette skal handsamast som éin prosess, ikkje to åtskilde.

I det fylgjande skal fyrst dei to viktige førearbeida for komitéinnstillingane behandlast, nemleg kyrkjedepartementets budsjettframlegg og dokument 17. Så skal komitéinnstillingane førehavast, og til slutt vert sjølve stortingsdebatten kort kommentert. Dette skal skje ved ei kategorisering av dei ikkje så svært mange konkrete språkpolitiske ordningane som i 1884–85 vart føreslegne som det nye jamstillingsprogrammet frå Venstre-stortingfolk og Venstre-regjeringa ved Kyrkjedepartementet.

I dette kapitlet skal heile jamstillingsvedtaksframlegget fungere som påstand, ikkje dei einskilde konkrete framlegga. Dette skil seg frå analysepraksisen i seinare kapittel. Årsaka ligg i konteksten som dermed òg formar dokumenta som er grunnlaget for analysen i kapitlet: Det er sjølve det prinsipielle framlegget om språkleg jamstilling og offisiell status

---

<sup>26</sup> Til dømes lydte Vadheim-resolusjonen slik: «1. I alle offentlige Skoler, ligesom ved Seminarierne, undervises mundtlig og skriftlig i norsk Bygdemaal. 2. De for Almueskolen autoriserede Lærebøger udgives saavel i norsk som i dansk Sprogform, og overdrages Valget til Børnenes Forældre eller Foresatte. 3. I Landsskolen foregaar al Undervisning saavidt mulig paa Modermaalet. Undervisning i dansk meddeles i dertil bestemte Timer. 4. Ved alle offentlige Examina ved Skoler, Seminarier og Universitet stilles Examinanden Valget mellem norsk og dansk. 5. En Professorpost i norsk Sprog oprettes ved Universitetet. 6. Alle offentlige Tjenestemænd faar Adgang til Brug af norsk Sprog i sin offentlige Virksomhed.» (Her etter Haugland 1985: 93.)



for landsmålet som er ‘det nye’, og som dermed må grunnjevast, ikkje dei ulike og nokså vagt formulerte einskildordningane som er dei føreslegne operasjonaliseringane av den prinsipielle jamstillinga. Med andre ord: Einskildordningane har inga anna grunngeving enn den som vert gjeven for prinsipiell jamstilling.

## **9.1 Førearbeid vinteren 1885**

Kampanjen hausten 1884 enda med to saker som skulle bli viktige førearbeid for Stortingets jamstillingsvedtak. Det fyrste var dokument 17, altså framlegget frå dei 41 tingmennene. Det vart levert 14. februar 1885. Det fulle namnet var *Dok. nr. 17. (1885). Forestilling fra Repræsentanterne Juel, Liestøl m. fl. ang. en Anmodning til Regjeringen om Folkemaalets Ligestillen med Skriftsproget*. For fyrste gong i eit offentleg dokument vart omgrepet «Ligestillen», jamstilling, nytta. Dokumentet refererer både til dei språkpolitiske framlegga til Sverdrup og til fråsegnsakiviteten, men kom likevel med mindre detaljerte språkpolitiske krav enn somme av resolusjonane. Den andre saka var kyrkjedepartementets framlegg til statsbudsjett 20. januar 1885 om statlege løyvingar til lærarkurs i og lærebøker på landsmål (St.prp. nr. 2 1885: 27ff).

### **9.1.1 Jamstilling i opplæring og statstenesta**

#### **9.1.1.1 Ordninga**

Dokument 17 føreslår dei same språkpolitiske ordningane som departementet, og kjem med eit par framlegg i tillegg. Utgangspunktet her er difor berre dokument 17. Her er det fire framlegg: for det fyrste «at Undervisning i dette Maalet kjem inn paa Lærarskularne», for det andre «at det maa skipast so, at det for dei Lærarar og Foreldre, som vil hava Folkemaalet i Skulen, vert gjevet ut Skulebøker paa Landsmaal», for det tredje «at det stend fritt for alle, som hev med Stats- elder Kommune- elder Kyrkjesaker aa gjera, Æmbetsmenn elder folkevalde, aa bruka det Maalet, dei sjølv finn høvelegt, «Bokmaal» elder «Landsmaal», i Skrift som i Tale, til offentlegt Bruk» og for det fjerde «at Ungdomen paa Landet maa læra aa lesa det vanlege Bokmaalet» på same vis som «at Ungdomen i Byarne bør faa nokot Kunnskap i Folkemaalet» (Dok. nr. 17 1885).

På dette tidspunktet kunne ein naturlegvis berre bruke landsmål privat. Opplæring i landsmål var prisgjeve ein landsmålsvenleg lærar, og det var fleire døme på at det statlege embetsverket ikkje godtok å få tilsendt brev på landsmål (Hovdan 1928: 67ff). Den overordna agendaen til dokument 17 ser såleis ut til å vere at landsmålet skal *legaliserast* på

feltet offentlig teneste, det skulle innførast modifiserte negative landsmålrettar for brukarar på feltet og negative landsmålsrettar for tilsette. For opplæringsfeltet er framlegget meir uklart. Noko framlegg om at elevar skal ha rett til å ha opplæring i landsmål som fyrstespråk, og at dei kan skrive landsmål på skulen, kan ein ikkje lese ut av dokumentet. Det er altså ikkje noko krav om å legalisere landsmål i skriveopplæringa. Men elevar får rett til å ta i bruk landsmålsbøker i opplæringa, noko som kan karakteriserast som ein negativ rett, eventuelt ein modifisert negativ rett.

### **9.1.1.2 Argumentasjonen**

Framlegga i dokument 17 er altså ikkje grunnjevne eitt og eitt. Det vert gjeve éin argumentasjon for heile jamstillingsprogrammet med alle sine tydingar. Belegga for påstanden om jamstilling finst i karakteristikkar og kvalifiseringar som at landsmål er «vært heimlege Maal, Fedramaalet», eit språk «som Bonden hev visst aa verja og vara fraa gamall Tid», at landsmålet og bokspråket må «koma paa like Vilkaar», at landsmålet måtte «faa full Rett og Fridom jamsides med Bokmaalet» at styresmaktene «maa gjera det dei kann til, at denne Retten for det norske Folkemaalet kann verta heilt ut godkjennt» og for «at all den Uret og Ufridom, som Folkemaalet enno lid av gamle Vedtak og gamle Vanar, maa takast burt sovidt Statsmagtene kan gjera det.» (Dok. nr. 17 1885).

Dokument 17 ser såleis ut til å ha to hovudbelegg for politikken: Det fyrste er at landsmålet er landets gamle bonde- og folkemål. Landsmålet tyder noko kulturelt for Noreg, iallfall nokon i Noreg. Det andre hovudbelegget er at landsmålet lid av urett og ufridom, språket har ikkje «like Vilkaar», ein konsekvens av tidlegare språkpolitisk og språksosial praksis. Den norske språksituasjonen er altså merkt av ein historisk skapt språkleg asymmetri, ein type undertrykking som treng kompensasjon og motmakt.

Går ein til departementet si sak, ser ein to belegg for framlegga om å gje løyvingar til landsmålskurs og landsmålsbøker. Det fyrste er ei tilvising til 'utviklinga' eller folkemeininga: «Krav paa Ligestilling med det hidtil almindelige benyttede, saakaldte dansk-norske Skriftsprog... synes at blive mere og mere uafviselig.» Det andre er som det ein finn i dokument 17: At landsmålet historisk sett har møtt vanskar og vore undertrykt, har medført ulike vilkår i dagens språksituasjon. «'Landsmaalet' har... lige til den sidste Tid havt mange Hindringer at kjæmpe med», seier departementet, og dette er hindringar som at «Skolens Læse- og Lærebøger udelukkende foreligger paa Dansk-Norsk» og at «der ved

vore Seminarier ikke gives de vordende Lærere nogensomhelst Anledning til at gjøre sig bekendte med Folkesproget i dets vigtigste Afskygninger.» (St.prp. nr. 2 1885: 27ff).

Me kan altså snakke om tre hovudbelegg for den føreslegne jamstillingspolitikken i dei to sakene: For det fyrste at landsmålet er det norske bonde-, folke- og heimemålet, for det andre at landsmålet lid av historisk skapt urett og ufridom og for det tredje at dette er den uavviselege folkemeininga.

Argumentasjonsheimlane skal så forsøksvis identifiserast. Hovudargumenta vert sette opp kvar for seg:

### **Argument 1:**

Belegg: Landsmål er det norske bonde-, folke- og heimemålet.

Heimel: (Dersom) (somme) nordmenn treng eit folkeleg og heimleg språk,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Heimelen er det eg har kalla ein eigenverdiheimel. Den underliggjande premissen for argumentet er landsmålet er det næraste og viktigaste språket for anten alle nordmenn eller iallfall mange nordmenn, «bonden» og «folket». I alle høve går argumentasjonen ut på at landsmål har eigenverdi for eit språksamfunn. Så er dokumenta, truleg svært medvite, noko diffuse om kva eller kven som utgjer dette språksamfunnet.

### **Argument 2:**

Belegg: Landsmål lid av historisk skapt urett og ufridom.

Heimel: (Dersom) både landsmål og bokspråket skal ha like vilkår,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Denne argumentasjonsrekkja kan lesast som eit proseduralt forsvar for rettferd, og dermed til kompensasjon for ein i utgangspunktet urettferdig språksituasjon. Men det kan vere problematisk å karakterisere heimelen som prosedural. Også prosedurale tilnærmingar har, som me har sett, eit normativt utgangspunkt, kva rette og rettvise prosedyrar er, må avgjerast ut frå visse standardar (sjå kap. 5.3.5.3). Våren 1885 var det ikkje etablert nokon formell standard. Men framlegget som låg i bordet var jamstilling, og meir generelt rettsfilosofisk var då heller ikkje likskap og jamstilling ukjende omgrep eller standardar. Det er såleis dette som forvarer min karakteristikk av heimelen som prosedural. Det som det vert argumentert for her, er ikkje ein politisk målsetnad, men ålmenn rettferd: Offentleg

språkpolitikk må kompensere for ulike vilkår. Såleis kan heimelen vurderast som prosedural.

Men så kan det å sjå argumentet isolert, og dermed sjå rettferdsargumentasjonen fyrst og fremst som proseduralitet, òg vere noko for mekanisk. Argumentet kan også lesast som heimla i kulturell eigenverdi. Kotekst, det vil seie heile grunngjevingsdelen i dokument 17, fortel oss at kompensasjonsbelegg heile tida vekslar med kulturelle belegg: «vaart heimlege Maal, Fedramaalet... som Bonden hev visst aa verja og vara fraa gamall Tid... [maa] koma paa like Vilkaar... [og] faa full Rett og Fridom jamsides med Bokmaalet» (Dok. nr. 17 1885).

Argumentet kan dermed òg sjå slik ut:

### **Argument 3:**

Belegg: Landsmål lid av historisk skapt urett og ufridom.

Heimel: (Dersom) språk som har eigenverdi for ulike språkgrupper innanfor ein jurisdiksjon skal ha like vilkår,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Ein kan sjå det slik at den prosedurale heimelen kviler i ein kulturell heimel: Det teksten fortel oss, er at rettferd må skje *fordi* landsmål har kulturell eigenverdi for ein del av folket. Me ser med andre ord ein argumentasjon for at landsmål og bokspråket juridisk sett er like storleikar.

Det siste argumentet er slik:

### **Argument 4:**

Belegg: Mange menneske krev jamstilling.

Heimel: (Dersom) krav som har mange menneske bak seg, bør gå igjennom,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Denne fjerde heimelen er styringskonsekvensialistisk: Ein må styre etter folkeviljen.

## 9.2 Komitéinnstillingane våren 1885

### 9.2.1 Mot eit vagare vedtak

#### 9.2.1.1 *Ordinga*

Det fyrste måls spørsmålet som Stortinget diskuterte våren 1885, var innstillinga frå kyrkjekomiteen om departementet sitt budsjettframlegg om økonomisk støtte til lærarkurs og lesebøker i landsmål (Innst. S. nr. 92 1885). Deretter vart kyrkjekomiteen si innstilling om framlegget til jamstillingsvedtak i dokument 17 handsama (Innst. S. nr. 111 1885).

Kyrkjekomitefleirtalet støtta budsjettframlegget om å støtte lesebøker på landsmål og i at «Lærerne faar Adgang til at supplere sin Uddannelse.» (Innst. S. nr. 92 1885). Deretter støttar det òg framlegga i dokument 17, men gjennom å vise til innstillinga det har gjort om budsjettet. Komitéfleirtalet seier at det fyrste framlegget i dokument 17 vert støtta gjennom budsjettets løyvingar til lærarkurs i landsmål. Det andre framlegget er tilfredsstilt gjennom løyvinga til ei konkret landsmålslesebok. Om det fjerde framlegget, som handlar om sidemålslesing, seier komiteen at dei høgare offentlege ålmennskulane i byane alt er pålagde at elevane får øving i å lese landsmål – det er allereie landsmålsprøver i lesebøkene deira. Om det tredje framlegget, som gjeld offentlig målbruk, seier komiteen at «Landsmaalets Aerkjendelse som officielt Sprog i den Forstand, at det ikke kan afvises i offentlige Forhandlinger eller Dokumenter, vil vel neppe kunne møde nogen Indsigelse, som det ialfald ikke er forbundet med nogen reel Vanskelighed eller Betænkelighed» (Innst. S. nr. 111 1885). Det er såleis berre dette siste som ordlyden i Stortingets jamstillingsvedtak må lesast som eit svar på. For offentlig teneste er altså framlegget at landsmålsbruk ikkje skal kunne avvisast, men det medfører ingen positive lovreguleringar.

Såleis argumenterer i røynda ikkje komiteen for tre av ordningane, ettersom han vurderer dei som å alt vere på plass. Det politiske kravet, påstanden, har altså endra seg noko frå dokument 17 til kyrkjekomiteen. Påstanden er no eit framlegg om eit prinsipielt, men noko vagt jamstillingsvedtak, «Landsmaalets Aerkjendelse som officielt Sprog» (Innst. S. nr. 111 1885).

#### 9.2.1.2 *Argumentasjonen*

Kyrkjekomitefleirtalet nyttar ulike belegg for budsjettframlegget og dokument 17. Det fyrste er samanfallande med tidlegare grunngjevingar; at det er skapt ulike vilkår for landsmålet og bokspråket: «Departementet tiltræder Andragernes Begrundelse og finder det, salænge

Seminariene ikke meddeler den fornødne sproglige Indsigt i vore Bygdemaal og Landsmaalet, nødvendigt, at Lærerne faar Adgang til at supplere sin Uddannelse.» (Innst. S. nr. 92 1885: 286). Det er altså ein historisk skapt asymmetri mellom landsmål og bokspråket, eit argument som me også ser i dokument 17 og som då òg er parafrasert i innstillinga: «saa begge Maal kommer paa lige Vilkaar og det hjemlige Maal ikke lider Uret af det senere indkomne, der for mange i Landet er et fremmed Sprog» (Innst. S. nr. 111 1885). Eit anna argument er støtte frå regjeringa; at ho har vist at ho «vil stille sig velvillig ligeoverfor Sagen». Dette må tolkast som at regjeringa ikkje kan gå lenger enn til å støtte eit prinsipielt og lite detaljert framlegg. Eit siste argument er at det å gjennomføre det som ligg i forslaget «ikke [er] forbundet med nogen reel Vanskelighed» (Innst. S. nr. 111 1885).

Argumenta som dreier seg om historisk urett og ulike vilkår og landsmålet som det heimlege språket, er gjennomgåtte i førre avsnittet. Dei fell såleis saman med argument 1, 2 og 3 ovanfor. Difor skal no dei to sistnemnde argumenta førehavast, sette opp som argument 5 og 6. No er dette kanskje å gjere det litt lett for seg sjølv, ettersom eg har sagt at påstanden om jamstillingsvedtak faktisk endrar seg frå førearbeida til kyrkjekomiteen. Det er likevel grunn til å tolke heile den politiske prosessen frå dokument 17 til og med jamstillingsvedtaket i Stortinget som Venstre-regjeringa sitt program for språkjamstilling. Dette programmet måtte rett nok justerast under prosessen, men jamstilling som påstand står likevel gjennom heile løpet (Haugland 1985: 88ff). Behandlinga av programmet om jamstilling som éin påstand med fleire belegg, kan altså forsvarast.

### **Argument 5:**

Belegg: Regjeringa støttar prinsipiell språkleg jamstilling mellom landsmål og bokspråket.

Heimel: (Dersom) staten skal ha ein (språk)politikk som regjeringa støttar,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Dette argumentet kan minne om det tredje frå førre avsnitt: Om ein ser isolert på det, går grunngevinga for politikken ikkje på tilhøve som har med språkets verdi for språksamfunnet å gjere, men i den støtta politikken har. Denne gongen er det ikkje folket, men regjeringa som utgjer støtta. Fordi framlegget berre er mogleg å få igjennom om regjeringa stør det, kan argumentasjonsheimelen kallast styringskonsekvensialistisk.

## Argument 6:

Belegg: Det er ikkje vanskeleg å gjennomføre jamstilling mellom landsmål og bokspråket.

Heimel: (Dersom) staten skal ha ein (språk)politikk som enkelt let seg gjennomføre,

Påstand: (så) må det vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i skule og statsteneste.

Dette argumentet verkar nokså likt førre. Den grunnleggjande premissen er at staten gjennomfører det som er lett å gjennomføre, og dermed er òg denne heimelen styringskonsekvensialistisk.

## 9.3 Oppsummering 1884–1885

I dei korte, oppsummerande kapitla etter kvart analyserande underkapittel, som dette, er det dei to fyrste problemstillingane frå innleiinga som det hovudsakleg skal svarast på (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Korkje jamstillingsvedtaket 12. mai 1885 eller ordskiftet om vedtaket 9. og 12. mai baud på fleire avklaringar av kva som låg i omgrepet språkleg jamstilling enn kva førearbeida gav. Som nemnt, handla ordskiftet i 1885 i like stor grad om *kva* som skulle jamstillast som kva jamstilling skulle innebere. Fleire venstremenn i debatten ynskte å halde døra open for språket til Knud Knudsen. Konklusjonen i saka vart då òg slik: Mot slutten av ordskiftet stadfeste komitéleiar Johannes Steen at omgrepet «folkemål» i vedtaksformuleringa inkluderte både Aasen-målet og Knudsen-målet (St.tid. 1885: 741).

Det var framlegga for opplæringsfeltet som det stod mest strid om i stortingsdebatten, men elles var det eit svært vidt ordskifte med ei rad ulike synspunkt på språkutviklinga i Noreg og tilhøvet mellom landsmål og bokspråket. Framlegga om kva som skulle liggje i vedtaket sitt omgrep «sidestilles», var mange. Som me har sett, avviste Høgre jamstillingsomgrepet heilt, medan det i Venstre fanst ulike meiningar om kva omgrepet innebar og kva for konsekvensar det burde ha i framtida. For mange i Venstre var det viktig at vedtaket skulle haldast på eit prinsipielt nivå utan nærare konkretiseringar. Slik var det til dømes for kyrkjeminister Blix. I ordskiftet 12. mai sa han:

Jeg har forstaaet det saaledes, at man vil have opretholdt Sprogenes Lighed i Principet. Man vil have udtalt som Princip, at de skal være og behandles lige; men at denne Lighed naturligvis først kan gennemføres Skridt for Skridt, efterhaanden som Forholdene tillader det. Specielt maa jeg ganske nødvendig fastholde den Opfatning hvor det gjælder Skolen (St.tid. 1885: 758).

I stortingsdebatten var dei sentrale belegga og dermed heimlane for prinsipiell jamstilling og landsmålet som offisielt språk, dei same som dei frå førearbeida og komitéinnstillingane.

Det ser rett nok ut til å vere i spel nokre fleire typar styrings- og pedagogisk-konsekvensialistiske heimlar i argumentasjonen. Så vart det sjølv sagt òg argumentert *mot* å gjere vedtak, men det primære føremålet her er å seie noko om korleis den norske staten heimla vedtaket om å gjere landsmål til offisielt språk, ikkje korleis han *ikkje* heimla det.

Oppsummeringsvis kan ein slå fast at jamstillingsframlegga medfører ein viss grad av statleg involvering, iallfall slik at me kan kalle det modifiserte negative rettar og personlege ordningar. Krava strekkjer seg til at det skal akseptast at individ nyttar landsmål i høve til staten, og at elevar skal kunne ha landsmål i lesebøker, dersom dei er moglege å få tak i, og å ha lærarar som kan språket. Då kan dette kanskje kallast ein modifisert negativ rett for den delen av morsmålsopplæringa som gjeld lesing.

Vidare skal me sjå på korleis ein elles kan karakterisere ordningane. Ordninga med å kunne vende seg til staten på fritt valt språk, er framstilt som ein rett, og er altså ei regulering. Ho er likebehandlande, det er formelt sett den same retten for baa språkgrupper. På opplæringsfeltet har me å gjere med stimuleringstiltak og ikkje reguleringar; statleg finansiering av landsmåls lærarkurs og av bokutgjevingar på landsmål. Framlegget om landsmåls lærarkurs må kunne karakteriserast som likebehandling: Den morsmålsopplæringa som føregjekk på dei statsdrivne stiftsseminara, var berre på bokspråket. Å skaffe fram eit liknande, men mindre omfattande statsstøtta tilbod for lærarar og lærarstudentar på landsmål, kan sjåast på som ein freistnad på likebehandling. Det må ein òg seie om framlegget om at både landsmålselevane og bokspråkselevane skulle lese på det andre språket. Litt annleis stiller det seg for støtta til landsmålsbøker: Dette var økonomisk stimulering som må vurderast som det som her er kalla statleg særbehandling av landsmålet eller landsmålsbrukarar. Det var berre unnataksvis at utgjeving av bøker på bokspråket fekk statleg støtte. På den andre sida gav Stortinget støtte til bibelomsetjing til landsmål, skulebøker og/eller målkurs for lærarar i alle budsjettår frå 1881/82 til hundreårsskiftet, så



nær som fem (Haugland 1985: 114). På opplæringsfeltet må me uansett slå fast at bokspråket var særbehandla, ettersom landsmål ikkje var legalisert som opplæringspråk.

Ordninga med at alle norske elevar, uansett fyrstespråk, skulle lese båe språk, kan sjåast som positive språkpolitiske rettar og likebehandling. Å lese ordninga som ho er presentert i Dokument 17 som *likebehandling* verkar rimeleg; staten skal leggje til rette for at dei med landsmål får/skal lese bokspråket og vice versa. At landsmåselevane måtte lære bokspråket var nok rekna som udiskutabelt, og når den ordninga skulle jamstillast, var resultatet ei universell (det vil seie nasjonal) andrespråksordning. Meir diskutabelt kan ordninga kan òg tolkast som ei tydeleggjering av prinsippet om at ikkje-negative rettar for ei språkgruppe ofte impliserer plikt for institusjonar, og dermed òg gjerne andre språkbrukarar, til å nytte dette språket i visse situasjonar, iallfall om ein tek med lesing. Både lærarkrava og retten til å kunne nytte landsmål i kommunikasjon med statsforvaltninga kan karakteriserast som modifiserte negative rettar. Rettar som ikkje er reindyrka negative, og dermed ikkje reindyrka individuelle, forpliktar i teorien fleire språkbrukarar i jurisdiksjonen, også majoritetspråkbrukarane, til ein særleg språkbruk i somme samanhengar. Ein kan sjå andrespråksordninga som ei oppfatning av at skulen måtte gjere staten i stand til den plikta som det delvis positive språkfridomsprinsippet medførte.

Dei modifiserte negative rettane framstår òg som personlege ordningar: Retten til å ha «Folkemaalet» på skulen er ikkje bunden til særlege territorium, jamvel om dokumenta implisitt seier at landsmål er aktuelt for elevane på landet, bokspråket i byane.

Det kan òg oppsummerast at dokumentklynga kring jamstillingsvedtaket i 1885 heimlar offisiell jamstilling mellom landsmål og bokspråket delvis basert i landsmålets eigenverdi, delvis proseduralt og delvis konsekvensialistisk på andre måtar. Det ville vore oppsiktsvekkjande om heimlinga slett ikkje var substansiell, altså ikkje basert på landsmålets kulturelle eigenverdi i Noreg: Det var eit nytt språk som skulle gjerast legalt og utviklast politikk for. Dermed er det heller ikkje merkeleg at det vart føreslege nokre særbehandlingsordningar for landsmålsbrukarar.

Dessutan kan me merke oss at landsmål allereie var sett på som ein etablert storleik, med tradisjon, rett og språksamfunn, og at dette opnar for prosedural heimling. Dette kan seiast på ein annan måte: Dokumenta etablerer landsmålet som ein storleik som det alt no er mogleg å argumentere proseduralt for. Det er interessant at også *særbehandlingstiltak* vert proseduralt heimla. Ikkje-likebehandling vert tolka som likebehandling med ein

argumentasjon om at kompensasjonstiltak skal gje landsmålsbrukarane dei same vilkåra som bokspråksbrukarane, og at dei dermed skal føre til jamstilling. Såleis representerer ikkje likebehandling og særbehandling nokon motsetnad.

Ettersom det vert argumentert for generell offisiell jamstilling, ikkje dei ulike ordningane, er til dømes ikkje argumentasjonen for lesing på det andre språket eksplisitt i dokumenta. Johan Sverdrup er rett nok tydeleg i lesarbrevet sitt i *Dagbladet* i 1884, der han grunngjev ei slik ordning konsekvensialistisk; med nasjonal einskap (Sverdrup 1884). Men i dei seinare styringsdokumenta frå 1885 ser ein ikkje ei slik heimling.

# 10 1885–1930: Offisielle rettar for nynorsk og bokmål

Det er ikkje godt å seie kvifor ikkje fleire konkrete språkopplæringspolitiske ordningar vart med i vedtaket om jamstilling. Ein viktig grunn var nok at arbeidet med dei nye folkeskulelovene ikkje var kome i gang, slik at det var vanskeleg å utforme meir detaljerte språkopplæringspolitiske regulerande føresegner. Dermed vart løysinga eit generelt prinsippvedtak i den fyrste runden. Kanskje kan det formulerast slik: Den språkpolitiske kampanjen og rørslene i Venstre i 1884–85 fekk to meir eller mindre direkte konsekvensar: jamstillingsvedtaket i mai 1885, som tydelegast peika mot feltet offentleg teneste og den fyrste lova for språkbruk i statstenesta i 1930, dessutan nedsetjing av folkeskulelovkomiteen i november 1885, som i tilrådinga si frå 1887 forma ut ein meir detaljert språkpolitikk for opplæringsfeltet, det vil seie folkeskulen.

Dette kapitlet skal ta føre seg språkpolitikken på desse felta som dei vart uttrykte i kvart sitt lovverk. I motsetnad til korleis det vart gjort i førre kapittel, vert éi og éi politisk ordning behandla med fortløpande analysar av argumentasjonen for kvar av desse.

## 10.1 Opplæring

I revisjonen av ålmugeskulen og opplæringspolitikken skulle òg språkopplæringspolitikken reviderast – det vil i praksis seie formast ut. Den nye lova vart vedteken i 1889, men det endelege vedtaket av målparagraf kom ikkje før i 1892. I 1889 vart folkeskulelovkommissjonens framlegg til målparagraf røysta ned av Stortinget, og ein kortare og mindre utbygd variant galdt fram til målfolka tok omkamp i 1892 og fekk inn dei språkpolitiske føresegnene som skulle gjelde i mange år framover. Når det her vert nytta nokså mykje plass på målparagrafen, er det fordi prinsippa i paragrafen har vore gjeldande norsk språkpolitikk fram til i dag. Svært mykje av det som har hendt på språkopplæringsfeltet etter 1892, må sjåast som vidareføring eller revisjon av målparagrafen.

Det var såleis ikkje før sju år etter jamstillingsvedtaket at det vart klart kva for språkopplæringspolitiske reguleringar jamstillinga skulle medføre. I prosessen med den nye folkeskulelova vart framlegga til språkpolitiske reguleringar og tiltak frå 1884 tekne opp att. Med målparagrafen vart det òg endeleg slege fast at varietetane som skulle vere jamstilte i

norsk skule, var landsmål og bokspråket. Det var altså i 1892 at det vart endeleg avgjort kva for språk som jamstillingsvedtaket i røynda galdt for.

Nedanfor skal me sjå på korleis vedtak om ordningar for språkval og argumentasjonen for desse var med på å gje innhald og meining til det noko flytande omgrepet *jamstilling* frå 1884–85. Førehava vert kvar av dei ulike ordningane som finst i framlegget om målparagraf. Kvar ordning for seg vert greidd ut om, og dessutan vert argumenta for henne analyserte som dei viser seg i dei ulike tekstane. Dei sentrale dokumenta i dei viktige fasane i den politiske prosessen med dei språkpolitiske føresegnene i den nye skulelova skal analyserast. Det vil seie folkeskulelovkomiteen i 1887, folkeskulelovene i 1889 og målparagrafen i 1892. Fylgjande dokument om folkeskulelovene utgjer såleis det sentrale kjeldetilfanget om målparagrafen i folkeskulelovene: Innstillinga til skulelovkommissjonen frå 1887, proposisjonane frå 1888 og 1889, det private lovframlegget frå 1892 og komitéinnstillingane frå 1889 og 1892 supplerte med stortingsdebattane dei same åra og nokre andre kjelder.

Som det går fram frå framstillinga nedanfor, var hovudinnhaldet i målparagrafen todelt: Det fyrste var å slå fast ein lokalt bestemt territoriell språkpolitikk, ved at heradet sjølv skulle få avgjere opplæringsmål for kvar skulekrins. Det andre var ein modifikasjon av denne territorialiteten ved at alle elevar òg skulle lese på det andre språket, det som seinare har vorte kalla sidemålet. Analysen nedanfor er konsentrert rundt desse to ordningane. Granskast skal vidareføring og eventuelle endringar av ordningane, dessutan argumentasjonen for dei og eventuelle endringar av argumenta.

Når jamstillingsvedtaket i 1885 ikkje var meir konkret enn det var, var det mellom anna fordi stortingsfleirtalet meinte at saka var i gode hender. Fleirtalet i kyrkjekomiteen viste til at regjeringa hadde vist at ho «vil stille sig velvillig ligeoverfor Sagen» og at det difor var «hensigtsmæssigt og for Sagen betryggende, at den søges fremmet ad administrativ Vei.» (Innst. S. nr. 111 1885: 354). Dei 41 tingmennene hadde då òg i framlegget til jamstillingsvedtak konkret vist til «dei Tankarne, som er framsette i Statsminister Sverdrups Skuleframlegg» (Dok. nr. 17 1885).

Framlegget til Sverdrup i 1884 er omtala fleire gonger ovanfor (sjå kap. 9, innleiinga, og 9.3). Det fyrste steget han ville ta på opplæringsfeltet, var å få laga lærebøker i alle fag på landsmål. Men når dei då «er bragte tilveje», kunne ein skipe ordningar som elevane sitt språkval skulle føregå etter. Då «kunde det tænkes lagt i den lokale Skolestyrelses Haand at

avgjøre, hvilket Sprog, Landsmaalet eller det dansk-norske Skriftsprog, der i Kredsenes Skoler skal være det regelmæssige Undervisningssprog.» Dette skulle likevel kombinerast med at alle elevar skulle få ei viss innsikt i det andre norske språket (Sverdrup 1884). Alt i 1884 foreslo altså Sverdrup ei ordning som ville føre til at somme område hadde landsmål som fyrste opplæringsmål, andre hadde bokspråket som fyrstespråk.

Regjeringa sette 14. november 1885 ned kommisjonen som skulle utarbeide framlegg til lovgjeving om folkeskulane på landet og i byane. Folkeskulelovkommisjonen si tilråding kom i 1887, og framlegget til målparagraf (§ 74) lydde slik:

Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog.

Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal. Inden Skolestyret fatter sin Beslutning, skal Overtilsynets og derefter Kredsenes Erklæring være indhentet. Er denne sidste afgivet med to Trediedele af de Mødendes Stemmer, skal den af Skolestyret tages tilfølg  
(Folkeskulelovkommisjonen 1887: 120).<sup>27</sup>

Folkeskulelovkommisjonens språkpolitiske ordningar innebar altså ei omlegging frå dei modifiserte negative rettane frå 1885. Framlegget om at elevar kunne levere skriftlege arbeid på landsmål må tolkast som ein lovregulert rett til skriftleg landsmålsopplæring. Det skulle òg vere ein rett til lese- og lærebøker på landsmål.

### **10.1.1 Skulekrinsen som sjølvstendig, demokratisk språkterritorium**

#### ***10.1.1.1 Ordninga***

No meinte ikkje folkeskulelovkommisjonen at det skulle vere fritt fram for kvar einskild elev å velje landsmål eller for den del bokspråket som opplæringsmål. Kommisjonen lanserte ei ordning som sa at det var folket i skulekrinsen, gjennom røysting, som bestemte kva for opplæringspråk alle elevane i krinsen skulle ha. Kvar skule måtte såleis velje mellom det eine eller andre språket. Skulestyret stod for det endelege vedtaket, men var bunde av resultatet av krinsrøystinga dersom dette kom ved kvalifisert fleirtal. Det direkte demokratiet på krinsmøtet hadde berre det avgjerande ordet når vedtaket vart gjort med

---

<sup>27</sup> Tredje lekken galdt undervisninga i dei språkblanda distrikta i Troms og Finnmark.

røystene til minst 2/3 av dei frammøtte. I andre tilfelle låg siste ordet til det mindre foreldre- og folkestyrte skulestyret som var felles for alle krinsar i skulekommunen og der berre ein del av medlemene var folkevalde, utpeika av kommunestyret. Dette må kallast ei territoriell ordning, ettersom ho primært ville gjere nokre (skule)område til monolingvale på landsmålet, andre til monolingvale på bokspråket.

Mellom dei som var for målparagrafen, ser det ut til å ha vore semje om det territoriale prinsippet og dei meir tekniske løysingane for avgjerdskompetansen innanfor dette. Framlegget korresponderer med det Sverdrup la fram i *Dagbladet* i 1884. Men det skil seg frå resolusjonen til amtslærarmøtet i Vadheim frå same tidspunkt, som også gjorde framlegg om korleis valet mellom landsmål og bokspråket i skulen skulle føregå (sjå kap. 9, innleiinga). I resolusjonen heitte det i andre punktet at «De for Almueskolen autoriserede Lærebøger udgives saavel i norsk som i dansk Sprogform, og overdrages Valget til Børnenes Forældre eller Foresatte» (her etter Haugland 1985: 93). I ordskiftet på møtet presiserte hovudmannen bak vedtaket, folkehøgskulestyrar Henrik Mohn Dahl i Sogndal, at språkvalet måtte vere ein *personleg* rett. Han tok eksplisitt avstand frå tanken om at skulestyresmaktene skulle avgjere saka:

Lærebøgerne bliver de samme med forskjellig sprogform. Man kan altsaa vælge den sprogform, man helst ønsker. Børnenes forældre er de, som ifølge satsen skal have den afgjørende stemme ved valget af lærebøger. Det bør være en fri sag, ellers er det en krænkelse af deres ret. Man kunde ogsaa ville overdrage valget til skolekommissionen eller kredsene; men det vilde være en uretfærdighed mod minoriteten, naar det skulde fremmes ved majoritetsbeslutning (Tjønn 1884).

Dahl trudde ikkje at det ville føre til vanskar i skulen om somme elevar leverte arbeida sine på landsmål, andre på bokspråket: «Vi kan her tage til sammenligning skoler, hvor bybørn og landsbørn gaar sammen.» (Tjønn 1884).

Det kom eit motframlegg om å byte ut «Børnenes Forældre eller Foresatte» med «Skolekommissionene», frå kyrkjesongar Mads Foss frå Indre Holmedal (Gaular). Foss hevda at «for at faa den nødvendige enhed burde man for det første overdrage valget til skolekommissionerne. Senere kunde man kanske gaa over til forældrene». Ifylgje referatet i Sogns Tidende tvila Foss på at framlegget til Dahl var gjennomførbart: «Foss troede, at man ikke saa let burde overse enheden og nævnte at synge salmer sammen. Det kunde umulig gaa an, naar nogle børn havde salmerne paa et maal og andre paa et andet. Derfor bør valget

helst overdrages til skolekommissionerne.» (Tjønn 1884). Foss sitt framlegg fekk likevel berre 10 røyster av dei mest 100 frammøtte. På Vadheim-møtet kom det altså til ein eksplisitt konfrontasjon mellom ei territoriell og ei personleg språkpolitisk tilnærming når det gjaldt avgjerder om fyrstespråk i opplæringa.

Motsetnadene om avgjerdskompetansen i språkvalet gjekk langs fleire aksar. Ein annan viktig konflikt dreia seg om det var lokale eller statlege organ som skulle avgjere. Den gjekk mellom dei som støtta målparagrafen og dei som ikkje støtta han, altså mellom Venstre og Høgre. Usemja greip såleis inn i spørsmålet om landsmålet sin legitimitet som 'norsk', ettersom dei som ikkje støtta målparagrafen gjorde det med grunnlag i at landsmålet prinsipielt ikkje var ein storleik som hadde krav på politisk og rettsleg godkjenning. Alle som meinte at landsmålet skulle tillatast, meinte òg at avgjerdskompetansen måtte vere lokal.

Spørsmålet om lokal eller sentral styring var ei sentral konfliktline mellom Venstre og Høgre i striden om folkeskulen, skriv Hans-Jørgen Dokka (1967: 355ff). Ei hovudsak med Venstres skulereform var å skape ein meir folkestyrd skule. Folkeskulekommisjonen sitt framlegg om å gje skulestyret avgjerdskompetansen i valet av opplæringsmål, må forståast på bakgrunn av den sentrale rolla som skulestyret var tiltenkt i Venstres reformerte folkeskule. Skulestyreordninga som stortingsfleirtalet vedtok i 1889, var òg i all hovudsak i tråd med folkeskulekommisjonen sitt framlegg. Desentralisering av politisk makt, oppgjeret med embetsmannsstyret og styrking av det lokale sjølvstyret var sentralt for Venstre. På skuleområdet innebar det ei styrking og demokratisering av dei lokale skulekommisjonane, som i 1889 vart avløyste av skulestyra. Den eine sida av reforma var demokratisering av samansetjinga ved at det ikkje lenger var lovfest at presten skulle vere formann, men at skulestyremedlemene fritt valde formann. Dei folkevalde medlemene i det nye skulestyret utgjorde eit klart fleirtal og skulle veljast av kommunestyret mellom kommunestyremedlemene. Ordføraren skulle òg sitje i skulestyret. Det andre viktige var at skulestyret fekk tilført større avgjerdskompetanse enn den gamle skulekommisjonen. Skulestyret fekk mynde til å tilsetje lærarar, og overtilsynet (stiftsdireksjonen) sin innverknad på lærartilsetjingane vart avgrensa til å anke tilsetjinga inn for kommunestyret. Skulestyret skulle òg utarbeide skule- og undervisningsplanar, og overtilsynet kunne berre ytre seg før planane vart sette i verk (Dokka 1967: 357ff).

Dokka oppsummerer som «grunntanken i Venstres syn, at det egentlig var skolebarnas foreldre som burde få velge lærer» (Dokka 1967: 363). Likevel var det aldri konkrete framlegg om å leggje lærartilsetjingane i hendene på foreldra eller krinsane. I ljøs av den sterke rolla som skulestyra var tiltenkt, er nok det mest oppsiktsvekkjande med forslaget til målparagraf at eit kvalifisert fleirtal på krinsmøtet faktisk skulle få høve til å binde skulestyret. Paragraf 54 i landsskulelova slo fast reglar for institusjonen *krinsmøte* for kvar skule. Alle skattepliktige som var busette i krinsen, fekk røysterett saman med alle foreldra til born på krinsskulen. Krinsmøtet kunne ta opp alle saker det ville som galdt skulen, men hadde berre ein rådgjevande funksjon for skulestyret. Dokka har tydelegvis vurdert krinsmøtet som så lite viktig jamført med skulestyret at han knapt nok nemner det i avhandlinga si, som elles legg stor vekt på folkestyret i den nye folkeskulen.

I folkeskulelovkommisjonens innstilling er det lite å sjå til konflikhtar om avgjerdskompetanse. Me ser til dømes ikkje meir til vadheimresolusjonens skepsis mot å la majoriteten avgjere val av lærebok- og undervisningsspråk. I denne runden er det heller inga problematisering av at avgjerdskompetansen skal vere lokal, og heller ikkje av at krinsmøtet skal få høve til å binde skulestyret.

Somme drag ved denne norske territorielle språkpolitikken er karakteristiske. For det fyrste var det ein territorialitet som skulle vere lokaldemokratisk avgjort, gjennom folkerøysting. Det var altså ikkje staten som peikte ut kva for krinsar som skulle ha kva for språk, dette skulle lokalsamfunnet sjølv avgjere. Staten hadde ingen lovheimel til å overprøve dei lokale språkvedtaka. Berre om det var gjort feil i sakshandsaminga, kunne staten setje til side vedtaket, men då berre krevje at det vart gjort på nytt. Ei ordning som tillet landsmål, men som gav *staten* siste ordet for kven og kvar det skulle takast i bruk, låg ikkje fjernare enn at det nettopp var dette vedtaket som vart gjort i 1889 om samisk og kvensk i Tromsø stift, i tredje lekken i målparagrafen (sjå kap. 8.2.2). Framlegget til kommisjonen var såleis eit framlegg om at den sentrale staten skulle leggje til rette for lokalavgjerder og dermed sjølv trekkje seg attende frå språkopplæringspolitikken.

Dessutan var folkeskulelovkommisjonens språkpolitikk ein territorialitet på mikronivå: I staden for at staten peikte ut regionar, fylke eller kommunar som språklege einingar, eller let desse einingane sjølv avgjere språk, var altså kvar einaste av dei kring 6000 folkeskulekrinsane i landet ei språkpolitisk eining. I prinsippet bar kommisjonen innstilling



bod om ein offentlig språkpolitikk som kunne gjere Noreg til eit språkgeografisk lappeteppje av særsmå språkterritorium.

Sverdrup-regjeringa la fram dei to proposisjonane om lover for folkeskulen i kjøpstadene og på landet 5. mai 1888, som tidlegare nemnt med dissensane til Richter og Sørensen (Ot.prp. nr. 19 1888 og Ot.prp. nr. 20 1888) (sjå kap. 8.2). Stortinget nådde ikkje å handsame lova våren 1888. Regjeringa gjentok lovframlegga i nye proposisjonar i februar 1889 som vart handsama av kyrkjekomiteen med omfattande innstillingar 26. april og handsaming i Odelstinget og Lagtinget i mai/juni.<sup>28</sup>

Regjeringas og kyrkjekomiteens framlegg til språkpolitiske ordningar og tiltak er dei same som folkeskulelovkomiteen sine: Fleirtalet i kyrkjekomiteen vil for det fyrste at krinsmøtet via skulestyret avgjer fyrste opplæringspråk for den aktuelle skulen, for det andre at alle elevar òg skal ha lesing i andrespråket. I røystinga i Odelstinget 24. mai fall framlegget til andre lekken i målparagrafen i to ulike variantar med knapt fleirtal. Målparagrafen i dei to folkeskulelovene (§ 73 i lova om landsfolkeskulen) vart såleis berre den innleiande setninga om at «Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog» i tillegg til den siste lekken om dei språkblanda distrikta i nord.

### **10.1.1.2 Argumentasjonen**

Fyrst skal me nett gå tilbake til posisjonane på Vadheim-møtet i 1884, utan at desse skal setjast opp som argumentasjonsanalysar. Diskutert på møtet vart føremoner og ulemper med både den territorielle ordninga, som den seinare folkeskulelovkommissjonen ville ha, og meir personlege ordningar, som var det fleirtalet i Vadheim gjekk for (sjå kap. 10.1.1). Fleirtalet på møtet grunn gav synet sitt med foreldrerett og minoritetsomsyn. Mindretalet hevda at skulestyra måtte avgjere språkvalet, grunngjeve i kva som var rekna som praktisk overkomeleg særleg når det gjeld språkleg homogenitet i klasseromma. I norsk samanheng er dette eit sjeldan døme på at territorielle og personlege språkpolitiske tilnærmingar vert haldne opp mot kvarandre og ope debatterte. Seinare har diskusjonane helst gått på praktiske og tekniske løysingar innanfor den territorielle språkpolitikken, og då særleg på spørsmålet om kva nivå avgjerdskompetansen skal liggje på.

Folkeskulelovkommissjonen, til dømes, argumenterer ikkje prinsipielt for territoriell språkpolitikk. Argumentasjonen for den føreslegne ordninga lyder slik: «At der maa gives

---

<sup>28</sup> Ot.prp. nr. 7 1889; Ot.prp. nr. 8 1889; Innst. O. II A 1889; Innst. O. II B 1889; Ot.tid. 1889: 504–529.

Adgang til Valg og at Afgjørelsen inden de af Loven optrukne Grændser som Regel tilhører Skolestyret, er en Selvfølge efter den Stilling, det i vort Forslag indtager i Skolen.» At krinsmøtet skulle kunne binde skulestyret vart grunngeve med «Folkeskolens Stilling som Kredsskole» (Folkeskulelovkommissjonen 1887: 99). Belegget for at krinsmøtet via skulestyret skulle avgjere skulespråket, var altså den avgjerdsmynda som desse to institusjonane allereie var gjevne i folkeskulelovkommissjonens innstilling når det galdt opplæringspolitikk og opplæringsforvaltning.

Det fyrste argumentet for den lokalt bestemte territorielle språkpolitikken som vert identifisert i folkeskulelovprosessen, skal setjast opp på vanleg måte:

### **Argument 1:**

Belegg: Skulestyret og krinsen har viktige stillingar i norsk skule.

Heimel: (Dersom) språkopplæringspolitikk skal styrast som anna opplæringspolitikk,

Påstand: (så) avgjer krinsmøtet (krinsrøystinga) via skulestyret fyrstespråket for skulen.

Denne heimelen kan delvis sjåast som prosedural, delvis som styringskonsekvensialistisk.

Om ein tolkar heimelen som ein tanke om at språkbrukarane skal ha rett til at språkopplæringspolitikken vert like demokratisk behandla som anna opplæringspolitikk, er han prosedural. Styringskonsekvensialistisk er han om ein ser utsegnene som ein argumentasjon for effektivitet og straumlineforming på opplæringsfeltet.

Med lov om folkeskulen på landet i 1889 vart krinsmøtet ein fast institusjon og eit viktig styringsorgan i den norske skulen (regulert i § 54). Me skal no gå rett på ein analyse av argumentasjonen i innstillinga til komiteen og i Stortinget i 1889, for å sjå om den endra seg trass i at dei språkpolitiske påstandane er dei same som i 1887.

Fleirtalet i kyrkjekomiteen i 1889 uttaler at «Orden og Fasthed» i den splitta tilstanden med «to Undervisningssprog» berre kan oppnåast ved at ein gjev «kommunen fuld Frihed til at samle den hele Undervisning med alt, hvad dertil hører, ind under ét Sprog» i «Overensstemmelse med Stedets Sprogforhold» (Innst. O. II A 1889: 41). Denne påstanden om territorielt ordna språkpolitikk har same type belegg som kyrkjesongar Foss hadde nytta på Vadheim-møtet i 1884: Ein trong språkleg einskap i skulane. Det var altså behov for generell opprydding i den språkpolitiske forvaltninga, noko venstremannen Viggo Ullmann brukar som eit argument for lokal avgjerdskompetanse i stortingsordskiftet:

Hvorledes skal man faa Fred og Orden i Skolen? Man skal faa den akkurat paa samme Maade, hvorpaa vi nu faar det; vi har villet faa det derved, at Foreldrene raader i Kredsen, ved at lade Forældrene byde over, hvorledes Skolens Ordning skal være indadtil; thi derved faar vi Fred og Orden (Ot.tid. 1889: 509).

Kanskje er formuleringane til Ullmann frampeik til seinare ordskifte om det skal vere eksklusiv foreldrerett eller ålmenn røysterett i språkspørsmål i krinsane (sjå kap. 14.2.2), men så tidleg som 1889 var ikkje denne debatten aktuell. Viggo Ullmann tala generelt i Stortinget om at målparagrafen sytte for at «Foreldrene raader i Kredsen» også når det galdt språk. Men han visste nok godt at folkeskulelova han var med på å vedta, ville gje røysterett på krinsmøtet til alle skattepliktige innbyggjarar over 25 år i krinsen attåt alle foreldra til borna i krinsen.

Såleis ser ein i 1889-behandlinga to nye argument for det som her er kalla skulekrinsen som sjølvstendig, demokratisk språkterritorium; belegget ålmenn jamstilling og belegget språkleg einskap i skulen.

### **Argument 2:**

Belegg: Det skal vere jamstilling mellom landsmål og bokspråket i opplæringa.

Heimel: (Dersom) skulekrinsane skal vere språkleg jamstilte,

Påstand: (så) avgjer krinsmøtet (krinsrøystinga) via skulestyret fyrstespråket for skulen.

*Jamstilling* er det generelle belegget for ordninga og heimelen verkar primært prosedural. Han er ei tilvising til ei regulering eller ein rett, altså jamstillingsvedtaket. Men om ein tolkar jamstilling som eit substansielt politisk mål, må han seiast å vere styringskonsekvensialistisk (sjå kap. 5.3.5.3).

### **Argument 3:**

Belegg: Kommunen må samle heile språkopplæringa i krinsen inn under eitt språk.

Heimel: (Dersom) orden og einskap er viktig,

Påstand: (så) avgjer krinsmøtet (krinsrøystinga) via skulestyret fyrstespråket for skulen.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk; det er behovet for gjennomførbarheit og effektivitet som er premissen bak det språkpolitiske tiltaket.

## 10.1.2 Lokale språkavgjerder

### 10.1.2.1 *Ordninga*

I saka om målparagrafen i 1892 kom det til ein diskusjon om lokal avgjerdskompetanse i språkval generelt. For å kunne gjere greie for dette, må me ta ein sving attende til 1889. Dette året oppstod det ein uklar språkpolitisk rettstilstand, fordi berre fyrste lekken av Sverdrup-regjeringas framlegg til målparagraf vart vedteken. Paragrafen slo altså ikkje fast anna enn at «Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog», og dette skapte mykje strid fram til 1892. Ifylgje kyrkjekomiteen på Stortinget gav den gjeldande lova «ikke nogensomhelst Anvisning, hvorledes man i et Herred eller en By skal ordne sig i Tilfælde, at der Uoverensstemmelse i Opfatningen af, om Undervisnings sproget bør være Landsmaalet eller Skriftsproget» (Innst. O. nr. 44 1892: 118).

I denne situasjonen tolka mange målfolk folkeskulelova som at det var fritt fram for å ta i bruk landsmål for både personar og territorium. Somme lærarar byrja gje landsmålsundervisning, og somme skulestyre gjorde vedtak om at folkeskulane skulle gje landsmålsopplæring (Haugland 1985: 145ff). Skuledirektørane reagerte på desse vedtaka og involverte kyrkjedepartementet. Kyrkjeminister frå 13. juli 1889 var Bonnevie, leiaren for den landsmålskritiske fløya både i folkeskulelovkommisjonen og Stortinget dei føregåande åra. Etter at skulestyret i Seljord hadde vedteke å gje noko skriftleg opplæring i landsmål og skulestyret i Oppdal ville ta i bruk Andreas Austlids landsmålslesebok, reagerte skuledirektørane i Kristiansand og Trondheim (Haugland 1985: 145ff). Bonnevie nytta no definisjonsmakta si til å slå fast korleis «det norske Sprog» i folkeskulelova skulle forståast, og i praksis òg til å slå fast at det var staten som bestemte kva for opplæringspråk alle krinsane skulle ha:

Efter det saaledes Passerede [i Stortinget] antager Departementet, at Loven ved sin Bestemmelse om, at Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog, tilsigter, at Undervisningen skal meddeles i det Sprog, hvori Loven selv er affattet, nemlig det almindelige Skrift- eller Bogsprog (*Norsk lovtidende*, 14.7.1890).

Målfolka gjekk såleis inn i debatten om målparagrafen i 1892 med å protestere på kyrkjedepartementets definisjon av «det norske Sprog» frå 1890, og dermed òg på at avgjerdskompetansen skulle ligge til departementet.

### **10.1.2.2 Argumentasjonen**

Landsmålspolitkarane meinte omgrepsbruken til departementet ikkje var i samsvar med omgrepsbruken til Stortinget i jamstillingsvedtaket i 1885, ettersom det då var slege fast at «det norske Folkesprog» òg skulle vere skulespråk. Det låg i lufta at domstolane måtte avgjere usemja i 1892, om ikkje Stortinget gjorde det. Bonnevie hadde gått av som kyrkjestatsråd året før og var no attende i Stortinget. I mai 1892 opna han odelstingsordskiftet om målparagrafen med å seie:

Jeg antager, at hvis det Spørgsmaal blev forelagt Domstolene, saa vilde man ikke faa Dom for, at Landsmaalet var det norske Sprog, eller at den ene eller den anden Dialekt var det norske Sprog. Det norske Sprog er formentlig Landets eget Sprog og vor Literaturs ledende Sprog. (Ot.tid. 1892: 323)

Viggo Ullmann var mellom dei som reagerte på dette. Han spurde om han som formann i skulestyret i Seljord og andre som arbeidde for å få inn landsmålet i folkeskulen, skulle

... trækkes for Domstolene, ved at Kirkedepartementet skulde sørge for, at Seljord Skolestyre blev trukket ind for Domstolene, som skulde erklære, at Seljords Skolestyre skulde straffes for Misbrug af Ombuds Myndighed, fordi det med Forældrenes Samtykke – ved saa at sige undtagelsesfri Beslutning – havde bestemt, at deres Modersmaal skulde indføres i Folkeskolen. Det er det, vi kalder Tvang. (Ot.tid. 1892: 331)

Kyrkjestatsråd sidan 1891, målmannen Vilhelm Andreas Wexelsen, uttala med adresse til Bonnevie at det ikkje var haldbart at staten skulle blande seg inn i språkvalet i kommunane:

Men dersom vi faar en Lov, som siger, hvem der skal bestemme Undervisningssproget, saa vil det være langt vanskeligere for de vexlende Chefer [i departementet] i Cirkulærer at udtale sig stik mod hinanden. ... Derfor bør man ved Lov, saa langt som muligt, ordne Forholdet og derved afskjære saavidt muligt den Adgang, som ligger i det parlamentariske Styre til at lade hyppigt skiftende Stemninger gjøre sig gjældende i det praktiske Liv. (Ot.tid. 1892: 337)

Dette var i røynda ein debatt om den overordna språkpolitiske avgjerdskompetansen skulle liggje lokalt eller sentralt. Påstanden om at han skulle liggje lokalt, vart av Ullmann belagt med foreldre og folk sin fridom (ikkje-tvang), av Wexelsen med politisk føreseielegheit.

Argumenta kan stillast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Det er statleg tvang å nekte foreldre og folk lokalt å innføre det skulespråket dei vil.

Heimel: (Dersom) statleg tvang er ugunstig,

Påstand: (så) skal skulens fyrstespråk avgjerast lokalt.

Heimelen er kanskje prosedural, kanskje konsekvensialistisk. Prosedural fordi han peikar mot folk sine deontologiske rettar (fridom), konsekvensialistisk fordi han peikar mot politiske ynskemål om ei viss styringsform (lokaldemokrati).

### **Argument 2:**

Belegg: Ulike stemningar i Stortinget kan ikkje få styre for mykje viktig i det praktiske liv.

Heimel: (Dersom) språkopplæringspolitikken treng stabilitet,

Påstand: (så) skal skulens fyrstespråk avgjerast lokalt.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk. Det er politisk stabilitet som ligg bak argumentasjonen for den språkpolitiske ordninga.

## **10.1.3 Skulekrinsen som kommunalt styrt språkterritorium**

### **10.1.3.1 Ordninga**

Som me no har sett, var det etter 1884 konsensus på den landsmålsvenlege sida om at ei territoriell og ikkje ei personleg tilnærming skulle leggjast til grunn for språkvalsordningane i folkeskulelova. Gjennom heile denne prosessen og alle dokumenta, frå folkeskulelovkommisjonen si innstilling i 1887 til endeleg vedtak i 1892, stilte ingen av dei som støtta målparagrafen spørsmål ved at det var skulestyret eller krinsen kollektivt og ikkje dei einskilde føresette eller foreldra som skulle ta språkvalet. Det er såleis ikkje spor etter synspunktet til Henrik Mohn Dahl og fleirtalet på Vadheim-møtet i september 1884. Avgjerdskompetansen skulle dessutan liggje i lokale, ikkje sentrale organ, og i 1892 som i 1889, var det heller ikkje problematisert kven som skulle ha røysterett ved krinsrøystingar. Det vart teke for gjeve at det var dei generelle røysterettsreglane for krinsmøta (§ 54 i landsskulelova) som skulle gjelde.

Etter Venstre-sigeren i valet hausten 1891 såg landsmålsfolka sitt snitt til omkamp om målparagrafen, og etter initiativ frå Det norske Samlaget gjorde tre representantar den 12.

februar 1892 framlegg om å ta inn den delen av målparagrafen som hadde falle i 1889. Innstillinga frå fleirtalet i kyrkjekomiteen (16. mai) var i tråd med framlegget, og i Odelstinget 27. mai vart framlegget vedteke med 57 mot 28 røyster (Ot.tid 1892: 350).

Stortinget gjorde éi endring i høve til framlegget frå folkeskulelovkomiteen, regjeringa i 1889 og det private framlegget i 1892. Den gjekk på siste punktum i den 'gamle' paragrafen som vart røysta ned i 1889, der det heitte: «Er denne sidste [krinsens erklæring] afgivet med to Trediedele af de Mødendes Stemmer, skal den af Skolestyret tages tilfølgende.» (Innst. O. nr. 44 1892). Framlegget til målparagraf i 1889 gav krinsmøtet siste ordet, men i stortingsordskiftet i 1892 vart setninga om at krinsen med 2/3 fleirtal kunne binde skulestyret teken ut. Viggo Ullmann gjorde framlegg om å stryke denne setninga, og ettersom ingen medlemmer i kyrkjekomiteen gjekk imot, vart komitéinnstillinga endra i stortingssalen utan at det vart røysta over formuleringa om at krinsen kunne binde skulestyret. Vedtaket vart såleis at folkerøystingane i krinsen berre skulle vere rådgjevande. (Ot.tid. 1892: 332 og 350).

### **10.1.3.2 Argumentasjonen**

Viggo Ullmanns grunngjeving for å endre formuleringa om at krinsen kunne binde skulestyret, var reint praktisk, eller som han sjølv formulerte det: «sidste Punktum er upraktisk» (Ot.tid. 1892: 332). Han hadde sjølv vore med på å fremje det opphavlege framlegget, men oppgav at det var ein feil frå han og dei andre framleggsstillarane at setninga i det heile var komen med. Det avgjerande i denne samanhengen er argumentasjonen *for* at vedtakskompetansen heilt ut bør liggje til skulestyret. Det var fordi «Skolestyret bestemmer efter § 50 alt, hvad der vedkommer Undervisningsplanen og Undervisningsmaalet», og «I Regelen vil Skolestyret rette sig efter Forældrene», så resultatet «vil praktisk blive det samme» som om siste setninga vart ståande (Ot.tid. 1892: 332).

Belegget for å la skulestyret ha vedtakskompetanse er samanfallande med tidlegare argumentasjon for krinsmøtet: Det handlar om å straumlineforme og einskapleggjere institusjonane. Setjast opp her skal dermed argumentet for det som er ein lokalt bestemt territorialitet som ikkje er basert på direkte demokrati på krinsnivå, men indirekte demokrati på kommunenivå:

## **Argument 1:**

Belegg: Skulestyret har ei viktig stilling i norsk skule.

Heimel: (Dersom) språkopplæringspolitikk skal styrast som anna opplæringspolitikk,

Påstand: (så) avgjer skulestyret fyrstespråket for skulen.

Som med den liknande argumentasjonen for krinsrøystinga i 1887 (sjå kap. 10.1.1.2), kan denne heimelen delvis sjåast som prosedural, delvis som styringskonsekvensialistisk. Er tanken at språkbrukarane skal ha rett til at språkopplæringspolitikken vert like demokratisk behandla som anna opplæringspolitikk, er han prosedural. Botnar han i effektivitet og straumlineforming på opplæringsfeltet, er han styringskonsekvensialistisk.

### **10.1.4 Munnleg opplæring på sidemålet i folkeskulen**

#### ***10.1.4.1 Ordninga***

Påstanden min ovanfor om at den føreslegne territorielle ordninga i målparagrafen ville gjere skulekrinsane monolingvale på det eine eller andre språket, er ikkje heilt rett.

Folkeskulslovkommissjonen av 1885 gjorde òg framlegg om at «Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal» (Folkeskulelovkommissjonen 1887: 120), ei formulering som var ordrett med både i lovframlegga frå regjeringa i 1888 og 1889, og i framlegget til målparagraf i 1892 som òg vart vedteken. Dette kan me kalle ei føresegn om ei andrespråksordning, eller *sidemålsordning* som det har vorte heitande i Noreg. Den territorielle eittspråklegheita vart altså modifisert av lesing på det andre språket.

#### ***10.1.4.2 Argumentasjonen***

I innstillinga til folkeskulelovkommissjonen finst ingen argumentasjon for denne ordninga. Det næraste me kjem, er at kommisjonsfleirtalet fleire gonger ålment viser til jamstillingsvedtaket og «den gjensidige Ligestillen» som det føreset (Folkeskulelovkommissjonen 1887: 99). Me kan sjå det slik at framlegget er å likebehandle skulekrinsar, som får same moglegheit til å velje det fyrsteopplæringspråket dei vil, og å likebehandle språk, som båe kan vere fyrste- og andrespråk i opplæringa.

Dette kan kanskje knytast til somme formuleringar i Johan Sverdrups før nemnde brev i *Dagbladet* hausten 1884 (sjå kap. 9, innleiinga), ein tekst som altså må sjåast på som lansering av den store skulereforma. Sverdrup tok her til orde for å delegere valet mellom landsmål og bokspråk som fyrstespråk til skulestyra, men presiserte at elevane òg måtte lese det andre språket:



Til Enhedens Bevarelse maatte det fra Statens Side kræves, at Børnene meddeles Indsigt ogsaa i det andet Sprog, saaledes at de autoriserede Læsebøger indeholder et rigt Udvalg af Læsestykker henholdsvis paa Landsmaalet og paa det dansk-norske Skriftsprog. (Sverdrup 1884)

Kanskje kan venstrefleirtalet i kommisjonen si formulering om jamstilt gjensidigheit sjåast på som eit belegg for andrespråksordninga, i ljøs av at Sverdrup hadde nytta nasjonal einskap som eit uttalt belegg for det same.

Under tvil kan det fyrste argumentet for lesing på andrespråket i folkeskulelovprosessen såleis seiast å vere identifisert:

### **Argument 1:**

Belegg: Det skal vere gjensidig jamstilling av landsmål og bokspråket i opplæringa.

Heimel: (Dersom) norske elevar skal vere språkleg jamstilte,

Påstand: (så) skal elevane også lese på andrespråket sitt.

Heimelen kan vere prosedural, om han er ei tilvising til ei lov og ein rett, og ei plikt, som elevane har. Gjensidigheita kan òg peike mot solidaritet og fellesskap, og såleis kan heimelen òg tolkast som integrasjonskonsekvensialistisk.

Frå mindretalet i folkelovkommisjonen var det derimot mykje argumentasjon mot landsmål både som andrespråk og fyrstespråk: Med Bonnevie i spissen avviste det heilt at landsmålet skulle tillatast som undervisningsspråk og hadde såleis ikkje alternative framlegg til korleis språkvalet skulle skje og språkleg jamstilling oppnåast. Likevel hadde mindretalet synspunkt på kva jamstilling i teorien kunne vere. Anten kunne jamstilling oppnåast «om man bestemte, at alle Elever af Landets Folkeskoler skulde meddeles ligelig Undervisning i begge sprog», eller «hvis man oprettede to parallelle Rækker af Folkeskoler, en for hvert af de to Sprog» (Folkeskulelovkommisjonen 1887: 103). Den ordninga som fleirtalet hadde valt, og som språkvala i norsk skule har føregått etter fram til i dag, omtalte mindretalet lakonisk som eit system der dei to språka skulle «afløse hinanden i Udøvelsen af Herredømmet ... En Slags Lighed faar man unegtelig istand ogsaa paa denne Maade.» (sst).

I innstillinga om ny folkeskulelov i 1889 finst ein direkte argumentasjon for lesing på andrespråket, i motsetnad til kva me såg i folkeskulelovkomiteens innstilling i 1887.

Elevane skal «læse og lære at forstaa ogsaa det andet [Sprog]», for «[p]aa denne Maade kan

vi efterhaanden arbeide os fram til den Enhed, som aldrig vil kunne naaes, dersom det ene Sprog skal begunstiges og det andet tilsidesættes eller ialfald Forvirringen være saa stor, som Tilfældet er nu.» (Innst. O. II A 1889: 41). Utgangspunktet her er nok at landsmålelevane uansett måtte lære bokspråket, ettersom dette var majoritetsspråket. Om bokspråkelevane då ikkje lærte landsmål, ville resultatet vere nasjonal kløyving – bokspråket ville «begunstiges».

Resten av avsnittet handlar om at bydialektane vil gå mot norsk om elevane i byane får lese landsmål: «Vort Sprog er nu i stærk Udvikling fremad til Fornorskning, selv i Byerne bliver Talesproget mere og mere norsk, ikke blot i Gloser, men ogsaa i Lyd og Former. Denne Bevægelse vil i høi Grad fremskyndes» (Innst. O. II A 1889: 41). Dermed er påstanden her òg belagt med behovet for fornorskning av bydialektar.

Me ser òg ein tredje type argumentasjon for lesing på andrespråket: «De dansk-norsk talende Børn vil, naar Landsmaalsliteraturen bliver et Fag paa deres Skoler, faa en Forstaaelse af, hvad der er det ægte, det oprindelig norske, som nødvendigvis maa øve Indflydelse paa dem for Livet.» (Innst. O. II A 1889: 41). Her vert det argumentert for at særleg bokspråkelevar må lese på andrespråket sitt. Belegget er at dei treng den typen kunnskap og danning som landsmålet representerer.

Dersom me tek med det ålmenne jamstillingsbelegget for heile målparagrafen, ser det ut til å vere fire argument for lesing på andrespråket i kyrkjekomiteen si innstilling til målparagraf i dei nye folkeskulelovene. Det fyrste av desse, om jamstilling, er likevel samanfallande med argument 1 frå innstillinga til folkeskulelovkommissjonen, og er dermed behandla ovanfor. Dei tre andre skal takast her.

## **Argument 2:**

Belegg: Ingen av språka eller språkgruppene skal tilsidesetjast.

Heimel: (Dersom) nasjonal einskap er viktig,

Påstand: (så) skal elevane også lese på andrespråket sitt.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk: Argumentasjonen for ordninga spring ikkje ut av omsynet til språklege tilhøve, men av omsynet til nasjonal integrasjon som stod sentralt i nasjonsbygginga i andre halvdel av 1800-talet. Det var brei semje om at eit overordna mål med skulen var å knyte dei ulike delane av nasjonen tettare saman, sjølv om det var usemje om kva grunnlag dette skulle skje på (Nerbøvik 1999: 53).

### **Argument 3:**

Belegg: Landsmålslesing påverkar talemåla i norsk lei.

Heimel: (Dersom) talemåla skal vere så norske som råd,

Påstand: (så) skal elevane også lese på andrespråket sitt.

Heimelen ser ut til å spegle eit språkleg-kulturelt rasjonale, men dette argumentet for landsmål er ikkje heimla i landsmålets eigenverdi, men i ynsket om ei viss talemålsutvikling. Heimelen kan såleis kallast dialektkonsekvensialistisk.

### **Argument 4:**

Belegg: Lesing på landsmålet gjev elevane forståing for kva som er ekte og opphavleg norsk.

Heimel: (Dersom) elevane treng forståing og innsyn i sin eigen kultur,

Påstand: (så) skal elevane også lese på andrespråket sitt.

Det er mogleg å argumentere for at dette er ein integrasjonskonsekvensialistisk heimel: Det språkpolitiske tiltaket lesing på landsmål er eit verkty for utvikling av nasjonal danning. Ein kan òg sjå det som ein heimel som seier at landsmål har eigenverdi for *alle* norske elevar.

Det stod mykje strid om målparagrafen i stortingshandsaminga, og då særleg om ordninga med lesing på andrespråket. Motstandarane av målparagrafen argumenterte mot at folkeskulen skulle bruke knapp undervisningstid på å lære elevane å lese også det andre språket. Diskusjonen gjekk òg på om det var rimeleg å *tvinge* elevane til å lese det andre målet enn det skulestyret hadde bestemt som fyrstespråk. Dette var òg argument som vart delte av somme av venstrefolka som elles støtta målparagrafen (Ot.tid. 1889: 524).

No var ikkje landsmålet heilt utan fotfeste i ålmugeskulen før 1889. P. A. Jensens *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet* (1863) inneheldt til dømes elleve tekstar på landsmål og dialekt, men det var opp til læraren å nytte dei. Også den fremste motstandaren av målparagrafen i Stortinget, Bonnevie, godtok avgrensa lesing av landsmålstekstar i folkeskulen. Som kyrkjeminister sende han i 1890 frå seg to skriv som slo fast at det ikkje var noko «til Hinder for, at der ogsaa gives dem [elevane] Anledning til Øvelser efter en i Landsmaalet affattet Læsebog». Men det kunne berre skjje etter at det var «tilstrækkelig sørget for Elevernes Undervisning i det almindelige Skriftsprog» (*Norsk lovtidende*, 14.7.1890).

Det kom såleis til røysting i Odelstinget i 1889 om formuleringa om å lese på baa språk skulle vere med eller ikkje. Men i denne runden vart målparagrafen altså ikkje vedteken i det heile.

I omkampen om målparagrafen i 1892 vart det òg nytta nokså stor plass i lovframlegget og komitéinnstillinga for å argumentere for setninga om lesing i baa mål. Argumentasjonen er mellom anna presentert som eit omfattande sitat frå det private lovframlegget som låg til grunn for stortingssaka, som altså kom frå Samlaget i 1892:

Særlig uheldigt maa det ansees at være, at Børnene i mangfoldige Skoler, formentlig de fleste Byskoler, ikke faar Anledning til at blive kjendte med Landsmaalet saavidt, at de kan læse det med nogenlunde Lethed, hvad der vil være meget let lært. ... Paa den anden Side maa det ligeledes ansees uheldigt, at man i Folkeskolen paa sine Steder udelukkende kan komme til at bruge Landsmaalet, saalænge Skriftsproget endnu har saa stort Raaderum i vort Land. (Innst. O. nr. 44 1892, som siterer Dok. nr. 34 1892)

For landsmålselevane gjeld det altså om å lære bokspråket fordi det no ein gong er majoritetsmål. Men kvifor skal elevar med bokspråket som fyrstespråk lese landsmålet? For dette er det to hovudargument. Det fyrste kjem i sitatet frå lovframlegget: «Landsmaalet indtager dog nu baade paa Grund af sit særegne nationale Værd og paa Grund af de flere betydelige Forfattere, det eier... en saadan Stilling, at ethvert Barn i en norsk Folkeskole i Bygd og By bør lære at lese det.» (Innst. O. nr. 44 1892: 118) I tillegg har òg komitéinnstillinga eit meir uklart argument for at landet utan denne delen av målparagrafen kan bli kløyvt; for «det Uheldige i denne Spaltning». Alle elevar skal lese og lære å forstå andrespråket sitt fordi me såleis kan «efterhaanden arbeide os fremad til den Enhed, som aldrig vil kunne naaes, dersom det ene Sprog skal begunstiges og det andet tilsidesættes eller ialfald Forvirringen være saa stor, som Tilfældet nu er [!]». (Innst. O. nr. 44 1892: 118–119)

Me kjenner att baa argumenta: Det eine belegget er innsikta som elevane får i nasjonal kultur, og heimelen er såleis delvis integrasjonskonsekvensialistisk, delvis ein eigenverdiheimel. Det er altså samanfallande med argument 4 ovanfor. Det andre belegget er nasjonal einskap, og heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk. Dette er samanfallande med argument 2.

I stortingsordskiftet i 1892 nytta den landsmålskritiske sida dei same argumenta som i 1889; tvang og sløsing med knapp undervisningstid. Men denne gongen stod tilhengjarane av målparagrafen samla om å ha med setninga om lesing i baa mål, så det kom ikkje til alternativ votering som i 1889 (Ot.tid. 1892: 350). Dermed vart ei ny side av norsk språkpolitikk slege fast: Norske folkeskuleelevar skal ikkje berre ha eit territorielt bestemt fyrstespråk, men òg eit territorielt bestemt andrespråk.

### **10.1.5 Lærebøker på fritt valt språk**

#### **10.1.5.1 Ordninga**

Målparagrafen av 1892 medførte ingen personlege rettar. Den einskilde eleven var heilt ut bunden av territoriale lokalpolitiske avgjerder om kva som var skriftleg opplæringsmål og lærebokmål. Den einaste modifikasjonen var føresegna om at alle skulle lese baa mål.

Korkje i Sverdrups reformframlegg i 1884, folkeskulelovkomiteen i 1887, proposisjonane i 1888–89 eller i komitéinnstillingane eller stortingsordskifta i 1889 og 1892 vart det teke til orde for å ta inn personlege rettar i målparagrafen.

No fekk Kyrkjedepartementet sine lovtolkingar raskt etter 1892 *element* av personlege rettstilnærmingar. I 1890-åra slo departementet fast at dersom skulestyret ikkje hadde gjort vedtak om kva mål lærebøkene skulle vere på, stod læraren og foreldra fritt til å velje lærebøker på det målet dei ville (Støylen 1955: 40). Departementet tolka òg lova slik at sjølv om skulestyret hadde gjort vedtak om kva mål lærebøkene skulle vere på, «kunne en far likevel la barna sine bruke» lærebøker på det andre målet (Støylen 1955: 40f). Det var einast for abc og lesebøker departementet meinte at skulestyrevedtaket ikkje kunne fråvikast.

Etter kvart kom krava om at målparagrafen skulle justerast og supplerast med personlege språklege rettar som skulle dempe den kollektive plikta. I 1914 gjorde Kyrkje- og undervisningsdepartementet framlegg om ei rad endringar i skulelovene. Etter framlegg frå skuledirektørane ville det mellom anna lovfeste at «av de øvrige lærebøker som nu er indført i skolen, kan barnene efter forældres eller forsørgers valg bruke utgaver enten paa landsmaal eller det almindelige bokmaal.» (Ot.prp. nr. 37 1914: 84). Men framlegget vart forkasta av eit knapt fleirtal i Stortinget i 1915. I staden vart formuleringa: «Skolens lærebøker skal være avfattet i det maal, som er fastsat for de skriftlige arbeider.» (Lover 1915: 136) I hovudsak var det Venstre og dei landsmålsvenlege som ville ha fritt språkval i lærebøkene, medan Høgre ville at språket i bøkene skulle fylgje krinsavgjerda.

Etter valet hausten 1915 vart venstre- og målmannen Jørgen Løvland kyrkje- og undervisningsminister, og han tok omkamp på spørsmålet om fritt val av lærebokmål (Ot.prp. nr. 47 1916, om landsskulelova, jf. Ot.prp. nr. 46 med tilsvarande endringar for byskulelova). Den nye føresegna som departementet ville ha inn i målparagrafen, var i innhald identisk med den som hadde falle året før: «Av lærebøkene kan barnene efter forældres eller forsørgeres valg bruke utgaver enten paa landsmaal eller paa det almindelige bokmaal.» (Ot.prp. nr. 47 1916) Seinhaustes 1917 kom lovendinga opp i Stortinget, og denne gongen gjekk lovfestinga av det personlege språkvalet i lærebøker igjennom (Lover 1917: 46). Den reviderte målparagrafen knesette dermed retten til å ha lærebøker i det skriftspråket eleven/foreldre sjølve vil i andre fag enn norsk. Denne ordninga ser ikkje ut til å ha vore problematisert mellom 1917 og førearbeida til den nye opplæringslova på 1990-talet.

Komitéinnstillinga i 1917 viste til mindretallet i komiteen i 1914, som då skreiv:

Mindretallet er forvissat om, at den ordning det anbefaler vil mildne sprogstriden, den gir forældrene en ret som minoriteten i de forskjellige kredser vil sætte stor pris paa. Og man kan ikke indrømme, at ordningen vil volde skolen nogen vanskelighed. Barnene skal jo i alle skoler lære at læse begge maal. (Innst. O. XIII 1917: 1f)

Hovudbelegga for påstanden om at det trengst ein rett til lærebøker på fritt valt språk, er altså mildning av språkstriden, minoritetsrett og praktisk gjennomførbarheit.

Argumentasjonen er såleis nokså lik Henrik Mohn Dahls under Vadheim-møtet i 1884 (sjå kap. 10.1.1.1), jamvel om *språkfred* sjølvstakt var ei uaktuell grunngeving på 1880-talet.

Dei tre argumenta for lærebøker på fritt valt språk kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Personlege språkpolitiske rettar vil mildne språkstriden.

Heimel: (Dersom) det trengst meir språkfred,

Påstand: (så) må elevane ha rett på lærebøker på fritt valt språk.

Ein viktig og språkpolitisk heller ny argumentasjonsheimel for den personlege språkpolitikken frå omtrent denne tida er nettopp at strid om språk er ugunstig, altså ein ny type integrasjonskonsekvensialistisk heimel.

## **Argument 2:**

Belegg: Personlege språkpolitiske rettar er språkminoritetsrettar.

Heimel: (Dersom) minoritetar òg skal ha språkrettar,

Påstand: (så) må elevane ha rett på lærebøker på fritt valt språk.

Dette er eit argument for minoritetsrett som botnar i rett og rettferd i deontologisk kraft av seg sjølv, ikkje noko anna utanfor rettferda. Slike heimlar kan vurderast som prosedurale.

## **Argument 3:**

Belegg: Personlege språkpolitiske rettar er ikkje vanskelege å gjennomføre praktisk.

Heimel: (Dersom) ein bør gjennomføre så mange personlege rettar som råd,

Påstand: (så) må elevane ha rett på lærebøker på fritt valt språk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk: Personlege språkrettar er eit gode i seg sjølv, og når det er praktisk og politisk mogleg å etablere dei, er det ingen grunn til å late vere.

## **10.1.6 Språklege parallellklassar**

### ***10.1.6.1 Ordninga***

Ordninga med språklege parallellklassar, altså retten til å etablere skuleklassar med opplæring i det språket som ikkje er default i krinsen, vart lansert i og av Odda skulekrins i Ullensvang herad. Alle krinsar i heradet gjekk over til landsmål i 1900, men i kjølvatnet av industrireisinga i Odda frå 1906 kom kravet om å gå attende til riksmål. Etter ein kvass språkstrid vart folkeskulen i den opphavlege landsmålskrinsen delt i ei riksmålsavdeling og ei landsmålsavdeling i 1914. Initiativet til lovfesting av parallellklasseretten i Stortinget kom frå målrørsla i 1915. Under handsaminga av endringar av målparagrafen i Odelstinget i 1915 sette målmannen Lasse Trædal fram eit framlegg om å ta inn eit punkt som gav foreldra høve til å be om ein parallellklasse med anna opplæringsmål enn det vedtekne (jf. Innst. O. XIII 1917: 2). Men det vart røysta ned saman med framlegget om fritt språkval i lærebøker. Etter valet i 1915 var det òg omkamp på parallellklasseordninga. Denne retten vart formalisert av Stortinget gjennom eit tillegg til målparagrafane i skulelovene i desember 1917, både for landsskule- og byskulelovene (Hoel 2011: 255–257).

Opphavleg kom parallellklasseordninga som ein forsvarsstrategi frå målrørsla for å unngå revers til reine riksmålskrinsar på nye industristader i område der nynorsk nyleg var komen inn i skulen. Omgrepsbruken varierte noko – det var snakk om både sideklassar og å dele

skular i to avdelingar etter skriftspråk. Det var likevel aldri snakk om å skipe separate skular. I spreiddbygde Noreg ville det truleg ha medført endå tydelegare territoriell språkpolitikk, sidan det trengst tettstader av ein viss storleik for at det skal vere grunnlag for to ulike skular. I ein større samanheng kan det at det vart parallellklassar, ikkje parallellskular, òg sjåast i samanheng med det låge talet på privatskular, som har å gjere med den sterke stillinga til einskapsskulen.

#### **10.1.6.2 Argumentasjonen**

Lovproposisjonen frå 1916 og komitéinnstillinga frå 1917 har samanfallande grunngevingar for å ta inn eit punkt om språklege «paralellklasser» i folkeskulelovene (Ot.prp. nr. 47 1916, og Innst. O. XIII 1917). Komitéinnstillinga viser heilt og fullt til grunngevinga i proposisjonen, og proposisjonen er knapp og viser til grunngevinga som Lasse Trædal gav i Odelstinget i 1915 då han kom med framlegget. Essensen er likevel med:

Som anført av forslagsstilleren vil der være god bruk for en saadan bestemmelse mange steder i vort land, særlig da i de store nydannede industricentrer, hvor der ofte oppstaar et sterkt motsætningsforhold mellem den fastboende befolkning og de indflyttede fremmede netop paa grund av uenighet om skolens undervisningsprog. (Innst. O. XIII 1917)

Når foreldreretten vart avgrensa til dei tilfella der det ikkje påførte kommunen større utgifter ved klassesdelinga, hadde korkje departementet eller komiteen nokon «betænkelighet ved forslaget», som «utvivlsomt [kan] bidra til at mildne sprogstriden» (sst).

Argumentet for språklege parallellklassar kan dermed setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Personlege språkpolitiske rettar forsonar motsetnader.

Heimel: (Dersom) det trengst meir språkfred,

Påstand: (så) må elevar ha rett til å gå i språkleg parallellklasse.

Som i argument 1 om fritt valt språk i lærebøker, skal heimelen *språkfred* karakteriserast som integrasjonskonsekvensialistisk.

Me kan elles merke oss at argumentasjonen for ordningane her hadde eit viktig atterhald: Parallellklassar kunne innførast *dersom* dette ikkje vart for kostbart for kommunen.



### 10.1.7 Konsekvensar av målparagrafen i andre skuleslag

Dette har til no handla om språkpolitikken for folkeskulen, altså det skuleslaget som var relevant for alle norske innbyggjarar. Språkopplæringspolitikken som berre galdt nokre få – den for dei høgre skuleslaga – må reknast som ein konsekvens av språkpolitikken for folkeskulen og politikken for offentleg målbruk. Når målparagrafen bestemmer at lærarar skal undervise i og på landsmål i landsmålsterritoria, må òg lærarskulane tilby landsmål. Språkpolitikken for gymnasa gjekk tilsvarande ut på å utstyre komande embetsmenn med kompetanse i båe språk. Her skal det likevel gjevast ei framstilling av tidleg språkopplæringspolitikk for dei høgre skuleslaga for samanhengen sin del. Det må presiserast at dette ikkje er ein argumentasjonsanalyse av sentrale dokument, men ei meir generell framstilling som tener som bakgrunn for det som kjem seinare. Ho er jamt over basert på sekundærkjelder, ettersom striden om språkreglane i lærarskulen og den høgre skulen er grundig handsama av Kjell Haugland (1971 og 1985: 173–222). Desse arbeida ligg i hovudsak til grunn for framstillinga nedanfor. Utviklinga i lærarskulen, den høgre skulen og på universitetet skal her førehavast under eitt.

I 20-årsperioden som fylgde etter 1892, utforma staten språkreglar også for lærarskulen, den høgre skulen (gymnas, middelskule) og universitetet. Dei skilde seg frå reglane for folkeskulen på to måtar. For det fyrste fekk ikkje landsmålet fullt ut jamstilt status med bokspråket i eitt vedtak slik tilfellet var med målparagrafen i 1892, men gjennom gradvise endringar av reglane over fleire år. For det andre vart den territorielle politikken for desse skuleslaga forkasta til fordel for personlege tilnærmingar, rett nok etter ein god del strid internt i målrørsla og dei landsmålsvenlege politiske miljøa (Haugland 1971).

Når det galdt lærarutdanninga, fekk folkeskulelovkomiteen som førebudde folkeskulelovene òg i oppdrag å utforme ei eiga lov for lærarseminara. Målrørsla var langt meir oppteken av lærarskulen enn den høgre skulen, ettersom folkeskulelærarar med kompetanse i landsmål var ein kritisk faktor for å innføre landsmålet i folkeskulekrinsane. Utgreiinga om lov for seminara kom i 1889, og lova vart vedteken i Stortinget i 1890. Ifylgje Haugland var målfolka redde for at det skulle gå same vegen med målparagrafen i seminarlova som målparagrafen i folkeskulelova året før, difor vart det meir omstridde spørsmålet om kva lærarskuleelevane kunne *skrive* til eksamen halde utanfor. Den målparagrafen som vart vedteken med dobbeltrøysta til odelstingspresidenten, var einslydane med framlegget frå fleirtalet i folkeskulelovkomiteen:

Kjendskab til Bogmaalets og Landsmaalets Lyd-, Form- og Orddannelseslære, samt Sætnings- og Periodebygningen. ... Kjendskab til de vigtigste af Fælleslitteraturens og vore nyere Forfattere. Nøiagtigere Gjennemgaaelse af et Udvalg af Bogmaalets og Landsmaalets Literatur. (her etter Haugland 1985: 174)

Mindretalet viste til målparagrafen i folkeskulelovene, som etter vedtaket i 1889 ikkje hadde opna for at landsmålet kunne bli undervisningsfag. Difor var det heller ikkje rimeleg å krevje meir inngåande kjennskap til landsmålet frå lærarane.

Målparagrafen i folkeskulelova i 1892 vart ikkje fylgd opp med nye reglar for målbruken i seminara frå Stortinget si side. I staden var det indre press frå lærarseminara som sette saka i rørsle. Ved seminara både på Elverum og Levanger var det i 1894 elevar som ynskte å skrive norskstilen til lærareksamen på landsmål. Departementet slo fyrst fast at norskstilen *skulle* skrivast på bokspråket medan elevane sjølve kunne velje mellom bokspråket og landsmål i dei andre skriftlege oppgåvene. Sju elevar skreiv likevel landsmål på norskstilen, og departementet avgjorde etter dette at dei som skreiv landsmål på norskstilen, måtte bruke bokspråket ved ei av dei andre skriftlege prøvene (*Norsk lovtidende*, 5.4.1895). Kravet galdt derimot ikkje andre vegen – det var framleis fullt høve til å skrive både norskstilen og alle prøver på bokspråket. Denne ordninga med modifiserte negative eksamensrettar for landsmålslærarstudentar vart ståande til 1902.

Den høgre ålmennskulen fekk i denne perioden òg reglar som formaliserte bokspråket sin offisielle førerang framfor landsmål. Som nemnt, slo kyrkjedepartementet i 1887 fast at elevane skulle lese noko landsmål. I 1890 sette regjeringa i gang eit arbeid med å utforme ei ny lov for den høgre skulen, og regjeringa la fram lovproposisjonen for Stortinget i 1896. Målrørsla og målfolka på Stortinget prøvde ved dette høvet å få inn i lova at alle skulle gjevast skriftleg opplæring både i bokspråket og landsmål i gymnaset, men tapte med klar margin. Det same gjorde dei som ikkje ville tillate landsmål i den høgre skulen i det heile, og kompromisset som fekk fleirtal, hadde ordninga for seminara som mønster. Paragrafen vart slik:

De skriftlige Opgaver kan affattes saavel paa Landsmaalet som paa det almindelige Bogmaal; dog skal Eleverne gives fornøden Øvelse i skriftlig Brug af det almindelige Bogmaal. (Her etter Haugland 1985: 217)

Eksamensreglementet presiserte prioriteten til bokspråket. Privatistar som skreiv landsmål til eksamen, måtte skrive ein lett stil på bokspråket i tillegg, eller dei måtte leggje fram dokumentasjon frå ein skule med eksamensrett på at dei hadde tilfredstillande dugleik i skriftleg bruk av bokspråk (Haugland 1985: 217). Denne ordninga vart ståande til 1907.

Opninga for bruk av landsmål ved universitetseksamenar fylgde ein liknande prosess som den for seminarane. I 1901 skreiv ein student (Albert Joleik) landsmål på eksamen i gamalnorsk til filologisk embetseksamen, noko som utløyste ein strid ved Universitetet om landsmålet skulle tillatast. Den endelege avklaringa kom våren 1908 då regjeringa slo fast i ein kongeleg resolusjon at kandidaten stod fritt til å svare på eksamen «enten paa riksmåal eller nynorsk» etter eige val (Almenningen m.fl. 2003: 54–59). Dette representerer altså òg ein modifisert negativ eksamensspråkrett for landsmålsstudentar.

Dei opplæringspolitiske ordningane som tillet landsmålsbruk på visse vilkår, dei som altså gav landsmålsbrukarane somme modifiserte negative rettar og bokspråksbrukarane positive, offisielle rettar, var eit resultat av politiske kompromiss. Målfolket fekk ikkje gjennomslag for full jamstilling, men landsmålsmotstandarane greidde heller ikkje å hindre ei viss opning for landsmålsbruk.

I diskusjonen om språklovgjevinga for lærarseminara og den høgre ålmennskulen vart det argumentert for jamstilling etter mønster frå ordninga som låg til grunn for målparagrafen i folkeskulelova; altså den territorielle ordninga som sikra positive rettar for landsmålet. Dominerande delar av målrørsla på Vestlandet meinte at det burde skipast minst eitt lærarseminar der all undervisning gjekk føre seg på landsmål. Framlegget vart fyrst reist i Hordaland våren 1895, og saka verserte på fleire målmøte og stemne i vestlandsfylka dei neste åra. I mandatet for ei nemnd som Vestmannalaget sette ned i 1898, ser me at ei reinskoren territoriell språkpolitisk ordning for lærarskulen vart belagt med at landsmålsstudentane treng maksimal eksponering for språket:

Skal Lærarane i Folkeskulen verta fullt maalføre og dugelege i sitt Arbeid, trengst det, at Seminarlærarane brukar Maalet og i det heile at Upplæringi paa Seminaret vert lagd paa norsk Grunn. ... Denne Nemndi skal hava Umsut med, at der i Tinget vert gjort Framlegg um aa faa for det fyrste iminsto eit Seminar, som i den Meinung er norsk, anten som Statsseminar eller Privatseminar med Statstilskot. (Her etter Haugland 1985: 185–186)

Nemnda sende våren 1900 tilrådinga si over til regjeringa, som då arbeidde med ei ny lov for lærarseminara. I utforminga av krava sine til den *offentlege* språkpolitikken argumenterte nemnda ut frå eit jamstillingsomgrep som peikar mot formell likebehandling: Tilrådinga munnar ut i eit framlegg om å dele lærarseminara i tre kategoriar; landsmålsseminar, riksmålsseminar og tospråklege seminar (Haugland 1985: 186). Hypotetisk kunne nemnda kravd minst eitt landsmålsseminar og elles tospråklege seminar. Det kunne anten ha basert seg på eit krav om at staten skulle føre ein meir landsmålsvenleg politikk enn det som ligg i likebehandlingsomgrepet, eller ein definisjon av jamstilling som opna for ei særordning for å oppnå reell jamstilling med tilvising til mindretalsposisjonen til landsmålet. Men slik vart det altså ikkje argumentert.

Haugland kallar argumentasjonen frå Vestmannalaget si nemnd for «segregasjonslina». Ho vart fronta av Johannes Lavik på det avgjerande målstemnet i Oslo 4.–5. februar 1906, då målkrava til Venstre skulle formulerast og Norigs maallag vart skipa. Laviks framlegg, utforma av Vestlandske mållag, gjekk ut på at lærarseminara i Kristiansand, Stord og Levanger og minst ein mellomskule og eitt gymnas skulle gjerast «fullnorske» såleis at all opplæring vart gjeve på landsmål. Subsidiært kunne han godta at det på desse skulane ikkje vart utnemnde andre nye lærarar «enn sovorne som tala landsmål» (Haugland 1971: 50–51; Hoel 2006: 43). Framlegget fekk berre ni av knapt 120 røyster. Den språklege jamstillinga i språklvgjevinga i skuleslaga over folkeskulen fekk altså ikkje eit territorielt andlet i krava frå målrørsla.<sup>29</sup>

Det jamstillingsomgrepet som belegg sidemålsordningane for lærarskulen, den høgre ålmennskulen og universitetet, er såleis ikkje den territorielle tolkinga som låg til grunn for argumentasjonen for folkeskuleordningane. Det skulle vere fritt personleg val av fyrstespråk uavhengig av kva lærarskule, mellomskule eller gymnas ein gjekk på. Me såg ovanfor at denne retten fyrst kom på plass *utan* at formell likebehandling var ein del av argumentasjonen, og dei som valde landsmål måtte såleis dokumentere kunnskapar i bokspråket i tillegg. Men utover i 1890-åra skifta problemstillinga til om elevane skulle bli pålagde å lære seg å skrive andrespråket eller ikkje.

---

<sup>29</sup> Rett nok fekk ungdomslagsrørsla og målrørsla nokre år seinare igjennom landsgymnasordninga. Eit viktig belegg for dette var ynsket om «heilmorske» gymnas i bygdemiljø der landsmålet rådde. Mange av landsgymnasa vart viktige institusjonar for nynorsk, men dei gav ikkje nynorsk formell prioritet i opplæringa (Høydal 2007).

Framlegget om obligatorisk landsmålsprøve i den høgre skulen vart røysta ned i Stortinget i 1896, og ved dette høvet vart det som nemnt heller ikkje høve til å velje landsmål på line med bokspråket. Det neste slaget stod om ordninga i lærarseminara. Noregs ungdomslag organiserte i 1897 ein kampanje for obligatorisk landsmålsprøve her, og krava gjekk inn i revisjonen av seminarlova som departementet førebudde. Det var i denne prosessen at det vestlandske målkravet om 'heilnorske' seminar vart reist. Den departementale komiteen som greidde ut saka, ville i tilrådinga si frå 1898 primært halde på den eksisterande eksamensordninga der dei som skreiv landsmål på norskstilen, måtte dokumentere bokspråkskunnskapar i tillegg. Alternativt gjekk komiteen inn for ei ordning med fyrste- og andrespråk der elevane valde eit fyrstespråk som dei skreiv norskstilen på, og så ei attforteljing på andrespråket (Haugland 1985: 194). Landsmålsfolka, mellom anna kyrkjeminister Vilhelm Wexelsen, meinte at landsmålet måtte vere obligatorisk. Det var likevel eit mellomstandpunkt som i 1902 kom inn i den nye lova etter tilråding frå fleirtalet i kyrkjekomiteen (§ 23):

Skriftlig Prøve skal afholdes:

1. I Modersmaal.

Der gives to Opgaver. Elev, som har affattet begge i samme Sprogform (Landsmaal eller Bogmaal), skal desuden underkaste sig en Prøve i skriftlig Gjengivelse af et oplæst Stykke eller i at skrive en let Stil af fortællende Indhold i den anden Sprogform. (Lærarskulelova 1902, jf. Haugland 1985: 200)

Lova gjekk altså ikkje så langt som å slå fast at det skulle skrivast oppgåver med same status i baa språk, men lova kravde som eit minimum at elevane dokumenterte kunnskapane i andrespråket gjennom ei lettare prøve.

Språkordninga i gymnaset vart forma over same leist. Framlegget om obligatorisk landsmålsprøve i gymnaset vart for alvor reist att av målrørsla på nyåret 1906. Venstre (og Arbeidardemokratane) programfeste saka, noko som resulterte i at det våren 1907 vart fleirtal på Stortinget for ein revisjon av lov om høgre ålmenskular frå 1896. Dette utløyste ein omfattande strid, men motsetnadene var mykje dei same som for lærarskulelova.

Paragrafen som det vart fleirtal for i Stortinget i mai 1907, lydde slik:

Ved artium gives to skriftlige opgaver. Disse kan besvares saavel paa landsmaalet som paa almindelig bokmaal. De eksaminander som besvarer begge opgaver i samme sprogform, skal underkaste sig en tillægsprøve, bestaaende i en let stil av

fortællende eller skildrende indhold, i den anden sprogform. Ved de fem første eksamener efter denne ordning kan Overstyret tillate en skriftlig gjengivelse av et oplæst stykke anvendt som tillægsprøve. (Middelskolen 1911: § 9, jf. Haugland 1971: 124)

Som ved lærarprøva, hadde elevane høve til å svare på baa norskoppgåver på same språk, men måtte då avleggje ei tilleggsprøve på det andre språket. Men medan lærarskulelova hadde eit val mellom attforteljing og lett stil, måtte det vere lett stil til artium. Ordninga vart sett i verk frå og med kullet som byrja på gymnaset hausten 1909.

Jamstilling i lærarskulen og gymnaset innebar at studentane fritt kunne velje fyrstespråk, og at krava til kunnskapar i andrespråket ikkje trong vere like omfattande, men at dei skulle dokumenterast. Denne ordninga var i prinsippet lik på alle lærarskular og gymnas i heile landet.

Det skal leggjast til at obligatorisk prøve i baa språk òg vart innført på Universitetet for filologistudentane. Den kongelege resolusjonen frå 1908 slo fast at «Ved sproglig-historisk embedseksamen i norsk blir dog en opgave at besvare paa riksmaal og en paa nynorsk efter kandidatens eget valg» (Almenningen m.fl. 2003: 58).

Etter målparagrafen for folkeskulen gjekk det altså fleire år før den same ordninga med fyrste- og andrespråk fekk innpass i lærarskulane, den høgre skulen og universitetet. Haugland peikar på at ein grunn kan vere at målrørsla i denne fasen ikkje greidde å «finne ei samlande konkret utforming av likestillingsprinsippet» (Haugland 1985: 184).

Andrespråksordningane som vart etablerte desse åra, var territorielle berre for folkeskulen. Her vart positive rettar for landsmålsbrukarane fastsett gjennom eit territorielt bestemt fyrsteskriftspråk (og eit territorielt bestemt andrespråk). Innanfor kvart territorium, i praksis skulekrins, var jamstilling ikkje bestemt som eit personleg språkrettsprinsipp, det vil seie fritt val. Det personlege språkvalet vart på den eine sida avgrensa av eit kollektivt vedtak om opplæringsmål i krinsen, og på hi sida av at alle skulle få eit definert minimum av opplæring i andrespråket.

I dei høgare skuleslaga avviste både staten og målrørsla å leggje eit territorielt prinsipp til grunn for språkvalet. I den grad eit territorielt prinsipp var på tale, skilde det seg òg frå prinsippet som låg til grunn for folkeskulen. I folkeskulen var det lokalsamfunnet (skulekrinsar og skulestyre) som gjorde språkvalet. I det vestlandske kravet om heilnorske

lærarskular og gymnas, var det derimot *staten* som skulle fastsetje språket på dei ulike skulane. For dei høgare skuleslaga vart altså positive rettar for landsmålsbrukarane realiserte gjennom personlege ordningar. Det var eleven sjølv som valde fyrstespråk. Dette prinsippet vart modifisert av det same andrespråksprinsippet som galdt det territorielle språkvalet i folkeskulen: Alle elevar skulle ha eit andrespråk. I gymnaset og lærarskulen skulle elevane ha *skriftleg* kompetanse også i andrespråket, men det var òg fastslege at krava til dugleik ikkje skulle vere like store i andrespråket som i fyrstespråket. Einast til filologisk embetseksamen på Universitetet vart det avgjort (i 1908) at kandidatane skulle svare på ei oppgåve på landsmål og ei på bokspråket utan at det var ei rangering som fyrste- og andrespråk med ulike meistringskrav (Almenningen m.fl. 2003: 58).

Det var ein svært liten del av årskulla som vart omfatta av krava om skriftleg opplæring i båe språk på lærarskular, gymnas og universitet. Like fullt låg det ei viktig presisering av jamstillingsomgrepet i målparagrafen 1892, lærarskulelova 1902, endringa i lov om høgre skular 1907 og føresegnene om universitetseksamen 1908: Jamstilling innebar at alle skulle ha ein viss kompetanse også i andrespråket (i folkeskulen berre lesekompetanse), men òg at jamstillinga var oppfylt sjølv om eleven ikkje hadde like god kompetanse i andre- som i fyrstespråket.

## 10.2 Offentleg teneste

Det var språkpolitikken for skulen som vart diskutert i tiåra etter 1885. Kva jamstillingsvedtaket i realiteten skulle innebere for målbruk i offentlig teneste, byrja å bli klart utover 1920-åra. Då kom gjennombrøtet for nynorsk som bruksspråk i staten og kommunane. Det var eit gjennombrøt som kom samstundes med at skulekrinsar gjekk over frå bokmål til nynorsk i stort tempo – mellom 1900 og 1920 hadde talet på nynorske skulekrinsar gått frå 357 til 1968 av kring 6000 krinsar til saman (O. Grepstad 2005: tab. 8.9).

I 1930 vart så den fyrste norske mållova vedteken. Lova var ei fullmaktslov med tre knappe paragrafar: Den fyrste slo fast at tilsette i staten fødte etter 1. januar 1905 og med tenestepostar som kravde minst artium, lærarprøve eller tilsvarande, skulle ha «plik på seg til å nytta liksovel nynorsk som bokmål». Paragraf 2 gav Kongen fullmakt til å gje nærare føresegner, og dei vart gjevne 18. februar 1932. Den tredje paragrafen slo fast at lova skulle gjelde frå 1. januar 1931 (Målbrukslova 1932: 2).

Føresegnene frå februar 1932 slo fast tre ordningar. Det eine var at eit lokalt eller regionalt statskontor skulle tilpasse seg språket i kommunen eller tenestekrinsen som det retta seg mot. Det andre var at statskontoret skulle «svara på brev frå einskildmann i same målet som einskildmannen sjølv hev nytta». Det tredje var at skjema, formular, rundskriv, kunngjeringar og liknande «vanleg vert gjevne ut på baa mål». Her vart det opna for veksling i eit «rimeleg samhøve i mengd på baa mål», utan at det vart kvantifisert kva som låg i 'rimeleg samhøve' (Målbrukslova 1932: 3–8). Fleire departement hadde fastslege interne regelverk gjennom 1920-åra som baserte seg på dei same ordningane.

Den fylgjande framstillinga av prosessen rundt vedtaket av mållova i 1930 skil seg noko frå framstillinga av målparagrafen. I stortingsforhandlingane frå 1929–30 er det sparsamt med argumentasjon knytt til dei konkrete ordningane. Proposisjonen og komitéinnstillinga argumenterte berre for den kortfatta og fleksible fullmaktslova, inneheldt ikkje framlegg til føresegner og gjekk ikkje noko vidare inn på korleis måljamstillinga konkret skulle gjennomførast. Det var nettopp eit poeng frå lovgjevar si side at lova skulle vere lite konkret og at «fyreskriftene kann løysa spørsmålet stykke for stykke etter kvart som tilhøvi ligg til rette for det» (Ot.prp. nr. 23 1929: 4). I og med at forskriftene i 1932 vart gjevne ved kongeleg resolusjon, finst det heller ikkje offentlege argumenterande dokument for forskriftene som kan analyserast.

Argumenta som vert analyserte, er altså dei som knyter seg til sjølve lovformuleringa i 1930, ikkje forskriftene i 1932. Det som vart klart mest diskutert, og som det dermed vart argumentert for og imot, var spørsmålet om tilsette på statskontor si plikt til å svare på det språket som brukaren nytta, om no denne brukaren var ein person eller kommune. Desse argumenta finst då i proposisjonen og komitéinnstillinga frå 1929 (Ot.prp. nr. 23 1929, og Innst. O. V 1929). Odelstingsdebatten gjekk i 1930, men han vert ikkje her førehava, av grunnar som det tidlegare er gjort greie for (Ot.tid 1930: 823–879 og 1115–1126) (sjå kap. 5.1.1). Innstillinga byggjer i stor grad på proposisjonen, med einskilde tillegg, så framstillinga konsentrerer seg om han. Prosessen med mållova gjekk ikkje igjennom så mange fasar som jamstillingsvedtaks- og særleg målparagrafprosessen, og det vert altså ikkje argumentert for fleire ordningar heller. Difor er strukturen i dette kapitlet enklare.

Fem tidlegare arbeid om 1930-mållova skal nemnast. Det eldste er ei utgreiing Vogt-komiteen fekk laga, og som fylgde som vedlegg til tilrådinga (Wilberg 1966). Dei grundigaste arbeida er hovudoppgåvene til Magnhild Bruheim og Oddrun Grønvik som til



saman tek føre seg både bakgrunnen for mållova, vedtaksprosessen og den fyrste tida etter innføringa av lova (Bruheim 1982 og Grønvik 1987). Kring 1980-åra kom òg to arbeid av juristar: Eit kortfatta historisk oversyn over feltet offentleg målbruk av Kåre Lilleholt, og ei kommentarutgåve til 1980-mållova av Lilleholt og Sigve Gramstad som òg gjekk noko inn på 1930-lova (Lilleholt 1981 og Lilleholt og Gramstad 1983). Ingen av arbeida går inn på mållova og diskusjonane om ho med mitt teoretiske utgangspunkt, men Lilleholt og Gramstad har ei meir prinsipiell juridisk drøfting som er relevant, som me såg i kapitlet om teoretiske omgrep (sjå kap. 4.2.2). Bruheim og Grønvik sine arbeid er dessutan svært nyttige for å få oversyn over prosessen.

## **10.2.1 Fritt val av språk for brukarane av statstenesta**

### ***10.2.1.1 Ordninga***

I åra frå 1885 fram mot 1930 hadde landsmål/nynorsk vorte teke i bruk som internt arbeidsspråk i fleire og fleire kommunar, det vil seie at kommunen sjølv bestemte at kommunalt tilsette kunne nytte landsmål. Ordninga vert kalla *kommunalt administrasjonsspråk* (Lilleholt og Gramstad 1983: 21). Dette var ein praksis som kommunane ikkje trong statleg løyve til. Jamstillingsvedtaket i 1885 hadde prinsipielt opna for landsmål som «offisielt sprog», og det fanst ingen reguleringar som hindra eller avgrensa lokale styresmakter sin rett til å bruke det språket dei ville. Frå eit landsmålskommunalt perspektiv, om me no altså ser kommunen som rettshaldar, opna jamstillingsvedtaket for negative språkrettar her: Mindretalsspråket vart legalt.

Frå 1921 kravde ei rekkje kommunar òg at staten brukte landsmål i kommunikasjon med dei, ei ordning som vert kalla *kommunalt tenestemål* (Lilleholt og Gramstad 1983: 13). Med perspektivet til kommunen som rettshaldar, representerte denne kommunalmålordninga ein positiv språkrett. 1930-mållova formaliserte henne gjennom forskriftene, og kommunane fekk ein prinsipiell rett til å avgjere målbruken til statstilsette på statskontor i kommunen, til dømes lensmenn. Dermed var det heller ingen tvil om at kommunane kunne påleggje sine egne tilsette å skrive eit bestemt språk. Såleis var både ordninga med kommunalt administrasjonsspråk og med kommunalt tenestemål territorielle ordningar med positive rettar for nynorskbrukarar, som dermed òg medførte plikter frå dei statstilsette. Dei tilsette var ikkje rettshaldarar.

Men mållova av 1930 innførte ikkje ein konsekvent territoriell strategi for offentleg språkbruk. Den territorielle tilnærminga vart modifisert av ei personleg ved at ein var

tilkjend personleg fritt språkval om ein vende seg til det offentlege. Også einskildbrukarar av statlege tenester var altså definert som rettshaldarar. Staten hadde plikt til å svare på det språket brukaren ville, heilt uavhengig av territorielle tilhøve. Slik representerte kommunalmålordninga òg personlege, berbare språkrettar: Ein skulle ha rett til å kommunisere med staten på sitt språk, uansett kvar i landet ein var. Såleis måtte kommunalmålordninga òg implisere at baa skriftspråk skulle finnast i statleg skriftleg materiale som galdt heile landet (Lilleholt og Gramstad 1983: 11–12).

Det er grunn til å merke seg at den personlege modifikasjonen av det territorielle prinsippet *ikkje* galdt for den kommunale målbruken. Kommunane var ikkje underlagde reglane i mållova frå 1930. Ein språkbrukar kunne såleis ikkje krevje å få svar frå ein kommune på det språket ein ynskte, slik ein kunne krevje frå eit statleg organ som var bunden av vedtak om tenestemål i den same kommunen.

Paragrafane i mållova endra seg noko frå lovproposisjonen i 1929 via innstillinga same året til stortingsvedtaket i 1930.<sup>30</sup> Likevel var ikkje endringane større enn at førearbeida òg kan nyttast når argumentasjonen for den nye mållova skal analyserast. Kontroversane kring mållova gjekk som nemnt ikkje på ordninga som var nedfelt i jamstillingsvedtaket i 1885; altså den modifiserte negative retten ein borgar hadde til å bruke kva språk han ville til statstenesta. Usemja gjekk på innføringa av ein positiv rett til at staten skulle nytte brukaren sitt språk også. Det vil altså seie plikta som staten, forstått som den einskilde statstilsette, skulle ha til å korrespondere med borgaren og kommunen i det språket som borgaren og kommunen sjølv føretrekte. Både i ljøs av sjølve paragrafane og i ljøs av ordskifta i førearbeida og odelstinget kan nettopp dette reknast som den sentrale påstanden i mållova: Det skal vere fritt val av språk for *brukaren* av statstenesta som den statstilsette må rette seg etter.

### ***10.2.1.2 Argumentasjonen***

Proposisjonen opnar med det ‘problemet’ som departementet meiner mållova skal løyse, og som dermed tener som belegg for lovframlegget:

Til denne tid hev det vore so at det hev stått til kvar embets- og tenestemann å avgjera kva målform han vilde nytta i tenesta. På få undantak nær hev det då vorte til det at tenestemennene hev halde på den tilvande bokmålsformi, jamvel um dei hev si

---

<sup>30</sup> Ot.prp. nr. 23 1929; Innst. O. V 1929; Ot.tid. 1930: 823–879 og 1115–1126, og Lt.tid. 1930: 278–290.

teneste i landsluter der nynorsken er skule- og kommunalt styringsmål. På den måten hev det mange stader vorte ein motsetnad millom folket og dei offentlege tenestemenn, som hev skapt ikkje so liten misstemning mot tenestemennene i desse bygdene. (Ot.prp. nr. 23 1929: 1)

Departementets fyrste belegg er altså behovet for mindre strid mellom «folket» og statstilsette. Den andre er at «tidi no må vera komi til å gå eit steg lenger for å stetta dei mange sterke og rettkomne krav... um full jamstilling i bruk av måli i statstenesta» (s. 3). Den siste formuleringa viser at både det prinsipielle jamstillingsvedtaket og dei samtidige krava om jamstilling er belegg for framlegget om mållov.

### **Argument 1:**

Belegg: Mange stader er det språklege motsetnader mellom offentlege tenestemenn og folk.

Heimel: (Dersom) det trengst meir språkfred,

Påstand: (så) skal det vere fritt val av språk for *brukaren* av statstenesta.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Det skal vere jamstilling mellom nynorsk og bokmål i statstenesta.

Heimel: (Dersom) statens borgarar skal vere språkleg jamstilte,

Påstand: (så) skal det vere fritt val av språk for *brukaren* av statstenesta.

I fleire liknande argument er denne typen heimlar diskuterte, men bestemte som prosedurale (sjå kap. 10.1.1.2, 10.1.1.2, 10.1.3.2 og 10.1.4.2). Argumentasjonen botnar i eit krav om rett.

### **Argument 3:**

Belegg: Det vert eit stadig sterkare krav om nynorsk i statstenesta frå folk og kommunar.

Heimel: (Dersom) ein skal høyre på folk og kommunar,

Påstand: (så) skal det vere fritt val av språk for *brukaren* av statstenesta.

Heimelen er det som tidlegare er kalla styringskonsekvensialistisk.

Også i komitéinnstillinga vert det vist til kva proposisjonen seier om språklege motsetnader mellom folk og statstenestemenn. Men det at det no finst eit folkeleg krav om nynorsk i

statstenesta får meir plass i innstillinga enn i proposisjonen: «Dei 217 heradsstyre og dei 9 fylkekesting er avgjerande prov her», seier komiteen (Innst. O. V 1929: 1), dessutan:

’Det norske folkesprog’ hev vokse seg sterkare og sterkare etter kvart og kome seg inn nokon kvar stad – i kraft av stortingsvedtaket i 1885 og av folkeviljen. Det hev fenge rom både i skule og kyrkje, og det er folket sjølv som hev å avgjera kva mål som skal nyttast i desse yrka. (s. 2).

Komiteen gjer belegget sitt endå meir eksplisitt i det han greier ut om dei to jamstillingsomgrepa som han meiner verserer i debatten:

I denne sak er det tvo grunnsyn som støyter saman. – På den eine side vert «like rett for baa mål» tyda slik, at i offentleg tenest hev tenaren sjølv rett til å nytta det mål han vil – anten nynorsk eller bokmål – i tenesta si, um det so er heilt på tvert av det folket vil og ynskjer. På hi side tydar dei stortingsvedtaket av 1885 slik, at når det vart fastslege, at nynorsken skulde vera offisielt mål, so vart det og i røynda slege fast at det var folket som hadde retten til å avgjera kva for eit av dei tvo offisielle mål skulde nyttast i det offentlige styringsverk. (Innst. O. V 1929: 2)

Omgrepet jamstilling kunne altså tolkast som ein personleg rett til å bruke det språket ein ville om ein arbeidde i staten, uansett kva for språk som vart nytta av publikum/brukarane. Implisitt ville sjølv sagt òg brukaren ha lov å bruke det språket han ville. At jamstilling på den andre sida vart tolka som at «folket hadde retten til å avgjera», innebar at ein brukar, ein kommune eller ein person, (delvis) hadde rett til å bestemme kva for språk han skulle møtast med i det offentlege. Det er dette siste jamstillingsomgrepet komiteen støttar seg på.

Innstillinga sine hovudbelegg for lovframlegget er såleis fylgjande: mindre strid mellom folk og statstilsette, det prinsipielle jamstillingsvedtaket, folket og kommunar sitt stadig sterkare krav om nynorsk, dessutan at det er folket, ikkje embetsmenn, som skal avgjere statens språk. Dei tre fyrste er dekte av dei tre argumenta ovanfor.

Det fjerde kan setjast opp slik:

#### **Argument 4:**

Belegg: Det er folket, ikkje embetsmenn, som skal styre statens språk.

Heimel: (Dersom) ein vil ha folkestyre,

Påstand: (så) skal det vere fritt val av språk for *brukaren* av statstenesta.

Heimelen er prosedural på det viset at han peikar mot demokratiske rettar, styringskonsekvensialistisk på det viset at han peikar mot særlege måtar å organisere politikken og demokratiet på.

### 10.3 Oppsummering 1885–1930

Det skal igjen oppsummerast etter fylgjande problemstillingar (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Fyrst skal opplæringsfeltet i perioden samanfattast. Me kan slå fast at norsk språkpolitikk for nynorsk og bokmål vart ein offisiell språkrettspolitikk. Både skriftspråk skulle no finnast som fyrste opplæringspråk i folkeskulen, positive rettar for både nynorsk og bokmål vart altså innrømte. Desse positive rettane vart organiserte som territorielle språkpolitiske ordningar, som det i fyrste omgang ikkje var diskusjon om. Opplæringspråk vart avgjort lokalt, av krinsar og kommunar, ikkje sentralt, av staten, eller personleg, av føresette og elevar.

Den fyrste sentrale påstanden i målparagrafen er såleis at det skal vere ein positiv rett til å få opplæring i landsmål (og i bokspråket). Den andre er at denne positive retten er ein territoriell rett. Den tredje er at det skal vere lokal, ikkje sentral avgjerd i spørsmålet om folkeskuleelevars fyrstespråk, uansett korleis ein organiserer dette lokale sjølvstyret. Den fjerde er at språkvalet skal skje demokratisk, gjennom direkte demokrati i krinsrøysting eller indirekte demokrati i folkevalde skulestyre.

Frå utgangspunktet i 1892 medførte målparagrafen altså ingen personlege ordningar, iallfall ikkje som me kjenner dei frå den teoretiske litteraturen. Dei kritiske røystene kom før Johan Sverdrup sette skåpet på plass hausten 1884, og kring 1915, då målrørsla meinte at territoriell modifikasjon ved innføring av personlege språkrettar ville gje meir landsmål og mindre språkkonflikt. Likevel kan ein sjå ordninga om at alle elevar skulle ha leseopplæring i andrespråket sitt, altså sidemålet, som eit unnatak frå den territorielle tilnærminga som iallfall prinsipielt skulle syte for eittspråklege skulekrinsar i Noreg. Men denne andrespråksordninga fell heller ikkje saman med ei personleg tilnærming, altså prinsipielt fritt språkval for elevar. Det gjev nok mest meining å vurdere ordninga som nettopp

justering av ein politikk som elles kunne gje to strengt åtskilte typar språkterritorium, ei justering som bør sjåast i ljøs av den intensive norske stats- og nasjonsbygginga.

Både den territorielle fyrstespråksordninga og andrespråksordninga kan karakteriserast som likebehandling, iallfall sett frå sentralstaten sitt perspektiv. Lokalsamfunn, det vil seie herad og skulekrinsar, fekk alle same typen moglegheit til å velje det fyrsteopplæringspråket dei ville. Dei to skriftspråka vart likebehandla på den måten at dei både kunne vere fyrstespråk og andrespråk. Sett frå eit perspektiv innanfor skulekrinsen kan karakteristikkane bli annleis: Systemet med fyrste- og andrespråk tilsa at det internt i krinsane *ikkje* skulle vere likebehandling av språk, og dermed heller ikkje av språkbrukarar. Alle folkeskuleelevane laut rette seg etter krinsens fleirtalsvedtak. Frå staten si side hadde *territoria* altså ein positiv rett til å velje språk, men sett frå eit individuelt perspektiv innanfrå territoriet var det korkje modifiserte negative eller positive språkrettar om ein tilhørde mindretalet. Som me har sett, vart denne politikken endra i 1917. Då vart det opna for personlege, positive rettar for språkmindretalet, nemleg parallellklassetilgang og lærebøker på fritt valt språk.

Argumenta for lokalt sjølvstyre i språksaker er heimla proseduralt og konsekvensialistisk på anna vis, særleg styrings- og integrasjonskonsekvensialistisk. Særleg heimlane som spelar på *jamstilling* kan tolkast som både konsekvensialistiske og prosedurale (sjå kap. 10.2.1.2, også for fleire kryssreferansar). Same argumentasjonsheimlane finn me både for direkte demokrati og for indirekte demokrati i språksaker. I dokumenta er dei territorielle ordningane altså ikkje legitimerte i eigenverdi for landsmålsbrukarane, men i rettighets- og praktiske-politiske omsyn. Også argumentasjonen for andrespråksordninga ser ut til å hovudsakleg vere proseduralt og integrasjonskonsekvensialistisk heimla. Likevel ser me kanskje òg noko som kan tolkast som eigenverdiheimlar for sidemålsargumentasjonen: Bokspråkselevar må lese landsmål fordi det er kulturelt viktig for dei. På den andre sida må landsmålselevar lese bokspråket fordi det er praktisk nyttig.

Kva for viktige språkpolitiske vegval vart så gjort på feltet offentleg teneste med mållova i 1930? Som me har sett, hevdar Gramstad og Lilleholt at det at nynorsk skulle *tolast* i offentlege samanhengar, ikkje nødvendigvis *brukast*, var eit likeverdsprinsipp (sjå kap. 4.2.2). Dette er samanfallande med modifiserte negative språkrettar for (landsmåls)brukarane av statstenesta og ingen språkrettar for dei (landsmåls)tilsette i statstenesta. Så viser Lilleholt og Gramstad òg til jamstillingsprinsippet, at staten òg skulle bruke nynorsk. Dette er ei vektlegging av *brukaren* sine positive språkrettar som den

statstilsette då må rette seg etter. Brukaren er rettshaldar, ikkje den tilsette (Lilleholt og Gramstad 1983: 11). Lilleholt hevdar dessutan at det har funnest ei tolking som skisserer ei mellomløysing – at statstilsette skulle stillast individuelt fritt til å nytte det skriftmålet dei ynskte, om det så var landsmål eller bokspråket (Lilleholt 1981: 385). Denne tredje løysinga inneber at både dei tilsette og brukarane er rettshaldarar med negative språkrettar. Slik var altså tolkingane av kva språkjammstilling i offentleg teneste skulle innebere før 1930.

Med den nye mållova var så både individuelle og kommunale/institusjonelle brukarar av statstenesta definerte som språkrettshaldarar. Desse vart innrømde positive rettar til å møte det skriftspråket dei føretrekte i statstenesta, motsett situasjonen før 1930. Såleis kan ein kalle språkpolitikken for offentleg teneste for iallfall formelt sett eit offisielt språkrettsregime. Dei tilsette i offentleg teneste fekk ikkje status som språkrettshaldarar, og det var dette den hissigaste diskusjonen i Stortinget stod om under lovbehandlinga. At kommunar fekk retten til å få skriftleg materiale av staten på det språket dei sjølve føretrekte, kom som ein konsekvens av at kommunar var tilkjende retten til å kollektivt vedta om dei skulle drive kommunal verksemd på det eine eller andre språket, altså om det skulle vere eit nynorskherad eller eit bokmålsherad. Om dei skulle drive verksemda si på nynorsk, var dei òg nøydde til å få materiell frå staten på nynorsk. Det kommunale språket skulle ikkje avgjerast ved direkte demokrati, som skulekrinsspråk, men ved vedtak i heradsstyra.

I 1930 var det altså innført positive rettar for nynorskbrukarar òg på feltet offentleg teneste, ikkje berre på opplæringsfeltet, og også i offentleg teneste var rettane organiserte gjennom territorielle ordningar. Men den territorielle språkpolitikken her var likevel frå starten modifisert av personlege ordningar, som innebar positive rettar for det territorielle språkmindretet. Slik vart det på opplæringsfeltet etter 1917. Den nye mållova medførte ein personleg rett til å kommunisere med staten på kva språk ein ville, uansett kva for kommune ein oppheldt seg i.

Det same poenget om likebehandling gjeld dermed for offentleg språkbruk som for opplæringsfeltet: Sett frå eit statleg perspektiv var kommunane likebehandla i sine rettar til heilt og fullt å velje nynorsk eller bokmål utan at staten la seg opp i valet, og individ var likebehandla til å velje om det skulle møtast med bokmål eller nynorsk i og frå staten. Sett frå eit internt-kommunalt perspektiv hadde einskildindivid negative rettar i høve til kommunikasjon med kommunen, men positive og personlege rettar når det gald

kommunikasjon med staten. Den territorielle avgjerda om kommunalmål var altså gjort mindre absolutt med den personlege språkretten i høve til staten.

Som på opplæringsfeltet, opererer ikkje mållovsdokumenta med éin argumentasjon for den territorielle tilnærminga og éin for den personlege. Argumenta for baa ordningar er også på dette feltet heimla proseduralt, styrings- og integrasjonskonsekvensialistisk, i retten til jamstilling, folkestyre, like vilkår og i språkfred og folkevilje. Statens argumentasjonen for den nye mållova er i liten grad heimla i nynorskens eigenverdi. Det substansielle valet av språk, altså valet mellom nynorsk og bokmål, vart delegert til territoriet sjølv. Det var ikkje del av statleg språkpolitikk å ta stilling til kva for språk som 'burde' veljast. Statens oppgåve var å behandle baa språk likt, utan å leggje seg opp i valet. Så fekk 'folket', tolka som individ, krinsar eller kommunar/lokalsamfunn, avgjere.

Den landsmålskritiske lina hadde ikkje eksplisitte innvendingar til ordningane med administrasjonsspråk og tenestemål. I alle høve lanserte dei som var imot lova, inga alternativ lov – dei kom til dømes ikkje med framlegg som avgrensa kommunane sin handlefridom. Debatten gjekk på spørsmålet om *kven sine* personlege rettar det skulle takast mest omsyn til: brukarar eller statstenestemenn.

Men om det ikkje var eit alternativ i 1920-åra til at kommunane skulle ha det avgjerande ordet i språkvalet, fanst det likevel alternative språkrettssyn. Leiande miljø i målrørsla var skeptiske til å lovfeste riksmål sin plass i landet, altså til territorielle ordningar og positive rettar for riksmålsbrukarar. Juristen Nikolaus Gjelsvik laga i 1924 eit utkast til ei «Lov um nynorsk til einaste riksmåal» der kommunane skulle ha fullmakt til å innføre nynorsk, men der reversering av vedtaka (attende til riksmål) var ulovleg. Etter 40 år (frå 1. januar 1966) skulle så nynorsk vere det einaste riksmålet (Gjelsvik 1930, jf. Hoel 2011: 384). Leiinga i Noregs Mållag vart ståande på prinsippet om ei særlov for nynorsk, rett nok langt meir avdempa, heilt fram til 1930.



# 11 Avrunding og kontekst 1878–1930

Den fylgjande avrundinga av avhandlingas del I er sett saman av to kapittel. I det fyrste vert heile perioden 1885–1930 oppsummert. I tillegg skal desse to overordna problemstillingane drøftast (sjå kap. 1.1.3):

3. I kva grad kan forvaltninga av nynorsk og bokmål karakteriserast som offisiell språkrettspolitik?
4. Finst det i ulike dokument og/eller periodar kombinasjonar av opphopingar av visse typar ordningar og visse typar argumentasjonsheimlar som gjer det rimeleg å karakterisere dokumentet eller perioden som nøytral språkpolitikk eller språksikringspolitikk?

I det andre kapitlet av denne avrundinga vert dei førebelse konklusjonane knytte til to andre språkpolitiske fenomen i perioden; nemleg *samnorskprosjektet* og etableringa av omgrepet *målform*. Desse utgjer viktig kontekst for funna frå analysen.

## 11.1 Offisiell språkrettspolitik

Om me tek eit steg bakover eller oppover for å prøve å sjå dei tydelegaste linene i det landskapet som utgjer den norske staten si forvaltning av nynorsk og bokmål mellom 1878 og 1930, kva ser me?

Me ser ein stat som innrømde mindretalsspråkbrukarane meir enn negative språkrettar, altså meir enn rett til å få lov til å bruke språket sitt privat. Me ser med andre ord ein stat som alt før førre hundreårsskiftet innrømde mindretalsspråkbrukarane somme *positive språkrettar*, det vil seie retten til også å møte språket sitt i offentlege samanhengar. Dette innebar kort sagt ein stat som i mindre eller større grad dreiv språkpolitikk. «Vi skal ikke have Maalstræv i Protokollerne!» sa sorenskrivaren i Alexander Kiellands roman *Arbeidsfolk* (1881), men slik vart det. Dermed var det på fleire måtar ein fleirspråkleg stat som vart etablert i den språkpolitiske pionerperioden mellom innføringa av landsmål i skulen i 1892 og den fyrste mållova, altså lov om offentleg målbruk, i 1930.

Før 1885 var norsk språkpolitikk, den som galdt tilhøvet mellom norskdansk/bokspråket og det norske talemålet, formulert som tilpassingspolitikk. Dette kapitlet i norsk

språkpolitikkhistorie vart avslutta for godt i 1885. Men at landsmålet vart godkjent som offisielt språk i 1885, tyder ikkje at landsmålsbrukarar *med det same* vart utstyrte med positive språkrettar. Dermed kan heller ikkje rettstilhøvet mellom nynorsk og bokmål karakteriserast som eit offisielt språkrettsregime i og med det prinsipielle vedtaket. Vedtaket vart ikkje juridisk forpliktande før med målparagrafen i 1892 og mållova i 1930. Det medførte at landsmålet skulle godtakast, altså vart legalisert, i ein del offentlege samanhengar.

Språkrettane når det gjeld landsmålsbruk i offentleg teneste må dei fyrste tiåra etter 1885 primært kallast negative og modifisert negative. På opplæringsfeltet fekk ein formelt sett ein modifisert negativ språkrett i og med føresegnene om lærebøker i folkeskulen. Så fekk elevar fekk lov å skrive og få opplæring i landsmål i folkeskulen i 1892, dei kunne skrive landsmål til lærareksamen i 1894, og då med krav om tilleggsprøve i bokmål, til examen artium i 1896, og då med krav om tilleggsprøve i bokmål, og til universitetseksamenar i 1908. Å få opplæring i eit språk er ein positiv språkrett, medan å få lov til å skrive og levere eksamenssvar på eit språk, kan sjåast på som ein modifisert negativ språkrett. Dersom ein definerer ein offisiell språkrettspolitikk som ei styreform med gjennomgåande positive språkrettar på sentrale felt, må ein kunne seie at etableringa av denne språkpolitikken på opplæringsfeltet (i folkeskulen) er ein prosess som går frå 1885 til 1892, på feltet offentleg teneste til 1930.

## 11.2 Nøytralitetspolitikk

### 11.2.1 Territorielle og personlege ordningar

Omgrepsparet territoriell og personleg språkpolitikk har også vore relevant for analysen av dei statlege dokumenta frå 1870-åra fram til 1930. Det er fleire årsaker til det. I teorien har ofte språkpolitiske territorium vorte oppretta som forsøk på å fordele ulike språkgrupper på ulike geografiske område, med eit mål om å halde desse iallfall forvaltningsmessig eittspråklege, legitimert i tilhøve som har å gjere med språkvern og språkidentitet (til dømes Sápmi og Irland når det gjeld mindretalsspråk, til dømes europeisk nasjonsbygging på 18- og 1900-talet når det gjeld majoritetsspråk). Men det var ikkje kulturelle eigenverdiheimlar som gjorde seg gjeldande i argumentasjonen i dokumenta som her er analyserte. Dei viktigaste argumenta for ein territoriell språkpolitikk var omsynet til ålment lokalt sjølvstyre, det vil seie ei generell folkesuverenitetstenking med utgangspunkt i det lokale.

Lokaldemokratiet institusjonaliserte den politiske, positive fridomen ved å gje einskildindividet moglegheit til å realisere interessene sine gjennom demokratiske organ for dei kollektiva dei tilhørde (sjå til dømes Slagstad 2011: 423).

At lokalsamfunnets språk skal vere lokalt bestemt, ligg sjølvstykkt ikkje nødvendigvis til territoriell språkpolitikk prinsipielt. Eit anna prinsipp var tenkjeleg, nemleg at den sentrale staten tildeler ulike territorium ulike språk, og at det såleis er eit statleg mål at språka faktisk skal brukast i desse områda. Det er dette siste prinsippet som sidan 1990 har lege til grunn for etableringa av forvaltningsområdet for samisk språk (Todal 2002: 70). Heller ikkje i 1920-åra burde dette vere ein framand tanke for norske språkpolitikarar, for i 1926 vart prinsippet lagt til grunn for etableringa av irkspråklege gaeltacht i den irske fristaten (Williams 2012: 184). Men i samband med til dømes mållova i 1930 ser ikkje ei slik sentral territoriell språkstyring ut til å ha hatt talsmenn.

### **11.2.2 Opphopping av heimlar**

Jamstillingsvedtaket var delvis kulturelt-substansielt heimla, det ein òg kan kalle eigenverdiheimla. På sett og vis måtte det då òg vere slik. Ein innførte ikkje landsmål som offisielt språk primært for å garantere tevlinga mellom ulike kulturpolitiske oppfatningar og for å leggje til rette for oppslutning om «regler, prosedyrer og institusjoner som muliggjør en desentralisert søken etter det gode liv» (Slagstad 2011: 191). Ein innførte landsmål som offisielt språk primært fordi ein meinte at landsmål var eit rettkome nasjonalspråk med verdi for innbyggjarane sine, ein legitim språkleg storleik, på line med bokspråket. Staten gav såleis landsmålet eigenverdi i 1885: Det vart ei offentleg oppgåve å gje både landsmålet og bokmålet ein plass i nasjonen sitt liv og rom for vidare utvikling.

Jamstillingsvedtaket var dessutan proseduralt heimla, det nokon kanskje vil kalle liberalt legitimert (jf. Slagstad 2011: 191). Meir overraskande enn eigenverdiheimling av argumentasjonen for jamstillingsvedtaket er nettopp at prosedurale heimlar vert nytta i minst like stor grad. Den prosedurale argumentasjonen kring 1885 tek utgangspunkt i landsmålet eller folkespråket som ein allereie 'lik storleik' med bokspråket – landsmålet vart sett som eit reelt eksisterande norsk språk som var i bruk, primært munnleg, men i aukande grad skriftleg. Dermed måtte landsmålsbrukarane utstyrast med grunnleggjande rettar. No veit me at det at eit språk vart lingvistisk og omgrepsmessig definert som eit eksisterande språk, ikkje var tilstrekkeleg for å oppnå den typen statlege rettar som landsmålsbrukarar fekk. Samisk- og kvenskbrukarar er dei to næraste døma innanfor den norske staten på

mindretalsspråkbrukarar som *ikkje* fekk dei same rettane.<sup>31</sup> Den prosedurale jamstillingsargumentasjonen hadde difor ein tydeleg kulturell eigenverdi-premiss: Både nynorsk og bokmål var to språk og språktradisjonar som ikkje berre var delar av, men òg *viktige nok* delar av norsk kultur.

Men så ser det ut som at dei prosedurale heimlane dominerer over eigenverdiheimlane i større og større grad utover perioden, og det er heller ikkje nokon påtakeleg skilnad på opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste her. Når me kjem til målparagrafen i 1892 og justeringane av han etter 1900, og når me kjem til mållova i 1930, er det lite eigenverdiheimling av den språkpolitiske argumentasjonen. Dei konsekvente territoriale og ikkje-personlege ordningane i målparagrafen var frå starten både proseduralt og integrasjons- og styringskonsekvensialistisk heimla: Det var folket i krins og kommune som hadde rett til å avgjere språk, og dette var dessutan i tråd med resten av skulelovgevinga.

Etter hundreårsskiftet vart språkopplæringspolitikken territoriale andlet modifisert av personlege ordningar, ordningar som fyrst var integrasjonskonsekvensialistisk heimla, særleg i konfliktdemping. Me skal sjå at dei særleg etter krigen også vart proseduralt heimla – i omsynet til foreldrerettar og mindretalsrettar. I 1930 ser me dette personlege trekket òg i reguleringane i mållova. I hovudsak medførte denne lova ein territoriell språkpolitikk, proseduralt heimla i jamstilling og folkets rett til sjølve å avgjere gjennom sine demokratiske institusjonar. Men her låg òg ei klar justering av den territoriale politikken i og med den personlege retten til å kommunisere med staten på kva språk ein ville, uansett kvar ein oppheldt seg. Den var proseduralt og konsekvensialistisk heimla.

At språkpolitiske ordningar og rettgar som ved lanseringa, i praksis innføringa av eit nytt offisielt språk, er heimla substansielt i eigenverdien for innbyggjarane, men at dei etter kvart vert heimla proseduralt, er kanskje ikkje så merkeleg. Poenget her er såleis ikkje det oppsiktsvekkjande med utviklinga av dei språkpolitiske heimlane. Kanskje skal ein likevel leggje merke til i *kor liten grad* eigenverdiheimlar vert rekontekstualiserte. Særleg kan ein merke seg dette knytt til at dei heller få særbehandlingstiltaka for landsmålet også vart heimla proseduralt, og dermed på sett og vis formulerte som likebehandling, ikkje som

---

<sup>31</sup> Samiske born sin rett til å få opplæring i samisk vart ikkje lovfest før i 1967 (Pedersen og Høgmo 2012: 54). Samelova av 1987 med revisjon av 1991 gjev alle samar rett til å bruke samisk i kontakt med offentlege organ i forvaltningsområdet for samiske språk. Kvensk vart ikkje godkjent som offisielt språk i Noreg før i 2005.

særbehandling. Denne siste posisjonen har seinare vore fremja som *reell jamstilling* (sjå kap. 20.1.11, til dømes).

### 11.2.3 Kva for språkpolitikk?

Når ordningar og rettar er heimla proseduralt, med premisser som uttrykkjer kva som er dei *rette rammene* for språkval, er dei ikkje heimla substansielt, med premisser som uttrykkjer kva som er kulturelt *gode* språkval. Konsekvensen av dominansen av prosedurale heimlar er at staten ikkje tek stilling til retninga til språkutviklinga. Han er språkpolitisk nøytral.

No kan ein likevel innvende at det ikkje er opphoping eller overvekt av prosedurale heimlar i materialet, men av andre konsekvensialistiske heimlar (styrings- og intergrasjonskonsekvensialistiske), og at det me ser såleis primært må vere ein politikk for språkkonvergens. I ljøs av dei etter kvart heller positive rettane og territorielt eittspråkssementerande ordningane for nynorsk, vil det likevel vere urimeleg å sjå norsk språkpolitikk som majoritetspråkleg konvergenspolitikk i perioden.

Språkpolitikken som styringsdokumenta i perioden uttrykkjer, kunne òg ha vore omtala som offisiell språkrettspolitik (sjå kap. 4.3.1). Spørsmålet er likevel kor mykje dette gjev oss. Modellen seier at når språkrettar er offisielle, er dei per definisjon grunna i det gjeldande språket sin eigenverdi. Dette let seg på sett og vis forsvare ved å vise til legaliseringa av landsmålet i 1885: Den var mellom anna grunngeve i at språket høyrde til i Noreg av identitetsmessige og kulturelle årsaker. Ein kan seie at dei negative fridomane og positive reguleringane i kjølvatnet bygde på desse heimlane. Men på den andre sida ser me at argumentasjonen for ordningane og rettane frå og med 1888/1892 fram til 1930 altså i svært liten grad faktisk *er* legitimert med nynorskens eigenverdi. Spørsmålet er då om ein ikkje kjem 'nærare' kva for språkpolitikk dette eigenleg er om ein kombinerer kunnskapen om at me har med *offisielle rettar* å gjere med kunnskapen om kva for *legitimeringar* som er etablerte.

Språkpolitikken opererer altså med positive rettar, men også med prosedural heimling. I litteraturen har me støytt på to typar språkpolitisk proseduralitet. Den eine er ofte framstilt som ein heimel eller eit rasjonale for negative språkrettar. Staten knyter ikkje ressursar eller prestisje til ei særleg språkutvikling, men innrømmer negative rettar og overlet såleis valet til einskildpersonar. Det er denne nøytraliteten som til dømes Will Kymlicka kritiserer for å vere ein skinn-nøytralitet (sjå kap. 4.3.2.1). Men så kan òg nøytralitet sjåast på som Joseph H. Carens sin teori om «evenhandedness», som går ut på at staten skal distribuere positive

språkrettar, gjerne ekstensive språkrettar, men likevel slik at alle språkgrupper vert likebehandla (sjå kap. 4.3.2.2). Operasjonaliseringane av jamstillingsvedtaket og argumentasjonen for desse mellom 1892 og 1930 kan sjåast som slik raus rettferd. Dei territorielle ordningane framstår som viktige føresetnader for denne rause, rettvise språkpolitikken: Det ville vere praktisk svært vanskeleg å la kvar føresett eller kvar lærar avgjere kva mål det skulle undervisast i, men òg dette vart unndrege staten gjennom ordninga med kollektivt og lokaldemokratisk bestemte språkterritorium på mikronivå. Det er altså desse tilhøva som ligg til grunn for at perioden 1878–1930 kan sjåast som etablering av ein språkleg nøytralitetspolitikk.

#### **11.2.4 Prosedural heimling for særbehandlingsordningar**

Som det er alt er framheva fleire gonger, kom dei territorielle ordningane og sentrale element i språkpolitikken elles i stand for å gje nynorsk eit rom. Den språkhistoriske litteraturen dreier seg då òg mykje om korleis desse ordningane vart drivne fram av dei politiske kreftene som støtta målsaka. Men som det er vist, var heimlinga meir prosedural enn basert på nynorskens eigenverdi. Slik prosedural heimling medførte ikkje risiko for korkje nynorsk eller bokmål. Kva ein skulle gjere om tevlinga mellom språka førte til at det eine av dei kom i ein utsett posisjon, var ikkje ei aktuell problemstilling i offentleg språkpolitikk i perioden. Slik var det fordi ingen av dei to jamstilte språka verka truga. Landsmålet var i utfordrarposisjonen og var forsvinnande lite i bruk i 1880-åra, men bruken auka kontinuerleg fram til andre verdskrigen og særleg kraftig dei fyrste to tiåra etter hundreårsskiftet. Målrørsla baserte argumentasjonen for nynorsk på at ‘norsk’ var eit undertrykt språk som historisk var halde nede av dansk, men ikkje på at det *i samtida* var eit truga språk som trong særleg vern. Statens språkpolitikk kunne altså avgrense seg til å gje språka like televilkår og etablere prosedyrar for valet mellom språka utan å leggje seg opp i sjølve valet, utan at dette framstod som gambling med eitt av språka.

Såleis var dei prosedurale heimlane i offentleg språkpolitikk utforma i truleg trygg visse om at statleg jamstillingspolitikk, fri og rettferdig tevling, var tilstrekkeleg for å fjerne dei viktigaste hindera for framgang for nynorsken. Den konkrete språkpolitikken impliserte jo både formell likestilling og kompensasjonstiltak, men som oppsummert; også det siste vart altså formulert som likebehandling, ikkje som særbehandling. Det var vorte viktig og vanleg, kanskje doksisk, å heimle ‘liberalt’ (proseduralt) og ikkje ‘kulturelt’ (med nynorskens eigenverdi).

## 11.3 Samnorsk og omgrepet målform

### 11.3.1 Samnorsk i nøytralitetsdoxa

Det er slege fast at norsk språkpolitikk ikkje kan sjåast på som ein majoritetsspråkleg konvergenspolitikk. Det ville likevel vere feil å seie at språkpolitikken slett ikkje hadde konvergens som mål. Men det målet var for det fyrste ei samling kring eit *nytt* språk, ikkje kring majoritetsspråket, eit samnorsk lingua franca sett saman av dei to eksisterande skriftspråka, dessutan og difor var det eit mål som det primært var jobba for i korpusplanlegginga. Men såleis var naturlegvis også samnorsk eller samnorskprogrammet eit viktig element – ein bakgrunn eller ein premiss – for nøytralitetspolitikken innanfor statusplanlegginga.

Korleis kan ein sjå det slik? Alt tidleg på 1900-talet definerte staten tospråksituasjonen som eit problem, og som noko det måtte vere eit mål å kome seg ut av. Tidleg på 1900-talet var trua sterk, også i målrørsla og riksmålsrørsla, på at tilnærming mellom dei to språka på sikt ville føre til samansmelting i eitt språk. Tospråkpolitikken på statusfeltet kunne akseptterast, ikkje som ei heldig permanent løysing, men som ei nødvendig løysing for å gje båe språka like mykje påverknadskraft i ein overgangsperiode fram mot eitt norsk språk. Den integrasjonskonsekvensialistiske heimlinga alt tidleg i perioden, omsyna til nasjonens «Enhed», uttrykkjer at båe språk må takast vare på og at båe må få høve til å påverke den framtidige språkutviklinga, i ei diffus forventning om større språkleg einskap i framtida, altså samnorsk.

I den språkhistoriske litteraturen er samnorskprosjektet tolka som at ingen av dei stridande partane hadde eit ynske om ei varig to- eller fleirspråksordning. Dominerande var eit ope og dynamisk syn på språksituasjonen, og dei ulike språkpolitiske leirane fann kvarandre i standpunktet om at ei språkkøyving av landet var uheldig. Jamstillingsvedtaket opna for at òg landsmålet kunne gjere seg gjeldande i denne uavklarte og dynamiske situasjonen. Men vedtaket må nok ikkje forståast som eit tiltak med føremål om å etablere ein permanent bilingval tilstand, sjølv om det viste seg å bli konsekvensen. Om statleg språkpolitikk var nøytral når det galdt valet mellom nynorsk og bokmål, var han jo slett ikkje det når det galdt valet mellom bilingvalitet og samnorsk. Målet for statleg korpuspolitikk, og dermed for overordna norsk språkplanlegging, var å kome bort frå tospråksituasjonen med nynorsk og bokmål, til eitt norsk samla språk. Kanskje har ideen om samnorsk vore viktig for at den tidlege offisielle språkrettspolitikken for nynorsk var mogleg: Å gje *både* nynorsk og

bokmål levelege vilkår gjorde sjansane for eit demokratisk samnorsk, med språkstoff frå baa mål, meir sannsynleg.

Samnorsk vart utvikla som språkideologisk prosjekt særleg i 1880- og 1890-åra med venstreideologen Ernst Sars og venstrepolitikaren og målmannen H. E. Berner som sentrale aktørar. Som det vart formulert av Sars sist på 1800-talet, botna samnorskideane i eit langsiktig mål om å ta vare på verdiane frå baa skriftradisjonar gjennom gradvis framvekst av eit nytt felles skriftspråk. Det ville vere eit tap for nasjonen om den eine av dei to språktradisjonane gjekk tapt – riksmålstradisjonen med sin litterære tradisjon og ankerfestet i høgkulturen, og nynorsktradisjonen med ankerfestet i ein fullnorsk bondekultur (t.d. Hoel 2011: 245 og 433f, Søylen 1983). Moltke Moes vidgjetne artikkel «Nationalitet og kultur» (1909) vart eit programskrift for samnorskretninga, og i dei statlege rettskrivingsreformene i 1917 og 1938 var det eit erklært mål å fremje ei tilnærming mellom skriftmåla. Kring fyrste verdskrigen var dette idéar som hadde oppslutning langt inn i både nynorsk- og riksmålsleiren. Det konkrete normeringsprogrammet var her meir kontroversielt enn det langsiktige og uforpliktande framtidsmålet om at det var ein føremon for nasjonen om dei to skriftspråka rann saman til eitt (Hoel 2011: 245).

Det er likevel ikkje heilt rett å kalle statens statuspolitikk utover 1900-talet for ein samnorsk eittspråksstrategi. Det monolingvale kompromisset samnorsk kunne i praksis berre fungere som ein overeinskomst for *korpusplanlegginga*, og var såleis eit prinsipp som førte til tilnærming mellom skriftspråka i rettskrivingsreformene i 1917 og i 1938. Samnorsk *kunne* ikkje vere noko normerande kompromiss for den delen av språkpolitikken som gjekk på statusplanlegging, for statusarbeidet måtte nødvendigvis ta utgangspunkt i dei to eksisterande skriftspråka. Ein kan ikkje rydde juridisk-politisk rom for eit språk som enno ikkje finst. Med premissen samnorsk i botn, vart statens normative grunnlag for utforming av språkpolitikk og språkrettar ei pragmatisk avventande jamstilling – altså språkpolitisk nøytralitet.

Ein typisk representant for posisjonen var venstremannen og målmannen Jørgen Løvland, ein sentral arkitekt for norsk språkpolitikk frå 1890-åra fram mot 1920. Som han formulerte det i ein tale i 1906: «Når det soleis er full fridom og jamstilling millom baa måli, so vil livet og utviklingi gjera resten. Kvar lyt då ha si tru um, kva mål utviklingi vil føre til.» (Løvland 1981 [1906]: 28f). Denne løvlandske tospråksnøytraliteten var eit prinsipp om at landsmålet måtte setjast i stand til å prege utviklinga – og samnorsken – i like stor grad som



bokspråket. Jamstillinga var ikkje primært framstilt som eit omsyn til landsmålsbrukarane, men som eit omsyn til det norske framtidsspråket. Såleis kan altså ein offisiell språkrettspolitikk og raus rettferd for fleire språk kombinerast med eit røyntleg monolingvalt føremål.

Kanskje kan ein stille spørsmål om ei viktig årsak til den språkpolitiske nøytraliteten nettopp låg i samnorskprosjektet. Eit teikn på det kan vere korleis statsråd Hasund belegg den nye mållova med samnorsk tilnærming i debatten om mållova i 1930:

Det er soleis nett no ei uløseleg oppgåva å binda vårt folk saman under eitt heilstøypt offisielt mål, kor ynskjande dette enn kann vera. ... Framgangsmåten må då fyrst vera den å skapa levande samband millom dei tvo mål hjå ein so stor part av folket som mogleg, og då serleg hjå dei som får den høgaste skuledaning. ... På den måten kann det skapast underbygning for ei relativ snøgg målutvikling; det veks fram både eit romare skyn på tankeliv og uttrykksformer på bae sidor... Det kann vera ymse meiningar um kva resultat det til slutt vil bli av målstriden i vårt land; men det synest vera visst, at når ein tenkjer på *heile* vårt folk... so treng bae mål avsliping på kvarandre eit godt stykke på veg enno, um noko av dei skal nå fram til å kunna fylla rimelege krav til eit samnorsk skriftemål [!]... lovframlegget ... er eit stig på den veggen som etter mitt og mange andre skyn er den einaste som kann føra til nasjonal samling i målvegen. (Ot.tid 1930: 830–831)

Dermed kan ein seie forvaltninga av nynorsk og bokmål på den eine sida, samnorsk på den andre, *ikkje* var merkt av nøytralitet, men at det derimot vart planlagt medvite for å få folk til å ta samnorsk i bruk. 1917-rettskrivinga vart gjennomført trass i at Stortinget var kløyvt på midten i saka, og alt 20 år etter hadde eit fleirtal på Stortinget godkjent den neste rettskrivingsreforma med ei rekkje endringar både i ortografi og formverk i bae skriftmål. Då staten skipa Norsk språknemnd i 1952, var det òg for å få eit organ som kunne vere eit meir effektivt instrument i gjennomføringa av den statlege samnorskpolitikken. Her mangla korkje vilje til statleg intervensjon eller språkpolitisk maktbruk (Haugen 1969: 173–213).

I tilhøvet mellom nynorsk og bokmål var altså norsk språkpolitikk å leggje til rette for at vala skulle skje på ein rettferdig måte, proseduralt heimla. I tilhøvet mellom nynorsk og bokmål på den eine sida, samnorsk på den andre, var språkpolitikken å leggje til rette for at folk skulle velje samnorsk, substansielt heimla.

### 11.3.2 Omgrepet målform i nøytralitetsdoxa

Den statlege nøytralitetsposisjonen med sitt samnorskprogram måtte innebere at *språksamfunn* ikkje spela noko rolle som omgrep eller fenomen. I offentlege styringsdokument i perioden vart det ikkje referert til eit bokmålspråksamfunn og eit nynorsk språksamfunn, men til eitt norsk språksamfunn som dei to skriftspråka tevla om – og som til sist skulle bli eitt samnorsk språksamfunn. Ideen om samnorsk føresette synet på landsmål/nynorsk og bokspråk/riksmål/bokmål som to ulike skriftmål innanfor det same språksamfunnet og som arbitrært fordelt lingvistisk råmateriale, ikkje som permanente identitets- eller kulturelle verdiar for dei gruppene som brukte dei ulike skriftspråka. Freistnader frå delar av målrørsla på å knyte etniske skiljeliner til språkstriden fekk aldri oppslutnad utanfor rørsla og vart heller ikkje aksepterte av alle målfolk. Den mest konsekvente varianten av synet var Arne Garborgs 'to-nasjonslære' som slo fast at det var to nasjonar i Noreg, ein 'norsk' og ein 'norsk-dansk' med kvart sitt *språk* (Garborg 1982 [1877]). Etter hundreårsskiftet spela dette synet ei underordna rolle i målreisingsideologien (Hoel 2011: 84).

Målrørsla freista sjølvstøtt å skape språksamfunn som fenomen, etter kvart som ulike lokalsamfunn gjekk over til landsmål/nynorsk før krigen. Men den offentlege språkpolitikken med sin doksiske nøytralitet kunne vanskeleg opne for eit omgrep om eit nynorsk språksamfunn, og heller ikkje for synet på landsmål og riksmål som autonome, permanente *språk*. I staden vart dei sette på som ulike variantar av 'norsk'.

Det finst ein ekstensiv litteratur om korleis varietetar har vorte forsøkt politisk og juridisk utdefinerte ved diskursive merkelappar eller namn. Språk har vorte definerte som ikkje-språk, som språk utan nasjonal, berre lokal interesse, som primitive, som dialektar, som bondespråk, som elitespråk (Skutnabb-Kangas 2000: 147–155<sup>32</sup>). Det såkalla språklege kuppet i 1814/15 då det einerådande skriftmålet i Noreg vart definert som 'norsk' av styresmaktene (Hyvik 2012), Bjørnstjerne Bjørnsons karakteristikkar av Ivar Aasen og dermed landsmålet som «tusset almueagtigt» (Bjørnson 1913: 409) og landsmålrørsla sine responsar om riksmålet som 'dansk', kan vanskeleg tenkjast utan eit monolingvalt doxa som føresetnad. I dag finn me argumentasjonen att i statar som framleis står i 'ein (stor)stat – eitt (majoritets)språk'-politikk (Skutnabb-Kangas 2000: 8 og 514–523).

---

<sup>32</sup> Her finst referansar til ei rad andre arbeid som tek føre seg slik definering og utdefinering av språk.

*Målform (sprogform)* vart i overgangen mellom 18- og 1900-talet etablert som eit nøkkelomgrep for nøytralitetspolitikken. Den tradisjonelle tydinga av *sprogform* peika mot variasjon innanfor eitt og same språk.<sup>33</sup> I Noreg fekk omgrepet ei ny tyding: Landsmål/nynorsk og riksmål/bokmål var to meir eller mindre stabile sprogformer/målformer av det same språket. I lærarskulelova (1902) som innførte obligatorisk sidemålsksamen, heitte det at ein elev «som har avfattet begge i samme sprogform (landsmaal eller bokmaal) skal desuten underkaste sig prøve i skriftlig gjengivelse av et oplæst stykke eller i at skrive en let stil av fortællende indhold i den anden sprogform» (her etter Haugland 1985: 200). Den største motstanden mot denne omgrepsbruken kom frå målrørsla, som heldt på at nynorsk og bokmål var to ulike *mål/språk*. Eit heilt sentralt punkt i Aasens legitimering av landsmålet, og ein grunnleggjande premiss i den dominerande målreisingsideologien, var å utdefinere dansknorsk/riksmål frå norsk ved å kalle det eit anna (framandt) språk.

Omgrepet *målform* hadde derimot støtte frå dei to andre leirane i språkstriden. Riksmålsfolket heldt hardt på at riksmål og landsmål *ikkje* var ulike språk. I 1900 uttalte Bjørnstjerne Bjørnson:

Lige uredelige, som deres Forsøg paa at faa de to indbyrdes forstaaelige Sprogformer af samme Rod, Dialekterne og Rigsmaalet, til at være «to Sprog» ... Lige uredeligt er det at bruge Finnernes, Slavernes, Ungarernes Arbeide for at faa deres Sprog op, til Bevis for Maalstrævernes Ret; ti alle disse Folk forstod ikke tyve Ord af det Sprog, som regjerte og kommanderte dem. (Bjørnson 1900: 10–11)

Den andre posisjonen som hadde bruk for *sprogform*-omgrepet, var samnorsk- og tilnæringsfraksjonen – det vil etter kvart seie staten. Å rekne landsmål og riksmål som råstoff, som mellombelse former, var ein nødvendig premiss for målet om samansmeltinga av dei to varietetane til eit framtidig, verkeleg *norsk*. Eit viktig gjennombrøt for *sprogform*-omgrepet er truleg normkaoset i mellomkrigstida der ikkje berre landsmål og riksmål, men òg ulike variantar (*former*) av dei to skriftmåla tevla om å bli vedtekne som skulemål i kommunane (Jahr 1978: 141 ff).

Omgrepsstriden kom til uttrykk i stortingsdiskusjonen om den nye mållova i 1929–30. Målfolka i stortingskomiteen endra lovteksten frå *målform* til *mål*, men i lovvedtaket vart

---

<sup>33</sup> Sprogform. I *ODS*. Henta 10. januar 2014 frå <http://ordnet.dk/ods/ordbog?query=sprogform>.

dette endra attende til *målform* etter ei røysting der *mål* fall (Ot.tid 1930: 870–873).

Resultatet av 1930-mållova vart ei spikring av det nye målformomgrepet som (stats)doksisk omgrep.

'Norsk' språk bestod altså i denne forståinga både av fleire tevlande *målformer* (dei to skriftmåla med sine interne variantar) og av eit talemålskontinuum som femnde om alt frå dei mest norrøn-nære dialektane til det såkalla 'høgare' talemålet i byane. Dei språklege tilhøva vart oppfatta som dynamiske og i ei sterk utvikling, og ingen av skriftspråksvariantane kunne dermed sjåast på som endelege språkkulturar, berre overgangsformer av det same språket norsk.

DEL III 1930–1980

KONSOLIDERING AV NØYTRALITETSPOLITIKKEN



# 12 Introduksjon del III

## 12.1 Struktur og skisse av kapitla

Denne delen av avhandlinga har fire hovudkapittel. Kapittel 13 tek føre seg tida mellom 1930 og 1965. Det er kalla «Språkpolitisk vidareføring». I desse tiåra var det store endringar i skulelovgjevinga og på opplæringsfeltet i Noreg, men dei språkpolitiske føresegnene i dei nye skulelovene var hovudsakleg kopiar av målparagrafen og revisjonane av denne frå 1892 og 1917, jamvel om argumentasjonen for føresegnene endra seg litt. Frå feltet offentleg målbruk er det endå mindre å skrive heim om i denne perioden: Mållova vart korkje revidert eller teken til fylgje. Den språkpolitiske stilla i statusplanlegginga står i openberr kontrast til krigen om korpus i same perioden; kring rettskrivingsendringane i 1938 og 1959 og foreldreaksjonen mot samnorsk på 1950-talet. Kapitlet vert avslutta i 1965, då komiteen som førebudde den nye grunnskulelova, la fram innstillinga si og det viste seg at dei fleste avgjerder om språkopplæring var utsette til den såkalla Vogt-komiteen (Folkeskolekomiteen 1965).

Språkopplæringspolitikken skal førehavast for seg og offentleg språkbruk for seg. Å sjå på vidareføring av målparagrafen på den eine sida og vidareføring av mållova på den andre, er då òg eit sentralt organisatorisk grep i den vidare framstillinga, i tråd med etableringa av dei to språkpolitiske områda som to ulike arbeidsområde i Kyrkje- og undervisningsdepartementet i perioden. Utskiljinga av det kulturpolitiske området skjedde ved at rettskrivingsarbeidet fekk ein høgare prioritet, eit arbeid som i liten grad kunne relaterast til opplæringspolitikken. På hi sida vart opplæringspolitikk eit meir tydeleg sjølvstendig område. Det var vedteke ei rekkje skulereformer før krigen, og utbygginga av skulevesenet var ein viktig del av Fellesprogrammet etter 1945 (Furre 1999: 242).

Mållova i 1930 var førebudd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet og hadde eit språkpolitisk tiltak på det opplæringspolitiske området som føresetnad: Lova kvilde på eit personleg krav til offentlege embets- og tenestemenn om å kunne skrive baa mål, noko det vart føresett at dei kunne etter innføringa av obligatorisk sidemål i gymnaset i 1907. Oppfylgginga av lova vart i tråd med punkt 6 i forskriftene frå 1932 derimot lagd til Justisdepartementet. Her vart det såleis gjort eit administrativt skilje mellom dei

språkpolitiske ordningane for skulen (og kyrkja) som låg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og forvaltninga av den statlege administrative målbruken som låg til Justisdepartementet. Ansvarer låg der i kommunalavdelinga som i 1948 vart skilt ut og vart ein del av det nye Kommunal- og arbeidsdepartementet (Edøy og Hansen 1998). Framstillinga nedanfor tematiserer korleis slike administrative skilje har hatt konsekvensar for utforming og oppfylging av språkpolitikken.

Kapittel 14 tek føre seg Vogt-innstillinga og den politiske behandlinga av denne. Kyrkje- og undervisningsdepartementet varsla revisjon av føresegnene for målbruk i statstenesta i 1961. I 1964 vart så Vogt-komiteen oppnemnd, med namn etter utvalsleiaren, lingvisten Hans Vogt. Mandatet var å vurdere og revurdere heile den norske språkpolitikken, med bakgrunn i den heite språkstriden i tiåret før. Komiteen leverte *Innstilling om språksaken* i mars 1966, og dette dokumentet vart saman med stortingsmeldinga som behandla det den grundigaste offentlege gjennomgangen av norsk språkpolitikk mellom andre verdskrigen og språkmeldinga *Mål og meining* i 2008. Komiteens arbeid fungerte som førearbeid for både ny grunnskulelov i 1969 og for ny lov om vidaregåande opplæring i 1974, og på feltet offentleg språkbruk/kultur førebudde innstillinga lov om Norsk språkråd i 1971.

Kapittel 15 handlar om opplæringsfeltet etter dei nye innstillingane om språksaka på slutten av 1960-talet. Endring av den gamle folkeskulelova frå 1959 var ikkje berre førebudd av Vogt-komiteen, og dette kapitlet behandlar førearbeida til ny lov om grunnskulen i 1969 som kom uavhengig av Vogt-innstillinga. Parallelt med førebuinga av ny grunnskulelov gjekk arbeidet med ei heilt ny lov om vidaregåande. Den kom i 1974. Også denne prosessen starta i byrjinga av 1960-talet, men granska her vert dei mest sentrale dokumenta frå starten av 1970-åra.

Språkpolitikken for offentleg teneste i kjølvatnet av dei nye innstillingane om språksaka er tema for kapittel 16. I fokus står etableringa av Norsk språkråd i 1971, som avløyste Norsk språknemnd frå 1952. Det nye språkrådet var kanskje den mest direkte konsekvensen av framlegga til Vogt-komiteen. Det må nok sjåast som eit teikn på endring av norsk språkpolitikk, også av argumentasjonen, jamvel om tilnærming mellom skriftspråka framleis var ein sentral del av føremålet til rådet. I 1970-åra byrja òg regjeringane å gje ut såkalla kulturmeldingar, som til ein viss grad gjorde språkpolitiske vurderingar. Kapitlet vert avslutta ved 1980, før vedtaket av mållova av 1980. Den er på mange vis ei innleiing av ein ny norsk språkpolitikk, og skal dermed behandlast i neste bolc.



Også denne avhandlingsdelen vert avslutta med eit kapittel som freistar å samle nokre trådar og til ein viss grad kontekstualisere funna i analysane. Det er resonnementa i kapittel 17 som skaper påstanden som har gjeve tittel til heile del III: Språkpolitikken mellom 1930 og 1980 må, trass i forsøk på omlegging, fyrst og fremst sjåast på som konsolidering av språknøytralitetspolitikken som var etablert med målparagrafen i 1892 og mållova i 1930.

## **12.2 Utval og metodiske spørsmål**

Som i del II, er hovudgrunnlaget for kapitla også i det fylgjande ei nylesing av primærkjelder som i hovudsak er regjerings- og stortingsdokument. Dei viktigaste dokumenttypane er proposisjonar og stortingsmeldingar frå regjeringa og innstillingane frå kyrkje- og undervisningskomiteen på Stortinget. I denne delen er òg nokre innstillingar frå regjeringsoppnemnde utval viktige. Det gjeld innstillingane frå folkeskulekomiteen, Vogt-komiteen og fleire innstillingar frå utval som førebudde reforma i dei vidaregåande skuleslaga. Stortingsordskifta er derimot i liten grad nytta – analysen baserer seg framleis på at grunngevingane for fleirtalsstandpunkta kjem fram i komitéinnstillingane og regjeringsdokumenta. Den korte framstillinga av målbruken i offentleg teneste 1930–1965 er bygd på sekundærlitteratur. Det vil som før bli gjeve ein nærare presentasjon av kjeldegrunnlaget i kvart kapittel.

Dokumenta som vert førehava i denne delen, er i liten grad analyserte i tidlegare forskingsarbeid frå eit språkpolitisk perspektiv. På opplæringsfeltet kan dei utdanningshistoriske framstillingane by på nokre knappe omtaler av språkpolitikken (Nordstoga 2003, Heggelund 1997), og skipinga av Norsk språkråd i 1971–72 er ein del omtalt i tidlegare arbeid (Stange 1977).

# 13 1930–1965: Språkpolitisk vidareføring

Også dette kapitlet har to underkapittel. Det fyrste handlar om språkpolitikken på feltet offentleg teneste i perioden, det andre om språkpolitikken på opplæringsfeltet.

Hovudføremålet er å gje eit oversyn over justeringane av regelverket og forvaltninga av dei etablerte ordningane innanfor statusplanlegginga frå tidleg i 1930-åra til kring 1965, og over om og korleis det vart argumentert for dei ulike ordningane. Reformene i perioden som dette kapitlet skal ta føre seg, må i stor grad sjåast på som justeringar av ordningane som vart etablerte med målparagrafen i 1892 og dei heller umiddelbare revisjonane av han, og av mållova i 1930.

I perioden fram til mellomkrigstida kan ein knapt tale om åtskilde opplæringspolitiske og kulturpolitiske område innanfor språkpolitikken. Statens språkpolitikk vart i all hovudsak utforma gjennom skulelovgjeving, der dei språklege reguleringane var mest omfattande og detaljerte. Reguleringane av språkbruken i kyrkjelege samanhengar og i statleg forvaltning (mållova 1930) bygde på dei same prinsippa som for opplæring: Språkvalet var delegert til lokale styringsorgan (kyrkjelyden og kommunane), og i tillegg fanst personlege rettar som modifiserte dei territorielle-kollektive avgjerdene.

Sidan 1890-åra hadde språkpolitikken vore prega av ei rad reformer som regulerte tilhøvet mellom bokmål og nynorsk på dei offentlege felta. Revisjonen av målparagrafen i 1917 og mållova i 1930 vart dei siste større reformene i denne rekkja. Deretter fylgjer ein heller lang tidsbolk med lite endringar i reguleringane av språkbruk i folkeskulen og statsforvaltninga. Fram til andre verdskrigen vart rettskrivingsspørsmålet stadig meir sentralt i offentleg språkpolitikk, og mellom 1930 og 1965 låg ikkje det språkpolitiske fokuset på statusplanlegging, men på korpusplanlegging. Difor skal det no gjevast ei kort framstilling av norsk korpusplanlegging i perioden, for å seie noko om korleis denne relaterte seg til og påverka statuspolitikken. Framstillinga tener som kontekst for å forstå perioden og særleg for kvifor den offentlege språkpolitikken ikkje lenger var statusplanlegging.

Rettskrivingsarbeidet fram mot 1907-reforma i bokmål og 1901- og 1910-rettskrivingane i nynorsk hadde føregått i skuggen av striden om reguleringane innanfor statusplanlegginga. Med 1917-rettskrivinga vart derimot korpusarbeidet eit stort nasjonalt kulturpolitisk stridsspørsmål. Rettskrivinga var gjeven som kongeleg resolusjon i desember 1917, men

etter stortingsvalet i 1918 vart reforma gjenstand for ein omfattande stortingsdebatt i april 1919. Reformmotstandarane var så nær ved å lukkast med omkampen at stortingspresidenten måtte bruke dobbeltrøysta si for å berge rettskrivinga og regjeringa (Haugen 1969: 79). 1917-rettskrivinga var den fyrste som var felles for bokmål og nynorsk og den fyrste som var utforma med det siktemålet å føre skriftmåla nærare kvarandre.

Initiativet til den neste rettskrivingsreforma etter dei same hovudlinene som i 1917, kom våren 1934 då Stortinget mot røystene til Høgre slutta seg til eit framlegg frå regjeringa om å setje ned ei ny rettskrivingsnemnd (Haugen 1969: 94ff). Den nye rettskrivinga vart til slutt stadfest av Stortinget etter ei omfattande stortingsføreaving i fleire omgangar, og ho vart formelt gjeven som kongeleg resolusjon 7. januar 1938.

Med rettskrivingsarbeidet i 1930-åra snudde heile fokuset i offentleg språkpolitikk for alvor frå statusplanlegging til korpusplanlegging. I trettiåra hadde rettskrivingsarbeidet særleg vekt mykje strid på nynorsksida, men rett etter krigen var ingen sterk motstand mot rettskrivinga synleg (Haugen 1969: 134). Målmannen og professoren Eirik Vandvik og riksmålsmannen og diktaren Arnulf Øverland tok i eit felles utspel i november 1945 til orde for eit norsk språkakademi som «bør bestå av to seksjoner, en for hver språkform. Men det bør sammensettes av mennesker som er i stand til å samarbeide med hverandre.» (Ot.prp. nr. 43 1970–71: 2) Riksmålsrørsla si massemobilisering mot 1938-rettskrivinga byrja fyrst kring 1950.

Proessen kring skipinga av Norsk språknemnd skal òg kort skisserast. Særleg vart formuleringa «norsk folkemåls grunn» i føremålsparagrafen heftig diskutert. Striden byrja hausten 1949 då tilrådinga frå den førebuande nemnda vart kjend. Kyrkje- og undervisningskomiteen i Stortinget brukte halvtanna år på saka før tilrådinga kom 24. november 1951, og dette sette fart i riksmålsmobiliseringa som hadde byrja eit par år før. «Foreldreaksjonen mot samnorsk» vart lansert i kampanjen fram mot stortingshandsaminga, og denne samla på nokre veker inn 92.500 underskrifter mot språknemnda. I Stortinget 13.–14. desember 1951 vart likevel skipinga av Norsk språknemnd godkjend av eit stort fleirtal, berre mot røystene til Høgre og to representantar frå Arbeidarpartiet (Stange 1977: 80–88; Haugen 1969: 163–168).

Norsk språknemnd vart så oppnemnd ved kongeleg resolusjon 7. mars 1952, og nemnda konstituerte seg og etablerte eit sekretariat. Den fremste og største arbeidsoppgåva til språknemnda var utarbeiding av ein læreboknormal for 1938-rettskrivinga. Nemnda kom

med framlegget sitt til læreboknormal i januar 1958, regjeringa godkjende det i februar og Stortinget drøfta saka over tre møte om hausten før normalen vart godkjend ved kongeleg resolusjon i april 1959.

### **13.1 Offentleg teneste**

I denne perioden vart det ikkje lansert ny eller revidert språkpolitikk for offentlig teneste. Avsnitta nedanfor skal såleis brukast til å gje ei kort forklaring av stillstanden, mykje basert på Edvard Os si personleg farga, men grundige framstilling av offentlig mållovpolitikk mellom 1930 og 1960 (Os 1961).

I tråd med punkt 2 i forskrift til mållova bad Justisdepartementet alle kommunar velje nynorsk eller bokmål som tenestemål eller stille seg nøytrale. I desember 1933 var stoda slik at tre fylkesting og 208 byar og herad hadde valt bokmål, ni fylkesting og 266 herad nynorsk og tre fylkesting og 208 herad og byar hadde sagt seg nøytrale (Os 1961: 48). Mållova, føresegnene og kommunelista vart tekne inn i Statskalenderen for 1933, og pålegga til embets- og tenestemenn om å ta konsekvensane av dette, vart sende ut frå Justisdepartementet 29. desember 1933. Edvard Os meiner det «er ikkje noko å seia på måten og godviljen der [kommunalavdelinga i Justisdepartementet] til å gjera lova og føresegnene fullverkande så langt råd var» i 1930-åra (Os 1961: 48).

Gjennomføringa av lova gjekk likevel ikkje greitt. Mållova braut med den innarbeidde praksisen om at embets- og tenestemenn kunne bruke det skriftmålet dei ville, og straks etter at rundskrivet i desember 1933 var sendt ut, gjekk sorenskrivar Oskar Andersen i Valdres til sak mot staten med krav om sjølv å få bruke «riksmål (bokmål)» i Valdres sorenskriveri. Etter rundar i Oslo byrett og Eidsivating lagmannsrett tapte Andersen då Høgsterett kom med ein rettskraftig dom 26. mars 1938. Men Os meiner at departementet ikkje våga å gripe inn mot ulydnad mot mållova dei 4–5 åra rettssaka stod på, og to år etter kom krigen. Fram til 1945 var såleis oppfølginga av lova svært mangelfull (Os 1961: 51ff, Grønvik 1987: 275–282).

Etter krigen vart Edvard Os hyra inn som målkonsulent, fyrst i Forsvarsstaben og Forsvarsdepartementet. Frå 1947 var så Os engasjert som målkonsulent i Kyrkje- og undervisningsdepartementet med ansvar for tilsyn med målbruken i statstenesta. Ved ei forskriftsendring 18.4.1947 vart så tilsynsoppgåva overført frå Justisdepartementet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet (KUD). Etter at Os nådde aldersgrensa for fastlønte

offiserar i 1950, ville ikkje KUD vidareføre engasjementet, og nokon ny målkonsulent vart ikkje tilsett (Os 1961: 67ff).

Manglande handheving av mållova var opphavet til stadige klagemål frå Noregs Mållag, ikkje minst etter at Edvard Os i 1956 fekk eit uløna ombod i mållaget som konsulent for målbruk i offentleg teneste (Os 1961: 106). Den sviktande etterlevinga av lova var òg opphavet til interpellasjonsordskifte i Stortinget i 1953 og 1959 der statsrådar lova betring (Lundeby 1966: 79). Norsk språknemnd, sett ned i 1952, vart aldri tillagd oppgåver som hadde med statusplanlegging å gjere, det vil mellom anna seie tilsyn med og oppfylging av språkbruken i statstenesta. I 1966 kunne Vogt-komiteen dermed slå fast at reglane om målbruk i statstenesta «ikke... etterleves i utpreget grad» (Vogt-komiteen 1966: 17).

## 13.2 Opplæring

Stilla i statusplanlegginga er òg karakteristisk for opplæringsfeltet dei fyrste tiåra etter 1930. Folkeskulelovene frå 1889 vart 16. juli 1936 avløyste av *lov um folkeskulen på landet og lov om folkeskolen i kjøpstædene*. Dei fleste skuleslag fekk nye lover mellom 1935 og 1946, så dette var ein del av eit omfattande skulepolitisk reformarbeid. Men reformene omfatta ikkje språkløvgjevinga. Målparagrafane i dei nye skulelovene (§ 66 i landsskulelova og § 60 i byskulelova) var identiske både i innhald og struktur med dei som hadde stått i dei gamle folkeskulelovene etter den siste lovendringa i 1917 (KUD 1937: 29).

I 1959 vart dei to folkeskulelovene frå 1936 avløyste av ei ny felles *lov om folkeskolen* (10.4.1959), og paragraf 37 fekk overskrifta «Målet i skolen og val av lærebøker». Reglane frå 1936 (og 1917) vart i all hovudsak vidareførte, men målparagrafen vart no litt omstrukturert, og det vart gjort nokre mindre presiseringar og endringar som det skal gjerast greie for i det fylgjande. Regjeringa sitt framlegg til målparagraf (§ 36 i framlegget) var heilt identisk med den vedtekne målparagrafen (§ 37) – einaste unntaket var at ei overflødig setning i framlegget vart strøken utan at det endra meiningsinnhaldet (Ot.prp. nr. 30 1958; KUD 1959). Framstillinga held seg difor til grunngevingane i proposisjonen utan å gå inn på stortingsføreavinga.

Då Stortinget vedtok folkeskulelova i 1959, vart det gjort eit prinsippvedtak om å byggje ut folkeskulen til ein niårig obligatorisk einskapsskule. Den 1. mars 1963 oppnemnde regjeringa *Folkeskolekomitéen av 1963* som skulle lage framlegg til ei lov om niårig folkeskule, og tilrådinga frå komiteen kom 15. juni 1965. Då tilrådinga kom, hadde Vogt-

komiteen alt vore i arbeid halvtanna år, og folkeskulekomiteen hadde «derfor funni det rett ikkje å kome med framlegg om endringar når det gjeld dei prinsipielle spørsmåla» om språket i skulen (Folkeskulekomiteen 1965: 239). Føresegnene om målet i skulen var difor, med komiteens eigne ord, «i realiteten dei same som i» folkeskulelova frå 1959.

Den fylgjande gjennomgangen vil dermed ta føre seg lovene frå 1936 og 1959 og lovutkastet frå 1965 under eitt. Framstillinga byggjer hovudsakleg på Ot.prp. nr. 30 1958, sidan det var i 1959-lova at endringane i perioden kom. Folkeskulekomiteen si tilråding resulterte i grunnskulelova i 1969, men den kom etter tilrådinga frå Vogt-komiteen og vil bli handsama i neste kapittel. Der anna ikkje er nemnt, gjekk folkeskulekomiteen inn for føresegner om målet i skulen som var identiske med lova frå 1959, og det galdt dei aller fleste punkt.

Eit overordna mål med folkeskulelova frå 1959 var å «leggja tilhøva til rette for vidare styrking av folkeskolen på bygdene, så han jamt over kan bli like god som folkeskolen i byane» (Ot.prp. nr. 30 1958: 1). Vidare skulle lova gje kommunane høve til å innføre obligatorisk 9-årig grunnskule etter at det i nokre år var gjennomført forsøk med dette i utvalde kommunar. Departementet presiserte elles at «arbeidet med å byggja ut rasjonelle skoleeiningar må halda fram» (s. 2) og hevda at ein nøkkel til denne styrkinga var å ta ned talet på fådelt skular, altså gjennomføre skulesamanslåingar. Desse strukturendringane var i full gang i kommunane, og staten var òg i gang med ein omfattande kommuneinndelingsreform (Schei-komiteen) (Furre 1999: 284).

### **13.2.1 Skulekrinsen som kommunalt styrt språkterritorium**

#### ***13.2.1.1 Ordninga***

Fleire mindre endringar av språkopplæringspolitikken i perioden tok sikte på å styrkje avgjerdskompetansen til skulestyret på kostnad av krinsmøtet. Endringane medførte likevel ikkje flytting av avgjerdskompetanse frå folkevalde til ikkje-folkevalde organ: I 1959-lova vart særrepresentasjonen i skulestyret fjerna slik at det fullt ut sat folkevalde medlemmer i skulestyret (KUD 1959: 18 (§ 29)).

Krava til kvalifisert fleirtal for binding av skulestyret vart skjerpa. Minstekravet etter 1917- og 1936-reglane var i praksis at 34 prosent av dei røysteføre i krinsen kunne binde skulestyret dersom dei utgjorde fleirtalet på eit krinsmøte der minst 2/3 av dei røysteføre i krinsen møtte. Etter 1959-lova vart minstekravet sett til at over 40 prosent av dei røysteføre

i krinsen måtte røyste for det eine alternativet for at skulestyret skulle vere bunde til å fylgje det (KUD 1959: 22 (§ 37)).

Krinsen miste òg retten til å uttale seg om kva lærebøker som skulle brukast. Her vart avgjerda lagd til skulestyret, som skulle la *skulerådet* i kommunen uttale seg, eit nyskipa organ der skuleinspektørane og alle lærarane i kommunen sat. Eit par år før var dessutan ei departemental godkjenningssordning for lærebøker oppretta, og ei ny formulering i lova presiserte at skulestyret berre kunne velje godkjende lærebøker. Samstundes hadde lova framleis med regelen om at foreldre fritt kunne velje språk i andre lærebøker enn abc og lesebok uansett kva for mål krinsen hadde vedteke (KUD 1959: 21–22 (§§ 35–37)).

### **13.2.1.2 Argumentasjonen**

I den grad det vert argumentert for desse endringane i merknadene til målparagrafen (§ 36), ser me argumentasjonen i dei meir generelle drøftingane om skulestyret og krinsrøystingane si rolle (Ot.prp. nr. 30 1958: 30–31). Når no skulestyra var vortne fullstendig folkevalde, ville det «heilt ut representera *veljarane* i kommunen», meinte KUD. Dette tala for at målrøystingane i krinsen berre burde vore rettleiande, men departementet fann likevel «at tida ikkje er inne til å ta dette steget no». Det slår altså fast at representativt demokrati er like eller meir gunstig enn direkte demokrati – i tråd med korleis opplæringspolitikken elles vart styrd. Departementet sa då òg i merknadene til paragrafen at «ei av dei viktigaste oppgåvene for skulestyret vil bli å byggja ut og *samordna* skoleverket på lengre sikt» (s. 30).

Departementet meinte dessutan at val av lærebøker burde vurderast frå «pedagogisk synstad» (s. 31). Men jamvel om lova no sa at skulestyret berre kunne velje godkjende lærebøker, hadde ho framleis med regelen om at foreldre fritt kunne velje språk i andre lærebøker enn abc og lesebok uansett kva for mål krinsen hadde vedteke (sst).

Argumenta for å flytte meir avgjerdskompetanse frå krins til skulestyre ser då slik ut:

#### **Argument 1:**

Belegg: Skulestyret avgjer språksakene på like demokratisk vis som krinsmøtet.

Heimel: (Dersom) representativt demokrati/folkevald styring er viktig

Påstand: (så) må skulekrinsen vere eit kommunalt styrt språkterritorium.

Heimelen er både prosedural og styringskonsekvensialistisk: Argumentasjonen botnar i korleis prosedyrar kring distribusjon av språklege rettar skal skje på best mogleg måte, men desse prosedyrane må òg seiast å vere det uttrykk for politiske ynskemål.

### **Argument 2:**

Belegg: Skuleverket må byggjast ut og samordnast.

Heimel: (Dersom) generell samordning av opplæringa er viktig,

Påstand: (så) må skulekrinsen vere eit kommunalt styrt språkterritorium.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk. Legitimeringa av den språkpolitiske ordninga går på kva som er praktisk og effektivt.

### **Argument 3:**

Belegg: Lærebøker må vurderast frå pedagogisk synsstad.

Heimel: (Dersom) lærebøker skal vere pedagogisk forsvarlege,

Påstand: (så) må skulekrinsen vere eit kommunalt styrt språkterritorium.

Dette handlar om kva som er best for læringa til elevane, og heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

## **13.2.2 Språkleg homogenitet i krinsen**

### ***13.2.2.1 Ordninga***

Skulestyret – og krinsen – vart dessutan fråteke høvet til å innføre ulikt hovudmål i «einskilde klassar eller læreemne» slik målparagrafen i skulelovene både frå 1917 og 1936 hadde opna for. Det var berre språket for all skriftleg opplæring i «kvar krins» skulestyret no kunne fastsetje. Dei tidlegare lovene hadde dessutan sagt at det var kva mål den skriftlege opplæringa «til vanleg» skulle vere på, som skulle fastsetjast (KUD 1959: 29 (§ 66)). Dette atterhaldet vart stroke slik at skulestyret no skulle fastsetje for kvar krins «om det til skriftlege arbeid skal nyttast nynorsk eller bokmål» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30–31). Endringa kan altså tolkast som ei varsam styrking av krinsens homogenitetet eller eittspråklegheit, og ein kontekst ordninga dermed kan lesast inn i, er ålmenn standardisering og sentralisering av opplæringsordningane.

### ***13.2.2.2 Argumentasjonen***

Her er ingen eksplisitt argumentasjon i lovproposisjonen.



### **13.2.3 Vidareføring av fyrstespråk ved krinsregulering**

#### **13.2.3.1 Ordninga**

Dei to ordningane som er nemnde til no, kan sjåast på som utvikling av den territorielle tilnærminga. Denne vart likevel modifisert av at dei personlege rettane i den nye lova vart styrkte. Heller ikkje her er det snakk om store endringar, men tendensen er tydeleg.

Fleire av dei nye formuleringane i målparagrafen i 1959 var presiseringar av ordningar i tilfelle der krinsar vart slegne saman. Det kom no inn ei formulering som sa at «Når krinsar med ulikt opplæringsmål blir samanslegne, skal det alltid haldast ny røysting.» Det kom òg inn ein ny regel om at elevar som hadde gått minst tre år i skulen, hadde rett til å bruke same målet som før i skriftlege arbeid ved krinsregulering (Ot.prp. nr. 30 1958: 30).

#### **13.2.3.2 Argumentasjonen**

Det finst ingen eksplisitt argumentasjon for denne ordninga, men det kan likevel hevdast at ordet «rett» representerer eit belegg.

Argumentet for at elevane kan vidareføre fyrstespråket sitt etter krinssamanslåing, kan dermed setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Elevane har rett til å halde på fyrstespråket sitt.

Heimel: (Dersom) elevar har slike språklege rettar,

Påstand: (så) kan elevane vidareføre fyrstespråket sitt etter krinssamanslåing.

Dette er ein prosedural heimel som viser til ein deontologisk språkrett for elevar.

### **13.2.4 Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå i norsk**

Som nemnt ovanfor, hadde òg den nye lova med føresegnar om at for andre lærebøker enn abc og lesebok hadde eleven (foreldra) ein personleg rett til å fritt velje mellom nynorsk- eller bokmålsutgåva uansett kva for språk krinsen hadde fastsett. Poenget i avsnittet om lærebøker generelt i proposisjonen er å ta frå krinsen høvet til å meine noko som helst om lærebokval fordi det er eit pedagogisk spørsmål. På nett dette punktet om lærebokspråk er det ingen argumentasjon, det står berre «Derimot får foreldra rett til å velja læreboksgåver på nynorsk eller bokmål når det ligg føre parallellutgåver av desse bøkene» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30). Paragrafen er noko omstrukturert, men vert vidareført frå 1936 utan endring.

Om me held på at ordet «rett» òg her er eit belegg, ser argumentet slik ut:

### **Argument 1:**

Belegg: Foreldra har rett til å velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til skuleborna sine.

Heimel: (Dersom) foreldre har slike språklege rettar,

Påstand: (så) kan foreldre velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til borna sine bortsett frå i norsk.

Dette er også ein prosedural heimel som viser til ein deontologisk språkrett, for foreldre denne gongen.

## **13.2.5 Språklege parallellklassar**

### ***13.2.5.1 Ordninga***

Den største endringa kom med den styrkte retten til å skipe språkleg parallellklasse. I 1917- og 1936-paragrafane var vilkåra for å kunne opprette slike klassar at elevane «kan fylla ein heil klasse» og at det ikkje skulle føre til «nemnande meirutgift for heradet» (KUD 1937: 29 (§ 66)).

I den nye målparagrafen i 1959 vart parallellklasseretten vidareført, men vilkåret var eine og åleine talet på elevar utan omsyn til kommuneøkonomi og praktiske omsyn. Paragrafen lydde: «Dersom talet på elevar i klassen ikkje blir mindre enn 15, kan foreldra krevje at det blir skipa parallellklasse med anna opplæringsmål.» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30).

### ***13.2.5.2 Argumentasjonen***

Departementet grunngav føresegna primært med konfliktdempande omsyn. Det var òg grunngjevinga då ordninga vart innført i 1917 (sjå kap. 10.1.6.2). Føresegna ville vere «til stor hjelp på stader der det er språkkloyving», meinte departementet, dessutan ville ho «kunna føra til mindre strid om målet i skulen» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30). Belegga for parallellklasseordninga i 1959 var såleis behov for praktiske løysingar og «mindre strid».

Argumenta for ordninga med språklege parallellklassar kan då stillast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Parallellklassar vil vere til stor hjelp i språkkloyvde område.

Heimel: (Dersom) det trengst praktisk-politiske tiltak i språkkloyvde område,

Påstand: (så) må det vere rett til å skipe språklege parallellklassar.

Som han her er formulert, er dette ein styringskonsekvensialistisk heimel.

### **Argument 2:**

Belegg: Parallellklassar vil kunne føre til mindre strid om målet.

Heimel: (Dersom) det trengst språkfred,

Påstand: (så) må det vere rett til å skipe språklege parallellklassar.

Heimelen, som me har sett fleire gonger før for ulike ordningar, er integrasjonskonsekvensialistisk.

Parallellklasseordninga var òg det einaste punktet der folkeskulekomiteen av 1963 gjorde framlegg om ei realitetsendring i høve til målparagrafen frå 1959. Komiteen meinte kravet om 15 elevar var uklart, og om ein tolka kravet slik at «ikkje noen parallellklasse kan ha mindre enn 15 elevar, blir den retten foreldra har til å krevje parallellklasse bortimot illusorisk» (Folkeskulekomiteen 1965: 239). Komiteen kjem difor til at det bør vere høve til å dele ein klasse så sant kvar av klassane eller gruppene får minst 10 elevar. Klassedelinga skal gjelde alle timar på 1.–3. årssteg og norsktimane i 4.–7. årssteg, altså også fyrste året på ungdomssteget. Denne argumentasjonsanalysen skal enno ikkje gjerast så finmaska at det skal takast utgangspunkt i ulike parallellklassepolitiske påstandar. Slik skal det derimot gjerast seinare (sjå kap. 15.3). Her skal i staden den overordna argumentasjonen for parallellklasseordninga analyserast. Folkeskulekomiteen nyttar ordet «rett» om ordninga, og såleis kan argumentet sjå slik ut:

### **Argument 3:**

Belegg: Foreldra har ein rett til å krevje parallellklasse.

Heimel: (Dersom) foreldre har slike språklege rettar,

Påstand: (så) må retten til parallellklasse ikkje vere illusorisk.

Heimelen har me sett før – han er prosedural.

## **13.2.6 Fritt språkval i ungdomsskulen**

### **13.2.6.1 Ordninga**

Eit viktig føremål med 1959-lova var å førebu overgangen til obligatorisk niårig folkeskule, og kommunane fekk som nemnt høve i lova til å innføre to ekstra obligatoriske skuleår.

Heilt ny i folkeskulelova frå 1959 var såleis føresegna som sa at «Dei to siste åra i 9-årig obligatorisk skole avgjer eleven sjølv kva mål han vil nytta» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30).

Departementet presiserte i merknadene til paragrafen at ein her la seg på det som var ordninga i dei eksisterande ungdomsskulane, som framhaldsskulen, realskulen og forsøksordna linedelt ungdomsskule (Ot.prp. nr. 30 1958: 30). Lov om framhaldsskular frå 1946 slo i paragraf 23 fast at «Dei som går på skulen, vel sjølve om dei vil nytta nynorsk eller bokmål i skriftlege arbeid» (her etter Roald 1959: 176). I samband med at lova vart sett i verk sommaren 1947, sende departementet ut eit rundskriv (25.6.1947) der det vart presisert at det berre vart ytt statstilskot til tilleggstimar på grunn av klassesdeling i fag der opplæringa måtte vere særskild for gutar og jenter, som kroppsøving, helselære og handarbeid (Roald 1959: 176). Eit skulestyre hadde spurt om statstilskot til språkleg klassesdeling i ein klasse med 25 elevar der åtte hadde valt nynorsk. Det meinte departementet at det ikkje var høve til å gje i framhaldsskulen. Etter spørsmål frå eit anna skulestyre presiserte departementet at det heller ikkje var høve til å påleggje elevar å velje hovudmålet som fleirtalet i klassen hadde (sst).

Med bakgrunn i framhaldsskulelova frå 1946 vart det såleis etablert ei ordning, vidareført med folkeskulelova i 1959, at elevane på ungdomssteget hadde rett til å velje hovudmål sjølve, men ikkje til å gå i eigen (parallell)klasse.

### **13.2.6.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen er bygd på omgrepet *rett*: «Når det etter dette framlegget skal vera høve for kommunane å til å innføra 9-årig obligatorisk skole, bør elevane på ungdomsskolesteget ha same retten som dei no har, til å velja om dei vil bruka bokmål eller nynorsk.» (Ot.prp. nr. 30 1958: 30). Det vert ikkje argumentert ytterlegare. Proposisjonen eller lova seier elles ikkje noko om at det skal leggjast spesielt til rette for det språklege mindretalet, jamvel om ordninga ville medføre langt fleire språkblanda skular enn før. Sentralskulane var meir språkblanda, og mest sentralisert var ungdomsskulane, med det presset på nynorskelevane det kunne gje (Vogt-komiteen 1966: 4–9).

Argumentet for ordninga er slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Elevane skal etter ein viss alder fritt få velje fyrstespråk.

Heimel: (Dersom) elevar etter ein viss alder har ein slik språkrett,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for elevar i dei to siste åra på ungdomssteget.

Heimelen er prosedural.

#### **13.2.7 Opplæring på sidemålet**

Som me hugsar, slo målparagrafen frå 1892 fast at elevane skulle lære å lese både landsmål og det alminnelege bokspråket, og at lesebøkene måtte ha tilstrekkeleg stoff i båe målformer (sjå kap. 10.1.4). Ei identisk føresegn vart vidareført både i skulelovene frå 1936 og 1959 og i lovframlegget til folkeskulekomiteen frå 1965.

Ordninga med skriftleg opplæring og eksamen i begge skriftmål var lenge reservert for lærarskulen (1902), gymnaset (1907) og filologistudiet ved Universitetet (1908) og galdt såleis berre eit lite mindretal av ungdomskulla. Til middelskuleeksamen var det ikkje eiga skriftleg prøve i sidemål (Middelskolen 1911: 167). Då Stortinget vedtok ei ny *lov om høgre almenskoler* i 1935, vart det fastsett at elevane i realskulen òg skulle ha skriftleg opplæring i båe skriftmål. Prøva til eksamen skulle vere ei attforteljning (Heggelund 1997: 175).

I framhaldsskulen var det *ikkje* skriftleg opplæring eller prøving i sidemål etter framhaldsskulelova frå 1946 (Roald 1959: 176). Det var såleis sidemålsordninga i realskulen som vart vidareført på kursplan 3 i ungdomsskulen i forsøka med obligatorisk niårig folkeskule i 1960-åra. Dei skriftlege øvingane i sidemål skulle etter forsøksplanen frå 1960 byrje etter jul i 8. klasse. Avgangsprøva kunne vere sett saman av «diktat, omsetting, referat av framlagt tekst, tekst og svar på tilknyttede spørsmål, svar på framlagte brev, teksting av bilder, fortelling av historie over oppgitte ord og replikker» (Heggelund 1997: 176). Då folkeskulekomiteen i 1965 kom med framlegget til ny lov for ein niårig folkeskule, tok komiteen inn ei føresegn i målparagrafen som sa at «Dei to siste åra i 9-årig folkeskole skal elevane ha skriftleg opplæring i begge målformer» (Folkeskulekomiteen 1965: 238). Punktet er ikkje kommentert i merknadene til paragrafen, så ein kan ikkje lese nokon argumentasjon for ordninga ut av tilrådinga.

### **13.3 Oppsummering 1930–1965**

Me går til dei to fyrste problemstillingane for å oppsummere perioden (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Den formelle språkpolitikken for offentleg teneste gjennom denne lange perioden let seg kort oppsummere. Han var ei vidareføring av ordningane som vart innførde med mållova i 1930: Individuelle og kommunale/institusjonelle brukarar av statstenesta hadde ein positiv rett til at staten nytta det skriftspråket dei føretrekte. At brukarane nok *reelt sett* framleis ikkje hadde positive, men modifiserte negative rettar i offentleg teneste, er ikkje tema for denne avhandlinga. Det kan likevel vere ein kontekst for å forstå den vidare språkpolitikken for feltet.

På opplæringsfeltet ser ein sterkare einskapleggjering av språkbruken i ein krins, altså forsøk på å skape meir monolingvale språkterritorium. Med 1959-lova vart det slege fast ein klar politikk for at ein skulekrins anten har nynorsk eller bokmål som hovudmål, ikkje eit spekter av mellomløysingar som varierte mellom klassar, fag og lærebøker. Skulestyret vart altså fråteke høvet til å finne tospråklege mellomløysingar for krinsane.

Denne tydelegare territorielle tilnærminga vart likevel modifisert av like tydeleg utbygging av og nye personlege rettar. Retten til å ha lærebøker på fritt valt språk vart vidareført, og retten til å etablere språklege parallellklassar vart gjort langt meir tilgjengeleg. Så vart det innført ein ny rett til vidareføring av fyrste opplæringspråk ved skulesamanslåing og til fritt språkval på ungdomssteget. Dei fleste av desse personlege rettane er positive rettar for språkmindretalet i territoriet, men med eit visst unntak for den siste. Fritt språkval på ungdomssteget innebar ein positiv rett til å få eksamensoppgåver i det skriftspråket eleven valde. Elles var rettane på ungdomssteget modifisert negative og negative. Elevane hadde rett til å levere skriftlege arbeid i det skriftspråket dei valde, men hadde ingen rett til opplæring i fyrstespråket sitt eller til å bli møtte av dette språket frå lærarar eller skuleadminstrasjonen. Det var ingen rett til parallellklasse i framhalds- eller ungdomsskulen.

Såleis kan ein seie at det i perioden vart etablert éin språkpolitikk for barneskulen, éin for ungdomsskulen. Språkpolitikken for barneskulen var hovudsakleg territoriell. Det innebar utstrekke negative og positive rettar for språkfleirtalet i territoriet, men også personlege og positive rettar for mindretalet, med parallellklasseretten som den sentrale. Språkpolitikken

for framhaldsskulen og ungdomsskulen var derimot hovudsakleg personleg og basert på negative fridomar og modifiserte negative rettar for både språkfleirtalet og mindretalet.

Ordningane er i svært stor grad likebehandlingsordningar – det er ingen rettar eller ordningar som er oppe i dokumenta i perioden som kan kallast særordningar for det eine språket. Løftast fram skal likevel ei budsjettsak som ikkje er tematisert av dokumenta som er gjennomgatte. I 1962 vart Statens læremiddelutval sett ned av departementet og Den norske Forleggerforening for å bøte på læremiddelmangelen – dette gjaldt både nynorskbøker og andre «ønskede, men ikke utgitte» bøker (Lærebokutvalet 1972: 4). Forleggerforeningen stilte med 300 000 kroner mot at staten ytte ein tilsvarande sum, og midlane skulle fordelast etter innstilling frå lærebokutvalet. Mandatet til utvalet var å «fremme utgiingen [!] av mangelbøker, spesielt nynorskbøker, for de skoleslag som sorterer under Kirke- og undervisningsdepartementet», og grunngevinga var rett og slett at dette skulle «avhjelpe vansker ved læreboksituasjonen» (s. 5). Denne systematiske økonomiske støtta gjekk altså til utgjeving av nynorskbøker, ikkje bokmålsbøker, og kan dermed sjåast på som eit særbehandlingstiltak.

Ein kan elles merke seg at kompetansen og makta til skulestyret vart noko styrkt på kostnad av krinsmøtet i perioden. Gjennom den nye ordninga for lærebokval kan ein dessutan sjå ein viss tendens til at fagstyret vart styrkt på kostnad av politisk styring.

Dei institusjonelle endringane kom i stor grad som resultat av ynsket om statleg standardisering og sentralstyring av skulen. I den grad det vart argumentert, ser det ut som at skulestyret si elles viktige rolle i opplæringa i seg sjølv tener som ein type styringskonsekvensialistisk argumentasjonsheimel. Såleis kan heimlinga minne om den me såg i 1889/1892. *Jamstilling* er ikkje nytta som prosedural heimel, men det tyder ikkje at argumentasjonen for den territorielle politikken i perioden slett ikkje er prosedural: Det vert argumentert med at avgjerdsrett bør liggje til representative organ, ikkje direkte val. Endringane går altså ikkje ut på å oppløyse krinsen som språkområde, men å justere kven som skal avgjere språket i desse krinsvise språklege territoria.

Ordningane med vidareføring av skriftmål ved skulesamanslåing og til lærebøker på fritt valt språk vart i 1959 slegne fast som *rettar*, og altså proseduralt heimla. Den offentlege argumentasjonen for parallellklasseordninga endrar seg noko: Ordninga går frå å vere belagt som språkfred og praktiske løysingar i 1959, til å bli karakterisert som ein rett for foreldra i 1965. Heimlinga går altså frå å vere hovudsakleg integrasjonskonsekvensialistisk til

prosedural. Kanskje like interessant er definisjonen av rettshaldaren: Det er ikkje *språkmindretalet*, men *foreldre* som skal ha rett til å etablere språklege parallellklassar. Parallellklasseretten er altså ikkje knytt til (mindretals)språksamfunn, men til brukargrupper.

Argumentasjonen for fritt språkval i ungdomsskulen er også heimla proseduralt i og med uttrykket «rett», men er elles finn me i liten grad argument for denne ordninga. Dette fortel vel iallfall om to tilhøve: For det fyrste var ordninga allereie etablert i tidlegare skuleslag, og vart no berre vidareført. Dessutan tyder materialet mitt på at personlege språkpolitiske rettar som ikkje inneber særbehandling av éi språkgruppe, generelt treng lite legitimering – så fram det ikkje er praktiske motargument som må møtast.

Ordninga med opplæring på det norske andrespråket, altså sidemålsordninga, finst det i liten grad open argumentasjon for.



## 14 1966–1970: Nye innstillingar om språksaka

Dette kapitlet analyserer ei dokumentklynge som startar i den såkalla Vogt-komiteen si innstilling. Innstillinga kom våren 1966, og på grunnlag av denne la den borgarlege koalisjonsregjeringa til Per Borten fram stortingsmelding nr. 15 (1968–69) *Om språksaka* 21. november 1968, som vart handsama i Stortinget 19. mai 1970. At Vogt-innstillinga og ikkje minst stortingsmeldinga er store og grundige språkpolitiske dokument, er i seg sjølv noko som gjer dei interessante. Men så er Vogt-arbeidet òg viktig fordi komiteen tok eit oppgjær med den etablerte offentlege korpusplanlegginga, altså samnorskpolitikken, som òg fekk konsekvensar for statusplanlegginga. Komiteen formulerte eit klart ynske om språkfred, og så er det nok eit meir ope spørsmål om han meinte dette burde innebere ein permanent tospråkssituasjon.

I føredraget til resolusjonen om å setje ned ein slik komité seier Kyrkje- og undervisningsdepartementet at å ta vare på og utvikle det norske språket er ei «kulturoppgåve av første rang», men òg at «i vårt land er dette odlingsarbeidet vanskeleg, dels fordi vi til ein viss grad er eit språkkløyvt folk, dels fordi presset på språket utanfrå er sterkt.» Såleis meiner departementet at «vi treng å koma bort frå slik innbyrdes strid som kan verke forarmande og steriliserande på språket. Vi må byggje på prinsippet om jamstelling mellom våre målformer og gjensidig respekt mellom språkgruppene.» (Vogt-komiteen 1966: 3). Eit eksplisitt politisk mål for nemndsarbeidet var altså få bukt med språkstriden.

Den aktive og stadig meir omstridde rolla til staten i samnorskpolitikken var òg ein kontekst, om enn mindre direkte formulert (Haugen 1969: 228ff). Vogt-komiteen tok sjølv eksplisitt avstand frå eit samnorskprogram som «under tvang vil fremkalle brudd i tradisjoner som er levende i språket, og derved føre til tap av vesentlige verdier.» (Vogt-komiteen 1966: 9). Kvar av skriftspråka har ein verdi som kvar for seg må ivaretakast – også som *form*, altså ikkje som eit felles samnorsk:

[De] to kulturtradisjoner i vårt land, hver med sine historiske forutsetninger, har fått sitt uttrykk i to skriftspråktradisjoner med hver sitt innhold og sin form. Begge tilhører vår felles kulturarv, og meget ville være oppnådd om vi kom dit at flertallet

av vårt folk, enten de sokner til bokmålet eller nynorsken, var villig til å betrakte begge kulturtradisjoner og skriftspråktradisjoner som en felles eiendom. (s. 8).

Vogt-innstillinga skapte stor språkpolitisk debatt. Målrørsla var jamt over negativ til framlegga, medan riksmålsrørsla var positiv. I min samanheng er innstillinga interessant fordi forslaga hennar samla sett peikar mot meir negative rettar og ein mindre territorielt basert språkpolitikk enn det som var etablert gjennom målparagrafen av 1892 og mållova av 1930, og fordi ho har fungert som ei argumentasjonskjelde for slike språkpolitiske posisjonar i offentlege dokument heilt fram til i dag.

Dessutan er det sjølvsagt viktig at innstillinga vart eit førearbeid for fleire nye lover. Komiteen som førebudde den nye grunnskulelova (folkeskulekomiteen av 1963) hadde, som nemnt, utsett dei fleste avgjerder om språk i skulen til Vogt-komiteen. Såleis fungerte komiteens arbeid som førearbeid for både ny grunnskulelov i 1969 og for ny lov om vidaregåande opplæring i 1974. På feltet offentleg teneste fungerte innstillinga som førearbeid for lov om Norsk språkråd i 1971 og endeleg for ny lov om offentleg målbruk i 1980.

Både grunnskulelova, lov om vidaregåande opplæring, lov om Norsk språkråd og den nye mållova har kvar sine sett med eigne førearbeid; dokumentklynger som skal analyserast i seinare kapittel. I det fylgjande held me oss til dei dokumenta som var ei direkte behandling av Vogt-komiteens innstilling, jamvel om desse naturlegvis peika fram mot lovene som skulle kome, nemleg stortingsmeldinga (St.meld. nr. 15 1968–69) og kyrkje- og undervisningskomiteen si innstilling (Innst. S. nr. 189 1969–70).

Vogt-innstillinga, stortingsmeldinga og komitéinnstillinga vert altså behandla samla. Vogt-komiteen gjorde eit forsøk på å sjå språkpolitikk under eitt etter at han i røynda hadde slutta å vere eitt, det vil seie etter at det var bygt opp institusjonelle skilje mellom språkopplæringsfeltet og kultur- eller offentleg teneste-feltet. Dokumenta vert såleis behandla som dei vart i førre analysekapittel: Fyrst skal ordningane og argumentasjonen analyserast under kvar av dei ulike språkpolitiske ordningane som vert føreslegne eller føreslegne reviderte på feltet offentleg teneste, deretter vert det same gjort på opplæringsfeltet. Når det gjeld opplæring, skal likevel nokre punkt i innstillinga til kyrkje- og undervisningskomiteen frå 1970 ikkje førehavast. Årsaka er at komiteen sjølv her vel å ikkje drøfte ein del av sakene i Vogt-innstillinga, fordi desse på dette tidspunktet alt var

ferdigbehandla og gjort vedtak om i behandlinga av den nye grunnskulelova som vart vedteke året før.

## **14.1 Offentleg teneste**

Fem spørsmål skal her takast opp, spørsmål som kan forståast som dei vesentlegaste frå og dekkjande for feltet offentleg språkbruk frå behandlinga av Vogt-innstillinga. Det fyrste går på kor vidt statskontora skulle kunne seie seg nøytrale, det vil seie; om kor vidt det skulle vere fritt val av språk for statstilsette eller om språkbruken i og frå staten skulle bestemast av brukaren (person, kommune, anna institusjon). Sistnemnde ordning var, som me veit, gjeldande lov (sjå kap. 10.2.1 og 13.1). Det andre er spørsmålet om fylkestinget skulle vedta språk for fylkeskommunen, eller om dette skulle vere bestemt av fleirtalet av kommunane i fylket. Sistnemnde var gjeldande lov (sjå kap. 13.1). Det tredje spørsmålet dreier seg om det skulle fastsetjast ein viss prosent for tekstproduksjon på nynorsk i staten, eller om ein skulle oppmode om eit rimeleg tilhøve mellom nynorsk og bokmål. Føresegnene frå 1932 slo fast at det skulle vere «rimeleg samhøve i mengd på baa mål» (Målbrukslova 1932: pkt. 5b). Det fjerde spørsmålet som vert drøfta, er spørsmålet om det burde opprettast ei tilsynsordning for mållova. Som vist i førre analysekapittel, vart mållova i liten grad fylgd etter 1930 (sjå kap. 13.1). Det femte spørsmålet går på om det trengst eit nytt språkråd som erstatning for Norsk språknemnd.

### **14.1.1 Fritt val av språk for statstilsette**

#### ***14.1.1.1 Ordninga***

Vogt-komiteen gjorde framlegg om to endringar i 1930-lova og forskriftene frå 1932 og 1947. Eitt av dei var at statskontor skulle kunne seie seg nøytrale. Det ville innebere at dei tilsette fekk nytte det skriftspråket dei sjølve føretrekte, men at leiar for kontoret hadde ansvar for at den som vende seg til staten framleis «vanlegvis» fekk svar på det språket han ville (Vogt-komiteen 1966: 19). Dette hadde altså ikkje berre konsekvensar for kva språk borgarar og institusjonar kunne rekne med å få svar på frå den sentrale staten, men òg for om vedtak i territoria/kommunane kunne bestemme kva for språk dei statlege kontora i kommunane skulle drivast på.

#### ***14.1.1.2 Argumentasjonen***

Komiteens rekontekstualisering av det ukonsoliderte ved jamstillingsomgrepet er viktig i argumentasjonen for fritt val av språk for statstilsette. Tyder jamstilling formell *likestilling*

eller *likeverd*, som ein diskuterte i førearbeida kring 1930 (sjå kap. 4.2.2 og 10.3)? Vogt-komiteen brukar plassen til å argumentere for synet til mindretalet i 1930, som gjekk ut på at jamstilling tyder likeverd, og at statstilsette dermed må kunne velje fritt mellom dei like verdige språka:

Den ordning som lettest lar seg praktisere, er den som mindretallet gjorde seg til talsmann for, nemlig at begge språkformer skulle være likeverdige i offentlige dokumenter og at enhver i de brev han undertegner, bruker den språkform han selv foretrekker. Med det alminnelige utdannelsesnivå vi har i vårt land vil alle mennesker kunne forstå innholdet i offentlige brev uansett språkform. (Vogt-komiteen 1966: 17)

Komiteen problematiserer såleis plikta som 1930-lova gav den einskilde statstilsette til å nytte baa språk. Han slår fast at «Det... neppe [er] til å unngå at statstjenestemenn i sitt arbeid foretrekker den språkform de selv er mest fortrolig med». (s. 17), og at det tykkjast umogleg å sameine (det negative) prinsippet om den einskilde sitt frie val av språk med andre sin (positive) rett til å krevje eit bestemt språk. Såleis fungerer valet av omgrepet «språkleg likeverd» som eit belegg for komiteens prioritet av den negative og personlege språkretten til statstilsette.

Komiteen hevdar dessutan at språkplikta for statstilsette fører til konflikt. Difor meiner han at i staden for den språklege tenesteplikta bør tospråkleg likeverd i statsadministrasjonen oppnåast gjennom «gradvis avspenning i den språkpolitiske strid», «en endring i det språkpolitiske klima med større gjensidig toleranse» og «fornuftig språklig samarbeid» (s. 18).

Det er dermed fire argument for den personlege, fritt valde språkretten for statstilsette. Dei kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Jamstilling tyder at baa språk er like verdige.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for den statstilsette.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Det er enklast å praktisere ordninga som mindretalet føreslo i 1930.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal vere gjennomførbar,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for den statstilsette.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **Argument 3:**

Belegg: Ein person sitt frie val av språk kan ikkje sameinast med andre sin rett til å krevje eit bestemt språk frå denne personen.

Heimel: (Dersom) negative språkrettar er rette,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for den statstilsette.

Heimelen er prosedural på det viset at han botnar i det som er rettvist. Han kan for så vidt òg tolkast som eit meir eksplisitt innlegg for særleg rettferdssyn, og er i så fall styrings- eller integrasjonskonsekvensialistisk.

### **Argument 4:**

Belegg: At statstilsette får bruke sitt eige språk, vil medføre mindre konflikt.

Heimel: (Dersom) det trengst meir språkfred,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for den statstilsette.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

## **14.1.2 Fritt val av språk for brukarane av statstenesta**

### ***14.1.2.1 Ordninga***

Vogt-komiteen sitt framlegg om fritt språkval for statstilsette fekk ikkje støtte i den politiske behandlinga. Det var gjeldande lov om at språket i statstenesta vert bestemt av brukarane, som fekk fleirtal her. Argumentasjonen for føresegnene frå 1932 som han kjem fram i stortingsmeldinga om Vogt-innstillinga, skal dermed òg handsamast her (St.meld. nr. 15 1968–69). Dei to motstridande synspunkta vert sette opp som to påstandar.

### ***14.1.2.2 Argumentasjonen***

Presentasjonen av høyringsrunden i stortingsmeldinga som behandla Vogt-innstillinga, viser at riksmålsrørsla gav komiteen støtte når det galdt fritt val av språk for statstilsette. Noregs

Mållag og nynorsk kommunane hevda på den andre sida det same jamstillingsomgrepet som fleirtalet i 1930-diskusjonane; at fleirtalsynsket i eit territorium skal vere avgjerande for målbruken i offentleg teneste både sentralt og lokalt, og at tenestemennene skal rette seg etter folkeviljen (St.meld. nr. 15 1968–69: 14). Her skal det ikkje gjerast noko argumentasjonsanalyse av synspunkta til høyringsinstansane, men ein kan slå fast at baa språkpolitiske partar argumenterer proseduralt for syna sine. Innbyggjarane skal anten ha ein positiv rett, territorielt og demokratisk organisert, til å avgjere dei lokale statskontora sin språkbruk kombinert med ein positiv personleg rett til å avgjere kva språk som staten skal bruke i korrespondanse. Eller det skal vere ein negativ, personleg rett for dei statstilsette til å nytte det språket ein sjølv vil. Her er det altså spørsmål om kven som er rettshaldar og om negative eller positive rettar.

Departementet på si side meiner spørsmålet om å nytte baa språkformer i administrasjonen har med heilt andre tilhøve å gjere: «For departementet er det i høg grad eit spørsmål om kommunikasjon», seier stortingsmeldinga (St.meld. nr. 15 1968–69: 18). Departementet meiner at folk flest ikkje skjønar baa skriftspråk like godt, og at det er viktig at den som vender seg til staten, «får eit svar han skjønar rett» (s. 18). Den som spør og den som svarer står ikkje likt, og difor må statstilsette kunne svare på brev i baa skriftspråk.

I stortingsmeldinga argumenterer altså departementet mot Vogt-komiteen sitt framlegg om fritt val av språk for statstilsette og for den gjeldande føresegna om fritt valt språk for brukarane av statstenesta på fylgjande vis:

### **Argument 1:**

Belegg: At statstilsette får bruke sitt eige språk, vil føre til kommunikasjonsvanskar.

Heimel: (Dersom) det trengst god kommunikasjon mellom stat og borgarar,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for brukarane av statstenesta, ikkje fritt val av språk for den statstilsette.

Departementet går altså utanom prosedurale argumentasjonsheimlar for denne ordninga. I staden er heimelen deliberasjonskonsekvensialistisk: Kommunikasjon trengst.<sup>34</sup>

---

<sup>34</sup> Det er mogleg å tolke dette som ein departemental strategi for å sleppe å ta stilling til spørsmålet om rettshaldarar.

Departementet prøver òg å klare opp i diskusjonen om kva det vil seie at eit statskontor skal ha lov til å erklære seg nøytralt, eit prinsipp som det i og for seg stør. Nøytralitet skal ikkje innebere at einskildtilsette skal stå språkleg fritt i all sin korrespondanse, meiner departementet, men at dei står fritt «når kontoret vender seg til enkeltadressatar som ein ikkje kjenner språkønsket til, eller som sjølve har sagt seg nøytrale» (St.meld. nr. 15 1968–69: 19). Dette er ei oppklaring som vert støtta av innstillinga til kyrkje- og undervisningskomiteen (Innst. S. nr. 189 1969–70: 279–280).

Fleirtalet i kyrkje- og undervisningskomiteen stør stortingsmeldingas påstand om språkleg tenesteplikt for den statstilsette, men argumentasjonen avvik (Innst. S. nr. 189 1969–70: 279). Belegget til komiteen går ut på at brukarane av statstenesta har ein positiv *rett* til svar på eige språk, og argumenterer såleis for plikta til den tilsette:

Det har, som nevnt, vært hevdet at det er umulig å forene prinsippet om den enkeltes frie valg av språkform med prinsippet om andres rett til å kreve en bestemt språkform... Komiteen vil imidlertid peke på at plikten til å nytte begge målformer etter nærmere fastsatte retningslinjer også kan betraktes som en tjenesteplikt. Ved å ta en stilling hvor dette er klart angitt i tilsetningsvilkårene, har tjenestemannen (frivillig) påtatt seg en plikt som prinsipielt sett ikke er av annen karakter enn en rekke andre plikter som påhviler stillingen (s. 279).

Komiteens argument for at det er brukarane som skal avgjere statsspråket, ikkje dei tilsette, kan såleis sjåast slik:

### **Argument 2:**

Belegg: Den statstilsette har ei tenesteplikt til å bruke baa språk.

Heimel: (Dersom) brukarar av statstenesta har positive språkrettar,

Påstand: (så) må det vere fritt val av språk for brukarane av statstenesta.

Komiteens argumentasjonsheimel er prosedural. Slik heimla, som me har sett, òg Vogt-komiteen påstanden, men med motsett føreteikn. Men det gjorde altså ikkje departementet.

### **14.1.3 Fylkestinget vel sjølv språk**

#### **14.1.3.1 Ordninga**

Det andre framlegget som Vogt-komiteen hadde på feltet offentleg språkbruk, var at språket i fylkeskommunen skulle avgjerast av vedtak i fylkestinget, motsett gjeldande praksis der

målbruk i fylkeskommunen var ein funksjon av vedtak i kommunuane. Den konkrete konsekvensen av dette ville vere færre forvaltningseiningar med nynorsk som administrasjons- og tenenestemål, fordi dei største kommunane med flest representantar i fylkestinget oftast var bokmålskommunar.

#### ***14.1.3.2 Argumentasjonen***

I Vogt-innstillinga finst argumentasjonen for dette framlegget kanskje klarast her:

«Kommuner og fylkeskommuner skal gjennom sine folkevalgte organer, kunne velge språkform for sin egen administrasjon.» (Vogt-komiteen 1966: 18).

Argumentet kan dermed sjå slik ut:

#### **Argument 1:**

Belegg: Folkevalde organ vel språkform.

Heimel: (Dersom) folkevalde organ har ein slik rett,

Påstand: (så) må fylkeskommunen ved fylkestinget sjølv velje språk.

Heimelen er delvis prosedural, delvis styringskonsekvensialistisk på ein måte som me har sett fleire døme på tidlegare. Han er prosedural dersom han formulerer eit ynske om rettferdig forvaltning av språkrettar og språkpolitikk, styringskonsekvensialistisk i den grad han uttrykkjer eit samordnings- og straumelineformingsynske, og såleis eit realpolitisk omsyn.

Stortingsmeldinga stør komitéframlegget: «Departementet finn det naturleg at fylkestinget sjølv vel språkform for fylkeskommunen eller seier han nøytral.» (St.meld. nr. 15 1968–69: 19). Komiteen er samd med stortingsmeldinga og Vogt-komiteen, utan ytterlegare argumentasjon (Innst. S. nr. 189 1969–70: 280).

Me kan såleis setje opp det andre argumentet for at fylkeskommunen (fylkestinget) sjølv avgjer språk:

#### **Argument 2:**

Belegg: Det er naturleg at fylkestinget sjølv vel språkform for fylkeskommunen.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal vere naturleg,

Påstand: (så) må fylkeskommunen ved fylkestinget sjølv velje språk.



Det er ikkje nødvendigvis lett å karakterisere heimelen for eit slikt kvasiargument, men me kan kanskje seie at dette er ein styringskonsekvensialistisk heimel som peikar mot det som er vanleg og lettvent.

#### **14.1.4 Rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk**

##### ***14.1.4.1 Ordninga***

Vogt-komiteen gjorde altså konkret framlegg om eit par språkpolitiske ordningar. I tillegg nytta han høvet til å uttale seg om nokre forslag om språk i statstenesta som hadde vore oppe i den offentlege debatten, men som ikkje var ein gjeldande del av mållova. Det eine av desse var kvantitativ fastsetjing av ein nynorskprosent i staten, noko som då særleg ville gjelde for rundskriv, kunngjeringar og ålmenn informasjon.

##### ***14.1.4.2 Argumentasjonen***

Diskusjonen om kvantitativ fastsetjing av nynorsk i staten er kanskje den som kan knytast tettast opp til usemja om kor vidt ein skulle nytte omgrepet *likeverdig* eller *jamstilling* om tilhøvet mellom nynorsk i bokmål i offentleg teneste (sjå kap. 10.3). Fleirtalet i Vogt-komiteen la seg som me har sett på fyrstnemnde, i tråd med mindretalet frå handsaminga av 1930-lova (Vogt-komiteen 1966: 15), men i eit eige lovutkast om offentleg målbruk og målvern nytta komitémedlemene Ivar Eskeland og Johs. Aanderaa ordet *jamstilling* i staten (jf. St.meld. nr. 15 1968–69: 13).

Komiteens uttrykk «språkleg likeverd» er òg her eit belegg, det vil seie: Å *ikkje* bruke *jamstilling* fungerer som eit belegg for å avvise kravet om at staten skulle produsere ein viss prosent nynorsk: «Krav om kvantitativ likestilling er ikke realistiske og alle forsøk på en prosentvis fordeling mellom de to skriftspråk vil ikke bare være kunstig, men også bety meget ekstraarbeid og nye byrder på det offentlige administrasjonsapparat» (Vogt-komiteen 1966: 17). Komiteen meinte ein heller burde tilstreve eit «rimelig forhold mellom mengden på begge språk» (s. 19).

Her er såleis tre argument *mot* kvantifisering og *for* ei rundare bestemming om eit rimeleg kvantitativt tilhøve mellom språka i staten:

### **Argument 1:**

Belegg: Jamstilling tyder at b e spr k er like verdige.

Heimel: (Dersom) spr kleg jamstilling er rett,

P stand: (s ) m  det vere eit rimeleg tilh ve mellom nynorsk og bokm l i staten.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Ei prosentvis fordeling mellom dei to skriftspr ka vil vere kunstig og urealistisk.

Heimel: (Dersom) spr kpolitikken skal kjennast naturleg og realistisk,

P stand: (s ) m  det vere eit rimeleg tilh ve mellom nynorsk og bokm l i staten.

Heimelen m  vel kallast styringskonsekvensialistisk: Spr kpolitikken skal framst  som akseptabel, ford yeleg og reell for folk.

### **Argument 3:**

Belegg: Ei prosentvis fordeling mellom dei to skriftspr ka vil innebere mykje offentleg ekstraarbeid.

Heimel: (Dersom) spr kpolitikken skal vere lett   gjennomf re,

P stand: (s ) m  det vere eit rimeleg tilh ve mellom nynorsk og bokm l i staten.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Stortingsmeldinga nemner ikkje dette saksomr det, og departementet kritiserer heller ikkje Vogt-komiteens bruk av omgrepet likeverd. Det har «s leis ingen merknader til § 1 i komiteens lovframlegg» (St.meld. nr. 15 1968–69: 20).

## **14.1.5 Kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg m lbruk**

### **14.1.5.1 Ordninga**

Jamvel om departementet i stortingsmeldinga ikkje uttaler seg om saka, gjer kyrkje- og undervisningskomiteen det. Fleirtalet i komiteen er usamd med Vogt-komiteen og argumenterer *for* at det skal vere kvantifisering av skriftspr ka i statstenesta, eller rettare sagt: «at en b r veksle mellom de to m lformer og, i den utstrekning det er mulig, ta sikte p  kvantitativ likestilling» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 279). Det same m tte gjelde ved utarbeiding av proposisjonar og stortingsmeldingar.

### **14.1.5.2 Argumentasjonen**

Kyrkje- og undervisningskomiteen argumenterer ikkje for denne påstanden.

Det skal nemnast at bruken av omgrepet *likeverd* løyste ut ein del diskusjon i høyringsrunden om og den politiske behandlinga av Vogt-innstillinga. Fleire høyringsinstansar støtta Eskeland og Aanderaa sitt framlegg om å nytte *jamstilling* i staden (St.meld. nr. 15 1968–69: 13). Frå høyringsrunden rapporterer då òg stortingsmeldinga at det frå «nynorsksida» er sagt at likeverdet burde syne seg i ei jamstilling som også er kvantitativ, det vil seie 50–50, når det gjeld bruk av begge språkformer i statstenesta (s. 13). Mot dette synet går Riksmålsforbundet, som legg «et noe annet semantisk innhold’ i jamstilte enn i likeverdige» og som «advarer mot dette ord (jamstilte), som leder tanken hen på kvantitativ likestilling, noe som ut frå det faktum at nynorsken bare representerer 20% av befolkningen, ville være urimelig.» (sst). Såleis får me stadfest at *likeverd* i realiteten fungerte som eit motomgrep til *jamstilling* i konteksten offentleg målbruk.

### **14.1.6 Tiltak for tilsyn av mållova**

#### **14.1.6.1 Ordninga**

Den andre ordninga som galdt språk i statstenesta som Vogt-komiteen uttalte seg om, men som han ikkje fremja eit konkret framlegg om, var oppfylging og kontroll av språklovgjevinga. Komiteen er positiv til å gjenopprette ei konsulentstilling for målbruk i statstenesta, som skal «føre tilsyn med den administrative gjennomføringa av forskriftene for målbruk i statstjenesten», gjerne i samråd med det «språkvernrådet» som komiteen òg gjer framlegg om (Vogt-komiteen 1966: 19).

I stortingsmeldinga seier departementet at det kanskje bør vere ein juridisk konsulent knytt til sekretariatet for det nye «språkvernrådet» som skal avløyse Norsk språknemnd. Denne konsulenten kan òg ta seg av spørsmål i statstenesta, og dermed trengst ingen eigen statleg målkonsulent (St.meld. nr. 15 1968–69: 18). Kyrkje- og undervisningskomiteen gjer då òg framlegg om oppretting av ei stilling som konsulent for målbruken i statstenesta, ei stilling som komiteen meiner ikkje nødvendigvis skal vere knytt til det nye språkrådet (Innst. S. nr. 189 1969–70: 280).

#### **14.1.6.2 Argumentasjonen**

Vogt-komiteen har lita tru på streng kontroll av praktisering av lova. Å gripe inn i med «detaljerte bestemmelser... er ikke lett, og man risikerer snarere å øke vanskelighetene enn

å lette dem», hevdar komiteen, og han «antar at forsøk på en streng kontroll ville føre til enda større vanskeligheter» (Vogt-komiteen 1966: 17). At språkpolitikken må vere praktisk gjennomførbar og ikkje medføre store vanskar, er altså òg den sentrale grunngevinga for å ikkje lage strenge kontrollordningar. Det finst ingen open argumentasjon *for* ei tilsynsordning, men me kan kanskje sjå han meir meir implisitt i formuleringar som dette: «Komiteen vil understreke det viktige i at de gitte regler etterleves.» (s. 19).

Dermed kan argumentet for tiltak for tilsyn av mållova under tvil formulerast slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Reglar må etterlevast.

Heimel: (Dersom) reglane i mållova skal etterlevast,

Påstand: (så) må det etablerast tiltak for tilsyn av mållova.

Heimelen kan vere styringskonsekvensialistisk i tydinga «Ordnung muss sein», men òg prosedural: Det er rettvist og demokratisk at lover og prosedyrar vert fylgde.

Departementet har ingen belegg for påstanden om tilsyn av mållova, her finst berre ei fastslåing av at oppfylging trengst. Det same gjeld for komiteens framlegg i innstillinga.

## **14.1.7 Eit nytt språkråd**

### **14.1.7.1 Ordninga**

Framlegget om ei ny språknemnd, eit råd eller eit akademi hang nært saman med Vogt-komiteens mål om tiltak for å roe språkstriden. Av ulike grunnar vurderte ikkje komiteen Norsk språknemnd som eit fruktbart organ for ei ny språkpolitisk orientering. Éi årsak var nemndas føremålsparagraf om tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn: «Den har dels vært tolket så snevert at det umuliggjør medlemskap i nemnda for personer som ikke deler dette språkpolitiske syn.» (Vogt-komiteen 1966: 43). Ei anna årsak var arbeidsoppgåvene til språknemnda. Eit nytt råd bør setjast saman «på et noe annet grunnlag enn Norsk språknemnd, som hovedsaklig har normerende oppgaver», meiner komiteen (s. 44). Dette heng igjen saman med spørsmålet om representasjon: Om rådet skal uttale seg om språkpolitiske spørsmål «i den videste betydning av dette ordet», vil det kunne skje med større tyngd «dersom de forskjellige språkorganisasjoner oppnevner representanter på fritt grunnlag ved siden av faglige institusjoner og organisasjoner» (sst). Det nye rådet må altså ha «rent språkpolitiske oppgaver», men «hvor et faglig utval varetar de oppgaver

som i dag tilligger Norsk språknemnd» (sst). Rådet skal delast i ein nynorskseksjon og ein bokmålsseksjon.

I stortingsmeldinga slutta departementet seg i hovuddraga seg til Vogt-komiteens framlegg (St.meld. nr. 15 1968–69: 72ff), og det same gjorde stortingskomiteen (Innst. S. nr. 189 1969–70: 286).

#### **14.1.7.2 Argumentasjonen**

Ein av dei viktigaste konklusjonane Vogt-komiteen påstår å ha trekt frå arbeidet sitt, er «at det er mulig gjennom drøftelse mellom personer av de forskjelligste språkpolitiske oppfatninger å nå frem til konkrete resultater, til en modus vivendi som kan sikre de enkeltes rettigheter uten å krenke andres» (Vogt-komiteen 1966: 42). Difor trengst det eit permanent organ som kan diskutere alle problem og stridspunkt og freiste finne løysingar og ordningar. Oppgåvene til eit slikt organ bør fyrst og fremst vere konstruktive og byggjande, seier komiteen, og det vert òg presisert at «økonomiske hensyn ikke bør stille seg hindrende i veien for gjennomføringen.» (s. 42)

Eit slikt nytt organ skal altså «søke løsninger på de mange reelle problemer som språkstriden har reist og som har dype røtter i vår historie» (s. 43), «skape større gjensidig forståelse, større toleranse og større respekt for andres syn» (s. 44), noko som kan «føre til former for samarbeide som sikre språklige rettigheter, enten de tilhører et flertall eller et mindretall.» (s. 44). Det er jamt over langs desse linene argumentasjonen går, oppsummert i formuleringa om at eit nytt språkråd «vil kunne føre til en oppmyking av de skarpe frontlinjer som har preget norsk språkdebatt» (sst). I tillegg seier komiteen at det nye organet òg vil kunne «peke på konstruktive tiltak til vern om vår språkarv og styrke den alminnelige interesse for språkdyrking» (sst).

Vogt-komiteens argument for eit nytt språkråd ser då slik ut:

#### **Argument 1:**

Belegg: Det trengst eit modus som sikrar den einskilde sine rettar utan å krenke andre sine.

Heimel: (Dersom) einskildindivid har slike ukrenkjelege språkrettar,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er prosedural.

**Argument 2:**

Belegg: Opprettinga av eit nytt språkråd er viktigare enn økonomiske omsyn.

Heimel: (Dersom) økonomiske omsyn av og til må vike,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Dette er ein type 'negativt' argument som dermed ikkje har ein heimel. Det impliserer likevel at det finst økonomisk-konsekvensialistisk argumentasjon i språkpolitikken, men som altså ikkje skal nyttast no.

**Argument 3:**

Belegg: Ein treng løysingar på dei mange problem som språkstriden har reist.

Heimel: (Dersom) språkfred trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

**Argument 4:**

Belegg: Ein må skape større gjensidig forståing, større toleranse og større respekt i språksaker.

Heimel: (Dersom) språkfred trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

**Argument 5:**

Belegg: Ein treng meir samarbeid som sikrar språklege rettar.

Heimel: (Dersom) språklege rettar finst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er prosedural – dette gjeld deontologiske språkrettar.

**Argument 6:**

Belegg: Språkrådet kan peike på tiltak til vern om språkarven og styrkje interessa for språkdyrking.

Heimel: (Dersom) vern om språkarv og interesse for språkdyrking trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen kan kallast ein eigenverdiheimel for argumentasjon for ein påstand som gjeld heile det norske språksamfunnet, han legitimerer altså ‘norsk’ som ein kulturell eigenverdi. Det er likevel ikkje heilt lett å dra grensa mellom dette og det eg har kalla mangfaldskonsekvensialistsisk heimling: Formuleringane om ‘vern av arv’ peikar mot noko som skal takast vare på uavhengig av interessene til det konkrete språksamfunnet (sjå kap. 5.3.3.2).

I stortingsmeldinga strekkjer diskusjonen om saka seg over 17 tospalta sider, og høyringsfråsegnene får mykje plass. Mykje av dette går på organiseringa av rådet, og endå meir handlar om korpusplanlegging og normeringsstriden. Dermed er det kanskje ikkje så merkeleg at departementets overordna argumentasjon for det nye organet, som er det som er interessant her, går på dette siste. Det departementet dreg fram som årsaker for at eit nytt språkråd trengst, er «ein vil bort frå bitter språkstrid som eit slags ‘prinsipp’ i norsk språknormering» og «kor viktig det er at den offisielle språknorma blir akseptert i det språksamfunnet som skal bruke ho» (St.meld. nr. 15 1968–69: 86). Medan argumentasjonen til Vogt-komiteen primært ser språkfredsbehov i *statusplanlegginga*, ser departementet desse behova i *korpusarbeidet*.

Departementets argument er såleis slik:

#### **Argument 7:**

Belegg: Ein må bort frå bitter språkstrid i norsk språknormering.

Heimel: (Dersom) ålmenn aksept av og fred i språknormering trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistsisk.

#### **Argument 8:**

Belegg: Den offisielle språknorma må bli akseptert i språksamfunnet.

Heimel: (Dersom) fred i språknormeringa trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistsisk.

Kyrkje- og undervisningskomiteen refererer i stor grad til Vogt-komiteens argumentasjon for kvifor det trengst eit språkråd med utvida representasjon og statusoppgåver. Her er likevel formuleringar som kan tolkast som komiteens eige, overordna forsvar for eit nytt råd. Etter komiteens meining er det «av avgjørende betydning at vi nå får etablert et organ hvor alle de forskjellige språklige interessegrupper kan samarbeide og i fellesskap verne om våre språklige verdier», og om ein lukkast i dette, «er det en mulighet for at vi på lengre sikt kan skape grunnlag for varig språkfred i vårt land og gi både bokmålet og nynorsken bedre utviklingsmuligheter» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 286). Komiteen meiner dette vil vere lettare om ein får eit organ med eit anna mandat enn det Norsk språknemnd har hatt (sst).

Fleirtalet i stortingskomiteen vil likevel uttrykkje målet om tilnærming mellom dei to språkkorpusa tydelegare. I stortingskomiteens innstilling er det såleis viktigare enn i Vogt-innstillinga og stortingsmeldinga at det nye rådet skal «legge forholdene til rette slik at de tilnærmingstendenser vi har i våre språk, kan vokse fram på et naturlig grunnlag» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 288). Me ser to nye belegg her, som på mange vis står i motstrid til kvarande: Båe språk har verdi og skal ha utviklingsmoglegheiter, men likevel er tilnærming og samnorsk målet. Elles ser me at også for stortingskomiteen er språkfred eit belegg. Det argumentet kan sjåast som dekt i argument 4 ovanfor.

#### **Argument 9:**

Belegg: Alle språklege interessegrupper må samarbeide om vern av våre språklege verdier.

Heimel: (Dersom) våre språklege verdier er viktige,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Dette er ein påstand som gjeld båe språk, altså både nynorsk og bokmål – eventuelt norsk.

Det er altså ein heimel som viser til eigenverdien til *norsk*.

#### **Argument 10:**

Belegg: Bokmål og nynorsk må få betre utviklingsmoglegheiter.

Heimel: (Dersom) språk treng utviklingsmoglegheiter,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Dette er kanskje også ein heimel som viser til eigenverdien til norsk. Han kan òg vere lingvistisk-konsekvensialistisk, altså at han refererer til verdien som språkpolitikken har for



språkssystemet, norma eller andre lingvistiske fenomen. Dette er vanskeleg å slå fast utan utdjuping av omgrepet *utvikling*.

### **Argument 11:**

Belegg: Det nye rådet kan leggje til rette for språkleg tilnærming mellom dei to språka.

Heimel: (Dersom) tilnærming mellom bokmål og nynorsk trengst,

Påstand: (så) må det skipast eit nytt språkråd.

Ein kan kanskje seie at heimelen viser til eigenverdien til *samnorsk*, eller at argumentasjonen er lingvistisk-konsekvensialistisk heimla.

## **14.2 Opplæring**

Gjeldande skulelov i 1966 var lov om folkeskolen frå 10. april 1959. Denne regulerte dei språkopplæringspolitiske ordningane i sjette kapittel, om ymse føresegner, i to paragrafar (KUD 1959: 21–22). Paragraf 36 dreia seg om «Røysting i skolekrinsen», det vil seie reglar for når krinsrøysting kunne haldast og kven som hadde røysterett. Paragraf 37 heitte «Målet i skolen og val av lærebøker» og var organisert i åtte punkt. Det fyrste handla om bruk av talemål i skulen, det andre om at elevane skulle lære å lese både nynorsk og bokmål, det tredje om at skulestyret avgjorde skriftleg fyrstespråk og lærebøker, det fjerde om at krinsen ved røysting bestemte dette fyrstespråket om meir enn 40 prosent av dei røysteføre har røysta for eit av alternativa, dessutan om at det skal haldast ny røysting ved krinssamanslåing, det femte om at det var fritt val av fyrstespråk dei to siste åra i den 9-årige skulen, det sjette om at språkleg parallellklasse kunne skipast med minst 15 elevar, dessutan at elevar som hadde minst 3 år i skulen hadde rett til å halde på fyrstespråket sitt ved krinsregulering, det sjuande om at foreldre hadde fritt val av språk i lærebøker bortsett frå i norsk, det åttande om at samisk kunne vere fyrstespråk.

Dette kapitlet tek føre seg dei fleste av desse ordningane, og dessutan eit par til – det vil seie det som kan oppfattast som dei mest sentrale språkopplæringsspørsmåla i Vogt-innstillinga og behandlinga av denne. Det fyrste gjeld spørsmålet om krinsrøystingar og krinsskipnaden trongst, noko som hang saman med spørsmålet om kven som skulle ha avgjerdsamt over språket i skulen: berre foreldra eller alle i krinsen. Det siste føresette naturlegvis oppretthalding av krinsordninga, det fyrste gjorde ikkje det. Sistnemnde ordning var gjeldande lov, regulert i paragraf 36. Det andre spørsmålet som vert førehava, er spørsmålet

om parallellklassar (§ 37, punkt 6) og kor mange som laut vere att i den opphavlege klassen for at ein slik klasse kunne skipast. Nett det siste var ikkje regulert i gjeldande lov. Det tredje spørsmålet går på parallellitetsprinsippet for lærebøker i folkeskulen, som ikkje var regulert i gjeldande lov. Det fjerde som vert teke opp, er parallellitetsprinsippet for lærebøker i andre skuleslag med tilhøyrande statleg stønadsordning for lærebokutgjeving, noko som naturleg nok ikkje var regulert i folkeskulelova, men heller ikkje i lovene for dei høgre skuleslaga. Det femte er sidemålsopplæringa i gymnaset.

Nummera på dei tre relevante paragrafane vart endra gjennom førearbeida til lova, og dei vart òg endra i 1975, altså i løpet av perioden lova galdt (1969–1998):

Dokument/referanse	Fråsegn frå krinsen	Lærebøker	Målet i skulen
Folkeskulelova 1959 (Roald 1959)	§ 36	§§ 35 og 37	§ 37
Folkeskulekomiteen 1965	§ 30	§ 41	§ 42
Ot.prp. nr. 59 1966–67	§ 30	§ 40	§ 41
Innst. O. XIV 1968–69	§ 30	§ 40	§ 41
Lova 1969 (vedteken grunnskulelov)	§ 30	§ 40	§ 41
Innst. O. nr. 74 1974–75	§ 31 (30 i prp)	§ 39 (38 i prp)	§ 40 (39 i prp)
Grunnskulelova 1969 (den gjeldande 1998)	§ 31	§ 39	§ 40

Punktet i målparagrafen som gjeld munnleg språkbruk i skulen, skal ikkje drøftast her. Dette er i høgste grad eit språkpolitisk spørsmål, men det er ikkje eit språkpolitisk spørsmål som gjeld nynorsk og bokmål, og difor fell det utanfor emnet for denne avhandlinga. Det same gjeld spørsmålet om samisk som fyrstespråk.

## 14.2.1 Absolutt foreldrerett og avvikling av krinsen som språkterritorium

### 14.2.1.1 Ordninga

Vogt-komiteen kom med fleire nye språkopplæringspolitiske forslag (Vogt-komiteen 1966: 20ff). Det som ville medføre den største endringa i norsk språkpolitikk, var nok framlegget om det som kan karakteriserast som absolutt foreldrerett og fylgjeleg avvikling av skulekrinsane. Ordninga med krinsane som eigne språkpolitiske territorium var ikkje utfordra sidan Riksmålsforbundet i 1911 prøvde å få Stortinget til å avskaffe krinsrøystingane og innføre ei ordning der alle skulane i kommunen måtte ha same

opplæringsmål. Dette skulle fastsetjast gjennom ei folkerøysting i heile kommunen (Dok. nr. 42 1911).

Fleirtalet i komiteen gjorde framlegg om at språkvalet til foreldre ved elevinnskrivning skulle vere det som avgjorde fyrstespråket til den aktuelle klassen. Eit direkte foreldreval for skuleklassen skulle avløyse skipnaden med krinsrøysting og krinsvise vedtak om opplæringsmålet. Difor kan dette kallast ein absolutt foreldrerett ved dei ulike skulane og klassane: Dei føresette måtte fylle ut eit skjema der dei kryssa av for *bokmål*, *nynorsk* eller *nøytral*, og opplæringsmålet i klassen skulle setjast ut frå kva som fekk fleirtal. Om ingen av alternativa fekk fleirtal, vart klassens fyrstespråk avgjort av skulestyret. Såleis ser me at det likevel ikkje er heilt korrekt å døype dette absolutt foreldrerett, i ljøs av at også denne ordninga ville produsere foreldre i mindretal – i motsetnad til Henrik Mohn Dahls framlegg om eit reint personleg språkval på Vadheim-møtet i 1884 (sjå kap. 10.1.1.1). Parallellklassar kunne likevel opprettast om mindretalet var på minst 12 elevar (Vogt-komiteen 1966: 22).

Mindretalet i Vogt-komiteen gjekk inn for vidareføring av krinsrøystingar om skulespråk, men ville at berre foreldre til born i skulepliktig alder skulle vere rettshaldarar. Dette skulle kombinerast med større tilgang til å opprette parallellklassar.

#### **14.2.1.2 Argumentasjonen**

Om mindretalsframlegget om ikkje-absolutt foreldrerett, altså at ein heldt på krinsrøystingane, sa fleirtalet i komiteen at dei nok ville «se en slik ordning som et betydelig fremskritt i retning av sterkere betoning av foreldreretten», men at det likevel var grunn til å gå lenger. Fordi skulemålsrøystingane ville bli mindre viktige om parallellklasseretten vart utvida, og fordi desse røystingane i alle høve ville føre til strid og bitterheit, meinte komitéfleirtalet at den beste løysinga var

at foreldreretten konsekvent respekteres ved at avstemningene i sin helhet sløyfes og at foreldrene i stedet når de melder sine barn inn på skolen, opplyser hvilken målform de foretrekker som opplæringsmål for sine barn, og at skulestyret innenfor nærmere fastsatte regler, gjør de vedtak som oppfyller foreldrenes ønsker så langt råd er (Vogt-komiteen 1966: 21).

Komiteen gjev dessutan ein argumentasjon for kvifor det hadde vorte stadig viktigare å ta omsyn til språklege mindretal i introduksjonskapitlet i innstillinga, «Språksituasjonen i dag» (Vogt-komiteen 1966: 4ff). Her vart skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål nemnt som eit

prov på at særleg dei nynorskspråklege territoria ikkje lenger var så nynorske. Innstillinga dokumenterer at nynorsk hadde vorte svekt i folkeskulen i alle landsdelar og dei fleste fylke etter krigen, og at den delen av dei som oppgav nynorsk som fyrstespråk ved eksamen artium og sesjon låg på under 12 prosent i starten av 1960-åra (Vogt-komiteen 1966: 6–7). Særleg sesjonstala vert nytta til å dra konklusjonar om språkassimilasjon:

Gjennomgående vil altså svært mange av dem som har fått sin opplæring i folkeskolen på nynorsk, velge bokmål når de kommer på moen. Årsaken til dette kan være mange – en rimelig antakelse er at skolespråket er bestemt av den eldre generasjon som var seg språkstriden mer bevisst, mens den yngre generasjon er mindre interessert i dette valg; de fleste av dem vil sannsynligvis velge slik som de tror flertallet av kameratene velger, samtidig som de skal inn i et miljø som språklig sterkt er preget av bokmål (s. 7).

Skiftet frå nynorsk til bokmål vert altså delvis forklart med at det territoriale «skolespråket» ikkje er bestemt av ungdom, og at det er ein grunn til at ungdomar språkskifter. Men komiteen gjev òg språkskiftet ei vidare samfunnsmessig forklaring. Ein må rekne med

at mange flytter til kommuner med annan språkform i skolene, fordi strømmen stort sett går fra landkommuner til byer eller tettgrender. Det er grunn til å tro at denne tendens vil holde seg, og det er neppe tvil om – slik som språksituasjonen er i landet – at denne utvikling vil favorisere bokmålet, som praktisk talt er enerådige i byene og dominerer i de bymessige bebygde strøk. Innflyttere fra nynorsk-kommuner vil her skape spredte mindretall som vil ha vanskelig for å gjøre seg språklig gjeldende (Vogt-komiteen 1966: 7).

Urbanisering, sentralisering og generell auka mobilitet må få grunnleggjande konsekvensar for opplæringa: «For enhver vurdering av språkundervisningen i vårt land er det ett forhold som må antas å spille en stadig større rolle: den økende bevegelse i befolkningen, som viser seg i flytting fra en kommune til en annen.» (sst).

Truleg er dette fyrste gong fenomenet individuelt språkskifte frå nynorsk til bokmål vert behandla i eit offentleg språkpolitisk dokument. Her vert fenomenet altså nytta som belegg for å avvikle krinsvise språkval. Geografisk mobilitet og territoriell hybriditet har medført «at det mange steder lett oppstår språklige mindretall som det etter de någjeldende regler ikke alltid er så lett å øve rettferd mot» (Vogt-komiteen 1966: 21).

At dei språkhomogene lokalsamfunna høyrer fortida til, er også grunngevinga for den meir spesifikke foreldreretten:

Valg av språkform i skolen har hatt og vil vel fremdeles ha en viss relasjon til den allmenne kultursituasjon og kulturmiljøet i kretsen og kommunen. Det kan tale for at alle stemmeberettigede skulle ha ansvar for valget av opplæringsmål i skolen. I dag er muligens disse argumentene ikke så tungtveiende som før, og komiteen har derfor samlet seg om det hovedprinsipp at en sterkere skal betone foreldreretten. (Vogt-komiteen 1966: 21)

Når språkmiljøa ikkje er så einsarta som før, heng ikkje språk så tett saman med det sosiale og kulturelle livet i krins og kommune. Grensene mellom ulike språk og ulike målføre er òg på veg til å bli utviska. Såleis er argumentet om at språket skal bestemmast kollektivt og dermed territorielt, ikkje lenger så sterkt.

Utsikter til mindre målstrid var òg ein grunn til framlegget om absolutt foreldrerett.

Komiteen rekna ut at foreldre med born på skulen utgjer om lag 20 prosent av dei røysteføre i krinsane, «altså mindre enn den  $\frac{1}{4}$  som skal til for å kreve ny avstemming.» (s. 21). Ifylgje komiteen var det såleis i dei fleste tilfelle skulestyret som tok språkvalet, noko som hadde ført til mykje strid (sst).

Komiteen nyttar altså fylgjande belegg for å ta vekk avgjerda frå skulestyret og krinsrøystinga og for at absolutt foreldrerett skal innførast: generelle språkmindretalsrettar, eit mindre språkhomogent Noreg, retten som foreldra har til sjøve å avgjere fyrstespråket til sine egne ungar, at språk ikkje er så knytt til lokalsamfunnets kultur som før, og dessutan å dempe konfliktnivået i målstriden.

Komiteen vedgjekk at det hefte somme praktiske vanskar ved framlegget. Ved små skular med få elevar ville ordninga vanskeleg late seg gjennomføre, og difor var det mange stader at «mindretallet fortsatt må bøye seg for flertallet» (s. 21).

Det er dermed fylgjande argument i innstillinga til Vogt-komiteen for absolutt foreldrerett:

### **Argument 1:**

Belegg: Det trengst språklege mindretalsrettar.

Heimel: (Dersom) språkmindretala har slike rettar,

Påstand: (så) må det innførast absolutt foreldrerett og skulestyret og krinsrøystinga må fråtakast avgjerdskompetansen.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Norske lokalsamfunn er vortne meir språkheterogene.

Heimel: (Dersom) språkheterogenitet krev personlege rettar,

Påstand: (så) må det innførast absolutt foreldrerett og skulestyret og krinsrøystinga må fråtakast avgjerdskompetansen.

Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

### **Argument 3:**

Belegg: Foreldra må avgjere språket til sine egne ungar.

Heimel: (Dersom) foreldre har slik rett,

Påstand: (så) må det innførast absolutt foreldrerett og skulestyret og krinsrøystinga må fråtakast avgjerdskompetansen.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 4:**

Belegg: Språk ikkje lenger er knytt til lokalsamfunn.

Heimel: (Dersom) språkrettar skal knytast til personleg, ikkje lokal identitet,

Påstand: (så) må det innførast absolutt foreldrerett og skulestyret og krinsrøystinga må fråtakast avgjerdskompetansen.

Her vert det kategorisert på same måten som under argument 2: Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

### **Argument 5:**

Belegg: Absolutt foreldrerett og avvikling av krinsrøystingar vil føre til mindre konflikt.

Heimel: (Dersom) språkfred trengst.

Påstand: (så) må det innførast absolutt foreldrerett og skulestyret og krinsrøystinga må fråtakast avgjerdskompetansen.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

Som me skal sjå i neste avsnitt, støttar departementet ikkje framlegget om å avskaffe krinsrøystinga og ta frå skulestyret avgjerdskompetansen, men det støttar å avgrense røysteretten i den rådgevingande krinsrøystinga til berre foreldre/føresette, altså den ikkje-absolutte foreldreretten.

Kyrkje- og undervisningskomiteen ville i innstillinga si frå 1970 ikkje meine noko her, ettersom sakskomplekset alt var handsama under behandlinga av den nye grunnskulelova i 1969.

## **14.2.2 Foreldrerett ved krinsrøystingar**

### ***14.2.2.1 Ordninga***

Departementet støttar altså mindretalet i Vogt-komiteen, som går inn for krinsrøystingar. Men i motsetnad til den tidlegare ordninga med ålmenn røysterett, vil Vogt-mindretalet og departementet at berre *foreldra* skal ha rett til å røyste. Denne foreldreretten var ei ny ordning i norsk språkpolitikk. Departementet argumenterte for ordninga i stortingsmeldinga som behandla innstillinga til komiteen, og ho skal difor analyserast her.

### ***14.2.2.2 Argumentasjonen***

Departementet belegg synspunktet sitt med omsynet til foreldra i kombinasjon med omsynet til skulen: Foreldreretten gjev nettopp foreldra siste ord i det som dreier seg om deira egne ungar, medan røysteordninga til mindretalet i motsetnad til innskrivingsordninga til fleirtalet gjev skulen «stabilitet og tryggleik» (St.meld. nr. 15 1968–69: 32). Departementet kan «ikkje sjå at det her er tale om djupe motsetnader i synet på foreldrerett, demokrati og kultursyn. Det ein skal ta standpunkt til, er eit praktisk spørsmål.» (sst).

Det er dermed to argument i stortingsmeldinga for foreldrerett ved krinsrøystingar:

#### **Argument 1:**

Belegg: Foreldre skal ha siste ord om det som dreier seg om opplæring av egne born.

Heimel: (Dersom) foreldre har slik rett,

Påstand: (så) må det vere foreldrerett og krinsrøystingar.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Krinsrøystingar gjer drifta av skulen stabil.

Heimel: (Dersom) stabilitet i skuledrift er viktig,

Påstand: (så) må det vere foreldrerett og krinsrøystingar.

Heimelen er styringskonsevensialistisk.

Høyringssvara som er presenterte i stortingsmeldinga, viser at nynorsksida og nynorskkommunane hovudsakleg er for krinsrøystingar med ålmenn røysterett, medan riksmålsrørsla og somme bokmålskommunar støttar fleirtalsframlegget (St.meld. nr. 15 1968–69: 23). Hovudargumentet for fleirtalsframlegget er foreldreretten (s. 25).

Hovudargumenta mot er «først og fremst at valet av skolemål også vedkjem andre i krinsen enn foreldra», dessutan at ordninga vil gje ustabile tilhøve, like mykje målstrid og ulike reglar for fådelte og fulldelte skular (s. 24).

### **14.2.3 Språklege parallellklassar**

#### ***14.2.3.1 Ordninga***

I 1965, året før Vogt-komiteen kom med innstillinga si, hadde folkeskulekomiteen gjort framlegg om at det ikkje trongst meir enn 10 elevar i ein språkleg parallellklasse ettersom retten elles vart «illusorisk» (Folkeskulekomiteen 1965: 239). Vogt-innstillinga sitt framlegg var at parallellklassar kunne opprettast om mindretalet var på minst 12 elevar (Vogt-komiteen 1966: 22). Dette innebar ein svakare personleg parallellklasserett enn det som alt låg på bordet. Men så hadde komiteen altså òg føreslege ein sterkare foreldrerett, iallfall for dei ved store nok skular.

#### ***14.2.3.2 Argumentasjonen***

Som me har sett, heng spørsmålet om parallellklassar nært saman med spørsmålet om foreldrerett i framlegga til Vogt-komiteen. Komiteens argumentasjon for parallellklassar er såleis samanfallande med argumentasjonen for avvikling av krinsen og absolutt foreldrerett.

Påstanden om at elevar skal ha rett til å gå i språklege parallellklassar har dermed dei same belegga som påstanden om absolutt foreldrerett har:



**Argument 1:**

Belegg: Det trengst språklege mindretalsrettar.

Heimel: (Dersom) språkmindretala har slike rettार,

Påstand: (så) må elevar ha rett på å gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural.

**Argument 2:**

Belegg: Norske lokalsamfunn er vortne meir språkheterogene.

Heimel: (Dersom) språkheterogenitet krev personlege rettार,

Påstand: (så) må elevar ha rett på å gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

**Argument 3:**

Belegg: Foreldra må avgjere språket til sine egne ungar.

Heimel: (Dersom) foreldre har slik rett,

Påstand: (så) må elevar ha rett på å gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural.

**Argument 4:**

Belegg: Språk ikkje lenger er knytt til lokalsamfunn.

Heimel: (Dersom) språkrettar skal knytast til personleg, ikkje lokal identitet,

Påstand: (så) må elevar ha rett på å gå i språkleg parallellklasse.

Kategoriseringa er her som under argument 2: Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

**Argument 5:**

Belegg: Absolutt forelderrett og avvikling av krinsrøystingar vil føre til mindre konflikt.

Heimel: (Dersom) språkfred trengst.

Påstand: (så) må elevar ha rett på å gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

I stortingsmeldinga er parallellklasseordninga slik legitimert: «Det er semje om at språklege mindretal i eit skoleområde må få opplæring i si naturlege språkform så sant det let seg gjere.» (St.meld. nr. 15 1968–69: 33). Dette fell altså saman med argument 1 frå Vogt-innstillinga.

Innstillinga behandlar ikkje spørsmålet om parallellklassar, men viser til den avslutta handsaminga av grunnskulelova.

Synspunkta på parallellklassar skil ikkje primært mellom dei ulike språkpolitiske grupperingane i høyringsrunden. Dei fleste er for å setje ned talet på elevar som trengst til parallellklasse, men fleire av kommunane og andre organisasjonar peikar på praktiske og økonomiske vanskar ved ordninga, og ynskjer at staten tek kostnaden (s. 29).

#### **14.2.4 Språklege parallellklassar om minst 10 er att**

##### ***14.2.4.1 Ordninga***

I tilrådinga frå folkeskulekomiteen (Folkeskulekomiteen 1965: 239) og i mindretalsframlegget frå Vogt-komiteen (Vogt-komiteen 1966: 223) var det sett eit minstetal av elevar som måtte vere att i hovudklassen etter at den språklege parallellklassen var etablert. Departementet greier ut om denne ordninga i stortingsmeldinga: Det synest «rimeleg» at dei som krev parallellklasse, utgjer eit mindretal. Om dei i hovudklassen kjem under eit mindretal, kan eller bør det bli skifte av hovudmål i heile krinsen, særleg om dette tilhøvet vert varig (St.meld. nr. 15 1968–69: 33). Framlegget til departementet er at det må vere ti elevar att i hovudklassen for at parallellklasse kan skipast, men òg at «I reine særhøve kan departementet i samråd med vedkomande skolestyre dispensere frå kravet om at det må vere 10 elevar att i den klassen som vil ha den målforma som er fastsett for skolen.» (sst).

##### ***14.2.4.2 Argumentasjonen***

Departementet fører ingen eksplisitt argumentasjon i marka. I avsnitta om ordninga finn me likevel fylgjande formulering «Her må ein leggje hovudvekta på kva som let seg gjere» (St.meld. nr. 15 1968–69: 33). Dette kan sjåast som eit belegg for at det skal vere eit minstetal på 10 elevar att i hovudklassen om parallellklasse skal skipast.

Argumentet kan såleis stillast opp slik:

## **Argument 1:**

Belegg: Ein må leggje hovudvekta på kva som let seg gjere.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal vere praktisk gjennomførbar,

Påstand: (så) må det vere 10 elevar att i hovudklassen utanfor parallellklassen.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **14.2.5 Parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen**

#### **14.2.5.1 Ordninga**

Sidan 1889 har det funnest reglar for godkjenning av lærebøker i bruk i norsk skule (Landsskulelova § 72, Byskulelova § 63). Ved lova av 1936 vart ordninga slik at alle lærebøker skulle godkjennast, og i lova av 1959 vart det, som me har sett, bestemt at departementet skulle ha ansvaret for godkjenninga (sjå kap. 13.2.1). Folkeskulekomiteen si innstilling i 1965 føreslo at ikkje berre lærebøker, men òg andre hjelpemiddel i undervisninga skulle godkjennast av departementet (Folkeskulekomiteen 1965: 237, § 41.1).

Vogt-komiteen føreslo eit tillegg til denne paragrafen i innstillinga til folkeskulekomiteen: «Lærebøker i andre fag enn norsk må liggje føre, til same tid og til same pris både på bokmål og på nynorsk. Departementet kan gjere unntak frå desse reglane.» (Vogt-komiteen 1966: 25). Det er dette som seinare er vorte kalla *parallellutgåveprinsippet* eller *parallellitetsprinsippet*, som det stort sett skal kallast her. Bakgrunnen for framlegget var fyrst og fremst fleire år med press frå målrørsla (Almenningen og Lien 1978: 66–67). Vogt-komiteen formulerer forslaget sitt med ei rekkje atterhald, atterhald som eit mindretal i nemnda tek dissens på (Vogt-komiteen 1966: 25).

Det er noko uklart om Vogt-komiteens framlegg om parallellitetsprinsippet får støtte i stortingsmeldinga. På den eine sida seier departementet at det er samd i at lærebøker i andre fag enn norsk må liggje føre til same tid og til same pris både på bokmål og nynorsk. På den andre sida seier det at det er praktisk umogleg å lage parallellutgåver av kvar einaste lærebok (St.meld. nr. 15 1968–69: 45).

#### **14.2.5.2 Argumentasjonen**

Grunngjevingane for framlegget var for det fyrste «at nynorskkretsene har meget begrensede valgmuligheter, fordi de nye lærebøker som regel utgis på bokmål, og først kommer på nynorsk ett eller to år senere, om de i det hele kommer». For det andre vil det

utvida høvet til å skipe parallellklassar gjere det naudsynt «at det foreligger dobbeltutgave av samme lærebok» (Vogt-komiteen 1966: 25).

Argumenta kan framstillast slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Nynorskkrinsane har avgrensa høve til val av lærebøker som situasjonen er no.

Heimel: (Dersom) nynorskkrinsane skal ha same høve til val som bokmålskrinsar,

Påstand: (så) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen innførast.

Heimelen kan sjåast på som både prosedural og pedagogisk-konsekvensialistisk. Dette gjeld på den eine sida rettferd og jamstilling mellom nynorsk- og bokmålskrinsar, men også det pedagogiske tilbodet til elevane i nynorskkrinsane.

### **Argument 2:**

Belegg: Det skal vere eit utvida høve til å skipe språklege parallellklassar.

Heimel: (Dersom) elevar reelt sett skal ha rett til å gå i språklege parallellklassar,

Påstand: (så) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen innførast.

Denne heimelen kan kanskje med ein gong verke prosedural. Eg vil likevel seie han er styringskonsekvensialistisk: Komiteen argumenterer for parallellitetsprinsippet for lærebøker ved å påstå at det trengst for å gjennomføre ein annan rett, nemleg parallellklasseretten. Som me ser, er Vogt-komiteens argument for parallellitetsprinsippet heilt ut knytte til organisatoriske tilhøve i folkeskulen/grunnskulen, ikkje til personlege rettar for elevane til bøker på eige språk.

I den grad departementet støttar ordninga med parallellutgjeving av lærebøker på nynorsk og bokmål, er argumentet at «Dette er ein føresetnad for at foreldra skal kunne nytte den retten etter lova har til å velje mellom bokmålsutgåve og nynorskutgåve i andre fag enn norsk.» (St.meld. nr. 15 1968–69: 45).

Argumentet ser slik ut:

### **Argument 3:**

Belegg: Foreldre skal kunne ha høve til å nytte retten til å velje språk for lærebøker i andre fag enn norsk.

Heimel: (Dersom) foreldre reelt sett skal kunne velje,

Påstand: (så) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen innførast.

Også departementet argumenterer altså for parallellitetsprinsippet ved å vise til at det trengst for å gjennomføre ein annan rett, og heimelen er såleis styringskonsekvensialistisk.

Kyrkje- og undervisningskomiteens innstilling støttar parallellitetsprinsippet for lærebøker i grunnskulen utan å argumentere for det (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281).

#### **14.2.6 Parallellitetsprinsipp for lærebøker i andre skuleslag**

##### ***14.2.6.1 Ordninga***

Vogt-komiteen nemner skorten på nynorske lærebøker i andre skuleslag enn folkeskulen: «For mange skoler finnes det praktisk talt ikkje lærebøker på nynorsk i det hele tatt, f.eks, tekniske skoler og handelsskoler.» (Vogt-komiteen 1966: 26). Komiteen meiner det «så vidt mulig» bør føreliggje nynorskbøker i alle fag for alle vidaregåande skular, men vil ikkje ha dette lovfest.

Departementet er uklart på punktet, og seier det «må skaffe seg eit nøyare oversyn over kor store kostnader det kan bli tale om, før det avgjer kor langt det er råd å gå i å gi ut parallellutgåver» (St.meld. nr. 15 1968–69: 45).

Kyrkje- og undervisningskomiteen er derimot klar på at parallellitetsprinsippet må vere retningsgjevande òg for andre skuleslag:

Komiteen vil imidlertid understreke at praktiske og økonomiske vansker veier tyngre her enn når det gjelder grunnskolen. I sentrale fag i yrkesskole og gymnas, hvor det er store elevgrupper, er det likevel etter komiteens mening påkrevd at det foreligger et tilfredsstillende tilbud av lærebøker i begge språkformer. Lærebøkene må foreligge til samme tid og til same pris. (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281).

##### ***14.2.6.2 Argumentasjonen***

Vogt-komiteen argumenterer ikkje for synspunktet sitt. Men Kyrkje- og undervisningskomiteen har kanskje noko som liknar på ein argumentasjon i det det held fram at det same bør gjelde for andre skuleslag som for grunnskulen, særleg i fag med store elevgrupper.

Ein kan stille opp fylgjande argument for parallellitetsprinsippet i andre skuleslag:

## **Argument 1:**

Belegg: Store elevgrupper må ha et tilfredsstillende tilbud av lærebøker i baa språk.

Heimel: (Dersom) elevar flest skal ha språkleg valfridom,

Påstand: (så) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i andre skuleslag innførast.

Heimelen her går nok mest i retning av prosedural, og argumentasjonen for parallellutgåver i vidaregåande er dermed ikkje så instrumentelt innretta som argumentasjonen for parallellutgåver i grunnskulen.

### **14.2.7 Utvida stønadsordning for utgjeving av nynorske lærebøker**

#### ***14.2.7.1 Ordninga***

Vogt-komiteen meiner at innføring av eit parallellitetskrav for andre skuleslag føreset at det offentlege ber meirutgiftene til forlaga: «Den naturlige vei å gå vil være en radikal utvidelse av den offentlige støtte til slike bøker» (Vogt-komiteen 1966: 26). Departementet tek ikkje stilling til dette i stortingsmeldinga, men viser til at finansdepartementet rår ifrå utviding av parallellklasseretten til andre skuleslag og dermed eventuelt større økonomisk involvering frå det offentlege (St.meld. nr. 15 1968–69: 45). Kyrkje- og undervisningskomiteen meiner derimot at departementet må ta opp til drøfting spørsmålet om «en offentlig tilskuddsordning ved utgivelse av parallellutgaver» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281).

#### ***14.2.7.2 Argumentasjonen***

Det vert i realiteten ikkje argumentert for utvida støtteordning for utgjeving av nynorske lærebøker i nokon av dei tre dokumenta. Argumentasjonen er i så fall samanfallande med argumenta for å innføre eit parallellitetsprinsipp også for lærebøker i andre skuleslag enn grunnskulen, då sistnemnde ordning har ei statleg støtteordning som føresetnad.

### **14.2.8 Fritt språkval i ungdomsskulen**

#### ***14.2.8.1 Ordninga***

Som me har sett: Ny i folkeskulelova frå 1959 var føresegna som sa at «Dei to siste åra i 9-åring [!] obligatorisk skole avgjer eleven sjølv kva mål han vil nytta.» (KUD 1959: 22 (§ 37)). Denne vart vidareført av folkeskulekomiteen: «Dei to siste åra i 9-årig folkeskole, skal elevane ha skriftleg opplæring i begge målformer. Eleven avgjer sjølv om han vil nytte nynorsk eller bokmål som hovudmål» (Folkeskulekomiteen 1965: 238). Vogt-komiteen er samd.

I stortingsmeldinga vert det vist til merknader frå riksmålsrørsla, som ifylgje departementet seier at

...ordninga med at eleven sjølv vel hovudmål dei to siste åra ungdomsskolen, vil verke uheldig der det er 6 år barneskole og 3 år ungdomsskole. Dei meiner det måtte vere betre å gi eleven dette valet i ungdomsskolen generelt. (St.meld. nr. 15 1968–69: 33)

Departementet melder òg at «Seinare har Noregs Mållag slutta seg til dette synet» (s. 33), og er dessutan sjølv samd. Det vil altså at hovudregelen må vere personleg, fritt val av fyrste opplæringspråk gjennom heile ungdomsskulen, ikkje berre dei to siste åra (sst).

Innstillinga til kyrkje- og undervisningskomiteen viser til at grunnskulelova, som altså vart vedteken etter stortingsmeldinga men før stortingskomitéinnstillinga om Vogt-innstillinga, seier at fritt val av opplæringspråk skal gjelde dei to siste åra i grunnskulen, altså ikkje alle tre (Innst. S. nr. 189 1969–70: 280–281).

#### ***14.2.8.2 Argumentasjonen***

Vogt-komiteen sluttar seg til framlegget frå folkeskulekomiteen utan argumentasjon (Vogt-komiteen 1966: 22).

I den grad departementet diskuterer ordninga, er det med fylgjande argumentasjon:

#### **Argument 1:**

Belegg: Med ny treårig ungdomsskule må fritt språkval gjelde på heile ungdomssteget.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal vere praktisk,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for elevane i heile ungdomsskulen, ikkje berre dei to siste åra.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **14.2.9 Skriftleg opplæring på sidemålet i folkeskulen/grunnskulen**

#### ***14.2.9.1 Ordninga***

Vogt-komiteen sluttar seg til framlegget i folkeskulekomiteen om at elevane skal ha skriftleg opplæring i båe målformer dei to siste åra i den 9-årige folkeskulen (Vogt-komiteen 1966: 22), og det gjer òg departementet (St.meld. nr. 15 1968–69: 33).

### **14.2.9.2 Argumentasjonen**

Vogt-komiteen argumenterer ikkje for ordninga. Det gjer heller ikkje kyrkje- og undervisningskomiteen (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281). Departementet seier derimot fylgjande: «Skal nynorsken få likeverdige kår, må skolen gi ei sidemålsopplæring som er så god at elevane etter skoletida kan lese og skrive sidemålet.» (St.meld. nr. 15 1968–69: 33).

Departementets argument for sidemålsopplæring i grunnskulen er dermed slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Nynorsken må ha likeverdige kår.

Heimel: (Dersom) nynorsk og bokmål er likeverdige,

Påstand: (så) må det vere obligatorisk opplæring i sidemålet i grunnskulen.

Det som tilsynelatande står på spel her, er like vilkår og rettvise rammer. Heimelen er såleis prosedural.

### **14.2.10 Skriftleg prøving av sidemålet i gymnaset**

#### **14.2.10.1 Ordninga**

Diskusjonspunktet for Vogt-komiteen er ikkje opplæring i sidemål i seg sjølv, men obligatorisk skriftleg sidemålsksamen, som ein då fann i gymnaset. Komiteen er rett nok for ei form for prøve i skriftleg sidemål på gymnaset:

Komiteen er av den oppfatning at en eller annen form for skriftlige prøver eller øvelser vil være nødvendig, som en kontroll med undervisningsresultatene. All erfaring synes å vise at et fag som fra å være underkastet skriftlig prøve, blir henvist til å være et rent muntlig fag, med standpunkt karakter, lett vil skyves til side i skolearbeidet. (Vogt-komiteen 1966: 27).

Departementet støttar Vogt-komiteen i dette (St.meld. nr. 15 1968–69: 48–49), og det same gjer kyrkje- og undervisningskomiteen (Innst. S. nr. 189 1969–70: 282).

#### **14.2.10.2 Argumentasjonen**

Vogt-komiteen gjev att det han ser som samtidas hovudargument for og mot sidemålsstilen, argument som han meiner «er kjent» (Vogt-komiteen 1966: 27). Ifylgje komiteen er argumentet for skriftleg sidemål at det er ein konsekvens av at vi har to offisielle skriftmål. Alle som går igjennom norsk skule bør vere fortrulege med dei to norske språktradisjonane,



og alle bør kunne uttrykkje seg skriftleg i b e spr k. Hovudargumenta mot sidem lsstilen er, etter komiteen, at berre f  av elevane som l rer seg   skrive nynorsk, faktisk f r bruk for det som tilsette i staten, dessutan at inn ving av den formelle sida ved nynorsken for   kunne skrive han «krever en tid som bedre kunne brukes til annet» (Vogt-komiteen 1966: 27).

Sine egne argument for framleis   halde p  sidem lsoppl ring, framstiller komiteen som kommentarar til den alt kjende argumentasjonen. Fyrst tek han f re seg argumenta som dreier seg om skriftkulturell danning: Fleirtalet sannkjenner at «vi har to litter re og kulturelle tradisjonar i v rt land, den ene knyttet til dansk-norsken og bokm let, den annen til Ivar Aasens m lreising og til nynorsken i dens forskjellige former.» Kvar av desse ber ulike verdiar, seier komiteen vidare, «men grensen mellom dem er i ferd med   utviskes – bokm let er ikke utelukkende lenger et uttrykksmiddel for bykulturen eller nynorsken for det tradisjonelle bygdesamfunn.» (s. 27). No kan b e «spr kformer» gje uttrykk for det same innhaldet. Nemnda heller alts  mot   meine at oppl ring i to skriftspr k ikkje lenger kan kulturelt legitimerast, og innstillinga seier d   g eksplisitt at det ville vore ein fordel for oppl ringa om Noreg berre hadde eitt offisielt skriftspr k (sst).

Men likevel meiner komiteen at skulen skal f re elevane inn i b e spr kformer – «s  lenge vi har to skriftspr k i landet, kan en ikke unndra seg forpliktelsen til   f re alle elever inn i dem begge, selv med det ekstraarbeide dette medf rer. Denne ekstrabelastning er en f lge av spr kkl yvingen i v rt land, som vi m  godta.» (s. 27). Komiteens belegg for   halde fram med sidem lsoppl ringa og for at «en eller annen form for skriftlige pr ver eller  velser vil v re n dvendig» for denne, ser s leis ikkje ut til   vere kulturell danning eller nasjonal integrasjon, som tidlegare var grunnlav sidem lsordninga. No er belegget reindyrka til det formelle likebehandlingsaspektet ved jamstillingsomgrepet: Offisiell spr kjamstilling inneber personleg rett og plikt til oppl ring i b e spr k i den h gare skulen.

### **Argument 1:**

Belegg: Den norske staten har to skriftspr k og ei forplikting til   f re elevar inn i b e.

Heimel: (Dersom) jamstilling er rett,

P stand: (s ) m  det vere obligatorisk pr ving av sidem let i gymnasen.

Heimelen er prosedural.

I stortingsmeldinga finst ingen open argumentasjon for ordninga, men i dr ftinga om sidem lspr ving i innstillinga til kyrkje- og undervisningskomiteen vert det sagt at

«hovedmålet med [sidemåls-]opplæringen må være å gi elevene kjennskap til og fortrolighet med sidemålet» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 282). Dette er likevel ikkje ei legitimering av sidemålsordninga, men eit didaktisk mål med undervisninga, og er dermed ikkje eit argument som her skal analyserast.

#### **14.2.11 Endringar i sidemålsordningane i gymnaset**

##### **14.2.11.1 *Ordninga***

Vogt-komiteen var likevel ikkje nøgd med ordninga for sidemålsstilen i gymnaset. Særleg er det tidsbruken og graden av ekstraarbeid i undervisninga som vert halde fram som problematisk (Vogt-komiteen 1966: 27–28). Komiteen gjer difor framlegg om å setje i gang forsøksordningar med «alternative undervisningsformer», og han foreslår sjølv fylgjande tre punkt: Avslutning av den skriftlege opplæringa tidlegare på gymnaset, det vil seie i fyrste eller andre klasse, dessutan andre og mindre krevjande oppgåver enn drøftande stil og til slutt erstatning av karakteren for sidemålsstil med ein karakter for «sidemålet og dets litteratur» (s. 28).

Også departementet og kyrkje- og undervisningskomiteen er samde i at det må skje endringar i sidemålsordninga, jamvel om desse organa ikkje går inn på kvar einskild av punkta som Vogt-komiteen foreslår.

##### **14.2.11.2 *Argumentasjonen***

Endringane grunnjev Vogt-komiteen som me har sett med mindre arbeid og tidsbruk, og at det generelt sett er ynkeleg å gjere sidemålsspørsmålet til eit primært pedagogisk spørsmål:

Hvis man på denne måte kunne føre diskusjonen om opplæring og undervisning i sidemålet over fra det rent språkpolitiske plan til det pedagogiske plan – oppnå mest mulig innen den oppsatte leseplan ut fra den gitte målsetting – ville etter Komiteens mening meget være vunnet. (Vogt-komiteen 1966: 28)

Belegget for å halde på ei form for sidemålsordning ligg i jamstilling tenkt som formell likebehandling, medan endringane som vert foreslegne er praktisk og pedagogisk grunnjevne.

Desse omsyna modifierer altså omsynet til likebehandling, og argumentet for endringar i opplæringa kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Ein må spare arbeid og tid.

Heimel: (Dersom) effektivitet er viktig,

Påstand: (så) må det bli endringar i sidemålsordninga.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Ein må oppnå mest mogleg i undervisninga og drive så god opplæring som mogleg.

Heimel: (Dersom) pedagogisk kvalitet er viktig,

Påstand: (så) må det bli endringar i sidemålsordninga.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

Ettersom departementet ikkje er oppteke av heilt same typen revisjonar som Vogt-komiteen, og dermed ikkje opererer med fullstendig samanfallande påstandar, skal argumentasjonen til dette organet ikkje setjast opp som argumentasjonsanalysar. Lat meg likevel peike på at argumenta her framstår som primært pedagogisk-konsekvensialistiske: Stortingsmeldinga snakkar om å «lette børa» (St.meld. nr. 15 1968–69: 49).

Kyrkje- og undervisningskomiteen argumenterer ikkje for synspunktet sitt om at revisjon i sidemålsordninga trengst (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281–282).

## **14.3 Oppsummering 1966–1970**

Problemstillingane som denne oppsummeringa tek utgangspunkt i, er som før (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Lat oss fyrst sjå på kva for språkpolitikk for offentleg teneste som vart lansert i desse åra på tampen av 1960-talet. Vogt-komiteen gjer altså framlegg om negative rettar/modifiserte negative rettar for både brukarane av og tilsette i offentleg teneste, i staden for positive rettar for brukarane og plikt til språkbruk hjå statstilsette. Dette framlegget ville òg føre til ein mindre territoriell språkpolitikk. Om offentleg tilsette skulle ha fritt val av språk, ville

det bli bortfall av den delen av tenestemålordninga som sa at kommunar kunne avgjere statens språk på sine territorium. Kanskje kan ein også seie at eit teikn på komiteens ikkje-territorielle politikk var avvisinga av kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i statens tekstproduksjon, noko særleg nynorskkommunane hadde hatt fordel av for å gjennomføre kommunalmålordninga.

Men framlegget til komiteen vart ikkje teke til fylgje. Stortingskomiteen stod på den etablerte ordninga med den individuelle og institusjonelle brukaren av offentleg teneste som einaste rettshaldar, med positiv språkrett til å avgjere statens språk. Likevel peikar heile denne dokumentklyngja mot ein mindre kommunalt organisert territoriell språkpolitikk enn den som var etablert av mållova i 1930, i det at fylkestinget og ikkje kommunane skulle avgjere fylkeskommunens språk. Dette kan nok sjåast på som eit framlegg som ville gje mindre makt til kommunen som språkterritorium, men ikkje som prinsipiell avvising av ein territoriell språkpolitikk.

Når det gjeld opplæring, var Vogt-komiteens framlegg om absolutt foreldrerett ein personleg rett for dei som vart definerte som nye rettshaldarar, nemleg foreldra. Truleg kan ordninga karakteriserast som reint ikkje-territoriell, ettersom skriftspråket ikkje skulle bestemast krinsvis (altså skulevis), men klassevis. Framlegget vann ikkje fram. Resultatet av prosessen, foreldrerett ved krinsrøystingar, var ei ordning med eit territorielt element. Ho innebar likevel ei sterkare personleg tilnærming, ettersom gruppa av rettshaldarar vart avgrensa.

Me kan elles merke oss tydeleggjeringa av skiljet mellom eit barnesteg med territorielt organiserte positive språkrettar og eit ungdomssteg med personleg organiserte (modifiserte) negative rettgar. Båe organisatoriske sider av målstriden, riksmåls- og målrørsla, ville at personleg val av opplæringspråk måtte gjelde dei tre siste åra av grunnskulen, ikkje berre dei to siste.

Nytt var framlegget om eit språkleg parallellitetsprinsipp for lærebokutgjeving. Denne ordninga må sjåast på som ein positiv språkrett, ettersom det altså var staten som skulle syte for prinsippet. Elles må prinsippet sjåast på som eit moglegheitsvilkår for både positive og negative opplæringsrettgar, territoriell og personleg språkopplæringspolitikk, og kan ikkje plasserast som anten ei støtte for eller ein modifikasjon av nokon av tilnærmingane. På den eine sida gjorde ordninga det lettare å halde seg med to typar norske språkterritorium med kvar sine fyrsteopplæringsmål. På den andre sida gjorde ho det mogleg å gjennomføre tiltak

for personlege rettar for språkmindretala innanfor desse territoria. Det gjeld parallellklassar, men òg retten til lærebøker i eit anna opplæringspråk enn det som er fyrstespråket i krinsen.

Ordningane som var føreslegne og vidareførde i Vogt-prosessen, må alle kategoriserast som likebehandlingstiltak, då bortsett frå stønadsordninga for læremiddel på nynorsk som var eit moglegeitsvilkår for parallellitetsprinsippet for lærebokutgjeving. Denne stønadsordninga må sjåast på som eit særbehandlingstiltak for nynorsk, ettersom den same ordninga ikkje galdt bokmålsbøker.

Argumentasjonsheimlane for politikken for offentleg språkbruk er jamt over er prosedurale eller konsekvensialistiske. Dette gjeld alle dokumenta. Når det gjeld forslaget og diskusjonen om fritt val av språk for brukar eller tilsett i statstenesta, argumenterer Vogt-komiteen mindre ut frå behova til einskildtilsette og meir ut frå prinsipielle negative rettsprinsipp, kalla «likeverd», og behov for språkfred enn kva tilfellet var kring 1930. Stortingskomiteen argumenterer òg med prosedural rettferd i denne saka, men med motsett føreteikn; for positive rettsprinsipp og for individuelle og institusjonelle brukarar av tenestene som rettshaldarar. Departementet argumenterer for gjeldande rett, men unngår å ta stilling til negative eller positive rettsprinsipp ved å heimle deliberasjonskonsekvensialistisk: Det meiner dette er eit spørsmål om forståing og kommunikasjon.

Også argumentasjonen for framlegget om ikkje-kvantifisering av nynorsk i statstenesta er delvis proseduralt heimla i Vogt-innstillinga, ut frå ein definisjonen av jamstilling som likeverd: Nynorsk og bokmål er like verdige til å brukast i alle samanhengar, og dermed skal ikkje staten lage offentlege hindringar eller pålegg for bruk av det eine.

Argumentasjonen mot kvantifisering er òg styringskonsekvensialistisk heimla, ut frå kva som er praktisk og realistisk.

Kanskje kan me likevel seie at noko av argumentasjonen for eit nytt språkråd er heimla i språkleg eigenverdi. Då snakkar me i så fall ikkje berre om eigenverdien til mindretalsspråket nynorsk. Både Vogt-komiteen og stortingskomiteen heimlar argumentasjonen i eigenverdien til *både* nynorsk og bokmål, den siste kanskje til samnorsk òg. Også i dette tilfellet ser me at departementet har ein meir gjennomført konsekvensialistisk argumentasjon enn Vogtkomiteen og stortingskomiteen – det belegg det nye språkrådet med språkfredsintegrasjon gjennom ny korpusplanlegging. Språkfred er for

så vidt òg eit viktig belegg i Vogt-komiteens argumentasjon, men det er då ein integrasjon som dessutan skal skapast gjennom statusplanlegging.

Også når det kjem til opplæringsfeltet er argumentasjonen for ordningane i liten grad heimla i nynorskens eller bokmålets kulturelle eigenverdi. Det gjeld òg ordningar som ein kanskje skulle tru primært var for å ta vare på eit språksamfunn, ikkje primært ein mindretalsrett. Døme er ordninga med at det måtte vere 10 elevar att etter skiping av parallellklasse, som er styringskonsekvensialistisk grunngeven av departementet, og stønadsordninga for læremiddel, som ikkje er argumentert for i det heile.

At argumentasjonen for ordningane i Vogt-innstillinga i så liten grad er heimla i språkleg eigenverdi, på baa felt, er noko påtakeleg i ljøs av innleiinga i innstillinga:

Språkfredsutgangspunktet er der grunngeve med at dei to norske skriftspråka må få utvikle seg fritt og sjølvstendig. Dokumenta har altså innleiingsvise generelle påstandar om verdien av både nynorsk og bokmål som ikkje vert nytta som belegg når dei språkpolitiske ordningane skal legitimerast.

Argumentasjonsheimlane for dei språkopplæringspolitiske ordningane er altså av prosedural og anna konsekvensialistisk type. Heilt generelt er dei prosedurale delvis baserte på generelle mindretalsrettar, men særleg på elev- og foreldrerettar. Dei andre konsekvensialistiske heimlane dreier seg om språkfred og gjennomførbarheit. Fleire av dei personlege rettane er det argumentert lite for. Det ser ikkje ut som om personlege språkrettar treng særleg argumentasjon, dersom dei då ikkje møter store praktiske eller økonomiske vanskar.

For parallellutgåveprinsippet for lærebøker i grunnskulen er heimlane gjennomgåande styringskonsekvensialistiske: Ordninga trengst for å kunne gjennomføre andre rettar og ordningar for skulane. Desse omsyna står i ein viss kontrast til argumenta for parallellitet i vidaregåande skule. Her er det lite argumentasjon generelt, men innstillinga til stortingskomiteen viser at her finst ein prosedural argumentasjonsheimel for parallellutgåver, basert på påstanden om rett til skulebøker på eige språk.

Argumentasjonsheimlane for sidemålsordningane er delvis ikkje-eksisterande, delvis basert på likebehandling og jamstilling og dermed prosedurale. I Vogt-innstillinga er heimelen for ordninga berre prosedural, i form av at ein har personleg rett/plikt til å lære det som ikkje er det territorielt bestemte fyrstespråket. Argumenta for *endringar* i sidemålsopplæringa, som

alle instansar er for, er konsekvensialistisk heimla i anten pedagogiske omsyn eller styringsomsyn. Heller ikkje for sidemålsordningane ser me no kulturelle argumentasjonsheimlar.

# 15 1969 og 1974: Nye skulelover

Framlegget til folkeskulelovkomiteen av 1963 var å behandle dei språkpolitiske spørsmåla i to paragrafar. Det var paragraf 41 om lærebøker, som dreia seg om godkjenningsordninga og om fritt språkval i lærebøker bortsett frå i norsk (§§ 35 og 37, nr 3 b og 7 i lova frå 1959), og paragraf 42 om målet i skulen (§ 37 i 1959-lova). Den siste paragrafen inneheldt såleis sju punkt; det vil seie reguleringane for talemål, lesing på båe mål, krinsrøystingar, skriftleg opplæring i sidemål i 8. og 9. klasse, fritt val av fyrstespråk same åra, parallellklassar og samisk som fyrstespråk. (Om endringa av paragrafnummer, sjå oversyn i kap. 14.2.)

I 1967 kom odelstingsproposisjonen som gjorde framlegg om ny lov om grunnskulen. Denne handsama dermed grunnskuleframlegget til folkeskulelovkomiteen (Ot.prp. nr. 59 1966–67), Vogt-komiteens innstilling om språkpolitikk (Vogt-komiteen 1966) og stortingsmeldinga om Vogt-innstillinga (St.meld. nr. 15 1968–69). I proposisjonen vart dei språkopolæringspolitiske framlegga organiserte på nesten same viset som i folkeskulelovkomiteens innstilling. I kapittel VI under «Ymse føresegner» finn me paragrafane «Om lærebøker» og «Målet i skolen» (§§ 40 og 41, Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63–66) som kvar for seg behandlar dei same spørsmåla som dei behandlar i folkeskulekomiteens innstilling. Slik vart òg dei språkpolitiske paragrafane organiserte i den endelege lova. I tillegg inneheldt framlegget til folkeskulekomiteen til liks med dei tidlegare skulelovene ein eigen paragraf om krinsrøystingar («Fråsegn frå krinsen eller skuleområdet», § 30 i framlegget). Desse reglane galdt aller typar saker, og presiseringane av dei reglane som var spesielle for skulemålet vart som før presiserte i målparagrafen.

Når det gjeld den nye vidaregåande skulen, er dei språkpolitiske drøftingane i dokumenta avgrensa til spørsmåla om parallellitetsprinsippet for lærebøker og om skriftleg opplæring i sidemål skulle lovfestast. Arbeidet med ei felles lov for vidaregåande opplæring byrja midt i 1960-åra og resulterte i lov om vidaregåande opplæring i 1974. Einast læremiddelparagrafen (§ 38 i den vedtekne lova) seier noko om tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. I tillegg inneheld førearbeida til lova prinsipielle avklaringar om sidemål, det vil seie reglar som formelt vart fastsette i læreplanane.



Ulikt korleis stoffet vart handsama i føregåande kapittel, skal dei språkopplæringspolitiske ordningane no strukturast etter paragrafane og paragraflekkane som dei vart føreslegne regulerte i i folkeskulelovinnstillinga og i odelstingsstingsproposisjonen om ny grunnskulelov og i Steen-komiteen si innstilling og proposisjonane om ny lov om vidaregåande opplæring. Fyrst vert grunnskulereguleringane behandla, deretter reguleringane for vidaregåande. Dette vil seie at ordningane som vert undersøkte i dette kapitlet, i stor grad er dei same som dei som vart analyserte i førre, men dei er framstilte i ei anna rekkjefylgje.

Nemnast skal dessutan somme språkpolitiske ordningar og reguleringar for grunnskulen som ikkje eigenleg vart diskuterte i Vogt-prosessen og som heller ikkje vert kommenterte i førearbeida til den nye grunnskulelova. Dette gjeld til dømes reguleringane om lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk og om lesing i båe mål i grunnskulen. *Alle* språkpolitiske ordningar i dei nye skulelovene er likevel tekne med her, for det totale oversynet og oppsummeringa sin del. Det kan vere interessant å oppsummere kva målparagrafen frå 1892 var vorte til 70–80 år etter, og dessutan å sjå på kva for språkpolitiske ordningar som ikkje lenger traderer grunngevingar eller vekker ordskifte.

Dette vil seie at framstillinga startar med spørsmåla om språkpolitisk avgjerdskompetanse for skulekrinsen, går vidare til læremiddel og lærebøker i grunnskulen, held fram med dei andre språkopplæringspolitiske ordningane for grunnskulen og avsluttar med ordningane om parallellitetsprinsippet og sidemål for vidaregåande.

Når det gjeld grunnskulen, skal me sjå på odelstingsproposisjonen om ny lov om grunnskulen frå april 1967 og innstillinga til kyrkje- og undervisningskomiteen frå mars 1969. Det skal òg visast til to endringar i grunnskulelova i 1975 og 1979.

Odelstingsproposisjonen om ny grunnskulelov kom i 1967, altså *før* stortingsmeldinga om Vogt-innstillinga frå hausten 1968. Dermed handsamar ikkje proposisjonen alle språkpolitiske spørsmål like grundig. I stortingskomitéinnstillinga om grunnskulelova finn me ei grundigare behandling, ettersom den kom i 1969 og dermed kunne spele på den store stortingsmeldinga frå året før.

Det finst ei lang rekkje dokument om prosessen med utviklinga av den vidaregåande skulen frå tidleg i 1960-åra til 1974. I realiteten starta arbeidet med ny lov om vidaregåande opplæring med Skolekomiteen av 1965, det såkalla Steen-utvalet, som leverte innstillingar i 1967, 1969 og 1970. Lova vart sanksjonert 21. juni i 1974, etter då å ha vore handsama i

stortinget i mai på grunnlag av komitéinnstillinga frå same månad, og før det i tre odelstingsproposisjonar. Berre den siste proposisjonen vart handsama i Stortinget på grunn av regjeringsskifte. Gjennomgått er den delen av innstillinga til Steen-utvalet som dreier seg om språkpolitikk (Steen-komiteen 1969), lovproposisjonane (Ot.prp. nr. 5 1972–73, Ot.prp. nr. 29 1972–73 og Ot.prp. nr. 18 1973–74) og innstillinga om den siste proposisjonen (Innst. O. nr. 28 1973–74). Det er ingen endringar i lova som gjeld språkpolitikk før den nye opplæringslova i 1998.

## **15.1 Reglar for krinsrøysting (§ 30)**

Som denne paragrafen var føreslegen i odelstingsproposisjonen i 1967, tok han føre seg dei generelle reglane for krinsrøystingar, det vil seie òg for dei som galdt når det skulle røystast over ny krinsorganisering (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 74). Det var nr. 2 i paragrafen som handla om kven som hadde røysterett, og som dermed hadde vorte språkpolitisk relevant i og med Vogt-komiteen. Dei to motstridande syna, ålmenn røysterett eller eksklusiv foreldrerett, skal her framstillast som to ulike ordningar. Det er ikkje lenger sjøve krinsorganiseringa som er diskutert. Difor konsentrerer analysen seg om politikken og argumentasjonen for og mot foreldrerett/ålmenn røysterett.

Dette saksfeltet var regulert under paragraf 30 i den vedtekne lova (Lover 1969: 54). Nedanfor vert paragrafnummera i den endelege lova nytta.

### **15.1.1 Ålmenn røysterett ved krinsrøysting (§ 30, nr. 2)**

I odelstingsproposisjonen i 1967 gjekk Kyrkje- og undervisningsdepartementet inn for ålmenn røysterett. Det støtta såleis folkeskulekomiteen av 1963 og vidareførte dei tidlegare føresegnene frå 1959 (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 74).

Her er ingen argumentasjon for ålmenn røysterett.

### **15.1.2 Foreldrerett ved krinsrøysting (§ 30, nr. 2)**

#### ***15.1.2.1 Ordninga***

I lovproposisjonen om grunnskulelova gjorde regjeringa framlegg om å vidareføre ålmenn røysterett, men gjorde det òg klart at førehavinga av Vogt-komiteen si innstilling i Stortinget kunne gjere det aktuelt for departementet å «kome attende til lovføresegnene» (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 64). Stortingsførehavinga om språksaka viste at Stortinget ville avgrense røysteretten til foreldra. Departementet tok konsekvensen av dette og sende 22. januar 1969

eit brev til Stortinget med framlegg om at nr. 2 vart endra slik: «Røysterett i saker om skrifteleg [!] opplæringsmål, jfr. § 41 nr. 4 har foreldre til born under 14 år.» (Innst. O. XIV 1968–69: 37).

Innstillinga frå kyrkje- og undervisningskomiteen om ny lov om grunnskulen i 1969 seier seg samd i ynsket om foreldrerett, og hevdar at «foreldreretten også må omfatte retten til å velge målform. En må imidlertid ta et visst hensyn til de pedagogiske og praktiske problemer» (Innst. O. XIV 1968–69: 52). Desse pedagogiske og praktiske omsyna gjer at komitéfleirtalet ikkje vil gå for Vogt-komiteens absolutte foreldrerett og dermed avvikling av krinsen, men for avgrensing av røysteretten til foreldre/føresette ved krinsrøysting. Dette inneber altså ei realitetsendring i høve til lova av 1959.

### ***15.1.2.2 Argumentasjonen***

Stortingskomiteen nemner stabilitet for elevane og skulen som grunn til at ein ikkje kan gå for Vogt-komiteens absolutte foreldrerett (Innst. O. XIV 1968–69: 52). Dette vert ikkje sett opp som ein del av argumentasjonsanalysen, fordi det ikkje lenger er krinsskipnaden som står i brennpunktet. Argumentasjonen for og mot foreldrerett vert vektlagd.

Argumentet til stortingskomiteen for foreldrerett ved krinsrøystingar er slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Foreldreretten må omfatte retten til å velje språk.

Heimel: (Dersom) foreldre har slik rett,

Påstand: (så) må det vere foreldrerett ved krinsrøystingar.

Heimelen er prosedural.

Eit mindretal i stortingskomiteen vil halde fram med ålmenn røysterett: «Mindretalet ser spørsmålet om målet i skulen som eit sær s viktig kulturspørsmål, og at det difor er urimeleg at berre ein del av dei røysteføre skal kunna avgjere» (Innst. O. XIV 1968–69: 38). Eit anna mindretal vil gå lenger i foreldreretten, i retning Vogt-komiteens framlegg, men likevel utan å avvikle krinsen (Innst. O. XIV 1968–69: 53).

## 15.2 Lærebøker i grunnskulen (§ 40)

### 15.2.1 Parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen (§ 40, nr. 1)

#### 15.2.1.1 *Ordninga*

Ordninga om at lærebøker for grunnskulen skal kome ut på lik tid og til lik pris både på nynorsk og bokmål, vart, som me har sett, formelt lansert av Vogt-komiteen, etter at det hadde vore ei viktig sak for mål- og skuleorganisasjonar i fleire år (Lien 1981: 374f). Proposisjonen nemner ikkje saka, men kyrkje- og undervisningskomiteen gjer framlegg om eit nytt punkt i høve 1959-lova og proposisjonen, «at det enstemmige forslag frå Vogt-komiteen blir inntatt i lovens § 40 nr 1 som et nytt 2. ledd» (Innst. O. XIV 1968–69: 49). Lovteksten komiteen gjer framlegg om, er: «Lærebøker i andre fag enn norsk må liggje føre til same tid og til same pris både på bokmål og nynorsk. Departementet kan gjere unntak frå desse reglane.» (s. 50). Slik vart det òg i det endelege lovvedtaket. I lova som galdt då ho vart oppheva i 1998, stod rett nok «lærebokverk» i staden for *lærebøker*, og paragrafnummeret var endra, men paragrafen var elles identisk (Grunnskulelova 1969: § 39).

#### 15.2.1.2 *Argumentasjonen*

Stortingskomiteen viser til innkomne innvendingar av forlagsteknisk og økonomisk art, men seier at «større forståelse og forsonlighet i språksaken» må byggje på vilje til å øve rettferd overfor baa språkgrupper, «og komiteen ser kravet om lærebøker på begge målformer som et rimelig rettferdighetskrav» (Innst. O. XIV 1968–69: 49).

Her er to argument for parallellitetsprinsippet for lærebøker i grunnskulen:

#### **Argument 1:**

Belegg: Det trengst meir forståing og forsoning i språksaka.

Heimel: (Dersom) det trengst meir språkfred,

Påstand: (så) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen innførast.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

## **Argument 2:**

Belegg: Lærebøker på baa målformer er eit rimeleg rettferdskrav.

Heimel: (Dersom) me vil ha rettferd,

Påstand: (saa) må eit parallellitetsprinsipp for lærebøker i grunnskulen innførast.

Heimelen er prosedural.

### **15.2.2 Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk (§ 40, nr. 2)**

Her føreslår både odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga det same som tidlegare lovverk, nesten utan merknader: I andre fag enn norsk skal foreldre/elevar kunne velje lærebøker på det språket som ikkje er det territoriale fyrstespråket. Når eg seier «nesten», er det fordi departementet føreslår at «andre lærebøker i morsmålet» vert teke inn etter reglane om at abc og lesebok skal vere på krinsens fyrstespråk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Slik vart det òg i lova.

## **15.3 Målet i grunnskulen (§ 41)**

### **15.3.1 Leseopplæring på både nynorsk og bokmål (§ 41, nr. 2)**

Punktet som er føreslege frå departementet, inneheld òg ei presisering av moglegeitvilkåret for denne reguleringa: at lesebøkene må ha nok tilfang på baa språk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Her føreslår altså både odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga det same som tidlegare lovverk, utan merknader. Slik vart det òg i lova.

### **15.3.2 Skulestyret vedtek språk for kvar krins (§ 41, nr. 3)**

Her føreslår både odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga det same som tidlegare lovverk, utan merknader. Slik vart det òg i lova.

### **15.3.3 Krinsen skal seie si meining (§ 41, nr. 4)**

Det samansette nr. 4 i paragrafen som er føreslege i proposisjonen, dreier seg om etter kva for reglar dei røysteføre i krinsen skal kunne påverke val av fyrstespråk for skulen. Punktet seier at krinsen skal seie si meining, at språkrøysting kan haldast om  $\frac{1}{4}$  av dei røysteføre krev det, at vedtaket i krinsen er bindande for skulestyret om det er gjort av minst 40 prosent av dei røysteføre, at nytt vedtak om opplæringsmål ikkje kan gjerast før etter minst fem år, at det skal haldast ny røysting ved krinssamanslåing, og at ved krinssamanslåing har elevar

som har gått minst tre år i skulen, rett til å halde fram med sitt opphavlege fyrstespråk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63).

Når det gjeld fyrste lekken, at krinsen skal seie meininga si, er dette i realiteten berre ei dobling av innhaldet i paragraf 30. Odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga føreslår det same som tidlegare lovverk, utan merknader. Slik vart det òg i lova.

#### **15.3.4 Språkrøysting om ¼ krev det (§ 41, nr. 4)**

Framlegget i odelstingsproposisjonen er at «Røysting om skriftleg opplæringsmål skal haldast når fleirtalet i skulestyret eller minst ¼ av dei røysteføre i krinsen krev det.» (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Komiteen er samd, men ynskjer ei teknisk endring for å presisere foreldreretten. Slik vert då formuleringa: «eller minst ¼ av dei som har røysterett i slike saker etter § 30 krev det.» (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 53). Elles er det ingen andre merknader.

#### **15.3.5 40 prosent binding i krinsrøysting (§ 41, nr. 4)**

Både departementet og fleirtalet i stortingskomiteen ville vidareføre ordninga om at 40 prosent av dei røysteføre i krinsen kunne binde skulestyret i avgjerder om språk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 65, Innst. O. XIV 1968–69: 54). Komiteen gjorde same presisering som i førre lekk; at berre foreldre var røysteføre. Det er elles ingen argumentasjon eller merknader.

Denne tredje lekken i nr. 4 var det likevel usemje om, noko me òg har sett tidlegare. Eit mindretal i komiteen meinte at foreldreretten burde understrekast endå tydelegare ved at alle røystingar vart gjort bindande for skulestyret (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

#### **15.3.6 Rådgjevande krinsrøysting (§ 41, nr. 4)**

Då departementet opna for endring i røysterettsreglane i 1985 (Ot.prp. nr. 51 1984–85), ynskte komiteen å gjere om føresegna om at krinsen kunne binde kommunen (Innst. O. nr. 84 1984–85: 4). Formuleringa komiteen gjer framlegg om, er slik: «Resultatet av røystinga kjem fram ved vanleg fleirtal, og skal vere rådgjevande for skulestyret.» (s. 4). Komiteen argumenterte ikkje for dette.

#### **15.3.7 Nytt vedtak om opplæringsmål ikkje før etter fem år (§ 41, nr. 4)**

Her føreslår både odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga det same som tidlegare lovverk, utan merknader. Punktet kom inn alt i 1915, i den fyrste av dei to store revisjonane 1915 og 1917.

### **15.3.8 Ny røystring ved krinssamanslåing (§ 41, nr. 4)**

Her foreslår både odelstingsproposisjonen og komitéinnstillinga det same som tidlegare lovverk, utan merknader. Punktet kom inn i 1959.

### **15.3.9 Vidareføring av fyrstespråk ved krinsregulering (§ 41, nr. 4)**

#### ***15.3.9.1 Ordninga***

Det var kommunen som gjorde vedtak om krinsskipnaden, det vil seie det geografiske området for elevinntak og kva for klassesteg som skulle gå på den einskilde skulen. Som me har sett, hadde eleven etter 1959-lova ein rett til å halde fram med fyrstespråket sitt ved krinsregulering om han hadde gått minst tre år i skulen (sjå kap. 13.2.3). Dette var vidareført i proposisjonen (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 65) og innstillinga (Innst. O. XIV 1968–69: 54). Føresegna gav likevel ikkje elevar med anna opplæringsmål rett til å gå i eigen klasse med mindre dei oppfylte kravet til parallellklassar (minst 10 elevar).

#### ***15.3.9.2 Argumentasjonen***

Innstillinga har ingen merknader til proposisjonen, og det skal vel godt gjerast å påstå at proposisjonen eigenleg argumenterer for denne ordninga. I tråd med analysane tidlegare skal det likevel seiast at ordet «rett» i framlegget peikar mot ein type argumentasjon (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 65).

Argumentet kan dermed setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Elevar har rett til å halde på fyrstespråket sitt.

Heimel: (Dersom) elevar har slik rett,

Påstand: (så) må elevar som har gått minst tre år i skulen, få bruke det same språket som før ved krinsregulering.

Heimelen er prosedural.

### **15.3.10 Vidareføring av fyrstespråk ved overføring til sentralskule (§ 41, nr. 4)**

#### ***15.3.10.1 Ordninga***

Den førre føresegna galdt berre når krinsar vart slegne saman, ikkje når elevar vart førde saman i ein sentralskule etter til dømes dei fire fyrste åra på grendaskule. Retten til å halde på språk ved skulebyte kom såleis inn i grunnskulelova i 1979 (Ot.prp. nr. 67 1977–78,

Lover 1979: 23). Framlegget til departementet var at den gamle føresegna vart erstatta med ei som sa at elevar har rett til å halde fram med opplæring i det opphavlege fyrstespråket sitt når dei vert overførte til ein skule med eit anna skriftspråk (Ot.prp. nr. 67 1977–78: 2).

Etter ein periode med sterk skulesentralisering var 1970-åra prega av ein desentraliseringstendens med oppretting av grendeskular for dei minste årsstega.

Komitéinnstillinga siterer proposisjonen:

I nokre kommunar er det eigen skole i ei eller fleire grender for born i dei første 3–4 klassestega i grunnskolen. Deretter kan elevane måtte førast over til ein større barneskole. Dersom dei overførde elevane har ulikt opplæringsmål med elevane i den mottakande skolen og dersom dei er færre enn 10 elevar med den eine målforma, må dei overførde elevane, i medhald av § 40 nr. 6, skifte opplæringsmål. § 40 nr. 4 har rett nok i siste lekken ein regel om at dei som har gått minst 3 år i skolen, har rett til å bruke den same målforma som før i skriftleg arbeid. Men denne føresegna gjev ikkje heimel for krav om særskild opplæring utanom klassen. Dessutan gjeld føresegna berre når krinsar blir slegne saman, ikkje når elevar frå ulike krinsar blir førde saman etter dei tre eller fire første åra i skolen. (Innst. O. nr. 33 1978–79: 2)

Stortinget vedtok altså å endre grunnskulelova på dette punktet, slik at småskuleelvar skulle få «halde fram med det same skriftlege opplæringsmålet og skal ha undervisning i eiga gruppe i norsktimane» (Ot.prp. nr. 67 1977–78, Innst. O. nr. 33 1978–79, Ot.tid. 1979: 368ff, 15. mars, Lover 1979: 23).

### **15.3.10.2      *Argumentasjonen***

Både proposisjonen og innstillinga opererer altså med ordet «rett» i omtalen av denne ordninga (Ot.prp. nr. 67 1977–78: 2, Innst. O. nr. 33 1978–79: 2).

I tråd med tidlegare analysar kan me sjå dette som fylgjande argument:

#### **Argument 1:**

Belegg: Elevar har rett til å halde på fyrstespråket sitt.

Heimel: (Dersom) elevar har slik rett,

Påstand: (så) må elevar få bruke det same språket som før når dei vert overførte til ein skule med eit anna skriftspråk.

Heimelen er prosedural.



### **15.3.11 Skriftleg opplæring i både språk dei to siste åra i ungdomsskolen (§ 41, nr. 5)**

#### **15.3.11.1      *Ordninga***

Departementet sitt framlegg for paragraf 41 nr. 5 i 1967 inneheld føresegner om at elevar skal ha skriftleg opplæring i både målformer i 8. og 9. klasse, og at dei desse åra fritt avgjer fyrstespråk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 65). Odelstingsproposisjonen foreslår såleis ei realitetsendring i høve til lova i 1959: Den gjeldande lova sa ikkje noko om skriftleg opplæring i både mål, dette var ei av få endringar som folkeskulekomiteen av 1963 gjorde framlegg om. Folkeskulelovkomiteen fekk òg støtte frå Vogt-komiteen her (sjå kap. 14.2.9).

Stortingskomiteen støttar ikkje proposisjonen, som me skal sjå nedanfor (Innst. O. XIV 1968–69: 50), men gjekk inn for å stryke ordet «skriftleg» slik at det berre vart ståande at elevane skulle ha opplæring i både språk. Formuleringa som galdt då lova vart oppheva i 1998, lyder då òg slik: «Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet fastset dei nærmare føresegner for slik undervisning.» (Grunnskulelova 1969).

#### **15.3.11.2      *Argumentasjonen***

«Kor langt opplæringa skal gå, og korleis ho best kan skipast, er eit pedagogisk spørsmål», seier departementet i proposisjonen, men det kjem ikkje med argumentasjon for sjølve ordninga (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 65). Stortingskomiteen, som i realiteten støttar ordninga med skriftleg opplæring i sidemål, men som går mot lovfesting, seier: «Slik språksituasjonen er hos oss med to sideordnede målformer, og også med tanke på den vidare skolegang, ser komiteen det som ønskelig at elevene dei to siste år gis skriftlig opplæring i sidemål.» (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

Under tvil kan argumentasjonen i innstillinga difor setjast opp som grunngjeving for ordninga:

#### **Argument 1:**

Belegg: Språksituasjonen her er at me har to sideordna målformer.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må elevane ha skriftleg opplæring i både språk på ungdomssteget.

Heimelen er prosedural.

## **Argument 2:**

Belegg: Elevane skal gå vidare på skulen.

Heimel: (Dersom) både språk skal lærast i vidare skulegang,

Påstand: (så) må elevane ha skriftleg opplæring i både språk på ungdomssteget.

Heimelen er styrings- og pedagogisk-konsekvensialistisk.

Men stortingskomiteen støttar altså ikkje *lovfesting* av skriftleg opplæring i både språk på ungdomssteget. Av pedagogiske årsaker foreslår han at ordet «skriftleg» går ut, og at departementet får høve til å gje nærare reglar for sidemålsopplæringa (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

### **15.3.12 Fritt språkval i ungdomsskulen (§ 41, nr. 5)**

Ordninga som vert presentert i andre lekken i nr. 5 er ei vidareføring frå 1959-lova, om fritt språkval dei to siste åra i ungdomsskulen, som med grunnskulelova i 1969 vart gjort obligatorisk. Proposisjonen nemner ikkje ordninga når det gjeld nynorsk og bokmål, men meiner at samisk må kunne veljast som fyrstespråk (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 66), og dette vert støtta av komiteen (Innst. O. XIV 1968–69: 50). Elles er det ingen merknader. I det endelege lovvedtaket vart formuleringa «Eleven avgjer sjølv kva hovudmål han skal nytte» (Lover 1969: 57).

### **15.3.13 Språklege parallellklassar om minst 10 krev det (§ 41, nr. 6)**

Nr. 6 i proposisjonens føreslegne paragraf tek føre seg reglar for språkleg klassesdeling, altså høvet til å skipe parallellklassar. Ordningane som ligg i proposisjonens framlegg, er at dersom foreldre til minst 10 elevar krev det, skal det kunne opprettast parallellklasse i alle timar på 1.–3. steget og i norsk på 4.–7. steget. Vilkåret er at det ikkje vert mindre enn 10 elevar att i den klassen eller gruppa som har det språket som er fastsett for skulen. Departementet skal elles kunne gjere unntak frå føresegnene om elevtal (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63).

Fyrst til minstetalet for foreldre/elevar for ein språkleg parallellklasse: I proposisjonen seier departementet at det i hovudsak fylgjer Vogt-komiteen for heile dette punktet, men i spørsmålet om minstetal går det altså ned til 10 frå komiteens 12 (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Dette vert støtta i komitéinnstillinga. Her er elles ingen merknader i nokon av dokumenta, bortsett frå at komiteen meiner at dispensasjonsretten til departementet skal

presiserast (Innst. O. XIV 1968–69: 54–55). Dette vert teke opp som ei eiga ordning under dette nummeret.

#### **15.3.14 Språklege parallellklassar i alle fag 1.–3. klasse (§ 41, nr. 6)**

Proposisjonen føreslår her ei realitetsendring i høve til 1959-lova, men er i tråd med folkeskulekomiteen av 1963 og Vogt-komiteen. Språkleg klassesdeling i alle fag kan altså gjennomførast dei tre fyrste åra på barneskulen (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Som me har sett, var folkeskulekomiteen sin argumentasjon for dette at paragraf 41, nr. 6 til no var tolka slik at klassesdeling berre skulle skje i norsk (sjå kap. 13.2.5.2). Dermed var komiteens framlegg i realiteten ei utviding av parallellklasseordninga.

Stortingskomiteen støttar forslaget, og her er elles ingen merknader i nokon av dokumenta, bortsett frå at komiteen også her meiner at dispensasjonsretten til departementet skal presiserast (Innst. O. XIV 1968–69: 54–55).

#### **15.3.15 Språklege parallellklassar i alle fag 1.–6. klasse (§ 41, nr. 6)**

##### **15.3.15.1 *Ordninga***

Parallellklasseregelen vart endra våren 1975. Departementet gjer no framlegg om rett til klassesdeling i alle fag i 1.–6. klasse, altså ikkje berre i 1.–3. klasse (Ot.prp. nr. 64 1973–74: 50). På 7. steget skulle det framleis berre vere høve til klassesdeling i norsk. Dette vert støtta av stortingskomiteen (Innst. O. nr. 74 1974–75: 15). Nummeret på paragrafen vart i samband med denne handsaminga endra frå 41 til 40.

##### **15.3.15.2 *Argumentasjonen***

Departementets argument for dette, som òg får støtte i komitéinnstillinga, er at røynslene etter innføringa av den nye grunnskulelova viser at det er svært uheldig med eit opplæringspråk i norsk og eit anna i andre fag (Ot.prp. nr. 64 1973–74: 50, Innst. O. nr. 74 1974–75: 15).

Argumenta kan såleis setjast opp slik:

##### **Argument 1:**

Belegg: Det er uheldig med eit opplæringspråk i norsk og eit anna i andre fag.

Heimel: Dersom opplæringa skal vere heldig og gunstig,

Påstand: (så) må parallellklassar kunne opprettast i alle fag i 1.–6. klasse.

Det er ikkje utan vidare så lett å vite kva som ligg i omgrepet *uheldig*, men det kan tolkast som praktisk og pedagogisk ugunstig. Heimelen er såleis styrings- og pedagogisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Røynsler syner at det er uheldig med eit opplæringspråk i norsk og eit anna i andre fag.

Heimel: Dersom ein skal ta omsyn til røynsler,

Påstand: (så) må parallellklassar kunne opprettast i alle fag i 1.–6. klasse.

Heimelen er pedagogisk- og kanskje òg styringskonsekvensialistisk.

### **15.3.16 Språklege parallellklassar på ungdomsteget fell bort (§ 41, nr. 6)**

Stortinget gjekk i 1975 inn for å utvide retten til klassesdeling til å gjelde alle teoretiske fag på alle årssteg i barneskulen (1.–6. klasse). På eitt punkt vart likevel parallellklasseretten avgrensa i høve til tidlegare. Paragraf 40 (tidlegare 41) slo ikkje lenger fast nokon rett til klassesdeling i fyrste årssteget på ungdomsskulen (7. klasse), heller ikkje i norsktimane. Rett nok heiter det i den refererte komitéinnstillinga: «Nemnda rår til at det framleis vert høve til klassesdeling i norskfaget på 7. årssteget.» (Innst. O. nr. 74 1974–75: 15). Men dette vart ikkje teke inn i paragraf 41 i lovteksten, og i praksis ser denne retten ut til å ha falle bort – han vert iallfall ikkje nemnd i samband med seinare endringar av målparagrafen (Innst. O. nr. 74 1974–75: 15). Parallellklasseordninga for ungdomsteget fall altså bort utan merknader og argumentasjon i samband med at høvet til eige språkval for elevane vart utvida til 7. klasse.

### **15.3.17 Parallellklasserett i norsk ved overføring til sentralskule (§ 41, nr. 6)**

#### **15.3.17.1 Ordninga**

Det vart fleire endringar i parallellklasseretten i 1970-åra. I Ot.prp. nr. 67 (1977–78) vart det gjort framlegg om ei presisering som sa at dei som hadde gått 1.–3. klasse på ein skule med anna opplæringsmål og på grunn av krinsskipnaden vart overført til ny skule når dei byrja i 4. klasse, skulle få rett til å halde fram med hovudmålet (som før), men at dei òg fekk rett til klassesdeling i norsktimane. Det siste var altså det nye.

### **15.3.17.2 Argumentasjonen**

Departementet støttar ein argumentasjon som seier at det er «urett mot dei som er for få til klassedeling, at dei skal ha norskopplæring i ei anna målform enn den dei nyttar heime og har lært til skriftleg bruk i tre–fire år i skolen.» (Ot.prp. nr. 67 1977–78: 2) Det vert referert til skuledirektørar som meiner det er vanskeleg med så mykje klassedeling, men departementet hevdar ordninga er gjennomførbar og at det er snakk om små kostnader for einskildkommunane. Komitéinnstillinga er noko uklar på punktet: «Der det vert norskgrupper med mindre enn 10 elevar, bør det vere høve til å samle elevar frå fleire klassesteg i same gruppe der dette er praktisk mogeleg.», og komiteen presiserer at dette gjeld også om berre éin elev har anna opplæringsmål (Innst. O. nr. 33 1978–79: 2).

#### **Argument 1:**

Belegg: Det er urett at elevar skal ha norskopplæring i eit anna språk enn dei nyttar heime.

Heimel: (Dersom) ein har rett til opplæring i heimespråket,

Påstand: (så) bør eleven ha rett til å gå i språkleg parallellklasse i norsk ved overføring til sentralskule på barnesteget.

Heimelen er kanskje pedagogisk-konsevensialistisk, men helst prosedural, ettersom det det vert uttrykt ein rett til opplæring i heimemålet.

#### **Argument 2:**

Belegg: Det er gjennomførbart og ikkje dyrt å gjennomføre framlegget.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal vere gjennomførbar og ikkje kostbar,

Påstand: (så) bør eleven ha rett til å gå i språkleg parallellklasse i norsk ved overføring til sentralskule på barnesteget.

Heimelen er økonomisk- og styringskonsevensialistisk.

### **15.3.18 Språklege parallellklassar om minst 10 er att (§ 41, nr. 6)**

#### **15.3.18.1 Ordninga**

Framlegget til proposisjonen om ny grunnskulelov i 1967 var at det måtte vere minst 10 elevar att i den resterande gruppa om språkleg parallellklasse skulle skipast (Ot.prp. nr. 59 1966–67: 63). Dette er i tråd med folkeskulekomiteen av 1963, men ikkje med fleirtalet i Vogt-komiteen, som ikkje ville ha noko slik grense. Stortingskomiteen går òg inn for at det må vere att minst 10 elevar (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

### **15.3.18.2      *Argumentasjonen***

Departementet i 1967-proposisjonen argumenterer ikkje for synspunktet. Stortingskomiteen seier han har vore i tvil om han heller skulle ha gått for framlegget til Vogt-komiteen om inga slik talgrense, men «Komiteen har imidlertid intet grunnlag for å vurdere hvilke praktiske og økonomiske konsekvenser en slik endring vil få.» (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

Argumentet for minstekravet på 10 elevar i attverande gruppe er såleis slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Parallellklasseordninga har praktiske og økonomiske fylgjer.

Heimel: (Dersom) ein skal ta økonomiske og praktiske omsyn,

Påstand: (så) bør ein ha ei minstegrense på 10 attverande elevar ved parallellklasseetablering.

Heimelen er økonomisk- og styringskonsekvensialistisk.

Også her er komiteen viljug til å gje departementet uttrykt dispensasjonsrett.

### **15.3.19    Dispensasjonsrett for departementet i parallellklasseføreseigna (§ 41, nr. 6)**

#### **15.3.19.1      *Ordninga***

Motsett departementet i 1967, vil kyrkje- og undervisningskomiteen i 1969 i det store og heile vere tydelegare på at departementet kan dispensere frå talfestingane i parallellklasseføreseigna. Komiteen føreslår dermed fylgjande sisteformulering i punktet: «Etter tilråding frå skoledirektøren, kan departementet dispensere frå kravet om at det må vere minst 10 elevar att i den klassen eller gruppa som har den målform som er fastsett for skolen.» (Innst. O. XIV 1968–69: 54).

#### **15.3.19.2      *Argumentasjonen***

Komiteen seier at ein har valt å føreta ei viss «oppmykning» av dispensasjonstilgjenget for «å kunne de same mål som ligger bak Vogt-komiteens innstilling i alle tilfelle hvor dette ut fra lokale forhold m.v. er mulig» (Innst. O. XIV 1968–69: 54). Det vert altså sagt direkte at Vogt-komiteens argumentasjon for parallellklassar er den som ligg bak komiteens framlegg om oppmyking av dispensasjonsretten.

Dermed skal Vogt-komiteens argument for parallellklassar gjevast att nedanfor (sjå kap. 14.2.3.2), med eit tillegg i påstandsformuleringa om dispensasjonsrett:

### **Argument 1:**

Belegg: Det trengst språklege mindretalsrettar.

Heimel: (Dersom) språkmindretala har slike rettार,

Påstand: (så) må ein kunne gje dispensasjon slik at elevar får gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Norske lokalsamfunn er vortne meir språkheterogene.

Heimel: (Dersom) språkheterogenitet krev personlege rettार,

Påstand: (så) må ein kunne gje dispensasjon slik at elevar får gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

### **Argument 3:**

Belegg: Foreldra må avgjere språket til sine egne ungar.

Heimel: (Dersom) foreldre har slik rett,

Påstand: (så) må ein kunne gje dispensasjon slik at elevar får gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 4:**

Belegg: Språk ikkje lenger er knytt til lokalsamfunn.

Heimel: (Dersom) språkrettar skal knytast til personleg, ikkje lokal identitet,

Påstand: (så) må ein kunne gje dispensasjon slik at elevar får gå i språkleg parallellklasse.

Her vert det kategorisert på same viset som under argument 2: Heimelen er prosedural dersom dette dreier seg om rettferd, styringskonsekvensialistisk om dette dreier seg om ein særleg måte å organisere rettferda på.

### **Argument 5:**

Belegg: Absolutt forelderrett og avvikling av krinsrøystingar vil føre til mindre konflikt.

Heimel: (Dersom) språkfred trengst.

Påstand: (så) må ein kunne gje dispensasjon slik at elevar får gå i språkleg parallellklasse.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

Dispensasjonsheimelen fall bort i lovendringa i 1985. Årsaka var teknisk: Det nye inntektssystemet for kommunane ville gjere det overflødig (Innst. O. nr. 84 1984–85: 5).

## **15.4 Lærebøker og andre læremiddel i vidaregåande opplæring (§ 38)**

Dei tre odelstingsproposisjonane som er undersøkte når det gjeld ny lov om vidaregåande opplæring, viser seg å vere identiske når det gjeld læremiddel- og lærebokpolitikk og med berre uvesentlege skilnader når det gjeld sidemålsopplæringa. Her skal det difor berre visast til den siste proposisjonen i tillegg til komitéinnstillinga som handsamar han (Ot.prp. nr. 18 1973–74 og Innst. O. nr. 28 1973–74).

Vogt-komiteen ville lovfeste parallellutgåveordninga i grunnskulen, men ikkje i andre skuleslag. I handsaminga av stortingsmeldinga om språksaka ville stortingskomiteen at parallellitetskravet for grunnskulen også skulle vere retningsgjevande i vidaregåande skuleslag med store elevgrupper (gymnas og handelsskule) (Innst. S. nr. 189 1969–70: 281). Steen-utvalet gjekk ikkje inn på spørsmålet. Målrørsla var svært oppteken av saka, og i 1971 sette målaktivistar i gang dei fyrste omfattande læremiddelaksjonane (Almenningen og Lien 1978: 70). Som me har sett, vart Statens læremiddelutval sett ned i 1962 for å bøte på lærebokmangelen, både når det galdt små fag og manglande nynorskbøker (sjå kap. 13.3). I mai 1972 kom utvalet med utgreiinga «Manglende lærebøker. Tiltak for å dekke behovet» (Lærebokutvalet 1972). Her vart mangelen på nynorske lærebøker dokumentert i detalj og behovet for tilskot stipulert. Ein månad etter kom så den fyrste av dei tre proposisjonane om ei lov om vidaregåande opplæring.

I lovtkastet i proposisjonane er det éin paragraf som dreier seg om språkpolitikk; paragraf 38, «Lærebøker og andre læremiddel» (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 89). I diskusjonen om denne vert også sidemålsspørsmålet drøfta, men konklusjonen er at sidemål ikkje skal lovregulerast. Dette kjem me til nedanfor.

Paragrafen om lærebøker er føreslege med fire lekkar som for det fyrste seier at staten skal medverke til å fremje rasjonell produksjon og bruk av læremiddel, for det andre at lærebøker i andre fag enn norsk må føreliggje til same tid og same pris på nynorsk og bokmål (parallellitetsprinsippet) og at departementet kan gjere unntak frå dette, for det tredje at Stortinget løyver tilskot til utgjeving av lærebøker og for det fjerde at



departementet gjev reglar om godkjenning av lærebøker. Relevant for språkpolitikken i denne omgangen er berre andre og tredje lekken, og det er dermed ordningane som er uttrykte i desse lekkane som her vert førehava.

#### **15.4.1 Parallellitetsprinsippet for lærebøker i vidaregåande opplæring**

##### ***15.4.1.1 Ordninga***

Kyrkje- og undervisningsdepartementet føreslår altså eit tilsvarande parallellitetsprinsipp for vidaregåande som for grunnskulen (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 80). Komiteen er samd (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

##### ***15.4.1.2 Argumentasjonen***

Departementet seier det «er enig i at prinsippet om språklig likestilling må legges til grunn, slik at alle som ønsker det i størst mulig utstrekning kan få lærebøker på nynorsk» (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 80). Komiteen seier òg at dette dreier seg om «språkleg jamstilling» (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

Argumentet er dermed slik:

##### **Argument 1:**

Belegg: Prinsippet om språkleg jamstilling skal leggjast til grunn.

Heimel: (Dersom) jamstilling er rett,

Påstand: (så) må lærebøker på nynorsk og bokmål kome ut på lik tid og til lik pris.

Heimelen er prosedural.

#### **15.4.2 Parallellitetsprinsippet for lærebøker i små fag i vidaregåande opplæring**

##### ***15.4.2.1 Ordninga***

Departementet gjer framlegg om at parallellitetskravet også omfattar «andre læremidler», men kommenterer eller grunnlegg ikkje framlegget ut over ei generell formulering om at nye læremiddel truleg vil få større plass i undervisninga framover (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 90). Stortingskomiteen sluttar seg til framlegget og grunnlegg det. Endeleg lovtekst er identisk med framlegga frå departement og komite, og det var den som stod fram til 1998.

##### ***15.4.2.2 Argumentasjonen***

Komiteen seier:

Elles har nemnda merkt seg at departementet strekar under at ein må rekna med at nye typar læremiddel vil få større plass i undervisninga i åra framover... nemnda er samd i dette, og vil presisera at det må vera rett at dette får sin plass i lovteksten, dersom jamstillingskravet skal kunna oppfyllest. (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49)

Argumentet for at andre læremiddel skal falle inn under parallellitetskravet er såleis:

#### **Argument 1:**

Belegg: Nye typar læremiddel vert stadig viktigare i opplæringa.

Heimel: (Dersom) elevane skal kunne ha relevant lærestoff på baa språk,

Påstand: (så) må læremiddel på nynorsk og bokmål kome ut på lik tid og til lik pris.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

#### **Argument 2:**

Belegg: Jamstillingskravet må oppfyllest.

Heimel: (Dersom) jamstilling er rett,

Påstand: (så) må læremiddel på nynorsk og bokmål kome ut på lik tid og til lik pris.

Heimelen er prosedural.

### **15.4.3 Dispensasjon: mindre etterspurde bøker på berre nynorsk eller bokmål**

#### **15.4.3.1 Ordninga**

Departementet meiner at når det gjeld små elevgrupper og små fag, altså lærebøker det er liten etterspurnad etter, kan dei kome ut på berre nynorsk eller berre bokmål (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 80). Også komiteen meiner at ein etter ei heilskapsvurdering kan gje dispensasjonar til å gje ut berre nynorskbøker eller berre bokmålsbøker på ymse fag (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

#### **15.4.3.2 Argumentasjonen**

Departementet meiner at dispensasjonar må gjevast fordi «en slik ordning [parallellitet] bør kunne praktiseres med relativt begrensede bevilgninger på statsbudsjettet. Komiteen har ei noko anna grunngeving: «Det vil i tillegg til jamstillingsønsket også oppfylla behovet for høveleg og variert lese- og lærestoff på begge dei offisielle målformene i landet» (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49)

Argumenta kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Ein kan ikkje løyve mykje på statsbudsjettet til dette.

Heimel: (Dersom) ein skal ta omsyn til økonomi,

Påstand: (så) kan det gjevast dispensasjonar til å gje ut lærebøker på berre nynorsk eller berre bokmål i somme fag.

Heimelen er økonomisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Det finst eit ynske om jamstilling.

Heimel: (Dersom) jamstilling er rett,

Påstand: (så) kan det gjevast dispensasjonar til å gje ut lærebøker på berre nynorsk eller berre bokmål i somme fag.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 3:**

Belegg: Det er behov for høveleg og variert lese- og lærestoff på baa språk.

Heimel: (Dersom) godt lese- og lærestoff på baa språk er viktig,

Påstand: (så) kan det gjevast dispensasjonar til å gje ut lærebøker på berre nynorsk eller berre bokmål i somme fag.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

## **15.5 Sidemålsordninga i vidaregåande**

I 1935 var det slege fast at elevar ved høgare ålmenskular skulle ha ein hovudstil på fyrstespråket og ein tilleggsstil på andrespråket til avgangseksamen. Tilsvarande ordning vart vedteken for realskular og gymnas i 1964. Lærarskulen hadde på dette tidspunktet òg opplæring i baa skriftmål, og hadde to skriftlege prøver i norsk, ei på bokmål og ei på nynorsk, jamfør lova av 1938 (Heggelund 1997: 175–177).

Sidemålsordninga er nemnd i odelstingsproposisjonen (Ot.prp. nr. 18 1973–74) om ny lov om vidaregåande opplæring og komitéinnstillinga om denne (Innst. O. nr. 28 1973–74),

jamvel om det ikkje endar med ein eigen sidemålsparagraf. Også Steen-utvalet drøftar sidemålsordninga, og proposisjonen (og dermed òg innstillinga) viser i stor grad til denne drøftinga.

### **15.5.1 Skriftleg opplæring i b e spr k i vidareg ande oppl ring**

#### ***15.5.1.1 Ordninga***

Steen-utvalet viser b de til Vogt-innstillinga og stortingsmeldinga om denne (Steen-komiteen 1969: 99). Det meiner at skriftleg oppl ring i sidem l ikkje m  gjevast til alle elevar i vidareg ande, men avgrensast til den obligatoriske delen av det 2- rige hovudkurset og hovudkurset i 3. klasse, og at ein eventuell sidem lseksamen ikkje m  gjevast f r utgangen av 3.  ret. Utvalet seier elles at «en i norskundervisningen i 2- rig grunnskule b r benytte et vidt register av enklere  vinger, mens friere utgreiinger i det vesentlige blir lagt til 3.  ret» (Steen-komiteen 1969: 100)

Odelstingsproposisjonen om ny lov om vidareg ande oppl ring vil ikkje tilr  lovbestemt skriftleg oppl ring i b e skriftspr k, men meiner dette kan gjelde for to- rig grunnleggjande kurs og i vidareg ande kurs for  lmennfag (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 89–90). Proposisjonen viser elles til kva Steen-utvalet seier om oppg vetypane p  dei ulike kursa. Stortingskomiteen er samd med departementet (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

#### ***15.5.1.2 Argumentasjonen***

Steen-utvalet meiner f resegnene om oppl ring i sidem let og skriftleg eksamen i b e spr k m  sj ast i samheng med f resegnene om m lbruk i statstenesta: «Kjernen i denne ordningen er at den overveiende delen av dem som blir tilsatt i embete eller statstjenestestilling som krever minst examen artium eller tilsvarende utdanning, har f tt oppl ring i skriftlig bruk av sidem let i den vidareg ande skolen» (Steen-komiteen 1969: 100). Dif r m  ein finne fram til ei ordning som s  langt mogleg er i samsvar med den noverande ordninga.

Argumentet er slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: M llova seier at dei som er tilsette i staten, m  kunne skrive nynorsk og bokm l.

Heimel: (Dersom) denne f resegna i m llova er viktig,

P stand: (s ) m  det vere oppl ring i skriftleg sidem l i vidareg ande.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk – tiltaket er føreslege med omsyn til ei anna ordning.

Proposisjonen har ingen argumentasjon for skriftleg opplæring i sidemål, men «forutsetter at det ikke må føre til noen svekkelse av sidemålsopplæringen i gymnaset, verken den skriftlige eller den muntlige.» (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 91) Stortingskomiteen sluttar seg til dette (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

## **15.5.2 Ikkje-skriftleg opplæring i b e spr k i vidareg ande oppl ring**

### ***15.5.2.1 Ordninga***

Det er semje om at det m  vere ikkje-skriftleg oppl ring i sidem let for mange av elevgruppene i vidareg ande (Steen-komiteen 1969: 100, Ot.prp. nr. 18 1973–74: 90, Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

### ***15.5.2.2 Argumentasjonen***

Steen-utvalet hevdar at samordninga av heile det vidareg ande skuleverket, med mellom anna sams hovudkurs i norsk, vil skape ein ny situasjon for sidem lsoppl ringa. Til dømes vil st rre elevgrupper, yrkesfag og «bredere elevklientell» medf re at «didaktiske vansker en allerede n  strir med i gymnaset» truleg vert end  st rre (Steen-komiteen 1969: 100).

Proposisjonen meiner  g at skriftleg sidem l p  grunn av l gt timetal i norsk «neppe [vil] kunne gjennomf res for alle elever» (Ot.prp. nr. 18 1973–74: 90). Stortingskomiteen er samd (Innst. O. nr. 28 1973–74: 49).

Argumentasjonen ser dermed slik ut:

#### **Argument 1:**

Belegg: Det er didaktiske vanskar med sidem lsoppl ringa i gymnaset.

Heimel: (Dersom) ein vil unng  didaktiske vanskar,

P stand: (s ) m  elevane ha ikkje-skriftleg oppl ring i b e spr k i vidareg ande.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

## Argument 2:

Belegg: Mange elevar har lågt timetal i norsk.

Heimel: (Dersom) ein ikkje skal bruke for stor del av norskfaget på sidemål,

Påstand: (så) må elevane ha ikkje-skriftleg opplæring i baa språk i vidaregåande.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

## 15.6 Oppsummering 1969 og 1974

Som før, skal oppsummeringa her drøfte desse problemstillingane (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Grunnskulelova (1969) og lova om vidaregåande opplæring (1974) var to store skulereformer som bygde på prinsippet om einskapsskulen. Lovene vart ståande til 1998 då dei baa vart avløyste av opplæringslova. Med grunnskulelova vart den sjuårige folkeskulen med toårig friviljug påbygging erstatta av obligatorisk niårig grunnskule. Med lova om vidaregåande opplæring vart ei rekkje tidlegare skuleslag med sine særlover og særordningar samordna i éi sams lov, og eit viktig bakteppe var at stadig større ungdomsgrupper hadde byrja på eller ville kome til å ta utdanning etter grunnskulen. Språklovgjevinga for dei vidaregåande skuleslaga vart difor relevant for ein større del av årskulla, og det er grunnen til at også argumentasjonen i dokumenta om vidaregåande skule no er analyserte.

Når det gjeld språkparagrafane i skulelovene, kan ein generelt oppsummere at dei baserte seg på Vogt-komiteen sitt arbeid, men at fleire av tilrådingane til Vogt-komiteen ikkje vart fylgde. Viktigast var det at Stortinget ikkje gjekk så langt som Vogt-komiteen i å vri språklovgjevinga på opplæringsfeltet over frå territorielle til personlege rettar, eller kanskje helst frå territorielle ordningar til foreldrerett. Då tenkjer eg på Vogt-komiteens framlegg om absolutt foreldrerett i kombinasjon med innsnevring av parallellklasseretten, som altså ikkje vart teken til fylgje i grunnskulelova. Det er fyrst og fremst kontinuiteten frå dei tidlegare skulelovene som pregar biletet når det gjeld språkpolitikken for den nye opplæringslovgjevinga. Ei rekkje ordningar vart vidareførte, og mange av dei var det då heller ikkje argumentert for i proposisjonen eller komitéinnstillinga.

Ei viktig endring i grunnskulelova i høve til alle tidlegare folkeskulelover sidan 1892 var at røysteretten i val av skulemål for krinsen vart avgrensa til foreldra. Dette var eit steg i retning meir personlege og mindre territorielle språkrettar – ‘brukarane’ var ei monaleg mindre rettshaldargruppe enn alle vaksne innbyggjarar i krinsen. Endringa var i tråd med konklusjonen i Stortinget etter handsaminga av Vogt-komiteen.

Jamført med den tidlegare folkeskulelova vart den personlege retten til å skipe parallellklassar med anna opplæringsmål òg utvida, i tydinga lettare tilgjengeleg. Det ser me både i målparagrafen som vart vedteken i 1969 og gjennom seinare endringar i grunnskulelova. I grunnskulelova vart grensa for å skipe parallellklassar sett ned til 10 elvar, men då med deling i alle fag i 1.–3. klasse og berre i norsk 4.–7. klasse. I 1975 vart retten utvida til klassesdeling i alle fag også i 4.–6. klasse, men teken heilt vekk i 7. årssteget (fyrste årsteg på ungdomsskulen). Ei personleg ordning i slekt med parallellklasseordninga var retten til å halde fram som eigen klasse i norsk for elevar som vart overførte til ein sentralskule med anna opplæringsmål etter 3. klasse sjølv om dei var under 10 elevar. Retten til å halde fram med same opplæringsmål var slegen fast før, men retten til klassesdeling i norsk kom fyrst inn i lova i 1977.

For dei to siste åra på ungdomssteget vart to ordningar lovfesta: retten til sjølv å velje fyrstespråk, og rett og plikt til opplæring i baa skriftmål. Sistnemnde vart for fyrste gong gjort obligatorisk for heile årskullet.

Sidemålsordninga vart ikkje regulert i lov om vidaregåande opplæring, men Stortinget handsama og slutta seg til prinsippet. Den einaste språkpolitiske ordninga som vart regulert i lov om vidaregåande opplæring, var parallellitetsprinsippet for lærebøker som tidlegare hadde kome inn i grunnskulelova. Dette hadde ikkje stått i dei tidlegare folkeskulelovene. For grunnskulen sin del var spørsmålet tilrådd av Vogt-komiteen og handsama der. Ordninga vart også innført i vidaregåande skule etter modell av grunnskulelova. Den delen av læremiddelparagrafen i lov om vidaregåande opplæring som handlar om staten si plikt til å stø lærebokutgjevingar på nynorsk, er den einaste openberre språkpolitiske særbehandlingsordninga i dei nye skulelovene.

Oppsummert vart den territorielle tilnærminga frå dei tidlegare skulelovene ført vidare ved at det var skulestyret etter folkerøysting i krinsen som fastsette opplæringsmålet kollektivt for 1.–7. klasse. Vogt-komiteens framlegg om å erstatte skulestyrevedtak og krinsrøysting med ein absolutt foreldrerett vann ikkje gjennom i stortingshandsaminga av Vogt-komiteen

og dukka ikkje opp att i handsaminga av grunnskulelova. I høve til dei tidlegare folkeskulelovene vart likevel dei territorielle rettane modifiserte av utvida eller nye personlege rettar til elevar og foreldre. Dette gjaldt fleire punkt både i grunnskulelova frå 1969 og seinare endringar fram til 1980. Viktigast var avgrensinga av røysteretten til å gjelde berre foreldre, utviding av parallellklasseretten og retten til å halde fram med opplæringsmålet eleven hadde hatt dei tre fyrste åra.

Som før nemnt, kan lovfestinga av parallellutgåveordninga ikkje karakteriserast eintydig som ein territoriell eller personleg rett. Parallellitetsprinsippet må heller reknast som ein sentral føresetnad for både territorielle og personlege språkrettar på opplæringsfeltet.

I innstillinga om grunnskulelova argumenterer stortingskomiteen proseduralt i spørsmålet om røysterett i krinsrøystingar: Dette har med dei språklege rettane til foreldra å gjere. Det vert i liten grad argumentert for utvidingane av parallellklasseordninga. Den argumentasjonen som finst, er i størst grad pedagogisk- og styringskonsekvensialistisk heimla. For retten til sjølv å velje fyrstespråk på ungdomssteget vart det heller ikkje i desse dokumenta argumentert – dette er no vorte ei heilt sjølv sagt ordning.

For retten til å halde fram med same fyrste opplæringspråk ved overføring til sentralskule var argumentasjonen dels prosedural, dels pedagogisk-konsekvensialistisk og dels styringskonsekvensialistisk. Fordi *stortingsordskiftet* om denne endringa i 1979 førte inn ein ny argumentasjonsheimel, skal det no kastast eit blikk på det. Medan til dømes parallellklasseordninga i praksis var like aktuell for bokmålsmindretal i nynorskkrinsar som nynorskmindretal i bokmålskrinsar, var det i realiteten annleis med denne regelen. I odelstingsordskiftet grunn gav statsråd Kjølvs Egeland ordninga eksplisitt med at ho var av omsyn til nynorsken: «Ordningen har som nevnt særlig rammet elever med nynorsk bakgrunn og har derfor med rette vært oppfattet som diskriminerende for nynorsk i en del tilfeller. Ingen har ment det slik, men dette har vært realiteten. På denne bakgrunn har det vært nødvendig å endre loven.» (Ot.tid. 1979: 370) Stortinget vedtok lovendringa samrøystes og utan strid. Dette er eit døme på at belegget for ei ordning var at det eine språket, mindretalsspråket nynorsk, må sikrast. Men argumentasjonsheimelen er ikkje nødvendigvis basert i nynorskens eigenverdi i dette tilfellet heller. Statsråden omtaler ordninga som «diskriminerende for nynorsk», altså *urettvis*, og han kan altså tolkast slik: Regelen som han var utforma fram til 1979 var eit brot på dei like vilkåra for nynorsk og bokmål. Endringa i 1979 gjenoppretta jamstilling og lik tevling også på dette feltet. Me kan



kanskje seie at den nye ordninga *ser ut som* eit likebehandlingstiltak fordi ho formelt sett gjeld både nynorsk og bokmålelevar. Motivet bak henne er å særbehandle nynorskelevar, fordi situasjonen med sentralisering frå liten bokmålskule til stor nynorskskule har vore empirisk umogleg. Likevel vert ho *argumentert for* som eit likebehandlingstiltak, altså proseduralt.

Innføringa av retten til å halde fram med same fyrste opplæringspråk ved overføring til sentralskule kastar elles ljøs over språkpolitikken for ungdomsskulen og ungdomsskuleelevar. Ved overgangen frå nynorsk barneskule til bokmålsungdomsskule, eller ved overgangen frå nynorsk parallellklasse til bokmålsungdomsskule, fanst ingen tilsvarande rettar. Føresegner om rett til å halde på skriftspråk òg for ungdomsskuleelevar, vart ikkje diskutert av Stortinget i 1979. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at alderen på elevane her spela inn: Det vart rekna som verre for tiåringar enn for fjortenåringar å måtte språkskifte.

Argumentasjonen for sidemålsordninga som for fyrste gong vart gjort obligatorisk for heile årskullet i grunnskulen, er heimla dels proseduralt, dels konsekvensialistisk på andre vis. Han viser til behov for å kunne bære språk om ein tek vidare skulegang, men òg den formelle jamstillinga mellom bokmål og nynorsk. Sidemålsordninga vart ikkje lovfesta i lov om vidaregåande opplæring, men Stortinget handsama og slutta seg til prinsippet. Her var argumentasjonen styringskonsekvensialistisk; det vart peikt på mållova sine krav.

Parallellitetsprinsippet for lærebøker er hovudsakleg argumentert for med prosedurale heimlar (personlege rettar), men det er òg anna konsekvensialistisk heimling for denne ordninga.

I dokumenta som er analyserte i dette kapitlet, er argumenta i liten grad heimla i språkleg eigenverdi – om det så er eigenverdien til både nynorsk og bokmål, eller berre til mindretalsspråket nynorsk. Heller ikkje særbehandlingsordninga med statleg støtte til lærebokutgjevingar på nynorsk er legitimert med nynorskens verdi. Belegga er gjennomgåande ein kombinasjon av elev- og forelderrett og kva som er pedagogisk gunstig og elles realistisk i skulestyringa. Derimot ser ein lite til belegget *språkfred*, som det var mange innslag av i dokumenta av og etter Vogt-komiteen. Også det siste viser at dei språkpolitiske ordningane i dei nye skulelovene fyrst og fremst er legitimerte av tilhøve som dreier seg om brukarane eller drifta av skulen, ikkje av kulturelle eller politiske tilhøve som ligg i samfunnet utanfor skulen.

# 16 1970–1980: Kulturfeltet

Det som frå no vert kalla kulturfeltet, er dei offentlege arbeidsoppgåvene eller områda som fall inn under kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og som i 1982 vart lagt til det nyskipa Kultur- og vitenskapsdepartementet (Dahl og Helseth 2006: 247). I perioden 1970–1980 er den aktuelle språkpolitiske saka på kulturfeltet i røynda berre den som dreier seg om språkrådet, ettersom den nye lova om offentleg målbruk ikkje kom før i 1980. Jamvel om lovproposisjonen om mållova kom i 1979, skal den nye mållova ikkje behandlast før i neste kapittel som altså startar i 1980. Det mest relevante lovverket å ta føre seg i denne perioden er såleis lov om Norsk språkråd. Prosessen og førearbeid skal det gjerast greie for i kapitlet nedanfor.

I tillegg var språkpolitikk også diskutert i ein ny type styringsdokument som vart produsert i perioden, nemleg kulturmeldingane (Dahl og Helseth 2006: 231f). Kulturmeldingane som kom i 1970-åra, var *Om organisering og finansiering av kulturarbeid* (St.meld. nr. 8 1973–74) og *Ny kulturpolitikk* (St.meld. nr. 52 1973–74). Den fyrste vart lagd fram av sentrumsregjeringa til Lars Korvald, den andre kom som eit tillegg frå Trygve Bratteli si Arbeidarparti-regjering etter regjeringsskiftet hausten 1973. Desse kulturmeldingane dreier seg i liten grad om språk, men likevel er det nedanfor med eit kapittel om «Andre språkpolitiske saker» for å fange opp framlegg eller ytringar frå kulturmeldingane som ikkje så greitt let seg kategorisere under Norsk språkråd eller for den del offentleg språkbruk.

## 16.1 Norsk språkråd

Ei direkte fylgje av arbeidet til Vogt-komiteen var at Norsk språknemnd vart oppløyst og erstatta med Norsk språkråd. Det vart oppretta i 1971 med verknad frå 1972. Spørsmålet om eit nytt språkråd vart fyrste gong teke opp i Vogt-komiteen, så i behandlinga av innstillinga av departementet og i Stortinget (Vogt-komiteen 1966, St.meld. nr. 15 1968–69, Innst. S. nr. 189 1969–70), i lovproposisjonen i 1971 (Ot.prp. nr. 43 1970–71) og stortingsbehandlinga av denne (Innst. O. XIV 1970–71 og Ot.tid. 1971: 384–390). Tidlegare gjennomgått er Vogt-komiteens synspunkt på det nye språkrådet, stortingsmeldinga som vart laga på grunnlag av innstillinga og stortingsbehandlinga av desse. Her skal dermed

lovproposisjonen frå 1971 og komitéinnstillinga om denne granskast, men med tilbakeblikk på Vogt-innstillinga og behandlinga av den.

Dei mest omfattande diskusjonspunkta i alle desse dokumenta var spørsmål som galdt kva for institusjonar som skulle vere representerte i det nye organet, dessutan organisasjonsform, til dømes om rådet skulle delast i ein nynorsk- og ein bokmålsseksjon og kva som skulle vere tilhøvet mellom dei. Debattert var òg spørsmålet om overordna føremålsparagraf og samnorsk. Ikkje nokon av desse spørsmåla vert i analysen nedanfor brukte som storleiken *ordning*, og då heller ikkje som *påstand*. Det er fordi ordningane som gjekk på konkret organisering av språkrådet, verkar perifere når det gjeld hovudutgangspunktet for denne avhandlinga. Heller ikkje er spørsmålet om føremålsparagrafen skulle uttrykkje eit mål om språkleg tilnærming eller ikkje ei språkpolitisk sak i tydinga *statusspørsmål*, men ein overordna *ideologisk* målsetnad på den eine sida og eit *korpusspørsmål* på den andre. Såleis vert denne framstillinga av saka om Norsk språkråd like generell som den i kapitlet om Vogt-komiteen (sjå kap. 14.1.7). Påstanden som det då vart teke utgangspunkt i, er at *det må skipast eit nytt språkråd*. Det er eventuelle belegg for denne påstanden som er interessante også i argumentasjonsanalysen nedanfor.

### **16.1.1 Eit nytt språkråd**

#### ***16.1.1.1 Ordninga***

Kapitlet «Nye innstillingar om språksaka» viste at Vogt-komiteen ville ha eit breiare samansett råd enn det Norsk språknemnd var, med representasjon frå ulike språkpolitiske organisasjonar, ikkje berre faglege institusjonar (sjå kap. 14.1.7). Vona var at om partane kunne snakke med kvarandre over bordet i eit råd, ville ein få betre språkdebattklima. Dessutan burde det nye rådet også uttale seg om statusspørsmål, det komiteen kallar «språkpolitikk» (Vogt-komiteen 1966: 44), motsett Norsk språknemnd, som berre arbeidde med korpus. Som me veit, var korpusplanlegging fram til 1960 *de facto* samnorskplanlegging (sjå kap. 13, innleiinga), og dermed noko Vogt-komiteen ville bort frå. Såleis trong det nye rådet fleire typar kompetanse enn normeringsekspertise.

Framlegget til Vogt-komiteen vart sjølv sagt endra fram til det endelege lovvedtaket i 1971. Men dei prinsipielle framlegga frå Vogt-innstillinga, om breiare og meir språkpolitisk representasjon og fleire statusoppgåver, stod likevel fast gjennom heile prosessen. Det er berre éi prinsipiell politisk endring frå 1966 til 1971, og det er den som går på føremålsparagrafen. Resultatet av diskusjonane om kor vidt føremålet til det nye språkrådet

skulle uttrykkje eit mål om samnorsk eller ikkje, *kunne* fått fylgjer for kva språkrådet vart og for rådet sine arbeidsoppgåver. Vogt-komiteen meir enn ymta om at samnorsk i føremålsparagrafen ville utelukke ein så brei organisatorisk representasjon som ynskeleg, noko som òg kunne få konsekvensar for mandatet (Vogt-komiteen 1966: 43 og 47).

Som me skal sjå, vart endskapan at den nye lova om Norsk språkråd fekk ein føremålsparagraf som uttrykte eit moderat samnorskprogram. Men dette fekk likevel ikkje konsekvensar for samansetjing og mandat. Når det no skal handle om utviklinga av formuleringar i føremålsparagrafen, er det altså ikkje fordi dei ulike framlegga til føremål hadde noko å seie for argumentasjonen for kvifor eit nytt språkråd trongst overordna sett, men fordi det er opplysende for den språkpolitiske og språkideologiske samanhengen. Somme poeng frå kapitlet om Vogt-komiteen må såleis gjentakast her, for å gje formuleringane i lovproposisjonen og den endelege lova ein adekvat kontekst.

Dermed skal det atter snurrast attende til 1966. Vogt-komiteen meinte at for å få til eit nytt språkråd med ny samansetjing, ny type kompetanse og dermed nye arbeidsoppgåver, kunne ein ikkje nytte føremålsparagrafen til Norsk språknemnd. Det ville vere umogleg å samle så breitt som naudsynt om føremålet uttrykte samnorskprogrammet på same måten som før. I paragraf 1 i Norsk språknemnds vedtekter lydde det slik: «På grunnlag av vitskapleg gransking skal ho [nemnda] gje styresmaktene og ålmenta råd og rettleiing i språkspørsmål og i dette arbeidet fremja tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn» (Vedtekter for Norsk språknemnd 1964: 39). Korkje i denne paragrafen eller andre stader i vedtektene til språknemnda vart det uttrykt eit mål om å ta vare på båe skriftspråk – føremålet var utvilsamt eitt språk.

Vogt-komiteen var særleg kritisk til formuleringane «tilnærming» og «norsk folkemål», og komiteens framlegg til punkt a i fyrste paragraf for det nye språkrådet skilde seg dermed mykje frå det gamle føremålet. Det nye rådet skulle, ifylgje komiteen,

...verne om den kulturarv vi har i de norske skriftspråk og i talespråk i by og bygd, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og dets egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle språkgrupper i folket og verne om den enkeltes rettigheter når det gjelder bruken av språket (Vogt-komiteen 1966: 45).

Her vert det altså tydeleg sagt at det ligg ein kulturell arv i båe dei norske skriftspråka. Vogt-komiteen meiner såleis at det nye rådet på «fritt grunnlag» skulle «fremme et naturlig samarbeide i dyrkingen og normeringen av våre to skriftspråk» (Vogt-komiteen 1966: 45). Ordet «tilnærming» er ikkje nytta. Eit mindretal i komiteen, Einar Hovdhaugen og Johs. Aanderaa, ynskte eit meir eksplisitt samnorskprogram: «og på fritt grunnlag fremme en naturlig tilnærming av våre to skriftspråk på lang sikt» (Vogt-komiteen 1966: 47).

I si innstilling slutta kyrkje- og undervisningskomiteen seg til hovudambisjonane i Vogt-innstillinga (Innst. S. nr. 189 1969–70). Som me hugsar frå kapitlet om Vogt-komiteen (sjå kap. 14.1.7.2), meinte stortingskomiteen likevel at framlegget om å ta bort formuleringa om språkleg tilnærming «kan virke uheldig i den forstand at det av enkelte vil kunne oppfattes slik at en nå ønsker å etablere en større avstand mellom våre to skriftspråk. Også en slik oppfatning kan ha negative virkninger for vår videre språkutvikling.» (Innst. S. nr. 189 1969–70: 287). Tilnærming mellom språka må framleis vere eit langsiktig mål, meiner stortingskomiteen, og det må vere uttrykt i føremålet til det nye språkrådet. Dermed bør den aktuelle formuleringa i punkt b i føremålsparagrafen lyde slik: «støtte opp om den utvikling som på lenger sikt fører språkene nærmere sammen.» Komiteen presiserer at denne tilnærminga ikkje må «forseres», men at språkrådet skal «rydde av veien hindringer» og «legge forholdene til rette for» eit framtidig samnorsk (s. 288). Punkt a i stortingskomiteens framlegg til føremålsparagraf er då òg så godt som identisk med Vogt-komiteens framlegg:

...verne om den kulturarv vi har i de norske skriftspråk og i talespråket i by og bygd, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle språkgrupper i folket og verne om den enkeltes rettigheter når det gjelder bruken av språket. (Innst. S. nr. 189 1969–70: 288)

Som det òg vart gjort eit poeng av i kapitlet om Vogt-komiteen: I dette framlegget til føremålsformuleringar finst synspunktet om at båe norske skriftspråk, nynorsk og bokmål, representerer kulturell arv, kombinert med synspunktet om at desse to kulturberande språka bør bli reduserte til eitt i framtida. Det kan framstå som eit paradoks.

Heller ikkje i lovproposisjonen frå 1971 er det innvendingar til eller endringar av det som her er framheva som Vogt-komiteens kanskje viktigaste prinsipielle målsetnader for språkrådet, nemleg breiare representasjon og (dermed) arbeidsoppgåver som òg er statusplanlegging. Det er ei viss usemje om kven som skal representerast med kor mange,

og kven som skal ha røyserett, men dette er altså ikkje vesentleg her (Ot.prp. nr. 43 1970–71: 14f).

Meir interessant er det at departementet meiner både Vogt-komiteens og stortingskomiteens framlegg til punkt a i føremålsparagrafen er uheldig, fordi han «gir uttrykk for at vi har flere norske skriftspråk, jfr. ‘de norske’, og ikke bare flere former for norsk» (Ot.prp. nr. 43 1970–71: 7). På det grunnlaget vil departementet skifte ut termen «skriftspråk» med «språkformer» – fyrstnemnde er nytta i både Vogt-komiteens og stortingskomiteens vedtektsframlegg – «idet man ikke bør forutsette flere norsk [!] språk.» (sst). Dette får konsekvensar for anna omgrepsbruk i vedtektene. Vogt-komiteen og stortingskomiteen har nytta uttrykket «mellom alle språkgrupper i folket». Departementet går ut frå at ein her ikkje siktar til samiske eller kvenske språkgrupper, heller ikkje til nye minoritetar, og meiner difor at uttrykket peikar mot dei to norske språkgruppene. Men dette er altså uheldig omgrepsbruk, ifylgje departementet, som gjer framlegg om at ein i staden formulerer det slik: «alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter» (sst). Ideen om at nynorsk og bokmål er to språk, og fylgjeleg to språkgrupper eller språksamfunn, vert offisielt avvist.

Departementet er vidare samd med stortingskomiteen i at tilnærming mellom dei to norske skriftspråka ikkje skal forserast, men «vil på den annen side anta at også en kortsiktig tilnærming mellom våre språkformer bør støttes dersom en slik tilnærming er et ledd i en naturlig utviklingstendens» (Ot.prp. nr. 43 1970–71: 7). Departementet vel likevel å halde på formuleringa «på lenger sikt fører språkformene nærmere sammen» i sitt framlegg til punkt b, hovudsakleg for ikkje «å skremme noen» (sst).

### ***16.1.1.2 Argumentasjonen***

I kapitlet «Nye innstillingar om språksaka» vart det altså vist korleis Vogt-komiteen, departementet gjennom stortingsmeldinga og stortingskomiteen argumenterer for eit nytt språkråd. Her vart det òg hevda at mykje av argumentasjonen frå Vogt-komiteen er parafrasert i dei neste dokumenta. Korkje departementet i lovproposisjonen i 1971 (Ot.prp. nr. 43 1970–71) eller kyrkje- og undervisningskomiteen som innstilte på proposisjonen (Innst. O. XIV 1970–71), hadde ein eigen argumentasjon for eit språkråd med utvida statusoppgåver. Desse dokumenta har lange sitat frå Vogt-innstillinga og stortingskomiteens innstilling, og det er desse klyppa som fungerer som argumentasjon (sjå kap. 14.1.7.2).

Proposisjonen og komitéinnstillinga om lov om Norsk språkråd har altså ikkje ein ny argumentasjon for kvifor organet trengst. Ein kan vurdere om føremålsdrøftingane i

proposisjonen kunne ha tent som argumentasjon for det nye språkrådet, men her er det falle ned på at dei mest må forståast som modifikasjon av Vogt-komiteens argumentasjon. Departementet gjekk med på at det trongst eit nytt språkråd. Det ville likevel ikkje gå så langt som Vogt-komiteen, nemleg å legitimere det med at nynorsk og bokmål er to skriftmål, i tydinga kulturspråk. Det ville dessutan halde på eit generelt, overordna samnorskprogram. Slik vart avstanden mindre mellom den gamle språknemnda og det nye språkrådet.

Den fyrste kulturmeldinga argumenterer på si side eksplisitt for det nye språkrådet. Meldinga vart gjeven ut av Kyrkje- og undervisningsminister Anton Skulberg i regjeringa Lars Korvald i 1973, og i eit avsnitt i kapitlet om «Kulturvern» vert det teke til orde for at arbeidet til Norsk språkråd «bør styrkjast og byggjast vidare ut» (St.meld. nr. 8 1973–74: 56). På dette tidspunktet hadde det nye språkrådet kome i funksjon, så teksten kan lesast som eit ynske om å styrkje språkrådets nye retning. I same avsnittet vert det sagt at det er «særleg grunn til å leggje større vekt på språkdyrking og opplysningstiltak ved sida av det normeringsarbeidet og dei mange reglar for målbruk som er nødvendige i eit språkkløyvd samfunn» og at det er ei viktig oppgåve «å fremme tiltak som kan styrkje vårt eige språks stilling i framtida». Konteksten for det siste belegget finn me tidlegare i avsnittet: «På fleire måtar er norsk språk i dag truga av presset frå større språksamfunn, særleg engelsk.» (St.meld. nr. 8 1973–74: 56).

Argumentasjonen for språkrådet i kulturmeldinga er såleis slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Me må leggje vekt på språkdyrking og opplysningstiltak i vårt språkdelt samfunn.

Heimel: (Dersom) dyrking av og opplysning om nynorsk og bokmål er viktig,

Påstand: (så) må me etablere eit nytt språkråd med utvida representasjon og statusoppgåver.

Omgrepa er heller uklare og flytande: Her ser det til dømes ut som at «språkdyrking» refererer til noko anna enn normeringsarbeid. Det er i så fall ein omgrepsbruk som skil seg frå både anna samtidig og seinare bruk, der språkdyrking helst refererer til *korpusplanlegging*. Heller ikkje er det særleg klart kva som ligg i «opplysning». Dette kan, avhengig av kva meiningsinnhald omgrepa har, både vere heimla med utgangspunkt i verdien til bae norske språk, både nynorsk og bokmål, men òg i språkvern gjennom normering.

## Argument 2:

Belegg: Ein må finne tiltak for norsk språk i ein situasjon der det er truga av presset frå større språksamfunn, særleg engelsk.

Heimel: (Dersom) norsk språk er viktigare enn engelsk i Noreg,

Påstand: (så) må me etablere eit nytt språkråd med utvida representasjon og statusoppgåver.

Argumentet er heimla med utgangspunkt i eigenverdien til *norsk*.

Regjeringa Bratteli og statstråd Bjartmar Gjerde sitt tillegg til regjeringa Korvalds kulturmelding inneheldt ingenting om korkje Norsk språkråd eller språk (St.meld. nr. 52 1973–74). I sitt tilsvarande kapittel om kulturvern hevdar stortingsinnstillinga at «En særlig viktig kulturvernoppgave er vern og pleie av våre skriftspråk – og av de mange dialekter som har beriket dem.» (Innst. S. nr. 23 1974–75: 8). Her er denne utsegna likevel ikkje knytt til Norsk språkråd, og ho kan såleis ikkje vurderast som eit belegg for påstanden om styrking og utviding av det nye språkrådet. I staden må ho sjåast som ei ålmenn oppmoding eller generell ytring om retninga til språkvernområdet i kulturpolitikken.

Det var ingen endringar i lova om Norsk språkråd korkje på 1970- eller 1980-talet.

## 16.2 Andre språkpolitiske saker

Det stod lite om språkpolitikk i kulturmeldinga til Korvald-regjeringa og ingenting i regjeringa Bratteli si. Førehavast her skal dermed berre eit punkt frå fyrstnemnde. Det dreier seg om nynorsk litteratur, og er altså det einaste språkpolitiske tiltaket som vert nemnt bortsett frå språkrådet.

### 16.2.1 Tilskot til nynorsk litteratur

Som me har sett, har det vore ein lang tradisjon i norsk kulturpolitikk å gje særleg økonomisk stønad til nynorsk litteratur. Fram til tidspunktet for den fyrste kulturmeldinga, i 1973, hadde desse løyvingane i all hovudsak gått til det som reelt sett var eit driftstilskot frå Norsk kulturråd til nynorskforlaget Det Norske Samlaget. Dette må karakteriserast som ei særbehandlingsordning for nynorsk. Kulturmeldinga refererer til St. prp. nr. 1, tillegg nr. 1 (1964–65) *Om Norsk kulturfond*, som slo fast at «for den nynorske litteraturens vedkommende vil det være naturlig å sette inn midler som kan gjøre det mulig for Det Norske Samlaget å øke utgivervirksomheten» (St.meld. nr. 8 1973–74: 158). Det vert ikkje referert til nokon



argumentasjon for kvifor dette er naturleg, og heller ikkje kulturmeldinga argumenterer for ordninga.

### **16.3 Oppsummering 1970–1980**

Me skal oppsummere perioden mellom 1970 og 1980, og spør atter (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

1970-talet var tiåret for læremiddelaksjonar, dialektal visesong og generell språkaktivisme, men dette fekk ikkje umiddelbare konsekvensar for offentleg norsk språkpolitikk. På opplæringsfeltet var rett nok parallellutgåveretten for lærebøker ei viktig nyvinning, og det same var opprettinga av Norsk språkråd på kulturfeltet. Elles er også denne perioden kjenneteikna av vidareføring av tidlegare ordningar, og ikkje så mykje ny språkpolitikk.

Kulturmeldingane, den nye dokumenttypen, er for så vidt opptekne av språk på ‘nye’ måtar: For det fyrste diskuterer dei situasjonen til dei samiske og kvenske språkminoritetane, og òg språksituasjonen til dei nye, innvandra minoritetane. Regjeringa Korvalds melding drøftar også norsk i høve til engelsk og meiner at Norsk språkråd aktivt må arbeide mot slik påverknad. Kulturmeldingane nemner ikkje i det heile ordningane og reguleringane som forvaltar tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Det gjeld både ordningane i skulen og dei i offentleg teneste, jamvel om det siste feltet var ein del av ansvarsfeltet til kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, altså same avdelinga som stod for kulturmeldinga. Det er nok eit teikn på starten av utskiljinga av offentleg målbruk som eit eige kulturpolitisk felt.

Når det gjeld den eine språkpolitiske ordninga som vert teken opp i den fyrste kulturmeldinga, altså statleg støtte til Det Norske Samlaget for å gje ut nynorskbøker, må ho karakteriserast som eit særbehandlingstiltak for nynorsk. Departementet og Samlaget hadde på dette tidspunktet ei felles forståing av at forlaget nærast var statens organ for produksjon og spreing av nynorsklitteratur (Birkeland m.fl. 1968: 280). Det er ikkje noko argument for dette i kulturmeldinga; ordninga med statleg stønad til nynorskbøker var då òg etablert og ukontroversiell.

Me skal så over til Norsk språkråd. I kapitlet om «Nye innstillingar om språksaka» gjekk det vonleg fram at det nye rådet fyrst og fremst kom i stand som ein reaksjon på Norsk språknemnd (sjå kap. 14, innleiing). Vogt-innstillinga og dokumenta som behandla henne, gav utsikter til svekking av samnorskmandatet og utviding av representasjonen i det nye organet, og skapte òg forventingar om at ein del forbodne riksmålsformer ville bli tekne inn att i bokmålsrettskrivinga.

Mykje av argumentasjonen for eit nytt språkråd i desse dokumenta hadde belegget *språkfred*. Vogt-komiteen meinte dette var ei oppgåve for heile språkpolitikken, inkludert statusplanlegginga, medan departementet i stortingsmeldinga argumenterte for eit nytt språkråd med språkfred gjennom ny *normeringspolitikk*. Vogt-komiteen argumenterer for språkrådet meir proseduralt enn i dokumenta etterpå, med personlege språkrettar som belegg. Me ser då òg at komiteen føreslår å ta med «den enkelte borgers rettigheter» i punkt a i føremålet til Norsk språkråd, noko som vart ståande i den vedtekne lova (Vogt-komiteen 1966: 45). Vogt-komiteen insisterte altså på ei dreining mot statuspolitikk – og med det personlege språkrettar – på kostnad av det som av mange vart sett på som individuelt krenkjande korpuspolitikk.

I tillegg til dei prosedurale og andre konsekvensialistiske heimlane finn me òg att eigenverdiheimling frå 1960-talsdokumenta. I Vogt-innstillinga er det den norske språklege kulturarven ålment som er nytta som premiss for argumentasjonen for språkrådet, men i framlegget til føremålsparagraf finn me formuleringar om at både nynorsk og bokmål har kulturell eigenverdi. Vogt-komiteen er då òg skeptisk til språkleg tilnærming. Det er ikkje stortingskomiteen i si innstilling. Stortingskomiteen argumenterer rett nok òg med eigenverdien til både nynorsk og bokmål, men dette er kombinert med samnorsk som premiss: Ifylgje komiteen er oppretting av eit nytt språkråd også viktig for å halde fram ei varsam tilnærming mellom nynorsken og bokmålet.

Desse synsmåtane er delvis gjentekne i lovproposisjonen om Norsk språkråd i 1971, ikkje som overordna argumentasjon for språkrådet, men som forslag til og forklaring av føremålsparagrafar. Departementet vil ha vidareføring av tilnæringsmålsetnadene i føremålet. Difor justerer det omgrepsbruken i heile vedtektsframlegget: Nynorsk og bokmål skal ikkje sjåast på som eigne språk, men som former av språk. Eit språk vil måtte innrømmast eigen kulturell verdi, medan språkformer med større legitimitet kan tilnærmast kvarandre og gå inn i eitt, endeleg språk. Når departementet såleis ser og formulerer

nynorsk og bokmål som ein type materiale til eit framtidig, eigenleg norsk språk, gjer det kanskje det nemnde paradokset i stortingskomiteens innstilling noko mindre (sjå kap. 16.1.1.1).

I den endelege føremålsparagrafen til Norsk språkråd fanst såleis ikkje nemningane nynorsk og bokmål, berre norsk. Ordet jamstilling førekom heller ikkje. Paragrafen uttrykkjer at norsk er verdifullt, i sine to former, og treng dermed ikkje avvise samnorsktanken – tvert om (Lover 1971: 86). Noko av det fyrste Norsk språkråd byrja å jobbe med var likevel ei rettskrivingsreform for å få riksmålsformer inn og samnorskformer ut av bokmålsrettskrivinga. Reforma vart vedteken i 1981 (Venås 1997). Dette representerte noko nytt både realpolitisk og argumentasjonsmessig: Etter etableringa av Norsk språkråd var ikkje samnorsk lenger den berande premissen for korpusplanlegginga, tilnæringsambisjonen i føremålsparagrafen var svekt og eigenverdien til nynorsk og bokmål får til ein viss grad fungere som argumentasjonsheimlar for det nye rådet.

Det siste ser me jo òg tendensar til i den fyrste kulturmeldinga. Meir iaugefallande ved denne kulturmeldinga er likevel argumentasjonen for tiltak for *norsk*. Dermed kan me seie at ein ny 'rettshaldar' – eit nytt objekt for språkpolitikken – har dukka opp i perioden. Dei to kulturmeldingane frå 1970-åra er bae opptekne av det dei kallar trugsmålet frå engelsk, altså domenetapet frå norsk. Dette er òg tematisert i Vogt-innstillinga, men ikkje i stor grad. Så lite som det står i kulturmeldingane om språk, er det eigenleg umogleg å peike på openberre tendensar. Me kan likevel merke oss at argumentasjonen for norsk er heimla i den kulturelle eigenverdien til språket, ikkje proseduralt eller på anna vis konsekvensialistisk. Såleis kan me slå fast at dei språkpolitiske argumentasjonsheimlane på kulturfeltet skil seg noko frå dei på opplæringsfeltet i perioden: Medan opplæringsfeltet er merkt av opphoping av prosedurale og andre konsekvensialistiske heimlar, ser me meir eigenverdiheimling på kulturfeltet. Det er likevel eigenverdien til *norsk*, ikkje *nynorsk*, som vert nytta som heimling.

# 17 Avrunding og kontekst 1930–1980

Også denne avhandlingsdelen skal mellombels avrundast gjennom to kapittel. Det fyrste kapitlet oppsummerer og drøftar dessutan dei overordna problemstillingane (sjå kap. 1.1.3):

3. I kva grad kan forvaltninga av nynorsk og bokmål karakteriserast som offisiell språkrettspolitikkk?

4. Finst det i ulike dokument og/eller periodar kombinasjonar av opphopingar av visse typar ordningar og visse typar argumentasjonsheimlar som gjer det rimeleg å karakterisere dokumentet eller perioden som nøytral språkpolitikk eller språksikringspolitikk?

Det andre kapitlet vidarefører refleksjonane kring samnorskprogrammet og omgrep som målform og språk, som viktige delar av konteksten for den analyserte språkpolitikken.

## 17.1 Offisiell språkrettspolitikkk

Norsk språkpolitikk for nynorsk og bokmål er framleis ein offisiell språkrettspolitikkk, dersom me ser denne som ei styreform med gjennomgåande positive språkrettar på sentrale felt. Det er iallfall ingen positive rettar eller offisielle rettar som er vorte omgjorde til negative rettar eller til tilpassingsrettar. Men felte som språkpolitikken galdt for, vart større, og det var ikkje nødvendigvis alle dei nye delane av opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste som vart utstyrde med positive språkrettar. Nedanfor skal me sjå den nye ungdomsskulen som eit døme på det.

## 17.2 Nøytralitetspolitikk

Perioden mellom 1930 og 1980 kan sjåast som eit framhald av den fyrste perioden mellom 1878 og 1930. Dei overordna tilnærmingane frå målparagrafen av 1892 og dei viktige revisjonane av han i starten av hundreåret står fast. Det gjer òg hovuddraga i mållova av 1930. Som det vonleg er gått fram, har heller ikkje argumentasjonen for dei språkpolitiske ordningane gått i retning av å bli meir substansiell, på det viset at argumentasjonen er heimla i språkleg eigenverdi. Tendensen er vel heller motsett: Særleg prosedurale, men òg

dei andre konsekvensialistiske argumentasjonsheimlane dominerer endå meir i denne perioden enn i førre.

### 17.2.1 Opplæring

Utan språkpolitiske endringar er perioden likevel ikkje – med dei store omleggingane i norsk skulevesen som fann stad i perioden, ville det særleg vere merkeleg om skulespråkpolitikken vart ståande uendra. Språkpolitiske ordningar og reguleringar som vert meir spesifiserte og detaljerte i tråd med utbygginga av norsk skuleverk, er til dømes parallellklasseinstitusjonen og ordningane som går på vidareføring av fyrstespråk ved overflytting til nye skular eller ved krinsregulering. Særleg vert parallellklasseretten eit sinnrikt system av føresegner i denne tida, men det prinsipielle ved han frå 1917 står ved lag, kanskje bortsett frå at *tilgangen* til å skipe slike klassar vert noko lettare.

Spesifiseringane av retten til parallellklasse og til vidareføring av fyrstespråk kan i det store og heile sjåast på som trygging av personlege språkrettar. Det er då òg dei personlege språkopplæringsordningane som vert utvikla og endra mest i perioden. Dei territorielle ordningane med skulekrins og språkrøysting ligg noko lunde fast, og dei personlege rettane justerer denne territorialiteten.

Uttrykket «noko lunde» viser til omlegginga frå ålmenn røysterett til foreldrerett i språkreferendum i skulekrinsane. Det vart føreslege av Vogt-komiteen i 1966 og vedteke med folkeskulelova i 1969. Jamvel om dette ikkje hadde noko å seie for krinsorganiseringa, gjorde endringa moglegvis det territoriale andletet til språkopplæringspolitikken mindre distinkt. No kunne iallfall ikkje ordninga på same vis relaterast til folkesuverenitet og innbyggjarar si makt over eige territorium. Ein kan kanskje sjå foreldreretten i ljøs av eller som ein del av 1900-talsmodifikasjonane av det strengt territoriale andletet til målparagrafen i 1892. Men jamvel om foreldreretten var ‘meir’ personleg enn ålmenn røysterett, var ikkje foreldreretten ein mindretalsrett. Også foreldrerøystingane føregjekk kollektivt og ville krevje av språkminoriteten at han underordna seg språkmajoriteten på ein skule med mindre det var grunnlag for ein språkleg parallellklasse. Skilnaden frå tidlegare er at kollektivet som skulle gjere språkvalet for skulekrinsen, rettshaldargruppa, var redusert i storleik. Foreldreretten er eit forsøk på å innføre *brukarstyring* av opplæringspråket i skulen.

Det er likevel ikkje tvil om at den territoriale og kollektivt og demokratisk avgjorde språkpolitikken framleis ligg i botn for folkeskulen, som altså vert til *grunnskulen* i

perioden. Det vil seie – han ligg i botn for *fyrste* delen av grunnskulen. Når grunnskulen skulle utvidast frå 7-årig til obligatorisk 9-årig skule, var spørsmålet, iallfall i teorien, kva for språkpolitisk tilnærming som skulle brukast: Var det den territorielle språkpolitikken frå den obligatoriske folkeskulen eller den personlege tilnærminga frå framhaldsskulen? Resultatet vart det siste, og det vart innført fritt, individuelt val av fyrstespråk for dei to øvste klassane i grunnskulen. Som me skal sjå, vart dette utvida til dei tre øvste i 1985 (sjå kap. 19.2.3). Etersom det heller ikkje skulle vere parallellklasserett desse tre åra, vart ordninga her nett slik som fleirtalsframlegget på Vadheim-møtet i 1884: Elevane vel fyrstespråk ein og ein, men skal gå i same klasse under same lærar. Dette tyder at den nye ungdomsskulen vart organisert med klassevise språkminoritetar og språkmajoritetar. Som me kanskje hugsar, var kyrkjesongar Foss på det same Vadheim-møtet skeptisk til ei slik ordning med språkdelt klassar. Han stilte fylgjande spørsmål: På kva for språk skal så salmane syngast (sjå kap. 10.1.1.1)? Kanskje meir aktuelt for skulen på andre delen av 1900-talet er spørsmålet: På kva for språk skal undervisninga skje – kva for språk skal nyttast på tavla og i skriftleg materiale frå læraren? Spørsmåla fekk ikkje eit politisk-institusjonelt svar. Slike tilhøve vart ikkje sentralt regulerte korkje i 1959- eller 1969-lova, og er det framleis ikkje.

Dermed kan ein seie at det i perioden vart innført eit modifisert negativt språkrettssystem for ungdomssteget. Elevane fekk velje språk fritt i skriftlege arbeid, men hadde ingen positive rettar til å møte fyrstespråket sitt, bortsett frå på eksamen og i læremiddel. Det same systemet vart innført for den nye vidaregåande skulen i 1974: Elevane skulle fritt velje fyrstespråk og skulle gå i språkblanda grupper utan rett til parallellklasse og dermed utan rett til undervisning på fyrstespråket. Dei hadde positive rettar til eksamen og lærebøker på fyrstespråket sitt, elles negative rettar og modifiserte negative rettar; det vil seie rett til å levere skriftlege arbeid på føretrekt opplæringspråk og rett til at dei vert lesne.

Det viktige unnataket frå det negative språkrettssystemet i skulelovgjevinga for ungdomsskulen og vidaregåande var nok den sentralt bestemte retten til å ha lærebøker på fyrsteskriftspråket sitt. Som før nemnt, er det urimeleg å karakterisere retten til læremiddel på båe skriftspråk som ein meir personleg språkrett enn ein territoriell.

Parallellitetsprinsippet var naturlegvis ei ordning som i realiteten vart til for å sikre at brukarar av det minste språket fekk bøker på eige språk. For bokmålselevane ordna marknaden opp. Læremiddelparagrafane i opplæringslovverka seier òg at staten skal støtte

utgjevingar av nynorske læremiddel, noko som må sjåast som eit særbehandlingstiltak. Trass i at nynorskbruken er i attendegang i siste delen av perioden, vitnar ikkje dokumenta om nokon auke i slike særordningar; utgjevingsstøtte til nynorske bøker er det einaste.

Når det gjeld sidemålsordningane ser ein at munnleg opplæring og lesing i sidemål ikkje lenger er kontroversielt. Det er heller ikkje skriftleg sidemålsopplæring i seg sjølv:

Folkeskulekomiteen av 1963 gjorde framlegg om skriftleg opplæring i sidemål i grunnskulen, og dette vart støtta av Vogt-komiteen omtrent utan innvendingar.<sup>35</sup>

Diskusjonane stod om skriftleg eksamen i gymnaset. Men trass i at både Vogt-komiteen og førearbeida til lova om vidaregåande opplæring i 1974 hadde ei rad kritiske merknader til ordninga med skriftleg eksamen i sidemål, var konklusjonen at ho skulle stå.

På opplæringsfeltet i perioden ligg det språkpolitiske fokuset på utbygging og utvikling av dei personlege rettane. Desse er delvis belagde med elev- og foreldrerett og er dermed proseduralt heimla, og delvis belagde med gjennomførbarheits- og språkfredsomsyn og er dermed heimla på konsekvensialistisk vis. Dei er dessutan delvis ikkje-belagde. I størstedelen av perioden var det å innføre personlege modifikasjonar av den territoriale språkpolitikken ukontroversielt.

*Foreldrerett* ser ut til å vere eit buzzord i styringsdokumenta om språkopolitikk frå 1959 til 1969. Omgrepet vert periodevis nytta som argumentasjonsheimel for parallellklasseordninga og retten til lærebøker på fritt valt språk i dette tidsrommet, men er mest nytta mot slutten av perioden. På same vis som venstrerørslas omgrep *folkesuverenitet* på slutten av 1800-talet, verkar *foreldrerett* no å vere doksisk teke for gjeve. Alt tidleg i perioden ser me at det ikkje finst utdjupingar av kvifor foreldrerett er viktig, til dømes i samband med fritt val av lærebøker og parallellklasserett. I dokumenta rundt og etter Vogt-innstillinga er belegget for foreldrerett i spørsmålet om krinsrøysting rett og slett er foreldreretten. Men me hugsar likevel at når det gjeld krinsrøystingar, vart foreldrerett lansert av Vogt-komiteen som konsekvens av korleis han såg på rolla til språket i lokalsamfunn: Språk er i mindre grad eit lokalkulturelt spørsmål enn ei pedagogisk sak. Språket i krinsen må vurderast som ei skulesak på line med andre skulesaker som foreldre skal ha styring med.

---

<sup>35</sup> Linedelinga på ungdomstrinnet kan vere ein relevant bakgrunn her.

Ordninga med personleg språkval i slutten av grunnskulen er kanskje særleg verd å merke seg i ljøs av dei nye rettane til å halde på fyrstespråk ved overføring til sentralskule eller ved krinsregulering. For ved til dømes overgang frå nynorsk barneskule til bokmålsungdomsskule, eller ved overgang frå nynorsk parallellklasse til bokmålsungdomsskule, fanst ingen tilsvarande rettar. Kanskje spela alderen på elevane her ei rolle, men det er ikkje godt å seie, for systemet med negative språkrettar i ungdomssteget og på vidaregåande vart aldri ope diskutert. Ordninga er altså i liten grad argumentert for, men me ser døme på at omgrepet *rett* vert nytta som belegg, slik at argumentasjonsheimelen er prosedural.

Argumentasjonen for parallellitetsprinsippet for lærebøker i Vogt-innstillinga, som offisielt lanserer ordninga, er kanskje overraskande meir pedagogisk- og styringskonsekvensialistisk enn prosedural. Kanskje kan slike konsekvensialistiske heimlar sjåast på som meir pragmatiske og dermed noko det i større grad kan forhandlast om enn prosedurale heimlar som slår fast ein prinsipiell og permanent *rett*. Seinare, når ordninga vert diskutert i førearbeida for lova om vidaregåande skule, vert argumentasjonen meir dominert av prosedurale heimlar. Argumentasjonen for ordninga, som altså òg inneheld element av særbehandling av nynorskgruppa, er ikkje heimla i nynorskens eigenverdi i nokon av dokumenta. Dei få særbehandlingsordningane som er sette i gang eller vidareførde i perioden, er anten heimla proseduralt – med rettferd – eller ikkje i det heile.

Den berande argumentasjonsheimelen for sidemålsordninga i Vogt-innstillinga er prosedural; ordninga er belagt i synet på at språka prinsipielt skal likebehandlast. I førearbeida til lov om vidaregåande opplæring er argumentasjonen for ordninga styringskonsekvensialistisk heimla: Sidemål trengst for å oppretthalde mållova.

### **17.2.2 Offentleg teneste/kultur**

På feltet offentlig språkbruk vart dei politiske ordningane mykje godt ståande som dei vart fastlagde i mållova i 1930. At det vart oppretta eit språkakademi, Norsk språknemnd, i 1952, endra ikkje saka – dette rådet fann nesten alle arbeidsoppgåvene sine i korpusplanlegging. Vogt-komiteens forslag om å la statskontor få vere nøytrale ville ha medført mindre makt til språkterritoria, ettersom kommunane då ikkje kunne få avgjere kva for språk statsorgana i kommunane skulle nytte. Men framlegget gjekk ikkje igjennom, og revisjonen av mållova måtte vente heilt til 1980 (og neste kapittel i denne avhandlinga) – det



vil seie fjorten år etter at Vogt-komiteen kom med innstillinga si. Heller ikkje etableringa av Norsk språkråd i 1971/72 fekk fylgjer for språkpolitikken for offentleg teneste.

Me skal likevel sjå litt nærare på bruken av omgrepet *likeverd* i diskusjonen om offentleg språkbruk i Vogt-innstillinga. Komiteen slår fast at jamstillingsvedtaket i 1885 er politisk viktig, men ikkje juridisk forpliktande. Det er derimot lova om målbruk i statstenesta og føresegner i spesiallovgevinga, ikkje minst skulelovene. Fleirtalet i komiteen hevdar òg at det «fortsatt er nødvendig å ha regler om målbruken i offentlig teneste, og anser det for viktig at slike regler gis klar lovhjemmel» (Vogt-komiteen 1966: 19). Det vert gjort framlegg om ein fyrste paragraf i mållova som byrjar slik: «Nynorsk og bokmål er likeverdige målformer i lovgivinga [!], den offentlege administrasjon, i rettsstell og undervisning, og innan alle offentlege institusjonar.» (s. 19).

Trass i dette gjekk Vogt-komiteen tilbake til vedtaket frå 1885, for å tolke det i ei noko mindre territoriell retning enn 1930-lova gjorde: Likeverd er det motsette av regulert jamstilling som gjev plikt til å bruke eit bestemt språk – likeverd er fridom til å bruke kva for språk ein vil. Såleis kan innstillinga vurderast som ein strategi for å dra staten og det offentlege *ut* av språkplanlegginga i nokon grad. Den nøytralitetsheimelen som me kjenner frå tidlegare, prinsippet om at staten skulle leggje til rette for tevling på like vilkår, vert endra i Vogt-innstillinga til prinsippet om tevling på like marknadsvilkår. Komiteen fremja iallfall veikare offentlege reguleringar og dermed mindre statleg innblanding og meir makt til marknaden enn det 1930-mållova hadde slege fast. Samla sett peikar Vogt-innstillinga dermed mot ein meir negativ og mindre positiv og territorielt basert språkpolitikk enn den som var etablert gjennom målparagrafen av 1892 og mållova i 1930-lova.

Dette representerer ein type nøytralitet som har noko sams med den språkpolitiske posisjonen som er kalla *velmeinande likesæle*. Endå tydelegare enn før hevda Vogt-komiteen at staten ikkje skulle vere nokon aktør på nokon av dei språkpolitiske sidene. Om denne tevlinga i ytste konsekvens førte til at språk forsvann, var ikkje dette noko som vedkom styresmaktene. Det riksmålsrørsla hadde sagt gjennom heile etterkrigstida, og det Vogt-komiteen tok konsekvensen av, var at staten nettopp *var* ein aktiv aktør, ved å fremje samnorsk. Vogt-komiteen sitt program kan dermed lesast som ei rehabilitering av, ei insistering på statens nøytralitet i korpusspørsmål – dei to skriftspråka skulle få tevla fritt utan staten, og dermed samnorsk, som regulator.

Det vart mykje oppstuss rundt Vogt-innstillinga på slutten av 1960-talet, men få reelle politiske konsekvensar for statusplanlegginga. Innstillinga til komiteen har likevel fungert som ei argumentasjons- og heimelkjelde for somme posisjonar i språkpolitisk debatt fram til i dag, særleg når det gjeld argument for foreldrerett, statstilsettes frie språkval og mot skriftleg sidemåleksamen. Men for denne avhandlinga er arbeidet til komiteen mest interessant fordi det sette det territorielle prinsippet eksplisitt under press, både når det gjeld krinsordninga og kommunalmålprinsippet, og fordi det såleis står for ein negativ nøytralitetspolitikk som ikkje er heilt samanfallande med den som tidlegare er sirkla inn, den positive «evenhanded» nøytralitetspolitikken. Men Vogt-komiteens nøytralitetsposisjon var altså ikkje den som vann fram.

### **17.2.3 Kva for språkpolitikk?**

Me kan oppsummere at dei positive rettane på båe felt saman med dominerande prosedural heimling gjer at språkpolitikken desse femti åra kan karakteriserast som ei konsolidering av den rause rettferda, nøytralitetspolitikken, som vart etablert kring hundreårsskiftet. Statens ideal om språkpolitisk nøytral jamstilling vert vidareført.

## **17.3 Korpusvitskap, samnorsk, språkfred og eigenverdien av norsk**

### **17.3.1 Korpusvitskap i nøytralitetsdoxa**

Regjeringa sitt framlegg om eit permanent offentleg språkorgan kom 17. mars 1950 i eit vedlegg til statsbudsjettet (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950). Dette var det fyrste større språkpolitiske regjerings- og stortingsdokumentet etter okkupasjonstida og vart lagt fram av kyrkje- og undervisningsminister Lars Moen på vegne av Gerhardsen-regjeringa. Regjeringa formulerte her ein språkpolitikk som hadde brei støtte i Stortinget, og dokumentet er interessant både som ei autoritativ departemental framstilling om rettskrivingspolitikken dei føregåande tiåra, om den språkpolitiske statusen dei fyrste etterkrigsåra og om framtidsutsiktene.

Føremålet med proposisjonen var å få Stortinget til å løyve pengar til etableringa av Norsk språknemnd og å få den parlamentariske godkjenninga av vedtektene som seinare skulle gjevast som kongeleg resolusjon. Tiltaket vart grunngjeve med eit praktisk ynske om eit permanent organ som kunne gje sakkunnig, vitskapleg rådgjeving til departement og ålmente. Dette var forvaltnings- og rådgjevingsoppgåver som tidlegare var løyste av mellombelse nemnder og bruk av målkonsulentar, til dømes om rettskriving og målbruk i

lærebøker. Men språknemnda skulle òg ha ei overordna framtidretta språkpolitisk oppgåve: «å fremja samarbeid og tilnærming mellom dei to skriftmåla slik at vi med tida kan arbeida oss fram til eitt norsk mål» (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 1).

Departementet skriv at det rett etter frigjeringa kom inn «ei rad resolusjonar om rettskrivingsspørsmål» der hovudtendensen var oppmodingar til departementet om å «føra fornorskinga av bokmålet vidare og få større konsekvens i rettskrivinga av pedagogiske grunnar og meir bruk av samformene i baa mål og gjennom heile skoleverket» (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 5). Ei viktig sak for departementet var å utarbeide ein læreboknormal som skulle skape meir einskap i rettskrivinga og vere noko som ikkje minst lærebokforlaga kunne halde seg til. Regjeringa hadde såleis sett ned eit sakkunnig utval 31. januar 1948 som skulle lage framlegg til «ein fast læreboknormal for baa målformer» (s. 6). Dette aktualiserte spørsmålet om ei permanent nemnd, og statsråd Lars Moen kunngjorde 16.–17. februar 1949 at departementet ville kome med eit slikt framlegg. Sist i mars oppnemnde departementet ei førebuande nemnd som 1. juli 1949 kom med tilråding om vedtekter for ei fast språknemnd (prenta som vedlegg i St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950). Tilrådinga låg så til grunn for proposisjonen året etter.

Proposisjonen refererer frå ein radiotale Moen heldt 17. februar 1949. Her slo han fast at «Historiske og sosiale grunnar har ført med seg at vi er eit språkløyt folk. 1/3 av barna får si opplæring på nynorsk, 2/3 på bokmål. Men baa språkformene er i stendig uro og utvikling.» (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 6) Ei fast språknemnd ville kunne «arbeide med språkproblema på ein annan måte enn kamporganisasjonane kan gjera det». Nemnda skulle arbeide «på grunnlag av systematisk arbeid og organisert vitskapleg gransking av språktilhøva i dag» og gje råd til både styresmakter og andre. «Føresetnaden må vera at eit slikt organ skal hjelpe til å peike ut den beste vegen fram til det målet alle vetuge menneske vel nå er samde om: nemleg språkleg samling når tida til det er inne.» (s. 6) I proposisjonen heiter det seinare at «det er ulike meiningar om farten og måten», men målet om «eitt norsk skriftmål i landet» er «dei fleste» samde om (s. 12). Tvil og motlegg mot planen om ei språknemnd er «utslag av dei same synsmåtar, stemningar og kjensler som har gjort seg gjeldande i alt språkleg reformarbeid fram igjennom åra.» (sst).

Kjenslestyrt språkaktivisme var altså éin ting, systematisk og organisert vitskapleg språkplanlegging ein annan. Den mest systematiske og objektive språkplanlegginga som kunne gjerast, var den som dreia seg om lingvistikk, ikkje 'politikk', nemleg

korpusplanlegging. I 1938 vart Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet oppretta (Kolsrud 2001: 217), og alt denne avdelinga dreiv med av språkpolitikk i perioden 1930–1965 var korpusrelatert. Ved inngangen til 1950-åra skjedde to ting på same tid: Regjeringa brukte pengar og monaleg politisk prestisje på å etablere Norsk språknemnd som eit organ for korpusplanlegging. Samstundes opphøyrd ordninga med ein målkonsulent som skulle sjå til oppfølginga av mållova. Såleis *vart* norsk språkpolitikk til korpusarbeid, og så tok opplæringslovgjevinga seg av det ho måtte av språkreguleringar på sitt felt.<sup>36</sup>

Som på så mange andre felt i etterkrigstida, skulle staten nøye seg med å spele ei rolle som tilretteleggjar, ordstyrar og domar mellom stridande interessegrupper. Denne nøytrale rolla vert understreka av at språkpolitikken òg vart underlagd det same korporative styresettet som stod sterkt i statleg styringsideologi rett etter okkupasjonstida (Furre 1999: 208). Norsk språknemnd med sin representasjon av faglege og politiske interessegrupper var eit forsøk på å etablere eit fagleg-korporativt organ for språkpolitikk. Denne tilbakedraginga frå statuspolitikken kan såleis sjåast på som eit tilskot til den språkpolitiske nøytraliteten i perioden.

### 17.3.2 Samnorsk i nøytralitetsdoxa

I proposisjonen som gjorde framlegg om Norsk språknemnd i 1950, presiserte departementet at jamvel om tilnærming var det berande prinsippet,

... rører dette på ingen måte ved dei sjølvstendige rettane åt kvart av dei to skriftmåla. Så lenge vi har to mål i landet, må jamstellinga mellom dei gjennomførast fullt ut, og gjeldande føresegner om målbruk i statstenesta haldast oppe. Departementet ser det slik at nettopp det at dei to måla blir nytta og dyrka jamsides i skole og styringsverk, vil kunna letta og fremja ymsesidig påverknad og tilnærming. ... Ei fredeleg tevling mellom måla på dette området bør nemnda stø av beste evne (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 12).

Klarare kan det knapt seiast at nøytral jamstilling og fri tevling var ein føremon for samnorskprosjektet. Staten bør altså stø opp om ei «fredeleg tevling» mellom måla, men hovudføremålet for Norsk språknemnd, som eit organ for offentleg språkpolitikk, skulle vere å fremja tilnærminga mellom bokmål og nynorsk «på norsk folkemåls grunn» (St.prp.

---

<sup>36</sup> Seinare såg Vogt-komiteen og den etterfylgjande stortingshandsaminga bae felta i lag, noko som etter det eg kan sjå ikkje har hendt seinare. Statusplanlegginga gjorde comeback på kulturpolitikkfeltet med mållova 1980, og året etter vart Kulturdepartementet utskilt.

nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 21 (§ 1)). Proposisjonen problematiserer ikkje at ein hadde å gjere med eit asymmetrisk makttilhøve mellom dei to skriftmåla.

Det overordna perspektivet i proposisjonen om Norsk språknemnd var at korpusarbeid for tilnærming var ein måte å drive meir fredeleg og rettferdig språkpolitikk på.

«Måkløyvinga» vert sett som ein ugunstig tilstand det galdt å kome bort frå, og «tevinga» mellom dei to skriftmåla var bra berre fordi ho «vil kunna letta og fremja ymsesidig påverknad og tilnærming» (St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950: 12). Den stadige tilnærminga mellom skriftmåla var altså den måten staten skulle skape språkleg rettferd på. Når ein i framtida hadde nådd målet om eitt skriftmål, hadde ein samstundes løyst heile den språkpolitiske utfordringa – ein trong ikkje lenger tospråklege reguleringar. No gav ikkje proposisjonen direkte uttrykk for slike synsmåtar, men dei vart formulerte i den offentlege debatten. I 1947 meinte til dømes skulemannen og Ap-politikaren Trygve Bull at det innan 1950 var mogleg å kome fram til eit felles «nynorsk riksmål» med to valfrie variantar. Då trong ein korkje undervise i båe språk i skulen eller krevje at statstenestemenn skulle kunne skrive båe (Haugen 1969: 135).

Styresmaktene og styringsdokumenta unngjekk framleis merkelappane *språk* om nynorsk og bokmål og *språksamfunn/språkgruppe* om nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar. Frå dokumenta rundt etableringa av Norsk språkråd i 1971 såg me at departementet eksplisitt valde termen ‘språkform’ og valde bort termen ‘språkgruppe’, i motsetnad til Vogt-komiteen og stortingskomiteen som behandla Vogt-innstillinga. Samstundes ville departementet vidareføre samnorskprogrammet inn i Norsk språkråd, også dette motsett Vogt-komiteen. Norsk språkråd gjekk altså inn i saga med same syn som Norsk språknemnd: Nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar er ikkje to språkgrupper, men éi, nynorsk og bokmål er ulike former av norsk som på sikt skal bli eitt felles norsk. Ein skal ta vare på nynorsk og bokmål som to språktradisjonar som kan ‘overleve’ i eit nytt språk som reminisensar.

### **17.3.3 Språkfred i nøytralitetsdoxa**

Vogt-innstillinga kan lesast som eit program for (idealistisk) toleranse som alternativ til den språkpolitiske reguleringa for to språk, og som eit program om tospråkleg fred som alternativ til den monolingvale statssamnorskstrategien. Språkfred vart eit kompromiss som mange kunne samle seg om, med litt ulike motivasjonar. Motstanden mot samnorsk i innstillinga kan ein kanskje forstå som eit ynske om eit permanent bilingvalt Noreg, jamvel

om dette delvis vert uttrykt som ei erkjenning av det ikkje finst alternativ: «Selv med den belastning som de to sidestilte språk på eit vis fører med seg, kan de bety en rikdomskilde» (Vogt-komiteen 1966: 9). Rett nok byrja språkmangfalds- og fleirspråksidear å få eit visst nedslag i 1960-åra (Digernes 2006), men det er vanskeleg å lese Vogt-innstillinga som ei støtte til slike. Her er til dømes ingen referansar til korleis andre fleirspråkssamfunn driv språkpolitikk for nettopp fleire språk.

Som det er argumentert for ovanfor, er nok det sentrale for komiteen er å ta ned graden av reguleringar både i status- og korpusplanlegginga, og ved dette oppfylle mandatet frå regjeringa: å roe gemytta. Integrasjonsheimelen vert då òg tydelegare i språkpolitiske styringsdokument ut over 1900-talet, og når truleg ein topp med Vogt-innstillinga som heimlar argumentasjonen for svært mange av framlegga sine med behovet for ein fredelegare språkdebatt.

At det var fellesskapsånd og konsensus som prega fleire tiår etter 1945, er eit sentralt poeng for mange som har framstilt norsk etterkrigshistorie (Furre 1999, Slagstad 1998, Sandmo 2005). Rune Slagstad meiner dette karakteriserer «arbeidarpartistaten» i tida frå 1940 til 1960-åra (Slagstad 1998: 191ff), og Erling Sandmo skriv i si høgsterettshistorie at «Enigheten og fellesskapsinteressen ble basale argumenter for politisk handling» (Sandmo 2005: 519). I mellomkrigstida hadde det å representere ei interesse vore legitimt og naudsynt, men etter krigen var det meir risikabelt å ikkje bli oppfatta som berar av kollektivets interesser. Den gjennomgripande politiske «enighetskulturen» (Sandmo sst) hadde òg konsekvensar for rettstenkinga: Nasjonale interesser eller samfunnsinteresser vart ei legitim rettskjelde, og trumfa det Slagstad og Sandmo kallar det liberale prinsippet; dei individuelle rettane. Hjø dei ser omgrepet *liberal* ut til å svare til måten det vert nytta på i Rawls-tradisjonen (sjå kap. 4.1.1).

Materialet mitt kan vanskeleg nyttast for å støtte opp under eller trekkje i tvil teoriar om at fellesskapsinteresser vert vurderte som viktigare enn personlege rettar i perioden. Rett nok er prinsipielle drøftingar av språkrettar mangelvare i styringsdokumenta, og me har òg sett at personlege språkrettar vert legitimerte med at dei skaper språkfred og nasjonal integrasjon. Uansett kan det fastslåast at materialet syner at *semje* er doxa – indeksert av konsekvensialistiske argumentasjonsheimlar i perioden. Denne heimeltypen i dokumenta spelar saman med den rettferds- og jamstillingsprosedurale i å skape ein statleg språkpolitisk nøytralitet.

### 17.3.4 Eigenverdien av *norsk* i nøytralitetsdoxa

I siste halvta av perioden 1930–1980 viser ein ny konflikt seg i norsk språkpolitikk. Eit av dei tidlegaste offentlege uttrykka for uroa for engelskpåverknad på norsk var Sigmund Skards programskrift *Målstrid og massekultur* (Skard 1963) som omdefinerte hovudmotsetnaden i språkdebatten frå nynorsk–bokmål-striden til behovet for eit breitt og samla forsvarsarbeid for norsk mot angloamerikansk massekultur og engelsk språk. Ei grundig behandling av norsk språkpolitikk mot domenetap til engelsk på 1900-talet finst i Endre Brunstads avhandling om purisme (Brunstad 2001).

Brunstad har funne at Norsk språknemnd jamt over var lite oppteken av engelsk, trass i mykje ordskifte på eit møte i 1965. Skaparen av språknemnda, samnorsk- og ordbokmannen Alf Hellevik, engasjerte seg likevel mykje i spørsmålet. Brunstad nemner ulike initiativ frå Hellevik frå midten av 1950-åra og framover til skipinga av Norsk språkråd i 1971. «Ein kan spekulere på om Hellevik her såg ein måte å vri merksemda vekk frå den kontroversielle samnorskpolitikken», skriv Brunstad om Helleviks arbeid for å få lagt meir vekt på arbeidet mot engelsk når språkrådet skulle opprettast, og held fram: «Det vert likevel for lett vint å tolke engasjementet som eit taktisk grep. Det var tale om ei perspektivforskyving mot noko som Hellevik tydelegvis såg på som viktig.» (Brunstad 2001: 340). Elles meiner Brunstad at spørsmålet om engelskpåverknad ikkje var «av dei mest sentrale emna for Norsk språkråd på 1970-talet. Det vart likevel teke opp i ein del samanhengar, mellom anna i *Språknytt*» (Brunstad 2001: 350).

Materialet mitt syner det same som Brunstad seier; at for den offentlege språkpolitikken vart ikkje spørsmålet om engelsk verkeleg viktig før etter 1980. Jamvel om det ikkje er forvaltninga av norsk mot engelsk som er emnet for denne avhandlinga, må spørsmålet såleis tematiserast noko grundigare i neste del. No skal det berre peikast på at argumentasjonen for språkpolitiske tiltak for *norsk* i perioden generelt sett er eigenverdiheimla. I dokumenta refererer *norsk* til to noko ulike omgrep, både *nynorsk pluss bokmål* og *samnorsk*, men i tekstar som tek opp engelskpåverknad, vil det nok vere den fyrste tydinga som oftast gjeld. Poenget her er å slå fast at for *norsk* gjeld ikkje den same liberale språknøytralitetspolitikken som for nynorsk og bokmål, for *norsk* gjeld substansielle argument om historie, kultur og identitet.





DEL IV 1980–2005

MOT EIN SPRÅKSIKRINGSPOLITIKK?



# 18 Introduksjon del IV

## 18.1 Struktur og skisse av kapitla

Bakgrunnen for å setje periodeskiljet i 1980 er at ei ny lov om målbruk i offentleg teneste vart vedteken det året. I denne avhandlingsdelen skal òg førearbeidet til lova inkluderast, det vil seie lovproposisjonen frå 1979. Det er rimeleg å analysere dokumentet som låg til grunn for vedtaket om den nye mållova, i same kapitlet som dei etterfylgjande stortingsmeldingane om offentleg målbruk. Ein annan grunn til å gjere dette periodeskiljet, er ein tydelegare tendens i 1980-åra til å leggje vekt på mindretalsposisjonen til nynorsk og til å bruke kulturelle heimlar i legitimeringa av dei språkpolitiske ordningane – særleg på offentleg teneste-/kulturfeltet.

Nytt i perioden var at kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå 1. januar 1982 vart skilt ut og flytt over i det nyskipa Kultur- og vitskapsdepartementet, forløparen til dagens Kulturdepartement (Dahl og Helseth 2006: 247). For språkpolitikken sin del markerer dette eit nytt og permanent skilje. Generelle språkpolitiske saker skulle no handsamast av eit anna departement og ein annan statsråd enn dei språkpolitiske sakene på opplæringsfeltet. Dei to hovudkapitla i denne siste avhandlingsdelen er dermed baa delte i to felt; eitt som framleis har tittelen «Opplæring», medan det andre er kalla «Kultur» i staden for «Offentleg teneste». Desse to hovudkapitla tek føre seg tida mellom 1980 og 1990 og tida mellom 1990 og 2005.

Det fyrste av dei, kapittel 19, er kalla «Ny mållov og gamle opplæringsspørsmål». Når det gjeld overordna språkpolitiske reguleringar på opplæringsfeltet, hende det ikkje så mykje i perioden 1980–1990. Spørsmåla her kjenner me att frå diskusjonane rundt og etter Vogt-innstillinga. Språkpolitisk er 1980-åra i stor grad merkt av vedtaket om den nye mållova i 1980 og stortingsmeldingane i kjølvatnet. Det var Kultur- og vitskapsdepartementet, som i det fylgjande berre skal kallast Kulturdepartementet, som fekk ansvar for offentleg målbruk i tillegg til Norsk språkråd og for det som måtte dukke opp av meir ålmenne språksaker, til dømes støtte til nynorsk litteratur og nynorske institusjonar. Dette siste var saker som vart omtala i kulturmeldingane. Kulturdepartementet gav ut fire kulturmeldingar med om lag ti års mellomrom i perioden: to tidleg i 1980-åra, ei i 1992 og ei i 2003. Dei diskuterer i

varierende grad språkpolitikk. Kulturdepartementet var dessutan ansvarleg for stortingsmeldingane om offentleg målbruk som etter den nye mållova i 1980 skulle kome annakvart år, omgjort til kvart fjerde etter ei lovendring i 1988. Desse meldingane har òg vore kalla mållovsmeldingar, og det kom to slike i 1980-åra, to i 1990-åra og to mellom 2000 og 2005. I 2005 vart elles Norsk språkråd endra til Språkrådet, og lov om Norsk språkråd vart oppheva frå 31.12.2004, og det nye Språkrådet vart regulert med vedtekter gjevne av departementet.

Det andre hovudkapitlet, kapittel 20, tek føre seg perioden 1990–2005 og er kalla «Ny opplæringslov og meir statusarbeid». Tidleg på 1990-talet starta arbeidet med den nye opplæringslova som vart sanksjonert i 1998. Rundt denne prosessen kom det opp fleire språkpolitiske spørsmål. Dessutan vart det dette tiåret vedteke to nye læreplanverk, både Reform 1994 (R94) for vidaregåande opplæring og Læreplanen av 1997 (L97) for grunnskulen. Det var for så vidt diskusjonar om sidemålsordninga både kring læreplaninnføringane i 1994 og i 1997, men dei vart ikkje tekne til styringsdokumenta som skulle til Stortinget. Sidemålsdebatten fatna særleg i prosessen rundt det felles læreplanverket for grunnskulen og vidaregåande etter tusenårsskiftet, nemleg Kunnskapsløftet i 2006 (LK06). Då vart han òg relevant for den dokumenttypen som vert studert i denne granskinga. Læreplanane, som fyrst og fremst bestemmer innhaldet i faga i norsk skule, fekk med opplæringslova i 1998 ein utvitydig status som forskrifter (jf. Ot.prp. nr. 46 1997–98: kap. 11).

Debatten rundt dei språkpolitiske ordningane i opplæringslova vart aldri så heit som diskusjonane om forskriftas sidemålsordning i denne perioden, jamvel om usemjene om til dømes avgjerdsrett i krinsrøystingar og retten til læremiddel på eige fyrstespråk har bylgja fram og tilbake. Utetter 2000-talet vart det ein del debatt og fleire forskriftsendringar som galdt spørsmålet om elevar skulle ha rett til såkalla *andre læremiddel*, altså læremiddel som ikkje er bøker, på fyrsteskriftspråket sitt. Særleg det at den nye informasjonsteknologien hadde funne plassen sin i norsk skule, gjorde spørsmålet om andre læremiddel presserande. På kulturfeltet i perioden mellom 1990 og 2005 ser me etter kvart svært omfangsrike og utgreiande dokument, prega av diskusjonar og tiltak knytte til globalisering, ny teknologi og trykket frå engelsk.

Tittelen på heile den fylgjande avhandlingsdelen, «Mot ein språksikringspolitikk?», føregrip konklusjonen om funna frå analysen: På båe felt slår no dokumenta atterhaldslaust fast at

både nynorsk og bokmål er verdifulle språkvarietetar som krev politisk ivaretaking, og samnorskparagrafen for språkrådet vert då òg strøken i 2002. Særleg på kulturfeltet er dokumenta merkt av ein stadig sterkare tendens til å forsvare særbehandlingsordningar for nynorsk, og argumentasjonen for desse er i stor grad heimla i nynorskens eigenverdi. Tidleg i 1990-åra kom dessutan eit nytt overordna omsyn inn i språkpolitikken: å forsvare norsk språk mot påverknad frå engelsk. Dei språkpolitiske styringsdokumenta byrjar å bli prega av målsetnader om å ta vare på norsk (både bokmål og nynorsk), av dokumentasjon og analysar av presset frå engelsk, av argumentasjon for og legitimeringar av det som både vert kalla eit meir aktivt språkvern eller språkstyrking mot engelsk, og av tiltak som fylgjer av det som fleire dokument framhevar som *den nye språkpolitikken*.

Denne avhandlingsdelen er ikkje avrunda og kontekstualisert i eit eige kapittel. Dette går i staden inn i del V, saman med eit jamførande blick på dei tidlegare delane.

## **18.2 Utval og metodiske spørsmål**

Etter 1990 gjekk norsk språkpolitikk gjennom ei grunnleggjande endring som får fylgjer for det metodiske opplegget for resten av analysane i denne avhandlinga. Fram til 1980-åra sprang offisiell norsk språkpolitikk ut or to overordna omsyn: å sikre jamstilling mellom bokmål og nynorsk, og å gjere dei to skriftspråka mest mogleg funksjonelle gjennom normering og opplæring med eit uttala mål om å minske avstanden mellom dei. I 1990-åra kom eit nytt omsyn inn: å forvalte norsk i høve til påverknaden frå engelsk med særleg mål om å unngå språkskifte i næringsliv og akademia. Denne omfokuseringa får fleire konsekvensar for korleis dokumenta er forma ut, og får dermed òg fylgjer for analysemåttane mine. Det må understrekast at det som vert teke opp nedanfor, nesten berre gjeld dokumenta på kulturfeltet (offentleg teneste) og i liten grad dei på opplæringsfeltet.

For det fyrste endrar skiftet av hovudfokus argumentasjonen for ordningar som gjeld jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Ein ny type ordningar på kulturfeltet i perioden er dei som skal styrkje «norsk språk» mot engelsk, og der det eksplisitt eller implisitt vert lagt til grunn at *norsk språk* både er bokmål og nynorsk. Døme på dette er ordningar innanfor Norsk språkråd (nye oppgåver, til dømes å ha ansvar for eit senter for språkteknikk), innanfor ny informasjonsteknologi (som ein særleg ser frå og med mållovsmeldinga i 1997) og Norsk språkbank (som kom på agendaen kring tusenårsskiftet). Dersom nynorsk vert særskilt tematisert, er det gjerne gjennom presiseringar om at det er *ekstra* viktig å tryggje

nynorsk, fordi det er mest utsett. Men argumentasjonen for ordningane går oftast på kvifor «norsk» generelt skal sikrast og styrkjast.

Dette får òg konsekvensar for argumentasjonen for ordningar som særskilt har å gjere med tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Illustrerande er det fyrste av sju punkt i mållovsmeldinga frå 2001 som formulerer det prinsipielle grunnlaget for det språkpolitiske arbeidet:

Mållova er eit avgjerande verkemiddel for å realisera det overordna språkpolitiske målet om å styrkja norsk språk som levande bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, vel å merkja norsk språk definert som summen av to likeverdige målformer som utgjer integrerte delar av ein nasjonal felleskultur. *Dette krev at nynorsk blir brukt i eit omfang som gjer at målforma er godt synleg i det offentlege rommet, og slik at nynorsk kan utvikla seg som eit levande bruksspråk over eit breitt område.* (St.meld. nr. 9 2001–2002: 17 – original kursivering).

Jamstilling mellom nynorsk og bokmål, slik dette prinsippet er fastsett i mållova, vert her belagt med det overordna målet om å forsvare norsk mot engelsk.

Dette skaper eit nytt avgrensingsspørsmål for denne granskinga. Gjennom 1990- og 2000-talet vert dei språkpolitiske dokumenta stadig meir omfattande, mellom anna ved at ordningane som skal styrkje ‘norsk’ mot engelsk vert stadig fleire. Språkpolitikken som skal regulere tilhøvet mellom nynorsk og bokmål, vert i stor grad ein del av den nye, generelle språkpolitikken mot engelsk; tiltaka for *norsk* er òg legitimerede som tiltak for nynorsk. Tidlegare har avhandlinga prøvd å avgrense seg frå politiske verkemiddel som ikkje primært forvaltar tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. I desse siste kapitla er framstillinga altså ikkje like konsekvent.

Men det er ikkje berre inntoget til nye ordningar som skal styrkje norsk mot engelsk som gjer at dokumenta aukar i omfang. I perioden får departementa ei ny rolle som utgreiarar og analytikarar, dei er ikkje lenger berre framleggsstillarar. Trass i at det kom ei kulturmelding og eit tillegg til denne i starten av 1970-åra, må både kulturmeldingane og mållovsmeldingane seiast å vere nye dokumenttypar i perioden frå 1980. Dette er dokumenttypar som uttrykkjer dei samfunnsplanleggjande ambisjonane for kulturfeltet. Dei er i like stor grad analysar som tiltakspakker, og skil seg såleis frå lovproposisjonar og innstillingar der det fyrst og fremst er ein regel eller ei endring som skal fremjast og

grunngevast. Dokumenta viser altså at departementa endrar karakter i perioden. Sentraladministrasjonen hadde rett nok produsert denne typen dokument i fleire tiår, men då på andre og kanskje politisk 'tyngre' felt som regional planlegging og kommuneinndeling.

At dokumenta analyserer og greier ut stadig meir, utan alltid å argumentere for konkrete språkpolitiske ordningar eller endringar, tyder i denne avhandlinga sine metodiske termar at sjølv *påstanden* manglar. Det som med fyrste augekast liknar belegget i eit argument, er likevel ikkje eit belegg, fordi det ikkje finst nokon påstand, forstått som framlegg, som det fungerer som premiss for. Dette fenomenet er for så vidt knytt til framstillingane av den såkalla nye språkpolitikken: Styresmaktene har behov for å ålment legitimere norsk i høve til engelsk. Men me ser òg at tekstane i større og større grad har lengre, innleiande delar om kvifor det er særleg viktig å styrkje det utsette språket *nynorsk*. Dette gjeld både departementsdokumenta og stortingskomitéinnstillingane.

At større og større delar i fleire og fleire dokument utover i perioden har slike utgreiande, ikkje-konkluderande sekvensar, får altså fylgjer for denne framstillinga. I utgangspunktet kan ikkje ytringar herfrå handsamast i sjølv argumentasjonsanalysen fordi dei altså ikkje kan definerast som påstandar om framlegg om politiske verkemiddel. Ofte framstår dei heller ikkje som legitimeringar av seinare påstandar om politiske ordningar – på grunn av tekstleg avstand og fordi desse seinare påstandane er argumenterte for i sine umiddelbare kotekstar. Nedanfor kan det likevel oppstå behov for å nemne poeng frå desse utgreiande sekvensane, fordi dei tener som overordna argumentasjon for dokumentet sine føreslegne ordningar og argumentasjonen for desse.

Korleis skal ein så omtale eventuelle funn frå dei etter mine definisjonar ikkje-argumenterande tekstsekvensane som gjer seg meir og meir gjeldande, særleg frå tusenårsskiftet? To løysingar er valde. Den fyrste er at eg ved somme høve går til desse sekvensane og hentar ut ytringar som vert sette opp som belegg for politiske ordningar som er lanserte annanstad i dokumentet. Det vert gjort greie for dette når det skjer, og det skjer berre når det er ein viss nærleik i tekst. Den andre løysinga er å rett og slett omtale dei eventuelle funna eller poenga i *innleiinga* til den aktuelle bolken om kulturfeltet eller opplæringsfeltet. Kanskje framstår dette som ein noko 'umetodisk' metode, særleg fordi han ikkje er så utvalsmessig transparent som oppsetta med belegg, heimlar og påstandar. Alternativa verkar likevel verre: å anten prinsipielt sløyfe omtalar av slike generelt utgreiande sekvensar, eller å sløyfe dei Toulmin-inspirerte argumentasjonsanalysane og

gjere heile framstillinga mindre systemtru når det kjem til kriterium for kva som vert omtala og ikkje.

Eit metodisk spørsmål som er relatert til problemstillinga ovanfor, er kva som skal gjerast med føreslegne tiltak som eigenleg ikkje er konkrete ordningar og verkemiddel, men som er målsetnader, ambisjonar, oppmodingar eller satsingsområde (sjå kap. 5.3.1). I tråd med at tekstane vert meir og meir analyserande, får òg slike meir uforpliktande språkpolitiske intensjonar og målsetnader meir og meir plass. Dette er elles eit trekk ved nyare språkpolitiske dokument som Anders Johansen har identifisert i *Mål og mening* i rapporten sin (Johansen 2012). Her kan det òg visast til døme frå kulturmeldinga i 2003. Ho gjer framlegg om «aktiv støtte til nynorsk skriftkultur» og satsing på «Nynorsk programvare m.m.» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193–194). Dette var to *ynske* som det vert argumentert grundig for, men som ikkje medfører konkrete framlegg om ordningar eller reguleringar.

I så stor grad som mogleg vert ikkje språkpolitiske målsetnader, ambisjonar og oppmodingar handsama som påstandar i analysen nedanfor. Dei vert i staden nemnde innleiingsvis i dei ulike underkapitla dersom det er behov for å kommentere dei. Det behovet oppstår om *argumentasjonen* for desse målformuleringane av ein eller annan grunn er iaugefallande. Dermed vert dei einskilde innleiingane i denne siste delen, særleg dei i kapittel 3, ein god del lenger og av ein litt annan karakter enn tidlegare i avhandlinga.

Behandlinga av det som er kalla målsetnader, ambisjonar og oppmodingar er likevel ikkje heilt konsekvent. Somme satsingsområde får lov til å ta plass på påstandsnivå. Dette gjeld likevel berre i framstillinga av kulturfeltet i kapittel 3. Der vert «større statusoppgåver til Norsk språkråd» og «språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi» sette opp som språkpolitiske ordningar, fordi desse satsingane på sikt førte til viktige, nye ordningar i norsk offentleg språkpolitikk (sjå kap. 20.1.10 og 20.1.11).

Etter tusenårsskiftet gav både Språkrådet og Kulturdepartementet ut fleire større rapportar og meldingar om språkpolitikk. Stortingsmeldinga *Mål og mening* frå 2008, òg kalla *Språkmeldinga*, er den mest omfangsrike og kanskje mest ambisiøse fram til skrivande stund (St.meld. nr. 35 2007–2008). Andre store språkpolitiske dokument som kom ikkje så lenge etter 2005, altså ved det tidspunktet der denne framstillinga set strek, var rapportane *Norsk i hundre* frå 2005 (frå eit utval nedsett av Språkrådet) (Språkrådet 2005), *Framtidas norskfag* (frå ei utval nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet) frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2006) og også UFD si stortingsmelding *Språk bygger broer* frå



2008 (St.meld. nr. 23 2007–2008). Som det er gjort greie for i del I (sjå kap. 1.4.1) og del V (sjå kap. 22.1.3), er det ikkje tilfeldig at avhandlinga vert avslutta utan å ta føre seg desse omfangsrrike dokumenta.

Når det så kjem til materialet eller dokumenttypane, er hovudprinsippa i denne avhandlingsdelen dei same som før. Dokument som er handsama av Stortinget i komiteane og i plenum vert analyserte, det vil seie NOU-ar der det ligg føre, proposisjonar, stortingsmeldingar og då sjølvstøtt komitéinnstillingane om desse. Som før, vert ikkje stortingsordskifta analyserte. Somme av dei skal likevel tematiserast.

Ettersom språkpolitikken i kulturmeldingane og språkrådet òg er relevant, vil behandlinga av kulturfeltet ikkje berre omfatte offentleg målbruk, men i tillegg desse andre språksakene som høyrer inn under kulturdepartementet. Dokumenta som kjem direkte frå Norsk språkråd/Språkrådet etter 2000 lyt likevel veljast bort. På det tidspunktet var rådet i endå større grad vorte ein sjølvstendig språkpolitisk aktør innanfor statusplanlegginga, og gav ut mange typar handlingsplanar og rapportar, ikkje minst om informasjonsteknologi. Det er umogleg å undersøkje alle desse dokumenta. Kwart kapittel vil elles gje ei orientering om kjeldeutval og bakgrunnen for det.

Til slutt skal det handle om tekstutvalet på opplæringsfeltet: Læreplanane fekk altså status som forskrifter i 1998. Av avgrensings- og omfangsårsaker vert likevel ikkje reglar i og argumentasjon for forskrifter analyserte, med mindre dei relevante punkta i forskriftene er handsama av Stortinget. I tråd med tidlegare metodiske utgreiingar skal plassen her brukast på den overordna språkpolitikken i opplæringslovgevinga, ikkje på læreplanverka og innhaldet i faga (sjå kap. 5.1.1). Førehavast skal likevel stortingsmeldingane som kom i samband med dei nye læreplanverka, for å sjå om det ligg språkpolitiske vurderingar i desse. Av same avgrensingsgrunnar skal ikkje forskriftsendringane i opplæringslova som gjeld spørsmålet om *andre læremiddel* systematisk undersøkjast, men det skal likevel gjevast ei summarisk framstilling av dei viktigaste draga i politikktutforminga på området.

# 19 1980–1990: Ny mållov og gamle opplæringsspørsmål

I 1980-åra kjem dei største endringane og hendingane i norsk offentleg språkpolitikk på kulturfeltet. Kyrkje- og undervisningsdepartementet laga eit framlegg til ny mållov i 1973, men proposisjonen vart aldri sendt til Stortinget og gjort offentleg. Dei skal dermed sjåast bort frå som førearbeid. Odelstingsproposisjonen om ny mållov kom frå Odvar Norlis regjering og statsråd Kjølvs Egeland 30. mars 1979 (Ot.prp. nr. 52 1978–79).

Komitéinnstillinga om proposisjonen kom 8. februar 1980 (Innst. O. nr. 31 1979–80), og Stortinget vedtok lova i mars. Den 23. september 1983 kom den fyrste mållovsmeldinga frå regjeringa Willoch og kultur- og vitskapsminister Lars Roar Langslet (St.meld. nr. 16 1983–84), Målbruk i offentleg teneste), innstillinga vart lagt fram 7. mars 1984 (Innst. S. nr. 138 1983–84) og stortingsdebatten føregjekk 30. mars same året.

1980-talets andre mållovsmelding vart lagt fram av kultur- og vitskapsminister Hallvard Bakke i Gro Harlem Brundtlands regjering 30. januar 1987 (St.meld. nr. 27 1986–87), innstillinga 18. mars 1987 (Innst. S. nr. 111 1986–87) og ordskiftet i Stortinget var 7. april 1987. Denne dokumentklynga skal altså analyserast nedanfor.

Mållova var endra éin gong i perioden, i 1987 (Ot.prp. nr. 19 1987–88, Innst. O. nr. 31 1987–88). Endringa handlar om å leggje om frekvensen på mållovsmeldingane frå annakvart år til fjerdekvart år, og dessutan om ein generell heimel for å gjere unnatak frå regelen om å gje ut materiale i båe språk. Desse endringane må reknast som mindre viktige, og vert ikkje handsama i analysen nedanfor.

Kulturmeldinga *Kulturpolitikk for 1980-åra* vart lagd fram av kyrkje- og undervisningsminister Einar Førde i Brundtlands fyrste regjering. Meldinga kom 25. september 1981 (St.meld. nr. 23 1981–82). Meldinga kom halvanna veke etter at regjeringa hadde tapt valet og tre veker før Willoch-regjeringa overtok. Dermed kom ei tilleggsmelding frå statsråd Lars Roar Langslet i det nyskipa Kultur- og vitskapsdepartementet 11. november 1983, *Nye oppgåver i kulturpolitikken* (St.meld. nr. 27 1983–84). Det drygde med stortingshandsaminga, men 1. mars 1985 kom innstillinga frå

komiteen (Innst. S. nr. 132 1984–85), og ho vart handsama i Stortinget same månaden. Desse meldingane skal òg førehavast.

Lov om Norsk språkråd vart ikkje endra i perioden, men vedtektene for språkrådet vart endra etter mållovsmeldinga i 1983 (St.meld. nr. 16 1983–84: 16). Denne endringa er ikkje relevant her, ettersom ho gjeld samansetjinga av rådet, rullerande oppnemning og tilsetjing av kontorsjefane.

Regjeringa Kåre Willoch og kyrkje- og undervisningsminister Kjell Magne Bondevik la i 1985 fram ein lovproposisjon med ei rekkje endringar av grunnskulelova, mellom anna reglane om røysterett og fleire andre endringar i målparagrafane (Ot.prp. nr. 51 1984–85). Dette førte til at stortingskomiteen nytta høvet og gjorde endå fleire endringar i lova (Innst. O. nr. 84 1984–85). Den viktigaste endringa og den største debatten gjekk om eit ‘gamalt’ spørsmål: ålmenn røysterett ved krinsrøystingar. Behandlast skal dei få, men sentrale språkopplæringsendringane som vart gjort i 1985.

## 19.1 Kultur

Gjennom 1970-talet var språkrådet framleis eit organ som primært dreiv korpusplanlegging, men på 1980-talet vart statusplanlegging stadig viktigare, iallfall om me jamfører med Norsk språknemnd (J. Grepstad 2002). Språkrådets arbeid mot anglofisering byrja så smått på 1980-talet, og det vart sett i gang ein stor kampanje for «språkleg miljøvern» i 1990 (Brunstad 2001: 353ff). Tiltaket var grunnjevne med at norsk måtte sikrast mot engelsk, mellom anna grunna den kulturelle verdien som norsk representerer (Brunstad 2001: 354). Rådet var ikkje aktivt på same måten i forvaltninga av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i perioden.

Det kom altså to kulturmeldingar, men regjeringa Brundland I si tilleggsmelding tek ikkje opp språkpolitikk i det heile. Analysen nedanfor dreier seg dermed berre om kulturmeldinga frå 1981; *Kulturpolitikk for 1980-åra* (St.meld. nr. 23 1981–82) og dessutan komitéinnstillinga frå mars 1985 (Innst. S. nr. 132 1984–85). Språkpolitiske påstandar og argumentasjon herfrå skal takast opp til slutt i analysen nedanfor.

Vekta i dette kapitlet ligg dermed på dokumentklynga rundt den nye mållova.

Lovproposisjonen frå 1979 gjev opp Vogt-komiteens innstilling, stortingsmelding nr. 15 for 1968–69 (Om språksaka), behandlinga i Stortinget (Innst. S. nr. 189 1969–70) og debatten i

Stortinget 19. mai 1970 som førelegg for saka – og dessutan «dei røynslene ein har med den gjeldande lov om målbruk i statstenesta» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 3). Ein viktig bakgrunn for ynsket om ny mållov var ifylgje proposisjonen òg at «Reglane om målbruk i statstenesta er ikkje haldne à jour med utviklinga i statsadministrasjonen og samfunnet elles.» (s. 3)

Særleg den fyrste mållovsmeldinga frå 1983 bar preg av gjentakning av dei politiske prinsippa, ordningane og argumentasjonen for dei som ein fann i lovproposisjonen frå 1979 (St.meld. nr. 16 1983–84). Hovudføremålet med 1983-meldinga var for det fyrste å få ut ein del talmateriale over språkbruk i det offentlege, noko som har vore eit viktig mål for alle mållovsmeldingar etter 1980, for det andre å drøfte forvaltningsmessige og praktiske problem med somme av reglane og oppfylginga av dei. Den andre mållovsmeldinga i perioden, frå 1987, lanserte regelen om at alle statsorgan skal produsere minst 25 prosent nynorsk (St.meld. nr. 27 1986–87). Denne meldinga stod dermed for ei sentral forskriftsendring som for øvrig er den siste forskriftsendringa til mållova som er gjort fram til skrivande stund (jf. Forskrift 1980, Lovdata). Elles har meldingane frå 1983 og 1987 mykje felles. Men i komitéinnstillinga om den siste meldinga finn me ei innleiande liste med argument eller prinsipp for norsk språkpolitikk (Innst. S. nr. 111 1986–87: 2). Dette er kanskje ein forsmak på dei meir generelt utgreiande dokumenta som me får i neste tiår.

Førehava vert proposisjonen, innstillinga om denne, dei to mållovsmeldingane og innstillingane om dei under kvar ordning eller saksområde, det som metodologisk er kalla *påstand*. Ordningar frå kulturmeldingane i 1981 og 1983 vert tekne til slutt. Dersom eit dokument ikkje er nemnt under eit saksområde, er grunnen at den aktuelle ordninga er tolka som ikkje-tematisert i dokumentet.

Behandlinga av kulturfeltet mellom 1980 og 1990 møter elles ei spesifikk utfordring når det gjeld utval av påstandar, ei utfordring som ikkje vart nemnd i den generelle innleiinga til del IV. Alle uforpliktande idear eller målsetnader som på ein eller anna måte får ein argumentasjon, kan ikkje setjast opp på påstandsnivå. Men fordi den nye mållova vert eit svært detaljert system av reglar og ordningar, skal det òg understrekast at heller ikkje kvar minste detalj kan sjåast som ein språkpolitisk påstand. Utvalet av påstandar er gjort i ljøs av sakene og ordningane som har vorte diskutert på feltet når det gjeld tilhøvet mellom nynorsk og bokmål i åra etter 1878 og særleg etter 1930, og dei av desse spørsmåla som særleg komitéinnstillingane viser vert politisk viktig i 1980-, 1990- og 2000-åra. Difor vert til

dømes ikkje ordninga *mållovsmeldingar kvart fjerde år i staden for kvart andre* sett opp som eigen påstand i analysen av dokumenta kring den nye mållova.

Mållova kunne ha vore handsama paragrafvis, etter mønster frå korleis språkopplæringspolitikken i dei nye skulelovene i kapittel 15 i del III vart analysert. Men i motsetnad til opplæringslovgevinga grip reguleringane og ordningane i dei ulike paragrafane i mållova så over i kvarandre at dette er vanskeleg. Det handlar òg om detaljgraden som vart gjort greie for i førre avsnitt. I opplæringslovgevinga tek i stor grad kvar paragraf eller kvar paragraf-lekk føre seg éi ordning, medan mållova i mykje større grad er eit samanhengande system. Ein kan kanskje sjå mållova som éi eller nokre få ordningar med langt meir omfattande utdjupingar og spesifiseringar enn ordningane på skulefeltet.

### **19.1.1 Verkeområdet til mållova er i prinsippet all offentleg verksemd**

#### ***19.1.1.1 Ordninga***

Verkeområdet til mållova var ikkje tema i Vogt-innstillinga og ordskifta i etterkant, men i mållovsdebattane frå 1980 og fram til i dag har dette vore eit diskusjonspunkt. I tilknytning til paragraf 1 og det prinsipielle grunnlaget for lova forsvarer odelstingsproposisjonen frå 1979 det nye uttrykket «offentleg teneste» i lovtittelen (Ot.prp. nr. 52 1978–79).

Departementet meiner at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte i all offentleg teneste, og at dette prinsipielt omfattar kommunar og fylkeskommunar også. No vert det ikkje gjort framlegg om konkrete reglar om målbruk for kommunar og fylkeskommunar, og prinsippfråsegna i paragraf 1 i lovtkastet får såleis ikkje rettslege konsekvensar for kommunal og fylkeskommunal verksemd (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 11). Likevel skal altså lova «i prinsippet» òg gjelde for desse delene av offentleg forvaltning (s. 12).

Elles drøftar proposisjonen uttrykket «statskontor», eit omgrep som ikkje vart gjeve nokon legal definisjon i den gjeldande lova frå 1930. Departementet gjer no framlegg om «statsorgan» i staden (s. 14), og presiserer kva for statsorgan mållova skal gjelde for. Det er for det fyrste den sentrale statsadministrasjonen; departement, direktorat, regionale forvaltningsorgan (til dømes fylkesmannen) og lokale forvaltningsorgan (til dømes trygdekontor) – men ikkje Stortinget og stortingsorgan. For det andre gjeld mållova for forvaltningsverksemdar som Noregs statsbaner, Postverket og Televerket og dei statlege aksjeselskapa som Statens husbank og Vinmonopolet. For det tredje gjeld lova for offentleg oppnemnde utval og råd som er permanente – til dømes Norsk språkråd. For det fjerde gjeld

ho fond som vert administrerte av statsorgan, og for det femte private institusjonar som gjer enkeltvedtak eller lagar føresegner på vegner av stat eller kommune – til dømes Råfisklaget (s. 15).

#### **19.1.1.2 Argumentasjonen**

Departementets argumentasjon for kva offentleg teneste prinsipielt inneber er todelt. I innleiinga i kapittel 4, om grunnlag og målsetnad for lova, finn me argumentasjon for kvifor språkleg jamstilling må gjelde for offentleg teneste, men òg for kvifor jamstilling prinsipielt må gjelde *all* offentleg teneste – også for kommunal og fylkeskommunal forvaltning (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 11ff). Her er altså nokre nyansar på påstandsnivå som kanskje kunne ha vore nytta til å lage to påstandar og dermed to underkapittel. Det er likevel vanskeleg å sjå at noko går tapt når påstandane vert slegne saman til éin: Verkeområdet til mållova er i prinsippet all offentleg verksemd. Såleis er argumentasjonen me no er på jakt etter, på mange vis ein argumentasjon for ei lov om målbruk i offentleg teneste generelt.

Departementet hevdar innleiingsvis at den nye mållova bør ha ein føremålsparagraf om at nynorsk og bokmål er likeverdige og jamstilte språk som skal respekterast på lik line (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 11ff). «Enda om dei ut frå opphav og tradisjon er ulike på mange måtar», seier departementet, «er dei begge norske og må i høve til lov om målbruk i offentleg teneste vere fullt ut likeverdige.» (sst). Vidare sluttar departementet seg til Vogt-komiteens synspunkt om at den norske språklege kulturarven er ein fellesskap, og «at det vil vere til vinning for nasjonen om vi samla opplever vår språksituasjon meir som ein ressurs enn som ein historisk vanlagnad.» Departementet siterer òg Vogt-komiteen på at «to kulturtradisjonar i vårt land, hver med sine historiske forutsetningar, har fått sitt uttrykk i to skriftspråkstradisjonar med hver sitt innhold og sin form». Det meiner at «målkøyvinga», som kanskje òg kan kallast *tospråklegheita*, har ført til «kulturell, politisk og sosial sjølvrealisering» (s. 11).

Ein hovudgrunn for å sjå lova som prinsipielt omfattande for all offentleg teneste, er «utviklinga i organiseringa av offentleg tenesteyting». Somme av dei offentlege tenestene er lagde til kommunal forvaltning, somme er lagde til fylkeskommunal og somme til statleg forvaltning – «av administrative, praktiske og andre grunnar» (s. 11). Offentlege tenester grip inn i stadig fleire samfunnsområde, seier departementet, og dei tenestene som er lagde til lokal og regional forvaltning er ikkje mindre viktige for folk flest enn dei som staten tek seg av (sst).

Dette er såleis argumenta i proposisjonen for at verkeområdet til mållova i prinsippet er all offentleg verksemd:

### **Argument 1:**

Belegg: Nynorsk og bokmål er baa norske språk.

Heimel: (Dersom) norske språk skal vere likeverdige i norsk offentlegheit,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen ser ut til å vise til rettferd og likebehandling, og kan altså karakteriserast som prosedural. Men han refererer òg til både nynorsk og bokmål sin kulturelle verdi for dei som er 'norske', og er på det viset ein eigenverdiheimel.

### **Argument 2:**

Belegg: Den språkløyvde situasjonen med nynorsk og bokmål er ein samla kulturell, politisk og sosial ressurs og realisering for nasjonen.

Heimel: (Dersom) ein skal bry seg om nasjonens samla ressursar og sjølvrealisering,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen refererer til både nynorsk og bokmål sin kulturelle verdi for det norske språksamfunnet, og er dermed ein eigenverdiheimel. Men ord som ressurs og sjølvrealisering kan òg spele på integrasjons- og styringsomsyn, og såleis indeksere ein konsekvensialistisk heimel.

### **Argument 3:**

Belegg: Dei offentlege tenestene som er lagde til kommunal og regional forvaltning er like viktige for publikum som dei som er lagde til statleg forvaltning.

Heimel: (Dersom) mållova skal femne om dei tenestene som er viktige for publikum,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Fleirtalet i kyrkje- og undervisningskomiteen er samd med departementets framlegg, fordi det ser prinsippfråsegna i paragraf 1 som ei «så verdfull retningsline også for målbruken i kommunar og fylkeskommunar» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 3). Om framlegget til føremålsparagraf seier komiteen at det at skriftspråka er likeverdige, og at dei dermed «skal respekterast og odlast på lik line», skal vere eit sjølv sagt prinsipp for all offentleg

administrasjon (s. 2). Nemnda ser dette «som ein konsekvens av at bokmål og nynorsk er ein sams arv for heile folket» og seier elles at «ansvaret for å ta vare på vår språklege arv og gje han gode vokstervilkår er eit sams kulturelt ansvar» (s. 2). Men ho hevdar òg at det er «eit særleg viktig omsyn å sikra nynorsken ein rettkomen plass. Som minoritetsmål står nynorsk skriftmål i ei utsett stilling, og proposisjonen syner at ‘nynorsk blir nytta langt mindre i statstenesta enn det som har vore føresetnaden’.» (s. 3).

Argumenta i komitéinnstillinga kan dermed sjåast slik:

#### **Argument 4:**

Belegg: Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk.

Heimel: (Dersom) bokmål og nynorsk skal vere jamstilte og likeverdige i norsk offentlegheit,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen tek utgangspunkt i jamstilling og er prosedural.

#### **Argument 5:**

Belegg: Nynorsk og bokmål er ein sams arv for heile folket og dermed eit sams ansvar.

Heimel: (Dersom) me vil ta ansvar for sams kulturell arv,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen refererer til både nynorsk og bokmål og samla norsk språkarv sin kulturelle verdi for det norske språksamfunnet, og er dermed ein eigenverdiheimel

#### **Argument 6:**

Belegg: Det er eit særleg viktig omsyn å sikra nynorsken ein rettkomen plass.

Heimel: (Dersom) nynorsk har ein rettkomen plass i Noreg,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen refererer til nynorsk sin verdi for eit språksamfunn og er dermed ein eigenverdiheimel.



### **Argument 7:**

Belegg: Som minoritetsmål står nynorsk skriftmål i ei utsett stilling.

Heimel: (Dersom) det er viktig å gjere nynorsk mindre utsett,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Det er ikkje lett å klassifisere argumentet. Om det er *det utsette* i seg sjølv som er poenget, kan dette kanskje relaterast til mangfaldskonsekvensialisme. I kotekst er det nok meir rimeleg å sjå det som ein referanse til nynorskens eigenverdi for Noreg.

Høgre sine medlemer i stortingskomiteen finn det uheldig at lovtittelen og føremålsparagrafen gjev inntrykk av at mållova er juridisk bindande for administrasjonen for fylke og kommunar. Desse medlemene meiner at om fylke og kommunar skulle omfattast av lova, måtte dette vere innarbeidd i føresegnene. Men ettersom dette vil vere svært vanskelege spørsmål, krevst det eit nytt lovvedtak (Innst. O. nr. 31 1979–80: 3).

Den fyrste mållovsmeldinga kom i 1983. Som nemnt innleiingsvis, vart det i denne i liten grad lansert ny argumentasjon for dei politiske ordningane. Men i komitéinnstillinga om meldinga finst ein ny argumentasjon for mållova og verkeområdet hennar:

Nemnda vil peike på at ny medieteknologi og teknologisk utvikling med den aukande internasjonaliseringa dette fører med seg, er ei påkjenning for alt norsk språk. Det er ei kjensgjerning at på fleire og fleire område av samfunnslivet og arbeidslivet, blir bruk av engelske ord og uttrykk meir og meir vanleg. Dette endrar vår språkpolitiske stode på ein dramatisk måte, og nemnda finn det naudsynt med auka innsats for å møte denne kulturpolitiske utfordringa. Etter nemnda si meining kan dette best skje ved at vi tek vare på heile mangfaldet i det norske målet. (Innst. O. nr. 31 1979–80: 4).

Argumenta i komitéinnstillinga i 1983 ser dermed slik ut:

### **Argument 8:**

Belegg: Påverknaden frå engelsk krev auka kulturpolitisk innsats.

Heimel: (Dersom) det er viktig med kulturpolitisk innsats for norsk,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen refererer svært diffust til norsk sin kulturelle verdi, så under tvil kan dette karakteriserast som eigenverdiheimling for norsk språk samla. Det kunne nok òg ha vore sett på som styringskonsekvensialisme.

#### **Argument 9:**

Belegg: Den kulturpolitiske innsatsen er å ta vare på heile mangfaldet i norsk språk.

Heimel: (Dersom) mangfaldet i norsk språk er viktig,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Dette kan karakteriserast som ein heimel som refererer til både norsk og norske språkvarietetar sin eigenverdi. Det kunne nok òg vore karakterisert som mangfaldskonsekvensialisme, men som nemnt, er det problematisk å skilje mellom desse to posisjonane når konteksten er så pass skrin (sjå kap. 5.3.5.1).

Heller ikkje i mållovsmeldinga i 1987 er det *nye* argument for mållova og verkeområdet hennar (St.meld. nr. 27 1986–87). Men i komitéinnstillinga om denne meldinga finst derimot ei lenger liste med argument eller prinsipp for norsk språkpolitikk i innleiinga av merknadene (Innst. S. nr. 111 1986–87: 2). Dei fleste av desse argumenta har me sett i dei andre mållovsdokumenta etter 1979. Eit nytt argument for mållova her er likevel at det trengst ei «språkleg opprusting» i Noreg: «Denne må omfatte såvel norsk og samisk som ulike andre språk slik at alle kan bli trygge i sitt eige morsmål.» (s. 2).

Belegget herfrå går inn i eit nytt argument:

#### **Argument 10:**

Belegg: Det trengst ei språkleg satsing i Noreg så alle kan bli trygge i sitt eige morsmål.

Heimel: (Dersom) alle bør bli trygge i eige morsmål,

Påstand: (så) må verkeområdet til mållova i prinsippet vere all offentleg verksemd.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk dersom tryggleik handlar om graden av *literacy*, det vil seie meistrings- og dannelsingskompetanse. Preposisjonen «i» tyder på at det er slik det bør lesast. Men om dette refererer til tryggleik i eigen språkkultur i tydinga *kjensla av tilhøyrse til han*, er dette eigenverdiheimling med utgangspunkt i alle språk i staten Noreg.

## **19.1.2 Pliktig språkbruk for statsorgan**

### **19.1.2.1 Ordninga**

Eit stridseple i handsaminga av både 1930-mållova og Vogt-innstillinga var spørsmålet om kven sin personlege språkrett som var viktigast: Var det den statstilsettes negative rett til å nytte kva for skriftspråk han ville, eller den positive retten til brukaren av statstenestene til å bli møtt av sitt føretrekte språk? Medan Vogt-innstillinga gjekk inn for det fyrste, fekk det andre prinsippet støtte i stortingshandsaminga av henne. I kapitlet om «Nye innstillingar om språksaka» er dette spørsmålet kalla «Fritt val av språk for brukarane av statstenesta» (sjå kap. 14.1.2). I 1979-proposisjonen er temaet drøfta under tittelen «Pliktig målbruk for statsorgan» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 16ff), og den same overskrifta er såleis nytta her.

Proposisjonen gjer framlegg om å vidareføre regelen om at det er mottakaren av skrivet frå eit statsorgan som avgjer kva språk skrivet skal vere i (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 17). I utkastet vert mottakarane delte inn i tre grupper: private rettssubjekt, kommunar og fylkeskommunar. «Private rettssubjekt» inneber personar, organisasjonar, private institusjonar og firma. «Kommunar» tyder kommunestyrets vedtak om skriftspråk, og «fylkeskommunar» tyder fylkestingets fastsetjing av skriftspråk (s. 17). Framlegget er at reglane om språkbruk skal variere litt for desse gruppene, men strukturen i reglane om målbruk kan likevel generaliserast og er på eit vis den omvende av andre forvaltningsrettslege reglar, seier departementet:

Det er organ på lågare forvaltningsnivå som avgjer kva for målform organ på høgare forvaltningsnivå skal nytte i skriv til dei. Privatpersonar og kommunar har høve til å krevje ei viss målform i skriv frå statskontor, og lokale statskontor skal ha skriv frå regionale og sentrale statskontor i den målforma vertskommunen har kravt. (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 16)

### **19.1.2.2 Argumentasjonen**

Det kan setjast spørjeteikn ved om det her er rett å sjå bort frå den meir ålmenne argumentasjonen for språkleg jamstilling og mållova generelt som me finn i starten av kapittel 4 i 1979-proposisjonen (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 11), og som det er gjort greie for i førre avsnittet. Kanskje kan det argumenterast for at ytringane om språka som jamstilte og likeverdige delar av norsk kulturarv i paragraf 1 er ein argumentasjon for alle ordningane/påstandane i proposisjonen og innstillinga. Men grunngevinga for å sjå bort frå denne argumentasjonen her, er at han er nært knytt til ytringane om verkeområdet for

mållova, særleg på grunn av nærleik i tekst. Påstanden som vert handsama no, er ikkje kopla til denne jamstillings- og eigenverdiargumentasjonen på same måten; fyrst og fremst fordi han vert presentert fem sider seinare (på side 16). Det må såleis vere rett å seie at formuleringane i starten av kapittel 4 ikkje fungerer som argument for at statsorgan er pliktige til å svare i det språket som brukaren nyttar.

1979-proposisjonen seier at framlegget om kven som skal svare på kva for språk, no er forenkla jamført med forskriftene til 1930-lova. Utgangspunktet er likevel det same: «omsynet til lokalsamfunnet» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 16). Dette må reknast som eit belegg. Som me skal sjå i neste sak, meiner departementet at ein del intern sakshandsaming kan føregå på fritt valt språk for den tilsette. Dette er grunngeve med at reglane for målbruk mellom statsorgan ikkje er av ein slik prinsipiell karakter og ikkje så viktige «for store grupper i samfunnet» som reglane om språkbruk i skriv til andre (sjå kap. 19.1.3). Med andre ord er også dette eit belegg for proposisjonens framlegg om at publikum styrer statens språkbruk.

Det er nok mogleg å sjå spørsmålet om *einskild*tilsette si plikt til å meistre og bruke både nynorsk og bokmål som ei litt anna sak. Likevel vert denne påstanden analysert her, fordi ein òg kan sjå ordninga med at tilsette skal kunne skrive bae språk som ein *del* av påstanden om pliktig språkbruk for statsorgan. Proposisjonen viser til eit framlegg frå Arbeidsdirektoratet om å endre denne regelen, men Kyrkje- og undervisningsdepartementet meiner det i så fall «bryt med hovudtanken bak mållova som forvaltningslov, nemleg at det skal vere ei tenesteplikt å følgje reglane» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 12).

Argumenta kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Språkpolitikken må ta omsyn til lokalsamfunnet.

Heimel: (Dersom) ein skal ha ein språkpolitikk som tek omsyn til lokalsamfunn,

Påstand: (så) er statsorgan pliktige til å svare i det språket som brukaren nyttar.

Heimelen er prosedural dersom poenget her er at lokalsamfunnet har ein språkleg *rett*.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk om han uttrykkjer eit politisk mål om ein særleg måte å organisere demokratiet på. Dette er elles ei kategorigrense som fleire gonger tidlegare har hatt vanskar med å dra (sjå kap. 10.2.1.2, òg for fleire kryssreferansar) og som òg er diskutert i kapitlet om metodiske grep (sjå kap. 5.3.5.3).

## **Argument 2:**

Belegg: Reglane for språkbruk mellom staten og andre er viktige for store grupper i samfunnet.

Heimel: (Dersom) ein skal ha ein politikk som er viktig for mange,

Påstand: (så) er statsorgan pliktige til å svare i det språket som brukaren nyttar.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

I innstillinga til stortingskomiteen finn me ein litt annan argumentativ innfallsvinkel. Det vert peikt på «dei språklege rettane som den einskilde bør ha», både dei som arbeider i staten og for dei som vender seg til eit statsorgan (Innst. O. nr. 33 1978–79: 3). Det kan såleis oppstå interessekonfliktar, men desse må løysast ved å leggje hovudvekta på språkynsket til publikum: «Med sitt eige målval avgjer dei samstunder kva for mål svararen må nytta. Språkynskjet [!] hjå embets- eller tenestemannen må då vika.» (s. 3).

Argumenta er:

## **Argument 3:**

Belegg: Den einskilde som vender seg til statsorgan avgjer sjølv kva for språk han skal møtast på.

Heimel: (Dersom) den einskilde har ein slik rett,

Påstand: (så) er statsorgan pliktige til å svare i det språket som brukaren nyttar.

Heimelen er prosedural.

## **Argument 4:**

Belegg: Det er ei tenesteplikt for den einskildtilsette å fylgje språkreglane.

Heimel: (Dersom) det er viktig å overhalde tenesteplikt,

Påstand: (så) er statsorgan pliktige til å svare i det språket som brukaren nyttar.

Heimelen er prosedural ettersom tenesteplikta her må knytast til den positive retten som brukarane av statstenesta har. Heimelformuleringa kunne med andre ord òg ha vore «Brukarane av statstenesta har ein positiv språkrett.».

### **19.1.3 Fritt språkval for tilsette i intern saksgang mellom statsorgan**

#### **19.1.3.1 Ordninga**

Mållova gav altså reglar om språk i det skriftlege materialet som eit statsorgan sende ut. Sakshandsaminga som låg til grunn for det skriftlege materialet og anna intern sakshandsaming, fall i stor grad utanom reguleringane i mållova. Det fanst òg andre høve der eit statsorgan stod fritt til å bruke kva språk det ville, til dømes når det vende seg til mottakarar som var nøytrale (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 19). 1930-lova sa at det i slike tilfelle var leiaren for statskontoret som skulle avgjere språket som den tilsette skulle nytte. I 1979 er departementet usamd i dette: «I praksis er det den som skriv under brevet, som avgjer målforma når kontoret står fritt», seier det, og det ser difor ingen grunn til å avgjere kva for skriftspråk som skal nyttast når språkbruken ikkje er lovbunden (s. 19).

#### **19.1.3.2 Argumentasjon**

Kyrkje- og undervisningsdepartementet meiner at det er uheldig å halde seg med ein regel som går på tvers av «utviklingen mot økt medbestemmelsesrett for de ansatte i forhold som særlig angår dem», ei formulering som for øvrig var henta frå ei fråsegn frå Kommunaldepartementet (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 19).

Argumentet er såleis slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Tilsette skal ha ei viss medbestemming i tilhøve som særleg har med dei å gjere.

Heimel: (Dersom) statstilsette har ein slik rett (når det ikkje er spesielle grunnar til å påleggje dei tilsette å bruke eit visst språk),

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for tilsette i intern saksgang mellom statsorgan.

Heimelen er prosedural, men eit *atterhald* er altså at ordninga ikkje går på kostnad av brukarane sitt frie språkval.

Stortingskomiteen hevdar òg at det er språkrettane til dei som vender seg til statstenesta som fyrst og fremst skal tryggjast. Likevel må også tilsette i embetsverket «ha krav på språklege rettar på line med andre samfunnsmedlemer, jamvel om tenestepliktene deira inneber klare avgrensingar av høvet til fritt språkval.» (Innst. O. nr. 33 1978–79: 5). Komiteen meiner såleis at i internt saksarbeid og kommunikasjon mellom sentrale statsorgan bør den einskilde tilsette stå fritt til å bruke kva skriftspråk han vil (sst).

Argumentasjonen til komiteen er slik:

### **Argument 2:**

Belegg: Tilsette i staten skal ha visse personlege språkrettar på line med andre, om det ikkje går ut over tenestepliktene.

Heimel: (Dersom) statstilsette har ein slik rett,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for tilsette i intern saksgang mellom statsorgan.

Heimelen er prosedural.

## **19.1.4 Språknøytralitet er irrelevant i tenestekrinsar med fleire kommunar**

### **19.1.4.1 Ordninga**

I diskusjonane rundt og etter Vogt-innstillinga stod det strid om dei nøytrale kommunane skulle telje med eller ikkje når ein skulle finne ut om ein tenestekrins av fleire kommunar skulle reknast som ein nynorsk- eller bokmålstenestekrins. Døme på slike tenestekrinsar var fylke eller trygdekontor som dekte fleire kommunar. Bakgrunnen for saka var at Justisdepartementet i eit rundskriv frå 1933 gav melding om at berre kommunar som hadde vedteke eit bestemt språk, skulle teljast med når språket til tenestekrinsen skulle reknast ut. Kommunane som hadde sagt seg nøytrale, måtte sjåast bort frå. I 1955 endra Justisdepartementet syn: No meinte det at eit fleirtal av kommunar i tenestekrinsen måtte ha vedteke eit bestemt språk for at staten skulle vere forplikta til å bruke dette språket i heile tenestekrinsen. Vogt-komiteen gjekk òg inn for at dei nøytrale kommunane skulle telje med, og Justisdepartementet stadfeste 1955-uttalen sin i ei ny fråsegn i 1977 (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 20).

Departementet er usamd i gjeldande regel her, og får støtte frå fleirtalet i stortingskomiteen. Det skal framleis vere høve for ein kommune til å seie seg nøytral, meiner departementet, men gjer likevel framlegg om ein ny lovregel som «har som utgangspunkt at dei nøytrale kommunane ikkje skal telje med når målforma i ein tenestekrins skal fastsetjast» (s. 21). For å unngå uheldige utslag, gjer det òg framlegg om fylgjande: Dersom det i ein tenestekrins er fleire nøytrale kommunar enn dei kommunane som til saman har kravt bokmål eller nynorsk, skal tenestekrinsen vere nøytral. Dersom det er like mange kommunar for kvar målform, vil tenestekrinsen òg vere nøytral. Elles skal målforma i tenestekrinsen rette seg etter fleirtalet av dei kommunane som har kravt ei av målformene (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 21).

#### **19.1.4.2 Argumentasjonen**

Når det no skal gjerast greie for argumentasjonen til departementet, lyt det presiserast at han har ein innebygd premiss om kva språkleg nøytralitet er og kan vere. Den gjeldande regelen i 1979 «fører til at svært mange tenestekrinsar i dag er språkleg nøytrale», og dømet som vert nytta er det nøytrale fylket Møre og Romsdal som på det tidspunktet stod med éin bokmålskommune, 19 nynorskkommunar og 18 nøytrale (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 20). Så kjem omgrepsavklaringa: Nøytralitet «inneber i praksis at mest berre bokmål blir nytta i skriv frå statskontor», hevdar departementet, «og det er grunn til å tru at språkleg nøytralitet også lokalt inneber mest bruk av bokmål.» (s. 21). Argumenta mot gjeldande regel føreset altså ei oppfatning av at det som i teorien er nøytralitet, i praksis vert bokmål.

Departementet held fram med at ettersom lova om målbruk i statstenesta har som eitt av hovudføremåla å tryggje like vilkår for baa språk, synest gjeldande regel «å verke urimeleg for den eine målforma, nynorsk, som i administrasjonssamanheng er minoritetsspråket i store delar av landet» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 21). Det avsluttar med at det er prinsippet om jamstilling av målformene som gjer at det ynskjer nye reglar som gjev noko færre nøytrale tenestekrinsar enn før.

Argumenta ser slik ut:

#### **Argument 1:**

Belegg: Gjeldande regel er urimeleg for mindretalsspråket nynorsk.

Heimel: (Dersom) reglar bør slå godt ut for nynorsk,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Dette er ein heimel som uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

#### **Argument 2:**

Belegg: Gjeldande regel går ut over jamstilling og like vilkår for nynorsk og bokmål.

Heimel: (Dersom) jamstilling og like vilkår for språka er viktig,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Heimelen er prosedural.



### **Argument 3:**

Belegg: Mållova skal tryggje like vilkår for både språk og jamstilling.

Heimel: (Dersom) gjeldande regel i mållova fører til mindre språkjamstilling,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Heimelen er prosedural. I dette tilfellet vert det særst tydeleg at argumentasjonen føreset ei særleg tolking av omgrepet *jamstilling*. Her er tydinga at jamstilling ikkje kan sameinast med gjeldande regel. Argumentet som er ein premiss for argumentet over er såleis slik:

Belegg: Mållova skal tryggje like vilkår for både språk og jamstilling.

Heimel: (Dersom) like vilkår og språkjamstilling er rett,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Fleirtalet i stortingskomiteen er samd med departementet i at gjeldande regel fører til at svært mange tenestekrinsar vert definerte som språkleg nøytrale, og at det ut frå argumentasjonen i proposisjonen er eit poeng å få ned dette talet på nøytrale tenestekrinsar. Komiteen konkluderer med at «jamvel om dei fleste av dei tenestekrinsane som no er språkleg nøytrale, då vil bli bokmålskrinsar, reknar fleirtalet med at det i høve til dagens praksis vil bli nytta meir nynorsk enn no.» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 5).

Det nye argumentet hjå komiteen ser då slik ut:

### **Argument 4:**

Belegg: Den nye regelen vil medføre meir nynorskbruk enn no.

Heimel: (Dersom) det er viktig med fleire nynorske tenestekrinsar og meir nynorskbruk,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Dette er ein heimel som uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

Eit mindretal i komiteen meiner «ein som utgangspunkt bør sjå vedtak om språkleg nøytralitet som ei erklæring om språkleg toleranse og om vilje til å nytta både mål» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 5). Desse komitémedlemene hevdar at vedtak om nøytralitet er å ta eit

standpunkt til språkspørsmålet, eit standpunkt som i seg sjølv er like respektabelt som å velje anten nynorsk eller bokmål (s. 5).

I den fyrste mållovsmeldinga frå 1983 viser departementet til motførestillingar som er komne mot ordninga. Arendal riksmålsforening hadde protestert mot at telefonkatalogen for Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder kom med nynorsk tekst. Fleirtalsspråket for området var nynorsk, men nynorskkommunane utgjorde eit mindretal av folket der. 12 kommunar hadde bokmål, 14 hadde nynorsk og 26 var nøytrale. Departementet forsvarete ordninga med «at eit viktig føremål med mållova er å verne om eit mindretalsskriftspråk. Dette omsynet må vegast mot det demokratiske prinsippet som gir fleirtalet avgjerdsrett.» (St.meld. nr. 16 1983–84: 9). Komiteen som innstiller på meldinga, seier seg samd med departementet i dette: «omsynet til mindretalets rettar må vege særleg tungt i eit demokrati som legg vekt på omsynet til menneskerettar og den personlege integriteten.» (Innst. S. nr. 138 1983–84: 5).

Argumentasjonen i den fyrste mållovsmeldinga for ordninga om at språknøytralitet skal vere irrelevant i utrekning av tenestekrinspråk, er såleis slik:

#### **Argument 5:**

Belegg: Mållova skal verne om mindretalsskriftspråket nynorsk.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Ved fyrste augekast ser argumentet ut til å vere heimla i eigenverdien til nynorsk. Men så kan ein seie at argumentet òg kan formulerast slik:

#### **Argument 6:**

Belegg: Mållova skal verne om mindretalsskriftspråket nynorsk.

Heimel: (Dersom) mindretalsspråk har rett til vern,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Argumentasjonen kan dermed òg sjåast på som prosedural, som eit omsyn til rettar for mindretalsspråk.

## **Argument 7:**

Belegg: Omsynet til mindretalets rettar må vege særleg tungt i eit demokrati som legg vekt på omsynet til menneskerettar og personleg integritet.

Heimel: (Dersom) språkpolitikken skal ta demokratisk omsyn til menneskerettar og personleg integritet,

Påstand: (så) skal språknøytrale kommunar ikkje teljast med i språkfastsetjinga for ein tenestekrins av fleire kommunar.

Heimelen er prosedural. Han er eit krav om ålmenne, individuelle menneskerettar.

### **19.1.5 Rimeleg fastsetjing av nynorsk i offentleg målbruk**

#### ***19.1.5.1 Ordninga***

Eit anna diskusjonspunkt frå handsaminga av Vogt-innstillinga var spørsmålet om kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg teneste. Vogt-komiteen ynskte ikkje ein slik regel (sjå kap. 14.1.4), medan kyrkje- og undervisningskomiteen som handsama Vogt-innstillinga meinte ein burde ta sikte på kvantifisering (sjå kap. 14.1.5). I lovproposisjonen i 1979 går departementet mot eksakt talfesting, og seier at statsorgan «som hovudregel skal veksle mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 22). I visse tilfelle vil det likevel vere fornuftig å gje ut rundskriv og liknande i baa språk, meiner det. Ordninga gjeld òg kunngjeringar, til dømes statlege stillingsutlysingar. Departementet vedgår at det kan vere vanskeleg å avgjere kva for språk kunngjeringa skal sendast i til dei ulike avisene, men meiner ein hovudregel må vere at ein skal veksle mellom språka i kunngjeringar laga for heile landet. Kunngjeringar som har særleg tilknytning til ein kommune eller tenestekrins, bør fylgje språket som denne eininga har vedteke (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 22–23). Hovudprinsippet er i alle høve «rimeleg» fordeling mellom språka.

#### ***19.1.5.2 Argumentasjon***

Når departementet meiner det skal vere ei «rimeleg» kvantitativ fordeling mellom språka i statlege tekstar, er det med same grunngevinga som kyrkje- og undervisningskomiteen hadde i innstillinga om språksaka i 1970: Eksakt talfesting vil vere ei for stor baa for administrasjonen. «Ein regel som ikkje blir eller kan bli noko nær gjennomført i praksis», ser departementet som «ein lite tenleg hovudregel.» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 22).

Argumentet er som fylgjer:

### **Argument 1:**

Belegg: Kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk vil medføre store vanskar for statsadministrasjonen og dermed ikkje bli gjennomført.

Heimel: (Dersom) ein skal halde seg med reglar som har sjanse til å bli gjennomførte,

Påstand: (så) er det nok å krevje ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Argumentasjonsheimelen til departementet er styringskonsekvensialistisk.

Til ein viss grad vert argumentasjonen til departementet problematisert av Kyrkje- og undervisningskomiteen. Komiteen viser til Statens informasjonsteneste, som i ei fråsegn seier at hovudprinsippet for språkbruk i staten bør vere at budskapet vert presentert i ei slik form at han når fram til målgruppene, og at dette må innebere at skriftleg informasjon vert sendt ut til mottakarane i det språket dei nyttar. Med støtte i denne argumentasjonen meiner komiteen at den regelen som gjev høve til parallellutgåver av ymse tilfang, må brukast så langt som råd er. Likevel meiner han at det er praktisk umogleg å gje ut alt materiale i bae språk, og at det viktigaste siktemålet er at statlege tekstar når fram og vert forståtte av ålmenta: «Der ordvalet er enkelt og klårt, kan det ikkje vera naudsynt å satsa arbeid og pengar på å lage språklege dublettar.» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 6).

Det er elles usemje i komiteen om korleis uttrykket «rimeleg kvantitativ fordeling» skal forståast. Eit mindretal meiner det inneber ei tilnærma lik deling mellom nynorsk og bokmål i skriv frå staten (Innst. O. nr. 31 1979–80: 9). Fleirtalet er samd i at nynorskdelen i statstekstane må «aukast monaleg», men vil ikkje leggje urealistiske siktemål til grunn for politikken: «Ei målsetjing om at bokmål og nynorsk skal nyttast i likt omfang, står ikkje i rimeleg samsvar med bruken av dei to skriftmål i folket. Ei slik målsetjing ville utløysa motvilje og strid, til stor skade for nynorsken.» (s. 9).

Komiteens argument for ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i statens tekstar, er såleis slik:

### **Argument 2:**

Belegg: Det er ikkje alltid naudsynt å satse arbeid og pengar på å lage språklege dublettar.

Heimel: (Dersom) det er viktig å spare arbeid og pengar,

Påstand: (så) er det nok å krevje ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen er økonomisk- og styringskonsekvensialistisk.

### **Argument 3:**

Belegg: Ei 50–50-fordeling mellom bokmål og nynorsk står ikkje i rimeleg samsvar med bruken av dei to skriftmål i folket.

Heimel: (Dersom) fordelinga av språk i statens tekstar skal vere ei rettvis spegling av fordelinga av språk mellom folk i Noreg,

Påstand: (så) er det nok å krevje ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen kan nok sjåast som styringskonsekvensialistisk, men er helst prosedural: Han dreier seg om kva som er rettvis.

### **Argument 4:**

Belegg: Ei 50–50-fordeling mellom bokmål og nynorsk vil utløyse motvilje og strid.

Heimel: (Dersom) språkfred er viktig,

Påstand: (så) er det nok å krevje ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen er integrasjonskonsekvensialistisk.

### **Argument 5:**

Belegg: Ei 50–50-fordeling mellom bokmål og nynorsk vil utløyse motvilje og strid, til stor skade for nynorsken.

Heimel: (Dersom) ein vil ha ein politikk som gagnar nynorsk,

Påstand: (så) er det nok å krevje ei rimeleg fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Dette er ein heimel som uttrykkjer eigenverdien til nynorsk. At målet om å ta vare på nynorsk vert *sett opp mot* å gjere visse reguleringar eller drive ein viss politikk for nynorsk, er ein argumenttype som me òg får sjå døme på seinare (sjå kap. 20.1.3.2).

## **19.1.6 Kvantitativ fastsetjing av nynorsk/25-prosentregelen**

### **19.1.6.1 Ordninga**

Lovproposisjonen i 1979 gjer altså ikkje framlegg om kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i statens tekstar, og det er heller ingen eksplisitte forslag om dette i innstillinga til stortingskomiteen. Som me såg i førre avsnittet, går likevel eit mindretal i komiteen meir implisitt inn for «ei tilnærma lik deling mellom nynorsk og bokmål» i skriv frå staten (Innst. O. nr. 31 1979–80: 9).

I mållovsmeldinga i 1987 dokumenterte departementet at bruken av nynorsk var mindre i sentraladministrasjonen i 1984 enn i 1981 (St.meld. nr. 27 1986–87: 12). At nynorskbruken var gått attende, gav «grunnlag for å vurdere sterkare verkemiddel enn informasjon og opplæring og innføring av rutinar», meinte departementet (s. 13). Dette verkemidlet var altså å slå fast at ei rimeleg kvantitativ fordeling i offentleg språkbruk var 25 prosent nynorsk og 75 prosent bokmål, presentsatsar som skulle sjåast på som rettleiande (sst).

Stortingskomiteen støttar departementet. Rett nok meiner komiteen at ein i staden for ein rettleiande presentsats for nynorsk og bokmål burde slå fast at ingen av dei to språka skal vere representerte med mindre enn 25 prosent (Innst. S. nr. 111 1986–87: 3). Det er likevel ein nyanse som det ikkje vert teke omsyn til på påstandsnivå her, og dermed heller ikkje i organiseringa av framstillinga nedanfor.

#### **19.1.6.2 Argumentasjonen**

Mindretalet i stortingskomiteen i 1980 viser til kyrkje- og undervisningskomiteen si tilråding om Vogt-innstillinga frå 1969–70, som rett og slett argumenterte for synet sitt med omgrepet «likestilling» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 9). Dette kan altså reknast som komitémindretalet i 1980 sitt argument òg, men det vert ikkje sett opp i ein argumentasjonsanalyse. Eit metodisk prinsipp er framleis å berre analysere argumentasjonen til fleirtalet, altså det som *vart* offentleg språkpolitikk. Så vil det mange gonger vere slik at nye ordningar som får fleirtal, tidlegare har vore mindretalssyn både ein og fleire gonger, og at det såleis bør orienterast om dei – som her.

I mållovsmeldinga i 1987 var departementets argumentasjon for at det skulle vere slik kvantifisering, at

Om lag 25 pst av kommunane har kravd nynorsk i skriv frå statsorgan og om lag 21 pst. av fylka (4 av 19) har nynorsk som fleirtalsmålform. 16–17 pst. har nynorsk som opplæringsspråk, og Norsk rikskringkasting har 25 pst. nynorsk som rettesnor for si målfordeling. (St.meld. nr. 27 1986–87: 13).

Komiteen i si innstilling argumenterer ikkje meir for dette, han slår berre fast at dette er «positivt» (Innst. S. nr. 111 1986–87: 3).

Argumentasjonen i 1987 er såleis slik:

## **Argument 1:**

Belegg: Prosentdelen av folk og institusjonar som nyttar nynorsk svarer cirka til 25.

Heimel: (Dersom) språkbruken i statens tekstar skal spegle talet på brukarar,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen er prosedural; han uttrykkjer eit krav om rettferd.

### **19.1.7 Tilsyn av mållova som integrert del av det vanlege forvaltningstilsynet**

#### ***19.1.7.1 Ordninga***

Fram til 1979 hadde drøftingane om språkkonsulenttenesta og dermed tilsynet av mållova gått på tre alternative organisasjonsformer: ei stilling som ombodsmann for språksaker, eller tilsetjing av ein språkkonsulent i forvaltninga, eller å leggje språkkonsulenttenesta til det organet som hadde administrativt tilsyn med mållova. Departementet meiner i lovproposisjonen «at tilsynet med gjennomføringa av lova og føresegnene bør vere ein integrert del i det vanlege tilsynet med at reglane for saksbehandling blir følgde» (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 13–14). Den administrative leiaren for kvart kontor skal ha ansvaret for at dei tilsette fylgjer reglane, på same måten som overordna organ har eit administrativt tilsyn med underordna organ. Kvart departement har ansvaret for at reglane vert fylgde innanfor si tenestegrein. Departementet meiner òg at Kyrkje- og undervisningsdepartementet bør ha særlege plikter når det gjeld andre departement, til dømes når det gjeld spreieing av informasjon om språkreglar, handsaming av klagesaker, oppfylging av brot på reglane og dessutan førebuing av ei melding til Stortinget annakvart år om språkbruken i offentleg teneste (s. 14).

#### ***19.1.7.2 Argumentasjonen***

I proposisjonen argumenterer departementet med at den føreslegne ordninga «vil gi ei vanleg arbeidsdeling på dette området», at ho er «meir i samsvar med det som elles gjeld i statsforvaltninga» og at ho «synest å vere mest naturleg i og med at mållova er ei spesiallov om statleg og anna offentleg forvaltning». (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 14). Det trur òg at ordninga vil gje Kyrkje- og undervisningsdepartementet «ei meir aktiv og kontrollerande rolle» (s. 14).

Argumenta er såleis slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Ordninga som er føreslegen er i tråd med anna forvaltningsskikk i staten.

Heimel: (Dersom) det er viktig med homogen forvaltning på ulike statlege område,

Påstand: (så) må tilsynet av mållova vere ein integrert del av det vanlege forvaltningstilsynet.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Ordninga som er føreslegen gjev Kyrkje- og undervisningsdepartementet ei viktigare rolle i det statlege språktilsynet.

Heimel: (Dersom) Kyrkje- og undervisningsdepartementet bør vere aktivt i tilsynet med statens språk,

Påstand: (så) må tilsynet av mållova vere ein integrert del av det vanlege forvaltningstilsynet.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Komiteen er samd med departementet i «at ansvaret for og tilsynet med praktiseringa av lova bør fylgja vanlege ansvarsreglar i forvaltninga.» (Innst. O. nr. 31 1979–80: 7). I innstillinga er altså ingen ny argumentasjon. Likevel oppmodar fleirtalet i komiteen departementet om å vurdere om det trengst ei eiga stilling i statsadministrasjonen for å styrkje oppfylginga av den nye mållova. Eit mindretal gjer konkret framlegg om ei slik stilling (s. 7).

## **19.1.8 Fritt valt språk i eksamensoppgåver**

### ***19.1.8.1 Ordninga***

Bakgrunnen for saka var eit langvarig press frå målrørsla og elevorganisasjonar om at elevar og studentar skulle få eksamenstekstar på det språket dei sjølve føretrekte. I 1978 vart det sendt ut to departementale rundskriv med oppmoding om at lærestadene skulle syte for ein slik personleg, positiv språkrett. Kravet vart ikkje regulert i mållova i 1980, men i 1982 gjorde departementet framlegg om ein ny paragraf i forskriftene i mållova om dette (St.meld. nr. 27 1986–87: 13). Denne paragrafen vart føreslegen endra i samband med mållovsmeldinga i 1987, og fyrste del av han lydde slik:



Når eksamensoppgåver i andre fag enn norsk blir gitt på norsk mål, skal kvar kandidat få oppgåveteksten på bokmål eller nynorsk etter ønske. Dette gjeld for sluttksamemar, medrekna deleksamemar som høyrer med i ein større eksamen. Lærestaden kan be om bindande val av målform ved oppmelding til eksamen. (St.meld. nr. 27 1986–87: 15)

Andre del av paragrafen handlar om unnataksreglar og klaging.

### ***19.1.8.2 Argumentasjonen***

Det er ingen argumentasjon for den nye ordninga i mållovsmeldinga i 1987. Departementet slår fast at dette i 1978 vart sett på som «eit viktig og rimeleg måljamstillingskrav» (St.meld. nr. 27 1986–87: 13), men fører ikkje eigne argument i marka. Heller ikkje i innstillinga vert det argumentert direkte for fritt valt språk i eksamensoppgåver. Stortingskomiteen stør departementet utan ytterlegare merknad (Innst. S. nr. 111 1986–87: 3). Som me såg tidlegare, startar merknadene i denne komitéinnstillinga med ei lenger liste med argument for norsk språkpolitikk (s. 2, dessutan sjå kap. 19.1.1.2). Dei tener nok som eit prinsipielt grunnlag for alle ordningane nemnda går inn for, men fungerer ikkje som direkte argument for ordningane.

## **19.1.9 Tilskot til nynorsk litteratur**

### ***19.1.9.1 Ordninga***

Kulturmeldinga frå 1981 har eit underkapittel om språkspørsmål (St.meld. nr. 23 1981–82: 142f) i hovudkapitlet om kulturvern (kap. 9). Kyrkje- og undervisningsdepartementet deler her dei språkpolitiske arbeidsoppgåvene sine inn i tre hovudfelt. Det fyrste kallar det «språksaker», som er det som dreier seg om rettskrivingsspørsmål. Det andre feltet gjeld administrasjon av reglar om bruk av nynorsk og bokmål i offentleg teneste, og det tredje gjeld reglane for opplæringsspråk. Departementet slår fast at kulturmeldinga skal dreie seg om dei to fyrste felt. Eitt avsnitt handlar om nynorsk litteratur, eitt om Norsk språkråd og eitt om lov om målbruk i offentleg teneste. Punkta om språkrådet og mållova er orienteringar om kva desse institusjonane inneber, og når ein kan vente seg vedtektsendringar eller mållovsmeldingar. Avsnittet om statleg støtte til litteratur på nynorsk er det einaste som liknar på ein presentasjon av og argumentasjon for ei språkpolitisk ordning. Denne ordninga er kalla «Tilskot til nynorsk litteratur» for å vise samanhengen til det same punktet i kulturmeldingane i 1970-åra (sjå kap. 16.2.1).

Det er semje om at produksjon og omsetnad av nynorsk litteratur treng spesiell støtte, seier departementet i denne meldinga. Ettersom produksjons- og omsetnadsutgiftene har auka mykje meir enn støtta frå det offentlege, meiner departementet at støtta til denne må aukast, «slik at ho kjem meir i samsvar med intensjonane bak ordninga.» (St.meld. nr. 23 1981–82: 143).

Komitéinnstillinga nemner ikkje ordninga (Innst. S. nr. 132 1984–85, jf. s. 40f).

### **19.1.9.2 Argumentasjonen**

Kva er så det som stortingsmeldinga kallar *intensjonane bak ordninga*? Departementet hevdar at nynorsk litteratur av fleire grunnar har mindre marknad enn bokmåslitteraturen og at nynorsk litteraturen treng denne særskilde støtta «for å kunne tevle med bokmåslitteratur på tilnærma like vilkår» (St.meld. nr. 23 1981–82: 143).

Argumentet er dermed som fylgjer:

#### **Argument 1:**

Belegg: Nynorsk litteratur må kunne tevle med bokmåslitteratur på tilnærma like vilkår.

Heimel: (Dersom) det er rett å ha like vilkår for dei norske skriftspråka,

Påstand: (så) må staten gje spesiell støtte til nynorsk litteratur.

Heimelen er prosedural.

## **19.2 Opplæring**

Regjeringa Willoch, med Kjell Magne Bondevik (Kristeleg Folkeparti) som kyrkje- og undervisningsminister, la i mars 1985 fram ein proposisjon med ei rekkje endringar av grunnskulelova. Her vart det gjort framlegg om endringar i reglane om røysterett og i fleire andre føresegner i målparagrafane. Det vart ikkje gjort framlegg om ålmenn røysterett, berre ei utviding til fleire foreldregrupper for å unngå ein del uheldige og vilkårlege utslag av den gjeldande ordninga (Ot.prp. nr. 51 1984–85). Saka var likevel sett i spel, og eit fleirtal i kyrkje- og undervisningskomiteen, inkludert Bondeviks eige parti, gjekk i si innstilling inn for å gjeninnføre ålmenn røysterett. Språkrøysterettsreglane var det einaste punktet der komiteen delte seg, og difor gjekk størstedelen av stortingsordskiftet på dette (Ot.tid. 1985: 767–787, 23. mai).

Våren 1987 la Kyrkje- og undervisningsdepartementet fram ein ny proposisjon med framlegg til ein del endringar i grunnskulelova, mellom anna ei teknisk og politisk uviktig justering av reglane om kven som hadde røysterett i saker om opplæringsmålet. Då saka kom til Stortinget, prøvde Høgre seg på omkamp og gjorde framlegg om å gå attende til foreldre retten (Innst. O. nr. 17 1987–88, jf. Ot.prp. nr. 63 1986–87). Framlegget fall, men dette understrekar at motsetnaden mellom meir personlege og meir territorielle språkpolitiske tilnærmingar framleis var aktiv då Smith-utvalet seks år seinare sette i gang arbeidet med ny opplæringslov. Fordi framlegga i den sistnemnde proposisjonen er av teknisk art, og fordi Høgre sine framlegg vart mindretalsframlegg, vert ikkje denne dokumentklynga handsama nedanfor. Nedanfor vert det referert til dei paragrafnummera som galdt etter endringa i 1975 (jf. oversyn over endringa i nummereringa i kap. 14.2).

Alle ordningane som departementet eller komiteen tek føre seg i 1985, vert sette opp som påstandar. Somme av påstandane korkje tematiserer eller argumenterer stortingskomiteen for, og då vert heller ikkje komiteen nemnd under den aktuelle ordninga.

Ei dokumentklyngje som *ikkje* vert analysert nærare og som difor berre kort er tematisert her, er den som dreia seg om revisjonen av læreplanverket i 1980-åra. Kyrkje- og undervisningsdepartementet la i 1982 fram ei omfattande melding for Stortinget om heile grunnskulen (St. meld. nr. 62 1982–83). Læreplanane vart deretter revidert, og læreplanen for grunnskulen vart til slutt kalla *Mønsterplan 1987*, forkorta M87 (KUD 1987). Han avløyste «Mønsterplan for grunnskolen» frå 1974 (M74).

Som ein del av prosessen vart den såkalla Norskkommisjonen sett ned i 1982, og tilrådinga kom i NOU-en *Styrking av norskundervisningen i alle skoleslag*. Kommisjonen tolka mandatet slik at det ikkje skulle «ta stilling til rettskrivningsspørsmål og bruk av målformer i skoleverket» (Norskkommisjonen 1984: 8). Sidemålsordninga i grunnskulen vert omtala i eit eige kapittel på ei halv spalte (s. 19). For vidaregåande skule vert sidemålet einast nemnt under vurderingspunkta i omtalene av studieretningane for ålmenne fag og handel- og kontor fag (s. 30 og 33). Med unntak av ei mindre justering for handel og kontor går kommisjonen inn for å vidareføre sidemålsordninga. Den knappe omtala vert i hovudsak brukt på å streke under behovet for nye læringsformer, og det er underforstått at kommisjonen med «sidemål» meiner «nynorsk». Det er ingen argumentasjon for (eller imot) sidemålsordninga, og nynorsk i opplæringa vert elles ikkje tematisert.

Tilrådinga frå norskkommisjonen var ein del av grunnlaget for utkasta til den generelle delen og til fagplanen som departementet sende på høyring. I oktober 1986 la så departementet fram ei stortingsmelding om revisjon av mønsterplanen (St.meld. nr. 15 1986–87). Stortinget handsama saka vinteren 1987 (Innst. S. nr. 98 1986–87).

Norskfaget fekk ein omtale på 1 ½ side i den 62 sider lange stortingsmeldinga. Her er éi setning som tematiserer dei språkpolitiske ordningane som ligg til grunn for norskfaget, og den lyder: «I sidemålsopplæringa går en bort fra en undervisning som ser på sidemålet som et emne i norskfaget som krever en slags fremmedspråkmetodikk.» (St.meld. nr. 15 1986–87: 36). Dette står i ein samanheng der departementet refererer Grunnskulerådets utkast til norskplan, og departementet har ingen eigne merknader knytte til sidemål eller andre språkpolitiske ordningar. I komitéinnstillinga er korkje sidemålsordninga eller andre ordningar nemnde korkje i fleirtals- eller mindretalsmerknadene. Ingen av partia som var representerte i kyrkje- og undervisningskomiteen stilte seg på dette tidspunktet kritisk til sidemålsordninga. Derimot er det ein del fokus på at skriveopplæringa må ta utgangspunkt i talemålet til elevane, noko som òg hadde vore eit sentralt poeng hjå norskkommisjonen.

## **19.2.1 Ålmenn røyserett ved krinsrøysting**

### ***19.2.1.1 Ordninga***

Som me hugsar, hadde det stått strid om spørsmålet om ålmenn røyserett eller foreldrerett i språkrøystingar i skulekrinsar. Det hadde vore ålmenn røyserett sidan skulestyra fekk høve til å innføre landsmål som opplæringsmål i 1892. Den nye grunnskulelova i 1969 avgrensa så røyseretten til foreldra slik Vogt-komiteen gjekk inn for (sjå kap. 15.1.2). Såleis var gjeldande regel i grunnskulelova i 1980 at berre foreldre til born i krinsen hadde røyserett.

I 1985 gjeninnfører så stortingskomiteen ålmenn krinsrøyserett i språksaker etter at saka var reist og hadde fått fleirtal i stortingskomiteen (Innst. O. nr. 84 1984–85).

### ***19.2.1.2 Argumentasjonen***

Komitéfleirtalet peikar på «at den allmenne stemmeretten er en grunnfestet demokratisk rettighet i vårt land» (Innst. O. nr. 84 1984–85: 3), men at denne retten har eitt unnatak, altså vala av fyrstespråk i krinsane. Komiteen meiner foreldreretten er viktig, men at han vert ivareteken i parallellklasseordninga, og at spørsmålet om val av fyrstespråk i skulen er «noe langt mer enn et språklig valg for foreldrene og deres barn». Det er også «et allment kulturspørsmål som gjelder hele lokalsamfunnet og den kulturelle utviklingen der» (s. 4).

Dessutan meiner komiteen at ordninga med ålmenn røysterett «vil medvirke til mer stabile forhold i lokalsamfunnet» (sst).

Dei tre argumenta for ålmenn røysterett i 1985 er dermed slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Den ålmenne stemmeretten er ein grunnfest demokratisk rett i Noreg.

Heimel: (Dersom) me skal ha demokratiske rettar,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøysting om språk.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Språk er eit ålment kulturspørsmål som gjeld hele lokalsamfunnet.

Heimel: (Dersom) heile lokalsamfunn skal vere med på å bestemme over ålmenne kulturspørsmål som gjeld dei,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøysting om språk.

Heimelen her kan sjåast som styringskonsekvensialistisk. Han refererer ikkje til språket sin verdi for det lokale språksamfunnet, i så fall måtte han ha vore sett på som ein eigenverdiheimel. Her vert det i staden peikt mot verdien av at heile lokalsamfunnet får styre over kulturspørsmål som gjeld alle i det aktuelle samfunnet.

### **Argument 3:**

Belegg: Ålmenn røysterett medverkar til meir stabile tilhøve i lokalsamfunnet.

Heimel: (Dersom) stabilitet i lokalsamfunna trengst,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøysting om språk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

## **19.2.2 Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk**

### **19.2.2.1 Ordninga**

At foreldre/elevar skulle kunne velje lærebøker på det språket som ikkje er det territorielle fyrstespråket i andre fag enn norsk, hadde vore gjeldande regel gjennom heile 1900-talet.

Dette var regulert i grunnskulelova § 39, nr. 2 (sjå kap. 15.2.2). I 1985 refererer

departementet til eit framlegg frå Norsk språkråd om å ta denne føresegna bort, fordi det har

uheldige konsekvensar «at born bruker to skriftmål gjennom heile skolegangen.» (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 5). Departementet støttar likevel ikkje dette framlegget frå språkrådet «om å ta bort foreldreretten til velje lærebøker» (sst).

Komiteen kommenterer ikkje saka.

### ***19.2.2.2 Argumentasjonen***

Ordet «foreldrerett» kan reknast som eit argument for ordninga:

#### **Argument 1:**

Belegg: Foreldra har rett til å velje lærebøker for skuleborna sine.

Heimel: (Dersom) foreldre har ein slik rett,

Påstand: (så) må elevane kunne ha lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk.

Heimelen er prosedural.

I same slengen seier departementet at det har vurdert å fastsetje i forskrift at elevane må nytte det same språket i alle skriftlege oppgåver, anten det gjeld norskfaget eller andre fag (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 5).

### **19.2.3 Fritt språkval i ungdomsskulen**

#### ***19.2.3.1 Ordninga***

Gjeldande grunnskulelov paragraf 40 nr. 5 sa at det dei to siste åra i ungdomsskulen var fritt val av skriftspråk (sjå kap. 15.3.12). I 1985 vart det ei endring i denne føresegna:

Formuleringa vart no «Frå sjuande klassesteget avgjer elevane sjølve kva for målform dei skal nytte.» (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 5).

Prinsippet om fritt språkval i 8. og 9. klasse var ikkje oppe til drøfting dei gongene Stortinget handsama parallellklasseretten gjennom 1970-åra (sjå kap. 15.3.15-15.3.17). Men i 1985 kom spørsmålet opp då departementet oppdaga at det sjuande årssteget var i eit rettsvakuum etter at retten til klassesdeling i norskfaget i 7. klasse vart teken ut av lova våren 1975. Derfor vart elevane sin rett til å velje hovudmål utvida ned til 7. klasse i 1985.

#### ***19.2.3.2 Argumentasjonen***

Proposisjonen foreslo «at valfridomen etter siste punktum vert utvida til å femne om 7. klassesteget. Foreldra kan då vere med å bestemme opplæringsmålet på barnesteget.» (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 4). Dette vert støtta av stortingskomiteen (Innst. O. nr. 84 1984–85:

5). Det er mogleg at ordet «valfridomen» i proposisjonen er eit argument. Det er i så fall samanfallande med eit av argumenta til komiteen, som klart nyttar dette som legitimering. Innstillinga seier dette om ordninga:

Dette vil medføre at den enkelte elev får anledning til selv å avgjøre hvilket hovedmål vedkommende skal bruke fra og med 7. klassetrinn... Komiteen viser til at skille [!] mellom barneskolen og ungdomsskolen er ved det 7. klassetrinn. Derfor er det rimelig at valgfriheten omfatter alle ungdomsskoletrinnene. (Innst. O. nr. 84 1984–85: 5).

Argumentasjonen til komiteen kan setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Eleven må sjølv få høve til å velje fyrstespråk frå og med sjuande.

Heimel: (Dersom) elevar har denne valretten,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval i ungdomsskolen.

Heimelen er prosedural. Argumentet baserer seg på at det er ein sjølvstøtt rett for elevar på heile ungdomssteget å velje hovudmål sjølv

#### **Argument 2:**

Belegg: Skiljet mellom barneskolen og ungdomsskolen er ved sjuande klasse.

Heimel: (Dersom) same ordninga skal gjelde heile ungdomssteget,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval i ungdomsskolen.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **19.2.4 Språklege parallellklassar om minst 6 er att**

#### **19.2.4.1 Ordninga**

Gjeldande grunnskulelov sa at det kunne skipast språklege parallellklassar dersom minst 10 elevar var att i den gruppa som den nye klassen gjekk ut frå (sjå kap. 15.3.18). I 1985 føreslo departementet å skru grensa på ti elevar ned (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 5). Retten til å halde fram som eigen klasse med eit elevtal med minst 6 vert føreslegen gjort gjeldande for baa språk. Stortingskomiteen støttar dette (Innst. O. nr. 84 1984–85: 5).

#### **19.2.4.2 Argumentasjonen**

Departementet seier at det vil lovfeste ein praksis som har utvikla seg etter den gjeldande dispensasjonsretten: «Dette kan føre til ei lita utviding i høve til noverande regel og praksis. På den andre sida inneber framlegget ei avgrensing av dispensasjonsretten, fordi departementet i framtida ikkje i noko høve kunne godkjenne ei gruppe som har mindre enn seks elevar.» (Ot.prp. nr. 51 1984–85: 5).

Argumentet er såleis slik:

##### **Argument 1:**

Belegg: Framlegget inneber ei avgrensing av dispensasjonsretten.

Heimel: (Dersom) departementet gjev for mange dispensasjonar frå parallellklasseføresegna,

Påstand: (så) bør ein ha ei minstegrense på seks attverande elevar ved parallellklasseetablering.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Stortingskomiteen ser framlegget som «en nødvendig rettighet for et språklig mindretall» og trur framlegget hindrar at elevar må «bytte opplæringsmål langt opp i klassene» (Innst. O. nr. 84 1984–85: 5). Ut frå samanhengen verkar det klart at komiteen siktar til uynskt språkskifte på barnesteget, ikkje ungdomssteget der elevane vel sjølve.

Komiteen sine argument for å setje grensa ned til seks elevar, er dermed desse to:

##### **Argument 2:**

Belegg: Framlegget er ein naudsyn mindretalsrett.

Heimel: (Dersom) mindretal har slik rett,

Påstand: (så) bør ein ha ei minstegrense på seks attverande elevar ved parallellklasseetablering.

Heimelen er prosedural.

##### **Argument 3:**

Belegg: Framlegget hindrar at elevar må byte fyrstespråk seint i skulegangen.

Heimel: (Dersom) det er uheldig for elevar å skifte fyrstespråk seint i skulegangen,



Påstand: (så) bør ein ha ei minstegrense på seks attverande elevar ved parallellklasseetablering.

Heimelen må helst tolkast som pedagogisk-konsekvensialistisk ettersom det ikkje her er forhindring av språktap i ein krins som står i fokus, men at det er særleg vanskeleg for elevar å skifte fyrstespråk i dei øvste klassane. Dermed kan ein ikkje kategorisere dette som ein eigenverdiheimel.

### 19.3 Oppsummering 1980–1990

Dei to fyrste problemstillingane frå innleiinga som det no skal oppsummerast etter, lyder altså (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Rundt innføringa av den nye mållova i 1980 var det ein viss diskusjon om omgrepa *likeverd* og *jamstilling*. Stortingsmeldinga som behandla Vogt-innstillinga, tente òg som førearbeid til 1980-mållova (St.meld. nr. 15 1968–69). Riksmålsforbundet hadde fylgjande merknad til meldinga: «Vi advarer mot dette ord (jamstilte), som leder tanken hen på kvantitativ likestilling, noe som ut fra det faktum at nynorsken bare representerer 20% av befolkningen, ville være urimelig» (etter Lilleholt og Gramstad 1983: 19). Kyrkje- og undervisningskomiteen ville då heller ikkje velje mellom omgrepa *likeverd* og *jamstilling* i innstillinga til ny lov, og i proposisjonen om ny mållov er båe orda med, utan særskild merknad.

Det er likevel ikkje nødvendigvis slik at *likeverd* her indekserer ‘absolutt’ negative språkrettar. Det er prinsipielt vanskeleg å tenkje seg eigne språklovverk som regulerer bruken av det mindre nytta språket, men som slett ikkje snakkar om *positive* språkrettar. Implikasjonen av ein toleranse- eller likeverdspolitikk vil vere å avvikle (nesten) all språklovgeving. Negativ toleranse var nok ein posisjon kring 1930 (sjå kap. 10.3), men ikkje kring 1980. Den meir direkte årsaka til problematisering av omgrepet *jamstilling* kring 1980-mållova, var at eit politisk mindretal var redd det opna for *talfesting* og ei femti-femti-fordeling (Lilleholt og Gramstad 1983: 14–15).

Igjen er poenget at me må snakke om *gradar* av positive og negative språkrettar. Det er ikkje tvil om at mållova av 1980 bygde ut og spesifiserte dei positive språkrettane til nynorskbrukarar frå mållova av 1930, og at det var tverrpolitisk semje om det. Diskusjonen stod såleis om feltet offentleg teneste skulle opne for *større grad* av positive rettar, det vil seie meir regulering, og då var det altså særleg kvantitetskravet som var debattert. Nye positive rettar, som innføring av rett til eksamensoppgåver på føretrekt språk og det nye oppfylgningssystemet med departementalt tilsyn og regelmessige, rapporterende stortingsmeldingar, var det semje om.

Nytt på feltet offentleg teneste var negative rettar for tilsette i statstenesta. Dei fekk no lovfest rett til å bruke føretrekt språk i intern saksgang.

Når det gjeld spørsmålet om territoriell og personleg politikk i offentleg språkbruk, er det ingen prinsipielle endringar i kommunalmålordninga. Spørsmåla går heller på moglegheitsvilkår for ordninga. Reglar for fordeling av språk i statstenesta er eitt av dei, ettersom kommunalmålordninga føresette at det vart produsert materiell på baa språk i staten.

Eitt klart særbehandlingstiltak for nynorsk vart teke opp i dokumenta på kulturfeltet i perioden; økonomisk statleg tilskot til utgjeving av nynorskbøker. Som me veit, er då òg dette ei særordning for nynorsk med lang tradisjon. Ordninga med at nøytrale kommunar ikkje skal teljast med når ein tenestekrins sitt språk skal fastsetjast, kan òg sjåast som eit særbehandlingstiltak for nynorsk. Dette er kanskje ikkje heilt innlysande, men må altså sjåast i ljøs av styresmaktenes forståing av nøytralitet som noko som empirisk sett fører til mest bokmål. 25-prosentregelen som vart innført i 1987, er vanskelegare å kategorisere. Slik regelen er formulert, at det ikkje skal vere mindre enn 25 prosent av *nokon* av språka i staten, kan ein ikkje utan vidare karakterisere han som eit særbehandlingstiltak.

På opplæringsfeltet vert skiljet mellom rettane i barneskulen og ungdomsskulen sementerte. I 1985 kjem vedtaket om at heile ungdomssteget skal språkleg deterritorialiserast. Det inneber at elevane på alle tre årsstega i ungdomssteget vert utstyrte med hovudsakleg modifiserte negative rettar, motsett barnesteget, der fleirtalet har territorielle, positive rettar og mindretalet personlege, positive rettar. Heller ikkje no vart rettane til det språklege mindretalet i klassane på språkblanda ungdomsskular problematiserte.

Fordi det er så lite nytt på opplæringsfeltet i perioden, skal oppsummeringa her vise til delar av stortingsdebatten i 1985. Dette er ikkje relevant for korleis politikken for perioden vert oppsummert, den skal framleis byggjast på det dokumentutvalet som det er gjort greie for. Men eit blick inn i denne stortingsdebatten kan likevel auke forståinga vår av den samla politikken.

Spørsmålet om fritt språkval i ungdomsskulen vart ikkje særleg debattert, ettersom usemja mellom partia dreia seg om røysterettsreglar. Komiteleiaren frå Høgre (Sveinung Lunde) nemner «valgfrihet fra og med 7. klassetrinn for den enkelte elev», men elles er argumentasjonen praktisk: Ein bør ha éi ordning for barnesteget, éi for heile ungdomsskulen (Ot.tid. 1985: 768). Ettersom det fyrst er i 8. klasse at det vert innført skriftleg opplæring i baa målformer, og at det «ved overgang fra barneskole til ungdomsskole kan ... rent praktisk forekomme at et skriftspråk eleven har hatt på barneskolens trinn, ikke nødvendigvis er det skriftspråk som nyttes på den aktuelle ungdomsskole», bed Stortinget departementet om å finne fram til praktiske ordningar for at denne valfridomen kan realiserast alt frå 7. klasse (s. 768–769).

Rett nok meiner nokre representantar at om elevane skal velje hovudmål alt frå 7. klasse, bør dei òg starte med tospråkleg opplæring/sidemål då – for at dei skal ha noko å velje mellom.<sup>37</sup> I debatten hevdar statsråd Kjell Magne Bondevik at framlegget dreier seg om «at elevene i sjuende klasse kan velge å levere sine skriftlige arbeider – og for så vidt også velger sine lærebøker – i den målform de er opplært i på barnetrinnet.» (s. 785). Framlegget kan såleis tolkast som ein kompensasjon for manglande parallellklasserett på ungdomssteget. Statsråden meiner dette er ei ordning som særleg tener nynorskelevar: «Elever fra små grendeskoler som har hatt nynorsk i barnetrinnet, skal etter dette forslaget kunne fortsette med nynorsk i sjuende klasse på ungdomstrinnet, sjøl om de må reise til en ungdomsskole som ligger i en bokmålskrets.» (sst).<sup>38</sup> Det vert vist til det uheldige i at

---

<sup>37</sup> Hans Olav Tunesvik (Krf) seier til dømes: «Nemnda har vore noko i tvil om det var rett å ta inn denne reglen, all den stund opplæring i begge målformer skjer først frå 8. klasse. Einskilde elevar kan jo då koma i den situasjonen at dei har høve til å velja eit mål i sine skriftlege arbeid som dei ikkje får undervisning i i 7. klasse. Problemet her er venteleg lite, men...» (Ot.tid. 1985: 772). Representantar frå Venstre meiner at om det skal vere valfridom når det gjeld skriftspråk frå 7. klasse, må elevane ha noko å velje mellom. Dei går såleis inn for opplæring i baa skriftspråk frå og med 7. klasse. Hallgrim Berg (H) seier òg at val av hovudmål er knytt til innføring av sidemål. I det ein vel eit hovudmål, vel ein òg eit sidemål, og om dersom eleven er mogen nok til å velje hovudmål sjølv alt i 7., er han òg mogen nok til å starte med sidemål (Ot.tid. 1985: 781).

<sup>38</sup> Statsråd Bondevik (Krf) er ikkje heilt klar i saka. Han ser at 7. klasse ikkje er omtala i lova, og dermed er i eit slags vakuum. Såleis må «forslaget [må] derfor ses på som et supplement til den nåværende bestemmelse, slik at også sjuende klassetrinn omtales i loven. Tillegget dreier seg altså ikke om valg av hovedmål, for

sjuande klasse hadde falle mellom to stolar: «forslaget må derfor sees på som et supplement til den nåværende bestemmelse, slik at også sjuende klassetrinn omtales i loven.» (sst).

Dette illustrerer for det fyrste at den samrøystes komitémerknaden frå 1975 om framleis parallellklasserett i norsktimane i 7. klassen (sjå kap. 15.3.16) *ikkje* hadde fått praktiske konsekvensar. For det andre gjer dette det tydeleg kor svakt fokuset var på språkvalet i ungdomsskulen i kontrast til merksemda om reglane for språkval i barneskulen (skulemålsrøystingar, parallellklassar og lærebokval). Medan dei siste reguleringane har stått i sentrum for fleire rundar med språkpolitisk kamp, har ikkje-reguleringa av ungdomssteget i stor grad vore sett på som tekniske spørsmål.

Parallellklasseretten på barnesteget vert utvida eller styrkt i denne perioden. Etter 1985 kan retten oppsummerast slik: Språklege parallellklassar skulle opprettast når foreldra til minst ti born ynskte det, utan at det vart færre enn ti born att i dei klassane som gav elevar til den nye klassen. Elevane i den nye klassen kunne samlast frå fleire klassar og frå fleire skular. Kom elevane frå fleire skular, hadde foreldra sjølve rett til å avgjere kva for skule parallellklassen skulle leggjast til. Klassen kunne oppretthaldast så lenge han ikkje var på mindre enn seks elevar (jf. Smith-utvalet 1995: 310–311). Me kan såleis kalle denne språkretten ein positiv personleg språkrett på visse vilkår.

Diskusjonen om kor vidt alle innbyggjarar eller berre foreldre skulle vere rettshaldarar i krinsspråkrøystingar, var ikkje ny. Nytt var likevel at Stortinget i 1985 tok debatten om *røynslene* etter innføringa av foreldreretten i 1969/1971. Fleire representantar frå fleirtalet som gjeninnførte ålmenn røyserett, hevda at den personlege brukarstyringsretten kombinert med foreldreaksjonisme hadde ført til stort språkskifte og «undergraving» av mange nynorskterritorium. Mellom 1971 og 1985 var det 141 lokale språkrøystingar – 79 av desse førte til overgang frå nynorsk til bokmål, medan to bokmålskrinsar gjekk til nynorsk. Mindretalet i stortingsdebatten (Høgre og Frp) argumenterte mot dette med at ein ikkje

---

hovedmål og sidemål inntreier først i åttende og niende klasse. Men det dreier seg om at elevene i sjuende klasse kan velge å levere sine skriftlige arbeider – og for så vidt også velger sine lærebøker – i den målform de er opplært i på barnetrinnet.» Bondevik ser truleg ordninga som ein kompensasjon for manglande parallellklasserett på ungdomssteget (Ot.tid. 1985: 785). Dessutan hevdar statsråden at Hallgrim Berg (H) har mistydd: Det er ikkje snakk om å velje hovudmål i sjuande, men *målform*, seier Bondevik (sst). Det må i beste fall må karakteriserast som upresist. Han held fram: «Hensikten med det nye forslaget er å gi elever rett til å fortsette med sin målform fra barnetrinnet også i sjuende klasse, selv om den ungdomsskolen han da har kommet inn i, har et annet mål», og han seier òg at «dette ikke er et anslag mot nynorsken, men i de fleste tilfelle kanskje tvert om vil være en styrke for den.» (sst)

kunne endre røysterettsprinsippa med den grunngevinga at ein ikkje likte resultatane røystingane gav (jf. Sveinung Lunde, Ot.tid. 1985: 768).

Argumentasjonen på kulturfeltet er framleis dominert av prosedurale og andre konsekvensialistiske heimlar. At det skal vere språkbruksreglar for all offentleg teneste og at dette medfører meir detaljert rapporterings- og tilsynsstyring enn før, er i stor grad belagt med tilvising til den prinsipielle jamstillinga. Men me ser òg at mållova er legitimert med språkleg eigenverdi; både nynorskens eigenverdi, eigenverdien til *norsk* og eigenverdien til nynorsk og bokmål. Belegget *mangfald* vert elles nytta for fyrste gong i materialet mitt.

Også i denne perioden ser me at argumentasjonen for særbehandlingstiltaka er proseduralt heimla. Dette gjeld statleg støtte til nynorskklitteratur og ordninga om at språknøytrale kommunar ikkje skulle telje med i språkfastsetjinga på tenestekrinsar. Igjen skal det understrekast at det å belegge *særbehandlingsordningar* for nynorsk med rettferd og like vilkår, seier noko om statusen til prosedurale heimlar og prinsippet om jamstilling. Likevel sit ikkje eigenverdiheimling like langt inne no – me ser at tenestekrinsordninga *også* er legitimert med at det vert meir nynorskbruk med henne. Ein kan dessutan merke seg at omgrepet *minoritetsspråk* vert nytta om nynorsk i samband med dette siste. Dette omgrepet vert lansert i styringsdokumenta i denne perioden.

Der det *ikkje* vert nytta eigenverdiheimlar, er i argumentasjonen for 25-prosentregelen frå 1987 (St.meld. nr. 27 1986–87). I ettertid er ordninga kanskje vorte tolka som eit verne- eller sikringstiltak for nynorsk, men når ho vert innført er ho altså legitimert proseduralt. No kan ein tenkje seg at premissen likebehandling og rettferdig tevling i teorien måtte innebere ein påstand om 50 prosent av kvart språk. Innanfor ein streng nøytralitetspolitikk skulle ein tru at føresegner som i praksis ikkje ville føre til meir enn 25 prosent nynorsk, må karakteriserast som positiv forskjellsbehandling av bokmål. Men dei språklege makttilhøva og dei sosiolingvistiske framtidsutsiktene var heilt annleis no enn då hovudlinene i norsk språkpolitikk vart støypte, og ei fastsetjing av 50–50-fordeling mellom språka var politisk umogleg i 1987. Korleis kunne departementet så forsvare 25-prosentregelen?

Svaret *kunne* ha vore at nynorsken måtte sikrast minst 25 prosent, heimla i eigenverdien til språket. Men i staden nyttar altså departementet eit jamstillingsbelegg på ein noko ny måte: Det meiner prosentdelen skal tilsvare den andelen som nynorskkommunane utgjorde av det samla kommunetalet i Noreg. Såleis vert 25-prosentregelen framstilt som *likebehandling*, ikkje som *særleg* styrking av nynorsk. Argumentasjonen er altså framleis innanfor heimlane

til nøytralitetspolitikken. Likevel set belegget nøytralitetspolitikken i spel: Ut frå andre relevante tal på nynorskbruk, som elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring, rekruttar eller språkval i sjølvmeldinga, ville 25 prosent vere ein markant overrepresentasjon av nynorsk i offentleg målbruk.

Me ser elles at alternativet til kvantitativ fastsetjing, nemleg «rimeleg» fordeling av nynorsk og bokmål i staten, delvis vert heimla med nynorsken sin eigenverdi. Poenget til fleirtalet er at fleire reguleringar for nynorsk vil føre til offentleg motvilje som vil gå ut over statusen til nynorsk.

Også på opplæringsfeltet er argumentasjonen mest proseduralt og på anna vis konsekvensialistisk heimla. Ordninga med lærebøker på fritt valt språk er belagt med foreldreretten og at innføring av fritt språkval på ungdomssteget er belagt i ein sjølvstøtt elevrett i tillegg til praktisk-administrative omsyn. I stortingsdebatten om røysterett 'bryt' likevel fleirtalet med nøytraliteten og heimlar framlegget i nynorskens eigenverdi, i at ordninga tener *nynorsken*. Mindretalet vakta derimot om den språkpolitiske nøytraliteten ved å avvise argument om kva som tente det eine eller andre språket som illegitime. Her stod med andre ord eigenverdiheimling mot prosedural heimling, men dette illustrerer likevel det grunnleggjande problemet med proseduralitet. *Kva* som er rekna som demokrati, rett og rettshaldarar varierer, i vårt tilfelle med tid og parti.

Det er elles ikkje spor av forsvar for tilnærming mellom dei to skriftspråka i dokumenta i perioden. På dette tidspunktet var nok piffen gått ut av samnorsktanken ålment, og verdien av tospråkssituasjonen vert slegen fast i dokumenta. Ser ein på kor få særordningar det var for nynorsk og på kor dominerande prosedurale og andre konsekvensialistiske argumentasjonsheimlar er i dokumenta, kan det likevel oppsummerast at perioden er merkt av språkpolitisk *nøytralitet*. Her er det jamt over snakk om ein positiv nøytralitet, raus rettferd, ettersom me ikkje har sett deregulering av positive ordningar for nynorskbrukarar. På opplæringsfeltet står likevel ungdomssteget og vidaregåande som eit unnatak og som eit døme på ein politikk som ligg nærare velmeinande likesæle.

Kanskje er nøytraliteten likevel under press: Her er nokre fleire særbehandlingstiltak og dessutan ei viss auke av språkpolitiske ordningar legitimerte med nynorskens sjølvstendige verdi. 'Presset' på nøytraliteten kjem i så fall frå kulturfeltet. Det er her ein ser meir eigenverdiheimling, det gjer ein framleis ikkje på opplæringsfeltet.

## 20 1990–2005: Ny opplæringslov og meir statusarbeid

Fleire dokumentklyngjer skal analyserast i dette kapitlet. For det fyrste er det den rundt dei to kulturmeldingane i kvart sitt tiår. Regjeringa Brundtland III og kulturminister Åse Kleveland lanserte si kulturmelding i 1992, *Kultur i tiden* (St.meld. nr. 61 1991–92). Innstillinga og stortingshandsaminga kom året etter (Innst. S. nr. 115 1992–93). 11 år seinare kom kulturmeldinga til regjeringa Bondevik II og statsråd Valgerd Svarstad Haugland (St.meld. nr. 48 2002–2003), med handsaming i Stortinget i 2004 (Innst. S. nr. 155 2003–2004). Tidlegare hadde kulturmeldingane hatt mindre å seie om språk enn dei hadde hatt på andre kulturpolitiske felt. Frå og med 1992 hadde meldingane lengre, utgreiande sekvensar om den norske språksituasjonen og vilkåra for norsk språk, særleg i ljøs av globalisering og språkpåverknad frå engelsk.

Den andre aktuelle dokumentklynga er den kring stortingsmeldingane om mållova. Mållovsmeldinga til statsråd Kleveland kom også i 1992 (St.meld. nr. 53 1991–92) og innstillinga om meldinga kom same året (Innst. S. nr. 17 1992–93). Regjeringa Bondevik I med kulturminister Anne Enger Lahnstein la fram si mållovsmelding i desember 1997 (St.meld. nr. 13 1997–98), innstillinga om den kom våren 1998 (Innst. S. nr. 174 1997–98). Både desse meldingane bar i større grad enn mållovsmeldingane i 1980-åra preg av brei språksituasjonsanalyse – den siste meldinga meir enn den fyrste.

Så kom to mindre omfattande mållovsmeldingar på 2000-talet. Svarstad Haugland og Bondevik II gav ut ei melding i 2001 (St.meld. nr. 9 2001–2002, Innst. S. nr. 109 2001–2002). Ho var ikkje så omfattande fordi departementet då arbeidde med kulturmeldinga som altså kom to år etter. Så la regjeringa til Jens Stoltenberg (Stoltenberg II) med kulturminister Trond Giske fram si stortingsmelding om offentleg målbruk i 2005 (St.meld. nr. 7 2005–2006, Innst. S. nr. 98 2005–2006). Også den var omfangsmessig mindre enn 1990-talsmeldingane, denne gongen fordi ein venta på den store stortingsmeldinga om språk, *Mål og meining* (St.meld. nr. 35 2007–2008). Den kom som kjent tre år seinare. Som kulturmeldingane, var dei fire mållovsmeldingane i perioden mykje prega av nye utfordringar som ålmenn globalisering og marknadsmakta til engelsk, men særleg informasjonsteknologi og internett, stilte til språk- og kulturpolitikken. Dei diskuterte òg kva for rom den nye teknologien gav til nynorsk og andre mindre brukte språk.

Mållova har lege fast. Den einaste endringa i lova mellom sanksjoneringa i 1980 til skrivande stund, er den frå 1988 (Mållova 1980). Forskrifta til mållova har vorte endra fleire gonger, men sist i 1988 – då galdt det mellom anna 25-prosentregelen (Forskrift 1980). I tillegg vart det gjeve ei forskrift i 2004 som sa at mållova skulle gjelde for helseføretaka (Forskrift 2004).

Heller ikkje lov om Norsk språkråd var igjennom mange endringar i perioden, berre éin. Den var rett nok symbolsk tung: I 2002 vedtok Stortinget å stryke språkrådets føremålsparagraf om tilnærming mellom nynorsk og bokmål. Dokumentklynga rundt denne hendinga skal tematiserast (Ot.prp. nr. 95 2001–2002, Innst. O. nr. 3 2002–2003). Sameleis skal analysen ta føre seg dokumenta kring avviklinga av lov om Norsk språkråd og etablering av det nye organet Språkrådet i 2005 (Ot.prp. nr. 83 2003–2004, Innst. O. nr. 6 2004–2005). Det var spørsmålet om norsk og engelsk som reaktualiserte diskusjonar om rolla til Norsk språkråd og som medførte ei omlegging av språkrådet til eit langt meir aktivt statusplanleggjande organ.

I motsetnad til førre tiåret var det i 1990-åra også debatt om overordna språkopplæringspolitikk, ikkje berre om språkpolitikk som del av kulturpolitikken. Den fjerde dokumentklynga som er relevant for dette kapitlet, har såleis innstillinga om ny opplæringslov som utgangspunkt. Startsskotet for dagens opplæringslov gjekk i november 1993, då regjeringa Brundtland III nemnde opp eit offentleg utval med mandat til å gjennomgå opplæringssektoren. Det var leia av juristen Eivind Smith (Smith-utvalet 1995). Nemnda si oppgave var å leggje fram lovtekst til ny opplæringslov som erstatning for grunnskolelova (1969) og lov om videregående opplæring (1974). I juli 1995 la utvalet fram innstillinga si, *NOU 1995:18 Ny lovgiving om opplæring «... og for øvrig kan man gjøre som man vil»*. 14. mars 1997 kom Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med odelstingsproposisjonen om ny opplæringslovgjeving (Ot.prp. nr. 36 1996–97). Regjeringa var framleis Ap, men statsminister var no Thorbjørn Jagland, utdanningsministeren Reidar Sandal. Men denne proposisjonen vart aldri handsama av Stortinget. Etter stortingsvalet hausten 1997 gjekk regjeringa Jagland av og den fyrste regjeringa til Kjell Magne Bondevik gjekk på, ei sentrumsregjering med Krf-aren Jon Lilletun som kyrkje-, utdannings- og forskingsminister. I april 1998 leverte departementet hans ein ny proposisjon om opplæringslov (Ot.prp. nr. 46 1997–98), handsama av Stortinget våren 1998 (Innst. O. nr. 70 1997–1998). Den nye lova vart sanksjonert 17. juli 1998 og galdt frå 1. august 1999.



Under opplæringslovprosessen kom det to nye læreplanverk, eitt for vidaregåande skule i 1994 (Reform 94), og eitt for grunnskulen i 1997 (kjent som L97). Det var ein viss offentleg debatt om sidemålsordninga kring båe, men ut over ein mindretalsfristnad på å gjere sidemålet valfritt, var det ingen språkpolitiske innslag i stortingsdokumenta om dei to læreplanreformene.<sup>39</sup> Læreplanane i norsk for dei to skuleslaga som regulerte sidemålsordninga, var fastsette av departementet og fell såleis utanfor dei dokumenttypane som denne undersøkinga er avgrensa til.

I 2001 sette så regjeringa Stoltenberg I og utdanningsminister Trond Giske ned det såkalla «Utvalget for kvalitet i grunnopplæringen», kvalitetsutvalet, som skulle vurdere innhald og organisering av grunnskulen. Innstillingane til utvalet låg mellom anna til grunn for læreplanverket *Kunnskapsløftet* i 2006 (LK06), som innebar visse endringar i sidemålsordninga. Det sentrale førearbeidet for LK06 var stortingsmeldinga *Kultur for læring* (St.meld. nr. 30 2003–2004), lagt fram av regjeringa Bondevik II og statsråd Kristin Clemet (Høgre) etter regjeringsskiftet i 2001. I tråd med tilrådingane til kvalitetsutvalet diskuterer denne meldinga vurderingsordningane knytt til nynorsk og bokmål som fyrste og andre opplæringspråk. Sidemålsordningane nådde altså stortingsdokumenta etter tusenårsskiftet, dermed skal desse handsamast som den femte aktuelle dokumentklyngja i kapitlet.

## 20.1 Kultur

Det er primært på kulturfeltet i denne perioden at dokumenta endrar karakter. Norsk språkpolitikk har til no handla om å forvalte tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Særleg frå 1990 kjem ein tilleggsdimensjon; forvaltninga av norsk i høve til engelsk. I dei meir analyserande delane av dokumenta er det denne nye dimensjonen som får mest plass, medan det er knytt flest *ordningar* til den ‘gamle’ språkpolitikken. Dokumenta vert altså generelt sett meir analyserande, men analysane endar ikkje nødvendigvis i tiltak som kan formulerast som politiske ordningar.

Regjeringa Brundtland III si kulturmelding frå 1992 har eitt kapittel om språk, «Språk og litteratur» (St.meld. nr. 61 1991–92: 195ff). Dette tek fyrst og fremst føre seg engelsk og

---

<sup>39</sup> Dei aktuelle R94-dokumenta er St.meld. nr. 33 1991–92 og Innst. S. nr. 200 1991–92. Dei aktuelle L97-dokumenta er St.meld. nr. 29 1994–95 og Innst. S. nr. 15 1995–1996. Det er i den siste innstillinga Frp sitt framlegg om valfritt sidemål kom, men elles er altså ikkje sidemålsordninga nemnd i dokumenta.

norsk, og freistar å legitimere norsk mot engelsk på fleire måtar: «I en tid med økende internasjonalisering blir det en viktig oppgåve å bevare og utvikle det norske språket slik at vi kan beholde det kulturelle ankrefestet vårt eget språk utgjør» (s. 196), seier meldinga, dessutan: «Det er et mål å sikre at norsk språk ikke bare vil overleve i en tid med sterk internasjonalisering, men at det også vil utvikle seg til å være et smidig og tidsmessig redskap i alle sammenhenger.» (s. 197). Også fleirtalet i stortingskomiteen som innstiller på kulturmeldinga frå 1992, alle bortsett frå Frp og ein uavhengig representant, meiner det «[i] en tid med økende internasjonalisering blir [det] stadig viktigere å bevare og utvikle det norske språket slik at det forstøtt kan være et kulturelt ankerfeste» (Innst. S. nr. 115 1992–93: 46). Komiteen fylgjer opp med at dette gjeld både nynorsk og bokmål.

Ytringane i desse dokumenta om å ta vare på norsk språk, er ikkje delar av eller premissar i argument som endar ut påstandar om faktiske tiltak eller verkemiddel. Rett nok føreslår 1992-kulturmeldinga nokre tiltak for å styrkje norsk i høve til engelsk. Dei er alle innanfor korpus- og opplæringsplanlegging; det vil seie ulike terminologi- og norskopplæringstiltak (St.meld. nr. 61 1991–92: 197). Det er ikkje denne avhandlinga si oppgåve å analysere desse verkemidla eller argumentasjonen for dei, men det skal likevel peikast på at det korkje i denne kulturmeldinga eller i noko seinare kultur- og mållovsmelding seinare i perioden vert føreslege *reguleringar* i lov eller forskrift for tilhøvet mellom norsk og engelsk.<sup>40</sup> Når det gjeld argumentasjonen for tiltaka, ser han ikkje overraskande ut til å vere heimla i eigenverdien til norsk språk.

Også mållovsmeldingane til regjeringa Brundtland III frå 1992 og regjeringa Bondevik I frå 1997 tek i aukande grad opp korleis engelsk påverkar norsk. I sistnemnde er spørsmålet særleg kopla til den informasjonsteknologiske utviklinga og medieglobaliseringa:

Eit nytt tema i høve til tidlegare målbruksmeldingar er drøftinga av dei utfordringane som informasjons- og kommunikasjonsteknologien representerer for norsk språk generelt og for måljamstillinga spesielt, jf kap 4. Kapitlet konkluderer med ei tilråding om å byggje ut Norsk språkråd til også å femne om eit sekretariat for språkteknikk. Dette er tenkt som eit verkemiddel for å sikre at norsk språk i framtida kan tene som eit fullverdig uttrykksmiddel også i arbeidet med avansert teknologi.

---

<sup>40</sup> Dette tyder sjølvsagt ikkje at tilhøvet mellom norsk og engelsk slett ikkje er regulert, jamfør norsk forbrukarlovgeving og lovgjeving om universitet og høgskular.

Dette er viktig for å førebyggje såkalla domenetap for norsk språk. (St.meld. nr. 13 1997–98: 5)

Dette fortel at vurderinga om at ein stod overfor ein ny språksituasjon i Noreg, var det som dreiv i gong arbeidet med å gje Norsk språkråd utvida oppgåver. Prosessen hadde gått internt i språkrådet i nokre år då departementet i mållovsmeldinga i 2001 gjorde greie for status i arbeidet med å førebu ei omlegging av rådet. Departementet kom attende til saka i statsbudsjettet for 2003 og la opp til å setje i gang ein utgreiings- og omdanningsprosess i 2003 med sikte på å etablere ein ny institusjon, førebels omtala som eit kompetansesenter for norsk språk. Det verserte òg ein idé om ein språkkommisjon, men den vart lagt bort fordi ein ikkje kunne ha to så tunge prosessar gåande parallelt (St.meld. nr. 48 2002–2003: 188). I 2004 vart vedtaket om oppheving av lov om Norsk språkråd gjort av Stortinget, med verknad frå 1. januar 2005 (Ot.prp. nr. 83 2003–2004). Det nye organet vart kalla Språkrådet. Det skulle fyrst og fremst drive mindre med korpusplanlegging og vere meir utetterretta, og kom i funksjon frå 1. januar 2005.

Når det då gjeld det som tidlegare var den språkpolitiske hovudmotsetnaden i dokumenta på kulturfeltet, den mellom nynorsk og bokmål, framstiller dokumenta i perioden tospråkssituasjonen klart og tydeleg som ein nasjonal styrke, ikkje som ei ulempe. Kulturmeldinga til regjeringa Brundtland III frå 1992 legitimerer tospråkssituasjonen slik:

Forskjellene mellom de to målformene i norsk er ikke store, men likevel er ulikhetene betydningsfulle nok til at brukerne føler at det knytter seg identitet, samhörighet og en spesiell kultur til den målform som er ens egen. Denne følelsen av identitet og kulturell tilhørighet er også knyttet til det norske språket generelt. (St.meld. nr. 61 1991–92: 196)

Omgrepet er framleis målform, men ikkje lenger i tydinga 'råstoff til eitt framtidig, (sam)norsk språk'. Ytringane refererer til både nynorsk og bokmål sin kulturelle eigenverdi. Språkleg tilnærming og samnorsk er såleis ikkje eit tema i denne kulturmeldinga, som det heller ikkje var i kulturmeldingane og mållovsmeldingane i 1980-åra.

I mållovsmeldinga i 1997 vert då òg stryking av Norsk språkråd sin samnorskparagraf varsla for fyrste gongen: «Den tilnærminglinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 17). Stortingskomiteen har ikkje merknader til dette (Innst. S. nr.

174 1997–98). Mållovsmeldinga i 1997 argumenterer for avvikling av samnorskparagrafen med at den dåverande regjeringa «har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 17). Ifylgje departementet er det brei politisk aksept for at «vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon» (sst). Då er ikkje spørsmålet kva som på sikt kan føre dei to språka saman, men

korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv. (St.meld. nr. 13 1997–98: 17)

Også i mållovsmeldinga i 2001 vert det slege fast at «samansmelting er ikkje lenger aktuell politikk og ikkje vidare tilnærming heller.» (St.meld. nr. 9 2001–2002: kap. 1.2). Denne meldinga har det same perspektivet som førre mållovsmelding; nemleg at samnorskprosjektet står i motsetnad både til det bilingvale prosjektet og til å ta vare på nynorsk: «Dersom ein likevel ser for seg berre eitt norsk skriftmål her i landet, er føresetnaden i røynda ei marginalisering av nynorsk som levande skriftspråk.» (sst). Stortingskomiteen hadde ingen innvendingar mot å oppheve tilnæringsføresegna: «Fleirtalet støttar departementet sitt syn på at ‘den sovande paragrafen’ om på sikt å føre målformene nærare saman, må opphevast.» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 5).

I ei tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 14. juni 2002, under regjeringa Bondevik II, vert såleis paragraf 1 bokstav b i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd, den såkalla tilnæringsparagrafen, føreslege oppheva (Ot.prp. nr. 95 2001–2002). Stortingskomiteen var samd, denne gongen også med røystene til Frp (Innst. O. nr. 3 2002–2003). Når så det nye organet Språkrådet vart skipa i 2005, var føremålet ikkje lenger tilnærming mellom nynorsk og bokmål.

Kulturmeldinga i 2003 har lange utgreiande og legitimerande sekvensar om nynorsk generelt og det kulturdepartementet kallar «aktiv støtte til nynorsk skriftkultur» spesielt. Det vert snakka om «nynorsk språk» og «nynorsk kultur» som noko som speglar «ein kollektiv kulturell identitet som tradisjonelt har stått i opposisjon til ein dominerande fleirtalskultur», og som no er «ein integrert del av ein nasjonal fellesskultur» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193). Vidare seier meldinga at «Dette er ingen einskapleg fellesskultur, men ein kultur som

har bygd inn i seg eit tradisjonelt kulturelt mangfald der nettopp språkløyvinga er eit sentralt element. Integrering må bety å akseptera og å ta vare på dette mangfaldet, ikkje å viska det ut.» (sst). Som me har sett, er ikkje dette fyrste gongen omgrepet mangfald vert nytta som del av ei legitimering av nynorsk, men konteksten for uttrykket er ny i 2003-meldinga:

Dei nye gruppene av innvandrarak til landet vårt dei siste tiåra har gjort at fleirkulturell toleranse har vorte ei reell utfordring for det norske samfunnet. Men toleranse for nye kulturimpulsar må heller ikkje verta eit påskot til å forneakta det tradisjonelle kulturmangfaldet vårt. Det ville vera eit ironisk paradoks dersom behovet for å leggja tilhøva til rette for våre nye landsmenn skulle verta eit argument for redusert nynorsk målbruk i ulike offentlege samanhengar, eller dersom hevdvunne eller lovfesta språklege eller kulturelle rettar vart sette til sides for at dei nye etniske minoritetane skulle få oppfylt sine rettar. (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193).

Også mållovsmeldinga frå 2005 peikar på det «verdifulle mangfaldet som ligg i det at vi har to norske skriftkulturar» (St.meld. nr. 7 2005–2006: 5), ei formulering som for øvrig var henta frå den dåverande regjeringa sin politiske plattform (Soria Moria I 2005).

Mållovsmeldinga siterer vidare regjeringserklæringa på at «formelt er nynorsk og bokmål likestilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår» og at offentlege styresmakter difor særleg må «leggje til rette for» nynorsk (St.meld. nr. 7 2005–2006: kap. 1.1). Formuleringar om den kulturelle verdien av baa målformer/skriftkulturar/skriftspråk går altså hand i hand med uttrykket mangfald som igjen er knytt til formuleringar om at nynorsken er *utsett* eller i røynda har *vanskelegare vilkår*.

Relatert til dette er òg uttrykk som «språkleg minoritet» nytta om nynorskbrukarar i dokumenta i 1980-åra og i mållovsmeldinga til regjeringa Brundtland III frå 1992 (St.meld. nr. 53 1991–92: 4). Dette perspektivet, om ein kan kalle det dét, vert utvida utover i perioden. Baa kulturmeldingane og alle mållovsmeldingane vurderer dei informasjonsteknologiske utfordringane og dei meir ålmenne domeneutfordringane som problem som nynorsk møter qua lite, mindre nytta og/eller «utsett» språk. Særleg vert dette diskutert i ljøs av marknadsmakta til større språk innanfor ny teknologi og på internett. Medan mållovsmeldinga frå 1997 snakkar om nynorsk som eit av fleire mindre «nasjonalspråk» i Europa som vert pressa av engelsk (St.meld. nr. 13 1997–98: 32), relaterer

regjeringa Bondevik II i kulturmeldinga frå 2003 i større grad nynorsk til utsette minoritetsspråk i global målestokk:

Men for små språk er det krevjande å halda skriftkulturen levande. Når teknologi og marknad får stadig meir å seia, vert små skriftkulturar og små språk meir utsette for påverknad frå dei store... I eit historisk perspektiv ser ein ikkje berre omfattande språkendingar, men òg at mange språk har forsvunne, og at nye språk er komne til. I dag gjer globaliseringa og den teknologiske utviklinga sitt til at slik påverknad truleg er meir omfattande og går raskare enn nokon gong tidlegare i historia. (St.meld. nr. 48 2002–2003: 187).

Etter 2000 er då òg den europeiske språkpakta vorte ein viktigare kontekst og referanse, og kulturmeldinga 2003 viser til denne som eit grunnlag for «arbeidet med vern av minoritetsrettar og minoritetskultur» der «verkemidla er positiv diskriminering og kollektive rettार» (sst).

Såkalla «positiv diskriminering» og særskilde tiltak for nynorsk vert ikkje problematisert av andre enn Framstegspartiet, som gjennom alle komitéinnstillingar står fjellstøtt i den velmeinande likesæla; mållova må leggjast ned og marknaden rå i språkspørsmål. «Stortinget ber Regjeringa om at det nynorske språket ikkje skal prioriteres eller favoriseres», er det symptomatiske Frp-framlegget i 2004 (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 78). Men også mållovsmeldinga frå 2001 og kulturmeldinga frå 2003 presiserer at grunnlaget for politikken må vere stimulering og ikkje nye regulerande tiltak. Kulturmeldinga frå 2003, frå ei borgarleg regjering, seier til dømes at «det går klare grenser for i kva grad språk og språkutvikling er noko som kan og bør dirigerast av offentlege styremakter, og at den viktigaste typen av verkemiddel difor vil vera avgrensa til å forma rammevilkår som gjer at språket har eit godt jordsmonn å veksa i» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 188). Komitéfleirtalet her er òg samd i at ein må «fokusere på det konstruktive og stimulerende fremfor regler og tiltak basert på tvang.» (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 78). Her vert det ei påstandsendring med mållovsmeldinga i 2005, frå ei raudgrøn samlingsregjering. Ho opnar for å innføre sanksjonar mot brot på mållova, og vil forskriftfeste statsorgana si rapporteringsplikt om språkbruk (St.meld. nr. 7 2005–2006: 6) – noko som likevel aldri vart gjennomført.

Nemningar som *mindre nasjonalspråk* og *språkleg minoritet/minoritetsspråk* har altså fått gjennomslag i perioden, jamvel om bruken av dette omgrepet òg vart kritisert (sjå kap. 20.1.3). Eit anna uttrykk for eller karakteristikk av nynorsk som også slår igjennom no, er

*skriftkultur*. Omgrepet *nynorsk skriftkultur* kom for alvor i bruk kring 1990 då det vart eit nøkkelomgrep i arbeidet for å få reist eit Ivar Aasen-senter i Ørsta/Volda (jf. Nerbøvik 1992). I 1992 vart det òg teke i bruk i kulturmeldinga (St.meld. nr. 61 1991–92: 197), og det vert deretter nytta av dokumenta gjennom heile perioden. Som nemnt, har kulturmeldinga frå 2003 eit kapittel som heiter «Aktiv støtte til nynorsk skriftkultur», og som vert innleidd med fylgjande: «Gjennom eit breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil òg omfatta tiltaka som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk.» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193). Som me såg ovanfor, nyttar òg mållovsmeldinga frå 2005 denne termen, mellom anna fordi han er brukt i regjeringserklæringa. 2005-meldinga slår fast at mållova har som oppgåve «å vera med på å sikra grunnlaget for nynorsk skriftkultur og for nynorskens posisjon i det norske språksamfunnet meir allment» (St.meld. nr. 7 2005–2006: 5).

Kulturmeldinga frå 2003 sitt kapittel om «aktiv støtte til nynorsk skriftkultur» er elles døme på ein sekvens med mykje argumentasjon for språkpolitiske mål og ambisjonar, men som ikkje kjem med mange framlegg om konkrete politiske ordningar (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193f). Fordi tiltak i offentleg regi vil «berre delvis [vil] kunna vega opp for dei særlege motkreftene som nynorsk i alle høve vil vera utsett for jamført med bokmål», vert det føreslege «ei viss positiv diskriminering av nynorsk», som er rimeleg både ut frå «allmenne rettferdsprinsipp og med basis i internasjonal språkrettstenking.» På grunn av «fleirtals- og marknadspress» må offentlege ordningar eller tiltak for nynorsk «haldast ved lag, fornyast og byggjast ut dersom den nynorske skriftkulturen skal tryggjast». Ivar Aasen-jubileet i 2013 er eit høveleg tidsperspektiv «for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.» Hovudpunkta i denne styrkinga skal då vere ein «ny offensiv for nynorsk målbruk i staten», «arbeidet med språkleg jamstelling innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi», «planane om ein allmenn elektronisk kunnskapsbase på nynorsk», dessutan «pressestøtta, innkjøpsordninga for litteratur og anna». Dessutan vil «arbeidet med ei betre sidemålsundervisning i skulen høyra med som eit viktig grep innanfor ein offensiv handlingsstrategi», institusjonar som Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum «må ha rimelege rammevilkår for god drift i åra frametter» og ein må gjennomføre allereie vedtekne planar om eit nynorsk mediasenter i Førde (St.meld. nr. 48 2002–2003: 193–194). Same type sekvensar kunne òg vore henta frå mållovsmeldinga frå 2005.

Dette uttrykkjer språkpolitiske *ynske* om at det bør setjast i gang arbeid og planar for differensiert behandling av nynorsk og bokmål, og om styrking av alt eksisterande tiltak. Dermed er det òg uttrykk for godkjenning av nynorskens kulturelle eigenverdi. Men ettersom så få av desse satsingane og arbeidsområda kan reknast som påstandar om *konkrete* språkpolitiske ordningar, skal dei ikkje handsamast i argumentasjonsanalysane. Den same oppsummeringa kan ein dra etter å ha sett på 2003-kulturmeldingane kapittel om «Ein samla norsk språkpolitikk» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 197), eller 2005-mållovsmeldingane kapittel om «Mål og tiltak for arbeidet framover» (St.meld. nr. 7 2005–2006: kap. 3). Her vert det argumentert for kvifor både norsk og nynorsk er viktig, og at det trengst ei sektorovergripande satsing, men argumentasjonen fungerer ikkje som belegg for konkrete språkpolitiske påstandar. ‘Framlegga’ er jamt over målformuleringar og ambisjonar. Nemnast skal dessutan at uttrykket *språkvern* om statusplanlegging vert mindre og mindre nytta ut over i perioden. *Språkstyrking* tek over, medan *språkdyrking* vert uttrykket for korpusarbeid. I 2001-mållovsmeldingane freistar departementet å forklare denne omgrepsendinga:

Det kan likevel hevdast at det ligg noko visst defensivt i uttrykket språkvern, og at språkstyrking vil vera ei betre programklæring. Skal eit nasjonalspråk som det norske «vernast», må det fyrst og fremst skje ved at språket får utvikla seg slik at det blir i stand til å møte nye utfordringar og nye uttrykksbehov i eit omskifteleg samfunn. I arbeidet i Norsk språkråd er dette omgrepsskiftet i ferd med å slå gjennom, og rådsmøtet i 2001 vedtok ein plan for arbeidet i perioden 2001–2003 som er kalla Plan for styrking av norsk språk. (St.meld. nr. 9 2001–2002: 4)

Avslutningsvis i denne innleiinga skal det gjerast greie for organiseringa av den fylgjande analysen. Framstillinga av dokumentklyngene rundt kulturmeldingane, mållovsmeldingane og språkrådet er heller ikkje no kronologisk. Dei heller få ordningane frå dei to kulturmeldingane i 1992 og 2003 kjem fyrst, fordi ordningane og saksområda i mållovsmeldingane frå 1992 til 2005 på den måten kan handsamast under eitt. Slik vert ikkje analysen av rekkja med mållovsordningar broten opp av analysar av ordningar frå 2003-kulturmeldingane. Mållovsordningane, mange av dei kjende frå førre kapittel, vert analyserte slik dei står fram og vert argumenterte for gjennom dei fire mållovsmeldingane. Ordningane som er knytte til den nye rolla til Norsk språkråd og dermed òg avviking av Norsk språkråd og etablering av Språkrådet, vert førehava til sist. Men desse ordningane er



og ein del av mållovsklynga, ettersom også mållovsmeldingane med komitéinnstillingar drøftar og konkluderer om dei.

Framstillinga er altså organisert som tidlegare, men det vert behandla fleire dokument per ordning, noko som gjev veikare kronologi. Somme av ordningane i mållova vert her analyserte som politikk og argumentasjon gjennom fire stortingsmeldingar og dermed òg fire komitéinnstillingar. Dersom eit dokument ikkje er nemnt under ei ordning, er det fordi denne ordninga ikkje er tematisert i det aktuelle dokumentet.

Det er ein type dokument på kulturfeltet som ikkje vert analyserte i denne avhandlinga; nemleg handlingsplanar og rapportar som vart produserte særleg på initiativ frå Norsk språkråd frå slutten av 1990-talet. Fleire av desse tente som førearbeid for både mållovsmeldingane på 2000-talet og kulturmeldinga i 2003, men av omfangsmessige årsaker kan dei ikkje undersøkjast her. Kanskje har det heller ikkje så mykje å seie: Det er lite truleg at desse dokumenta inneheld verkemiddel eller argumentasjon som ein ikkje ser att i styringsdokumenta som her vert granska.

## **20.1.1 Statleg støtte til senter for nynorsk skriftkultur**

### ***20.1.1.1 Ordninga***

To tiltak i kulturmeldinga frå 1992 dreier seg om tilhøvet mellom nynorsk og bokmål – det vil i denne samanhengen seie språkpolitikk for nynorsk: Det fyrste er statleg støtte til oppretting av eit senter for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-senteret i Volda (St.meld. nr. 61 1991–92: 197). Arbeidet med eit Ivar Aasen-senter for nynorsk skriftkultur kom i gang hausten 1990 og resulterte i fyrste omgang i ein forprosjektrapport hausten 1992 (Nerbøvik 1992). Arbeidet med rapporten var i gang då kulturmeldinga kom og danna bakgrunnen for den korte omtalen i meldinga. Forprosjektrapporten vart ferdig slik at fleirtalet i kyrkje- og undervisningskomiteen rakk å uttrykkje støtte til planane i budsjettinnstillinga hausten 1992.

Innstillinga om kulturmeldinga frå mars 1993 gjentek den prinsipielle støtta til senteret frå budsjettinnstillinga og bed departementet kome attende til Stortinget så snart vurderinga av forprosjektet er ferdig (Innst. S. nr. 115 1992–93: 46).

### ***20.1.1.2 Argumentasjonen***

Den korte grunngjevinga til departementet er: «I en tid med økende fokusering på europeiske og internasjonale forhold er det særlig viktig med et perspektiv som inkluderer det spesifikt norske.» (St.meld. nr. 61 1991–92: 197).

Argumentet er slik:

### **Argument 1:**

Belegg: I internasjonaliseringas tidsalder treng ein perspektiv som tek med det norske.

Heimel: Dersom det norske er viktig,

Påstand: (så) må det gjevast statleg støtte til eit senter for nynorsk skriftkultur.

Heimelen uttrykkjer norsk språks eigenverdi.

Komiteen argumenterer ikkje direkte for synet sitt om at senteret skal ha statleg støtte.

## **20.1.2 Tilskot til nynorsk litteratur**

### **20.1.2.1 Ordninga**

Det andre tiltaket i kulturmeldinga i 1992 som dreier seg om språkpolitiske tilhøve for nynorsk og/eller bokmål, er statlege tilskot til nynorsk litteratur. Departementet meiner det framleis er behov for offentlege «særordningar for nynorsk litteratur», mellom anna den generelle nynorskstøtta frå Kulturrådet (St.meld. nr. 61 1991–92: 200). Komitéfleirtalet har ikkje merknader til dette (Innst. S. nr. 115 1992–93: 46).

I kulturmeldinga i 2003 seier departementet at det for det fyrste ynskjer å auke tilskotet til nynorskforlaget Det Norske Samlaget (St.meld. nr. 48 2002–2003: 206), for det andre at det støttar Norsk kulturråds særlege støtte til utgjeving av bøker på nynorsk i visse kategoriar (St.meld. nr. 48 2002–2003: 207). Komitéfleirtalet «støtter de vurderinger departementet gjør i forhold til viktigheten av å sikre nynorske utgivelser» og meiner også at «støtten til Det Norske Samlaget er en hensiktsmessig ordning som bør videreføres» (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 81).

### **20.1.2.2 Argumentasjonen**

Det er ikkje lange utgreiingar om desse spørsmåla i kulturmeldinga, men truleg kan fylgjande formulering sjåast på som eit belegg for påstanden om at ein skal gje statleg tilskot til nynorsk litteratur: «I en tid med økende internasjonalisering», som det ofte heiter i denne meldinga, «må særlig *nynorsk* språk og litteratur sikres og styrkes» (St.meld. nr. 61 1991–92: 200, original utheving).

Argumentet er altså slik:

### **Argument 1:**

Belegg: I internasjonaliseringas tidsalder må særleg nynorsk språk og litteratur styrkjast.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig,

Påstand: (så) må det vere eigne tilskot til nynorsk litteratur.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

I innstillinga melder komitéfleirtalet at det er samd med departementet i at nynorsk litteratur må sikrast og styrkjast fordi han «må konkurrere om oppmerksomheten med populærkulturen på bokmål og engelsk». Det er etter fleirtalets syn behov for at styresmaktene legg til rette for at «nynorsk skriftkultur får gode vekstvilkår (Innst. S. nr. 115 1992–93: 46).

Komiteen sine argument er såleis:

### **Argument 2:**

Belegg: Nynorsk må sikrast fordi han tevlar med litteratur på bokmål og engelsk.

Heimel: (Dersom) nynorsk er den utsette parten,

Påstand: (så) må det vere eigne tilskot til nynorsk litteratur.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi gjennom ordet «sikrast», men argumentet kan òg setjast opp som dette:

### **Argument 3:**

Belegg: Nynorsk må sikrast fordi han tevlar med litteratur på bokmål og engelsk.

Heimel: (Dersom) nynorsk skal tevla med litteratur på større språk,

Påstand: (så) må det vere eigne tilskot til nynorsk litteratur.

Heimelen kan i så fall sjåast som prosedural; som eit argument for kompensasjon for i utgangspunktet ulike vilkår.

### **Argument 4:**

Belegg: Staten må leggje til rette for gode vekstvilkår for nynorsk.

Heimel: (Dersom) nynorsk skal vekse,

Påstand: (så) må det vere eigne tilskot til nynorsk litteratur.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

Kulturmeldinga i 2003 argumenterer med at nynorske bøker ikkje har ei stor nok kjøpargruppe til at Det Norske Samlaget og nynorske utgjevingar kan fungere i marknaden utan statlege tilskot: «Den kulturpolitiske grunngevinga for eit slikt tilskot vil vera støtte til nynorsk språk, litteratur og kultur i det heile.» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 207).

Argumentasjonen i kulturmeldinga 2003 er dermed:

### **Argument 5:**

Belegg: Det trengst støtte til nynorsk språk, litteratur og kultur i det heile.

Heimel: (Dersom) nynorsk er viktig,

Påstand: (så) må det vere egne tilskot til nynorsk litteratur.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

Komitéinnstillinga i 2004 argumenterer i praksis ikkje for tilslutninga si til departementet i kulturmeldinga på dette punktet. Komiteen seier at den finansielle støtta til Det Norske Samlaget er «hensiktsmessig», som er ei frase, ikkje eit reelt argument (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 81).

Nemast skal òg to andre tiltak som var tematiserte i nokre av styringsdokumenta og som ein kanskje kan seie hadde som oppgåve å styrkje nynorsk spesielt. Norsk Ordbok kom inn på statsbudsjettet hausten 2000 og er dermed omtalt utanfor dei dokumentklyngjene som her vert granska. Nynorsk mediasenter i Førde vart lansert og vedteke hausten 2002 av NRK-styret. Det er nemnt i materialet mitt, men er NRK sitt eige prosjekt og er aldri handsama av Stortinget eller regjeringa. Dermed er det utanfor mitt undersøkingsområde.

### **20.1.3 Verkeområdet til mållova er i prinsippet all offentleg verksemd**

#### ***20.1.3.1 Ordninga***

Etter innspel frå Noregs mållag diskuterte mållovsmeldinga frå 1992 utviding av verkeområdet til lov om målbruk i offentleg teneste. Spørsmålet var om ho òg skulle femne private rettssubjekt, og det var særleg organisasjonar og institusjonar som tek imot statstilskot som var diskusjonspunktet (St.meld. nr. 53 1991–92: 8–9). Departementet ville av både prinsipielle og praktiske årsaker ikkje gjere framlegg om dette, og det vert dermed ikkje sett opp som ei ordning som det vart argumentert for. 1992-meldinga kjem såleis ikkje

med forslag om endringar av verkeområdet til lova. Spørsmålet om verkeområdet er likevel metodisk relevant for behandlinga av denne meldinga, ettersom førre kapittel argumenterte for at påstanden om at verkeområdet for mållova er all offentleg verksemd, i røynda òg er ein påstand om at det trengst ei lov om målbruk i offentleg teneste (sjå kap. 19.1.1.2). Og slik generell legitimering av mållova finn me då òg i 1992-meldinga, som me skal sjå i avsnittet om argumentasjonen.

Komitéinnstillinga frå 15. oktober 1992 viser at både eit fleirtal, sett saman av Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg folkeparti og Senterpartiet, og eit mindretal av Høgre-representantar er samde i at mållova er eit viktig språkpolitisk verkemiddel. Fleirtalet ynskjer seg dessutan ei meir offensiv haldning frå departementet: «Fleirtalet har merka seg at meldinga i liten rad har framlegg til økonomiske tiltak og også er heller vag når det gjeld administrative tiltak. Ei noko meir offensiv haldning hadde etter fleirtalet si oppfatning vore ønskjeleg.» (Innst. S. nr. 17 1992–93: 3). Også komiteens medlemmer frå Høgre vil «slutte seg til departementets forslag i meldingen med sikte på en bedre oppfølging av intensjonene i lov om målbruk i offentlig tjeneste», men er skeptiske til framlegg om sanksjonar mot dei som ikkje etterlever mållova (s. 4). Eit anna mindretal, medlemene frå Framstegspartiet, meiner det er «unødvendig med en egen lov som regulerer målbruk i offentlig tjeneste» og at lova bør opphevast (s. 4–5).

Også mållovsmeldinga i 1997 greier ut om legitimiteten til mållova: «Staten har... lovfesta visse krav til seg sjølv, krav som i utgangspunktet gjeld alle typar verksemd der ein nyttar seg av skriftleg utforming.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 31). Departementet presiserer at dette er eit spesifikt kulturpolitisk føremål som ikkje i og for seg har noko å gjere med verksemda i seg sjølv, og at det difor ikkje er sikkert at verkeområdet for mållova utan vidare bør falle saman med verkeområdet for forvaltningslova og offentlegheitslova. Men for å signalisere at dei to målformene kan og skal brukast i alle samanhengar, må dette avspeglast i all verksemd der staten er involvert, seier departementet (sst).

Komitéinnstillinga om 1997-mållovsmeldinga kom 30. april 1998. Eit fleirtal frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti meinte at meldinga gav ein god analyse og dokumentasjon av situasjonen for skriftspråka i statstenesta, og argumenterte for mållova ålment (Innst. S. nr. 174 1997–98: 5).

Komitérepresentantane frå Frp meinte framleis «at det er unødvendig med en egen lov som

regulerer målbruk i offentlig tjeneste» (s. 6). Representantane frå Høgre tok ikkje stilling til nokon av desse ålmenne synspunkta på mållova.

I mållovsmeldinga frå 2001 set departementet opp sju punkt som er det «prinsipielle grunnlaget» for mållova (St.meld. nr. 9 2001–2002: kap. 4.1). Desse punkta viser seg rett nok å vere ei blanding av språkpolitiske målsetnader, prinsipp og ordningar, men iallfall det fyrste er formulert som ei prinsipiell rettferdigging av mållova:

Mållova er eit avgjerande verkemiddel for å realisera det overordna språkpolitiske målet om å styrkja norsk språk som levande bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, vel å merkja norsk språk definert som summen av to likeverdige målformer som utgjer integrerte delar av ein nasjonal felleskultur. (s. 17).

Stortingskomiteen som innstiller om mållovsmeldinga i 2002, sluttar seg til, alle bortsett frå representantane frå Framstegspartiet. Fleirtalet seier at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer som skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ i stat, fylkeskommune og kommune (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 6).

Også kulturmeldinga frå 2003 inneheld ei slik overordna legitimering av mållova:

Som eit offisielt uttrykk for jamstellinga mellom målformene, i respekt for både nynorsk- og bokmålsbrukarar og for å signalisera at begge målformene både kan og skal brukast i alle samanhengar, skal det etter nærare reglar nyttast både nynorsk og bokmål i all verksemd med statleg tilknytning (St.meld. nr. 48 2002–2003: kap. 12.16).

Komitéinnstillinga om kulturmeldinga er samd i at mållova heimlar jamstilling mellom nynorsk og bokmål på alle offentlege område. Komitémedlemene frå Frp markerer usemje (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 6).

Den siste stortingsmeldinga om lov om offentleg målbruk som skal handsamast her, mållovsmeldinga frå 2005, slår fast at mållova «regulerer bruken av nynorsk og bokmål i staten» (St.meld. nr. 7 2005–2006: kap. 1.1). Det prinsipielle verkeområdet til lova vert ikkje denne gongen formulert som styrking av «norsk» i det offentlege, i motsetnad til 2001-meldinga. No vert det sagt at lova sin hovudfunksjon er «å tryggja stillinga for nynorsk som offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Indirekte har lova også ein vidare funksjon i å vera med på å sikra grunnlaget for nynorsk skriftkultur og for nynorskens posisjon i det norske

språksamfunnet meir allment.»). Såleis kallar departementet mållova for «ei svært viktig kulturpolitisk lov» (St.meld. nr. 7 2005–2006: kap. 1.1).

Stortingskomiteen som innstiller på 2005-meldinga, har ålment sett få merknader. Fleirtalet avvik ikkje frå departementet når det gjeld det prinsipielle verkeområdet til mållova, bortsett frå Frp som vil ha lova avvikla (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 2–3).

Pliktig målbruk for statstilsette er ikkje ei ordning som elles er problematisert i perioden. Nemnast skal difor Høgres tematisering av henne i komiteen i 2006. Medleimen frå Høgre gjer framlegg om at «den enkelte arbeidstager må ha rett til å benytte den målformen vedkommende selv behersker best i sitt arbeid» av omsyn til «rekruttering av kompetent arbeidskraft, som integrering av arbeidskraft fra fremmede kulturer» (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 3). Det konkrete framlegget er at «mållovens bestemmelser om krav til at alle ansatte skal beherske begge målformer skriftlig bør utredes nærmere med sikte på en oppmykning» og at regjeringa kjem attende med ei sak til Stortinget om dette (sst).

### **20.1.3.2 Argumentasjonen**

I mållovsmeldinga frå 1992 nyttar departementet innleiingsvis plass på å argumentere mot Statskonsult, som i eit brev av 24. juli 1990 føreslo å avvikle sentrale føresegner i den gjeldande mållova. Grunngevinga var at desse var arbeids- og kostnadskrevjande å etterleve. Departementet viser til svaret sitt til Statskonsult om kvifor den gjeldande mållova bør bli ståande:

Staten bør ellers gå foran med et godt eksempel når det gjelder å ivareta interessene til en språklig minoritet, og spørsmålet om måljamstilling er i mindre grad et spørsmål om ekstra kostnader enn om at brukere av begge de to offisielle målformene får ivaretatt sin språkkultur og tradisjon. (St.meld. nr. 53 1991–92: 4)

Seinare i meldinga understrekar departementet at føremålet med lova «er å likestille de to offisielle målformene, slik at begge språkgrupper får ivaretatt sin språkkultur og tradisjon, og dessuten få en rimelig del av det skriftlige materiale vi alle mottar fra statstjenesten, i den målform de selv ønsker og føler seg fortrolig med» (s. 8).

Departementets argument for mållova er såleis:

### **Argument 1:**

Belegg: Staten bør gå føre med eit godt døme i å ivareta interessene til ein språkleg minoritet.

Heimel: (Dersom) nynorskinteressene treng statleg støtte på line med andre språklege minoritetar,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Det kan verke som om belegget spring ut frå eit ynske om å jamføre nynorskbrukarar med andre språkminoritetar som må støttast. Såleis uttrykkjer heimelen nynorskens eigenverdi. Om belegget var eit tydelegare forsvar for minoritetsrettar, ville heimelen vore prosedural. Dette er likevel eit tvilstilfelle.

### **Argument 2:**

Belegg: Jamstilling medfører at baa språkgrupper får ivareteke sin språkkultur og tradisjon.

Heimel: (Dersom) både nynorskgruppa og bokmålsgruppa sin språkkultur og tradisjon har lik rett til ivartaking,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer både eigenverdien til nynorsk og bokmål, men er også ein prosedural heimel som uttrykkjer jamstillingsprinsippet.

### **Argument 3:**

Belegg: Jamstilling medfører at baa språkgrupper får ein rimeleg del av skriftleg materiale frå statstenesta i den målforma dei sjølve ynskjer og er kjende med.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen er prosedural.

Fleirtalet i stortingskomiteen i 1992 meiner mållova er «heilt sentral for vår evne til å ta vare på kulturarven og vår identitet. I ei tid med aukande internasjonalisering og påverknad frå utlandet, må nynorsk språk og litteratur derfor sikrast og styrkast.» Det er eit felles nasjonalt ansvar å sikre og styrkje nynorsk språk, «derfor er det avgjerande viktig at mållova vert følgd» (Innst. S. nr. 17 1992–93: 2). Elles meiner fleirtalet at nemninga «språkleg minoritet», som departementet nyttar i meldinga, ikkje er rette omgrepet for



nynorsk/nynorskgruppa – «sidan målet prinsipielt er ei jamstelt form på alle område i samfunnet.» (s. 3).

Komiteens argumentasjon er:

#### **Argument 4:**

Belegg: Mållova er sentral for den nasjonale evna til å ta vare på kulturarven og identiteten vår.

Heimel: (Dersom) det er viktig å ta vare på nasjonal kulturarv og identitet,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til norsk språk samla.

#### **Argument 5:**

Belegg: Aukande internasjonal språkpåverknad gjer at nynorsk språk og litteratur må sikrast og styrkjast.

Heimel: (Dersom) ein vil sikre og styrkje nynorsk språk og litteratur,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

#### **Argument 6:**

Belegg: Det er eit felles nasjonalt ansvar å sikre og styrkje nynorsk språk.

Heimel: (Dersom) ein vil sikre og styrkje nynorsk språk og litteratur,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

Nemnast skal òg synspunkta til *mindretala* i komiteen i 1992, utan at desse skal gjerast til del av argumentasjonsanalysen. Høgre-medlemene presiserer at utfordringa frå internasjonal påverknad gjeld norsk språk generelt, både nynorsk og bokmål. Dei er samde med departementet i at staten bør gå føre i å sikre interessene til ein språkleg minoritet, og konstaterer «at nynorsk språk er i en vanskelig og utsatt stilling, til tross for et mangeårig arbeide bl.a. for å øke bruken av nynorsk språk i offentlig tjeneste» (Innst. S. nr. 17 1992–93: 4). Å innføre sanksjonar for brot på mållova vil likevel verke «mot sin hensikt», medføre meir språkstrid og difor mindre bruk av nynorsk i offentlig teneste. Frp-mindretalet

meiner på si side at mållova ikkje trengst, fordi dei to norske språkformene er gjensidig forståelege, fordi lova er dyr og arbeidskrevjande og fordi språkformene bør utvikle seg fritt utan offentlege reguleringar som bestemmer bruken (s. 4).

Mållovsmeldinga frå 1997 grunnjev mållova både med hennar individuelle og kollektive side: «Ho skal... sikre retten for den enkelte språkbrukar til å kunne bruke og motta den målforma han ønskjer, og ho skal sikre ein viss balanse i den totale bruken av dei to målformene i det offentlege.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 31).

Departementets generelle argumentasjon for mållova i 1997 er dermed som fylgjer:

#### **Argument 7:**

Belegg: Mållova skal sikre retten for kvar einskild språkbrukar til å bruke og ta imot det skriftspråket ho ynskjer.

Heimel: (Dersom) kvar einskild språkbrukar har slik rett,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen er prosedural.

#### **Argument 8:**

Belegg: Mållova skal sikre ein viss balanse i bruken av dei to språka i det offentlege.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen kan under tvil karakteriserast som prosedural: «Balanse» tyder ikkje nødvendigvis jamstilling. Kanskje kan dette òg tolkast som styrings- eller integrasjonskonsekvensialisme.

Innleiingsvis i merknadene til fleirtalet i stortingskomiteen i 1998 les me òg at «det er eit felles nasjonalt ansvar å sikra og styrka nynorsk språk» og «at mållova er heilt sentral for vår evne til å ta vare på kulturarven og identiteten vår» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 5).

Argumenta er altså identiske med argument 4 og 5 ovanfor – både påstand og belegg er då òg rekontekstualiserte frå 1992-innstillinga. Frp grunnjev synspunktet sitt på same måten som i 1992 (s. 6).

Som legitimering av mållova i meldinga frå 2001 er uttrykket «levande bruksspråk» nytta fleire gonger: Mållova skal gjere nynorsk «godt synleg i det offentlege rommet, slik at nynorsk kan utvikla seg som eit levande bruksspråk over eit breitt område» (St.meld. nr. 9

2001–2002: 17). Dessutan er det eit mål med mållova at «nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål» (s. 3). Her vert det òg sagt at mållova skal vere med på å «verna og styrkja norsk språk i det heile» (s. 6).

Det er etter kvart ikkje mogleg å sjå mange *nye* belegg for påstanden om at verkeområdet til mållova i prinsippet er all offentleg verksemd. Jamstillingsbelegget i 2001-meldinga er representert i argument 8 ovanfor, belegget som går på vern om og styrking av norsk språk generelt finst både i argument 2 og 4. Kanskje kan likevel belegget «levande bruksspråk» seiast å vere nytt.

Det kan setjast opp slik:

### **Argument 9:**

Belegg: Mållova skal gjere nynorsk synleg som eit levande bruksspråk på breie område.

Heimel: (Dersom) det er viktig at nynorsk er i synleg bruk,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Denne heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk. Det ser ut som at 2001 er det fyrste året *departementet* legitimerer ordninga med nynorskens eigenverdi.

Komitéinnstillinga om mållovsmeldinga i 2001 kjem ikkje med nye belegg. Fleirtalet understrekar kor viktig det er å styrkje og verne det norske språket generelt, «slik at både bokmål og nynorsk kan bestå som kulturspråk og fullverdige bruksspråk i alle deler av samfunnslivet» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 1). Dette er belegg som er dekte i argumenta ovanfor, til dømes i nr. 2, 4 og 6. Men komiteen seier òg at nynorsk vil vere «særleg utsett» fordi «det er den minst utbreidde målforma, og at det av den grunn er meir krevjande å sikre gode rammevilkår» gjennom mållova (s. 2).

Dette kan sjåast som eit nytt belegg, som konstituerer eit nytt argument:

### **Argument 10:**

Belegg: Nynorsk er særleg utsett som det minst utbreidde språket og krev difor gode rammevilkår.

Heimel: (Dersom) det er viktig å sikre utsette språk som nynorsk,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

Kulturmeldinga frå 2003 tematiserer ikkje verkeområdet til mållova, men stortingskomiteen som innstiller om meldinga gjer det. Fleirtalet i komiteen meiner ei lov om målbruk for all offentleg teneste sikrar språkleg jamstilling (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 25). Dette er altså det same argumentet som nr. 8 ovanfor.

Innleiingsvis legitimerer mållovsmeldinga frå 2005 mållova med kva som står i regjeringa Stoltenberg II si politiske plattform. Der har regjeringa «peikt på det verdifulle mangfaldet som ligg i det at vi har to norske skriftkulturar. Formelt er nynorsk og bokmål likestilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår.» (St.meld. nr. 7 2005–2006: 5). Difor meiner regjeringa at offentlege styresmakter særleg må tilretteleggje for at nynorsk skal utvikle seg «på ein god måte», ifylgje departementet (sst). Belegget som dreier seg om vanskelegare vilkår, har noko sams med både argument 1 og 6 ovanfor, men det skal likevel setjast opp som eige argument nedanfor.

Argumentasjonen i mållovsmeldinga frå 2005 kan såleis sjåast slik:

#### **Argument 11:**

Belegg: Fordi nynorsk har vanskelegare vilkår enn bokmål, må offentlege styresmakter særleg tilretteleggje for ei god utvikling for nynorsk.

Heimel: (Dersom) nynorsk må ha ei god utvikling,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

#### **Argument 12:**

Belegg: To norske skriftkulturar gjev eit verdifullt mangfald.

Heimel: (Dersom) det er viktig å sikre eit verdifullt skriftkulturelt mangfald,

Påstand: (så) er verkeområdet til mållova i prinsippet all offentleg verksemd.

Heimelen uttrykkjer på sett og vis den kulturelle verdien til både nynorsk og bokmål, men denne verdien er igjen eit instrument for språkleg mangfald. Slike heimlar er som sagt problematiske å kategorisere – det kjem mellom anna an på kva som ligg i omgrepet mangfald (sjå kap. 5.3.5.1).

Stortingskomiteen har ingen annan argumentasjon enn tilslutning til departementet (Innst. S. nr. 98 2005–2006).

#### **20.1.4 Presisering av verkeområdet for mållova**

##### **20.1.4.1 Ordninga**

Om kor vidt stortingsmeldinga av 1992 gjorde framlegg om utviding av verkeområdet til mållova eller ikkje, er ei tolkingssak. Eit døme er spørsmålet om språkbruk på skilt, som vart drøfta i meldinga fordi det hadde kome ein del klager på at særleg NSB berre skilta på bokmål (St.meld. nr. 53 1991–92: 10). Departementet konkluderer med at skilta til statsorgan fell inn under mållovas paragraf 8, parallelt med kunngjeringar og informasjonstilfang. Her skal dette sjåast som ei *presisering* av verkeområdet til mållova, ikkje ei utviding, ein omgrepsbruk som òg er i tråd med den i stortingsmeldinga (sst): Skilt har heile tida vore femna av lova, og at det no er presisert kan ikkje seiast å representere ei *utviding* av verkeområdet.

I alle høve er nok spørsmålet om skilt den presiseringa av lova sitt verkeområde som 1992-meldinga drøftar mest. Stortingskomiteen meiner på si side at spørsmålet om verkeområdet måtte greiast ut meir inngåande. Fleirtalet bed departementet om å lage ei utgreiing om eventuelt å endre gjeldande lov for å presisere verkeområdet, fordi dette i praksis hadde vorte innsnevra på dei ti åra som hadde gått etter innføringa av den nye mållova. Den viktigaste grunnen var omdanninga frå statsorgan til statlege selskap (Innst. S. nr. 17 1992–93: 4).

Mållovsmeldinga frå 1997 viser at innstillinga til komiteen i 1992 vart fylgd opp.

Departementet vedgår at det har konsentrert innsatsen om den ordinære statsforvaltninga og nedprioritert spørsmålet om presisering av verkeområdet «så lenge det skortar mykje på at målbruksreglane blir etterlevde der lova tvillaust gjeld» (St.meld. nr. 13 1997–98: 30). No stiller dette seg likevel annleis, meiner departementet, det er av fleire grunnar naudsynt å sjå nærare på spørsmålet om regulering av målbruken i statlege verksemdar av ulike slag:

Viktigast i så måte er at utviklinga i retning av fristilling av statleg verksemd har skote ny fart sidan 1992, ikkje minst på samferdselssektoren. I kjølvatnet av dette er det til dels oppstått tvil og ugreie om verkeområdet for mållova, både med omsyn til det rettslege grunnlaget for avgrensinga og den praktiske handhevinga av spørsmålet. Dette har skapt ei gråsoner som er breiare enn tidlegare, og situasjonen framstår for

mange som ukklar, noko som også legg hindringar i vegen for tilsynsarbeidet.  
(St.meld. nr. 13 1997–98: 30)

Det var altså omgrepet «organ for staten» i mållovas paragraf 2 som var gjenstand for tolking. Med utgangspunkt i førearbeidet til 1980-mållova (Ot.prp. nr. 52 1978–79) hadde departementet for einiskilde typar verksemder lagt vekt på eit formelt kriterium, nemleg den rettslege organiseringa. Såleis hadde aksjeselskap organiserte etter eiga lov vore sette på som statsorgan etter mållova, medan statlege aksjeselskap organiserte etter den vanlege aksjelova og selskap organiserte etter den tidlegare lova om visse statsbedrifter, fall utanfor verkeområdet til mållova. Dette var ifylgje Lovavdelinga i Justisdepartementet i 1997 eit for mekanisk og dermed ikkje gyldig avgrensingsgrunnlag – i prinsippet måtte det gjerast ei vurdering av kvar einiskild statleg verksemd som var organisert som eige rettssubjekt. Om verksemda fall inn under mållova eller ikkje kom an på kor tett statleg tilknytning den aktuelle verksemda kunne seiast å ha; «prinsippet om ei individuell vurdering i høve til mållova som eit generelt utgangspunkt inneber altså at den rettslege organiseringa berre er ein av fleire faktorar som må telje med i ei samla vurdering» (St.meld. nr. 13 1997–98: 30).

Særleg var det språkpraksisen til verksemder som var utskilde frå Postverket og Televerket som hadde løyst ut klager. Fleirtalet i finanskomiteen hadde tidlegare uttala at Post- og girobanken skulle fylgje reglane i mållova. Sameleis hadde fleirtalet i samferdselskomiteen i samband med omdanninga av Televerket til statleg aksjeselskap sagt at «Televerket AS var omfatta av Lov om målbruk i offentlig tjeneste.» (jf. St.meld. nr. 13 1997–98: 30).

Departementet seier det ikkje har registrert tilsvarande komitéfråsegner ved seinare omdanningar frå statsorgan til selskap, og at det ved dei andre omdanningane ikkje er teke stilling til om mållova skal gjerast gjeldande. Det er nemleg ikkje sikker på om alle reglane i mållova høver like godt for dei utskilde verksemdene som for tradisjonelle forvaltningsorgan og trur at «også måljamstillingsomsyn vil tene på ei forenkling og praktisk tilpassing» (St.meld. nr. 13 1997–98: 31). Det hevdar at presisering av verkeområdet må drøftast ut frå ein analyse av kva føremål mållova skal tene sett i samheng med dei oppgåvene dei utskilde verksemda skal utføre. Difor vil departementet heller ikkje i 1997 kome med framlegg om presiseringar av mållovas verkeområde, men det vil setje ned ei arbeidsgruppe for å greie ut slike spørsmål og for eventuelt å kome med framlegg om lovendingar seinare (sst).

Fleirtalet i stortingskomiteen, medlemene frå Ap, SV, Sp og Krf i 1998 støttar departementet i framlegget om å setje ned ei arbeidsgruppe (Innst. S. nr. 174 1997–98: 9). Eit mindretal frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner at mållova må gjelde for alle føretak, aksjeselskap, legat og stiftingar der staten eig meir enn halve verdien av selskapet, medan mindretalet frå Frp meiner at alle desse skal unntakast frå lova (sst).

Når så regjeringa Bondevik II legg fram den neste mållovsmeldinga i 2001, har den nemnde arbeidsgruppa kome med framlegget sitt. Rapporten frå arbeidsgruppa vart avgjeven sommaren 2000 (Lilleholt-utvalet 2000). Heller ikkje ho kom med eit konkret framlegg til løysing, men skisserte ulike alternativ for å avgrense i kva grad målbruksreguleringa kunne gjerast gjeldande for statstilknytte institusjonar og verksemder av ulike slag: «Tanken er at alternative løysingar kan nyttast i ulike tilfelle og eventuelt i ulike kombinasjonar.», seier departementet (St.meld. nr. 9 2001–2002: 22). Mållovsmeldinga slår dermed fast at det ikkje skal takast standpunkt til verkeområdet for mållova no heller, det måtte iallfall vente til ferdigstillinga av ei utgreiing om lov om offentleg innsyn som på dette tidspunktet var under arbeid. Departementet vil arbeide vidare med saka og vil kome attende til henne i kulturmeldinga (sst). Stortingskomiteen sluttar seg noko motviljug til, og presiserer at «det er viktig at dette vert avklara snarast råd» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 7).

Nokre avklaringar finst i den same regjeringa si kulturmelding i 2003. Departementet meiner for det fyrste at føretak som fylgjer den ordinære statsføretakslova, bør omfattast av målbruksreglane, eventuelt med individuelle tilpassingar. For det andre skal alle føretaka som er organiserte etter lov om helseføretak, falle inn under verkeområdet for mållova etter gjeldande rett – dette var avklara i eit brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Helsedepartementet vinteren 2002 og gjeve som forskrift i 2004 (Forskrift 2004, brev 23.1.2002, jf. St.meld. nr. 48 2002–2003: 192). For det tredje «bør» andre former for verksemd som staten har lagt til rette for gjennom individuelle særlover, «som generelt utgangspunkt» fylgje mållova. For det fjerde «bør» stiftingar og liknande institusjonar der staten har vore «tungt inne i etableringa» eller yter «substansielle tilskot til drifta» også som «generelt utgangspunkt» omfattast av reglane. For det femte må aktørar som driv «utoverretta informasjons- og formidlingsverksemdverksemd med heile landet som nedslagsfelt» kome inn under mållova, men her bør det vere ei opning for departementet for å gjere unntak. Kulturmeldinga seier at mykje av dette «bør innarbeidast i mållova»

(St.meld. nr. 48 2002–2003: 192–193), men det var aldri nokon av desse presiseringane om verkeområdet som vart det.

Om andre selskapsformer understrekar kulturmeldinga at «innslaget av forretningsmessig konkurranse» normalt vil vere «så pass sterkt» at dei i utgangspunktet ikkje bør omfattast av reglande i mållova. Der må retningslinene tilpassast, til dømes med utgangspunkt i vedtektene for Posten Noreg AS, der det er den utoverretta verksemda som må fylgje mållovsreglane – «så langt dette ikkje representerer ei stor konkurranseulempe» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 192). At dei statstilknytte organa kan få konkurranseulemper ved å fylgje målbruksreglane, er eit poeng som departementet for fyrste gongen framfører som eit atterhald til mållova.

Kultur- og kyrkjekomiteen kommenterer ikkje detaljane i verkeområdepresiseringane i kulturmeldinga, og sluttar seg med andre ord til. Fleirtalet seier likevel at «meldingen er meget uklar når det gjelder beskrivelsen av mållovens virkeområde» og meiner «at de antydninger som er gjort i forhold til mulige skjønsmessige tilnærminger for dette ikke er tilstrekkelig operative» (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 78). Det er såleis samd med departementet i at det er behov for ein gjennomgang av lova med sikte på klarare definisjonar av verkeområdet hennar. Mindretalet, representantane frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil at målbruksreglane for helseføretaka skal danne modell også for andre statstilknytte verksemder når det gjeld tilhøvet til mållova: «Det gjeld òg for dei som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga, men i staden eigne rettssubjekt, så som til dømes aksjeselskap, føretak, særlovselskap, stiftingar eller liknande.» (sst).

Mållovsmeldinga frå 2005 slår berre fast at verkeområdet for mållova lenge har vore uavklart når det gjeld statstilknytte verksemder som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga, men at det vil sjå nærare på dette spørsmålet i ein annan samanheng (St.meld. nr. 7 2005–2006: 14). Komiteen er samd (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 4).

#### **20.1.4.2 Argumentasjonen**

Som me såg i førre avsnittet, argumenterte ikkje mållovsmeldinga frå 1992 i realiteten for ei presisering. Men det gjorde komiteen som innstilte om meldinga. Han viser til at det sidan 1980 hadde skjedd endringar i organiseringa og ansvardelinga i offenleg verksemd, at fylkeskommunar og kommunar hadde fått overført forvaltningsoppgåver frå staten og at det same galdt til dømes stiftingar og statsføretak. Såleis seier komiteen at «området mållova



gjeld for, har vorte innsnevra etter 1980, slik at ho ikkje er tilpassa situasjonen i dag» (Innst. S. nr. 17 1992–93: 4).

Argumentet er slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Området til mållova har vorte innsnevra gjennom statleg fristilling, slik at lova ikkje er tilpassa situasjonen i dag.

Heimel: (Dersom) mållova skal gjelde for all offentleg teneste i dag,

Påstand: (så) må verkeområdet for mållova presiserast.

Ser ein argumentasjonsrekkja i kontekst, er det klart at ho er knytt til komitéfleirtalets overordna argument for kvifor ein bør ha ei språklov for all offentleg teneste.

Argumentasjonen for presisering av verkeområdet her kan ikkje sjåast heilt uavhengig av argumentasjonen for føremålet med mållova generelt. Heimelen spelar i så fall på nynorskens eigenverdi, eller på jamstilling – altså proseduralitet. Sett i ljøs av umiddelbar kontekst kan heimelen likevel seiast å vere styringskonsensivistisk.

Når det gjeld mållovsmeldinga frå 1997, er det ikkje slik at departementet faktisk gjer framlegg om presisering av verkeområdet, men om ei arbeidsgruppe som skal vurdere om dette trengst. Fordi det faktisk ikkje er ein påstand om presisering her, finst det altså ikkje noko argument. Komitéinnstillinga frå 1998 støttar framlegget om arbeidsgruppe, men argumenterer ikkje noko meir for det (Innst. S. nr. 174 1997–98: 9).

Heller ikkje i 2001 argumenterer departementet for presisering, ettersom saka vert utsett til kulturmeldinga (St.meld. nr. 9 2001–2002: 22).

Men som me har sett, var stortingskomiteen noko misnøgd med presiseringa av presiseringane i 2001-meldinga. Det overordna argumentet til komitéfleirtalet er at «i den grad til dømes organisatorisk fristilling av forvaltningsverksemdar også fører til ei språkleg fristilling, vil noko av krafta gå ut av mållova som språkpolitisk og kulturpolitisk verkemiddel» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 3).

Argumentet er:

## **Argument 2:**

Belegg: Mållova som språkpolitisk og kulturpolitisk verkemiddel er avhengig av at organisatorisk fristilling ikkje medfører språkleg fristilling.

Heimel: (Dersom) me treng mållova som språkpolitisk og kulturpolitisk verkemiddel,

Påstand: (så) må verkeområdet for mållova presiserast.

Dette er eit komplekst argument som kunne ha vore løyst opp i fleire argument. Resultatet av ei oppbrekking i fleire argument hadde nok likevel vorte det same: at

heimelkategoriseringa er avhengig av kva som ligg i omgrepa *språkpolitisk og kulturpolitisk verkemiddel*. Heimelen kan uttrykkje nynorskens eigenverdi, dersom «språkpolitisk» refererer til styrking av nynorsk, han kan uttrykkje norsk språks eller nynorsk og bokmål sin eigenverdi, dersom «kulturpolitisk» refererer til styrking av norsk, nynorsk og bokmål, han kan vere prosedural dersom desse omgrepa refererer til jamstillingsprinsippet, og han kan vere styringskonsekvensialistisk dersom desse omgrepa kopla til «verkemiddel» refererer til at mållova no er ei etablert ordning som er vanskeleg å erstatte.

Når me då kjem til presiseringane i kulturmeldinga i 2003, vil det vere lite fruktbart å setje opp kvar einskild tilpassing for kvar verksemdtype som departementet identifiserer, som eigne ordningar med belegg og heimlar. Det verkar meir meningsfullt for denne framstillinga å sjå om det finst ein overordna argumentasjon for verkeområdepresiseringar generelt. No kan sjølvsagt den heller ikkje her sjåast uavhengig av argumentasjonen for føremålet med mållova ålment. Fylgjande sekvensar ser likevel ut til å kunne stå som samla grunngevingar for presiseringane: «Det har lenge vore uklårt kor langt verkeområdet for målbruksreglane strekkjer seg når det gjeld ulike statstilknytte organ eller verksemdar som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga, men i staden eigne rettssubjekt» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 78).

Argumentet kan setjast opp slik:

## **Argument 3:**

Belegg: Det har lenge vore uklårt kor langt verkeområdet for målbruksreglane strekkjer seg.

Heimel: (Dersom) mållova skal vere klar og tydeleg,

Påstand: (så) må verkeområdet for mållova presiserast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk. Det er ikkje for nynorsken eller rettferd/jamstilling sin del at presiseringane skal gjerast, men for avklaringane sin del.

Som me har sett, finst det ikkje nye argument i komitéinnstillinga om kulturmeldinga frå 2003. Mållovsmeldinga i 2005 diskuterer ikkje dette spørsmålet, og det gjer heller ikkje komiteen som innstiller om henne.

### **20.1.5 Kvantitativ fastsetjing av nynorsk/25-prosentregelen**

#### **20.1.5.1 Ordninga**

Me går fyrst til 1992-mållovsmeldinga: På grunn av det før nemnde brevet frå Statskonsult som hevdar at kravet om 25 prosent nynorsk i staten ikkje er legitimt (sjå kap. 20.1.3.2), forsvarer departementet regelen i forskriftene sin paragraf 6 om at ingen av målformene skal vere representerte med mindre enn 25 prosent av kunngjeringar, informasjonsskriv og rundskriv (St.meld. nr. 53 1991–92: 7–8). Spørsmålet er ikkje nemnt i komitéinnstillinga i 1992 (Innst. S. nr. 17 1992–93).

I mållovsmeldinga frå 1997 vert det vist til eit brev frå Noregs Mållag, som ynskjer å få sett opp prosentsatsen frå 25 til 40 prosent. Departementet drøftar framlegget, men endar med at «minstegrensa på 25 pst ikkje bør rørast» (St.meld. nr. 13 1997–98: 18). Stortingskomiteen er samd med departementet, og spørsmålet vert berre kommentert av eit mindretal (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7).

Departementet i mållovsmeldinga i 2001 meiner 25-prosentregelen er eit «kjernepunkt i reguleringa av tilhøvet mellom bokmål og nynorsk i staten» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 6). Fleirtalet i komiteen er samd (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 6).

Kulturmeldinga frå 2003 nemner ikkje ordninga, og det gjer heller ikkje komiteen si innstilling om henne.

I mållovsmeldinga frå 2005 les me at 25-prosentregelen om allment informasjonstilfang er særleg viktig i mållova (St.meld. nr. 7 2005–2006: 10–11). Komiteen har ingen merknader (Innst. S. nr. 98 2005–2006).

#### **20.1.5.2 Argumentasjonen**

Departementet framfører ein fleirsidig argumentasjon for 25-prosentregelen i 1992.

«Reglene for målbruk i offentlig tjeneste tar sikte på å sikre rettighetene til mottakere/brukere av statlige skriv, ikke avsenderne,» seier det fyrst (St.meld. nr. 53 1991–

92: 8). For det andre opplyser det om at «25 pst. av kommunene har vedtatt at de ønsker nynorsk som målform i skriv fra statsorgan» (sst). Men dette vert straks modifisert av dette tredje resonnementet:

Det foreligger ingen tall for hvor mange nordmenn som bruker nynorsk som skriftspråk eller som ønsker nynorsk i skriv fra statsorgan. Derimot vet vi at ca. 17 pst. av skoleelevene har nynorsk som opplæringsmål. Men det er ikke disse prosentene som er avgjørende. Staten bør uansett gå foran med et godt eksempel for å ivareta interessene til en språklig minoritet ... det kan da være nødvendig med positiv forskjellsbehandling. (St.meld. nr. 53 1991–92: 8)

Argumenta til departementet er bygde opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Mållova skal sikre rettane til brukarar av staten, ikkje avsenderane.

Heimel: (Dersom) brukarane av statstenesta har slik rett,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: 25 prosent av dei norske kommunane er nynorskkommunar.

Heimel: (Dersom) prosenttalet på nynorskkommunar fastset prosenttalet på nynorskbruk i staten,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Dette er det me har kalla ein prosedural heimel.

### **Argument 3:**

Belegg: Staten bør gå føre med eit godt døme i å ivareta interessene til ein språkleg minoritet.

Heimel: (Dersom) interessene til nynorskminoriteten er viktige,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

#### **Argument 4:**

Belegg: Å sikre nynorskminoriteten kan medføre positiv forskjellsbehandling.

Heimel: (Dersom) interessene til nynorskminoriteten er viktige,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentlig målbruk.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi. Argumentasjonen for 25-prosentregelen vert altså i 1992 heimla på ein annan måte enn kva som var tilfelle i mållovsmeldingane på 1980-talet. Då vart denne regelen berre heimla proseduralt, med rettferdsargument om at prosenttalet for nynorsk måtte vere om lag som talet på nynorskkommunar (sjå kap. 19.1.6). No er han òg heimla med nynorskens eigenverdi

1997-meldinga startar drøftinga av 25-prosentregelen med å vege for og imot framlegget til mållaget om at minstegrensa skal setjast til 40 prosent. Argument for mållagsframlegget er at den reelle nynorskprosenten i staten er langt mindre enn 25, fordi statsorgan ofte står fritt i val av språk og fordi bokmålsbrukarane i departementa dominerer:

Dersom ein da til dømes tenkjer seg at det tilfanget som fell inn under vekslingsregelen utgjer halvparten av alt skriftleg materiale, vil 25-prosentsgrensa i røynda tilsvare 15 pst av det totale tilfanget. Det er ikkje urealistisk å tru at det tilfanget som kjem inn under 25-prosentsregelen, utgjer ein enno mindre del av totalen, og at den reelle nynorskprosenten dermed blir enno lågare enn 15 pst, sjølv om det formelle minstekravet på 25 pst er oppfylt. (St.meld. nr. 13 1997–98: 18).

Når den reelle nynorskprosenten i mange statsorgan er såpass låg, inneber det i røynda ei sjølvforsterkande marginalisering av nynorsk, meiner departementet. Likevel vil det ikkje heve minstegrensa frå 25 prosent, fordi dette kan oppfattast som urimeleg (sst).

Men departementet produserer også ein heller omfattande argumentasjon å halde på den kvantitative fastsetjinga på 25 prosent som minstegrense for nynorsk- eller bokmålsbruk i statsorgana:

Det er på det reine at nynorsken som privat bruksmål står i ein markert mindretalsposisjon. Av dette kan ein trekkje to heilt ulike konklusjonar når det gjeld konsekvensane for offentlig målbruk. Anten kan ein justere ned 25-prosentsgrensa slik at ho blir meir i samsvar med den oppslutninga om nynorsken som viser seg i form av faktisk bruk av denne målforma. Eller ein kan halde oppe eller heve grensa

for å stimulere nynorsken i von om auka oppslutning om målforma også som privat bruksmål. (St.meld. nr. 13 1997–98: 17).

Departementet vel den andre strategien, fordi «den har som utgangspunkt å leggje tilhøva til rette for ei god utvikling for nynorsk skriftspråk» (sst). Eit slikt utgangspunkt krev avvising av tre andre strategiar eller utviklingstendensar, ifylgje departementet:

For det fyrste er tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, «mindre aktuell» i dag. Departementet hevdar at det no er brei politisk aksept for at det finst «to offisielle norske språkformer», noko som må medføre at ein i staden for å leggje vekt på tiltak som på sikt kan føre dei to skriftspråka saman, må finne tiltak som gjer at bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. Mållova skal såleis «vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv» (St.meld. nr. 13 1997–98: 17).

For det andre krev «språkpresset utanfrå» ei ålmenn mobilisering for å forsvare norsk språk som bruksspråk, ifylgje departementet (sst).

For det tredje ser departementet at nynorsk har «visse vanskar» med å halde stillinga i høve til den dominerande bokmålskulturen:

Det ligg i saka at den språkforma som i utgangspunktet blir nytta av fleirtalet i eit språksamfunn, har ein tendens til å vinne ytterlegere oppslutning. Dette skjer mellom anna ved at ungdom som har nynorsk som opplæringsmål, i liten grad opplever å sjå denne målforma i bruk utanom skolen. Mange går derfor over til bokmål når dei flyttar frå heimstaden for å ta vidare utdanning eller for å finne seg arbeid. (St.meld. nr. 13 1997–98: 17–18)

På desse bakgrunnane meiner departementet at ordninga med kvantitativ fordeling mellom nynorsk og bokmål i staten òg skal fungere «som ei motvekt mot den fordelinga mellom målformene som ein opplever på så mange andre område i samfunnet» (St.meld. nr. 13 1997–98: 18).

Argumenta i 1997-stortingsmeldinga på dette området er dermed:

**Argument 5:**

Belegg: Me vil stimulere nynorsken i von om auka oppslutning om han.

Heimel: (Dersom) me vil ha oppslutning om nynorsk,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

**Argument 6:**

Belegg: Språkmangfaldet som nynorsk og bokmål representerer, krev at bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg.

Heimel: (Dersom) det norske språkmangfaldet gjennom utvikling av både nynorsk og bokmål er viktig,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk og bokmål. I dette tilfellet er omgrepet mangfald nytta i ein kotekest (på grunn av det særlege tilhøvet til påstanden) som gjev grunn til å slå fast at heimelen skal klassifiserast som ein eigenverdiheimel (for baa skriftspråk), ikkje som mangfaldskonsekvensialistisk.

**Argument 7:**

Belegg: Det trengst ålmenn mobilisering for å forsvare norsk språk som bruksspråk.

Heimel: Dersom nynorsk er ein del det norske bruksspråket som skal forsvarast,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til det norske språket.

**Argument 8:**

Belegg: Når ein vert lite eksponert for nynorsk, kan resultatet bli språkskifte til bokmål.

Heimel: (Dersom) ein ikkje ynskjer språkskifte frå nynorsk til bokmål,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

### **Argument 9:**

Belegg: Det trengst ei motvekt mot den fordelinga mellom nynorsk og bokmål som ein opplever på så mange andre område i samfunnet.

Heimel: (Dersom) det er ei urett og skeiv fordeling mellom nynorsk og bokmål,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen er prosedural – han uttrykkjer krav om like vilkår.

Komiteen har ingen merknader til departementets konklusjon i spørsmålet. Berre eit mindretal frå Høgre diskuterer temaet. Dette viser til «at tilslutningen til nynorsk i befolkningen ligger et sted mellom 10 og 15 %», og meiner at «denne realitet tilsier at en nynorskprosent rundt 25 % i tilstrekkelig grad ivaretar det mindretall som bruker nynorsk som hovedmål.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7).<sup>41</sup>

2001-mållovsmeldinga argumenterer for 25 prosentkravet med at det «skal sikra at nynorsk blir så mykje brukt at det kan representera ei viss motvekt til den generelle bokmålsdominansen». Dette belegget fell saman med det me finn i argument 9 ovanfor. Eit anna mål er «at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 6).

### **Argument 10:**

Belegg: Nynorsk må tryggje og styrkje posisjonen sin som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål.

Heimel: (Dersom) bruk av nynorsk i staten kan sikre nynorsk som bruksspråk og offisielt språk,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

---

<sup>41</sup> Høgre var imot å auke prosentdelen: «...målbruk i offentlig tjeneste har relativt liten betydning i forhold til de private målvalg den enkelte foretar, likevel må nynorsk som mindretallsspråk gis et særskilt vern i den offentlige forvaltning.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7). Det alternative tiltaket Høgre gjorde framlegg om, var å synleggjere den statlege likebehandlinga betre: «Det er viktig for unge mennesker å se at den opplæring de får har praktisk betydning, og nynorsk som kvalifikasjonskrav for ansatte i statsorganisasjoner kan bedre enn andre tiltak stimulere til at de som i utgangspunktet har nynorsk som hovedmål beholder dette gjennom videregående utdanning. I tillegg vil det øke motivasjonen for å lære nynorsk for dem som har bokmål som hovedmål. Disse medlemmer mener dette er tiltak av større betydning enn den prosentvise fordeling av bokmål og nynorsk i offentlige dokumenter som unge mennesker likevel i liten grad leser» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7). Høgre meiner likevel at nynorsk som mindretallsspråk skal gjevast eit «særskilt vern» i offentleg forvaltning (sst).



Dette er på mange vis to belegg som peikar mot to heimeltypar. «Likeverdig offisielt skriftmål» skaper ein prosedural heimel, medan «levande bruksspråk» skaper ein heimel som uttrykkjer nynorskens eigenverdi.

Komiteen som innstiller på mållovsmeldinga støttar ordninga og viser elles til innstillinga frå 1998 om at «mållova er heilt sentral for vår evne til å ta vare på kulturarven og identiteten vår» (jf. Innst. S. nr. 109 2001–2002: 2). Dette ser eigenleg ikkje ut som eit argument for 25-prosentregelen, men i samanhengen er det slik det fungerer.

Argumentet kan dermed setjast opp slik:

### **Argument 11:**

Belegg: Mållova er sentral for å ta vare på norsk kulturarv og identitet.

Heimel: (Dersom) mållovas kvantitetsreglar sikrar norsk kulturarv og identitet,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til norsk språk.

Som nemnt, vert ikkje dette tematisert av kulturmeldinga frå 2003, heller ikkje i innstillinga om henne.

25-prosentregelen får igjen litt plass i stortingsmeldinga frå 2005. «For at nynorsk skal vera godt synleg i det offentlege rommet, står dei kvantitative kvotekrava i mållova heilt sentralt», slår departementet fast (St.meld. nr. 7 2005–2006: 5). Også i denne meldinga vert det hevda at bruk av nynorsk i offentleg forvaltning «representerer ei motvekt til dei delane av samfunnet der nynorsken i utgangspunktet er marginalisert», og det vert særleg vist til næringslivet, reklame, teknologiutvikling og dei riksdekkjande avisene, der nynorsk er «så godt som fråverande» (sst). Til dette vert òg poenget om språkskifte knytt: «Det er også ei utfordring at mange skuleelevar med nynorsk som opplæringsmål går over til bokmål som skriftspråk, anten seinare på utdanningsvegen eller når dei kjem over i aktivt yrkesliv.» (sst). Somme av desse belegga, og dermed argumenta, er rekontekstualiserte. Manglande eksponering og dermed språkskifte er belegg i argument 8, å danne motvekt til bokmålsdominans er belegg i argument 9. Det som kanskje er nytt i 2005, iallfall eksplisittert nytt, er belegget om at nynorsk skal vere offentleg synleg.

Dette argumentet kan setjast opp slik:

## **Argument 12:**

Belegg: Nynorsk skal vere godt synleg i det offentlege rommet.

Heimel: (Dersom) mållovas kvantitetsreglar gjer nynorsken meir offentleg synleg,

Påstand: (så) må det vere ei kvantitativ fastsetjing av nynorskdelen i offentleg målbruk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

Komitéinnstillinga frå 2006 har ingen merknader og ingen eigen argumentasjon på dette punktet (Innst. S. nr. 98 2005–2006).

### **20.1.6 Krav om kompetanse i både skriftspråk i statlege stillingsutlysingar**

#### ***20.1.6.1 Ordninga***

Dette saksområdet er ikkje nemnt i mållovsmeldinga frå 1997. Men i komitéinnstillinga i 1998 kjem medlemene frå Høgre, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti med ein merknad om krav om kompetanse i både skriftspråk i statlege stillingsutlysingar. Desse medlemene meiner administrasjonen må ha eit ansvar for å forme ut stillingsannonsane «slik at ingen som har nødvendige faglige kvalifikasjoner føler seg diskvalifisert på grunn av egen målform. Når stillingen krever det, bør det rutinemessig opplyses at søker må beherske begge målformer.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7).

Dette er ikkje nemnt i mållovsmeldinga i 2001 eller i kulturmeldinga 2003, og heller ikkje i nokon av innstillingane om desse meldingane.

#### ***20.1.6.2 Argumentasjonen***

Argumenta til komitéfleirtalet i 1998 er at stillingslysingar med presisering av språkkompetanse i både skriftspråk vil ha «en sterkere signaleffekt overfor nynorskbrukere enn flere stortingsdokument på nynorsk.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 7).

Argumentasjonen er som fylgjer:

## **Argument 1:**

Belegg: Ei stillingsutlysing som krev kompetanse i både nynorsk og bokmål vil vere eit signal til nynorskbrukarar om at deira språkkompetanse er verdifull.

Heimel: (Dersom) det er verdifullt å ha nynorskkompetanse i staten,

Påstand: (så) må det vere krav om kompetanse i både skriftspråk i statlege stillingsutlysingar.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

## **20.1.7 Jamstillings- og opplæringsplanar i statsorgana**

### **20.1.7.1 Ordninga**

I 1992 meiner kulturdepartementet at eit problem med nynorskbruken i staten er at det ikkje vert lagt planar for språkbruken på same viset som det vert lagt planar for økonomi og anna forvaltning. Det bed dermed større organ og etatar om å lage slike planar. Saman med dette heng spørsmålet om språkopplæring, særleg nynorskopplæring, for tilsette i staten (St.meld. nr. 53 1991–92: 14–15). Departementet minner om paragraf 1 i forskriftene som seier at kvart statsorgan har ansvar for at dei tilsette innan rimeleg tid får naudsyn opplæring i nynorsk og bokmål, men trur ikkje dette ansvaret vert teke. Difor gjer det framlegg om at denne paragrafen i forskriftene får fylgjande tillegg: «Organet skal lage rullerande planar for slik opplæring.» (s. 13). Stortingskomiteen sluttar seg til (Innst. S. nr. 17 1992–93).

Mållovsmeldinga frå 1997 viser at Kulturdepartementet tok saka opp med alle departementa i eit rundskriv i juni 1996. Her vart det sagt at alle departement måtte etablere interne system som sikra minst 25 prosent i skriftleg tilfang i båe skriftspråk. Kulturdepartementet bad òg om ein statusrapport om kva for interne rutinar som var utarbeidde i kvart departement. «Dei svara som kom inn, stadfeste inntrykket av at dei fleste departementa ikkje har gode nok rutinar og registreringssystem», heiter det i 1997-meldinga (St.meld. nr. 13 1997–98: 19). Såleis kjem departementet med konkrete framlegg til tiltak: Når det gjeld opplæring, vil det vurdere «å opprette ei stilling som opplæringsleiar i Norsk språkråd, slik at Språkrådet får det operative ansvaret for å organisere fleksible opplæringstilbod» for statstilsette. Når det gjeld registreringsrutinar, som departementet meiner må liggje til grunn for å lage planar for språkbruk, vil departementet «vurdere å ta inn eit påbod om slike rutinar i forskrifta til mållova og i tillegg utarbeide nærmare retningslinjer». Departementet vil dessutan «leggje den årlege målbruksstatistikken fram i form av ein offentleg rapport som blir send til alle statsorgan» for å få tydelegare fram grunnlaget for språkbruksplanarbeidet (St.meld. nr. 13 1997–98: 20).

Komitéfleirtalet i 1998 er samd med departementet. Eit mindretal frå Høgre hevdar likevel at språkrådet si politiske oppgåve «i første rekke må være å kvalitetssikre administrasjonsspråket» og at tilsyn med og opplæringsoppfølging av mållova skal praktiseras på line med andre forvaltningslover, altså i departementa sjølve (Innst. S. nr. 174 1997–98: 8).

I 2001 gjer departementet i mållovsmeldinga framlegg om at jamstillingstilsynet og opplæringsfunksjonen skal leggjast til same organet, nemleg ei språkkonsulentteneste i språkrådet (St.meld. nr. 9 2001–2002: 20). Saman med denne tenesta i språkrådet vil departementet lage eit prosjekt som tek opp «leiarengasjement, nynorskopplæring og etablering av faste rutinar», som «sikrar at målbruksreglane blir følgde» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 21). Ordninga som her er kalla «jamstillings- og opplæringsplanar», går dermed over i eit framlegg om ein fastare institusjon, språkkonsulenttenesta, i dokumenta frå og med 2001. Den nye ordninga skal takast opp som neste sak nedanfor.

### **20.1.7.2 Argumentasjonen**

Det finst i liten grad eksplisitt argumentasjon for jamstillings- og opplæringsplanar i dokumenta frå 1992. Sjølvstapt er det igjen mogleg å hevde at argumentasjonen for alle nemnde verkemiddel i meldinga finst innleiingsvis i stortingsmeldinga og komitéinnstillinga, der meir prinsipielle syn på språkjamstilling vert presenterte. Det ser likevel ikkje ut til at desse syna fungerer som direkte argument for tiltaket jamstillings- og opplæringsplanar.

Men ein kan sjå uttrykket *måljamstilling* som belegg i 1992-mållovsmeldinga: Planarbeidet som det vert gjort framlegg om, er legitimert med at det kompensere for «hinder for måljamstilling» og at det regelrett fører til «økt bevisstgjøring omkring måljamstillingsarbeidet» (St.meld. nr. 53 1991–92: 14). Dessutan er behovet for språkopplæring nemnt litt seinare i meldinga, då med tilvising til at tilsette «får den opplæring som er nødvendig for at de skal kunne utføre arbeidet sitt i samsvar med Stortingets forutsetninger og vedtak» (s. 16) – altså paragraf 4 i mållova som seier at tilsette skal nytte bae skriftspråk etter dei reglar som til ei kvar tid gjeld for målbruk i statstenesta.

Argumentet til departementet kan setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Den språklege jamstillinga i statsorgana må fremjast.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Statsorgana har ansvar for å gjere sine tilsette i stand til å gjere jobben sin.

Heimel: (Dersom) det er viktig at tilsette gjer tenesteplikta si,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

At komiteen rosar einskilte departement og direktorat som har gjort eit «solid planarbeid» når det gjeld språkbruk og slår fast at dette «viser at oppfylling av måljamstilling i staten på ingen måte er eit håpløst mål å nå», kan òg vurderast som eit belegg (Innst. S. nr. 17 1992–93: 3).

I så fall er argumentet slik:

### **Argument 3:**

Belegg: Det er ikkje umogleg å oppnå språkleg jamstilling i statsorgana.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

I 1997-meldinga les me at «Mangel på nynorskkunnskapar har vore sett på som det største hinderet for å etterleve mållova» og at det dessutan er «uttrykkjeleg fastsett» i paragraf 1 i forskrifta at kvart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig språkopplæring. Departementet meiner òg at røyntslene frå tilsynsarbeidet dokumenterer at fastsetjing og oppfylgning av rutinar internt i statsorgana er ein føresetnad for å kunne veksle mellom bokmål og nynorsk «slik at dei kvantitative minstemåla i forskrifta blir oppfylte.» Planarbeid og publisering av målbruksstatistikk må til for «å rette eit sterkare og meir vedvarande søkjelys mot målbruken i kvart enkelt statsorgan» (St.meld. nr. 13 1997–98: 20).

Argumenta i mållovsmeldinga i 1997 er dermed slik:

#### **Argument 4:**

Belegg: Mållova seier at ein statstilsett skal kunne skrive nynorsk.

Heimel: (Dersom) mållova skal etterlevast,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

#### **Argument 5:**

Belegg: Mållova seier at ein statstilsett skal få språkopplæring.

Heimel: (Dersom) mållova skal etterlevast,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

#### **Argument 6:**

Belegg: Registrering av språkbruk må til for å lage planar for korleis mållova skal oppfyllast.

Heimel: (Dersom) mållova skal etterlevast,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er framleis prosedural. Dei siste tre heimelbestemmingane har vore noko problematiske, men det er teke utgangspunkt i at argumenta ikkje dreier seg om at det er noko 'utanfor' mållova som skal oppnåast ved hjelp av ordningane som vert føreslegne. Dette handlar berre om at jamstillingsprosedyren (mållova) skal gjennomførast. Følgjande grenseoppgang vert altså gått opp: Heimlar som uttrykkjer at mållova må etterlevast, er i språkpolitisk samanheng prosedurale, ettersom dette handlar direkte om å etterleve jamstilling som fungerer som den grunnleggjande rettferdsstandarden her. Heimlar som uttrykkjer at det generelt er viktig å etterleve lover, vert sette som styringskonsekvensialistiske.

Fleirtalet i kulturkomiteen i 1998, alle bortsett frå medlemene frå Frp, meiner at planarbeidet er viktig «for å sikre en videre positiv utvikling i måljamstillinga» og vidare at det er eit «lederansvar å systematisere dette arbeidet slik at det er mulig å oppfylle lovens bestemmelser» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 8).

Komiteens belegg for påstanden om jamstillings- og opplæringsplanar i statsorgana er altså meir språkleg jamstilling og oppfyljing av mållova:

#### **Argument 7:**

Belegg: Me treng ei positiv utvikling når det gjeld språkleg jamstilling.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

#### **Argument 8:**

Belegg: Mållova skal oppfyllest.

Heimel: (Dersom) mållova er rett,

Påstand: (så) må statsorgana leggje jamstillings- og opplæringsplanar.

Heimelen er prosedural.

### **20.1.8 Språkkonsulentteneste knytt til språkrådet**

#### **20.1.8.1 Ordninga**

I mållovsmeldinga i 2001 seier altså departementet at det vil etablere ei språkkonsulentteneste knytt til sekretariatet i Norsk språkråd. Det viser mellom anna til at noko tilsvarende finst i Sverige (St.meld. nr. 9 2001–2002: 20). Departementet og språkrådet vil med utgangspunkt i denne tenesta setje i gang eit satsingsprosjekt over tre år, med mål om at «det store fleirtalet av statsorgan ved slutten av prosjektet skal oppfylle målbruksreglane fullt ut» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 21). På dette grunnlaget, hevdar departementet, vil det «bli lagt til rette for ein ny giv for nynorsk målbruk i staten, ikkje ved å ta i bruk negative sanksjonar, men ved eit meir breispektra sett av verkemiddel» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 6–7).

Fleirtalet i komiteen støttar framlegget i mållovsmeldinga, bortsett frå medlemene frå Frp. Sistnemnde meiner at slike verkemiddel for nynorsk ikkje trengst, fordi «enhver normalt utrustet nordmann har evnen til å forstå begge målformer... En levende språkkultur vokser ikke frem gjennom tvang, kontroll og reguleringer.» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 7).

Også i kulturmeldinga frå 2003 og komitéinnstillinga om denne er det påstandar om og argumentasjon for ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd. Men, som gjort greie

for innleiingsvis, på dette tidspunktet var prosessen med å leggje om heile språkrådet starta. Støtta til og argumentasjon for språkkonsulentordninga vart i dokumenta frå 2003–2004 såleis ‘utvida’ til å gjelde etableringa av det nye språkrådet. Det er handsama i avsnittet «Større statusoppgåver til Norsk språkråd/etablering av Språkrådet» nedanfor (sjå kap. 20.1.10).

Men i mållovsmeldinga frå 2005 vert den konkrete språkkonsulenttenesta på nytt tematisert. Departementet viser her til framlegget frå 2001 om ei treårig satsing rundt ei slik teneste, men slår fast at det ikkje før hausten 2005 har vorte tilsett i den fyrste språkkonsulentstillinga. No opplyser departementet at det på budsjettet for 2006 er det lagt inn midlar til to nye stillingar (St.meld. nr. 7 2005–2006: 13). Målet for den statlege språkkonsulenttenesta er todelt; «å fremja språkleg jamstilling» og «å fremja godt språk i staten anten det er tale om bokmål eller nynorsk» (s. 14).

Stortingskomiteen som innstiller på 2005-mållovsmeldinga har ingen innvendingar til dette (Innst. S. nr. 98 2005–2006).

#### **20.1.8.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen til både departementet i 2001-meldinga og til komiteen som innstiller om meldinga, må sjølvsagt knytast til den overordna argumentasjonen for kvifor mållova, språkjamstilling og nynorsk er viktig. I kapitlet der det konkrete framlegget om ei språkkonsulentteneste kjem, kapittel 4.2 «Ny giv for nynorsk målbruk i staten», er det kanskje difor ikkje lagt stor vekt på å argumentere for tiltaket (St.meld. nr. 9 2001–2002: 18ff). Likevel ser me formuleringar som at dette vil vere ei ordning som «på mange måtar vil innebera ei nyvinning for språkarbeidet i staten» (s. 20), at ho vil bli «viktig for statsorgan som har hatt særlege problem med å fylla nynorskkvoten i eigen språkbruk» (sst) og at poenget med ordninga er at «det store fleirtalet av statsorgan ved slutten av prosjektet skal oppfylla målbruksreglane fullt ut.» (s. 21).

Desse belegga utgjer såleis fylgjande argument:

#### **Argument 1:**

Belegg: Språkkonsulenttenesta vil vere ei nyvinning for språkarbeidet i staten.

Heimel: (Dersom) noko nytt trengst i statens språkarbeid,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.



Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **Argument 2:**

Belegg: Språkkonsulenttenesta er viktig for statsorgan som har hatt særlege problem med å fylle nynorskkvoten.

Heimel: (Dersom) det er viktig at statsorgan fyller nynorskkvoten,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk på det viset at han peikar på at reglar skal etterkomast. Men han kan òg seiast å uttrykkje eigenverdien til nynorsk, ettersom han peikar på at det er «særlege» problem med nynorskbruken som skal løysast.

### **Argument 3:**

Belegg: Språkkonsulenttenesta skal få statsorgan til å oppfylle reglane i mållova.

Heimel: (Dersom) mållova er rett,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.

Heimelen er prosedural.

I komitéinnstillinga frå 2002 vert det framført støtte til ordninga, men ikkje nokon eigen argumentasjon (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 6).

Mållovsmeldinga frå 2005 meiner språkkonsulenttenesta må sjåast i «eit språkstyrkingsperspektiv», ved at ho på lengre sikt skal vere med på «å styrkja norsk språk som det samfunnsberande skriftspråket i Noreg» (St.meld. nr. 7 2005–2006: 14). Ifylgje departementet har tenesta både ein kommunikasjonsdimensjon og ein kulturdimensjon ved seg: Språket i staten «skal ikkje berre vere [!] formålstenleg som effektiv kommunikasjon», men òg «vera eit føredøme for resten av samfunnet, både når det gjeld fordeling mellom bokmål og nynorsk, og når det gjeld den språklege kvaliteten elles» (sst). Argumenta kan sjåast slik:

### **Argument 4:**

Belegg: Staten skal kommunisere godt og effektivt.

Heimel: (Dersom) god og effektiv kommunikasjon er viktig,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.

Heimelen er deliberasjonskonsekvensialistisk.

#### **Argument 5:**

Belegg: Staten skal vere eit føredøme når det gjeld språkleg kvalitet.

Heimel: (Dersom) språkleg kvalitet er viktig,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.

Heimelen er lingvistisk-konsekvensialistisk.

#### **Argument 6:**

Belegg: Staten skal vere eit føredøme når det gjeld fordeling mellom nynorsk og bokmål.

Heimel: (Dersom) det er viktig å fordele mellom nynorsk og bokmål,

Påstand: (så) må det etablerast ei språkkonsulentteneste knytt til Norsk språkråd.

Argumentet er diffust på grunn av uttrykket «fordele mellom», men heimelen kan bestemast som prosedural.

I innstillinga til stortingskomiteen finst ingen eigen argumentasjon for språkkonsulenttenesta – komiteen sluttar seg berre til argumenta i stortingsmeldinga (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 3).

### **20.1.9 Eige tilsyn med mållova**

#### **20.1.9.1 Ordninga**

Sidan 1930-talet hadde spriket mellom mållov og språkpraksis vore eit attendevendande tema, og eit kontinuerleg krav frå nynorskorganisasjonane var at tilsynet med mållova måtte styrkjast, helst med ei eiga stilling eller eit språkbod (Lilleholt 1981: 393–394). Som me har sett, vart ordninga med mållova i 1980 at tilsynet med lova skulle liggje til departementa som vanlege forvaltningsoppgåver, men med særskilt ansvar på Kyrkje- og undervisningsdepartementet, seinare kulturdepartementet. I mållovsmeldinga frå 1983 dokumenterte departementet at reglane i lov om målbruk i offentleg teneste ikkje vart fylgde (St.meld. nr. 16 1983–84: 12ff). Stortingskomiteen viser til kritikk som var komen av manglande tilsyn med mållova, og bed departementet om «å syta for at tilsynet med lova vert betre.» (Innst. S. nr. 138 1983–84: 4). Departementet kjem heller ikkje med noko anna framlegg i 1992 (St.meld. nr. 53 1991–92: 15).

Fleirtalet i stortingskomiteen i 1992 konstaterte likevel at departementet sin kontrollfunksjon måtte styrkjast, anten ved eit målombod eller ved at ein la fleire tilsynsfunksjonar til Norsk språkråd (Innst. S. nr. 17 1992–93: 3). Frå 1994 vart difor delar av departementets tilsyns- og informasjonsoppgåver overførte til Norsk språkråd (frå 2005 Språkrådet), som sidan har hatt ansvaret for å føre tilsyn med praktiseringa av mållova i statsinstitusjonar under departementsnivå (frå direktoratsnivå og nedover).

Kulturdepartementet har framleis ansvaret for tilsyn med dei andre departementa.

Når stortingsmeldinga om mållova kom i 1997, var endringa i tilsynsordninga gjennomført. Departementet hadde dermed ingen grunn til å argumentere for eller forsvare eit eige tilsyn med mållova, og gjorde det heller ikkje. Komitéinnstillinga frå 1998 viser òg at fleirtalet ikkje har innvendingar til ordninga, men at eit mindretal av Høgres representantar ynskjer tilbake ordninga frå 1980 med at departementa sjølve førte tilsyn. Høgre meiner «ansvaret for at målloven følges primært må ligge på hvert enkelt organ, dette vil også være i tråd med mållovens forarbeider» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 6).

I dei seinare språkpolitiske dokumenta i perioden vert spørsmålet om tilsyn tematisert gjennom framlegg om og argumentasjon for større statusoppgåver til Norsk språkråd og deretter omlegging av rådet. Spørsmålet om mangelfullt tilsyn av mållova kan likevel ikkje tolkast som det som driv fram og er hovudårsaka til endringane av språkrådet. Såleis ser den sentrale diskusjonen om dette spørsmålet ut til å vere avslutta i 1994.

### ***20.1.9.2 Argumentasjonen***

Komitéfleirtalets argumentasjon for eit eige tilsyn i 1992 går på at det må stillast same krav til oppfylgning av mållova som til lover elles, og peikar på at «meldinga påviser brot på mållova, noko som tyder på at departementet sin kontrollfunksjon må styrkast.» (Innst. S. nr. 17 1992–93: 3)

Argumentet er slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Det er dokumentert stor grad av brot på mållova.

Heimel: (Dersom) mållova skal etterlevast som andre lover,

Påstand: (så) må kontroll med og oppfylgning av mållova styrkjast med eit eige tilsyn.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk. Her er det ikkje jamstillingsreguleringane i mållova som er omsynet, men harmonisering med praksisen kring andre lovverk.

Når då komitémindretalet i 1998 var usamd i dette, dette galdt altså representantane frå Høgre, var det ut frå same argumentasjonen som departementet nytta i lovproposisjonen frå 1979 (Ot.prp. nr. 52 1978–79: 14, sjå kap. 19.1.7.2). Mindretalet siterer då òg dette (Innst. S. nr. 174 1997–98: 6). Mindretalssynet vert ikkje sett opp som konkret argumentasjonsanalyse, men det skal nemnast at belegga for standpunktet er at Norsk språkråd ikkje har instruksjonsmakt overfor dei organa som det vert sett til å kontrollere, at ansvaret for og tilsynet med praktiseringa av mållova bør fylgje vanlege ansvarsreglar i forvaltninga, og at «Norsk Språkråds oppgave i første rekke må være å kvalitetssikre målbruken for begge målformer.» (sst). Til ein viss grad speglar dette politisk meiningsbryting om språkrådets rolle i norsk språkpolitikk og språkdebatt. Som me no skal sjå, var Norsk språkråd vart tiltenkt utvida oppgåver i stortingsmeldinga frå 1997, og tilsynsrolla må òg sjåast i samband med desse.

#### **20.1.10 Større statusoppgåver til Norsk språkråd/etablering av Språkrådet**

##### **20.1.10.1 *Ordninga***

Mållovsmeldinga i 1997 har eit eige kapittel om nye oppgåver og meir ansvar for Norsk språkråd (St.meld. nr. 13 1997–98: kap. 6). Departementet meiner rådet «bør oppgraderast til å kunne vere eit statleg instrument for eit langsiktig og effektivt språkvernarbeid», og at det skal fungere som «eit nasjonalt kompetansesenter for norsk språk, språkbruk og språkvern» (St.meld. nr. 13 1997–98: 32).

Og kva tyder så det meir konkret? På dette tidspunktet, i 1997, var læremiddelgransking og normeringsarbeid dei arbeidsoppgåvene som kravde mest ressursar i Norsk språkråd, ifylgje departementet. No meiner det ressursane skal vridast over på nye oppgåver. For det fyrste må det arbeide med haldningsskapande tiltak overfor born og unge «som opplever norsk som eit sekundærspåk» gjennom engelskspråkleg populærkultur, gjerne «i samarbeid med bibliotek, skolar, forlag, massemediebedrifter, forfattarar, musikarar og utdanningsinstitusjonar» (s. 33). For det andre bør alle norskspråklege som studerer i Noreg, «ha norsk som hovudspåk i undervisning og lærebøker i grunnutdanninga, slik at dei får etablert faglege omgrep med norsk terminologi» (sst). For det tredje bør Norsk språkråd engasjere seg i språkbruken på arbeidsplassar «for å styrkje det språklege medvitet og språkevna hos den enkelte språkbrukar, i samarbeid med arbeidsgjevar- og

arbeidstakarorganisasjonane og bransjeforeiningane» (sst). For det fjerde bør språkrådet arbeide med «annonser, reklamefilm og anna reklamemateriell» ved å «opptre aktivt i forhold til bransjen og til enkeltbedrifter, til dømes med ein fast språkbulleteng» (sst). Rådet bør for det femte kunne ha ei tilsvarande oppgåve overfor andre etermedia som det har for NRK, og «elles følgje nøye med i språklege forhold som gjeld film- og videobransjen, og ta opp uheldige utslag og utviklingstendensar» (sst). For det sjette må arbeidet til språkrådet «omfatte ein innsats for å styrkje utviklinga av norskspråklege IT-program for tekst og tale og for norsk fagterminologi i dei nye media», og det må vurderast om språkrådet kan bli eit «fagleg-administrativt knutepunkt for norsk språk og IT» (sst).

Me kan merke oss at politikken som departementet formulerer for Norsk språkråd i denne stortingsmeldinga, fyrst og fremst handlar om å regulere tilhøvet mellom norsk og engelsk, ikkje mellom nynorsk og bokmål. Tidlegare er det sagt at gjenstanden for denne avhandlinga er sistnemnde, ikkje fyrstnemnde. Men i dette tilfellet glid dei politiske formuleringane mykje over i kvarandre, kanskje mest fordi styringsdokumenta framstiller det som at den offentlege språkpolitikken for norsk mot engelsk er mykje samanfallande med den for nynorsk mot bokmål.

Ettersom dette gjeld kva språkrådet skal gjere, ikkje kulturdepartementet, er her dessutan ingen direkte framlegg, men formuleringar om mål og ambisjonar. Ikkje alle av dei refererer til konkrete tiltak og verkemiddel. Fleire av formuleringane dreier seg til dømes om at språkrådet generelt bør byrje å arbeide på felt som er utsette for påverknad frå engelsk, til dømes næringslivet og academia. Departementet oppsummerer at Norsk språkråd må «setjast i stand til å arbeide meir med tiltak som vernar norsk språk mot domenetap» (St.meld. nr. 13 1997–98: 33–34) og bli ein «meir utoverretta organisasjon der informasjon og haldningsskapande arbeid står sentralt» (s. 34). Såleis kan målformuleringane til departementet samanfattast i ein påstand om at det skal leggjast større statusoppgåver til Norsk språkråd. På dette tidspunktet kallar kulturdepartementet statusarbeid for «språkvernarbeid» (St.meld. nr. 13 1997–98: 32).

Kulturkomiteen si innstilling frå 1998 viser at eit fleirtal, alle minus medlemene frå Framstegspartiet, er samde med departementet i at «Norsk språkråd må bli ein meir utoverretta organisasjon der informasjon og handlingsskapande arbeid står sentralt.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 9).

Mållovsmeldinga frå 2001 slår fast at departementet vil arbeide vidare med å utgreie ei omlegging av Norsk språkråd «i retning av eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk, med større vekt på rettleiing og informasjon og haldningsskapande arbeid.» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 25). Det vert understreka at dette må sjåast i samanheng med skipinga av den statlege språkkonsulenttenesta, ei ordning som vart førehava ovanfor (sjå kap. 20.1.8). Elles seier departementet at det vil kome attende til saka i den seinare kulturmeldinga. I komitéinnstillinga frå 2002 finst ingen innvendingar (Innst. S. nr. 109 2001–2002).

I 2003 kjem kulturmeldinga med melding om at omlegginga av Norsk språkråd no har høgste prioritet. Det nye «kompetansesenteret» skal ha eit språkleg forvaltaransvar:

Det skal stimulera språkleg kvalitet og aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv. Dette arbeidet må byggja på kunnskap om språkleg tradisjon og observasjon av aktuell språkutvikling. Kompetansesenteret skal stå til teneste for dei som treng råd og rettleiing, hjelp og støtte i språklege spørsmål. Det nye organet må kunna arbeida strategisk, både gjennom prioritering av oppgåver og i måten det opptrer på overfor samfunnet ikring. (St.meld. nr. 48 2002–2003: 189).

I den vidare framstillinga er det ikkje heilt greitt å skilje mellom *mål for* og dermed karakteristikkar av det nye organet på den eine sida, og *argument for etablering av organet* på den andre. At det nye organet skal «formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv» (s. 189) kan ein i og for seg sjå som eit argument for at slik formidling frå språkrådet trengst. Det skal likevel søkjast etter argument i andre typar formuleringar enn i målformuleringar for språkrådet, men det er vanskeleg å vere heilt konsekvent.

I innstillinga om kulturmeldinga støttar komiteen oppretting av det nye kompetansesenteret og intensjonane for arbeidet som senteret skal utføre. Eit mindretal frå Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil at det nye organet skal ha lovforankring, medan eit anna mindretal frå Sosialistisk Venstreparti meiner at arbeidsfeltet «bør ikke bare være ‘norsk språk’, men *språk i Norge*, herunder minoritetsspråkene.» (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 77).

I juni 2004 kom så proposisjonen om opphevinga av lov om Norsk språkråd (Ot.prp. nr. 83 2003–2004). Departementet tilrår her å avvikle Norsk språkråd for å opprette ein ny institusjon utan eigen lovheimel. Dette var gjort etter ein prosess som hadde pågått ei stund i språkrådet – det var alt tilsett ein direktør og oppnemnt eit interimstyre (Ot.prp. nr. 83 2003–2004: 2–3). Framlegget var at den nye institusjonen formelt vart etablert med verknad frå 1. januar 2005. Fleirtalet i stortingskomiteen støtta departementet, men med ein merknad frå Sosialistisk Venstreparti som ynskte lovforankring (Innst. O. nr. 6 2004–2005: 2–3).

### **20.1.10.2      *Argumentasjonen***

Kapitlet om språkrådet i 1997-meldinga er ein slik tekst som ikkje eigenleg inneheld konkrete politiske tiltak, men som føreslår meir langsiktige mål og ambisjonar. I slike tekstar er det problematisk å skilje mellom påstandar, argumentasjon og meir ålmenn bakgrunnsinformasjon. I dette kapitlet kan ein likevel sjå ein generell påstand om at språkrådet må satse meir på statusarbeid, slik at kulturdepartementets analyse av korleis engelsk påverkar norsk språk på ulike felt vert tolka som belegg for påstanden. Det er «grunn til uro når det gjeld språkets framtidige posisjon», meiner departementet: «Norsk språk er under press frå fleire kantar, og risikerer å bli skuva ut av viktige funksjonsområde dersom ein ikkje aktivt arbeider for å hindre ei slik utvikling.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 32).

Departementet ser det ikkje som sannsynleg at dette vil utradere norsk språk på kortare sikt. Det trur likevel at «utviklingstendensane i eit lengre perspektiv vil representere eit stort problem for alle små nasjonalspråk», og difor vil nynorsk vere endå meir utsett enn bokmål (St.meld. nr. 13 1997–98: 32). «Tiltak for å styrkje norsk språk vil måtte ta omsyn til at nynorsk blir utsett for enda sterkare press enn bokmål», vert det såleis hevda, og vidare at «det er ei oppgåve å vurdere korleis den språklege likestillinga best kan fremjast til kvar tid.» (s. 33). Men departementet understrekar at problemet gjeld båe norske skriftspråk.

Dokumentet framstiller det altså som at den offentlege språkpolitikken for norsk mot engelsk fell saman med den for nynorsk mot bokmål, og at dette til saman er grunnar til å gje språkrådet større statusoppgåver. Dermed går dei identifiserte belegga både på behovet for å styrkje norsk og behovet for å styrkje nynorsk.

Argumenta i mållovsmeldinga frå 1997 for eit språkråd med større statusoppgåver er:

### **Argument 1:**

Belegg: Norsk språk er under engelskspråkleg press på fleire domene og funksjonsområde.

Heimel: (Dersom) norsk språk skal halde stand på domena og funksjonsområda sine,

Påstand: (så) må det leggjast større statusoppgåver til Norsk språkråd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til norsk språk.

### **Argument 2:**

Belegg: Små nasjonalspråk er meir utsett for press frå engelsk enn store, og difor er nynorsk endå meir utsett enn bokmål.

Heimel: (Dersom) nynorsk skal halde stand på domena og funksjonsområda sine,

Påstand: (så) må det leggjast større statusoppgåver til Norsk språkråd.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

### **Argument 3:**

Belegg: Ein må fremje språkleg likestilling best mogleg til ei kvar tid.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) må det leggjast større statusoppgåver til Norsk språkråd.

Heimelen er prosedural.

I stortingskomiteen si innstilling om 1997-meldinga finn me ikkje argumentasjon som supplerer departementets. Komiteen meiner at nye oppgåver til språkrådet «sikrar at norsk også for framtidige generasjonar vil opplevast som eit fullgodt kultur- og bruksspråk på alle område» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 9), noko som kan sjåast som samanfallande med argument 1 ovanfor.

I mållovsmeldinga frå 2001 er det eigenleg ingen argumentasjon for omlegging av språkrådet spesielt. Me finn tvillaust argumentasjon for ei statleg språkkonsulentteneste i regi av språkrådet, og det finst sjølvsagt generell argumentasjon for «ny giv» i språkpolitikken (St.meld. nr. 9 2001–2002: 6). Men dette kan likevel ikkje knytast direkte til påstanden om omlegging av språkrådet. Kanskje kan ein likevel sjå omgrepet «meir utoverretta» i karakteristikken av det planlagde organet som eit argument for omlegging (s. 25).



Argumentet er i så fall slik:

#### **Argument 4:**

Belegg: Det nye kompetansesenteret må bli meir utoverretta.

Heimel: (Dersom) språkpolitisk utoverretting krev arbeid med statusplanlegging, ikkje berre korpus,

Påstand: (så) må det leggjast større statusoppgåver til Norsk språkråd.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Komiteen i 2002 har òg merka seg at Norsk språkråd skal bli «eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 7), og argumentet er dermed det same som mållovsmeldinga sitt nr. 4.

Ut over dei siterte formuleringane i førre avsnitt om kva som bør vere arbeidsområda til organet, som altså ikkje vert vurdererte som eigenlege argument, argumenterer ikkje kulturmeldinga frå 2003 direkte for eit nytt språkråd (St.meld. nr. 48 2002–2003). Det gjer heller ikkje stortingskomiteen som innstiller om meldinga (Innst. S. nr. 155 2003–2004). At argumentasjonen i dokumenta frå 2001–2002 og 2003–2004 her vert framstilt som noko tunn, kjem nok mest av at desse tekstane har lange, innleiande sekvensar med ålmenne vurderingar av kvifor norsk språk må styrkjast. Men det kjem òg av at 2001-meldinga sine argument er behandla under avsnittet om språkkonsulenttenesta knytt til språkrådet.

I proposisjonen frå 2004 om oppløysinga av den gamle språkrådslova finst eigenleg ingen argumentasjon for oppretting av eit nytt organ. Innleiingsvis refererer departementet likevel til tidlegare planar om å «omdanna Norsk språkråd til eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk» (Ot.prp. nr. 83 2003–2004: 1). Kan hende kan ein òg her sjå uttrykket «meir utoverretta» som ei grunngjeving – i så fall fell belegget saman med det i førre argument. Heller ikkje komiteen har noko argumentasjon ut over dette (Innst. O. nr. 6 2004–2005).

### **20.1.11 Språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi**

#### **20.1.11.1 Ordninga**

I åra mellom dei to mållovsmeldingane i 1992 og i 1997 skjedde det mykje innanfor informasjonsteknologien med konsekvensar for språkbruk og språkpolitikk, og dermed hadde det politiske søkeljoset på feltet òg vorte sterkare. Innanfor EU var det arbeidd med

situasjonen til dei mindre nasjonalspråka i det stortingsmeldinga kallar «elektronisk basert tenesteutvikling» (St.meld. nr. 13 1997–98: 29). Kulturdepartementet gav ut ein handlingsplan for norsk språk og IKT i 2001, der det vart gjort framlegg om etablering av eit sekretariat for språkteknikk. Sekretariatet skulle mellom anna vere «et sentralt virkemiddel i arbeidet for at norsk språk kan bestå som et fullverdig og foretrukket uttrykksmiddel også når vi arbeider med avansert teknologi» (jf. St.meld. nr. 13 1997–98: 29).

I mållovsmeldinga i 1997 er det gjeve ei «nærare framstilling av situasjonen for norsk språk i høve til den nye teknologien.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 25ff). Framstillinga tek fyrst føre seg problemfelt innanfor elektronisk informasjonstilfang og korrespondanse, deretter innanfor elektroniske språkverky. I denne samanhengen er det både uråd og unaudsynt å referere til alle IKT-tiltaksområda som departementet nemner; dei spenner frå elektroniske standardbrev via produksjon av internett-tekstar og CD-rom til «produkt for automatisk transformasjon av tale til tekst og tekst til tale» (s. 27). Det same kan elles seiast om meldingas kapittel om informasjonsteknologi som vart sagt om kapitlet om Norsk språkråd i den same meldinga: Her er få, om nokon, konkrete framlegg til tiltak, og med *konkret* vert her meint departementale tid- og stadfeste verkemiddel. Kapitlet er mest av alt ein analyse av feltet, merkt av overordna målformuleringar og ambisjonar.

Såleis avsluttar departementet kapitlet med at det må vere eit mål «å utvikle ein norsk språkteknikk i tekstbehandlingssystem, i databasar, i spørje- og dialogsystem, på Internett osv som er på høgde med det ein i dag finn på marknaden for engelsk og fleire av dei større språka i Europa.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 28) Vidare vert det oppsummert at «det er nødvendig å setje i verk nye tiltak på ei rekkje område», til dømes i forskinga i skjeringpunktet mellom språk og informasjonsteknologi og i alliansar med industri og næringsliv på teknologiområdet. Det må dessutan skaffast fram eit oversyn over aktuelle utviklingstendensar som gjeld «basisteknologi, brukarprogram og tenesteyting og ikkje minst ... konsekvensane av utviklinga på desse områda for norske språkbrukarar» (sst). Til slutt slår departementet fast at det trengst «eit offensivt handlingsprogram der både juridiske, administrative, språkteknologiske og økonomiske verkemiddel blir tekne i bruk» og at det er «eit mål frå 1998 å setje i verk konkrete tiltak som direkte eller indirekte har relevans for dei mange nye utfordringane som vi vil møte i norsk språkpolitikk på vegen inn i det neste årtusen.» (St.meld. nr. 13 1997–98: 29).

Desse framlegga og ideane kan samlast og komprimerast til ein påstand om at det trengst ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi. Det er ein påstand som fleirtalet i stortingskomiteen i 1998 støttar (Innst. S. nr. 174 1997–98: 8).

Når ein då kjem til stortingsmeldinga om lov om offentleg målbruk frå 2001, slår denne fyrst og fremst fast at spørsmåla om språk og teknologi i hovudsak må vente til den varsla kulturmeldinga (St.meld. nr. 9 2001–2002: 23).<sup>42</sup> Fleirtalet i komiteen sluttar seg til framlegget frå departementet om i praksis å utsetje saka, medan eit mindretal frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet «meiner departementet bør ta inn ein ny paragraf i lov om målbruk i offentleg teneste som sikrar at vanlege dataprogram som vert kjøpt av staten, ligg føre på begge målformer.» (Innst. S. nr. 109 2001–2002: 7).

I kulturmeldinga 2003 seier departementet at det vil «vurdera om det er tenlege verkemiddel som bør takast i bruk for å understøtta utviklinga av nynorsk programvare og andre mekanismar som kan hindra diskriminering av nynorsk i samband med teknologisk basert språkbruk.» (St.meld. nr. 48 2002–2003: 195). Det meiner òg at det «bør utgreiast» om det kan gjerast lov- og forskriftsendringar

for å sikra norske arbeidstakarar og forbrukarar norsk grensesnittspråk i meny-, styre- og hjelpetekstar i elektroniske apparat, maskiner o.l. og norsk språk i brukarretteiingar og annan dokumentasjon for slikt utstyr og på all emballasje og i all merking der språket har noko å seia for helse, miljø og tryggleik. (St.meld. nr. 48 2002–2003: 195–196).

Meldinga opplyser vidare om at det «har vore vurdert» om offentlege styresmakter gjennom samordna innkjøpspolitikk kan stille som krav at aktuell programvare skal liggje føre både på nynorsk og bokmål før dei vert kjøpte inn av statlege eller kommunale organ eller i skulen. «Gjennom å samla den offentlege marknadsmakta på denne måten kunne ein kanskje tvinga produsentar og leverandørar til å laga programpakkar der den einskilde innkjøpar kunne velja mellom målformene», seier departementet, men konkluderer med at

---

<sup>42</sup> 2001-meldinga viser òg til målet i 1997-meldinga om å kunne gi både nynorsk- og bokmålsbrukarar gode reiskapar til støtte for språkbehandling og å tilby relevante informasjonstenester på baa språk, og til framlegget om å skipe eit sekretariat for språkteknikk. Dette sekretariatet, knytt til Norsk språkråd, kom i funksjon sommaren 2000. Det utarbeidde ein handlingsplan for norsk språk og IKT som vart presentert sommaren 2001. Særleg to spørsmål var sentrale i planen og i arbeidet etterpå, ifylgje 2001-meldinga: «Det eine er korleis staten skal bruka marknadsmakta si til å syta for at dei vanlege dataprogramma skal vera å få både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon. Det andre er korleis ein skal gå fram for å få bygd opp ein såkalla språkbank». (St.meld. nr. 9 2001–2002: 23).

ein ikkje har funne tenlege grep for å få dette til (s. 195). Ei viktig årsak var at frå 1. januar 2003 vart dei sentrale rammeavtalane for offentlege innkjøp avvikla, og det vart innført eit prinsipp om at offentlege innkjøp i utgangspunktet skulle vere eit desentralisert ansvar (sst). Meldinga har òg eit nokså langt kapittel om Norsk språkbank, men konkluderer òg her med at det «ikkje er aktuelt å setja av statlege midlar til å utvikla ein norsk språkbank» (s. 197).

Kulturmeldinga endar såleis opp med to tiltak når det gjeld språk og teknologi. Ingen av dei representerer nye verkemiddel, dei er praksisar som fell inn under mållovas ordning om pliktig språkbruk for statstilsette. Det ein tiltaket legg kulturmeldinga ut slik:

Dersom eit statstilknytt organ korresponderer med einskildpersonar, andre private rettssubjekt eller med kommunar og fylkeskommunar på grunnlag av eit elektronisk system som produserer standardiserte meldingar eller svar, skal dei standardiserte tekstane finnast både i ein bokmåls- og ein nynorskversjon (s. 192).

Det andre er formulert slik:

Dersom eit statstilknytt organ driv aktivitetane sine over heile landet eller i prinsippet vender seg til heile landet, skal allment informasjonstilfang som vert lagt ut på Internett, avspegla at landet har to offisielle målformer, anten ved at tekstane finst både i bokmåls- og nynorskversjon, slik at ein kan velja målform ved å klikka på bokmål eller nynorsk, eller ved at minst fjerdeparten av tekstane er på nynorsk, eventuelt på bokmål. (s. 193).

Konklusjonen i meldinga er at det i åra framover «må takast eit krafttak for reell likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon, mellom anna ved å arbeida for eit meir fullverdig tilbod av nynorsk programvare og for tilgang til nynorsk innhald på Internett.» (s. 194). Såleis kan kulturmeldinga i 2003 likevel seiest å på sett og vis vidareføre påstanden om at det trengst ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi.

Stortingskomiteen si innstilling frå 2003 har ikkje merknader til kulturmeldinga på desse punkta, bortsett frå at mindretalet frå Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil ha i gang Norsk språkbank (Innst. S. nr. 155 2003–2004: 79).

I den siste stortingsmeldinga om mållova som vert førehava, meldinga frå 2005, seier Kultur- og kyrkjedepartementet lite om språk og IKT i forståinga programvare og

elektroniske system. I staden er det språket på departementale og andre statlege heimesider som er fokuset – her argumenterer 2005-meldinga for ei strengare line når det gjeld 25-prosentregelen. Det vert vist til ei gransking som Språkrådet gjennomførte i august 2005, som synte at det på statlege nettsider var endå mindre nynorsk enn det var elles i staten (jf. St.meld. nr. 7 2005–2006: 6). Denne saka bør likevel ikkje definerast som ei eiga ordning, ettersom formuleringa til departementet er at det «vil ta initiativet til å få sett i gang arbeidet med å rydda opp på dei statlege heimesidene» (sst). Ettersom dette initiativet til å få sett i gang eit arbeid heller ikkje kan karakteriserast som ei «språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi», er konklusjonen at 2005-meldinga ikkje tematiserer språk og ny teknologi som dei tidlegare meldingane i perioden.

### **20.1.11.2 Argumentasjonen**

Kapitlet om informasjonsteknologi og språkpolitikk i 1997-mållovsmeldinga er altså utgreiande og analyserande og ikkje ein tekst som presenterer konkrete språkpolitiske framlegg. Difor er det heller ikkje her heilt lett å skilje analytisk mellom påstand, argument og kontekst eller bakgrunn. Er til dømes det at utviklinga innanfor IKT går så raskt, og det at marknadskreftene her er så sterke, *argument* for eller *bakgrunn* for påstanden om språkpolitisk satsing på slik teknologi? Her vert det siste lagt til grunn. Det tyder at grunngjevingane for kvifor det trengst ei språkpolitisk satsing på IKT nett *no* her vert vurderte som *kontekst* for framlegga, medan grunngjevingane for kvifor språkpolitisk satsing på IKT generelt trengst, vert sette som *belegg* i argumentasjonen.

Eit av hovudpoenga i kapitlet er at ny teknologi vil endre mange av dei tradisjonelle rammevilkåra for arbeidet med språkleg jamstilling. Departementet påpeikar at «omsynet til måljamstilling må integrerast i det vidare arbeidet med offentleg informasjonsteknologi» og at det vil «auke innsatsen for å styrkje norsk språk og måljamstilling» (St.meld. nr. 13 1997–98: 26) fordi det trur at den norske jamstillingspolitikken vil bli meir arbeidskrevjande i det teknologiske informasjonssamfunnet (s. 28).

Men det er ikkje berre det jamstillingsrettslege som belegg den nye satsinga: At det lett kan bli «datamaskinen som lærer oss kva som skal reknast som god språkføring... vil ha mykje å seie ikkje berre for jamstilling mellom bokmål og nynorsk, men for norsk språkutvikling reint allment» (s. 27). Ettersom det er storleiken på marknadene kringom i verda som avgjer kva språkområde dei nye produkta og tenestene vil bli lagde til rette for, og ettersom den norske marknaden er marginal, vil «tilrettelegging av avanserte språkprodukt for nynorsk og

bokmål... ikkje løne seg for utviklarane.» (s. 28). Om ein ikkje gjer ein språkpolitisk innsats innanfor IKT,

vil mange brukarar i Noreg truleg gå over til å nytte engelskspråklege versjonar for å få del i det sterkt auka brukspotensialet i dei nye produkta. Slik vil det mellom anna kunne gå innanfor konkurranseutsett eksportretta næringsliv. Dette vil truleg smitte over til undervisning og forskning. Dei samla språkpolitiske verknadene av dette kan bli store. (s. 28)

Såleis meiner departementet at me må «ruste oss til kamp» for å kunne nytte norsk på alle bruksområde og at me står overfor ålvorlege utfordringar «som kulturnasjon» (sst).

Argumenta kan dermed setjast opp slik:

**Argument 1:**

Belegg: Å gjennomføre språkleg jamstilling i IKT-samfunnet vert krevjande.

Heimel: (Dersom) jamstilling (likevel) er rett,

Påstand: (så) må me ha ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi.

Heimelen er prosedural.

**Argument 2:**

Belegg: At marknaden vil ha engelsk- og ikkje norskspråkleg teknologi, kan føre til mindre bruk av norsk språk på fleire domene.

Heimel: (Dersom) norsk bør brukast på alle domene,

Påstand: (så) må me ha ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til norsk språk.

**Argument 3:**

Belegg: Me står overfor ålvorlege utfordringar som kulturnasjon.

Heimel: (Dersom) det er viktig å ivareta nasjonal språkkultur,

Påstand: (så) må me ha ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til norsk språk.

Stortingskomiteens innstilling frå 1998 viser at fleirtalet er samd med departementet: Dette fleirtalet trur den informasjonsteknologiske utviklinga kan gje «dramatiske verknader for norske språktilhøve, ikkje minst for jamstillingsarbeidet» og at ein difor må «vurdere ei større nasjonal satsing for å fremja norsk språkbruk i det IT-samfunnet me er på veg inn i.» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 8). Desse argumenta kan vurderast som samanfallande med 1 og 2 ovanfor.

Eit mindretal i komiteen, representantane frå Høgre, tek dissens. Dei er samde i at den nye informasjonsteknologien representerer ei språkpolitisk utfordring, men reserverer ambisjonane til arbeid for norsk språk og *både* bokmål og nynorsk, ikkje til «jamstilling». Dei meiner òg at ein ved å tilbakeføre tilsynsansvaret for mållova til departementet, vil frigjere ressursar i Språkrådet til IKT-arbeid (Innst. S. nr. 174 1997–98: 8–9).

Kulturmeldinga frå 2003 sin argumentasjon for å vidareføre ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi finn me klarast uttrykt innleiingsvis, i kapitlet om «Mål og rammer for språkpolitikken» (St.meld. nr. 48 2002–2003: kap. 1.2). Med dei utfordringane som kjem i kjølvatnet av internasjonaliseringa og den teknologiske utviklinga må ein stille opp som «overordna språkpolitisk mål å verna og styrkja norsk språk, slik at bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonssamfunnet», seier departementet (s. 188).

Argumentasjonen ser slik ut:

#### **Argument 4:**

Belegg: Nynorsk og bokmål må bestå som fullverdige bruksspråk inn i det nye informasjonssamfunnet.

Heimel: (Dersom) nynorsk og bokmål skal vere fullverdige bruksspråk,

Påstand: (så) må me ha ei språkpolitisk satsing på ny informasjonsteknologi.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk og bokmål.

Komiteen som innstiller på kulturmeldinga argumenterer ikkje for tilslutninga si til henne på dette punktet.

Som det er gjort greie for ovanfor, tematiserer ikkje mållovsmeldinga frå 2005 dette saksområdet.

## **20.1.12 Forskriftsføresegner om interne rapporterings- og vekslingsrutinar**

### **20.1.12.1      *Ordninga***

Spørsmålet om sanksjonar mot statlege organ som ville fylgje reglane i mållova, hadde vore oppe med jamne mellomrom gjennom heile perioden, ofte etter høyringsfråsegner frå målrørsla. I komitéinnstillinga om mållovsmeldinga frå 1997 meinte eit fleirtal, alle unnateke medlemene i Framstegspartiet og Høgre, at «For å føra tilsyn med mållova trengst det sanksjonar. Dette ser ut til å vere nødvendig både for å få inn rapportar i rett tid, og i samband med brot på mållova» (Innst. S. nr. 174 1997–98: 9). Sanksjonar vart likevel ikkje innført. I meldinga i 2001 seier departementet at det kan «godt skjønna» at det at mange organ stadig synest å sjå meir eller mindre bort frå målbruksreglane «kan gjera sitt til at ein av og til ønskjer at ein i tilsynsarbeidet kunne setja makt bak krava, eventuelt også i form av direkte tvangs- eller straffetiltak.» (St.meld. nr. 9 2001–2002: 18). Departementet understrekar likevel «det prinsipielle utgangspunktet at etterlevinga av målbruksreglane fyrst og fremst må sikrast gjennom positive verkemiddel og stimuleringstiltak.» Sanksjonar vil skape negative haldningar og gå mest ut over nynorsk, trur departementet, dessutan meiner det at framgangen i det statlege måljamstillingsarbeidet, ikkje tilseier at det er tid for å eksperimentere med slike verkemiddel (sst).

Kulturmeldinga frå same regjeringa i 2003 nemner ikkje saka.

I mållovsmeldinga frå 2005 vert det framført ein kritikk av kor lite som vart gjort når det gjeld offentleg språkbruk i førre regjeringsperiode. Det vert mellom anna vist til at bruken av nynorsk i staten hadde gått ned etter tusenårsskiftet, og at oppfylginga av gjennomføringa av 25-prosentregelen må bli betre (St.meld. nr. 7 2005–2006: 13). Difor føreslår departementet «å senda på høyring eit utkast til forskriftsføresegner om fastsetjing av interne rapporterings- og vekslingsrutinar og om innsending av årleg målbruksrapport» etter at mållovsmeldinga var ferdigbehandla (St.meld. nr. 7 2005–2006: 14). Det seier òg at det vil vurdere å ta i bruk sanksjonar «av meir negativ karakter» overfor statsorgan som bryt mållova, «dersom ikkje intensivert innsats og dei andre skisserte tiltaka i denne meldinga gir snarlege og tilfredsstillande resultat» (sst). Stortingskomiteen si innstilling sluttar seg til (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 4).

Det skal likevel understrekast at sanksjonar mot mållovsbrot aldri har vorte gjennomført.



### **20.1.12.2 Argumentasjonen**

2005-meldinga sin argumentasjon for å forskriftsfeste interne rapporterings- og vekslingsrutinar går fyrst og fremst på problemet med å få inn rapportar om språkbruk frå dei ulike statsorgana i tide:

I den førre meldinga vart det også peikt på at særleg Språkrådet har vanskar med å få inn dei årlege målbruksrapportane i tide, og at det blir brukt mykje ressursar på å purra... Som det er dokumentert i denne meldinga, er det også kvart år ein god del statsorgan som ikkje sender inn rapport i det heile. (St.meld. nr. 7 2005–2006: 14)

Difor meiner departementet at tida er inne til også å ta inn i forskrifta til mållova at statsorgan har plikt til å rapportere om eigen målbruk. Det seier dessutan at det med tanke på «dei kulturpolitisk svært viktige omsyn mållova skal tena», er naudsynt «å få orden på måljamstillingsarbeidet internt i eigen organisasjon.» (s. 13).

Argumenta er fylgjande:

#### **Argument 1:**

Belegg: Det vert nytta for mykje ressursar på å få inn språkbruksrapportar i tide.

Heimel: (Dersom) forskriftfesting av reglar gjer at statsorgan i større grad fylgjer dei,

Påstand: (så) må ein ha forskriftsføresenger om interne rapporterings- og vekslingsrutinar.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

#### **Argument 2:**

Belegg: Mållova tener viktige kulturpolitiske omsyn.

Heimel: (Dersom) staten bør ta kulturpolitiske omsyn,

Påstand: (så) må ein ha forskriftsføresenger om interne rapporterings- og vekslingsrutinar.

Det er vanskeleg å seie kva heimelen uttrykkjer fordi «kulturpolitiske omsyn» kan referere til ulike tilhøve. Uansett er dette ein substansiell heimel, ikkje prosedural. Han kan altså vere konsekvensialistisk på anna vis enn rettferdsprosedural, og han kan vere ein eigenverdiheimel for både norsk, nynorsk pluss bokmål eller berre nynorsk.

I innstillinga til stortingskomiteen frå 2006 finn ein ingen annan eller eigen argumentasjon for slik forskriftfesting, berre tilslutning (Innst. S. nr. 98 2005–2006: 4).

## 20.2 Opplæring

Ei rad utdannings- og organiseringsreformer som omfatta læring i heile spekteret frå barnehage til høgare utdanning og vaksenopplæring, hadde vorte vedteke i åra før utvalet til Eivind Smith la fram NOU-en om ny opplæringslov i juli 1995 (Smith-utvalet 1995). Døme er den nye kommunelova i 1992 og Reform 1994 for vidaregåande opplæring. Oppdraget til Smith-utvalet var såleis å få til ein betre innbyrdes samanheng mellom skuleslaga frå barneskule til og med vidaregåande, å lage eit mindre fragmentarisk og meir oppdatert lovverk og, ikkje minst, ta omsyn til det nye rammebaserte inntektssystemet for kommunane.

På dette tidspunktet fanst reglar om skriftspråk i grunnskuleopplæringa i grunnskulelovas paragraf 39, som tok opp spørsmålet om læremiddel og parallellitetsutgjeving av lærebøker på nynorsk og bokmål, og i paragraf 40 som dreia seg om «målformer i skulen», til dømes spørsmåla om krinsrøysting, parallellklasseetablering og vidareføring av fyrstespråk ved krinsnedlegging eller anna elevflytting. Utfyllande reglar fanst i grunnskuleforskrifta paragraf 4–3. For opplæring utover grunnskulen var det, som me veit, ikkje gjeve særlege reglar for val av nynorsk eller bokmål, bortsett frå at paragraf 38 i lov om vidaregåande opplæring hadde med regelen om parallellitetsutgjeving av lærebøker på nynorsk og bokmål.

I Smith-utvalet sin NOU er det frå eit språkpolitisk perspektiv kanskje mest interessant at det vart gjort framlegg om å avgrense parallellitetsprinsippet for læremiddel. Framlegget var at utgjevingar på både nynorsk og bokmål berre skulle kome til lik pris, ikkje lik tid. Utvalet føreslo òg å oppheve godkjenningsordninga for lærebøker, noko iallfall eit mindretal i nemnda meinte ville få språkpolitiske konsekvensar. Dessutan ville det ha endringar i parallellklasseordninga: Kommunane skulle ha retten til å avgjere kva for skule den språklege parallellklassen skulle leggjast til, ikkje foreldra, som den eksisterande regelen sa. Utvalet føreslo òg å oppheve reglane om krinsrøysting om endring av opplæringspråk. Mindre språkpolitisk relevant er kanskje framlegget om å gje departementet heimel til å gje forskrifter om innhaldet i opplæringa. Læreplanane, og dermed òg pliktig opplæring i nynorsk og bokmål, skulle forskriftfestast.

Spørsmåla om lærebøker og læremiddel vert handsama i NOU-en sitt kapittel 24 «Læremidler og annet utstyr i opplæringa» (Smith-utvalet 1995: 216ff), medan spørsmåla om målformer i skulen vert drøfta i kapittel 31 (s. 310ff). Spørsmålet om fritt val av

skriftspråk i ungdomssteget vert dessutan teke opp i kapittel 20, «Brukerinnflytelse og skolevalg» (s. 158ff). Det er altså desse kapitla som omhandlar dei emna som skal utgjere målparagrafane i den nye opplæringslova, dei som Smith-utvalet føreslo som ny paragraf 2-4 «Målformer i grunnskolen» og som ny paragraf 9-4 «Læremidler».

Det var få språkpolitiske endringar frå NOU-en til regjeringa Jagland og statsråd Sandals proposisjon i 1997 (Ot.prp. nr. 36 1996–97). Etter regjeringsskiftet hausten 1997 gjorde derimot statråd Lilletun og regjeringa Bondevik I fleire endringar før dei la fram sin lovproposisjon i april 1998 (Ot.prp. nr. 46 1997–98); dei språkpolitisk mest sentrale galdt læremiddel og krinsrøystingar. Innstillinga frå Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen kom i juni 1998 (Innst. O. nr. 70 1997–1998). Fleirtalet støtta proposisjonen på dei fleste språkpolitiske punkta, men eit fleirtal av Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet ville endre røysterettsreglane slik at ein igjen fekk ordninga med foreldrerett som hadde eksistert mellom 1971 og 1985. Det var ikkje argumentert for synspunktet i innstillinga – det gjeld for øvrig nesten alle punkta om språkpolitiske ordningar i komitéinnstillinga. Stortingsdebatten handla difor fyrst og fremst om røysterettsreglane, stort sett ved at argumenta frå Vogt-innstillinga og 1985-ordskiftet vart rekontekstualiserte av baa posisjonar.

Analysen nedanfor vil vere prega av at stortingskomiteen i liten grad argumenterer for synspunkta sine. Han tilsluttar seg i stor grad proposisjonen og argumenterer berre for dei få endringane han gjer – og ikkje alltid for dei heller. Heller ikkje Smith-utvalet argumenterer for alle sine framlegg om vidareføringar av eksisterande reglar, og for så vidt heller ikkje for alle sine framlegg om *endringar* av eksisterande reglar. Påstandane om vidareføring som Smith-utvalet tematiserer og drøftar vert handsama nedanfor, men det vert ikkje dei vidareføringane som slett ikkje er tematiserte i innstillinga. Dermed vert heller ikkje framlegga til Smith-utvalet og proposisjonane sette opp paragrafvis i rekkjefylgje. Såleis skil denne framstillinga seg frå framstillinga av dei nye skulelovene i 1969 og 1974 (sjå kap. 15) – det vert ikkje gått igjennom korleis dei ulike instansane forhold seg til alle lekkane i alle paragrafane i gjeldande lov. Men alle føreslegne *endringar* av språkpolitiske reguleringar i Smith-innstillinga, proposisjonane eller komitéinnstillinga vert sette opp som påstandar nedanfor, òg dei som det i realiteten ikkje er knytt argument til.

Under prosessen med den nye opplæringslova og etter at lova vart vedteken i 1998 og forskrifta vart vedteken i 1999, debatterte ein kva som låg i uttrykket «andre læremiddel» i

læremiddelparagrafen 9–4 i lova. Studien er avgrensa frå forskriftsgranskning, så utviklinga fram til 2005 når det gjeld spørsmålet om andre læremiddel i forskrift til opplæringslova skal berre kort oppsummerast. Framlegg om endringar i paragraf 40 nr. 1 om talemål i skulen vert framleis ikkje behandla, fordi dette spørsmålet ikkje er emne for avhandlinga.

Til slutt i analysen skal spørsmålet om sidemål opp. Det er ikkje diskutert av Smith-utvalet. Proposisjonane om ny opplæringslov nemner heller ikkje saka, utover å slå fast at fritaksreglar for sidemål skal gjelde dei som har tilpassa opplæring i norsk, og at læreplanen og dermed innhaldet i hovud- og sidemålsopplæringa skal forskriftfestast (jf. Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68). Desse ordningane vert ikkje handsama.

Heller ikkje dei relevante stortingsdokumenta kring læreplanverka i 1990-åra har sidemålsordninga oppe til drøfting. I september 1993 vedtok Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet ein ny generell del av læreplan som skulle gjelde både for vidaregåande skule og grunnskulen (KUF 1993). I oktober same året kom eit nytt læreplanverk for vidaregåande skule (Reform 94), og i august 1996 vart det nye læreplanverket for grunnskulen (kjend som L97) fastsett av departementet (KUF 1997). Læreplanane i norsk for dei to skuleslaga regulerer sidemålsordninga, men dei er fastsette av departementet og fell såleis utanfor dei dokumenttypene som denne undersøkinga er avgrensa til. Den obligatoriske opplæringa i båe skriftspråk har likevel vore ein så sentral og samstundes omstridd institusjon i norsk språkpolitikk at ordninga har måtta ha grunnlag i eit fleirtal i Stortinget. Dermed kunne ein kanskje vente at norskfaget, og iallfall sidemålsordninga, var omtalt i stortingshandsaminga som låg til grunn for dei nye læreplanverka. Det er likevel ikkje tilfelle. Stortingsmeldinga *Kunnskap og kyndighet* som var Stortinget si handsaming av R94 (St.meld. nr. 33 1991–92), konsentrerte seg om strukturspørsmåla ved reforma og nemnde ikkje sidemålsordninga, norskfaget eller andre språkpolitiske sider i spørsmålet om nynorsk og bokmål. Stortinget si handsaming av L97 kom med St.meld. nr. 29 (1994–95), men heller ikkje ho tematiserer tilhøvet mellom nynorsk og bokmål og den norske tospråksituasjonen. Det einaste språkpolitiske innslaget i stortingshandsaminga var framlegg frå Ellen Chr. Christiansen (uavhengig, tidl. Frp) om valfritt sidemål som ikkje fekk støtte frå dei andre partia. Det er såleis ingen språkpolitiske innslag å analysere i stortingsdokumenta om dei to læreplanreformene i 1990-åra.

Dette endra seg etter tusenårsskiftet. *Læreplanverket for Kunnskapsløftet* (LK06) var ei utdanningsreform som galdt for både grunnskulen den og vidaregåande skulen. Det vart

lansert av den borgarlege trepartiregjeringa til Bondevik (Bondevik II) og statsråd Kristin Clemet (Høgre), og vart implementert i 2006. Nytt med læreplanen var for det fyrste at han galdt for heile det 13-årige utdanningsløpet, for det andre *grunnleggjande ferdigheiter*. Eit tverrfagleg mål for læringa vart bestemt som fem slike grunnleggjande dugleikar: å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne lese, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verkty. LK06 spesifiserer berre kompetansemål, det vil seie på kva steg ein skal ha kunnskap om ulike tema og område innan faga.

Bakgrunnen for *Kunnskapsløftet* låg i stortingsmeldinga *Kultur for læring* (St.meld. nr. 30 2003–2004), som igjen bygde på arbeida til det såkalla *kvalitetsutvalet* for grunnopplæringa. Dette vart nedsett av utdanningsminister Trond Giske i regjeringa Stoltenberg I i desember 2000, og skulle vurdere innhald, kvalitet og organisering av grunnopplæringa.

Kvalitetsutvalet la fram to NOU-ar. Som nemndsnamnet seier, var eit viktig føremål med desse å greie ut om kva kvalitet i skulen er, og korleis ein vurderer slik kvalitet.<sup>43</sup> Med eitt unnatak tematiserer ikkje utgreiingane tilhøvet mellom nynorsk og bokmål, men dei er likevel interessante som bakgrunn for det som skjer vidare på språkopplæringsfeltet, og dermed for problemstillingane i denne studien.

Kvalitetsutvalet leverte fyrst *NOU 2002: 10 Førsteklasses fra første klasse. Forslag til rammeverk for et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem av norsk grunnopplæring*, som var ei delutgreiing. Ein sentral påstand her er at norske opplæringsstyresmakter har mykje informasjon om kva for ressursar som vert sette inn, men lite informasjon om tilhøvet mellom undervisning og læring og resultatet av opplæringa. Dette var òg eit viktig poeng i fleire internasjonale rapportar som på det tidspunktet var kome om norsk opplæring. Særleg viktig for utgreiingane til kvalitetsutvalet var PISA-granskinga frå 2001 og ein rapport frå OECD frå 1988 (Kvalitetsutvalet 2002: 13–14). Ein etterlyste kvalitets- og kompetanseomgrep som i større grad måtte kunne målast, og det førebelse svaret til utvalet

---

<sup>43</sup> Kvalitetsutvalet var leia av Astrid Søgne. Utvalets utgangspunkt var forma av fleire dokument og dokumentkompleks frå tida rundt tusenårsskiftet, tekstar som i høg grad problematiserte kvaliteten til norsk grunnutdanning. Av nasjonale dokument som tek til orde for større vurdering av *kvalitet*, nemner utvalet sjølv *St. meld. nr 33 (1991–92) Kunnskap og kyndighet. Om visse sider ved videregående opplæring*, der behovet for systematisk vurdering av vidaregåande opplæring vert omtala, *St. meld. nr. 47 (1995–96) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderingssystem* og tilhøyrande *Innst. S. nr. 96 (1996–97)* som gjorde framlegg om eit nasjonalt vurderingssystem for å kunne måle elevane sitt læringsutbyte, «Moe-utvalet» som kom med forslag til eit heilskapleg nasjonalt vurderingssystem for grunnskulen og som fekk tilslutning i *Innst. S. nr. 12 til St.prp. nr. 1 (1998–99)* og dessutan *St.meld. nr 28 (1998–99) Mot rikare mål med tilhøyrande Innst. S. nr. 214 (1998–99)* som føreslår ein nasjonal strategi for vurdering og kvalitetsutvikling i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (jf. Kvalitetsutvalet 2002: kap. 2.1).

si fyrste delutgreiing var eit nytt vurderingssystem, nasjonale prøver. Fordelane med slike prøver, seier utvalet, er at ein både får innsyn i elevenes læringsutbytte generelt og at ein ser utviklinga over tid for heile landet, og at ein kan definere standardar og samanlikne dei på eit lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonal nivå. Ulempene er kostnadene og ressursbruken, og ikkje minst at lærestadene må halde seg med to typar karakter- og vurderingssystem. Utvalet meiner at ei løysing på det siste problemet kan vere at «man på sikt [kan] tenke seg et system der denne typen prøver helt eller delvis kan erstatte dagens system med karakterer og eksamen» (Kvalitetsutvalet 2002: 28).

Hovudutgreiinga til kvalitetsutvalet var *NOU 2003: 16 I første rekkke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle* (Kvalitetsutvalet 2003). Ho kom i juni 2003. Her vert det nye kvalitetsomgrepet sett i samanheng med omgrepet kompetanse (jf. òg Stray 2010: 156), og dermed med ordninga med kompetansemål og læringsutbytte i læreplanen: «læringsutbytte bør være et overordnet kriterium for kvalitetsvurdering... En konsekvens av dette er en forsterket vektlegging av opplæringsaktiviteten fra undervisning og metode til selve læringen og læringsutbyttet (Kvalitetsutvalet 2003: 67).<sup>44</sup> Som me skal sjå, fekk dette igjen fylgjer for nye vurderingssystem for norsk og dermed òg for nynorsk og bokmål.

Stortingsmeldinga *Kultur for læring* vart lagd fram 2. april 2004 (St.meld. nr. 30 2003–2004).<sup>45</sup> Her konkretiserte og justerte departementet framlegga til kvalitetsutvalet om basiskompetanse, som no vart kalla *grunnleggjande ferdigheter*:

I debatten om skolens rolle i samfunnet blir det av og til hevdet å være en konflikt mellom demokrati, dannelselse og likeverd på den ene siden, og konkret kunnskap og ferdigheter på den andre siden. Elevene har imidlertid, etter departementets vurdering, behov for enkelte grunnleggende ferdigheter for at skolen skal kunne formidle kulturarven og gi elevene en god allmenndannelse. (St.meld. nr. 30 2003–2004: 31).

---

<sup>44</sup> «En nærmere gjennomgang av arbeidet med kompetansebegrepet viser at det per i dag ikke finnes noen universell enighet om begrepets meningsinnhold, men at det arbeides intensivt med betydningen av begrepet» (Kvalitetsutvalet 2003: 68).

<sup>45</sup> Mellom kvalitetsutvalets NOUar og denne stortingsmeldinga kom vedtaket om å opprette eit utdanningsdirektorat (i staden for læringssenteret) som eit utøvande kompetanse- og forvaltningsorgan underlagt Utdannings- og forskningsdepartementet, «som ledd i fornyelsen av den statlige utdanningsadministrasjonen» (St.meld. nr. 30, 2003–2004: 8). Utdanningsdirektoratet starta verksemda si 15. juni 2004.

Meldinga er klar på at læreplanen må forenklast og at kompetansemåla må uttrykkje det viktigaste når det gjeld læringsutbyttet av grunnleggjande ferdigheter. Når det gjeld norskfaget er det ferdigheitene i *fyrsteopplæringspråket* som vert definerte som grunnleggjande, for framlegget i meldinga er at elevane i grunnskulen berre skal prøvast i hovudmål (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43). Med denne stortingsmeldinga kom sidemålsspørsmålet altså opp på politisk nivå, og framstillinga nedanfor skal difor ta føre seg handsaminga av sidemålsordninga i rapportane til kvalitetsutvalet og i *Kultur for læring*.

## **20.2.1 Parallellitetsprinsipp for læremiddel avgrensa til krav om utgjeving til lik pris**

### **20.2.1.1 Ordninga**

Det språkpolitiske parallellitetsprinsippet for læremiddelutgjevingar var på dette tidspunktet regulert i paragraf 39 i grunnskulelova og i paragraf 38 i lov om vidaregåande opplæring. Lærebøker i grunnskulen og både lærebøker og andre læremiddel i vidaregåande skulle kome ut til lik tid og til lik pris både på nynorsk og bokmål, slik at nynorskelevar ikkje skulle bli nøyde til å nytte og kjøpe læremiddel på bokmål.

Smith-utvalet «antar ... at dagens krav om at andre lærebøker skal utgis på både bokmål og nynorsk til samme pris, bør vidareføres» (Smith-utvalet 1995: 218). Me ser at det ikkje er den eksisterande parallellitetsregelen utvalet argumenterer for, men ei ny, avgrensa ordning: Lærebøker både på nynorsk og bokmål skal kome ut til lik pris, og det vert ikkje presisert at regelen om at dei skal kome til lik tid, skal vidareførast. I utvalets framlegg til paragraf 9-4 heiter det då òg: «I andre fag enn norsk kan det bare benyttes lærebøker som foreligger på bokmål og nynorsk og til samme pris.» (Smith-utvalet 1995: 459).

I den fyrste lovproposisjonen frå arbeidarpartigjeringa til Jagland og statsråd Sandal i 1997 gjev departementet ei generell tilslutning til Smith-utvalets vurderingar om språk og læremiddel:

Departementet er elles einig i framlegga til lovreglar om skoleanlegg, læremiddel, helse og arbeidsmiljø frå fleirtalet i utvalet. Det blir vist til dei vurderingane som ligg til grunn for framlegga. Det vil blant anna seie at kravet om at lærebøker i regelen skal finnast på begge målformer, blir ført vidare (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 80).

I lovframlegget i proposisjonen heiter det at «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker som ligg føre på bokmål og nynorsk til same pris.» (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 193). Som me snart skal sjå, vert dette endra i regjeringa Bondevik I sin proposisjon frå 1998.

### **20.2.1.2 Argumentasjonen**

Smith-utvalet argumenterer for påstanden sin utan å signalisere at dette i realiteten er eit framlegg om å endre den eksisterande ordninga. Det vert argumentert for parallellitetsprinsippet generelt, ikkje for avgrensing av det: «Slike krav [parallellitetskrav] bidrar til å sikre reell likestilling mellom de to målformer ved at lærebokutvalget er like stort og lærebøkene like tilgjengelige enten elevene har bokmål eller nynorsk som opplæringsmål.» (Smith-utvalet 1995: 218). Kvifor ordninga skal reduserast eller innsnevrast til at bøkene berre treng kome ut til lik pris, ikkje lik tid, vert altså ikkje grunngeve.

Argumentasjonen til utvalet må difor setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Språkleg jamstilling er sikra ved at lærebokutvalet er like stort og lærebøkene like tilgjengelege anten elevane har nynorsk og bokmål.

Heimel: (Dersom) språkjamstilling er rett,

Påstand: (så) skal lærebøker på nynorsk og bokmål skal gjevast ut til lik pris.

Heimelen er prosedural.

Som alt nemnt, argumenterte ikkje departementet i 1997-lovproposisjonen for synet sitt på at parallellitetsprinsippet skulle avgrensast (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 80).

## **20.2.2 Parallellitetsprinsippet omfattar både lik tid og lik pris**

### **20.2.2.1 Ordninga**

Proposisjonen som kom i 1998, frå regjeringa Bondevik I og statsråd Lilletun, formulerer parallellutgåvespørsmålet på ein noko anna måte: «Departementet går inn for å føre vidare dei prinsipp som ligg til grunn for någjeldande lovgiving.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 79).

Påstanden om eit parallellitetsprinsipp som inneber 'lik tid' vert ikkje utdjupa, og det vert heller ikkje argumentert for han. Men i det endelege lovvedtaket som proposisjonen frå 1998 gjorde framlegg om, heiter det at «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 182).



Stortingskomiteen «har også merket seg at elevene har krav på både lærebøker og annet skriftlig materiale på egen målform til samme tid og samme pris» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 13).

#### **20.2.2.2 Argumentasjonen**

I 1998-proposisjonen vert det ikkje eksplisitt argumentert for å halde fram det gjeldande parallellitetsprinsippet med både lik pris og lik tid (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 79). Men fleirtalet i stortingskomiteen argumenterer heilt kort; det «ser på dette som en positiv styrking av retten til egen målform i skolen» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 14).

Argumentet er altså:

#### **Argument 1:**

Belegg: At lærebøker og læremiddel skal gjevast ut til lik tid og lik pris, er ei styrking av retten til eige språk i opplæringa.

Heimel: (Dersom) det er ein slik rett,

Påstand: (så) må parallellitetsprinsippet omfatte at læremiddel skal gjevast ut både til lik tid og lik pris på nynorsk og bokmål.

Heimelen er prosedural.

### **20.2.3 Departementet kan gjere unntak frå parallellitetsordninga**

#### **20.2.3.1 Ordninga**

Smith-utvalet seier at parallellitetsordninga vil føre for langt i einskilde krav: «Det gjelder særleg fag som har liten oppslutning, og som dermed vil gi grunnlag for et svært lite marked.» (Smith-utvalet 1995: 218). Difor føreslår utvalet at departementet framleis skal ha kompetanse til i særlege tilfelle å gjere unnatak frå kravet om at læremiddel skal føreliggje på båe skriftspråk.

#### **20.2.3.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen til utvalet er at ein skal «kunne imøtekomme sterke behov av denne karakter» (Smith-utvalet 1995: 218). Det er uklart kva «behov av denne karakter» refererer til. Dette kan både vise til statlege ynske om å redusere arbeidet med parallellutgåveordninga og utgiftene til parallellutgåvetilskota, og til forlaga sine ynske om å produsere færre parallellutgaver.

Argumentet ser i alle høve slik ut:

### **Argument 1:**

Belegg: Ein må imøtekome behov for å gje ut bøker berre på eit skriftspråk på små fag med liten marknad.

Heimel: (Dersom) krav om reduksjon i utgjevinga av parallellutgåver er rettkomne,

Påstand: (så) kan departementet gjere unntak frå parallellitetsordninga.

Heimelen er truleg fyrst og fremst økonomisk-konsekvensialistisk.

Utvalet vil ikkje gjere framlegg om ein generell unntaksheimel, slik som departementet då hadde ifylgje andre lekken i paragraf 38 i lov om vidaregåande opplæring, og andre lekken i paragraf 39 i grunnskulelova.

## **20.2.4 Avgrensing av parallellitetsprinsippet til lærebøker, ikkje læremiddel**

### **20.2.4.1 Ordninga**

Fleirtalet i Smith-utvalet gjer framlegg om at prinsippet om at både lærebøker og læremiddel skal kome ut på bae skriftspråk, vert avgrensa til at dette berre skal gjelde lærebøker. Utvalet seier sjølv at dette «innebærer en innskrenkning i forhold til dagens ordning etter lvgo. paragraf 38 annet ledd, som i utgangspunktet også omfatter læremidler» (Smith-utvalet 1995: 218).

I odelstingsproposisjonen frå Jagland-regjeringa i 1997 seier departementet seg samd med utvalet i dette (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 80). I regjeringa Bondevik I sin proposisjon frå 1998 er synspunktet endra, som me straks skal sjå nedanfor.

### **20.2.4.2 Argumentasjonen**

Argumentet hjå Smith-utvalet for at parallellitetsordninga skal avgrensast, er at det å ha andre læremiddel med i ordninga, er «for kostbart i forhold til den betydning et slikt krav har for likestilling mellom målformene» (Smith-utvalet 1995: 218).

Argumentet kan setjast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Parallellitetsordninga for læremiddel er for kostbar i høve til kor viktig ho er for språkjamstilling.

Heimel: (Dersom) økonomi er relevant i ei avveging mot språkjamstilling,

Påstand: (så) må parallellitetsordninga avgrensast til lærebøker.

Heimelen er økonomisk-konsekvensialistisk.

Eit mindretal i Smith-utvalet meiner at alle læremiddel skal omfattast av parallellitetskravet, særleg på grunn av meir bruk av informasjonsteknologi i skulen. Det meiner òg at å avvikle godkjenningsordninga har som konsekvens at ein ikkje lenger kan forplikte forlaga til å gje ut språklege parallellutgåver av lærebøker. Det medfører at dette mindretalet heller stør framlegget om oppheving av godkjenningsordninga (Smith-utvalet 1995: 218).

I 1997-proposisjonen vert det ikkje argumentert for avgrensinga av parallellitetsordninga, det vert vist til vurderingane frå Smith-utvalet. Både den fyrste lovproposisjonen frå 1997 og den andre frå 1998 gjer elles framlegg om at ordninga med statleg godkjenning av lærebøker i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa blir ført vidare i ei ny lov (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 81, Ot.prp. nr. 46 1997–98: 80).

## **20.2.5 Parallellitetsprinsippet gjeld òg andre læremiddel**

### ***20.2.5.1 Ordninga***

I lovproposisjonen til Bondevik I-regjeringa i 1998 finn me derimot dette: «Departementet går i mot framlegget frå utvalet om å oppheve kravet om at også andre læremiddel skal liggje føre både på bokmål og nynorsk.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 79). No er altså framlegget at andre læremiddel, ikkje berre bøker, skal falle inn under parallellutgåvekravet. Vidare seier departementet at for å fylgje med i læremiddelutviklinga og samstundes kunne setje ei grense for kva læremiddel parallellitetskravet skal omfatte, bør departementet få heimel for å gje nærare forskrifter om kva læremiddel som skal falle inn under ordninga. Det meiner regelen bør gjelde både for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (sst). Stortingskomiteen støttar departementet i 1998 (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 13).

### ***20.2.5.2 Argumentasjonen***

Departementet er samd med Smith-utvalet i at eit krav om at «absolutt alle læremiddel» skal liggje føre på baa språk før dei kan takast i bruk i opplæringa, er lite realistisk, og at det er naudsynt å dra ei grense for kva læremiddel kravet skal omfatte. Men det deler likevel ikkje utvalets syn på kvar grensene for realisme går: «Samtidig meiner departementet at å

avgrense kravet til berre å gjelde lærebøker, ikkje tek omsyn til den utviklinga som har skjedd og som vil skje når det gjeld læremiddel.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 79).

Argumentet er dermed:

### **Argument 1:**

Belegg: Det har skjedd og vil skje ei utvikling når det gjeld læremiddel.

Heimel: (Dersom) andre læremiddel vert meir relevante i norsk opplæring,

Påstand: (så) må parallellitetsprinsippet òg gjelde andre læremiddel, ikkje berre bøker.

Heimelen er styrings- eller pedagogisk-konsekvensialistisk.

Stortingskomiteen er samd med departementet i 1998. Argumentet for at parallellitetskravet skal omfatte andre læremiddel fell saman med argumentet for at parallellitetskravet skal omfatte 'lik tid': Dette er «en positiv styrking av retten til egen målform i skolen.» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 14).

Såleis er argumentet til komiteen:

### **Argument 2:**

Belegg: At lærebøker og læremiddel skal gjevast ut til lik tid og lik pris, er ei styrking av retten til eige språk i opplæringa.

Heimel: (Dersom) elevar har ein slik rett,

Påstand: (så) må parallellitetsprinsippet òg gjelde andre læremiddel, ikkje berre bøker.

Heimelen er prosedural.

Komitémedlemene frå Høgre går imot framlegget om at parallellitetsprinsippet òg skal omfatte læremiddel. Dei er ikkje usamde i at dette er eit «ønskelig mål», men meiner lovfesting av kravet er uforsvarleg når ein ikkje har oversyn over praktiske og økonomiske konsekvensar av vedtaket (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 14).

Diskusjonspunktet «andre læremiddel» skal no kort presenterast. Det tilhøyrrer forskrifta til opplæringslova, og skal dermed ikkje handsamast i argumentasjonsanalysen. For samanhengen sin del trengst likevel ei stutt skisse av endringane i forskriftene fram til 2006. Framstillinga byggjer mykje på ein oversynsartikkel av Jon Grepstad (J. Grepstad 2009).

Dei fyrste åra etter at den nye opplæringslova vart vedteken i 1998 og forskrifta vart gjeven i 1999, var det ein del diskusjon om kva og kor mykje omgrepet «andre læremiddel» i læremiddelparagrafen 9–4 i lova skulle femne. Spørsmålet galdt særleg om digitale læremiddel og kontorstøtteprogram (administrativ programvare som tekstbehandling og rekneark) skulle omfattast av parallellutgåvekravet. Paragraf 9-4 i opplæringslova seier at «i særlege tilfelle kan departementet gjere unntak» frå parallellutgåvekravet. Dette unntaket var gjeve i forskrifta til lova, og spørsmålet galdt formelt kor vid unntaksparagrafen i forskrifta skulle vere (Forskrift 2006: § 17–13).

I januar 1999 hadde departementet forskrifta ute på høyring, og høyringsinstansane vart spurde om ein bør ekskludere administrativ programvare frå kravet om språkleg parallellutgåve. Dette viste seg då òg å bli diskusjonspunktet for dei seinare endringane. I forskrift til opplæringslova 28. juni 1999 vart endskapan at administrativ programvare vart definert som eit unntak frå parallellitetskravet, til liks med kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk og liknande, både trykte og ikkje-trykte (§ 17–3). Dessutan vart det òg slege fast at kravet om språkleg parallellutgåve kunne oppfyllest ved ei fellesspråkleg utgåve i læremiddel der den norske teksten utgjorde ein mindre del (§ 17–4).

I juni 1999 sende KUF ut eit rundskriv (rundskriv F-044-99 om forskrift til opplæringslova) om at «Administrativ programvare er i forskrifta § 17–3 unnateken frå kravet om språkleg parallellutgåve». Men departementet opplyste òg at det arbeidde med å endre forskrifta slik at elektroniske læremiddel skulle omfattast av parallellutgåvekravet (J. Grepstad 2009).

Deretter tok kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget til orde for å inkludere administrativ programvare i parallellitetsprinsippet. I juni 2000 bad fleirtalet i komiteen om at departementet la fram «en tidsplan for arbeidet med å oppheve det foreløpige unntaket fra parallellutgaveregelen» (Innst. O. nr. 89 1999–2000: 9). Læringsssenteret (forløparen til Utdanningsdirektoratet) gjekk så i ei utgreiing i 2001 inn for at unntaket vart oppheva i 2002–2003 (J. Grepstad 2009). Deretter gjekk det fire år før Utdanningsdirektoratet kom med framlegg til ei slik forskriftsendring i oktober 2005, og året etter vart kravet gjenteke av arbeidsgruppa nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet som utarbeidde rapporten *Framtidas norskfag* (2006) (Utdanningsdirektoratet 2006: 64). I juni 2006 gav departementet ei ny forskrift til opplæringslova som avløyste den frå 1999, og her vart det fastsett med verknad frå 1. august 2006 at administrativ programvare brukt i undervisninga skulle liggje føre i båe målformer (Forskrift 2006: kap. 17, J. Grepstad 2009).

Målrørsla hadde arbeidd sidan sist i 1990-åra for at parallellutgåvekravet skulle utvidast til å gjelde programvare òg, og hadde parallelt arbeidd mot dei store programvareprodusentane. Det fyrste gjennombrøtet kom i 2003. Dette året lanserte dugnadsprosjektet Skolelinux programpakka si som eit alternativ til Microsoft-plattformen, og ho inkluderte programmet OpenOffice i nynorskversjon. Microsoft svara med å lansere Office XP i nynorskversjon i november 2003 (NM 2004: 11–12). I april 2006 hadde så Microsoft klar ein nynorskversjon av Windows (NM 2007: 11–12).

## **20.2.6 Lærebøker på fritt valt språk bortsett frå norsk**

### **20.2.6.1 Ordninga**

Etter paragraf 39 i gjeldande grunnskulelov kunne foreldre velje om lærebøkene til borna deira skulle vere på nynorsk eller bokmål. Smith-utvalet meiner denne ordninga skal vidareførast. Av omsyn til samanhengen med retten til sjølv å velje fyrsteskriftspråk på ungdomssteget, vert det òg gjort framlegg om at ungdomsskuleelevane sjølve vel lærebokutgåve (Smith-utvalet 1995: 312).

### **20.2.6.2 Argumentasjonen**

«Foreldrenes rett til å velge lærebokutgave når den foreligger på både nynorsk og bokmål, er utbetinget og ikke knyttet til den målform som ellers benyttes i klassen.», seier utvalet. Det meiner regelen bidreg til «språklig mangfold og likestilling», utan å binde lokal handlefridom eller avskjere nasjonal styring i større grad enn «berettiget» (Smith-utvalet 1995: 312).

Om uttrykket *uvilkårleg rett* kan sjåast som eit argument, er den samla argumentasjonen slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Foreldre har ein uvilkårleg rett til å velje lærebok for barnet sitt i alle andre fag enn norsk, når utgjevinga føreligg på både nynorsk og bokmål.

Heimel: (Dersom) foreldre har ein slik rett,

Påstand: (så) kan foreldre velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til borna sine bortsett frå i norsk.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 2:**

Belegg: Regelen bidreg til språkleg jamstilling.

Heimel: (Dersom) språkleg jamstilling er rett,

Påstand: (så) kan foreldre velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til borna sine bortsett frå i norsk.

Heimelen er prosedural.

### **Argument 3:**

Belegg: Regelen bidreg til språkleg mangfald.

Heimel: (Dersom) me vil ha språkmangfald,

Påstand: (så) kan foreldre velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til borna sine bortsett frå i norsk.

Strukturelt sett er denne heimelen konsekvensialistisk, ikkje ein eigenverdiheimel. Det er ingenting i kontekst som peikar mot noko språk sin kulturelle eller identitetsmessige verdi for nokon. På den andre sida kan ein seie at språkmangfald i seg sjølv tek utgangspunkt i språkleg eigenverdi. Igjen kan ein seie at det kjem an på kva som ligg i omgrepet *mangfald*, som i dette tilfellet er så ukontekstualisert at det er umogleg å fastslå.

### **Argument 4:**

Belegg: Regelen bind ikkje lokal handlefridom og avskjer ikkje nasjonal styring i større grad enn naudsynt.

Heimel: (Dersom) lokal handlefridom og nasjonal styring trengst,

Påstand: (så) kan foreldre velje lærebøker på nynorsk eller bokmål til borna sine bortsett frå i norsk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

## **20.2.7 Lesebøker skal ha både nynorsk og bokmål**

### **20.2.7.1 Ordninga**

Regelen om at foreldre skulle kunne velje om lærebøkene til borna deira skulle vere på nynorsk eller bokmål, galdt altså ikkje norskfaget. Utvalet argumenterer for vidareføring av reguleringa om at baa skriftspråk skal vere representert i lesebøker i norsk i grunnskulen (Smith-utvalet 1995: 10).

### **20.2.7.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen for vidareføring av ordninga er at «et tilstrekkelig tilfang av barnas sidemål i norskfagets lesebøker nødvendig dersom grunnskoleelevane skal få den nødvendige øvelse i begge målformer» (Smith-utvalet 1995: 218).

Argumentet kan dermed setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Grunnskuleelevane skal ha naudsyn øving i både skriftspråk.

Heimel: (Dersom) øving i både skriftspråk er viktig/rett for grunnskuleelevar,

Påstand: (så) skal både nynorsk og bokmål vere representerte i lesebøker i norsk i grunnskulen.

Her er det litt vanskeleg å bestemme heimeltypen. Han kan vere pedagogisk-konsekvensialistisk, dersom vekta ligg på *viktig*. Han kan vere prosedural, om han uttrykkjer ein *rett*, og dermed *plikt*.

### **20.2.8 Avvikling av krinsrøystingar om fyrste opplæringspråk**

#### **20.2.8.1 Ordninga**

Gjeldande paragraf 40 nr. 3 i grunnskulelova sa at kommunen hadde kompetanse til å endeleg fastsetje om det som hovudregel skulle brukast bokmål eller nynorsk i den skriftlige opplæringa ved dei einskilde skulane i kommunen. Likevel skulle alle som sokna til skulekrinsen, gje råd til kommunen gjennom krinsrøysting. Grunnskulelovas paragraf 40 nr. 4 og grunnskuleforskriftas paragrafar 4–2 og 4–3 gav detaljerte reglar om prosedyre for dette. Men som Smith-utvalet altså presiserer: «Kommunenes kompetanse til å fastsette målform er imidlertid ikke beskåret av disse reglene.» (Smith-utvalet 1995: 310). Utvalet gjer framlegg om at dei eksisterande reglane om prosedyrar ved val av fyrstespråk i krinsane ikkje vert vidareførte, og at kommunen fullt og heilt skal ha avgjerdskompetansen utan å måtte hente inn råd frå krinsen (Smith-utvalet 1995: 312).

Proposisjonen til regjeringa Jagland frå 1997 støttar Smith-utvalet (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 168). Bondevik I-proposisjonen året etterpå går i mot dette, som me snart skal sjå.

#### **20.2.8.2 Argumentasjonen**

Smith-utvalet understrekar at reglane om fyrsteskriftspråk i grunnskulen «må bygge på språkpolitiske og pedagogiske hensyn. Dette danner rammene for både den nasjonale



styring og for den lokale handlefrihet på området.» (Smith-utvalet 1995: 311). Utvalet vedgår at auka bruk av lokale folkerøystingar vil kunne verke gunstig på interessa for og engasjementet i lokale politiske spørsmål. Likevel meiner det at spørsmålet om folkerøystingar reiser spørsmål som er av ein meir omfattande karakter enn at dei kan takast opp i ei utgreiing om opplæringslovgjeving. Utvalet konkluderer med at «ønsker om å skifte målform ved en skole bør fremmes overfor de politiske beslutningsorganene i kommunen på samme måte og etter samme regler som andre ønsker og forslag», særleg fordi det i alle høve er dei ordinære styringsorgana som har det siste ordet (Smith-utvalet 1995: 312).

Argumenta kan stillast opp slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Språkpolitiske og pedagogiske omsyn må takast.

Heimel: (Dersom) å avvikle folkerøystingar i krinsen ikkje går ut over språkpolitiske og pedagogiske omsyn,

Påstand: (så) må ordninga med krinsrøystingar om fyrstespråk avviklast.

Belegget her er også ei ytring med omgrep som peikar mot ulike heimlar. *Pedagogiske omsyn* indekserer ein pedagogisk-konsekvensialistisk heimel, medan *språkpolitiske omsyn* indekserer ein prosedural heimel eller eigenverdiheimel.

### **Argument 2:**

Belegg: Spørsmålet om folkerøystingar er så omfattande at dei ikkje kan takast opp i ei utgreiing om opplæringslovgjeving.

Heimel: (Dersom) spørsmålet om folkerøystingar i krinsen ikkje er tilfredsstillande utgreidd,

Påstand: (så) må ordninga med krinsrøystingar om fyrstespråk avviklast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **Argument 3:**

Belegg: Krav om språkskifte ved ein skule bør fremjast overfor dei politiske avgjerdsorgana i kommunen på same måten og etter same reglane som andre ynske og framlegg.

Heimel: (Dersom) ein bør ha like politiske prosessar for ulike politiske saker,

Påstand: (så) må ordninga med krinsrøystingar om fyrstespråk avviklast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

#### **Argument 4:**

Belegg: I alle høve er det dei ordinære styringsorgana som har det siste ordet i spørsmålet om fyrstespråket i skulekrinsane.

Heimel: (Dersom) styringsorgan som har siste ordet, ikkje treng råd frå andre organ,

Påstand: (så) må ordninga med krinsrøystingar om fyrstespråk avviklast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

I den fyrste lovproposisjonen frå 1997 vart det vist til Smith-utvalets argumentasjon (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 69).

### **20.2.9 Framhald av krinsrøystingar om fyrstespråk**

#### **20.2.9.1 Ordninga**

I 1998-proposisjonen til regjeringa Bondevik I finn me altså eit anna syn på spørsmålet om krinsrøystingar om opplæringspråk enn hjå Smith-utvalet og i lovproposisjonen frå året før: «I motsetnad til utvalet går departementet inn for å føre vidare reglane om rådgivande folkerøysting.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68).

#### **20.2.9.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen i proposisjonen er ikkje omfattande: «Departementet har lagt vekt på at slike folkerøystingar har lange tradisjonar, og at det er ei godt fungerande demokratisk ordning.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68).

Det er såleis to argument for å halde fram med krinsrøystingar om fyrstespråk:

#### **Argument 1:**

Belegg: Folkerøystingar om opplæringsmål har lange tradisjonar.

Heimel: (Dersom) det er gunstig at språkpolitiske ordningar har lang tradisjon,

Påstand: (så) skal det vere rådgjevande krinsrøystingar om fyrsteskriftspråk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

#### **Argument 2:**

Belegg: Folkerøystingar om opplæringsmål er ei godt fungerande demokratisk ordning.

Heimel: (Dersom) språkpolitiske ordningar bør fungere godt og vere demokratiske,

Påstand: (så) skal det vere rådgjevande krinsrøystingar om fyrsteskriftspråk.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk, ettersom han primært peikar mot kva som er praktisk og effektivt demokrati, ikkje rettvist demokrati.

### **20.2.10 Foreldrerett ved krinsrøystingar om fyrstespråk**

#### **20.2.10.1 *Ordninga***

I førre kapittel såg me at ålmenn røysterett vart innført att i 1985, etter at det hadde vore foreldrerett ved krinsrøystingar om språk sidan 1969 (sjå kap. 19.2.1). Korkje Smith-utvalet eller nokon av lovproposisjonane gjorde framlegg om endringar i regelen om ålmenn røysterett.

Stortingskomiteen ville dette derimot annleis: «Flertallet vil understreke at ved valg av målform skal bare foreldre som har barn i den angjeldende skole, være stemmeberettigede.» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 14).

#### **20.2.10.2 *Argumentasjonen***

Komiteen argumenterer ikkje for endringa i gjeldande regel.

### **20.2.11 Ålmenn røysterett ved krinsrøystingar om fyrstespråk**

#### **20.2.11.1 *Ordninga***

Foreldreretten som komiteen gjeninnførte i 1998, stod likevel ikkje så lenge. Den fyrste endringa som skjedde i paragraf 2-5 i den nye opplæringslova, var at ålmenn røysterett igjen vart innført. Dette hende i juni 2000, under regjeringa Stoltenberg I med Trond Giske som kyrkje-, utdannings- og forskingsminister. Odelstingsproposisjonen i april 2000 handla i utgangspunktet om læremiddel i punktskrift (Ot.prp. nr. 44 1999–2000). I komitéinnstillinga (Innst. O. nr. 89 1999–2000) og i odelstingsdebatten (13. juni 2000) gjekk Ap tilbake på foreldreretten i krinsspråkrøystingar, og danna fleirtal med SV, Sp, V og Krf om å vedta ålmenn røysterett igjen (Innst. O. nr. 89 1999–2000: 8–9).

#### **20.2.11.2 *Argumentasjonen***

Fleirtalet i komiteen seier at det gjennom Noregs Mållag er gjort kjent med at det sidan 1. august 1999 har kome krav om røysting på 16 skular som til no har hatt nynorsk som skulemål, og at det truleg er innføringa av foreldreretten i 1998 som er årsaka til at så mange krav har kome. «Fleire av desse skulane er no i ferd med å endre skulespråket sitt til bokmål.», seier komitéfleirtalet, som vidare hevdar at

... opplæringsmålet ved ein skule er ein del av kulturen i eit lokalsamfunn og såleis ein del av lokaldemokratiet. Det er avgjerande viktig for så vel språkutviklinga som utviklinga generelt i lokalsamfunnet. På denne bakgrunnen meiner fleirtalet at det er rett å gå attende til allmenn røysterett i val av opplæringsmål (Innst. O. nr. 89 1999–2000: 8).

Argumenta til komitéfleirtalet for ålmenn røysterett kan formulerast slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Etter innføringa av den nye opplæringslova med foreldrerett ved krinsrøystingar, har mange krinsar gått over til bokmål som fyrstespråk.

Heimel: (Dersom) det er viktig at nynorskkrinsar ikkje skifter språk,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøystingar om språk.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk. Her vert det sagt eksplisitt at ålmenn røysterett i krinsspråkrøystingar er til vinst for nynorsk, medan foreldreretten gagnar bokmål.

### **Argument 2:**

Belegg: Opplæringsmålet ved ein skule er ein del av kulturen i eit lokalsamfunn og såleis ein del av lokaldemokratiet.

Heimel: Dersom lokal kultur skal styrast av lokaldemokratiet,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøystingar om språk.

Heimelene er styringskonsekvensialistisk: Han uttrykkjer at lokalsamfunn skal styre over den kulturen som gjeld dei.

### **Argument 3:**

Belegg: Opplæringsspråket er viktig for språkutvikling og generell utvikling i lokalsamfunnet.

Heimel: Dersom språkutvikling og generell utvikling er viktig for norske lokalsamfunn,

Påstand: (så) må det vere ålmenn røysterett ved krinsrøystingar om språk.

Formuleringane er ikkje særleg gjennomtrengelige, men heimelen ser ut til å vere integrasjons- eller styringskonsekvensialistisk. Han kan truleg ikkje tolkast som ei tilvising

til verdien av identitet mellom språk og språksamfunn, altså ikkje som eigenverdilegitimering.

Mindretalet, Høgre og Frp, reagerte på argumentasjonen til fleirtalet i komiteen. I kvar sine merknader hevda desse partia at fleirtalsframlegget var eit brot på brukarstyringsprinsipp i norsk skule. «Det å vise til at en må få utenforstående til å fastholde en annen målform enn brukerne ønsker, kan ikke være annet enn mistillit til foreldre og en undervurdering av styrken til ett [!] av våre målformer», seier Frp (Innst. O. nr. 89 1999–2000: 9), medan Høgre «vil minne om at spørsmålet om valg av opplæringspråk ble grundig behandlet av Vogtkomiteen, hvor et flertall gikk inn for å gjøre valg av hovedmål i grunnskolen til en sak for foreldre med barn i den aktuelle skole.» (Innst. O. nr. 89 1999–2000: 9). Høgre undrar seg òg over på kva for premisser fleirtalet kan karakterisere konsekvensane av foreldretten som ‘negative’.<sup>46</sup>

## **20.2.12 Språklege parallellklassar**

### **20.2.12.1 Ordninga**

Som me veit, sa gjeldande grunnskulelov paragraf 40 nr. 6, fyrste lekken, at foreldre på visse vilkår kunne krevje klassesdeling og oppretting av eigen språklege parallellklasse på barnesteget for elevar som ville ha eit anna fyrsteskriftspråk enn det som kommunen hadde vedteke for krinsen. Det kunne skje når foreldra til minst 10 born på eitt klassesteg ved ein skule på barnesteget ville ha det andre skriftspråket, utan at det vart færre enn 10 elevar att i dei klassane som då avga elevar til den nye klassen. Elevane i den nye klassen kunne samlast frå fleire klassar og frå fleire skular, jf. paragraf 40 nr. 6 andre lekken. Om elevane kom frå fleire skular, hadde foreldra rett til å avgjere kva skule i kommunen parallellklassen

---

<sup>46</sup> I odelstingsdebatten argumenterte Arbeidarpartiets talsmann Sigvald Oppebøen Hansen med at lovendringa i 1998 hadde ført til eit stort språkskifte frå nynorsk, og at det var ei kulturpolitisk sak for skulekrinsane. Dette er ikkje ei konsekvensialistisk/prosedural legitimering av språkpolitiske tiltak, som elles er det me har sett gjennom flesteparten av dokumenta i opplæringslovgevinga. Her ser me nok eit døme på eigenverdilegitimering av eit språkpolitisk tiltak: Det er omsynet til vilkåra for det nynorske språksamfunnet som løyser ut tiltak. Dette reagerer særleg Høgres Inge Lønning på. Han held fram at så lenge foreldra gjennom foreldreretten har bestemt at krinsen skal skifte språk, må dette vere greitt: «Men det er jo faktisk slik at det å gi foreldrene bestemmelsesretten over dette, var en del av Vogt-komiteens innstilling i sin tid som la grunnlaget for den relative språkfred vi har hatt i Norge i et par tiår. Da synes jeg det er ganske bemerkelsesverdig at man betegner det som en negativ virkning av endringen at det har vært en del språkavstemninger med det utfallet representanten viste til.» Lønning avsluttar eitt av innlegga sine med dette delvis retoriske spørsmålet: «Mitt spørsmål er: Gjelder forbehold om negative virkninger også Arbeiderpartiets nye standpunkt...?» (Ot.tid. 1999–2000: 613–621 og 650–657). Her er altså eigenverdiheimlar og prosedurale heimlar i eksplisitt spel mot kvarandre.

skulle etablerast ved. Klassen skulle kunne oppretthaldast så lenge han ikkje vart på mindre enn 6 elevar, jf. paragraf 40 nr. 6 tredje lekken (sjå kap. 15.3.13-15.3.19).

Smith-utvalet gjer framlegg om at dei fleste av reguleringane i parallellklasseordninga vert vidareførde. Ei tilsvarende ordning vert dessutan føreslegen for opplæring på samisk (Smith-utvalet 1995: 312).

Både lovproposisjonen til arbeidarpårtiregjerings frå 1997 og proposisjonen til Bondevik I frå 1998 sluttar seg til framlegga til Smith-utvalet (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 69, Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68). Båe proposisjonane understrekar òg at det skal vere minst ti elevar igjen i kvar av dei klassane elevane til parallellklassen går ut frå. Regelen skal altså vidareførast.

I proposisjonen frå 1998 vert det dessutan presiserert at dei språklege parallellklassane er omfatta av regelen om at særskilde delar av opplæringa skal kunne organiserast på annan måte enn i den fast organiserte klassen: «Dette vil mellom anna kunne vere aktuelt i praktisk-estetiske fag der omsynet bak regelen om særskilt målformklasse ikkje i same grad gjer seg gjeldande», seier departementet. Kva det nemnde omsynet er, vert ikkje presisert. Det understrekar likevel at jamvel om ein har elevane samla i desse timane, skal dei ha lærebøker og anna skriftleg materiale på eige språk (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68).

### **20.2.12.2      *Argumentasjonen***

«Dagens regler om klassesdeling med sikte på opplæring på den målform som er i mindretall ved en skole, bygger på viktige språkpolitiske hensyn, på pedagogiske hensyn og på demokratiske hensyn», vert det sagt i innstillinga (Smith-utvalet 1995: 312).

Denne gongen kan ytringa som utgjer belegget løysast opp i fleire argument:

#### **Argument 1:**

Belegg: Parallellklasseordninga for elevar som er i språkleg mindretal på ein skule, byggjer på viktige språkpolitiske omsyn.

Heimel: (Dersom) ein skal ta språkpolitisk omsyn til språklege mindretal ved ein skule,

Påstand: (så) må ordninga med språklege parallellklassar vidareførast.

Det er vanskeleg å vite kva som ligg i omgrepet «språkpolitisk» her, men heimelen må nok helst karakteriserast som prosedural. Argumentet handlar om språklege mindretal *ved ein skule*, og kan altså like gjerne dreie seg om bokmålelevar som nynorskelevar.

### **Argument 2:**

Belegg: Parallellklasseordninga for elevar som er i språkleg mindretal, byggjer på viktige pedagogiske omsyn.

Heimel: (Dersom) ein skal ta pedagogisk omsyn til språklege mindretal,

Påstand: (så) må ordninga med språklege parallellklassar vidareførast.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 3:**

Belegg: Parallellklasseordninga for elevar som er i språkleg mindretal, byggjer på viktige demokratiske omsyn.

Heimel: (Dersom) ein skal ta demokratisk omsyn til språklege mindretal,

Påstand: (så) må ordninga med språklege parallellklassar vidareførast.

Heimelen er prosedural.

Korkje lovproposisjonen frå 1997 eller den frå 1998 argumenterer for synet sitt på å vidareføre ordninga med språklege parallellklassar.

## **20.2.13 Kommunen fastset skule for parallellklassen, ikkje foreldra**

### **20.2.13.1      *Ordninga***

Smith-utvalet gjer likevel framlegg om ei endring i parallellklasseordninga. Det meiner at det er kommunen, ikkje foreldra til ungane i den nye parallellklassen, som skal avgjere kva skule denne klassen skal leggjast til (Smith-utvalet 1995: 311f).

Fleirtalet understrekar at denne opplæringa bør etablerast på den skulen som har den største gruppa av elevane som vel alternativt skriftspråk (Smith-utvalet 1995: 312f). Særleg argumenterer dei for dette ut frå brukarstyring og nærleik, to prinsipp som generelt sett vert vigde mykje plass i NOU-en (jf. Smith-utvalet 1995: 158ff). For å motverke kommunale vedtak om å leggje dei språklege parallellklassane lenger bort frå dei aktuelle elevane enn naudsynt, meiner utvalet «at lovens regler om rett til skyss også skal omfatte skyss fra hjem til den skole der tilbudet om annen målform blir gitt.» (s. 313).

Mindretalet i utvalet prøver seg med eit kompromiss mellom gamal ordning og fleirtalssynet: Det meiner at dersom det er minst 14 elevar på same klassesteg i kommunen

som vel eit anna språk enn default, skal dei ha rett til å velje ved kva skule tilbodet skal gjevast. Elles fastset kommunen skulestad (s. 313).

I den fyrste lovproposisjonen frå 1997, frå regjeringa Jagland og statsråd Sandal, er det ingen endringar i parallellklasseordninga høve til det Smith-utvalet gjer framlegg om. Departementet er altså samd med utvalet i at kommunen skal avgjere skulestad for parallellklassen (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 168).

Lovproposisjonen frå 1998 og komitéinnstillinga om denne markerer usemje med Smith-utvalet i denne saka, som me skal sjå nedanfor.

### **20.2.13.2      *Argumentasjonen***

Fleirtalsargumentasjonen for endringa er at «klassedeling er ofte svært kostbart for kommunen» (Smith-utvalet 1995: 312). Utvalsfleirtalet trur dei kommunale kostnadene kan reduserast dersom kommunane vert stilte friare til å organisere parallellklassesetilbodet. Det same vert føreslege for parallellklasseopplæringa på samisk (Smith-utvalet 1995: 348).

Argumentet er altså slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Språklege parallellklassar er kostbare for kommunane.

Heimel: (Dersom) utgiftene går ned om kommunen får makt til å leggje parallellklassen der han vil,

Påstand: (så) må kommunen fastsetje skule for parallellklassen, ikkje foreldra.

Heimelen er økonomisk-konsekvensialistisk.

I lovproposisjonen frå 1997 vert det berre vist til «dei vurderingane fleirtalet har gjort» (Ot.prp. nr. 36 1996–97: 69). Her vert det altså ikkje argumentert for synet på at kommunen skal fastsetje skule for parallellklassen.

### **20.2.14 Foreldra fastset skule for parallellklassen, ikkje kommunen**

#### **20.2.14.1      *Ordninga***

I regjeringa Bondevik 1 sin lovproposisjon frå 1998 går departementet mot Smith-utvalet og proposisjonen frå året før i spørsmålet om kven som skal fastsetje skule for parallellklassen: «Departementet meiner at det framleis bør vere foreldra som med vanleg fleirtal skal kunne velje ved kva for ein skole tilbod om særskilde klassar for anna målform skal givast.»



(Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68). Det presiserer likevel at kommunen må kunne krevje at fleirtalet av foreldra vel éin skule, òg i tilfelle der det er aktuelt å opprette fleire språklege parallellklassar.

Stortingskomiteen er samd: Fleirtalet (Ap og Frp) «ser også positivt på forslaget om at det er foreldrene ved flertallsvedtak som skal velge hvilke skoler som skal gi tilbud som særskilte klasser for annen målform» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 14).

#### **20.2.14.2 Argumentasjonen**

Nokon utvikla argumentasjon for synspunktet finn me ikkje i 1998-proposisjonen, berre dette: «Departementet fører med dette vidare det hovudprinsipp som i dag er kome til uttrykk i gsl. § 40 nr. 6 andre leddet.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 68).

Med god vilje kan ein sjå tradering av prinsipp som argumentet her:

##### **Argument 1:**

Belegg: Departementet fører vidare hovudprinsippet frå grunnskulelova.

Heimel: (Dersom) det er gunstig å vidareføre språkpolitiske hovudprinsipp,

Påstand: (så) må foreldra fastsetje skule for parallellklassen, ikkje kommunen.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Stortingskomiteen viser til nærskuleprinsippet i argumentasjonen for at foreldra skal velje skulestad: Han meiner «foreldrene kan kreve klasser på sin nærskole der det er 10 elever eller mer og viser for øvrig til det generelle prinsipp om retten til å gå på nærmeste skole i henhold til § 8–1.» (Innst. O. nr. 70 1997–1998: 13).

Argumentet til komiteen er:

##### **Argument 2:**

Belegg: Elevar har rett til å gå på sin næraste skule.

Heimel: (Dersom) nærskuleprinsippet òg skal gjelde elevar i språkleg parallellklasse,

Påstand: (så) må foreldra fastsetje skule for parallellklassen, ikkje kommunen.

Heimelen er prosedural – han viser til eit rettferdsprinsipp.

## 20.2.15 Fritt språkval i ungdomsskulen

### 20.2.15.1 *Ordninga*

Etter eksisterande paragraf 40 nr. 5 i grunnskulelova skulle elevane dei to siste åra i grunnskulen ha opplæring i både norske skriftspråk. Nærare reglar om dette var gjeve i læreplanane. Frå sjuande klassesteg skulle elevane òg sjølve velje fyrsteskriftspråk.

Smith-utvalet føreslår at retten til opplæring i både nynorsk og bokmål på ungdomssteget vert vidareført utan at det eigenleg vert argumentert for dette. Førehava her vert difor berre utvalet sin påstand om at det framleis skal vere fritt val mellom nynorsk og bokmål som fyrsteskriftspråk i ungdomsskulen (Smith-utvalet 1995: 311). I denne ordninga låg for det fyrste ein rett til å velje kva skriftspråk som skulle vere hovudmål i norskfaget dei to siste åra, då elevane skulle ha opplæring i både nynorsk og bokmål. Vidare kunne eleven alle tre åra levere svar og oppgåver i andre fag enn norsk på det valde fyrstespråket.

Spørsmålet om fritt språkval på ungdomssteget vert fyrst og fremst diskutert i kapitlet om «Brukerinnflytelse og skolevalg» (Smith-utvalet 1995: 158ff). Det vert altså sett i samanheng med brukarstyring og frå kva alder eleven sjølv skal kunne gjere eigne val for opplæringa si. Med *brukarval* siktar utvalet til tilfelle der foreldre eller elevar vert gjevne rett til å velje mellom to eller fleire opplæringstilbod. Bortsett frå praktiske val i opplæringskvardagen, er det få valmoglegheiter i norsk skule, hevdar det: «Dette gjelder særlig grunnskolen, der listen over valgmuligheter i hovedsak består av retten til å velge valgfag og en betinget rett til å velge samisk og målform.» (Smith-utvalet 1995: 160).

Smith-utvalet viser til barnelovas paragrafar 32 og 33 som seier at eit barn skal gjevast større sjølvråderett etter kvart som det vert eldre. Når barnet er 15 år, kan det sjølv velje utdanning. Utvalet meiner at denne retten «må i hvert fall innebære en rett til å velge type utdanning, herunder skoleslag, skolested, kurs og valgfrie fag» (s. 158). Om retten òg skal omfatte avgjerd om ikkje å halde fram utdanninga si, er eit spørsmål utvalet diskuterer – dei viser til rettsteoretikarar som meiner denne alderen bør vere 15 år, andre som meiner dette ikkje kan avgjerast av barnet før det er 18 år (sst).

Utvalet viser så til at norsk opplæringslovgjeving gjev særreglar om born under 15 år sin rett å avgjere sjølve:

Etter grunnskoleloven § 40 a nr.1 første ledd skal barna fra og med 7. klassetrinn selv bestemme om de vil benytte seg av retten til opplæring i eller på samisk. Det

samme gjelder retten til å velge annet opplæringsmål, jf. gsl. § 40 nr. 5 tredje punktum. Elevene er således noe yngre når de får selvbestemmelse i forhold til målform og opplæring i og på samisk enn det som ville fulgt av barneloven § 32. (Smith-utvalet 1995: 159).

Framlegget til utvalet er å vidareføre ordninga om fritt val av språk på ungdomssteget som eit unnatak frå barnelova.

#### **20.2.15.2 Argumentasjonen**

Etter Smith-utvalet si oppfatning må det grunngjevast særskilt om det skal gjevast reglar i opplæringslova som avvik eller presiserer reglane i barnelova. Som me har sett, inneheldt gjeldande opplæringslovgjeving to reglar «som klart fraviker barnelovens aldersgrense», (Smith-utvalet 1995: 159). Dette galdt ungdomsskuleelevane sin rett til å velje mellom samisk og norsk og mellom nynorsk og bokmål.

Utvalet vil likevel ikkje forskyve tidspunktet for val av opplæringsmål oppover i klassestega, fordi det

antar at slike valg ikke i særlig grad vil være bestemmende for barnets kunnskaper, ferdigheter og utvikling ellers. Derfor kan det ikke antas å være tilstrekkelig behov for å gi foreldrene kompetanse til å overprøve slike avgjørelser når elevene er gamle nok til å forstå hva valget innebærer. (s. 159).

Argumentasjonen er som følger:

#### **Argument 1:**

Belegg: Valet av fyrsteskriftspråk i ungdomssteget er ikkje viktig for eit barn sine kunnskarar, dugleikar og utvikling elles.

Heimel: (Dersom) val av fyrstespråk relaterer lite til born sine kunnskarar, dugleikar og utvikling elles,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for elevar i ungdomsskulen.

Slik argumentet er sett opp, er heimelen 'negativ' – han er korkje det eine eller det andre. Dersom ein skulle ha nytta same heimelen med positivt føreteikn («(Dersom) val av fyrstespråk relaterer til born sine kunnskarar...»), kunne han vore karakterisert som pedagogisk- (eller utviklingspsykologisk-)konsekvensialistisk.

## **Argument 2:**

Belegg: Valet av fyrsteskriftspråk i ungdomssteget er ikkje viktig for eit barn sine kunnskapar, dugleikar og utvikling elles.

Heimel: (Dersom) born under 15 år har rett til slikt val i spørsmål som ikkje gjeld kunnskapar, dugleikar og utvikling,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for elevar i ungdomsskulen.

Heimelen er prosedural: Han viser til ein personleg rett for born under 15 år.

## **Argument 3:**

Belegg: Foreldre treng ikkje kompetanse til å overprøve avgjerder om fyrstespråk når elevane er gamle nok til å forstå kva valet medfører.

Heimel: (Dersom) elevar forstår kva val av fyrstespråk medfører,

Påstand: (så) må det vere fritt språkval for elevar i ungdomsskulen.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Elles svarer departementet i bae proposisjonar på ei utfordring frå Noregs Mållag som galdt i kva grad den manglande parallellklasseretten i ungdomsskulen kunne kompenseras med at elevane frå då har ein personleg rett til fritt å velje skriftspråk. Mållaget hadde kravt at det vart lovfest ei plikt for skulen til å leggje undervisninga til rette slik at ho òg tok omsyn til den elevgruppa som var i språkleg mindretal i ein blanda klasse på ungdomssteget, og argumenterte for at mindretalet burde ha rett til tavleundervisning og oppgåver på si eiga målform og at det skulle gjevast eiga undervisning i norsktimane, utan omsyn til kor stor elevgruppa var. Departementet svarer direkte på dette både i 1997 og i 1998:

«Departementet viser til at plikt for skolen til å følgje det dei enkelte elevane vel frå og med 8. klasse, er urimeleg ressurskrevjande.» (Ot.prp. nr. 46 1997–98: 67). Påstanden om positive språkrettar på ungdomssteget vert altså ikkje sett opp som argument, fordi det ikkje er eit fleirtalsframlegg. I alle høve er dette ein av få gonger at det vert argumentert eksplisitt for rettsordningane på ungdomssteget. Som me ser, er det økonomi og praktiske tilhøve som talar imot å innføre positive språkrettar her.

## **20.2.16 Vidareføring av fyrstespråk ved skulebyte etter 3. klassesteg**

### **20.2.16.1      *Ordninga***

Etter paragraf 40 nr. 6 fjerde ledd i gjeldande grunnskulelov kunne foreldre til elevar som vart overførde til ny skule med eit anna opplæringsmål, krevje at elevane fekk halde fram med sitt opphavlege fyrsteskriftspråk. Dette galdt for elevar etter 3. klassesteg, og det galdt sjølv om talet på elevar var lågare enn 10.

Smith-utvalet gjer framlegg om at ordninga skal vidareførast (Smith-utvalet 1995: 313).

### **20.2.16.2      *Argumentasjonen***

Smith-utvalet argumenterer kort for vidareføring av ordninga: «Ordningen sikrer mot ufrivillig bytte av hovudmål ved skulebyte etter fullført 3. klassetrinn. Et slikt bytte vil kunne være uheldig blant annet for elevenes opplæring i hovudmålet.» (Smith-utvalet 1995: 313). Argumentasjonen står vel fram som nærast tautologisk – det vert hevda at ufriviljug bytte av fyrsteskriftspråk vil få negative konsekvensar for nettopp dette fyrsteskriftspråket.

Eg freistar likevel å gjere greie for argumentet:

#### **Argument 1:**

Belegg: Ordninga sikrar mot ufriviljug skriftspråkskifte.

Heimel: (Dersom) ufriviljug skriftspråkskifte er uheldig,

Påstand: (så) må elevar som har gått minst tre år i skulen, få bruke det same språket som før ved skulebyte.

Heimelen er helst pedagogisk-konsekvensialistisk. Argumentet prøver å seie at opplæringa i hovudmålet kan bli skadelidande, og det er vel då vist til ei ålmenn oppfatning om at det er viktig å få god opplæring i hovudmålet, same kva dette hovudmålet er.

## **20.2.17 Ingen fleire språkpolitiske reglar for vidaregåande opplæring**

### **20.2.17.1      *Ordninga***

Smith-utvalet presiserer at eksisterande opplæringslovgjeving ikkje inneheld nokon reglar om val av fyrsteskriftspråk i vidaregåande skule, bortsett då frå dei som gjeld parallellitetsprinsippet for lærebøker og dessutan det som er fastsett i læreplanen. Utvalet ynskjer at det skal halde fram slik (Smith-utvalet 1995: 313).

### **20.2.17.2 Argumentasjonen**

Jamvel om det er noko uklart, må ein kunne seie at utvalet argumenterer for denne påstanden. Det hevdar at sjølv om vidaregåande opplæring ikkje er like språkpolitisk regulert som grunnskulen, er «andre viktige sider av dette spørsmålet... imidlertid underkastet rettslig regulering» – altså gjennom læreplanen og reglane om læremiddel. På denne bakgrunnen «ser utvalget ikke grunn til å foreslå lovregler for vidaregåande opplæring som tilsvarer de som er vurdert i punkt 31.3.1–31.3.5 [om målformer i grunnskulelovgevinga]» (Smith-utvalet 1995: 313).

Argumentet er då:

#### **Argument 1:**

Belegg: Viktige sider av språkopplæringspolitikken for vidaregåande er underkasta rettsleg regulering gjennom læreplanen og reglar for bruk av lærebøker på bae skriftspråk.

Heimel: (Dersom) læreplanen og reglar for bruk av lærebøker på bae skriftspråk er tilstrekkeleg språkpolitisk regulering for vidaregåande,

Påstand: (så) trengst ingen fleire språkpolitiske reglar for vidaregåande opplæring.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### **20.2.18 Frå parallellklasse til parallellgruppe**

#### **20.2.18.1 Ordninga**

Den siste lovendinga som gjeld paragraf 2-5 i den granska perioden, vart førebudd i ein proposisjon som vart fremja i april 2003 (Ot.prp. nr. 67 2002–2003) og handsama i juni same året (Innst. O. nr. 126 2002–2003). Saka dreia seg om omlegging frå omgrepet *klasse* til *elevgruppe*, noko som påverka formuleringane i målparagrafen. Ein konsekvens var at retten til opplæring på eige språk gjekk frå å vere knytt til parallellklassen til at retten vart lagd til eiga *elevgruppe*.

#### **20.2.18.2 Argumentasjonen**

Argumentasjonen for omlegginga generelt var meir handlingsfridom i organiseringa av grunnopplæringa. Departementet meinte at innføringa av den nye eininga ikkje skulle ha noko å seie for retten til å skipe og gå i språkparallellklassar. Det understreka òg at reglane (framleis) ikkje skulle hindre at elevar med ulike hovudmål fekk opplæring saman i nokre

fag, til dømes praktisk-estetiske, av praktiske og ressursmessige årsaker (Ot.prp. nr. 67 2002–2003: 17–18).<sup>47</sup>

Argumentet for endringa er slik:

### **Argument 1:**

Belegg: Det trengst meir fleksibilitet i grunnopplæringa.

Heimel: (Dersom) lokal handlefridom er viktig,

Påstand: (så) må retten til å gå i språkleg parallellklasse endrast til å bli ein rett til å gå i parallellgruppe.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

Det vart ingen diskusjon i Stortinget om endringa i paragraf 2-5 ved dette høvet.

## **20.2.19 Reduksjon av eksamenar i sidemål i grunnskulen**

### **20.2.19.1 Ordninga**

Som nemnt, er ikkje sidemålsspørsmålet tematisert i stortingsdokument etter 1980 før Bondevik II si stortingsmelding *Kultur for læring* frå 2004 (St.meld. nr. 30 2003–2004), som bygde på rapportane til kvalitetsutvalet. Me har sett at desse rapportane, mellom anna på bakgrunn av oppmodingar og krav frå OECD, konkluderte med at *læringsutbyte* skulle vere eit overordna kriterium for kvalitetsvurdering (sjå kap. 20.2, innleiinga). Utvalet kritiserer tidlegare norske læreplanar for å gjere alt like viktig og for at det her er opp til einskildlæraren å vektleggje dei ulike måla: «Men dersom en konkluderer med at noe må være viktigere enn noe annet i læreplanen», seier kvalitetsutvalet, «må dette nedfelles i et begrep om basiskompetanse» (Kvalitetsutvalet 2003: 74). Basiskompetanse vert vidare definert som det opplæringa skal utrette og setje kvar einskild i stand til, og må difor «tydelig beskrives» som kompetansemål i læreplanen. Omgrepet basiskompetanse heng saman med den nye vurderingsordninga som vart lansert av utgreiinga: Dei nasjonale

---

<sup>47</sup> Noregs Mållag var urolege for at gruppeomgrepet skulle undergrave parallellklasseretten, noko som igjen kunne føre til skriftspråkskifte. Årsmeldinga til mållaget for 2004–2005 hevdar at omlegginga frå klasse til gruppe har fått fylgjer for denne retten: «Alt før skuleslutt våren 2004 fekk likevel foreldre ved ei rad skular melding om ‘fellesundervisning for bokmåls- og nynorskelevar’. Skulane meinte at byttet frå ‘klasse’ til ‘gruppe’ oppheva retten til å krevje eiga undervisning for nynorskklassane ... Noregs Mållag har vorte kontakta av foreldre på 14 skular i 10 kommunar der det har gått føre seg ulovleg gruppeblanding.» (NM 2005b: 7).

prøvene «skal inkludere fagene norsk, engelsk og matematikk for vurdering av basisferdigheter» (Kvalitetsutvalet 2003: 227).

Knytt til det nye vurderingssystemet lanserer *I første rekke* to framlegg med direkte relevans for norskfaget, meir indirekte for tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Eitt av dei er for grunnskulen og eitt for vidaregåande opplæring. For grunnskulen vert det føreslege at det «ikke lenger [er] behov for å beholde avgangsprøven i de tre sentrale fagene norsk, matematikk og engelsk» (Kvalitetsutvalet 2003: 230).

Kapittel 4.6.1 i *Kultur for læring* har tittelen «Norsk hovedmål og sidemål», og det er her dei språkpolitiske framlegga dukkar opp (St.meld. nr. 30 2003–2004: 42–43). Kapitlet handlar i hovudsak om sidemålsordninga. Kvalitetsutvalets fyrste framlegg i fyrste delutgreiing var å vektleggje andre vurderingsformer enn skuleeksamen. I neste delutgreiing var dette spesifisert til kutting av avgangseksamen i norsk etter tiande (og samanslåing av dei to norskeksamenane på vidaregåande til ein eksamen i sidemål *eller* hovudmål, som vert handsama i neste avsnitt). Steg tre kom i *Kultur for læring*. No vert kvalitetsutvalets synspunkt omsette til konkrete politiske tiltak: «Så lenge det er skriftlig avgangsprøve i grunnskolen, skal den endres slik at elevene som trekkes ut i norsk, bare skal prøves i hovedmålet.» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 49) Det vurderingspolitiske framlegget om å kutte avgangseksamen i norsk etter grunnskulen, er no konkretisert til å kutte sidemålsprøvinga.

Innstillinga om stortingsmeldinga vart lagd fram 11. juni 2004 (Innst. S. nr. 268 2003–2004). Fleirtalet i Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, som var sett saman av Arbeiderpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Venstre, ville fjerne eigen avgangseksamen i sidemål i grunnskulen. Det var likevel gjort ei viss endring i departementets framlegg. Framlegget er ikkje no å sløyfe sidemålsprøving i grunnskulen, men eit kompromiss: Eksamen skal vere ei prøving i *både* sidemåls- og hovudmålsmeistring. Eksamen skal gje eit rett bilete av elevane sine dugleikar i delemna i norskfaget, og då må både hovudmål og sidemål vere delar av skriftleg norskeksamen, meiner komitéfleirtalet. Etersom «elevenes opplæring i hovedmål er den mest omfattende del av norskfaget», må «elevenes hovedmål utgjøre den største delen av den skriftlige norskeksamen i grunnskolen» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 19).



### 20.2.19.2 Argumentasjonen

Kvalitetsutvalets grunngjeving for å ta ned talet på eksamenar, var at dei nasjonale prøvene langt på veg ville erstatte delar av målet med avgangsprøvene i grunnskulen.<sup>48</sup> Utvalet hevda det var viktig å ikkje berre utvide vurderingssystemet med nye ordningar, som innføring av nasjonale prøver, utan at dette skulle få fylgjer for andre vurderingstiltak:

Utvalget vil ellers vise til at den modellen for grunnopplæring som utvalget foreslår, knytter ungdomstrinnet til videregående opplæring langt sterkere enn i dagens ordning og demper behovet for en avgangsprøve i tradisjonell forstand. I tillegg er dagens ordning med avgangsprøven omfattende og administrativt og kostnadmessig meget krevende. (Kvalitetsutvalet 2003: 229).<sup>49</sup>

Ettersom dette likevel ikkje er ein direkte argumentasjon for å særleg redusere talet på sidemålsskarakterar, skal me no gå vidare til å sjå på korleis departementet i *Kultur for læring* grunngav framlegget sitt. I kapitlet om hovudmål og sidemål vert det fyrst argumentert for kvifor det er i sidemålspørvinga reduksjonen kjem: «Departementet mener sidemålet representerer en stor utfordring for norskfaget og derved for grunnopplæringen. Den viktigste av disse utfordringene gjelder skriftlig opplæring i nynorsk som sidemål.» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43). Opplæring i skriftleg sidemål skal framleis vere obligatorisk både på ungdomssteget og i studieførebuande retningar i vidaregåande, meiner departementet, men «[e]ksamensordningen for skriftlig sidemål har imidlertid en for dominerende plass i forhold til andre fag» (sst).

Argumentasjonen til departementet kan identifiserast i underkapitlet «Departementets vurdering». Men i kapitlet før, «Situasjonen i dag», finn me òg vurderingar som går ut over den juridiske og formelle fastsetjinga av sidemålsordninga. Her seier departementet at det er semje om at sidemålsopplæringa ikkje er god nok, at det finst lite forskning om sidemålsopplæring i Noreg, men at den som finst, «er delt i synet på om skriftlig sidemålsopplæring styrker eller svekker opplæringen i hovedmålet» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43). Vidare vert det vist til ei evaluering av fellesspråklege lærebøker som vart

---

<sup>48</sup> Kvalitetsutvalet var startskotet for vurderingsprinsippet *Vurdering for læring*, som m.a. fremja formativ (undervegs-) i staden for summativ vurdering.

<sup>49</sup> Munnleg eksamen etter grunnskulen skulle likevel få stå: «Utvalget mener likevel at en skal videreføre ordningen med lokalt gitte muntlige eksamener for alle elever etter avsluttet grunnskole fordi ordningen både signaliserer noen krav til elevene samtidig som den kan gi skolen verdifull tilbakemelding og sikre det eksterne perspektivet på skolens arbeid.» (Kvalitetsutvalet 2003: 230)

føreteke av NTNU midt i 1990-åra<sup>50</sup>, og til rapporten *Language Education Policy Profile for Norway*, skriven av ei ekspertgruppe frå Europarådet.<sup>51</sup> Ifylgje departementet peikar sistnemnde rapport rett nok på det språklæringspotensialet som den norske fleirspråkssituasjonen representerer, men det meiner det at det likevel ikkje er «norsk forskning som belyser dette». På denne bakgrunnen seier departementet det har opna for alternative ordningar for sidemål i grunnskulen i form av fritak for karakterar og avsluttande prøve (s. 42).

Når me då kjem til det som kan formulerast som dei direkte argumenta frå avsnitta under «Departementets vurdering», er karakternivået det fyrste som vert nemnt: «Eksamenskarakterene i nynorsk som sidemål er dårligere enn i hovedmålet. Dette går frem av karakterstatistikk for 2002, som viser at elevenes gjennomsnittskaracter ligger 0,5 karakterpoeng høgere på hovedmåleksamnen enn på sidemåleksamnen». (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43). Det vert dessutan vist til at bokmålelevne har «svært negative holdninger til nynorsk som sidemål», mellom anna grunna dårleg opplæring. Framheva er også at «sidemålsstilen har et innhold og en sjanger som oppfattes som negativ av mange elever.» (sst).

Argumenta til departementet for ein reduksjon av sidemålskaracterar kan setjast opp slik:

#### **Argument 1:**

Belegg: Eksamensordninga for skriftleg sidemål har ein for dominerande plass jamført med andre fag.

Heimel: (Dersom) andre fag er viktigare som sidemål,

Påstand: (så) må talet på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

Heimelen er praktisk- eller pedagogisk-konsekvensialistisk.

#### **Argument 2:**

Belegg: Eksamenskaracterene i nynorsk som sidemål er dårlegere enn dei i hovudmål.

Heimel: (Dersom) det er viktig at elevar meistrar faga og får gode karakterar,

Påstand: (så) må talet på på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

---

<sup>50</sup> Publisert av Kjell Lars Berge og Berit Skog i 1998.

<sup>51</sup> Rapporten er frå 2003.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 3:**

Belegg: Elevar med bokmål som fyrstespråk har negative haldningar til nynorsk som sidemål. Heimel: (Dersom) elevar skal ha skulefag som dei har positive haldningar til, Påstand: (så) må talet på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

### **Argument 4:**

Belegg: Sidemålsstilen har eit innhald og ein sjanger som vert oppfatta som negativ av mange elevar.

Heimel: (Dersom) elevar bør skrive i sjangrar som dei oppfattar som positive,

Påstand: (så) må talet på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

Fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen «kan ikke se at avgangseksamen i grunnskolen er avgjørende for opplæringen i et skolefag, heller ikke i sidemål. Det viser det faktum at vi ikke har lykkes godt nok med opplæringen i sidemål selv om vi har hatt eksamen i faget.» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 18). Komitéfleirtalet har òg merkt seg at «departementet vil vurdere om den skriftlige avgangsprøven i grunnskolen gradvis kan erstattes med nasjonale prøver», og understrekar at desse prøvene må innehalde oppgaver i både nynorsk og bokmål. Omfanget av lesing og skriving i hovudmål og sidemål «fastsettes etter nærmere vurdering og i samråd med de aktuelle fagmiljøene» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 18).

Argumenta til stortingskomiteen er dermed slik:

### **Argument 5:**

Belegg: Avgangseksamen i grunnskulen er ikkje avgjerande for opplæringa i sidemål.

Heimel: (Dersom) det er gunstig å få ned talet på eksamenar i grunnskulen,

Påstand: (så) må talet på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

## Argument 6:

Belegg: Nasjonale prøver kan erstatte avgangseksamen.

Heimel: (Dersom) det er gunstig å få ned talet på eksamenar i grunnskulen,

Påstand: (så) må talet på eksamenar i sidemål i grunnskulen reduserast.

Heimelen er styringskonsekvensialistisk.

### 20.2.20 Reduksjon av talet på eksamenar i sidemål i vidaregåande opplæring

#### 20.2.20.1 *Ordninga*

Kvalitetsutvalet presiserer at det ikkje ynskjer ein stor reduksjon av eksamen i vidaregåande, men at «omfanget av eksamen kan reduseres noe ved at elevene til avsluttende eksamen bare har en skriftlig eksamensdag i norsk i enten hovedmål eller sidemål». For å få redusert eksamenar på vidaregåande, skal altså dei to norskeksamenane slåast saman til éin eksamen i sidemål *eller* hovudmål. Det skal bestemast av loddtrekking (Kvalitetsutvalet 2003: 219, 230).

I *Kultur for læring* seier departementet seg usamd med kvalitetsutvalets framlegg om at éin skriftleg sentralgjeven eksamen i norsk anten skal vere sidemål eller hovudmål etter loddtrekking:

Departementet anser dette forslaget som uaktuelt, blant annet fordi det vil virke uheldig for elevene at de etter 13 års skolegang vil kunne bli trukket ut i sidemålet til eksamen på bekostning av hovedmålet. På denne måten vil de konkurrere om eventuell videre utdanning med elever som har kommet opp til eksamen i hovedmålet. Dette vil kunne føre til negative reaksjoner og oppfattes som urettferdig. (St.meld. nr. 30 2003–2004: 44).

Difor er departementets framlegg for å få redusert eksamenskarakterane fylgjande: «I vidaregåande opplæring endres obligatorisk eksamen i skriftlig sidemål til en trekkfagsordning.» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 49).

Fleirtalet i stortingskomiteen som innstiller om stortingsmeldinga, seier det har har «merket seg forslaget om å gjøre skriftlig sidemåls eksamen i norsk på studie-forberedende retninger i vidaregåande opplæring til trekkfag» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 19).

Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet utgjør eit mindretal når det gjeld endringane i ordningane for både grunnskulen og vidaregåande. Desse partia meiner eksamen i sidemål må oppretthaldast «så lenge ein brukar eksamen i hovudmål» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 19). Eit mindretal av Frp og den uavhengige representanten Jan Simonsen ynskjer primært å avvike obligatorisk opplæring i skriftleg sidemål, men støttar subsidiært fleirtalet i at «sidemålet får en mindre dominerende plass» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 19).

#### **20.2.20.2 Argumentasjonen**

Utgangspunktet til kvalitetsutvalet er at «eksamenskarakterene har relativt liten innvirkning på den poengberegningen som legges til grunn for opptak til høyere utdanning.» (Kvalitetsutvalet 2003: 230). Men heller ikkje når det gjeld vidaregåande argumenterer kvalitetsutvalet direkte for å redusere talet på sidemålsskarakterar.

Etter mønster frå førre avsnittet burde analysen vidare no handle om korleis departementet i stortingsmeldinga argumenterer for framlegget sitt om sidemålsordninga i *vidaregåande*. Slik vert det likevel ikkje, fordi argumentasjonen for påstanden om endring i ordninga for vidaregåande fell saman med argumentasjonen for påstanden om endring i ordninga for grunnskulen. Departementet grunngjev altså dei to framlegga/påstandane sine samla. Dermed skal det berre oppsummerast at heimlane for argumentasjonen for reduksjon av talet på eksamenar i sidemål i vidaregåande opplæring er delvis praktisk-konsekvensialistiske, men mest pedagogisk-konsekvensialistiske.

I innstillinga til stortingskomiteen er det heller ingen andre grunngjevingar for endringane i eksamensordninga for vidaregåande enn dei som finst for endringar i eksamensordninga for grunnskulen. Me kan dermed slå fast at argumentasjonen for å gjere sidemål til trekkfag i vidaregåande er praktisk-konsekvensialistisk heimla.

### **20.2.21 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**

#### **20.2.21.1 Ordninga**

Framlegget om eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa kom formelt sett i *Kultur for læring*. Initiativet til senteret kom frå Nynorsk kultursentrum i januar 2004 under departementet sitt arbeid med stortingsmeldinga, og Nynorsk kultursentrum laga på oppdrag frå utdanningsminister Clemet ei utgreiing om oppgåver og rolle for senteret (O. Grepstad 2004b, jf. O. Grepstad 2011: 22). Dette kompetansesenteret skal ifylgje departementet samarbeide med universitet og høyskular og «lede og koordinere arbeidet med å utvikle

fagets innhold, arbeidsmåter og vurderingsformer, bidra til kompetanseutvikling og tilby skoleeiere/skoler støtte og veiledning i arbeidet med motivasjon for og læring av nynorsk» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43). Departementet slår òg fast at institusjonen skal leggjast til Volda.

Komitéfleirtalet, alle bortsett frå medlemene frå Frp og representanten Simonsen, støttar framlegget.

#### **20.2.21.2     *Argumentasjonen***

Departementet mener arbeidsoppgåvene til eit kompetansesenter for nynorsk «er nødvendige tiltak for å bøte på dårlege resultat og negative holdningar» og at senteret skal vere «et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk» (St.meld. nr. 30 2003–2004: 43).

Argumenta kan setjast opp slik:

##### **Argument 1:**

Belegg: Ein treng tiltak for å bøte på dårlege resultat og negative haldningar.

Heimel: (Dersom) ein må få bukt med dårlege resultat og negative haldningar,

Påstand: (så) må det etablerast eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

##### **Argument 2:**

Belegg: Nynorsksenteret er eit ledd i arbeidet for å styrkje nynorsk.

Heimel: (Dersom) det er viktig å styrkje nynorsk,

Påstand: (så) må det etablerast eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Heimelen uttrykkjer eigenverdien til nynorsk.

Stortingskomiteen «ser også positivt på tiltak for å bedre opplæringa i sidemål» og viser i samband med det til at departementet vil opprette dette nasjonale senteret for nynorsk i opplæringa «som et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk» (Innst. S. nr. 268 2003–2004: 18).

Belegget «å styrke nynorsk» finn me òg i departementets overordna argumentasjon for senteret.

Det andre belegget i komitéinnstillinga går inn i eit argument på dette viset:

### Argument 3:

Belegg: Det er positivt med tiltak for å betre opplæring i sidemål.

Heimel: (Dersom) det er viktig med betre opplæring i sidemål,

Påstand: (så) må det etablerast eit nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Heimelen er pedagogisk-konsekvensialistisk.

## 20.3 Oppsummering 1990–2005

Dette er siste gongen me oppsummerer etter fylgjande problemstillingar (sjå kap. 1.1.3):

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i dokumenta og/eller i perioden kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i dokumenta og/eller i perioden?

Lat oss fyrst sjå på kulturfeltet og spørsmålet om negative og positive rettar. Det me då ser, er at nye *tiltak* for å stimulere nynorsk vart lanserte. Ivar Aasen-senteret er eit døme på dette. Når det gjeld *rettar* er utviding av dei positive rettane diskutert for presisering av verkeområdet for mållova og ny informasjonsteknologi. På det nye IKT-området vart det ingen nye positive rettar, jamvel om det vart sett inn tiltak her. For verkeområdet for mållova ser ein i realiteten ei svekking av etablerte positive språkrettar, både den territorielle og den personlege sida ved dei: Fleire tidlegare statsorgan var ikkje lenger underlagde krav som å nytte nynorsk i nynorskkommunar (til dømes jernbanestasjonar), noko som representerer ei svekking av positive *territorielle* språkrettar. Dei måtte heller ikkje produsere materiale på nynorsk og møte krav om å svare i same skriftspråk, noko som representerer ei svekking av positive *personlege* språkrettar. Såleis er målet om 'utviding' av verkeområdet for mållova i realiteten eit forsvar for etablerte territorielle og personlege språkrettar.

Mållovsmeldingane kom altså i liten grad med framlegg om nye verkemiddel; hovudsaka var påvising av manglar i forvaltninga av språkrettane i dei ulike statsorgana og å drøfte tilsynet. Dei handla dermed om korleis allereie etablerte tiltak og reguleringar kunne fylgjast betre opp og kvifor dei ikkje hadde fungert godt nok før. Me må kunne oppsummere endringane i språkrettane på kulturfeltet i perioden med at det vart ei viss innskrenking av etablerte positive rettar.

På den andre sida ser me frå starten av 1990-åra at staten støtta ei heller omfattande bygging av institusjonar som skulle styrkje nynorsk på ein eller annan måte. Somme slike særbehandlingsordningar for nynorsk er lanserte og drøfta med kulturmeldingane; framhald av økonomisk støtte til utgjeving av nynorsklitteratur, tilskot til støtte til/oppretting av Ivar Aasen-senteret og oppretting av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (på opplæringsfeltet). Somme særbehandlingsordningar for nynorsk er nok nemnde i materialet, men er lanserte og drøfta i statsbudsjetta (Norsk Ordbok) eller høyrer ikkje til sentralstaten sin språkpolitikk (Nynorsk mediesenter), og dei er ikkje førehava her.

Det er ingen tvil om at ein på kulturfeltet i denne perioden ser større grad av eigenverdiheimlar i den språkpolitiske argumentasjonen. Det gjeld argument som både botnar i eigenverdien til *norsk*, til *både nynorsk og bokmål* og til *nynorsk*. Departementet opererer med heimlar som uttrykkjer eigenverdien til nynorsk, i tillegg til eigenverdien til norsk, i den fyrste kulturmeldinga i perioden, i 1992. I mållovsmeldingane nyttar ikkje departementet heimlar som går på eigenverdien til *nynorsk* korkje i 1992 eller 1997. Stortingskomiteane gjer det likevel både i 1992 og i 1997, og i eit større omfang enn me såg i 1980-åra. Det er særleg argumentasjonen for det prinsipielle verkeområdet for mållova som er heimla slik, dette er då òg nesten å rekne som argumentasjon for mållova i seg sjølv. 2001 er det fyrste året *departementet* legitimerer denne ordninga med nynorskens eigenverdi.

Eit symptom på auka bruk av heimlar som peikar mot eigenverdien til nynorsk, finn ein i argumentasjonen for 25-prosentregelen. Som me hugsar, heimla mållovsmeldinga i 1987 argumentasjonen for 25-prosentregelen proseduralt, med rettferdsargument om at prosenttalet for nynorsk måtte vere om lag som prosentdelen nynorskkommunar. Fem år seinare, i mållovsmeldinga i 1992, finn me ei slags heilgardering. At 25 prosent av kommunane nyttar nynorsk er eit belegg for påstanden om innføring av regelen. Men det vert òg sagt at slike tal ikkje er avgjerande ettersom nynorskbrukarar er ein språkleg minoritet som treng støtte, noko som rettferdiggjjer forskjellsbehandling. I 1992 vert altså ordninga *også* legitimert med den kulturelle verdien til eit utsett mindretalsspråk. Så vert eigenverdiargumentasjonen tydelegare i 1997. No spør departementet om det er slik at nynorskbruken i staten til ei kvar tid skal svare til den faktiske bruken i samfunnet, eller om ein skal justere opp presentsatsen i staten i von om å støtte opp om meir nynorskbruk i samfunnet elles. 1997-meldinga går langt i å svare at det må vere eit statleg mål at fleire nyttar nynorsk som «privat bruksmål», altså få ein auke i nynorskbruken.



Men også i 1997 er argumentasjonen for 25 prosentordninga proseduralt heimla: Styrking av nynorsk i staten er ein *kompensasjon* for manglande jamstilling og skeivfordeling elles i samfunnet. Departementet argumenterer altså for nynorskstyrking *utan* nøytrale premissar som likebehandling og lik tevling, men også *med* desse premissane. Same ambivalens ser ein når meldinga tek opp skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål mellom ungdom. Departementet presiserer at tiltak for å styrkje norsk språk vil måtte ta omsyn til at nynorsk blir utsett for enda sterkare press enn bokmål. Då er det ei oppgåve «å vurdere korleis den språklege likestillinga best kan fremjast til kvar tid» (St.meld. nr. 13 1997–98: 32). Det er altså ikkje *nynorsk* som skal fremjast for å unngå språkpress, men *jamstilling*.

Me ser det same no som me gjorde i førre periode når det gjeld argumentasjonen for ‘engelskhindrande’ tiltak for *norsk* eller for nynorsk *og* bokmål eller tospråkssituasjonen: Her er det nesten berre eigenverdiheimlar og langt mindre prosedural og anna konsekvensialistisk heimling.

Større statusoppgåver til språkrådet er ei ‘ordning’ som vert framstilt som eit verkemiddel for norsk språk samla i minst like stor grad som for nynorsk, og argumentasjonen er då òg heimla i eigenverdien til norsk ålment. Spørsmålet om språkrådet var eit av dei store språkpolitiske spørsmåla på feltet i perioden, og opprettinga av det nye rådet hadde sjølv sagt stor relevans for forvaltninga av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål òg. På 1980-talet dreia Norsk språkråds statusarbeid seg mest berre om forvaltninga av norsk i høve til engelsk. At rådet no i praksis skulle ta del i den delen av statusplanlegginga som også galdt nynorsk og bokmål, gjorde det sjølv sagt til ein språkpolitisk aktør som per definisjon utfordra nøytralitetspolitikken.

*Målform* er framleis nytta som term i perioden, men det er no klart at det ikkje lenger er i tydinga ‘råstoff til eitt framtidig, (sam)norsk språk’. Frå 1997 ser me då òg uttrykk som «mangfald», «levande bruksmål», «skriftkultur» og «mindretalsspråk» bli nytta delvis som argumentasjonsbelegg, delvis som karakteristikkar av nynorsk. At nynorsken er *utsett* er eit viktigare poeng i 1997-meldinga enn i 1992. I 1992 ser me òg at komitéfleirtalet lagar ein motsetnad mellom omgrepet minoritet og omgrepet språkjamstilling – det meiner nynorsken ikkje kan kallast minoritetsspråk om det skal vere eit jamstilt språk. Seinare vert ikkje dette problematisert. Omgrepet *mangfald*, som i Kleveland si kulturmelding frå 1992 var reservert for kombinasjonen av norsk kultur og dei nye minoritetskulturane, er frå 1997 òg nytta om det nynorsk og bokmål representerer. Denne argumentasjonen for tospråklegheit skil seg frå

Vogt-komiteens på det viset at det no ikkje vert nemnt ulemper, berre føremoner med den toskriftspråklege situasjonen.

Me skal sjå på opplæringsfeltet. Ein kan kanskje seie at det vert ei utviding av positive rettar for nynorskelevar i og med at dei i perioden får rett til andre typar læremiddel på fyrstespråket sitt. Eg seier «kanskje» fordi dette helst må seiast å vere ei *presisering* av retten, på same måten som spørsmålet om verkeområdet til mållova: Parallellutgåveretten hadde i praksis vorte noko innsnevra fordi skuleverket i aukande grad hadde teke i bruk digitale verkty som ikkje eksplisitt var omfatta av den gamle regelen.

Elles er det ikkje endringar i ordningane på opplæringsfeltet, jamvel om Smith-utvalet forsøkte å gjere prinsipielle endringar i retning mindre utbygde positive ordningar. Likevel skal skiljet mellom barneskulen og ungdomsskulen atter nemnast: Grunnskulelovas paragraf 40 gjekk ut på at det berre var parallellklasserett på barnesteget, at eleven sjølv valde skriftspråk frå sjuande klassesteget og at elevane dei to siste åra i grunnskulen, altså i 8. og 9. klasse, skulle ha opplæring i baa skriftspråk. Grunnskulelova av 1969 bestemte altså at den territorielle ordninga med skulekrinsvise fyrsteskriftspråk vart avvikla i det elevane starta i 8. klasse (frå 1975 i 7. klasse). Dette systemet vart vidareført i den nye opplæringslova: Frå og med det som i dag er 8. steget og ut vidaregåande, er det som finst av språkrettar modifisert negative, med den positive retten til læremiddel og eksamen på fyrsteskriftspråket som viktige unnatak. Heller ikkje i denne runden kom alternativ på bordet, til dømes at element frå dei gjeldande rettane for elevar på barneskulen med territorielt val av opplæringsmål (røystingar, skule-/kommunestyrevedtak) også skulle gjerast gjeldande på ungdomssteget.

I dokumenta rundt den nye opplæringslova finn ein jamt over mindre omfattande argumentasjon for språkpolitiske verkemiddel enn på kulturfeltet. Det er kanskje ikkje så rart: Medan stortingsmeldingane om mållova faktisk handlar om språkpolitikk, inneheld dokumenta som tek føre seg opplæringslovgjevinga, fleire store sakskompleks. Det vert såleis mindre plass og tid til språkpolitikk i dokumenta og diskusjonane. Eit døme på det er når Smith-utvalet seier at retten til parallellklasse byggjer på «viktige språkpolitiske hensyn, på pedagogiske hensyn og på demokratiske hensyn» (Smith-utvalet 1995: 312). Desse omsyna vert ikkje utgreidde vidare, og i praksis refererer omgrepa til så store empiriske kategoriar at det er vanskeleg å seie kva som i realiteten er argumentasjonen her. Men også på kulturfeltet er argumenta komplekse på det viset: Orda i ytringane som fungerer som

belegg, har vid referanse og peikar i tillegg mot både eigenverdilegitimeringar, prosedurale og anna konsekvensialistisk legitimering på om lag same tid – iallfall ofte innanfor same grammatiske periode. Dette gjer 'innhaldet', som for min del tyder heimlinga, uklart.

Ein kan likevel slå fast at motsett kulturfeltet, er det på språkopplæringsfeltet lite eigenverdiheimling i perioden. For det kanskje mest kontroversielle språkpolitiske framlegget til Smith-utvalet, nemleg avgrensing av parallellutgåveretten til å berre omfatte utgjeving til lik pris, ikkje lik tid, vert det ikkje argumentert i det heile – korkje frå utvalet eller i arbeidarpårtiregjerings sin proposisjon. Det vil seie: Smith-utvalet argumenterer proseduralt for at parallellutgåveretten trengst, men gjer likevel ikkje merksam på at det har redusert denne retten. I sentrumsregjerings proposisjon frå 1998 er argumentasjonen for å vidareføre parallellutgåveretten med lik tid også heimla proseduralt, med jamstilling.

Smith-utvalet argumenterer i stor grad med økonomisk-konsekvensialistiske og styringskonsekvensialistiske heimlar. Kommuneøkonomi og kommunal drift generelt spelar ei større rolle enn tidlegare i vurderingar av språkpolitikk og språkrettar. Utvalets heimling for dei personlege språkrettane som *ikkje* fører statlege og/eller kommunale kostnader med seg, ser jamt over ut til å vere heimla i likestilling og like vilkår. Retten til lærebøker i grunnskulen på det språket som ikkje er default er «ubetinga» og bidreg til «språklig mangfold og likestilling» (Smith-utvalet 1995: 312). Her er altså omgrepet *mangfold* nytta om tilhøvet mellom nynorsk og bokmål.

1997-proposisjonen sluttar seg i svært stor grad berre til utvalet utan ytterlegare merknad. Også 1998-proposisjonen er nokså knapp og belegg fleire av ordningane i at dei har fungert godt eller at dei har lang tradisjon. Det er nok likevel rett å seie at proposisjonen frå 1998 nyttar fleire prosedurale heimlar enn konsekvensialistiske, noko me til dømes ser på læremiddelområdet, og at 1998-proposisjonen såleis skil seg noko frå Smith-utvalet og dermed òg 1997-proposisjonen når det gjeld språkpolitisk argumentasjon. Stortingskomiteen i 1998 fylgjer i stor grad departementet i 1998, men me kan merke oss at det ikkje vert argumentert for framlegget om gjeninnføring av den tidlegare mykje debatterte ordninga med foreldrerett i krinsrøystingar. Dei mest kontroversielle ordningane ser ut til å få minst argumentasjon.

Argumentasjonen for parallellklasseordninga er jamt over proseduralt heimla, kanskje med eit innslag av legitimering i nynorskens eigenverdi. Denne heimelen ser me elles tydeleg i komitéinnstillinga som gjeninnførte ålmenn røysterett i krinsspråksaker i 2000. Då vart det,

truleg for fyrste gong i historia til norske språkpolitiske styringsdokument, sagt at ålmann røysterett trengst for å ivareta nynorsk, medan bokmål vinn på foreldreretten. Dette er heimling som vekkjer ordskifte i Stortinget.

Ikkje ein gong når Smith-utvalet skal argumentere for retten til å halde på skriftspråk ved skulebyte, som i realiteten er eit tiltak motivert i å hindre individuelt språkskifte, er det nytta eigenverdiheimlar. Me skulle tru at utvalet her kunne stø seg på argumentasjonen til stortingsfleirtalet i 1979, som eksplisitt gjorde dette til eit argument for nynorsk (sjå kap. 15.6). Men det gjer det ikkje. I staden vert ordninga forsøkt legitimert pedagogisk, i at skifte går ut over elevane si meistring av (det tidlegare) fyrstespråket.

Det er òg den prosedurale heimelen som er nytta i Smith-utvalets argumentasjon for fritt språkval på ungdomssteget. Dette spørsmålet vert eksplisitt gjort til eit prinsipp om brukarstyring, ved at det er plassert i innstillingas kapittel om *brukarmedverknad*, ikkje *målformer i skulen*. Utvalet seier både at spørsmålet om språkval er så pass lite viktig at elevane *kan* avgjere det sjølve alt i 7. klasse, og også at dei *bør* gjere det. Dei argumenta som eventuelt måtte finnast *mot* ein personleg valrett før fylte 15 år vert ikkje drøfta. Grunnen til at spørsmålet i det heile er teke opp, er barnelova, ikkje språkpolitiske omsyn. Den same skorten på belegg ser me når språkpolitikken for vidaregåande opplæring vert drøfta. Det vert slege fast at det ikkje er grunn til å innføre fleire reguleringar ut over dei språkpolitiske føresegnene om læremiddel, eksamen og læreplan.

Så skal me over til spørsmål som knyter seg til læreplanen, det vil i praksis seie sidemålsordninga. Karakteristisk for argumentasjonen for dei språkpolitiske ordningane i dokumenta frå kvalitetsutvalet og kring stortingsmeldinga *Kultur for læring*, er at det korkje er nytta prosedurale heimlar eller eigenverdiheimlar. Korkje identitets-kulturelle tilhøve eller jamstilling er altså nytta som belegg. Me har tidlegare sett at den norske andrespråksordninga er proseduralt grunngeven, som eit likebehandlingstiltak. No nyttar i staden utval og departement pedagogisk-konsekvensialistiske heimlar (bra for elevane å sleppe sidemålsksamen), medan komiteen nyttar meir styringskonsekvensialistiske heimlar (ordninga vert dekt opp på anna vis). Stortingsmeldingas framlegg om Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er likevel delvis legitimert i nynorskens eigenverdi.

På tampen av denne oppsummeringa skal det kastast eit blick på omgrepsbruk i diskusjonane om sidemål, og då vert det òg vist til plenumsdiskusjonen i Stortinget i 2004. Dette ordskiftet kastar ljøs over framstillinga elles. Regjeringa Bondevik II og statsråd

Kristin Clemet si stortingsmelding frå same året omtalar sidemål konsekvent som eit eige «fag» som skal handsamast prinsipielt ulikt faget hovudmål. Hovudmål er det viktigaste faget, som skal ha si opplæring og si vurdering, medan sidemål er eit mindre viktig fag som dermed ikkje treng vurdering på same måten. Jamvel om stortingsmeldinga ikkje seier det eksplisitt, kan dette peike mot ei oppfatning av hovudmål og sidemål som to ulike språkfag i norsk opplæring.

I stortingsdebatten 17.6.2004 kom det til ein debatt om omgrepsbruk – både om omgrepet ‘jamstilling’ og terminologien ‘sidemål’/’hovudmål’. Regjeringa fekk kritikk frå Framstegspartiet fordi dei (likevel) ikkje gjekk inn for å avvikle sidemåleksamen i grunnskulen (St.tid. 2004: 3449). Som me hugsar, hadde Høgre i eit regjeringskompromiss gått frå full avvikling av sidemål i grunnskulen til ein felles eksamensdag med både hovudmål og sidemål, med med størst vekt på hovudmål (sjå kap. 20.2.19). Høgres Jan Olav Olsen svara Frp med å slå fast at sidemålet er eit «delemne» i det samla norskfaget, og «når kunnskaper i det samlede norskfaget skal måles gjennom eksamen, er det naturleg at de enkelte delemnene i faget blir målt» (St.tid. 2004: 3461). Høgrerepresentanten understrekar at det likevel ikkje må vere tvil om «at hovedspråket er det viktigste og må utgjøre den langt vesentligste del av eksamensoppgaven» (sst). I kraft av kompromisset var Høgre no bunde til at sidemål ikkje var eit *fag*, som tilliks med andre, mindre viktige fag ikkje må ha skriftleg eksamensvurdering, men at det var eit *emne* i norskfaget som dermed måtte prøvast i ein felleseksamen.

Dette kommenterer Inge Lønning frå Høgre ved å peike på det han kallar ei tilsynelatande sjølvmotseiing i norskopplæringa. Han hevdar at prinsippet om at dei to offisielle målformene skal vere *jamstilte*, seier noko anna enn terminologien hovedmål og sidemål: «Det er i seg selv en terminologi som i beste fall er uheldig, i verste fall direkte villedende for tanken.» (St. tid. 2004: 3464).

Det er verd å peike på at Lønning, som hadde som primærstandpunkt at all skriftleg sidemålsprøving må avviklast<sup>52</sup>, ser ut til å meine at termene hovudmål og sidemål er

---

<sup>52</sup> Jamfør resten av innlegget hans: «Etter mitt skjønn er det gledelig at vi tar et skritt i retning av å styrke og forbedre norskopplæringen, slik som vi gjør med denne meldingen. Jeg er overbevist om at særlig nynorsken er tjent med at man over tid reduserer volumet av syntetisk produsert sidemålsnorsk – om det er noe som garantert er en dødslinje for nynorsken, er det å fortsette den politikken – og at man isteden legger grunnen for en ny og fremtidsrettet politikk, hvor prinsippet bør være at ingen norsk borger i noen sammenheng skal tvinges til å skrive noen annen form for norsk enn den som vedkommende selv fritt har valgt, føler seg fortrolig med og behersker.» (St.tid. 2004: 3464).

uheldige. I så fall delte han synet til målrørsla, som gjennom 1990-åra hadde vore at desse termene burde bort fordi dei stod i vegen for «reell jamstilling» i norskopplæringa (NM 1997). Men Høgre sitt ærend i *Kunnskapsløftet* var å få gjennomslag for ei høgare prioritering av hovudmålet på kostnad av sidemålet, altså noko som målrørsla slett ikkje var samd i. Korleis kan det då ha seg at Inge Lønning delte målrørsla sin kritikk av omgrepa hovudmål og sidemål?

I prosessen i 2004 var omgrepet *fag* nytta i argumentasjonen for at sidemål ikkje skulle vurderast skriftleg, til liks med andre mindre viktige fag i skulen, medan *emne* var nytta i argumentasjonen for at sidemål skulle vurderast skriftleg til ein viss grad, til liks med andre norskfaglege emne, på ein samla norskeksamnen. Ein kan likevel tenkje seg at omgrepet *emne* opnar for andre endringar enn dei som vart gjort gjennom regjeringskompromisset i 2004. Å fjerne hovud- og sidemålsomgrepa kan opne for at 'det andre' skriftspråket vert redusert frå eitt av to *mål* som i kraft å vere *språk(fag)* nettopp skulle vere gjenstand for språkopplæring, inkludert praktisk meistring, til eit *emne* som ein skal lære *om* – på line med norskfaglege emne som norrønt og mellomnorsk. På den eine sida kan ein altså tolke omgrepa hovudmål og sidemål slik målrørsla gjorde: som ei mangelfull jamstilling mellom to likeverdige skriftspråk. Men på hi sida kan omgrepa òg tolkast som ei institusjonalisering av tospråksituasjonen i opplæringa, med ein minimumsgaranti til båe skriftspråk: Når du har eit *hovudskriftmål*, må du nødvendigvis ha eit *sideskriftmål*.

DEL V

FUNN OG REFLEKSJONAR





## 21 Introduksjon del V

Det overordna siktemålet med denne studien har vore empirisk: å kategorisere og analysere norsk språkpolitikk med utgangspunkt i omgrep henta frå nyare språkpolitikk- og språkrettsteori. Ambisjonen var å granske korleis norsk språkpolitikk har vore og er gjort, og korleis denne utforminga har vore og er legitimert. Innleiingskapitlet sa såleis at avhandlinga skulle drøfte om og korleis ulike språkpolitiske praksisar med ulike legitimeringar, men òg korleis like praksisar med ulike legitimeringar, kan seiast å konstituere norsk språkpolitikk. Eit uttrykt mål var òg å diskutere om den tidlegare språkpolitikken er med på å styre dagens språkpolitikk, særleg med tanke på det mindre brukte skriftspråket nynorsk (sjå kap. 1.1.2).

I tillegg har avhandlinga hatt eit teoretisk siktemål: å vurdere i kva grad omgrep og modellar frå språkpolitikk- og språkrettsteori som er utvikla med bakgrunn i andre språksituasjonar, er eigna til å analysere norske tilhøve og den norske forvaltninga av mindretalsspråket. Innleiingsvis vart det sagt at ein ambisjon med denne studien er å bidra til å relatere norsk språkpolitikk til det internasjonale forskingsfeltet (sjå kap. 1.1.2).

Desse siktemåla vart konkretiserte som fem problemstillingar (sjå kap. 1.1.3). Nummer ein og to dreia seg om kategorisering og opphoping av ordningar og heimlar:

1. Korleis kan dei språkpolitiske ordningane i eit dokument og/eller i ein periode kategoriserast?
2. Kva for argumentasjonsheimlar dominerer i eit dokument og/eller i ein periode?

Desse to problemstillingane var hjelpemiddel i analysane for å kunne sjå dokumenta og dermed periodane inn i den eine eller andre kategorien for språkpolitisk ordning eller argumentasjonsheimel. Såleis har dei vore forsøkt svare på i dei mellombelse oppsummeringane etter kvart analyserande underkapittel. Spørsmål om dei språkpolitiske *modellane* vart delvis behandla i dei ulike delavrundingane, men det er òg varsla at dei skal oppsummerast og konkluderast om her i siste drøftingsdel (sjå kap. 1.3). Dermed skal eg no resonnerer rundt og freiste svare på fylgjande problemstillingar:

3. I kva grad kan forvaltninga av nynorsk og bokmål karakteriserast som offisiell språkrettspolitik?

4. Finst det i ulike dokument og/eller periodar kombinasjonar av opphopingar av visse typar ordningar og visse typar argumentasjonsheimlar som gjer det rimeleg å karakterisere dokumentet eller perioden som nøytral språkpolitikk eller språksikringspolitikk?
5. I kva grad og korleis er tidlegare politiske ordningar og argumentasjonsheimlar framleis styrande for utforminga av norsk offentleg språkpolitikk?

Nummer tre og fire skal diskuterast ut frå både det empiriske siktemålet og det teoretiske siktemålet.

Det fyrste kapitlet nedanfor, kapittel 22, tek dermed føre seg spørsmålet om offisiell språkrettspolitik. Det har igjen to underkapittel: I «Empiriske funn og refleksjonar» vert det spurt om det er rimeleg å sjå forvaltninga av nynorsk som offisiell språkrettspolitik, medan det i «Teoretiske funn og refleksjonar» vert spurt om i kva grad modellen for offisiell språkrettspolitik er nyttig eller fruktbar for eit norsk materiale.

Slik er òg kapitlet om språknøytralitetspolitikk og språksikringspolitikk bygt opp, altså kapittel 23. Det har fyrst eit underkapittel om empiriske funn og refleksjonar. Dette spør om det er rimeleg å tolke forvaltninga av nynorsk som nøytralitetspolitikk og/eller språksikring ut frå rettstypar og opphoping av heimlar. Dessutan spør det om tolkingane av heimlar, og dermed doxa, er rimelege ut frå kva andre kjelder og sekundærlitteratur seier om feltet og perioden. Deretter kjem eit underkapittel om teoretiske funn og refleksjonar som stiller spørsmål ved fræveleiken til modellane.

Under kvart (under)kapittel om empiriske og teoretiske funn og refleksjonar skal det konkluderast om hovudfunn. Det er i desse konklusjonsavsnitta den femte problemstillinga skal svarast på. Diskutert her vert *samanhengen* mellom dei ordningane og heimlane som me har sett i tidlegare dokument, og dei me finn i dei nyaste dokumenta, altså ‘dagens’ språkpolitikk. I dei to empiriske konklusjonane vert det òg drege liner frå dokumenta mellom 1980 og 2005 fram til 2008-språkmeldingane *Språk bygger broer* og *Mål og mening*.

Det aller siste kapitlet, kapittel 24, tek føre seg verdien av studien min for framtidig forskning på norsk offentleg språkforvaltning og for LPP generelt.

## 22 Offisiell språkrettspolitikk

### 22.1 Empiriske funn og refleksjonar

#### 22.1.1 Offisielle rettar og tilpassingsordningar fram til 1980

Det gjev til ein viss grad meining å spørje om nynorskbrukarar har hatt og har *offisielle språkrettar* eller *tilpassingsrettar*. Som me hugsar, er dette ein modell eller eit omgrepsspar som har utgangspunkt i omgrepet *positiv språkrett*, som er ein rett som kjem i stand fordi offentlege styresmakter legg til rette for (eit) særleg(e) språk på særlege felt. Såleis er positive språkrettar noko anna enn *negative språkrettar*, som i prinsippet ikkje krev statleg tilrettelegging, og som dermed kan liknast med lingvistisk yringsfridom. Fenomenet *tilpassingsrettar* eller *tilpassingspolitikk* skil likevel omgrepet offisielle språkrettar frå omgrepet positive språkrettar: Tolketenester, rett til opplæring på eige språk dei fyrste åra i barneskulen og rett til språkleg tilrettelegging ved politiske val er alle døme på positive språkrettar, men dei har ikkje som mål å ta permanent vare på dei språka eller språkgruppene som er innrømde dette. Målet med desse rettane er i staden å avhjelpe ein vanskeleg kommunikativ eller pedagogisk situasjon *fram til* statens målspråk er meistra. Offisielle språkrettar kjem derimot i stand fordi styresmaktene godkjenner språket eller språka til rettshaldarane som verte å ta vare på på lang sikt.

Me såg at det i tida før 1885 delvis vart operert med, delvis diskutert det ein kan kalle positive rettar for elevar med norske dialektar og elevar som nytta landsmål. Dette var likevel tilpassingsordningar som skulle gjere situasjonen enklare for elevane med språk som avveik mykje frå bokspråket, og for lærarane deira. Ordningane skulle ikkje fremje eller styrkje norske talemål eller landsmål. Det meir eller mindre artikulerte målet for denne språkpolitikken var eit monolingvalt Noreg. Så endrar dette seg etter 1885 og særleg etter 1892 – det vert etablert positive *offisielle* rettar for både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar både på opplæringsfeltet og feltet offentleg teneste. Den viktigaste offisielle retten på opplæringsfeltet er nok retten til opplæring på både nynorsk og bokmål gjennom heile barnesteget, den viktigaste når det gjeld offentleg teneste, er nok retten til at staten nyttar og må produsere materiell på baa språk. På baa felte er dei offisielle rettane sette saman av ulike territorielle og personlege ordningar.

No skal ein ikkje langt ut på 1900-talet før det av innlysande lingvistiske årsaker ikkje gjev meining å lese materialet ut frå motsetnaden mellom offisielle språkrettar og ei tilpassingstilnærming for kommunikasjonsføremål. Det har gjeve meir meining å sjå på *utviklinga* av dei positive språkrettane (som altså er offisielle) for nynorskbrukarar. Vert dei endra, vert dei fleire, vert dei færre?

Det som då fyrst og fremst skal lyftast fram, er at dei territorielle ordningane som vart etablerte i 1892 (opplæring) og i 1930 (offentleg teneste) står trygt i heile perioden. Me snakkar då om krinsspråkordninga og kommunalmålordninga. Det same gjer dei personlege modifikasjonane av territorialiteten på opplæringsfeltet som vart etablerte før 1920 – det vil seie retten til lærebøker på det andre språket og til parallellklassar. Også den personlege modifikasjonen på feltet offentlig teneste som vart etablert i 1930; at ein har krav på korrespondanse med staten på føretrekt språk uansett kvar i landet ein oppheld seg, står seg. Sjølv sagt vert føresegnene noko justerte; særleg vert reglane for folkerøystingar og for parallellklasseoppretting meir spesifiserte utetter 1900-talet.

Prinsipielle endringar i etterkrigstida på opplæringsfeltet er: reglar om personleg fyrstespråkval i ungdomsskulen og vidaregåande, reglar om læremiddel, det vil seie parallellitetsprinsippet, dessutan òg om sidemålsopplæring på nivåa under gymnaset. Personleg fyrstespråkval etter barneskulen kan vanskeleg karakteriserast som ein positiv språkrett i seg sjølv, men det kan parallellitetsprinsippet for læremiddel og kanskje òg utviding av sidemålsordninga – iallfall om denne vert sett på som eit moglegeitsvilkår for andre positive språkrettar (at det offisielle Noreg prinsipielt meistrar båe skriftspråk). På feltet offentlig teneste/kultur skjer det lite i etterkrigstida før 1980. Rett nok vert Norsk språkråd etablert i 1971/72 med mandat til å vere meir statusplanleggjande enn forgjengaren Norsk språknemnd, men det har likevel ingen effekt på reguleringane på kultur- eller opplæringsfeltet før 1980.

### **22.1.2 Offisielle rettar for nynorskbrukarar 1980–2005**

Hovuddraga i dei territorielle ordningane som vart etablerte i 1892 og 1930, har altså vorte ståande, og det same gjeld dei personlege ordningane frå før 1920 (opplæring) og 1930 (offentleg teneste). Dei står like trygt i tidsrommet 1985–2005. Nemnt er òg at særleg reglane for folkerøysting og for parallellklasseoppretting vert meir spesifiserte utetter 1900-talet, noko også lovendingane i perioden 1980–2005 medfører. Det same kan seiast om den

nye mållova i 1980 – ho får òg langt meir spesifikke paragrafar. Men i stor grad er det her snakk om utbygging av detaljnivået innanfor einskildordningane.

I dette tidsrommet kjem ingen *nye* positive språkopplæringsrettar for nynorskbrukarar til. Elevar sin rett til ‘andre’, hovudsakleg digitale typar læremiddel på fyrstespråket må vurderast som ei presisering av at retten femner dei læremidla som skulen faktisk nyttar. Såleis vert ikkje dette her vurdert som ei utviding av eller ein ny positiv rett. Positive rettsordningar for nynorskbrukarar, retten til lærebøker til lik tid og retten til andre læremiddel på fyrstespråket, vert føreslegne fjerna i prosessen med ny opplæringslov på 1990-talet, men framlegget går ikkje igjennom i Stortinget. Skiljet mellom barnesteget med hovudsakleg positive rettar og ungdomssteget med hovudsakleg modifiserte negative ordningar vert sementert.

Når det gjeld kulturfeltet kan fylgjande reguleringar karakteriserast som nye, positive språkrettar: regelen om eksamenssett på både nynorsk og bokmål, regelen om at staten skal produsere minst 25 prosent av både nynorsk og bokmål i utetterretta materiell og kanskje òg den nye tilsynsstyringa for mållova. Språkrådet som vert oppretta i 2005, er ein del av dette tilsynet. Ein kan argumentere for at det på feltet offentleg teneste i denne perioden også skjer ei innsnevring av positive rettar for nynorskbrukarar, ettersom området for mållova vert krympa gjennom fristilling og privatisering.

Føresegner for nynorsk i Noreg, samisk i den norske delen av Sápmi (Todal 2002) og walisisk i Wales (Williams 2012) tener som tydelege døme på offisielle språkrettar for mindretalsspråk ettersom dei fleste brukarar av desse språka forstår majoritetsspråket like godt som minoritetsspråket, men *likevel* har ikkje-behovsprøvd og ikkje-kontekstavhengige rettar når det gjeld opplæring og offentleg språkbruk.<sup>53</sup> Så er det rimeleg å karakterisere den norske politikken for morsmålsopplæring for nye minoritetar som ei tilpassingstilnærming, ettersom denne opplæringa er behovsprøvd, situasjonsavhengig og knytt til individuell kompetanse i norsk (Hvistendahl 2009: 21).

---

<sup>53</sup> Dette gjeld sjølv sagt nynorskbrukarar i endå større grad enn walisisk- og samiskbrukarar.

### 22.1.3 Konklusjon og funn:

#### Status quo i hundre år, og ingen grunn til endring no heller

##### 22.1.3.1 Status quo i hundre år

Alt i alt er *stabiliteten* i rettane både på opplæringsfeltet og på feltet offentlig teneste slåande, og då snakkar me om stabiliteten heilt frå 1892 til 2005. I perioden 1985–2005 vert mange nye positive rettar for nynorskbrukarar *drøfta*, særleg det som har å gjere med ny informasjonsteknologi, nye medium og verkeområdet for mållova, men få av desse drøftingane får konsekvensar i form av nye føresegner. At det i tidsrommet vert etablert somme nye tiltak som på ymse vis kan seiast å fremje eller styrkje nynorskbruk, er ikkje relevant her. Dei kan ikkje karakteriserast som positive *reguleringar* og dermed ikkje som *offisielle rettar*, men som mindre permanente stimuleringsordningar. I den grad forskning bør streve etter å framheve kontraintuitive erkjenningar, kan rekontekstualiseringa av juridiske og politiske påstandar i dokumenta gjennom heile 1900-talet dragast fram som overraskande. Institusjonane og ordningane for nynorsk er i stor grad meir spesifiserte variantar av dei som vart etablerte for 120 år sidan.

##### 22.1.3.2 Ingen grunn til endring no heller

Ikkje mykje tyder på at denne konklusjonen hadde måtta vore endra jamvel om dei to store stortingsmeldingane om språk frå 2008 hadde vore inkludert i analysen. I *Språk bygger broer* er det kapittel 4.2, «Nynorsk i opplæringa» som tek føre seg dei relevante ordningane og argumentasjonen for dei (St.meld. nr. 23 2007–2008: 38–41). Meldinga foreslår ingen språkrettslege endringar. Her er tre konkrete framlegg: To av dei går på oppfylging og vurdering av den nye sidemålsordninga i LK06; det siste seier at nynorsk i opplæringa må styrkjast gjennom ein tiltaksplan frå det nye Nynorsksenteret. Planen skal ta utgangspunkt i desse hovudområda:

... nynorsk i hverdagen for barn og unge i barnehage og skole, nynorskopplæring som er motiverende og gir bedre læringsutbytte, kompetanseutvikling i nynorsk for lærere og førskolelærere, bedre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringa gjennom statistikk og forskning (St.meld. nr. 23 2007–2008: 41).

*Språk bygger broer* set såleis eventuelle nye eller endringar av ordningar direkte inn i ei didaktisk ramme, altså til Nynorsksenterets ansvarsområde. Om ein då ser på senterets *Tiltaksplan 2009–2012*, revidert i 2011, finn ein då heller ikkje framlegg om prinsipielle endringar når det gjeld offisielle rettar. Der er dessutan få ordningar som dreier seg om

elevar med nynorsk som fyrstespråk. For barnesteget vil Nynorsksenteret «Setje i gang prosjekt for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål» (Nynorsksenteret 2011: 4). For elevar med bokmål som hovudmål på ungdomssteget og i vidaregåande opplæring vil det «Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.» (s. 5). For elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomssteget og i vidaregåande opplæring vil senteret «Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.» Det er alt som er føreslege når det gjeld grunnskulen og studieførebuande vidaregåande, og ambisjonen til *Språk bygger broer* kan såleis karakteriserast som pedagogiske og didaktiske justeringar av etablerte ordningar, stort sett dei som gjeld elevar med bokmål som fyrstespråk.

Går me til *Mål og meining*, ‘Språkmeldinga’, finn me at meldinga *diskuterer* fleire reguleringar utan at det vert gjort endringar (St.meld. nr. 35 2007–2008). Dei kapitla i meldinga som har konkrete framlegg om ordningar som har med forvaltninga av nynorsk og bokmål å gjere, er kapittel 3, «Ny språkpolitikk – overordna mål og verkemiddel», kapittel 7, «Språkstyrking – eit komplett og samfunnsberande språk» og kapittel 9, «Nynorsk – status og korpus». Desse kapitla er oppsummerte med nærare 70 tiltak.

Jamvel om det er eit sentralt poeng i språkmeldinga at språkpolitikken må vere sektorovergripande og at Kulturdepartementet – og dermed språkmeldinga – har eit overordna språkpolitisk ansvar (St.meld. nr. 35 2007–2008: 85), er det ingen av desse tiltaka som grip inn i nynorskopplæringa i grunn- og vidaregåande skule. Det er eitt unnatak; eit framlegg om at «Departementet vil i samråd med Språkrådet bidra til tiltaksplanen for nynorsk i opplæringa som er varsla i språkopplæringsmeldinga frå Kunnskapsdepartementet.» (St.meld. nr. 35 2007–2008: 85).

Når det då gjeld kulturfeltet, går ingen av dei knapt 70 påstandane *ut over* å føreslå meir oppfylgning av, tilsyn med eller systematisering av gjeldande regelverk. Meldinga gjer i svært liten grad framlegg om innføring av, kutt av, utvidingar av eller innskrenkingar av etablerte språkrettar for nynorsk- og bokmålsbrukarar. Rett nok vert det føreslege ein fullstendig gjennomgang av heile mållova og dessutan at det bør vurderast å lage ei ny språklov. Når det slik vert gjort framlegg om å ta heile lovverket opp til vurdering, hadde det vore nærliggjande å dra fram kva i lovgjevinga som ikkje fungerer som det skal eller

som av prinsipielle årsaker burde *endrast, først inn i* eller *takast ut av* språklovgevinga. Men det er ikkje ut frå slike drøftingar og påpeikingar av veikskapar ved ordningane og reguleringane desse framlegga kjem. Eit unnatak er kanskje spørsmålet om verkeområdet, der meldinga gjer framlegg om at «Departementet vil senda på høyring eit framlegg til avklaring av verkeområdet for den noverande mållova tufta på dei same avgrensingskriteria som i den nye offentleglova.» (St.meld. nr. 35 2007–2008: 51). Det peikar mot ei mogleg reguleringsendring. Likevel er den overordna konklusjonen ein må trekkje frå *Mål og meining* og *Språk bygger broer* at norsk språkpolitikk for nynorsk og bokmål skal liggje fast og vere som han er, men at han skal gjennomførast med større styrke og konsekvens. Det trengst ingen kursendringar, berre meir fart.

## 22.2 Teoretiske funn og refleksjonar

### 22.2.1 Problematisering av offisiell språkrett-modellen

Skiljet mellom tilpassingsrettar og offisielle språkrettar innanfor Heinz Kloss sin kategori *styrkingsrettar* er eit teoretisk poeng, og modellen kastar òg ljøs over den norske empirien: Han understrekar at norsk språkpolitikk vanskeleg kan karakteriserast som språknasjonalistisk *konvergenspolitikk* som den teoretiske litteraturen bestemmer denne. Brukarar av mindretalsspråket nynorsk vert heilt frå 1892 innrømde offisielle rettार, ikkje berre tilpassingsrettar. Dette kan kanskje sjåast som paradoksalt, ettersom det heller har vore regelen enn unntaket at granskingar av norsk språkpolitisk debatt på 1800- og 1900-talet har nytta teoriar om nasjonalisme for å ljossetje materialet sitt (Haugland 1985, fleire arbeid i Sørensen og Hemstad 1998, Sørensen 2002, Hyvik 2009, Hoel 2011). Medan både dei politiske partia og språkorganisasjonane har drive kulturnasjonalistisk språkpolitikk, gjer altså ikkje den norske staten det i *statusplanlegginga*.

Som me har sett, hevdar fleire teoretikarar at offisielle språkrettar for mindretalsspråk kjem som resultat av at språket/språka er vorte sannkjend(e) med ‘konstituerande’ verdi for språksamfunnet. Teorien er at ikkje-tilpassingspolitikk garanterer ein permanent status for mindretalsspråka og dermed prinsipiell fleirspråkpolitikk (sjå kap. 4.3.1). Den som ser den norske staten etter 1885 berre ut frå sine språkrettslege og språkpolitiske institusjonar og ordningar, ser styresmakter som fremjar, vernar og styrkjer også det som i vår samanheng er det mindre brukte språket, altså nynorsk. Mellom dei ikkje så svært mange fagfolka som har kommentert norsk offentleg språkpolitikk, har det då òg vore hevda at det lenge har vore



knytt eksemplarisk mange og positive språkrettar til nynorsk og nynorskbrukarar (Skutnabb-Kangas 2002).

Som drøftinga ovanfor viser, er det jo òg riktig at det har vore positive rettår for nynorskbrukarar på kulturfeltet og på delar av opplæringsfeltet gjennom heile 1900-talet. Men likevel er det drag ved den norske empirien som strittar imot offisiell språkrett-modellen. *Føremålet* for norsk offentleg språkplanlegging har jo gjennom størstedelen av den granska perioden ikkje vore tospråklegheit, men samnorsk eittspråklegheit. Målet for både korpus- og statusplanlegginga var å leggje grunnlaget for at bår skriftspråk skulle få høve til å gjere seg gjeldande i ein overgangsfase, anten fram mot at eitt av dei to tevlande språka gjekk av med sigeren, eller (helst, frå kring 1910) ved at dei smelta saman. Trass i at norsk statusplanlegging gav nynorskbrukarar positive rettår, levde skriftspråket nynorsk (og bokmål) utrygt under ei korpusplanlegging som strevde mot monolingval samnorsk. Dette viser at offisielle språkrettår til eit mindretalsspråk ikkje i seg sjølv garanterer for ei fleirspråkleg framtid eller permanent ivaretaking av dei aktuelle språka som fell inn under reguleringane.

### **22.2.2 Konklusjon og funn: Ikkje tilstrekkeleg modell**

Styresmaktene legitimerte ikkje dei omfattande reguleringane for nynorsk utover fyrste delen av 1900-talet med at nynorsk har identitetsverdi for brukarane sine. Dei fyrste lovene vart naturlegvis kjempa fram av målrørsla for å gje landsmålet/nynorsken rom, men *staten* legitimerte desse rettane prosessuelt og strategisk. Som me har sett, viser det seg jo at offisielle språkrettår for fleire språk kan sameinast med ein offentleg *nøytral* statuspolitikk i kombinasjon med eittspråkleg korpuspolitikk. Men dette strategiske, prosessuelle, og dermed ikkje-permanente med dei norske språkrettane får me ikkje grep om med offisiell språkrett-modellen. Han hjelper oss ikkje med å sjå det normative grunnlaget for ordningane og reguleringane. Me treng altså modellar som òg tek høgd for korleis det vert *argumentert for* offisielle rettår, for å kunne avgjere om dei primært er designa for å sikre nynorsk som offisielt språk eller ikkje.

Det kan vere fleire årsaker til at teorien om og modellen offisiell språkrettspolitikkk ikkje yter nok til materialet mitt. Den viktigaste er truleg at dei fleste teoretiske arbeida som er nytta i kapitlet om språkrettsleg og språkpolitisk teori, primært er innretta for å fange samtidige og etter måten stabile situasjonar med eit/fleire dominerande språk og eit/fleire mindre brukt(e) språk, der dei politiske og rettslege spørsmåla går på i kva grad

mindretalsspråk skal utstyrast med vern mot ytterlegare marginalisering. Dei baserer seg òg på at språknormene er etter måten stabile og at omfattande korpusplanlegging er eit tilbaketilgang stadium. Såleis har dei problem med å fange skriftspråkbruks- og skriftspråknormsituasjonar i stor endring, som den norske på 1900-talet.

## 23 Språknøytralitet og språksikring

### 23.1 Empiriske funn og refleksjonar

#### 23.1.1 Nøytralitetspolitikk fram til 1980

Nøytralitetsmodellen tek utgangspunkt i ein språkpolitikks (eventuelle) prosedurale argumentasjon og spør om denne står positive eller negative rettar. Er den prosedurale argumentasjonen ein argumentasjon for positive rettar, har eg kalla det *raus rettferd*, etter Joseph H. Carens sitt omgrep «evenhandedness». Er den prosedurale argumentasjonen ein argumentasjon for negative rettar, har eg kalla det *velmeinande likesæle*, etter (mellom anna) Will Kymlickas omgrep «benign neglect».

Som gjenteke og oppsummert i førre kapittel, viser materialet at norsk språkpolitikk i heile den granska perioden gjev nynorskbrukarar positive rettar. Analysen viser òg opphoping av prosedurale heimlar fram til 1980. Infererte premisser som peikar mot rett og rettferd, er jamt over bestemte som prosedurale, også når det gjeld rett og rettferd for kollektiv og samfunn. Såleis er det freista vist at territoriale tilnærmingar kombinert med demokratiske val på lokalt nivå står sentralt i den norske varianten av den rause rettferda. Staten har delegert språkvala til lokaldemokratiet, og på det viset reflekterer den språklege nøytralitetspolitikken lokalsamfunnet og lokaldemokratiet sin status i norsk politikk og samfunnsliv. Som me har sett, seier teorien om raus rettferd at alle språk (for den aktuelle språkpolitiske forvaltninga, i den same jurisdiksjonen) i så stor grad som mogleg skal behandlast likt, både rettsleg og ressursmessig. Ein språkpolitisk raus og rettferdig stat godkjenner at språkleg identitet og kultur er viktig for folk og vil dermed leggje til rette for at språkbrukarar og språkgrupper kan arbeide for språka sine, men han vil ikkje ta stilling til eller verke til utfallet av dette arbeidet.

Men som nemnt både innleiingsvis i del I (sjå kap. 5.3.5.3) og i analysen (sjå kap. 10.2.1.2, òg for fleire kryssreferansar), kan tolkinga av demokrati- og rettferdsheimlar som prosedurale, og dermed av språkpolitikken som nøytral, problematiserast. Fleire stader i analysen vert det spurt om det no verkeleg er prosessuelle mål om rette prosedyrar som ligg til grunn for argumentasjonen, altså om det kanskje er meir rimeleg å tolke dei aktuelle heimlane som substansielle mål om ei *bestemt* demokratiform. Denne tolkingsvansken skal

no drøftast i ljøs av korleis ein handfull norske historikarar teoretiserer over ulike syn på demokrati og politikk etter 1885.

Tidlegare er det referert til skulehistorikaren Hans-Jørgen Dokka når det gjeld dei fyrste skulelovene. Dokka har greidd ut om korleis grunntankane om lokalsamfunna sin status i folkeskuleprogrammet og dermed òg språkopplæringspolitikken var knytte til ålmenn demokratiutvikling:

De [grunntankene] hørte så nøye sammen med de ideer som førte til det politiske systemskiftet i 1884, at de måtte seire sammen med dem. Den folkestyrereform som da ble gjennomført, banet med selvfølgelighet veien for folkeskuleprogrammets sentrale idé, at skolen skulle gjøres folkestyrt, dvs. at folket skulle gis ansvar for den fordi den bare da ville bli et fritt folk verdig og bare da i stand til å fylle sin oppgave i et fritt samfunn. Folkeskulelovene av 1889 ble således skrevet i tillit til det norske folks evne og vilje til å reise en barneskole som kunne trygge dets framtid. (Dokka 1967: 409).

Tilhøvet mellom sentralmakt og lokalstyre var eit gjennomgåande tema for norsk politikk etter 1814. Såleis skuldast nok den territorielle tilnærminga i målparagrafen av 1892 fyrst og fremst den generelle skulepolitikken, det vil seie krinsen og ikkje minst skulestyret si rolle i skulestyringa. Venstre ville ha meir makt til dei lokale demokratiske nivåa, og dermed vart språkpolitisk avgjerdskompetanse lagt til det nyskipa krinsmøtet og til skulestyra som hadde eit sterkare innslag av folkevalde medlemmer enn den gamle skulekommisjonen. Når ein skulle innføre høve til språkval lokalt, var det opplagt for Venstre at dei etablerte lokale styringsorgana for skulen også skulle ta seg av dette. Ein viktig kontekst for målparagrafens territorielle hovudprinsipp er altså den sterke stillinga som det kommunale, folkevalde skulestyret generelt vart gjeve i folkeskulereforma i 1889. Prinsippet om å delegere val av språk til skulestyra og kommunane stod i nær samanheng med generelle folkesuverenitetsidear om desentralisering av makt til 'folket', i praksis heradsstyra og lokale folkevalde organ.

På mange vis kan dette sjåast på som ein språkpolitisk strategi for pluralisme og mot maktmonopolisering, og dermed vil somme karakterisere dette demokratisynet for liberalt. Skule- og språkhistorikaren Kjell Haugland karakteriserer til dømes Venstres argumentasjon for at Stortinget skulle gje økonomisk støtte til litteratur på landsmål frå 1894 som *liberalistisk*. Komitéordføraren i Stortinget, målmannen Jakob Sverdrup, «grunn gav

løyvingsframlegget med det tradisjonelle kulturliberalistiske argumentet: Språkformene måtte sikrast like vilkår i tevlinga», skriv Haugland, og hevdar vidare at denne kulturliberalismen var ei sentral norm for utforminga av dei språkpolitiske ordningane (Haugland 1985: 170). Grunnen til at Venstre kunne stø så hugheilt opp om desse ordningane, var

...dei sterke innslaga av liberalistisk tankegods i ideologien til partiet. Det samlande og forsonande omgrepet i språkpolitikken var frå utgangspunktet *like vilkår*: Styresmaktene plikta å leggje forholda til rette, slik at dei to målformene fekk konkurrere fritt, utan tvang til nokon kant. Det framtidige norske språket måtte skapast i ein prosess der alle element fekk utfalde seg fritt og yte sine tilskot. Staten si oppgåve i språkpolitikken vart dermed å sikre partane like vilkår, utan å styre utviklinga. Så ville livet sjølv gje det endelege resultatet. (Haugland 1985: 223f).

Haugland ser altså ut til å bruke omgrepet liberalistisk om det som i denne avhandlinga er kalla *proseduralt*, og meiner vidare at det var denne liberalismen i store delar av Venstre som var grunnlaget for usemjene om og motstanden mot innføring av obligatorisk sidemålsopplæring internt i partiet (sst). Men Hauglands omgrepsbruk er problematisk; han gjer ikkje klart kva som i dette tilfellet kan vere alternativet eller motomgrepet til 'liberalisme'. Sjølv har eg hevda at prosedurale premisser òg tener som heimlar *for* den tidlege sidemålordninga – ho er belagt med jamstilling og likebehandling av språk og språkbrukarar. Argumenta for og mot sidemålsordningane i perioden fell på ingen måte identifiserbart ned i dei (ikkje-)liberale/liberalistiske posane. I det store og heile er det vanskeleg å få auga på offentleg argumentasjon etter 1885 som står i motsetnad til det Haugland kallar *liberalistisk*.

Sett bort frå denne innvendinga, kan det likevel førebels oppsummerast at analysane mine fylgjer eller stadfester Hauglands idéhistoriske skisse. I pionertida til norsk språkpolitikk fører styresmaktene ein prosedural argumentasjon på det viset at dei fyrst og fremst syter for legitime demokratiske, og då særleg *lokaldemokratiske* prosessar. Det vedkjem ikkje styresmaktene om det eine språket styrkjer seg på kostnad av hitt dersom det er eit utslag av like vilkår og rettferdig tevling.

Dette står i ein viss motsetnad til korleis Rune Slagstad oppfattar Venstres demokratisyn før 1900. I tradisjonen etter Montesquieu og Tocqueville er desentralisering ein føresetnad for liberal politisk fridom, seier Slagstad, det er prinsipielt slik at motmakt tem makt (Slagstad

2011: 469). Men han meiner ein skal vere varsam med å presse dei prinsipielle sidene ved den norske bondeopposisjonen langt i denne retninga: Motstanden mot sentralmakta kom i høg grad av at denne vart oppfatta som å liggje i *embetsmennene* sine hender. Såleis vil Slagstad ikkje karakterisere den norske venstrerørsla før 1900 som liberal, men *kommunalistisk*. Når til dømes Ole Gabriel Ueland nokre tiår før den nye folkeskulelova ville overføre avgjerdsmynde frå sentralstat og embetsverk til kommunar og folkelege ombodsmenn, var det fordi han var oppteken av kvar einskild sin fridom til å ha mest mogleg påverknad på samfunnsspørsmål. «Tilsvarende kan en trolig si om Johan Sverdrups interesse for den kommunalistiske idé», skriv Slagstad, som oppsummerer at «Begrunnelsen for kommunalismen [var] snarere deltakerdemokratisk enn liberal» (Slagstad 2011: 470). Slagstad kan forståast slik: Ei verdi- og resultatbasert fremjing av folkesuverenitetstankar og deltakardemokrati er i denne samanhengen kommunalistisk. Ei *liberal* demokratioppfatning vil avvise deltakardemokrati som doktrine og politisk mål, men ynskjer likevel politiske prosessar som legg til rette for størst mogleg deltaking for å sikre moglegheit for opposisjon eller dissens som prinsipielle maktkorrektiv (Slagstad 2011: 191).

Slagstad hevdar vidare at den kommunalismen som låg til grunn for nyinstitusjonaliseringa av norsk folkeskule i 1887, fekk eit ekko i rådande styringsideologi på skulefeltet etter hundreårsskiftet og fram til andre verdskrigen. Denne ideologien har Slagstad kalla «folkedannelsen», og der var lærarskulerektoren i Volda, Erling Kristvik, ein leiande figur (Slagstad 1998: 99–108). Skulefolk som Kristvik såg samfunnet som eit pedagogisk rom og ville utvikle det «pedagogiske samfundssyn». Basisen for samfunnet var i Kristviks tenking dei tillitsskapande relasjonane som hadde ankerfestet i dei nære fellesskapa i kvardagslivet, meiner Slagstad: Samfunnet skulle byggjast frå «familieheimen» gjennom «skuleheimen» til «folkedaningsheimen» og til den store «livsheimen». Kristvik formulerte eit program for ein sosial reformpedagogikk og nasjonal integrering der pedagogikken meir eller mindre var ein del av kulturpolitikken. Dette var ei sentral pedagogisk tenking i Venstre-staten, som Slagstad kallar perioden frå 1884 til 1940 (Slagstad 1998: 93). Men tenkinga prega òg somme av Arbeidarpartiets skuleideologar, som Nils Hjelmtveit og Kaare Fostervoll, kyrkje- og undervisningsministrane rett før og rett etter krigen (Slagstad 1998: 318ff).

Slagstad karakteriserer dermed Kristvik som ein tidleg norsk forløpar for den kommunitarismen som altså fekk eit gjennombrot særleg i Nord-Amerika på 1980-talet (Slagstad 1998: 103, sjå kap. 4.1.2). Kristvik-tradisjonen står i eit motsetnadstilhøve til både den liberale individualismen og den utilitaristiske nyttetenkinga, meiner Slagstad (s. 102),

og han kallar tradisjonen både «folkedannelsens handlingsideologer» og «stedets pedagogikk» (s. 103–104). Det kommunitaristiske og det liberale refererer såleis til to idéar som etter Slagstad har vore formande i det norske systemet: «Den ene tradisjon kan festes til den borgerlige revolusjon og dens idé om like rettigheter for alle, den andre tradisjon til den romantiske revolusjon og dens forestilling om det enkelte folks særpreg» (Slagstad 2011: 462).

At den norske venstrestaten heldt seg med ein Rousseau-inspirert folkestyreideologi er plausibelt. Men dette medførte ikkje nødvendigvis ein ikkje-liberal *retts*filosofi, om me held oss til omgrepa i Rawls-tyding (sjå kap. 4.1.1), og det påstår heller ikkje Slagstad. I andre arbeid ser han iallfall ut til å meine at den norske rettstenkinga dreia frå å vere hovudsakleg liberal til hovudsakleg normativ om lag ved andre verdskrigen, det han kallar «realismens triumf» (Slagstad 2011: 308ff). Slagstad vert støtta av Erling Sandmo her (Sandmo 2005: 506). Slik ser dei båe ut til å slutte seg til Jens Arup Seips påstand om norsk rettstenkings fire fasar, som seier at den tredje fasen, frå 1884, var prega av *rettsleg autonomi*. Idealet for lovtolkingane var at politiske omsyn, *realitetane*, ikkje skulle få fungere som rettslege premissar. Det vurderer Seip som uheldig, som ein kjepp i demokratiets hjul (jf. Sandmo 2005: 505).<sup>54</sup> Lovverket var i denne fasen til for det *rette*, i praksis det liberale prinsippet, altså negative, individuelle rettar. Det var ikkje til for det *gode*, altså kollektivt bestemte verdiar.

Både Slagstad og Sandmo markerer usemje med Seip på fleire punkt når det gjeld tolking av idear i norsk juss og politikk, men båe ser altså ut til å vere samde med han om kriterium for periodisering av norske rettssyn. Sandmo meiner rett nok at kategorien *reelle omsyn* er problematisk – dette har i praksis alltid vore ein del av det rettslege vurderingsgrunnlaget, hevdar han (Sandmo 2005: 510). Såleis kan òg distinksjonen mellom *det gode* og *det rette* i retts- og politikkteoretisk samanheng vere uhandterleg. Viktigast her er likevel Sandmos understreking av at individuelle, borgarlege rettar stod mest sentralt i dommarane sine vurderingar av «resultatets godhet» ved inngangen til det 20. hundreåret (s. 510), men at norsk rett i mindre grad fylgde «sitt kall som liberal institusjon» på 1920- og 1930-talet, og at 1935 er eit vendepunkt (s. 513).

---

<sup>54</sup> Heilt konkret var det Høgsteretts prøvingsrett etter 1884 som Seip skildrar som ein slik kjepp.

Skal ein fylgje og vidareføre Rune Slagstads teoriar om demokratisynet til den tidlege norske venstrerørsla over i det språkpolitiske, bør ein altså kanskje ikkje tolke språkpolitikken som vart etablert etter mønster av skule- og kommunalpolitikken i 1885/1892 som liberal, men kommunalistisk/kommunitaristisk. Det vert ikkje primært argumentert for prosedural *desentralisering* og *delegering* av makt, men for substansiell *makt til lokaldemokratiet*. Såleis kan ein altså spørje seg om det som i denne avhandlinga er tolka som prosedural heimling av argumentasjonen for territoriale og lokaldemokratiske ordningar, heller må sjåast på som *konsekvensialistiske* heimlar for lokalt deltakardemokrati.

Går ein på den andre sida inn i teoriane til Slagstad og Sandmo om venstrestatens *rettstenking* før 1930-40, finn ein argument for å sjå språkrettane som var etablerte etter mønster av skulelovgjevinga som *liberale*, altså prosedurale.

Kor som er: Om somme eller fleire av heimlane som her er tolka som prosedurale, i staden burde vore klassifiserte som til dømes integrasjonskonsekvensialistiske, endrar ikkje dette nødvendigvis konklusjonen om at tiåra etter 1885 er merkte av språknøytralitetspolitikk. I alle høve er det Slagstad kallar den kommunitaristiske idétradisjonen med «dens forestilling om det enkelte folks særpreg» i liten grad indeksert av kulturelle eigenverdiheimlar i statleg språkpolitisk argumentasjon i tidsrommet. Balansen mellom eigenverdiheimlar og andre heimlar vil altså uansett vere den same, og det er dette som er viktig i høve til grenseoppgangen mot språksikringspolitikk.

Om heimlane no *jamt over* ikkje er prosedurale, men integrasjonskonsekvensialistiske, skal eg likevel vedgå at materialet frå perioden kunne vore tolka som konvergenspolitikk i staden for nøytralitetspolitikk. Den låge graden av tilpassingspolitikk og den høge graden av offisielle språkrettar for nynorskbrukarar talar imot, men kunnskapen vår om det endelege føremålet for norsk språkpolitikk gjennom korpusplanlegginga talar for.

Til sjuande og sist er likevel konklusjonen her at det *ikkje* er urimeleg å tolke dei aktuelle heimlane i materialet frå perioden som prosedurale og språkpolitikken som nøytral. Den viktigaste innvendinga mot konklusjonen om at nøytralitet prega norsk offentleg språkpolitikk alt frå 1885, er altså Slagstads oppfatning om at venstrestatens doxa («kunnskapsregime», som han kallar det) då var kommunalistisk, ikkje liberal. Men her skal det minnast om at Slagstad har ei heilt anna metodisk tilnærming til stoffet enn meg, og dessutan òg ein annan forskingsgjensstand. Han analyserer ikkje primært *argument*, men aktørars *motiv* og gjennom dei idéhistoriske straumar. Frå eit perspektiv om kva som var



overordna føremål og *tildriv* for venstrerørsla, kan tolkinga av henne som kommunalistisk/kommunitaristisk vere rimeleg. Men dette står ikkje i motsetnad til mine slutningar om språkpolitisk forvaltningsdoxa: Politikarane sine overordna målsetnader om språkpolitisk folkesuverenitet, eventuelt kommunitarisme, kan likevel vere proseduralt heimla i statens dokument.

Tolkinga av heimlane som indeksar på doksisk nøytralitet i språkpolitikken frå tidleg 1900-tal, kan hente støtte frå Slagstads lesing av samtidas korpusplanar: Samnorsk var eit prosjekt «som gjennom teknokratisk ekspansjon virket uttørrande på den demokratiske folkelighet», meiner han (Slagstad 1998: 332). No kan ein jo spørje Slagstad om korleis dette kunne skje i venstrestatens folkedanningsheim med folkesuverenitetsideala i den romantisk-ekspressive idétradisjonen. Han svarer ved å understreke det *tvitydige* ved venstrestatens kunnskapsregime. Den ekspanderande statsmakta som var karakteristisk for venstrestaten, fekk eit modernisert uttrykk ved gjennombrotet for ein ny samfunnsvitskapleg tenkjemåte, det Slagstad kallar «neue Sachlichkeit» (Slagstad 1998: 163ff). Denne nye saklegheita vann fram på 1930-talet, men hadde føregangsmenn fleire tiår før; menn som argumenterte for «en samfundets naturlære», som såg rettferdskrav som tekniske reknespørsmål og politikk som «sosial ingeniørkunst» som skulle «omformes til administrasjon» (Slagstad 1998: 166).<sup>55</sup> Jamvel om desse nye samfunnsvitskaplege tenkjemåtane ikkje festa seg «i samfunnskroppen» før etter andre verdskrigen (s. 168), meiner Slagstad altså at det alt i 1930-åra var etablert eit politisk ideal som sa at det som skulle gjerast, måtte gjerast i samsvar med den vitskaplege kunnskapen. Den røynlige språkpolitikken var den som dreia seg om korpus, ettersom korpusplanlegging, i motsetnad til statusplanlegging, kunne styrast 'objektivt' og etter påståtte vitskaplege lingvistiske kriterium. Såleis gjekk den språkpolitiske nøytraliteten inn i periodens positivistiske vitskapsdoxa.

Dette var eit (vitskaps)ideal òg for pedagogisk tenking og opplæringspolitikk frå og med krigen, skal me tru Slagstad, som skildrar etterkrigstidas skulepolitikk som løfta ut av politikken og overdrege den «pedagogisk-teknokratiske sakyndighet» (s. 324). Slagstads tolkingar stør såleis mine tolkingar av dei språkopolæringspolitiske heimlane som nøytralitetsindekserande. Me går attende til statsråd Kaare Fostervoll, Ap-mann i Kristvik-tradisjon, som frå 1935 til 1946 hadde sett Stortinget vedta skulereformer etter omfattande utgreiingsarbeid både for den høgre skulen, by- og landsfolkeskulen, lærarskulen,

---

<sup>55</sup> Sigurd Ibsen er den som særleg får lekamleggjere denne posisjonen i Slagstad 1998.

yrkesskulen og framhaldsskulen. Det var i tråd med Fostervolls tenking å ha ein sjuårig folkeskule og deretter eit val mellom realskular, yrkesskular, folkehøgskular og framhaldsskular (Slagstad 1998: 318ff). Ein ny generasjon sosialdemokratane utfordra Fostervoll og Kristvik-pedagogikken med bakgrunn i amerikansk pedagogikk basert på testpsykologi. Skulen skulle utviklast på grunnlag av forsøksverksemd basert på positivistisk vitenskaplegheit. Pedagogisk forskningsinstitutt i Oslo vart det faglege bruhovudet, og Forsøksrådet for skoleverket (1954) vart utstyrt med svært vide fullmakter til å leie reformarbeidet i skulen. Nøkkelpersonen i Arbeidarpartiet vart Helge Sivertsen, Gerhardsens mann og statssekretær i KUD 1947–56 og statsråd i same departement 1960–65 (s. 321). Medan Fostervoll og Sivertsen stod på kvar si skulepolitiske fløy i Arbeidarpartiet, fekk Sivertsen meiningsfeller som statsrådene Lars Moen (1948–53) og Birger Bergersen (1953–60). No vart det sett mykje kraft inn på å få gjennomført den niårige folkeskulen, og det var dette Sivertsen fekk på plass med folkeskulelova i 1959 og oppnemninga av folkeskulekomiteen i 1963 (s. 324). Skulereformene, og særleg den niårige folkeskulen, både føresette og fekk som konsekvens ei omfattande skulesentralisering i kommunane.

Både Fostervoll, Sivertsen og Moen var opptekne av å gjennomføre samnorskpolitikken, så skilnader i skulepolitisk syn medførte ikkje ulike syn på det overordna språkpolitiske målet. Men drivkrafta for å få gjort noko med skrantande oppfylging av mållova ser ut til å ha vorte borte då Fostervoll vart avløyst av Moen som statsråd i 1948 (sjå kap. 13.1). Det var elles òg Helge Sivertsen som i si statsrådstid oppnemnde Vogt-komiteen (1964). Viktigare her er det at med den pedagogiske retninga som Sivertsen og dei nye reformpedagogane i Arbeidarpartiet representerte, auka avstanden mellom opplæringspolitikken og generelle kulturpolitiske målsetnader: «Ved å forankre skulepolitikken i den vitenskapelige politikkk fikk den nye retning vitenskapelig legitimitet», seier Slagstad (s. 324). Dei språkpolitiske ordningane på opplæringsfeltet etter krigen og fram mot 1980 er då òg i svært stor grad belagt med styringsmessige og pedagogiske omsyn/brukarrettar – det siste vil seie rettार for elevar og foreldre. Dei er aldri grunngeevne med språkidentitet eller kollektive språkkulturelle verdiar.

### **23.1.2 Språksikringspolitikk 1980–2005?**

Språksikringsmodellen tek utgangspunkt i ein språkpolitikks (eventuelle) eigenverdiargumentasjon og spør om denne stør positive eller negative rettार. Er eigenverdiargumentasjonen ein argumentasjon for positive rettार, har eg kalla det

språksikring, etter Réaumes omgrep «linguistic security». Er eigenverdiargumentasjonen ein argumentasjon for negative rettar, har eg kalla det språklege menneskerettar, etter Patten og Kymlickas drøfting av «linguistic human rights».

Det er slege fast at positive (offisielle) rettar for nynorskbrukarar finst på kulturfeltet og opplæringsfeltet òg i perioden 1980–2005. Men *argumentasjonen* for desse rettane endrar seg. Analysen viser ein stor auke av eigenverdiheimlar mellom 1980 og 2005. Slike heimlar vert nytta både for norsk (i argumentasjon for ordningar som kan demme opp for engelsk), for nynorsk og bokmål til saman (også i argumentasjon for ordningar som kan demme opp for engelsk) og for nynorsk (i argumentasjon for ordningar som kan demme opp for både bokmål og engelsk).

For konklusjonane i denne granskinga, som gjeld forvaltninga av nynorsk og bokmål, er det opphoping av heimlar som peikar mot *nynorskens* eigenverdi som er mest interessant. Likevel kan nok stor grad av heimling som går på *norsk* sin eigenverdi seie oss noko om bakgrunnen for endringane i den offentlege legitimeringa av nynorsktiltak – me skal ikkje sjå bort frå at legitimeringsprinsippa i argumentasjonen for ordningar for norsk har vorte rekontekstualiserte til argumenta for ordningar for nynorsk. ‘Nynorsk-eigenverdiheimlane’ gjev i alle høve grunnlag for å karakterisere perioden 1980–2005 som *språksikringspolitikk*. Kapitlet som tek føre seg denne tida, heiter likevel «Mot ein språksikringspolitikk?», altså med spørjeteikn. Det skal no drøftast om det er rimeleg å sjå *heile* den offentlege forvaltninga av nynorsk i perioden som språksikring.

Fyrst til det kanskje minst viktige argumentet for at det ikkje er rimeleg. Som me har sett, seier språksikringsteorien at ikkje berre offisielle språkrettar er viktige for å permanent tryggje eit språk i ein stat eller jurisdiksjon, men at dette må kombinerast med ein artikulert offentleg aksept av dei interessene ei språkbrukargruppe har i å bruke og vidareføre språket sitt. Infererte premissar som peikar mot kulturelle verdiar eller identitetsinteresser for ei språkgruppe er jamt over bestemte som eigenverdiheimlar. Somme av heimelformuleringane som uttrykkjer kulturell verdi, har eg likevel vore i tvil om, særleg gjeld det dei som inneheld den positive evalueringa *mangfald* (sjå kap. 15.3.5.1). Spørsmålet er om dette dannar grunnlag for ein konsekvensialistisk heimel (at mangfaldsverdien står fram som eit universelt politisk-moralsk mål) eller ein eigenverdiheimel (at mangfaldsverdien er knytt til interessene til ei gruppe språkbrukarar). I somme få tilfelle i analysen har eg falle ned på det fyrste.

No kan ein seie det same om denne typen heimlar som er sagt om dei heimlane som både kan tolkast som prosedurale og konsekvensialistiske: Så lenge det er så liten grad av tilpassingspolitikk og så stor grad av offisielle rettar for nynorsk, og så lenge ein ser så pass mykje eigenverdiheimling som ein iallfall gjer etter 1990, vil det vere urimeleg å la moglegheita av noko meir mangfaldskonsekvensialisme avgjere at me *ikkje* her har å gjere med språksikring. Identifisering av mangfaldsargumentasjonen har likevel noko å tilføre studien: Det minner oss om at nye språkpolitiske sakskompleks som vert lanserte med mangfaldsargumentasjon, men utan positive rettar, ikkje er språksikrande.

Hypotetisk sett *kunne* dette ha vore tilfelle for fleire av dei nye saksområda på kulturfeltet, til dømes ny teknologi. Reelt sett ser me ikkje mangfaldsargumentasjon på dette saksområdet fram til 2005, men ein heil del eigenverdiheimling. Desse eigenverdiheimlane er likevel ikkje nytta som argumentasjon for positive rettar, men for meir uforpliktande målsetnader. At det er juridisk uforpliktande viljeserklæringar som vert legitimerte med eigenverdien til nynorsk, ser me innanfor fleire ordningar på kulturfeltet i perioden. Det utgjør ei litt kraftigare innvending mot å karakterisere heile tidsrommet (gjennom sine dokument) som språksikringspolitikk. Eigenverdiheimlar i kombinasjon med ikkje-rettar eller negative rettar kan i staden tolkast som ein type språkleg menneskerettstilnærming.

Det viktigaste argumentet mot å slå fast norsk offentleg forvaltning av nynorsk som språksikring mellom 1980 og 2005, er likevel argumentasjonen på opplæringsfeltet. Jamvel om det finst *meir* eigenverdiheimling her no enn tidlegare, er eigenverdiheimlane langt færre enn dei konsekvensialistiske og prosedurale. Det gjeld heile tidsrommet.

Eg meiner òg å ha funne at den språkpolitiske argumentasjonen på opplæringsfeltet no har fleire konsekvensialistiske heimlar enn tidlegare, på kostnad av prosedurale. Særleg tydeleg er det i Smith-utvalets innstilling. Noko av argumentasjonen for parallellitetsprinsippet for læremiddel her er økonomisk-konsekvensialistisk og styringskonsekvensialistisk heimla, framlegget om avvikling av krinsrøystingane er styringskonsekvensialistisk heimla, framlegget om at kommunen og ikkje foreldra fastset skule for språklege parallellklassar er økonomisk- og styringskonsekvensialistisk heimla, fritt språkval på ungdomsskulen er delvis styringskonsekvensialistisk heimla (språk er så pass uviktig at born ikkje treng foreldra sitt løyve til å avgjere fyrstespråk i skulen) og argumentasjonen for å endre sidemålsordninga etter tusenårsskiftet er pedagogisk-konsekvensialistisk heimla.

Slik konsekvensialistisk argumentasjon heng naturlegvis saman med *kva* som er føreslege: Om gjeldande positiv likebehandlingsrett skal innsnevrast eller fjernast, vil det i mange samanhengar vere urimeleg eller umogleg å legitimere det proseduralt eller med språkleg eigenverdi. I argumentasjonen kring sidemål i kvalitetsreformprosessen, til dømes, finst ingen prosedurale heimlar. Det fortel oss helst at styresmaktene no ikkje forsøker å etablere argumentasjon *for* ordninga, i motsetnad til heile perioden fram til 1990 – inkludert Vogt-innstillinga. Fritt språkval på ungdomssteget er døme på ei uendra ordning som tidlegare berre har vore proseduralt legitimert, men som no òg er substansielt legitimert med manglande ressursar.

Kan ein så finne støtte for tolkinga om at heimlane indekserer eit instrumentalistisk doxa på språkopplæringsfeltet? Det ser slik ut. Skulereformarbeidet som Helge Sivertsen leia i 1950- og 60-åra, hadde hatt som sentralt siktemål å få bukt med dei store skilnadene mellom kommunane, særleg mellom by og bygd, hevdar skulehistorikaren Gjert Langfeldt (2008: 43ff). Dette var ein del av den sosialdemokratiske utjammingspolitikken, og verkemidla var sterkare sentralstyring gjennom eit meir omfattande regelverk og bruk av øyremerkte løyvingar. Den store omlegginga av kommunepolitikken frå 1980-åra førte til ei kraftig endring av den statlege styringa for skulesektoren. Innføringa av det nye inntektssystemet for kommunane frå 1. januar 1986 og den nye kommunelova i 1992 overførte styringa av skulen til kommunane. Kommunane trong ikkje lenger ha eit skulestyre og heller ikkje ein skulesjef (1993), og den desentraliserte makta over skulestyringa vart samla hjå kommunestyre og rådmenn med vidare fullmakter enn før.

Dette var ein viktig bakgrunn for skulereformene i 1990-åra, også framlegga på det språkpolitiske feltet. Det er på denne bakgrunnen ein må forstå Smith-utvalets framlegg om å samle meir av den lokale makta over språkpolitikken hjå kommunestyret gjennom å avskaffe krinsrøystingane og gje kommunestyret og ikkje foreldra rett til å avgjere kva skule ein språkleg parallellklasse skulle skipast på. Når kommunane ikkje lenger fekk øyremerkte tilskot til parallellklassar, men måtte dekkje kostnaden over det ordinære kommunebudsjettet, var det ut frå dette styringssynet rimeleg at kommunestyret og ikkje foreldra valde skule. Sidan kommunane måtte bere kostnaden, hadde kommunane òg ei sterk interesse av å avgjere skulevalet.

Konsekvensen av kommunereforma var at staten måtte finne nye måtar å drive skulestyring på. Ein OECD-kommisjon evaluerte norsk grunnskule i 1988, og rapporten «fikk stor

betydning og kan sies å ha staket ut den overordnede retningen for mye av det reformarbeidet som nå ble initiert, faktisk helt frem mot St.meld. nr. 30 (2003–04) [Kultur for læring]», skriv Langfeldt (2008: 49). Maktrommet etter at regel- og budsjettstyring vart avskaffa, vart fylt med målstyring basert på måling av elevresultat og internasjonale testar.

Dette gjorde OECD, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling, til ein ny og viktig aktør i norsk opplæringspolitikk. Organisasjonen står bak PISA (Programme for International Student Assessment), som sidan 1993 har publisert rangerande, komparativ opplæringsstatistikk gjennom rapportane *Education at a glance* (Langfeldt 2008: 53). Den nemnde evalueringsrapporten frå 1988 stilte spørsmål om korleis norske skulestyresmakter kunne skaffe seg ei tilfredsstillande situasjonsbeskriving som grunnlag for utforming av utdanningspolitikk i ein skule som var så desentralisert som den norske. Ifylgje OECD burde det kompenseras for denne desentraliseringa ved å innføre statlege kontrolloppgaver. Det vart såleis slege fast at det måtte utviklast ein modell for evaluering av den norske skulen der dei ulike nivåa si rolle og ansvar vart klargjorte. OECD-kommisjonen gjorde framlegg om «prøver som kan gi sentrale myndigheter enn viss idé om kunnskapsnivået i norske skoler ... [som] kan være et verdifullt diagnostisk redskap hvis man bruker det forsiktig» (her etter Langfeldt 2008: 49). I St.meld. nr. 37 (1990–91) *Om organisering og styring i utdanningssektoren* vart OECD-evalueringa fylgd opp og evaluering og målstyring eksplisitt lanserte som utdanningspolitiske tema (Langfeldt 2008: 62).

Dette er altså bakgrunnen for kvalitetsutvalets framlegg om eit nasjonalt system for kvalitetsvurdering som skal bidra til å «ansvarleggjøre skoleeiere som den fremste garantist for gode læresteder» (Kvalitetsutvalet 2002: 9). Vekta skal liggje på elevane sitt læringsutbyte, som òg vert kalla resultat-kvalitet. Eit anna argument for vurdering av kvalitet er *accountability* (s. 24), som kan forståast som ei samfunnsmessig rekneskapsplikt eller rekneskapsansvar. Kvalitetsutvalet meiner dette må knytast til «en idé om at myndighetene har demokratisk rett til å kontrollere systemer som tjener et samfunnsoppdrag» (Kvalitetsutvalet 2002: 24, jf òg Stray 2010: 132).

Såleis kan statens freistnad på å vinne att styringa over skulen etter kommunereforma kaste ljós over det styringsdoxa som heimlane i opplæringslovgevinga i 1990-åra indekserer. Frå dette går det ei heller tydeleg line til den konsekvensialistiske argumentasjonen for endringar i sidemålsordninga i dokumenta tidleg på 2000-talet. Ein ville ha ned talet på

eksamenar, men ein rekna òg *fyrstespråket* som den grunnleggjande dugleiken som skulle resultatvurderast. Mindre tydeleg, men likevel verd å nemne, er det moglege motsetnadstilhøvet mellom norskfagets målbare grunnleggjande dugleikar på den eine sida og identitetsstadfestande eller identitetsproblematiserande føremål på den andre. Kvalitetsutvalet problematiserer då òg den ålmenndannande funksjonen til norsk skule og meiner det bør leggjast meir vekt på målretta basiskompetanse. Dersom språkopplæringspolitikken motset seg eigenverdiheimla argumentasjon, vert ikkje resultatet språksikring.

Om norsk språkpolitikk 1980–2005 kan tolkast som språksikring for nynorsk, må det i så fall vere med utgangspunkt i kulturfeltet. Her ser me altså klart meir eigenverdilegitimering, særleg frå 1990. Eg kan ikkje no by på *sekundærlitteratur* som støtte for tolkinga av at dei doksiske oppfatningane på kulturfeltet har endra seg, men nemnast skal nokre samfunnsdrag og kjelder som bidreg til å gjere tolkinga rimeleg.

Viktigast er kanskje den prosentvise nedgangen i bruksoppslutning for nynorsk jamført med bokmål. Når den norske skriftspråksosilogiske røyndomen no var så openbert annleis enn han var før krigen, kunne ikkje lenger alle reguleringar forsvarast som forsøk på å få til fri tevling og rettferd. Nynorsken var for svak til at det var mogleg. Dette medførte ein ny type statleg språkrettsargumentasjon, om vern eller styrking av nynorsk, eklatant uttrykt i omformuleringa av argumentasjonen for 25-prosentregelen frå 1987 (prosedural heimling) via 1992 (heilgardering) til 1997 (eigenverdiheimling). Eit anna ‘intern-norsk’ tildriv kan ha vore eigenverdiheimlinga av og den prinsipielle differensieringsposisjonen for *norsk* som me finn i norske styringsdokument alt på 1970-talet. For ordningar som skulle styrkje norsk mot engelsk, var det ikkje konsekvensialistiske eller prosedurale heimlar som vart nytta, men eigenverdiheimlar. Dette opna kanskje opp for eigenverdiheimling også for nynorskordningar.

Å tolke språkpolitikken for nynorsk på kulturfeltet særleg frå 1990 som eigenverdiheimla, er òg rimeleg ut frå det me veit om norske språksosilogiske faktum *i kombinasjon med* internasjonal fagleg og politisk interesse for mindretalsspråk. Som utgreidd i kapitlet om forskingstradisjonar i del I, auka denne interessa på 1990-talet (sjå kap. 3.2). Eit resultat var fleire internasjonale og europeiske avtalar om språkpolitikk og språkrettar, avtalar som den norske staten nødvendigvis måtte ta stilling til og involvere seg i. Ikkje fordi nynorsk skulle sikrast gjennom desse, men for å tryggje statusen til samisk, kvensk og andre gamle

minoritetsspråk i Noreg. Ein kan likevel sjå føre seg at belegga og argumentasjonsheimlane i dei internasjonale språkavtaletekstane kunne rekontekstualiserast til norske språkpolitiske styringsdokument som primært tok føre seg nynorsk og bokmål.

Førehavast skal no dei tekstane (avtalane) som fyrst og fremst utgjer norsk språkstyring si folkerettslege forankring, for å sjå om og korleis dei kunne fungere som kjelder til dei nye språkpolitiske argumentasjonsheimlane etter 1990. Dei sentrale dokumenta er SN (FN) sin barnekonvensjon (1989), *Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoritetar* (1995), *Det europeiske sjarteret for regions- og minoritetsspråk* (1992), *Nordisk ministerråds deklarasjon om nordisk språkpolitikk* (2006), *Den nordiske språkkonvensjonen* (1987) og ILO-konvensjon nr. 169 *Om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar*, art. 28 (1989) (St.meld. nr. 23 2007–2008: 13). Dei to nordiske avtalane skal likevel ikkje behandlast her: Den nordiske språkkonvensjonen fastset berre at ein nordisk statsborgar ved behov skal kunne bruke morsmålet sitt i kontakt med styresmakter i eit anna nordisk land, medan Nordisk ministerråds deklarasjon om nordisk språkpolitikk kom i 2006 og kan dermed ikkje vere kjelde for dokumenta som er analyserte i denne avhandlinga.

Som me ser, spring fleire av avtalane ut av systemet til SN. SN har produsert ei rad konvensjonar som tek opp språk, og som i regelen er orienterte mot negative språkrettar. Dette gjeld til dømes barnekonvensjonen (SNs barnekonvensjon av 20. november 1989, ratifisert av Noreg 8. januar 1991). Avtalen inneheld fleire føresegner som handlar om å beskytte born som høyrer til minoritetsgrupper. Artikkel 30 slår fast:

I stater hvor det finnes etniske, religiøse eller språklige minoriteter eller personer som tilhører en urbefolkning, skal et barn som tilhører en slik minoritet eller urbefolkningen, ikke nektes retten til sammen med andre medlemmer av sin gruppe å leve i pakt med sin kultur, bekjenne seg til og utøve sin religion, eller bruke eget språk. (BFD 2003: 23–24)

Den mest sentrale føresegna i det internasjonale minoritetsvernet er artikkel 27 i SN-konvensjonen av 16. desember 1966 om sivile og politiske rettar, ofte kalla SP, som Noreg ratifiserte 13. september 1972. Også dette er hovudsakleg ei føresegn mot diskriminering, om vern mot negativ forskjellsbehandling, men menneskerettskomiteen til SN har òg tolka henne slik at statane om naudsynt må treffe positive tiltak for å verne minoritetar sin identitet og minoritetspersonar sin rett til å dyrke og utvikle særtrekka sine. Fleire seinare dokument og tolkingar har òg slege fast at desse negative rettane i artikkel 27 gjev lita



meining om dei ikkje kan utøvast i fellesskap med andre medlemmer av minoritetsgruppa (Ot.prp. nr. 53 2002–2003: 83f). SP er såleis i praksis vorte nytta i fleire konflikhtar rundt samar og det samiske. ILO-konvensjon nr. 169 av 27. juni 1989 *Om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar* er i tillegg til SP artikkel 27 det internasjonale instrumentet som klarast etablerer minimumsstandardar for rettsleg vern av urfolk. Noreg ratifiserte ILO-konvensjon nr. 169 med verknad for samane som urfolk i 1990. SP gjeld altså i praksis for urfolket samar og urfolkspråket samisk, på same måten som ILO-konvensjonen prinsipielt gjer.

No har urfolkperspektivet i SN-språkrettssystemet ikkje vore openbert overførbart til norske styringsdokument som gjeld forvaltninga av nynorsk. Me skal vidare sjå på om dei andre ikkje-nordiske avtalane om språk prinsipielt kan tilføre norske styringsdokument belegg og heimlar som kan nyttast om ordningar for nynorsk. Det vil seie *Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoritetar* (1995) og *Det europeiske sjarteret for regions- og minoritetsspråk* (1992). I Noreg vart minoritetsinteressa frå Europa kombinert og aktualisert gjennom samiske spørsmål, særleg frå og med Alta-saka på starten av 1980-talet. Sigve Gramstad, som mellom anna var leiar for europarådskomiteen som utarbeidde det europeiske språksjarteret, har i fleire utgjevingar gjort greie for europeisk arbeid med språk og språkrettar og kva relevans dette har til norske tilhøve. Framstillinga nedanfor støttar seg mykje på arbeida hans (Gramstad 2010; Gramstad 1996).

Den rådgjevande forsamlinga i Europarådet peika alt i 1957 på at det internasjonale vernet for minoritetar i fyrste rekkje er knytt til individet som eit forbod mot diskriminering, altså som negative språkrettar. At det internasjonale rettssystemet ikkje inneheldt noko positivt vern, som igjen kunne opne for offisielle rettar for språk og språkgrupper, vart peika på som ein mangel (Gramstad 1996: 67). Frå 1957 vart det ein lang prosess fram mot *Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (European Charter for Regional or Minority Languages)*. Denne vart vedteken som konvensjon av Europarådets ministerråd i 1992, ho vart ratifisert av Noreg i 1993, og tok til å gjelde frå i 1998 for dei fem landa som hadde ratifiserte henne fyrst (St.meld. nr. 15 2000–2001: 24, Gramstad 1996: 68). Sidan kom Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoritetar, som Noreg ratifiserte i 1999. Me skal fyrst gå til rammekonvensjonen, fordi stortingsproposisjonen om denne inneheld avklarande drøftingar om den norske statens omgrep om minoritet.

I rammekonvensjonen ligg det fyrst og fremst ei oppmoding til europeiske statar om å vedta konkrete, nasjonale reguleringar for minoritetsspråk (Gramstad 1996: 71). Då konvensjonen skulle ratifiserast av Stortinget, presenterte Utanriksdepartementet (UD) han som den fyrste juridisk bindande multilaterale semja om vern av nasjonale minoritetar generelt, og difor eit svært viktig folkerettsleg instrument (St.prp. nr. 80 1997–98: kap. 1). I stortingsproposisjonen vart det dermed naudsynt å drøfte minoritetsomgrepet, for å finne ut kva for norske grupper som skulle femnast av konvensjonen. Konvensjonen sjølv definerer ikkje omgrepet – det var ikkje mogleg for Europarådets medlemsstatar å bli samde i drøftingane. Tyskland kom til dømes med eit framlegg om at det i konvensjonens forklarande rapport skulle slåast fast at statane stod heilt fritt til å avgjere kva for grupper som for statane sin eigen del skulle femnast av konvensjonen. Frankrike freista på si side å avgrense konvensjonen si målgruppe til minoritetar i austlege delar av Europa. Ingen av desse syna vann fram. UD slår dermed fast at omgrepet *nasjonale minoritetar* må tolkast ut frå «alminnelige folkerettslige regler for traktattolkning» (St.prp. nr. 80 1997–98: 10).

Omgrepet *minoritet* vert sjølvsagt nytta i ei rad folkerettslege instrument, og det har vore mykje diskutert, til liks med omgrepet *nasjonal minoritet*. Det er inga «entydig, alminnelig» forståing av omgrepa, skriv departementet, men det hevdar likevel at den utbreidde omgrepsoppfatninga, som mellom anna SP kviler i, tek utgangspunkt i denne definisjonen:

...en gruppe tallmessig underlegen resten av befolkningen i staten og i en ikke-dominerende stilling, hvis medlemmer – som er borgere av den aktuelle stat – har etniske, religiøse eller språklige særtrekk som skiller dem fra resten av befolkningen og som viser, om så bare implisitt, en form for solidaritet som er rettet mot det å bevare deres kultur, tradisjoner, religion eller språk. (St.prp. nr. 80 1997–98: 10)

Departementet nyttar definisjonen når det drøftar kva for grupper som ein frå norsk side vurderer som målgruppe for Europarådets rammekonvensjon. Ifylgje departementet er ein *minoritet* i mindretal/i ei ikkje-dominerande stilling, har etniske, språklege kulturelle og/eller religiøse særtrekk, skal i vesentleg grad skilje seg frå den øvrige folkesetnaden i staten og har sams vilje til å bevare og utvikle eigen identitet (men denne viljen treng ikkje å ha kome til uttrykk eksplisitt). Ein *nasjonal minoritet* er ei (minoritets)gruppe med statsborgarskap og med opphavleg eller langvarig tilknytning til territoriet (St.prp. nr. 80 1997–98: 10). Såleis vert nyss innvandra grupper ekskluderte frå konvensjonen sitt bruksområde, noko som skal ha vore ein klar føresetnad under konvensjonsforhandlingane.

Det er eit diskusjonstema om desse gruppene i framtida skal og vil kunne reknast som nasjonale minoritetar (St.prp. nr. 80 1997–98: kap. 3).<sup>56</sup>

Ut frå desse premissane sette UD opp fylgjande norske grupper som aktuelle for omgrepet nasjonale minoritetar: samar, kvenar, skogfinnar, rom, romanifolket (taterar/dei reisande) og jødar. Under ratifikasjonsførebuingane gav Sametinget uttrykk for at samane ikkje ynskte å bli inkluderte i ei eventuell erklæring frå Noreg om nasjonale minoritetar, fordi urfolk uansett har eit sterkare vern gjennom ILO-konvensjon nr. 169 enn det rammekonvensjonen kan gje. Nokre organisasjonar frå romanifolket ville heller ikkje bli erklærte som nasjonal minoritet. Til saman tala dette for at Noreg i fyrste omgang ikkje gav ei erklæring med spesifisering av dei norske gruppene.<sup>57</sup> Ut frå dei diskuterte definisjonane av både minoritet og nasjonal minoritet, kan ein slå fast at det verka utelukka å dra inn nynorskbrukargruppa i diskusjonane om rammekonvensjonen. Men spørsmålet om kva ein kulturell minoritet er, var tematisert og sett i spel i tekstane til norske styresmakter.

Lat oss då sjå på korleis dette vart teke vidare i det som somtid er kalla *Det europeiske charteret om regions- eller minoritetsspråk* (Gramstad 1996), eller *Det europeiske sjarteret* (St.meld. nr. 23 2007–2008: 13), eller *Den europeiske minoritetsspråkpakta* (FAK 2012) eller *Språkpakta* (Gramstad 2010). Den siste tittelen skal nyttast i det fylgjande. Språkpakta vart ratifisert i 1993. Ifylgje Noregs femte periodiske rapport om denne avtalen, er det samisk (nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk), kvensk, romanes og romani som er godkjende som regions- eller minoritetsspråk i Noreg, og som dermed er sikra vern gjennom pakta (FAK 2011). Tove Skutnabb-Kangas kallar Språkpakta «det fyrste riktig bindande europeiske menneskerettsinstrumentet som siktar på å sikra rettar for minoritetsspråk» (Skutnabb-Kangas 2002: 45).

Språkpakta føreskriv plikter som dei kontraherande statane tek på seg i høve til regions- og minoritetsspråk. Den utførlege menyen over plikter av ulike gradar gjer det mogleg for kvar stat å spesifisere kva for språk som skal ha konkret vern og kva for positive reguleringar

---

<sup>56</sup> Referansar til diskusjonen finst i Brochmann og Tjelmeland 2003.

<sup>57</sup> Føreavinga i Stortinget av St.prp. nr. 80 1997–98 tilførte ikkje noko nytt på det omgrepsmessige eller definatoriske planet (Innst. S. nr. 55 1998–99). Det same gjeld St.meld. nr. 15 2000–2001 *Nasjonale minoritetar i Noreg* og tilhøyrande innstilling frå kommunalkomiteen (Innst. S. nr. 145 2000–2001).

som skal gjelde. Det skal likevel vere eit visst minimumsvern innanfor sentrale samfunnsområde. Framstillinga nedanfor byggjer på Gramstad (1996: 73ff).<sup>58</sup>

Til liks med diskusjonane rundt rammekonvensjonen var spørsmål knytte til nynorsk vurderte som irrelevante i ratifiseringa av Språkpakta. Regions- eller minoritetsspråk vert definerte som språk som tradisjonelt er nytta innanfor eit område i landet av ei gruppe borgarar som talmessig er mindre enn resten av innbyggjarane. Dialektale variantar av desse språka, dei offisielle språka og innvandrarspråk er ikkje omfatta, og dei gjeldande språka skal 'skilje seg ut' frå dei offisielle språka. Dei fleste av dei språka som vert femnde av Språkpakta, er språk som finst innanfor eit særleg territorium, og mange av føresegnene i pakta er såleis knytte til avgrensa geografiske område i ein stat. Men pakta gjeld òg ikkje-territoriale språk som romani, og einskildland står fritt til å gje språkrettar som er forankra i personprinsippet, som gjeld heile, eller i andre, delar av landet (Council of Europe 1992: art. 1a; Gramstad 1996: 74ff).

I tvilstilfelle vil det vere opp til kvar stat å avgjere kva for språk pakta skal femne, men dette må òg vurderast ut frå ei tolking av pakta, seier Gramstad (Gramstad 1996: 75). Han peikar på fleire definisjonsvanskar: Eit nyare innvandrarspråk som likevel har vore nytta i eit område i lang tid, vil kunne omfattast av pakta. Skiljet mellom dialekt og språk kan òg vere vanskeleg å setje. Då Noreg ratifiserte Språkpakta for samisk, vart det lagt til grunn at det finst eitt samisk språk med tre dialektar (nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk). Det var ei omstridd språkpolitisk avgjerd og ei omgrepsfesting med klare politiske konsekvensar (sjå til dømes Skutnabb-Kangas 2002: 46f).

Gramstad peikar på at artikkel 3 i del II opnar for at pakta kan ratifiserast for nasjonale språk med status som offisielle, men som i praksis er mindre nytta. Han nemner det offisielle nasjonalmålet irsk som eit aktuelt døme. Irland har likevel ikkje slutta seg til språkpakta, og Gramstad meiner det aldri har vore aktuelt for Noreg å la Språkpakta gjelde for nynorsk (Gramstad 1996: 78). Det har då òg vore få offentlege diskusjonar rundt spørsmålet.<sup>59</sup> Det hindrar ikkje at juridisk-politiske påstandar og det Gramstad kallar

---

<sup>58</sup> Dei statane som sluttar seg til del III, skal velje minst 35 paragrafar eller underparagrafar for det gjeldande språket etter eit nærare fastlagt system som uttrykkjer ei rangering av språkbruksdomene – somme felt/domene er rekna som viktigare enn andre. Det er i utdannings- og kulturdomena at krava til språkreguleringar er høgst.

<sup>59</sup> Den truleg mest omfattande offentlege diskusjonen om den folkerettslege statusen til nynorsk og tilhøvet til Språkpakta gjekk i avisa *Dag og Tid* vinteren 2012. Då tok historikaren Kåre Lunden til orde for eit sterkare internasjonalt vern for nynorsk (Lunden 2012a, Lunden 2012b). Lunden utfordra mellom anna Språkrådet på kvifor Språkpakta ikkje er ratifisert for nynorsk, og om manglande internasjonal rettstryggleik medfører at

legitimeringsprinsipp, altså argumentasjonsheimlar, medvite eller umedvite kan ha vorte rekontekstualiserte frå Språkpakta til norske dokument om forvaltning av nynorsk og bokmål.

Ved nokre tilfelle har det likevel vore naudsynt å gå inn på den folkerettslege statusen til nynorsk meir direkte, og det er når det skal gjerast avtalar om den rettslege statusen til *nasjonal mål* i internasjonal samanheng. Eit døme er Nordisk ministerråds deklarasjon om nordisk språkpolitikk frå 2006. Der er nynorsk eksplisitt definert som del av det offisielle nasjonalmålet norsk, og implisitt definert som eit offisielt språk som ikkje treng særleg vern frå nordiske språkstyresmakter. Også i samband med tingingane om norsk EU-medlemskap i 1993–94 vart det slege fast at «norsk» skulle vere offisielt EU-språk ved ein eventuell norsk medlemskap, og at hovudprinsippet i norsk språkrett skulle overførast til EU: Det skulle vekslast mellom nynorsk og bokmål (Kulturdepartementet 1994). Dermed vart det ikkje naudsynt å ta stilling til om nynorsk skulle reknast som eit språk eller til dømes regional dialekt i EU-tingingane. Det same slapp ein i forhandlingane om Språkpakta, som elles uttrykkjeleg slår fast at ho gjeld for språk, ikkje for dialektar. Dei språkdefinitorske spørsmåla som mange statar har vore plaga med i folkerettslege forhandlingar, har såleis vore unngått for norsk sin del – men, som nemnt, ikkje for samisk.

### **23.1.3 Konklusjon og funn: Mellom nøytralitet og språksikring.**

#### **Gamle heimlar og gamle ordningar, nye heimlar og framleis gamle ordningar**

##### **23.1.3.1 Gamle heimlar og gamle ordningar**

Har den norske staten ført ein spesielt nynorskvenleg politikk dei siste 120 åra? Både ja og nei. Ja, dersom ein meiner at vedtaka i 1885, 1892 og 1930 var urette – fordi desse jamstilte språklege storleikar som eigenleg ikkje var like og som dermed ikkje burde jamstillast. Nei, dersom ein aksepterer jamstillingsvedtaket som ein gyldig premiss. Dette kan verke som eit språkpolitisk paradoks: Dei positive reguleringane for nynorsk, med ein tilsynelatande aktiv stat, kan tyde på at me har med ein statleg språkpolitikk som er særleg designa for å verne eller styrkje nynorsk. Granskinga viser likevel at den norske staten gjennom heile perioden

---

staten står fritt til å «leggje ned» nynorsk. Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet, svara at «Då Noreg ratifiserte pakta, kunne nynorsk fått vern som ei mindre brukt, offisielt likestilt målform, men fekk det altså ikkje.» (Vonen 2012). Her ligg dermed inga forklaring på kvifor nynorsken ikkje vart ratifisert, og for så vidt heller ikkje noko synspunkt på at det vart slik. Vonen peikar òg på at Finland har ratifisert pakta for det offisielle mindretalsspråket svensk etter Del II, artikkel 3. Konklusjonen til Vonen er at det er *mållova* som gjev dei norske skriftmåla «...noko som liknar eit rettsleg vern» (Vonen 2012).

frå 1892 til 1980 legitimerer dei offisielle rettane for nynorsk ikkje med at nynorsken skal styrkjast, men med at det skal vere like vilkår og lik tevling.

Det som desse argumentasjonsheimlane (nøytralitetsdoxa) naturleg nok vanskeleggjer, er språkpolitiske ordningar og reguleringar som strekkjer seg ut over likebehandling og jamstilling. No er det ikkje slik at slike ordningar slett ikkje er etablerte under nøytralitetspolitikken; me har då òg sett at somme særbehandlingsordningar for nynorsk vart sette i verk mellom 1885 og 1980. Men det er symptomatisk at desse er proseduralt legitimerede, ofte med variantar av uttrykket *reell jamstilling*. Dette viser *statusen* til den statlege nøytralitetsargumentasjonen, kor viktig det har vore at styringsdokumenta ikkje tek stilling til eitt av språka på eit felt eller del av eit felt.

*Fråværet* av særlege tiltak for nynorsk merker seg ut under språknøytralitetspolitikken. Frå eit politisk mindretalsspråkstyrkingsperspektiv, til dømes det me finn i Språkpakta, vil særbehandlingstiltak kanskje sjåast på som unaudsynte i situasjonar som den nynorsk(brukarar) var i før krigen. Då var nynorsk i framgang både territorielt og når det galdt brukaroppslutning, og såg ikkje ut til å ha bruk for meir offentleg tilrettelegging enn det likebehandlingsordningar gav. Før krigen ivra målrørsla for jamstilling (og ‘reell jamstilling’) fordi det var nynorsk som tente mest på ein nøytralt delegerande stat. Dei endra språkbrukstilhøva gjer at bokmålet etter krigen har vunne på dei same rettane som nynorsk tidlegare vann på. Likevel heldt språknøytralitetspolitikken seg fram til 1980–1990 på kulturfeltet, og endå lenger og kanskje fram til i dag på opplæringsfeltet.

Som me har sett, er omgrepet *målform* tilpassa nøytralitetspolitikken. Såleis kan eit omgrep som *minoritetsspråk* vere tungt å svelje innanfor ein slik politikk, og me ser då heller ikkje dette mykje nytta før 1980. Den nøytrale statusplanlegginga kan tolkast som ein tilretteleggjar for monolingval korpusplanlegging og samnorskføremål. Det medfører igjen eit språkpolitisk omgrepsapparat som på sett og vis motset seg den tospråklege rettssituasjonen som er danna. Institusjonelt er nynorsk eit offisielt språk, noko som gjer at brukarane har både negative fridomar og positive rettar til å nytte det. Såleis oppfører nynorsk seg rettsleg som mange andre mindretals- eller mindre brukte språk. Omgrepsmessig vert nynorsk likevel omtala som *form*, ikkje språk, og som noko som dermed ikkje har ei *språkgruppe*, dermed heller ikkje ein minoritet, i ryggen.

Me ser då òg at omgrepet/fenomenet nynorskbrukargruppa/nynorsksamfunnet er lite tematisert under nøytralitetspolitikken. Mindretalsposisjonen til nynorskgruppa med

manglande eksponering for eige språk, låg status, normuvisse og språkskifte som konsekvens, er eit lite brukt belegg. Meir brukt som belegg i det som finst av eigenverdiargumentasjon under nøytralitetspolitikken, er nynorsken som del av det samla norske språket og av den samla norske språkkulturen. Eigenverdien som heimlane indekserer, kan altså tolkast som å ‘tilhøyre’ alle nordmenn, ikkje berre nynorskbrukarar. I så måte må dei positive nynorskrettane oppfattast som å primært vere laga for ein samla ‘norsk språkkultur’, ikkje primært for dei som nyttar nynorsk. *Juridisk* opererer nøytralitetspolitikken med nynorske språkgrupper/språksamfunn/språklege praksisfellesskap (Mæhlum m.fl. 2008: 31) i kraft av dei territoriale ordningane (sjå kap. 17.2). Men *diskursivt* opererer nøytralitetspolitikken med eit syn på norskspråklege som *ei* språkgruppe som deler på to ulike språkformer, og som vekslar mellom desse. Slik må det òg bli problematisk å omtale fenomenet språkskifte, som føreset ideen om eit fyrstespråk.

Det er mange tiår sidan språksosiologien gjorde det klart at det største trugsålet mot eit språk er at det misser sine yngste brukarar ved at dei skifter til større språk (Fishman 1991: 88–89). No har nynorskspråksamfunnet vore i talmessig tilbakegang sidan krigen, og ein har lenge visst at om lag ein tredjedel av elevane i kvart nynorskkull skifter til bokmål i skuletida si (O. Grepstad 2004a). Før 1980 definerte likevel ikkje den norske staten det at nynorsk er under press som noko som faktisk vedkom staten, og dermed var språkassimilering ikkje tema for den offentlege språkpolitikken. Dette vart ikkje problematisert av norske språkpolitiske styringsdokument før nærare tusenårsskiftet.

Tiltak mot friviljug språkskifte er då òg ordningar som *krev* eigenverdiheimling. Dei er svært vanskelege å tenkje seg med prosedural heimling, også den typen me finn under ein raus rettferdspolitikk, ettersom dei må medføre at ressursar vert sette inn på eitt språk i ei gruppe, på eit felt eller i eit territorium. Arbeid mot språkassimilering går nødvendigvis ut på å hindre at det dominerande språket får auka oppslutnad og går dermed på kostnad av det. I ein språksituasjon med tevling mellom to språk vil slike tiltak måtte grunngjevast med å ta stilling for det eine språket. Slike grunngjevingar kan ikkje etablerast innanfor nøytralitetsdoxa.

### **23.1.3.2 Nye heimlar og framleis gamle ordningar**

I perioden 1930–1980 er språkpolitikk i min forstand samanfallande med språkforvaltning på *opplæringsfeltet*. Eit felt for offentleg språkbruk er nærast ikkje-eksisterande på denne

tida.<sup>60</sup> Når så språkpolitikk vert ei *kulturpolitisk* sak særleg frå 1980, endrar dei språkpolitiske argumentasjonsheimlane seg, men då berre på nettopp det nye kulturfeltet. Den kulturelle eller identitetsmessige verdien som nynorsk eventuelt har, får relevans for den statlege språkpolitikken. Statens språkpolitikk på kulturfeltet må tolkast som at han ikkje lenger berre har prosedurale mål om demokratiske val, men òg har substansielle mål om at nokon *faktisk vel* nynorsk. Kombinert med dei positive rettane for nynorskbrukarar, kan dette sjåast som ein språksikrande posisjon for mindretalsspråket nynorsk.

Kva har så dette å seie for dei konkrete ordningane og reguleringane? På opplæringsfeltet har det openbert ingenting å seie, ettersom dette feltet 'står att' i nøytralitetspolitikken. Men heller ikkje på kulturfeltet har den nye eigenverdiheimlinga – som indekserer eit nytt doxa – så mykje nytt å tilføre på påstandsnivå i dokumenta. Rett nok vert det lansert nokre nye særbehandlande stimuleringstiltak for nynorsk etter 1980, men ikkje mange nye positive likebehandlingsreguleringar og ingen særbehandlande reguleringar. Dei etter kvart store dokumenta ut over 1990- og 2000-talet inneheld ålmenne språkfilosofiske refleksjonar kring språk og makt, refleksjonar som går ut på at nynorsken er utsett, men har verdi og må bestå. Dei konkrete språkpolitiske tiltaka strekkjer seg likevel i liten grad ut over jamstillingas likebehandling og frie tevling. På påstandsnivå er det framleis språknøytralitet som gjer seg gjeldande, noko som kanskje kan tolkast som ambivalens. Politikken vaklar mellom nøytralitet og språksikring.

Dette vert vonleg klarare når ein ser på omgrep og nemningar knytte til nynorsk og norsk språksituasjon i perioden frå 1980. Samnorskprogrammet er forlate, og såleis kan ein litt enkelt seie at målform-termen ikkje 'trengst' som metafor og belegg for språkleg samling. Ein skulle kunne tenkje seg at oppfatninga om at både nynorsk og bokmål har eigenverdi, som no kan tolkast som doxa på kulturfeltet, opnar opp for omgrepet (*skrift*)*språk* nytta om dei to varietetane. I så fall kan det òg opnast for omgrep som språkgruppe/språksamfunn/ språkleg praksisfellesskap om dei som nyttar språka.

Styringsdokumenta frå tida etter 1980 som her er analyserte, framviser ikkje diskusjonar om eller motstand mot omgrepet *språk* nytta om nynorsk. Nemninga vert likevel i liten grad brukt i perioden, og det vert heller ikkje *språkgruppe* eller *språksamfunn*. I staden ser me ein ny term teken i bruk, nemleg *skriftkultur*. Det vart lansert i styringsdokumenta kring

---

<sup>60</sup> Bortsett frå språkpolitikken for NRK, som altså fell utanfor granskingsområdet mitt.



drøftingane av Ivar Aasen-senteret i byrjinga av 1990-åra. Aasen-senteret kan sjåast på som eit særbehandlingstiltak for nynorsk, og jamvel om det ikkje vart legitimert med nynorskens eigenverdi då det vart vedteke, må ein kunne seie at nemninga skriftkultur tydelegare peikar mot eigenverdidoxa enn kva *målform* gjer. Sidan 1992 har då òg *skriftkultur* vore mykje nytta i styringsdokumenta, ofte om den storleiken som òg kunne vore referert til med nemninga *skriftspråk*. Ein kan berre spekulere i årsakene til det, men det er vel rimeleg å tolke dette valet som like lite tilfeldig som valet av heimlar. Kanskje indekserer det ein ambivalens: At nynorsken historisk sett er ein skriftkultur kan forsvarast innanfor ulike (nemnde) doxa, men det kan ikkje tolkinga av nynorsk som eit samtidig skriftspråk.

Ved eit høve etter 1980 vert nynorskens nasjonale status som offisielt språk vurdert som truga om ein kallar det *minoritetsspråk*. Dette resonnementet om at nynorsk ikkje er eit minoritets- eller regionspråk fordi det er eit offisielt språk, kan sjåast som ein indeks på nøytralitet. Resonnementet har nok òg lege under avgjerda om å ikkje inkludere nynorsk i Språkpakta. Skutnabb-Kangas har konkludert med at nynorsk ikkje har noko rettsleg eller politisk å vinne på å bli definert som minoritetsspråk i tråd med Språkpakta. Ho meiner dessutan at nynorskbrukarane sit så godt i det juridisk at nynorsk overhovud ikkje kan jamførast med andre europeiske minoritetsspråk (Skutnabb-Kangas 2002: 48). Som me har sett, har det likevel vore få diskusjonar om kva omgrep som minoritetsspråk og nasjonalspråk impliserer for nynorsk.

I sosiolingvistikken finst ingen konsensus om definisjonane på og grenseoppgangane mellom språk og dialekt. I dei fleste samanhengar på fagfeltet er heller ikkje dette relevant, og sosiolingvistar snakkar då òg gjerne om *varietetar* for å unngå problemet (t.d. Chambers og Trudgill 1980: 5). I internasjonal språkrett er spørsmålet om språk og ikkje-språk derimot viktig; det kan vere direkte avgjerande for den folkerettslege lagnaden til ein varietet. Om nynorsk skulle vere aktuell for Språkpakta som til dømes eit offisielt språk i minoritetsposisjon, som svensk i Finland (og, potensielt, irsk i Irland), ville norske språkstyresmakter eksplisitt måtte ta omgrepdiskusjonen om nynorsk er eit språk eller ei form, og dermed om sine egne doksiske oppfatningar.<sup>61</sup>

---

<sup>61</sup> Dei manglande spørsmåla om å inkludere nynorsk i internasjonal rett lyt tolkast som at leiande miljø i målrørsla har meint det same som Skutnabb-Kangas: Nynorsk har eit så sterkt vern i norsk lovverk at avtalar som Språkpakta ikkje vil vere til hjelp når det gjeld utviding av positive rettar, differensiering eller anna språkstyrking. Tvert om kan det å definere nynorsk inn i ein minoritets- og regionspråksamheng på sikt setje statusen til nynorsk som offisielt språk i fare og dermed jamstillinga i spel. Samstundes har målrørsla dei siste

I gjennomgangen ovanfor av språkmeldingane frå 2008, *Språk bygger broer* og *Mål og mening*, kan ein finne støtte for at det er vakling mellom nøytralitet og språksikring (sjå kap. 22.1.3). Det er ikkje nokon tvil om at desse to meldingane vedkjenner seg nynorskens eigenverdi. Både påstår til dømes at skriftspråkskifte («målbyte») frå nynorsk til bokmål er uheldig og at det medfører negative konsekvensar for nynorsk som bruksspråk (St.meld. nr. 23 2007–2008: 40, St.meld. nr. 35 2007–2008: 80f). Men dette får ingen konsekvensar på påstands- eller ordningsnivå. Korkje *Språk bygger broer* eller *Mål og mening* stiller spørsmål ved om det faktisk finst offentlege ordningar (reguleringar) eller mangel på desse som verkar negativt for nynorsken. Meldinga tek implisitt for gjeve at det ikkje kan vere prinsippa i offentlig språkpolitikk det er noko feil med, og tek eksplisitt til orde for at feilen ligg i at den fastlagde språkpolitikken ikkje vert sett godt nok ut i livet – at jamstillinga ikkje er reell. 2008-meldingane sitt språkstyrkingsperspektiv er altså ei meir effektiv gjennomføring og handheving av dei språkpolitiske prinsippa og ordningane som vart fastlagde mellom 1885 og 1930.

Men ‘reell jamstilling’ medfører ikkje nødvendigvis meir språksikring. Kapitlet i *Mål og mening* der språkskifte og språkforvitring vert drøfta, har overskrifta «5.6.1 Reell valfridom eller utslag av dominans?» og viser målsetnaden om reell jamstilling (St.meld. nr. 35 2007–2008: 78). Her vert det slege fast at det er uheldig og uakseptabelt om brukarar forlet nynorsken som utslag av dominans («press») (sst). Men, kan ein spørje, kva om summen av alle frie, individuelle val innanfor ein førestilt ‘reell valfridom’ likevel fører til at nynorsk er på retur og dermed framleis går andre vegen enn det dei overordna målsetnadene om at nynorsk må styrkjast, vil? Det er eit dilemma språkmeldinga ikkje greier å svare på i form av operasjonaliseringar, fordi statens ordnings- eller reguleringsrepertoar i så liten grad strekkjer seg ut over jamstilling/likebehandling. Såleis kan ein seie at språksikringspolitikken på kulturfeltet frå 1980–90 opererer med argumentasjonsheimlar som har *potensiale til* eller *opnar opp for* meir språksikring, til dømes reguleringar mot friviljug språkassimilering og bruksnedgang, men at han altså likevel ikkje gjer det.

---

15–20 åra uttrykt tydelege ynske og freistnader på å sjå den norske språkstriden i samanheng med språkstridar i andre land. Orienteringa har då ikkje gått mot offisielle nasjonalspråk, men mot mindre nytta minoritets- og regionspråk, og kanskje helst korleis desse vert ny-legitimerte i sine respektive statar (NM 2005a). Denne vektlegginga av *argumentasjonen* for minoritetsspråk botnar nok fyrst og fremst i at målrørsla ynskjer å importere han, slik at den internasjonale omsuta for truga og mindre brukte språk i verda òg medfører at ein i Noreg ser verdien av og støttar nynorsk. Relateringa av nynorsk til andre mindre brukte språk har i mindre grad vore knytt til import av konkrete språkstyrkingstiltak og språkrettar.

Eit blikk på forvaltninga av dei samiske språka i Noreg kan gje ein nyttig kontrast til den nyare forvaltninga av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Dei siste tretti åra har staten utvikla ein aktiv språksikringspolitikk for samisk, ein politikk som har sitt viktigaste formelle grunnlag i språktillegget (kapittel 3) som vart teke inn i samelova i 1990 (Lover 1991: 23). Opplæringslova frå 1998 har òg eit eige kapittel om samisk opplæring (kapittel 6). Språkpolitikken for samisk skil seg prinsipielt frå språkpolitikken for nynorsk/bokmål ved at det er staten (Kongen i forskrift) som avgjer kva kommunar som skal høyre til det samiske forvaltningsområdet. Dermed har staten òg teke det prinsipielle ansvaret for bruken av samisk, dette er ikkje delegert til val i kommunane. Dei individuelle språkrettane i samelova er mykje dei same som i mållova, men rettane i opplæringslova går lenger i positiv retning for samiske elevar enn dei som gjeld for nynorsk/bokmål. Også for samisk er det overlata til elevane sjølve å velje fyrstespråk frå og med 8. klasse, men opplæringslova slår fast at «I samiske distrikt har alle i grunnskolealder rett til opplæring i og på samisk» (Samelova 1987: § 6–2). Det heiter òg at «Samar i vidaregåande opplæring har rett til opplæring i samisk» (§ 6–3). Som me har sett, har elevar med nynorsk på barnesteget ikkje ein tilsvarande rett til opplæring på nynorsk på ungdomssteget og i vidaregåande opplæring.

Skilnaden er endå tydelegare når ein går til andre statlege språkpolitiske styringsdokument for samisk i opplæringa. I 2009 utarbeidde Arbeids- og inkluderingsdepartementet ein handlingsplan for samiske språk med 66 tiltak som er fylgt opp av nye handlingsplanar med statusrapportar i 2011 og 2013. Statsrådens føreord i handlingsplanen frå 2009 opnar slik: «Gjennom de siste årtier er det satt i gang en rekke tiltak for å styrke og utvikle samiske språk innenfor mange sektorer i samfunnet. Mange av disse tiltakene fungerer bra, og har ført til at de samiske språkene har fått en styrket posisjon i samfunnet.» Dei samiskspråklege områda vert framheva som «viktige ressurser for utviklingen av samiske språk», samstundes som uroa er stor for at «avgangen av samiske språkbærere [er] større enn tilveksten, særlig utenfor forvaltningsområdet for samisk språk». Det heiter difor at «Handlingsplanens hovedfokus er å legge forholdene til rette for å øke antallet aktive samiske språkbrukere» (AID 2009: 8–9).

Eitt av tiltaka i handlingsplanen (nr. 6) gjeld tilsyn med kommunane og fylkeskommunane si gjennomføring av retten til undervisning i samisk etter opplæringslova. Eit anna punkt (nr. 11) gjeld informasjonstiltak om rett og plikt til samiskopplæring som skal rette seg mot fylkeskommunar, kommunar, foreldre og elevar. Planen har òg eit kapittel om grendeskular

som slår fast at desse har ei sentral rolle i å oppretthalde samisk og kor alvorleg konsekvensane av skulesentralisering kan vere for dei samiske språka.

Ingen av desse særbehandlingsordningane er *i prinsippet* umoglege å tenkje seg for nynorsk innanfor språksikringspolitikken. Eigenverdiheimlinga av nynorsk i dei nyaste språkpolitiske styringsdokumenta, rett nok på kulturfeltet, kan opne for ein statleg handlingsplan for nynorsk ikkje ulik dei som er laga for dei samiske språka. Unntaket måtte vere at det finst få lovfesta positive språkrettar for nynorskelevane etter barnesteget å basere eit tilsynsarbeid på.

Handlingsplanar har ein òg byrja å få for nynorsk språk etter *Mål og meining*. Like fullt er det fort gjort å konkludere med at dei samiske handlingsplanane inneheld andre, og kanskje meir språksikrande, opplæringsordningar enn det ein kan førestille seg for nynorsk innanfor etablert statleg forvaltning i dag. Fleire av tiltaka i handlingsplanen for samisk ligg jamvel òg utanfor det repertoaret av tiltak som *nynorskorganisasjonane* har kravd at staten skal ty til. Også på legitimeringsnivå skil planane for samisk seg frå norske dokument. Staten har nok slege fast at det er eit mål å bremse språkskiftet frå nynorsk til bokmål, men ikkje noko offentleg dokument tek klart til orde for at eit statleg mål må vere å auke talet på aktive nynorskbrukarar. Som me har sett, er det det overordna målet for den samiske språkpolitikken.

I det store og heile er dei positive rettane for samiskbrukarar tydelegare formulerte som del av identitetsinteressene til den samiske språkgruppa, enn tilfellet er for dokumenta som gjeld nynorsk og bokmål. Handlingsplanen for samisk presenterer ordningar berre for dei samiske språka, ikkje både for samisk og norsk i dei samiske områda. Dei er i så måte ikkje forplikta av likebehandlingsidealet. Reguleringane for nynorsk tek ikkje på same måten utgangspunkt i at dei skal sikre eit nynorsk språksamfunn. I staden er nynorskforvaltninga innretta etter at nynorsk er eit skriftmål for heile det norske språksamfunnet, også for det store fleirtalet som har bokmål som fyrsteskriftspråk. Det er dessutan ein språkpolitikk som òg skal fange opp dei situasjonane der bokmålsbrukarar utgjer eit mindretal (som parallellklassar i nynorskkrinsar). Eit døme frå kulturfeltet kan illustrere dette: Somme statsorgan med heile landet som tenestekrins ligg i sterke nynorskområde, som Lotteri- og stiftingstilsynet (Førde), delar av Direktoratet for forvaltning og IKT (Leikanger) og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Når desse institusjonane bruker meir enn 75 prosent

nynorsk, får dei pålegg om å bruke meir bokmål sjølv om svært mange statsorgan år etter år ikkje rettar seg etter pålegg om å kome opp i minst 25 prosent nynorsk.

Nynorskens problem vert ofte framstilt som at det er *for lite jamstilling* eller at *jamstillinga ikkje er gjennomført*. Ofte er nok dette siste òg empirisk rett. Men *reell jamstilling* kan sjåast på som fasthalding av ein nøytralitetspolitikk og uttrykk for ei (doksisk) oppfatning som uansett ikkje kan sikre nynorsk og andre mindretalsspråk i tevling med språk med større kjøtvekt. Å skape eit språksosiologisk ekvilibrium i den norske fleirspråkssituasjonen er umogleg, med eit så dominerande majoritetsskriftspråk. Om språksikring er målet, må ein, etter slik det er argumentert ovanfor, stille spørsmål ved språkjamstilling og språkpolitisk nøytralitet som (del av) statleg doxa. Kan det til dømes vere *for mykje jamstilling*? Spørsmålet er naturlegvis spissformulert, men likevel relevant: Dersom ein vil sikre nynorsken for språksamfunnet sitt, lyt likebehandlingsordningane på både opplæringsfeltet og kulturfeltet underleggjast kritikk.

## 23.2 Teoretiske funn og refleksjonar

### 23.2.1 Nøytralitetsmodellen og språksikringsmodellen

Rett nok omgrepsfeste Carens «evenhandedness» i 2000, og rett nok er nok teorien hans ikkje fyrst og fremst designa for å gje meining til eit historisk materiale som mitt. Likevel har nøytralitetsmodellen i Carens sin versjon verka fruktbar for materialet mitt. Analysen min dokumenterer opphoping av prosedurale argumentasjonsheimlar i materialet frå størstedelen av den granska perioden. I stor grad er desse likevel nytta som normativt grunnlag for *positive rettar* for både mindretalsspråk og majoritetsspråk – altså ikkje berre for negative fridomar, som ein klassisk-liberalistisk språkpolitikk teoretisk sett ville ha støtta seg på.

I tillegg til opphoping av prosedurale heimlar gjer òg dei heller få særbehandlingstiltaka for nynorsk/nynorskbrukarar det rimeleg å sjå den norske språkpolitikken som raus nøytralitetspolitikk fram til 1980. Dei positive rettane for nynorskbrukarar vert altså spegla i same typar rettar for bokmålsbrukarar. Dessutan er dei få særbehandlingsordningane for nynorsk jamt over legitimerte *proseduralt*, ikkje med nynorskens eigenverdi. Det styrkjer argumentet om at det i perioden rår ei offentleg norm for prosedural språkpolitisk likebehandling. Grunnlaget for prosedurale legitimeringar av særbehandlingstiltak er at det dei to språka har ulike vilkår, og at det trengst ei utlikning av historisk skapt urettferd for å

skape lik tevling. Kort sagt trengst særbehandling for å skape *reell jamstilling*. Omgrepet *målform* og det overordna samnorskføremålet støttar òg tesen om nøytralitetspolitikk.

Også det som er kalla språksikringsmodellen, verkar opplysende for materialet. Teorien til Réaume er nok fyrst og fremst utvikla med grunnlag i kanadiske tilhøve, men viser seg også å kunne brukast som omgrepsfesting av norsk forvaltning av nynorsk på kulturfeltet i nyare tid. Analysen dokumenterer opphoping av eigenverdiheimlar i materialet særleg frå tida etter 1990. Dei er i stor grad nytta som normativt grunnlag for *positive rettar*, altså ikkje berre for negative fridomar. Sistnemnde er typiske for politikkar for språklege menneskerettar.

I tillegg til opphoping av eigenverdiheimlar kan etablering av somme nye særbehandlande stimuleringsiltak for nynorsk vurderast som ei støtte for at me har å gjere med språksikringspolitikk, dessutan drøfting av andre typar differensiering. Det same kan auka bruk av nemninga *minoritetsspråk* om nynorsk, dessutan at det overordna språkpolitiske føremålet ikkje lenger er samnorsk.

### **23.2.2 Konklusjon og funn: Fruktbare modellar**

Såleis kan språkpolitikken fram til 1980 karakteriserast som nøytralitetspolitikk generelt, raus rettferd spesielt, og språkpolitikken iallfall på kulturfeltet etter 1990 som språksikringspolitikk (om enn i ein ambivalent versjon). Modellane har gjort det mogleg å identifisere og omgrepsfeste den historiske utviklinga mellom nøytralitet og språksikring, og distinksjonane mellom språkpolitikken på kulturfeltet og på opplæringsfeltet særleg i nyare tid. Dei har òg gjort det mogleg å sjå korleis den ‘gamle’ språkpolitikken legg føringar for den ‘nye’, og korleis den ‘nye’ såleis står ein stad mellom nøytralitet og språksikring.

I tillegg har modellane vore nyttige for å vise korleis rekontekstualisering av heimlar i styringsdokumenta, doxa, har halde fast på visse typar påstandar (politiske ordningar og juridiske reguleringar) og dermed vanskeleggjort andre ordningar og reguleringar. På den andre sida viser modellane òg korleis dokumenta si rekontekstualisering av politiske og juridiske påstandar (ordningar) held fram trass i nye typar argumentasjonsheimlar, ei rekontekstualisering som vanskeleggjer dei ordningane og reguleringane som nye argumentasjonsheimlar prinsipielt opnar for.

## 24 Vidare forskning

Denne avhandlinga har freista forstå norsk språkpolitikk, det vil seie den offentlege forvaltninga av nynorsk og bokmål, i ljøs av teoretiske omgrep og modellar. Vonleg er det mogleg å nytte dei same omgrepa og modellane både i diakrone og synkrone analysar av andre delar av norsk språkforvaltning, både den som gjeld dei gamle språkminoritetane og dei nye. Særleg kan nok den norske politikken for samisk analyserast med same typen grep og omgrep.

Ambisjonen her har ikkje vore å vise kva for implementering eller konsekvensar språkpolitikken eller språkpolitikane har hatt på lokalt eller didaktisk nivå. Med studien min vil vidare forskning ha eit utgangspunkt for å gjere nettopp det. Det er då nærliggjande å tenkje på klasseromsforskning eller utdanningsforskning, som har vorte karakterisert som eit møtepunkt for ulike praksisar: for utdanningspolitisk og byråkratisk praksis, undervisningspraksis og gjerne òg forskingspraksis (Biesta og Burbules 2003). I forlenging av ei gransking som mi kan ein til dømes sjå føre seg undersøkingar av kva for fylgjer negative og modifiserte negative rettar på ungdomssteget og i vidaregåande får for dei mindretalsspråklege elevane på konkrete språkblanda skular. Det kan eksempelvis gjelde organisering av og didaktikk i fyrsteskriftspråkopplæringa, tilgangen til læremiddel og skulen sitt opplærings- og administrasjonsspråk. Ei problemstilling som kan reisast, er kor stort rom handsoffpolitikken gjev for undervisning i nynorsk som fyrstespråk og for nynorskbruk elles i desse skuleslaga.

Men studiar av språkpolitisk implementering bør sjølvsagt ikkje reserverast til opplæringsfeltet. Det trengst òg undersøkingar av kva slags språkpolitikk som vert ført av kommunar som har gjort vedtak om eit særleg administrasjonsspråk; overfor sine egne tilsette, overfor innbyggjarane i kommunen og overfor staten. Ei problemstilling som då er aktuell, er om det kommunale språkvedtaket i det heile *har* konsekvensar – er det samsvar mellom vedteken og praktisk språkpolitikk? Liknande døme og problemstillingar om implementering av sentrale reguleringar og ordningar kan finnast i kvart av dei to felt som er granska i denne studien. Dei kan sjølvsagt òg finnast på fleire språkbruksområde – til dømes NRK.

Såleis er me komne nærare spørsmål om *språkbruksfeltet* og distribusjon av individuerte (skrift)språk. Hå sosiologen Dorothy Smith, nemnd i del I, kan ein finne legitimitet for synet på at eit sosialt fenomen, som språkbruk, ikkje berre kan forståast og forklarast ut frå det som hender i til dømes klasserommet, på skulen eller i kommunehuset. Smith hevdar at slik forståing krev utforsking av translokale premisser og «ruling relations» som aktørane sjølve kanskje ikkje kan observere eller vite om, premisser som er tekstleg medierte/konstituerte (sjå kap. 6.2.2). Men motsett det Smith og andre etnografar føreskriv, er funna frå dei granska tekstane i denne avhandlinga på ingen måte haldne opp mot eit lokalt, didaktisk nivå for å utforske samanhengen mellom (skrift)språkbruk mellom elevar eller andre språkbrukarar og sentralt produserte styringsdokument.

Likevel har målsetnaden vore å sjå korleis tekstar til saman konstituerer *politikk*.

Implikasjonen er at dei verkar på folk. *Korleis* dei verkar på folk, kan berrleggjast av vidare forskning. Studien min kan såleis nyttast i granskingar som spør om korleis einskildindivid sin bruk av ulike skriftspråk kan knytast til sentrale ordningar og reguleringar, lokale implementeringar av desse og språkpolitisk doxa som uttrykt av argumentasjonsheimlane. Ein kan kalle slike granskingar etnografiske eller sosiolingvistiske, avhengig av vekta på lingvistiske faktorar.

Kanskje ville *lingvistisk etnografi* vere ein særleg aktuell disiplin for slike granskingar. Kombinasjonen av termene *lingvistisk* og *etnografi* peikar mot ei særleg epistemologisk interesse i samspelet mellom det språklege og det sosiale, som til dømes profilerte etterkrigssosiolingvistar som Dell Hymes og John J. Gumperz kan stå som representantar for. Dei var likevel mest opptekne av talemål. Men innanfor lingvistisk etnografi går det òg ein forskingsveg mot skriftspråk. Fokuset der er korleis folk nyttar og lærer skriftspråk i livsverdene sine og innanfor kvardagsrutinane sine. Objektet er altså ikkje skriftspråk som målbar kompetanse, men som sosial praksis og kultur. Eit sentrum for slik skriftkulturforskning har vore Lancaster-skulen, og ein særleg prominent teoriutviklar innanfor dette som vert kalla *New literacy studies*, er David Barton. Saman med Mary Hamilton publiserte han i 1998 eit arbeid med den programmatisk tittelen *Local literacies*, som ser på korleis skriftspråk vert nytta i eit lokalsamfunn i nettopp Lancaster i Storbritannia på 1990-talet. Gjennom intervju og nettverksstudium får forskarane mellom anna eit innblikk i korleis skrift vert nytta av einskildpersonar, i heimane, i organisasjonslivet – og òg korleis skriftkulturen i livsverda både konvergerer med og vert konfrontert av skriftkulturen i skulen (Barton og Hamilton 1998).



Barton og Hamiltons primære objekt er likevel ikkje bruken av ulike, individuerte språk, og dermed heller ikkje identitetsverdien til skriftspråk. Ein annan måte å drive lingvistisk etnografi på, som kanskje har meir sams med Dorothy Smiths institusjonelle etnografi, kunne vere langs linjer som dei den lingvistiske antropologen Monica Heller har lagt i granskingane sine frå franskspråklege samfunn i Canada. I 1990-åra gjorde ho langvarige studiar av korleis minoritetsspråklege franskspråklege ungdomar nytta og forholdt seg til fransk og engelsk på ein skule i engelskdominerte Ontario. Målet hennar var ikkje berre å sjå på lokal språkpraksis og språkhaldningar hjå elevane, men òg på korleis desse var relaterte til tekstane dei levde innanfor og under, tekstar som var med på å konstituere større omgrepssystem, både ideologiar og politisk-juridiske institusjonar (Heller 1994).

Undersøkingar som Hellers, i skjæringspunktet mellom sosiolingvistik og etnografi, granskar personars bruk av og tilknytning til ulike skriftspråk i sine meir avgrensa individuelle og lokale kontekstar. Dei kan likevel ikkje tenkjast utan makronivået som premiss. Vonleg vil studien min kunne gjere det lettare å sjå nettopp sentralt bestemt, overordna språkpolitikk som ein vesentleg faktor når språkbruken på dei norske lingvistiske marknadene skal analyserast av språksosiologar, sosiolingvistar og lingvistiske etnografar i framtida. Den vitenskaplege forståinga av desse marknadene vil truleg tene på det.

Offentleg språkforvaltning av nynorsk og bokmål er sett saman av ukritisk traderte ordningar og doksiske oppfatningar. Styringsdokumenta drøftar aldri legitimeringsprinsippa sine eller kva for ståstad den språkpolitiske heimlinga skjer ut frå, alternative legitimeringar vert aldri diskuterte og forkasta, og når belegg og heimlar avløyser tidlegare belegg og heimlar, skjer dette utan at endringa vert poengtert og diskutert. Endringar i ordningane vert oftare eksplisitt drøfta, men då òg oftast utan at alternativ vert sette fram. Denne avhandlinga er det fyrste vitenskaplege arbeidet som identifiserer, omgrepsfester og teoretiserer desse ordningane og heimlane. Det viktigaste tilskotet som denne studien gjev til forskingssamfunnet og samfunnet elles, er såleis å opne feltet norsk språkpolitikk for fagleg og politisk diskusjon og kritikk.



# Kjelder og litteratur

## Databasar og nettressursar

- GIS. *Grunnskolen informasjonssystem*. <https://gsi.udir.no/>.  
Lovdata. <http://lovdata.no/>.  
Norsk lovtidende, 14.7.1890 og 5.4.1895.  
ODS. *Ordbog over det danske sprog. Dansk i perioden 1700–1950* [digital utgåve]. (1919–56). (Bd. 1–28). <http://ordnet.dk/ods>.  
SSB. *Statistisk sentralbyrå*. <http://ssb.no/>.  
SNL. *Store norske leksikon* [digital utgåve]. <http://snl.no>.

## Offentlege dokument

- AID. (2009). *Handlingsplan for samiske språk*. Oslo: Arbeids- og inkluderingsdepartementet.
- BFD. (2003). *FNs konvensjon om barnets rettigheter. Vedtatt av De forente nasjoner 20. november 1989. Ratifisert av Norge 8. januar 1991. Revidert oversettelse mars 2003 med tilleggsprotokoller*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Council of Europe. (1992, 5. november). *European Charter for Regional or Minority Languages*. Henta 5. mars, 2012, frå <http://conventions.coe.int/treaty/en/Treaties/Html/148.htm>.
- Dok. nr. 8 II (1878) *Forslag til Lov om Forandring i og Tillæg til Lov om Almueskolevæsenet paa Landet af 16de Mai 1860*. Stortinget.
- Dok. nr. 17 (1885) *Forestilling fra Repræsentanterne Juel, Liestøl m. fl. ang. en Anmodning til Regjeringen om Folkemaalets Ligestillen med Skriftsproget*. Stortinget.
- Dok. nr. 34 (1892) *Forslag til Lov indeholdende Forandringer i Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne af 26de Juni 1889*. Stortinget.
- Dok. nr. 42 (1911) *Forslag om forandringer i folkeskolelovene*. Stortinget.
- FAK. (2011). *Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk. Femte periodiske rapport. Norge*. (Desember 2011). Oslo: Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet.
- FAK. (2012). *Minoritetsspråkpakten*. Henta 5. mars, 2012, frå [http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/tema/nasjonale\\_minoriteter/midtspalte/minoritets\\_spraakpakta.html?id=86936#](http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/tema/nasjonale_minoriteter/midtspalte/minoritets_spraakpakta.html?id=86936#).
- Folkeskolekomiteen. (1965). *Innstilling frå Folkeskolekomiteen av 1963. Om lov om folkeskolen og om mellombils lov om 7-årig folkeskole og overgang til 9-årig folkeskole*. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Folkeskulelovkommisjonen. (1887). *Indstilling fra den ved Kongelig Resolution af 14de November 1885 til Revision af Lovgivningen om Folkeskolerne paa Landet og i Byerne nedsatte Kommission. I. Udkast til Lov om Folkeskolen*. Christiania.
- Forskrift. (1980). *Forskrift om målbruk i offentlig teneste*. Lovdata. Henta 16.1.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1980-12-05-4938>.

- Forskrift. (2004). Forskrift om helseføretak som statsorgan etter lov om målbruk i offentlig teneste. *Lovdata*. Henta 16.1.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-03-18-532>.
- Forskrift. (2006). Forskrift til opplæringslova [gjeldande 2006]. *Lovdata (Norsk lovtidende)*. Henta 25.1.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2006-06-23-724>
- Grunnskulelova. (1969). Lov om grunnskolen. *Lovdata*. Henta 10.4.2012
- Innst. O. II A (1889) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende den Kongelige Proposition til Lov om Folkeskolen paa Landet*. Stortinget.
- Innst. O. II B (1889) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende den Kongelige Proposition til Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 3 (2002–2003) *Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om endring i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 6 (2004–2005) *Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 17 (1987–88) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen (Ot.prp. nr. 63 for 1986–87)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 28 (1973–74) *Tilråding frå kyrkje- og undervisningsnemnda om lov om gymnaset*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 31 (1979–80) *Tilråding frå kyrkje- og undervisningsnemnda om lov om målbruk i offentlig teneste (Ot.prp. nr. 52 for 1978–79)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 31 (1987–88) *Innstilling frå kyrkje- og undervisningskomiteen om lov om endringar i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 33 (1978–79) *Innstilling frå kyrkje- og undervisningsnemnda om lov om endring i lov av 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen (Ot. prp. nr. 67 for 1977–78)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 36 (1878) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende et af Repræsentanten J. Sverdrup med Flere fremsat Forslag til Lov angaaende Forandring i og Tillæg til Lov om Almueskolevæsenet paa Landet af 16de Mai 1860. (Dokument No. 8, II)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 44 (1892) *Indstilling fra Kirkekomiteen i Anledning Forslag fra Det norske Samlags Styre til Lov indeholdende Forandring i Lov om Folkeskolen paa Landet af 26de Juni 1889 § 73 og i Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne af samme Dato § 64*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 70 (1997–1998) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om grunnskolen og videregående opplæring (opplæringsloven)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 74 (1974–75) *Tilråding frå kyrkje- og undervisningsnemnda om lov om brigde i lov av 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen (Ot.prp. nr. 64 for 1973–74 og Ot.prp. nr. 31 for 1974–75)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 84 (1984–85) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen og i lov 21. juni 1974 nr. 55 om videregående opplæring (Ot.prp. nr. 51)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 89 (1999–2000) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m. Ot.prp. nr. 44 (1999–2000)*. Stortinget.
- Innst. O. nr. 126 (2002–2003) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Om større lokal handlefridom i grunnopplæringa*. Stortinget.
- Innst. O. V (1929) *Tilråding frå kyrkje- og skulenemnda um lov um målbruk i det offentlege styringsverket*. Stortinget.

- Innst. O. XIII (1917) *Indstilling fra kirkekomiteen om forandring av landsskolelovens § 73 (Ot. prp. nr. 47 for 1916)*. Stortinget.
- Innst. O. XIV (1968–69) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om grunnskolen. (Ot.prp. nr. 59 for 1966–67)*. Stortinget.
- Innst. O. XIV (1970–71) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om Norsk språkråd (Ot. prp. nr. 43)*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 15 (1995–1996) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om prinsipper og retningslinjer for tiårig grunnskole – ny læreplan (St.meld. nr. 29 for 1994–95)*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 17 (1992–93) *Innstilling frå kyrkje- og undervisningskomiteen om målbruk i offentleg teneste*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 23 (1974–75) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om kulturarbeid og kulturpolitikk (St. meld. nr. 8 og nr. 52 for 1973–74)*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 55 (1998–99) *Innstilling fra utenrikskomiteen om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1.februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 89 (1874) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende Skolelærer-Seminariernes Budget*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 92 (1885) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende Oplysningsvæsenets Understøttelsesfonds Særbudget*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 98 (1986–87) *Innstilling frå kyrkje- og undervisningskomiteen om revisjon av Mønsterplan for grunnskulen*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 98 (2005–2006) *Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om målbruk i offentleg teneste*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 109 (2001–2002) *Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om målbruk i offentleg teneste*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 111 (1885) *Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende Repræsentanterne Juels, Liestøls og Fleres Forestilling om Folkemaalets Ligestillen med Skriftsproget*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 111 (1986–87) *Innstilling frå kyrkje- og undervisningskomiteen om målbruk i offentleg teneste*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 115 (1992–93) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om kultur i tiden*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 132 (1984–85) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om kulturpolitikk for 1980-åra og nye oppgaver i kulturpolitikken (St.meld. nr. 23 for 1981–82 og St.meld nr. 27 for 1983–84)*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 138 (1983–84) *Innstilling fra kyrkje- og undervisningsnemnda om målbruk i offentleg teneste (St. meld. nr. 16)*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 145 (2000–2001) *Innstilling fra kommunalkomiteen om Nasjonale minoritetar i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 155 (2003–2004) *Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturpolitikk fram mot 2014*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 174 (1997–98) *Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om målbruk i offentleg teneste*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 189 (1969–70) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om språksaken*. Stortinget.
- Innst. S. nr. 200 (1991–92) *Innstilling fra kirke- og undervisningskomiteen om kunnskap og kyndighet. Om visse sider ved videregående opplæring (St.meld. nr. 33)*. Stortinget.

- Innst. S. nr. 268 (2003–2004) *Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om kultur for læring*. Stortinget.
- KUD. (1937). *Lov um folkeskulen på landet (av 16. juli 1936). Med tolkning av Kyrkje- og undervisningsdepartementet*. Oslo: Grøndahl.
- KUD. (1959). *Lov om folkeskolen frå 10. april 1959: med merknader, reglement og instruksar*. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- KUD. (1987). *Mønsterplan for grunnskolen. M 87*. Oslo: Aschehoug.
- KUF. (1993). *Læreplan for grunnskole, videregående opplæring, voksenopplæring: generell del*. Oslo: Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- KUF. (1997). *Læreplan for grunnskole, videregående opplæring og voksenopplæring, Generell del*. Oslo: Nasjonalt læremiddelsenter.
- Kulturdepartementet. (1994). *Norsk språk i EU*. Pressemelding fra Kulturdepartementet 10.94.
- Kvalitetsutvalet. (2002). *Førsteklasses fra første klasse. Forslag til rammeverk for et nasjonalt kvalitetsvurderingssystem av norsk grunnopplæring*. NOU 2002: 10. Oslo.
- Kvalitetsutvalet. (2003). *I første rekke. Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. NOU 2003: 16. Oslo.
- Lilleholt-utvalet. (2000). *Verkeområdet til mållova*. Rapport frå ei arbeidsgruppe nedsett av Kulturdepartementet.
- Lover. (1915). *Love vedtat paa det fireogsekstiende ordentlige Storting. Tillæg til Stortingstidende*. Stortinget.
- Lover. (1917). *Love vedtat paa det seksogsekstiende ordentlige Storting. Tillæg til Stortingstidende*. Stortinget.
- Lover. (1969). *Lover (vedtatt på det 113. ordentlige Storting) 1968–69*. Oslo: Stortinget.
- Lover. (1971). *Lover (vedtatt på det 115. ordentlige Storting) 1970–71*. Oslo: Stortinget.
- Lover. (1979). *Lover (vedtatt på det 123. ordentlige Storting) 1978–79*. Oslo: Stortinget.
- Lover. (1991). *Lover (vedtatt på det 135. Storting) 1990–91*. Stortinget.
- Lt.tid. *Lagtingstidende*. (Frå 1888 del 8 av Stortingsforhandlinger). Kristiania/Oslo.
- Lærarskulelova. (1902). *Lov om Lærerskoler og Prøver for Lærere og Lærerinder i Folkeskolen: af 18de Januar 1902*. Kristiania: Grøndahl & Sønns Bogtrykkeri.
- Lærebokutvalet. (1972). *Manglende lærebøker. Tiltak for å dekke behovet. Utredning*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Middelskolen. (1911). *Middelskolen. Lov om høiere almenskoler, reglement for de høiere almenskoler, undervisningsplan, eksamensreglement*. Kristiania: A.W. Brøggers boktrykkeri.
- Målbrukslova. (1932). *Um målbruk i statstenesta. Lov frå 6. juni 1930 og Kongeleg resolusjon frå 29. januar 1932, med kommentar*. Oslo: Kyrkjedepartementet.
- Mållova. (1980). *Lov om målbruk i offentlig teneste*. Lovdata. Henta 16.1.2014, frå <http://lovdata.no/all/hl-19800411-005.html>.
- Norsk-kommisjonen. (1984). *Styrking av norskundervisningen i alle skoleslag*. NOU 1984: 16. Oslo.
- Nynorsksenteret. (2011). *Tiltaksplan 2009–2012. Revidert 2011*. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.
- Ot.prp. nr. 5 (1972–73) *Om lov om gymnaset*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 7 (1889) *Angaaende Udfærdigelse af en Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 8 (1889) *Angaaende Udfærdigelse af en Lov om Folkeskolen paa Landet*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 18 (1973–74) *Om lov om gymnaset*. Kirke- og undervisningsdepartementet.

- Ot.prp. nr. 19 (1888) *Angaaende Udfærdigelse af en Lov om Folkeskolen i Kjøbstæderne*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 19 (1987–88) *Lov om endringer i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste*. Kultur- og vitskapsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 20 (1888) *Angaaende Udfærdigelse af en Lov om Folkeskolen paa Landet*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 23 (1929) *Um lov um målbruk statsteneste*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 29 (1972–73) *Om å trekke tilbake Ot. prp. nr. 5 (1972–72) om lov om gymnaset: om å legge fram ny proposisjon om lov om gymnaset*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 30 (1958) *Lov om folkeskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 36 (1996–97) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 37 (1914) *Om forandringar i loven om folkeskolen paa landet*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 43 (1970–71) *Lov om Norsk språkråd*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) *Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.* Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 46 (1997–98) *Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 47 (1916) *Om utfærdigelse av en lov indeholdende forandringar i og tillæg til lov om folkeskolen paa landet av 26de juni 1889*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 51 (1984–85) *Om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen og i lov 21. juni 1974 nr. 55 om videregående opplæring*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 52 (1978–79) *Lov om målbruk i offentlig teneste*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 53 (2002–2003) *Om lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (Finnmarksloven)*. Justis- og politidepartementet.
- Ot.prp. nr. 59 (1966–67) *Lov om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 63 (1986–87) *Om lov om endring i lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 64 (1973–74) *Om lov om brigade i lov av 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 67 (1977–78) *Om lov om endring i lov av 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 67 (2002–2003) *Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Om større lokal handlefridom i grunnopplæringa*. Utdannings- og forskingsdepartementet.
- Ot.prp. nr. 83 (2003–2004) *Om lov om oppheving av lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
- Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) *Om lov om i lov 18. juni 1971 nr. 79 om Norsk språkråd*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
- Ot.tid. *Odelstingstidende*. (Frå 1888 del 8 av Stortingsforhandlingar). Kristiania/Oslo.
- Regjeringa. (2014a). Meldingar til Stortinget. Henta 15.1.2014, frå <http://www.regjeringen.no/nn/dok/proposisjonar-og-meldingar/meldst.html?id=1754>.
- Regjeringa. (2014b). NOU-ar. Henta 15.1.2014, frå <http://www.regjeringen.no/nn/dok/nou-ar.html?id=1767>.

- Regjeringa. (2014c). Proposisjonar til Stortinget. Henta 15.1.2014, frå <http://www.regjeringen.no/nn/dok/proposisjonar-og-meldingar/prop.html?id=1753>.
- Samelova. (1987). Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold. *Lovdata*. Henta 16.1.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-06-12-56>.
- Smith-utvalet. (1995). *Ny lovgivning om opplæring. «–Og for øvrig kan man gjøre som man vil»*. NOU 1995: 18. Oslo: Statens forvaltningstjeneste.
- Soria Moria I. (2005). Plattform for regjeringssamarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005–09. Henta 16.1.2012, frå [http://www.regjeringen.no/nb/dep/smk/dok/rapporter\\_planer/rapporter/2005/soria-moria-erklaringen.html?id=438515](http://www.regjeringen.no/nb/dep/smk/dok/rapporter_planer/rapporter/2005/soria-moria-erklaringen.html?id=438515).
- Språkrådet. (2005). *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi*. Oslo: Språkrådet.
- St. meld. nr. 62 (1982–83) *Om grunnskolen*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentlig teneste*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
- St.meld. nr. 8 (1973–74) *Om organisering og finansiering av kulturarbeid*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 9 (2001–2002) *Målbruk i offentlig teneste*. Kulturdepartementet.
- St.meld. nr. 13 (1997–98) *Målbruk i offentlig teneste*. Kulturdepartementet.
- St.meld. nr. 15 (1968–69) *Om språksaka*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 15 (1986–87) *Om revisjon av Mønsterplan for grunnskolen*. Kirke- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 15 (2000–2001) *Nasjonale minoriteter i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar*. Kommunal- og regionaldepartementet.
- St.meld. nr. 16 (1983–84) *Målbruk i offentlig teneste*. Kultur- og vitkapsdepartementet.
- St.meld. nr. 23 (1981–82) *Kulturpolitikk for 1980-åra*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Kunnskapsdepartementet.
- St.meld. nr. 27 (1983–84) *Nye oppgaver i kulturpolitikken. Tillegg til St.meld. nr 23 (1981–82) Kulturpolitikk for 1980-åra*. Kultur- og vitkapsdepartementet.
- St.meld. nr. 27 (1986–87) *Målbruk i offentlig teneste*. Kultur- og vitkapsdepartementet.
- St.meld. nr. 29 (1994–95) *Om prinsipper og retningslinjer for 10-årig grunnskole – ny læreplan*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*. Utdannings- og forskningsdepartementet.
- St.meld. nr. 33 (1991–92) *Kunnskap og kyndighet. Om visse sider ved videregående opplæring*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
- St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*. Kultur- og kyrkjedepartementet.
- St.meld. nr. 52 (1973–74) *Ny kulturpolitikk. Tillegg til St.meld. nr. 8 for 1973–74 Om organisering og finansiering av kulturarbeid*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.meld. nr. 53 (1991–92) *Målbruk i offentlig teneste*. Kulturdepartementet.
- St.meld. nr. 61 (1991–92) *Kultur i tiden*. Kulturdepartementet.
- St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 (1950) *Norsk språknemnd*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- St.prp. nr. 2 (1885) *Oplysningsvæsenets Fonds Særbudget. B. Almueskolevæsenet (Seminarier)*. Den norske regjering.
- St.prp. nr. 80 (1997–98) *Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets rammekonvensjon av 1. februar 1995 om beskyttelse av nasjonale minoriteter*. Utanriksdepartementet.
- St.tid. *Stortingstidende*. (Frå 1888 del 8 av Stortingsforhandlinger). Kristiania/Oslo.



- Steen-komiteen. (1969). *Innstilling om det videregående skoleverket fra Skolekomiteen av 1965*. (Bd. 2). Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Stortinget. (2008, 15.10.). Komitéarbeidet. Henta 15.1.2014, frå <http://www.stortinget.no/nn/Stortinget-og-demokratiet/Arbeidet/Saksbehandlingen-i-komiteene/>.
- Stortinget. (2010, 14.4.). Nye publikasjonsbetegnelser. Henta 15.1.2014, frå <http://www.stortinget.no/nn/Hva-skjer-pa-Stortinget/Nyhetsarkiv/Forsidenyheter/2008-2009/Nye-publikasjonsbetegnelser/>.
- Utdanningsdirektoratet. (2006). *Framtidas norskfag. Språk og kultur i eit fleirkulturelt samfunn. Rapport*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Vedtekter for Norsk språknemnd. (1964). I Alf Hellevik og Einar Lundeby (red.), *Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for norsk språknemnd 1952–1962* (s. 39–42). Oslo: Norsk språknemnd.
- Vogt-komiteen. (1966). *Innstilling om språksaken*. Fra Komitéen til å vurdere språksituasjonen m.v. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.

## Litteratur

- Almenningen, Olaf, m.fl. (2003). *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900–2000*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, og Åsmund Lien. (1978). *Striden for nynorsk bruksmål. Ei lita målreisingssoge*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (red.). (1992). *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Arel, Dominique. (2002). Language categories in censuses: backward-or forward-looking. I David I. Kertzer og Dominique Arel (red.), *Census and identity. The politics of race, ethnicity, and language in national censuses*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Asdal, Kristin. (2011). *Politikkens natur – naturens politikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Asdal, Kristin, m.fl. (2008). *Tekst og historie. Å lese tekster historisk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Baker, Colin. (2011). *Foundations of bilingual education and bilingualism*. (5. utg.). Bristol: Multilingual matters.
- Bakken, Jonas. (2007). *Litteraturvitenskapens retorikk. En studie av tekstnormene for gode norske empiriske litteraturvitenskapelige artikler i perioden 1937–57*. Avhandling (ph.d.). Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Barry, Brian. (2001). *Culture and equality. An egalitarian critique of multiculturalism*. Cambridge: Polity.
- Barton, David, og Mary Hamilton. (1998). *Local literacies. Reading and writing in one community*. London: Routledge.
- Bell, Daniel. (2013). Communitarianism. In Edward N. Zalta (Ed.), *The Stanford Encyclopedia of Philosophy*. <http://plato.stanford.edu/archives/fall2013/entries/communitarianism/>.
- Berge, Kjell Lars. (1990). *Tekstnormers diakroni. Noen idéer til en sosiotekstologisk teori om tekstnormendring*. Stockholm: Stockholms universitet, Institutionen för nordiska språk.
- Berge, Kjell Lars. (2010). Ytringsfrihet og ytringsanstendighet. Om ytringsfrihetens retoriske vilkår. I Halvor Stenstadvold (red.), *Georgs bok* (s. 168–185). Oslo: Pax.
- Berge, Kjell Lars, Siri Meyer, og Tom Are Trippestad. (2003). *Maktens tekster*. Oslo: Gyldendal akademisk.

- Berlin, Isaiah. (1969). Two Concepts of Liberty. I *Four essays on liberty*. Oxford: Oxford University Press.
- Biesta, Gert J. J., og Nicholas C. Burbules. (2003). *Pragmatism and educational research*. Lanham, Md.: Rowman & Littlefield.
- Birkeland, Bjarte, m.fl. (red.). (1968). *Det Norske Samlaget 1868–1968*. Oslo: Samlaget.
- Bitzer, Lloyd. (1968). The Rhetorical Situation. *Philosophy & Rhetoric* (nr. 1).
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1900). *En Tale af Bjørnstjerne Bjørnson om Maalsagen*. Norsk rigsmaalsforenings smaaskrifter, 4. Kristiania.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. (1913). *Artikler og taler*. (Bd. 2). Kristiania og Kjøbenhavn: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.
- Bonnevie, J. A. (1877). *Foredrag om skole og undervisning. Holdte ved et lærerkursus i Throndhjem*. Throndhjem: Heiberg & Brun.
- Breivega, Kjersti Rongen. (2003). *Vitskaplege argumentasjonsstrategiar*. Oslo: Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.
- Bruheim, Magnhild. (1982). *Mållova frå 1930. Bakgrunn, gjennomføring og oppfølging den fyrste tida*. Upublisert hovudoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Oslo.
- Brunstad, Endre. (2001). *Det reine språket. Om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk*. Avhandling (dr.art.). Universitetet i Bergen.
- Bull, Tove. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt* (nr. 3–4), 36–39.
- Carens, Joseph H. (2000). *Culture, citizenship, and community. A contextual exploration of justice as evenhandedness*. Oxford: Oxford University Press.
- Chambers, J. K., og Peter Trudgill. (1980). *Dialectology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Crystal, David. (2000). *Language death*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, Hans Fredrik, og Tore Helseth. (2006). *To knurrende løver. Kulturpolitikens historie 1814–2014*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Danielsen, Rolf. (1984). *Høyres historie. Borgerlig oppdemningspolitikk. 1918–1940*. (Bd. 2). Oslo: Cappelen.
- De nasjonale forskningsetiske komiteer. (2008). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo: De nasjonale forskningsetiske komiteer.
- De Schutter, Helder. (2007). Language policy and political philosophy. On the emerging linguistic justice debate. *Language Problems & Language Planning* (no. 1), 1–23.
- Digernes, Aase Norunn. (2006). Mellom eittspråkstenking og mangfaldstenking. Ideologisk utvikling i den organiserte målrørsla etter 1950. *Mål og makt* (nr. 1), 32–43.
- Dokka, Hans-Jørgen. (1967). *Fra allmueskole til folkeskole. Studier i den norske folkeskoles historie i det 19. hundreåret*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dyvik, Helge. (1980). *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger*. (Dr.avh.). Universitetet i Bergen.
- Edøy, Jan, og Erling Hansen. (1998). Kommunaldepartementet 50 år. Fra gjenreising til sameting. I *Kommunaldepartementet 1948–1998 – lokaldemokrati og velferd* (s. 11–13). Oslo: Kommunal- og regionaldepartementet.
- Eriksen, Knut Einar, og Einar Niemi. (1981). *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860–1940*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eskeland, Bård. (2007). *Ordtradering på Stord*. Upublisert hovudoppgåve i nordisk. Universitetet i Oslo.
- Fairclough, Norman. (1995). *Critical discourse analysis. The critical study of language*. Harlow: Longman.

- Fishman, Joshua. (1964). Language Maintenance and Language Shift as a Field of Inquiry. A definition of the field and suggestions for its further development. *Linguistics*, 9, 32–70.
- Fishman, Joshua. (1972). The relationship between micro- and macro-sociolinguistics in the study of who speaks what language to whom and when. I Janet Holmes og J. B. Pride (red.), *Sociolinguistics. Selected readings* (s. 15–32). Harmondsworth: Penguin Education.
- Fishman, Joshua. (1991). *Reversing language shift. Theoretical and empirical foundations of assistance to threatened languages*. Multilingual matters, 76. Clevedon: Multilingual Matters.
- Fulsås, Narve. (2001). Kva er gale med det historiske kjeldeomgrepet? Ein kritikk av kjeldekritikken. *Historisk tidsskrift* (nr. 2), 231–246.
- Furre, Berge. (1999). *Norsk historie 1914–2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*. (Bd. 6). Oslo: Samlaget.
- Gabrielsen, Jonas. (2008). *Topik. Ekskursjoner i retorikkens toposlaere*. Åstorp: Retorikförlaget.
- Garborg, Arne. (1982 [1877]). *Den ny-norske sprog- og nationalitetsbevægelse. Et forsøg paa en omfattende redegjørelse, formet som polemiske sendebreve til modstræverne*. Oslo: Noregs boklag.
- Gjelsvik, Nikolaus. (1930). Grunnsetningane i ei lov um nynorsk til einaste riksmål. *Syn og segn*, 129–131.
- Gramstad, Sigve. (1996). *Minoritetsspråk i Europa. Ein presentasjon*. Oslo: Samlaget.
- Gramstad, Sigve. (2010). Vern av minoritetsspråk i Europa. 20 år etter Berlinmurens fall. *Syn og Segn* (nr. 1), 80–87.
- Green, Leslie, og Denise Réaume. (1989). Education and linguistic security in the Charter. *McGill Law Journal* (nr. 4), 777–816.
- Gregersen, Frans. (1991). *Sociolingvistikkens (u)mulighed. Videnskabshistoriske studier i Ferdinand de Saussures og Louis Hjelmslevs strukturalistiske sprogteorier*. København: Tiderne Skifter.
- Grepstad, Jon. (2002). Norsk språkråd 30 år – fra rettskrivning til språkvern. *Språknytt* (nr. 1).
- Grepstad, Jon. (2009, 11.9.2009). Nynorsk programvare – nokre milesteinar. Henta 01.10.2013, frå <http://home.online.no/~gjon/nynoprohist.htm>.
- Grepstad, Ottar. (2004a). *Den språklege lekkasjen*. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ørsta: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, Ottar. (2004b). *Nynorsk i opplæringa. Kunnskap, kultur og kvalitet. Synspunkt til politisk leiing i Utdannings- og forskingsdepartementet*. Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet, nr. 1. Ørsta: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, Ottar. (2005). *Nynorsk faktabok 2005*. Oslo: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, Ottar. (2010). *Språkfakta 2010*. Ørsta: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, Ottar. (2011). *Gledene ved plikta*. Årstale nr. 11 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ørsta: Nynorsk kultursentrum.
- Grue, Jan. (2009). Critical discourse analysis, topoi and mystification: disability policy documents from a Norwegian NGO. *Discourse studies* (nr. 3), 285–308.
- Grue, Jan. (2011). *Interdependent discourses of disability. A critical analysis of the social/medical model dichotomy*. Avhandling (Ph.D.). Oslo: Faculty of Humanities, University of Oslo.
- Grønvik, Oddrun. (1987). *Målbruken i offentlig teneste 1930–1940. Ein studie i vilkåra for å få gjennomført målbruksreglane i lov og føresegner frå 1930–1931*. Oslo: Samlaget.
- Hanto, Kristian Ihle. (1986). *Ideologiar i norsk målreising*. Oslo: Novus.

- Haugen, Einar. (1953). *The Norwegian language in America. A study in bilingual behavior*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Haugen, Einar. (1966). Dialect, Language, Nation. *American Anthropologist*, 68 (4), 922–935.
- Haugen, Einar. (1969). *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. (1971). *Striden kring sidemålsstilen. Ein studie i språk og politikk i åra 1906–07*. Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. (1977). Lærarane i brodden for norsk målreising på 1800-talet. «Ta det romet som den akademiske stand fyrr hev havt». *Syn og segn*, 177–188.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Heggelund, Kjell Tørres. (1997). *Norsk for lærarar. Ein del språklege og språkpedagogiske emne*. Skriftserien, nr 1/1997. Tromsø: Høgskolen i Tromsø – Avdeling for lærerutdanning.
- Heller, Monica. (1994). *Crosswords. Language, education, and ethnicity in French Ontario*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Hoel, Oddmund L. (2011). *Mål og modernisering 1868–1940*. Norsk målreising (Bd. 2). Oslo: Samlaget.
- Hoel, Oddmund L. (red.). (2006). *Då Noregs Mållag vart skipa. Referat frå Målmannsstemna 4.–5. februar 1906*. Oslo: Noregs Mållag.
- Holst, Cathrine. (2005). *Feminism, epistemology & morality*. Bergen: Department of Sociology, Faculty of Social Sciences & Center for the Study of the Sciences and Humanities, Faculty of Arts, University of Bergen.
- Hovdan, Peder. (1928). *Frå folkemål til riksmål. Blad or Noregs nyaste målsoga*. Oslo: Noregs Mållag.
- Hvistendahl, Rita (red.). (2009). *Flerspråkligheit i skolen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hyvik, Jens Johan. (2009). *Norsk målreising. Språk og nasjon 1739–1868*. (Bd. 1). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hyvik, Jens Johan. (2012). Embetsmannselitens posisjonering – universitetets skriv om det norske språket og lovforslag om ettertrykk i 1815. I Atle Døssland, m.fl. (red.), *Frå Volda til verda – fjerne og nære kultur møte. Historiestudiet i Volda 40 år* (s. 271–286). Trondheim: Akademika.
- Høydal, Reidun. (1995). *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895–1920*. KULTs skriftserie, 39. Oslo: Norges forskningsråd.
- Høydal, Reidun. (2007). Upp og fram! Landsgymnaset vert til. I Helge Vold og Gudleiv Forr (red.), *Landsgymnaset. Volda, Voss, Hornnes, Eidsvoll, Firda, Orkdal, Bryne, Steinkjer, Vinstra, Finnfjordbotn, Bø, Alta. Historia, rektorar, lærarar, hybelliv, minne* (s. 11–68). Oslo: Samlaget.
- Hårstad, Stian. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Avhandling (ph.d.). Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Jahr, Ernst Håkon. (1978). *Østlandsmåla fram! Ei bok om rørsla Østlandsk reisning*. Tromsø: Universitetsforlaget.
- Jahr, Ernst Håkon. (1984). *Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925)*. Oslo: Novus.
- Jahr, Ernst Håkon. (1989). *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Oslo: Novus.
- Johansen, Anders. (2012). *Språkmeldingen som handlingsplan. Retorikk og resultater. Rapport om oppfølging av St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening, overlevert Språkrådet 15. mars 2012*. Oslo: Språkrådet.

- Jordheim, Helge. (2001). *Lesningens vitenskap. Utkast til en ny filologi*. Oslo: Universitetsforl.
- Jordheim, Helge, m.fl. (2008). *Humaniora. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kaartvedt, Alf. (1984). *Høyres historie. Drømmen om borgerlig samling. 1884–1918*. (Bd. 1). Oslo: Cappelen.
- Kjeldstadli, Knut. (1992). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kloss, Heinz. (1971). Language rights of immigrant groups. *International migration review*, 250–268.
- Koht, Halvdan. (1933 [1925]). Det store mål-vende i 1885. I *Norsk vilje* (s. 166–178). Oslo: Noregs Boklag.
- Kolsrud, Ole. (2001). *Maktens korridorer. Regjeringskontorene 1814–1940*. Oslo: Riksarkivet.
- Kvernbekk, Tone. (2005). *Pedagogisk teoridannelse. Insidere, teoriformer og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kvernbekk, Tone (red.). (2001). *Pedagogikk og lærerprofesjonalitet*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kymlicka, Will. (1989). *Liberalism, community, and culture*. Oxford: Clarendon Press.
- Kymlicka, Will. (1995). *Multicultural citizenship. A liberal theory of minority rights*. Oxford: Clarendon Press.
- Kymlicka, Will, og Alan Patten (red.). (2003). *Language rights and political theory*. Oxford: Oxford University Press.
- Laitin, David D., og Rob Reich. (2003). A liberal democratic approach to language justice. I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 80–104). Oxford: Oxford University Press.
- Langfeldt, Gjert. (2008). *Ansvar og kvalitet. Strategier for styring i skolen*. Oslo: Cappelen akademisk.
- Laponce, J. A. (2004). Minority languages and globalization. *Nationalism and ethnic politics* (nr. 1), 15–24.
- Lewis, Huw. (2011). Liberalism, language revival and employment. *Political Studies*, 59, 1017–1033.
- Lewis, M. Paul, Gary F. Simons, og Charles D. Fennig. (2013). *Ethnologue. Languages of the World (online version)*. Henta 14.1.2014, frå <http://www.ethnologue.com/country/NO/status>.
- Lien, Åsmund. (1981). Nynorsken i skuleverket. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981* (s. 350–382). Oslo: Fonna forlag.
- Lilleholt, Kåre. (1981). Nynorsk i offentleg målbruk. I *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981* (s. 383–407). Oslo: Fonna forlag.
- Lilleholt, Kåre, og Sigve Gramstad. (1983). *Lov om målbruk i offentleg teneste. Med kommentarar* Oslo: Universitetsforlaget.
- Linell, Per. (2009). *Rethinking language, mind, and world dialogically. Interactional and contextual theories of human sense-making*. Charlotte, N.C.: Information Age Publ.
- Linn, Andrew R. (2010). Voices from above – voices from below. Who is talking and who is listening in Norwegian language politics? *Current Issues in Language Planning* (nr. 2), 114–129.
- Liu, Amy H. (2009). *The Politics of Language Regimes*. Ph.d.-avhandling: Emory University.
- Ljosland, Ragnhild. (2008). *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: om engelsk som akademisk språk i Norge. Et kasusstudium i bred kontekst*. Avhandling (ph.d.). Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

- Lundeby, Einar. (1966). Stortinget og språksaken (vedlegg 1). I *Innstilling om språksaken fra komiteen til å vurdere språksituasjonen m. v. (Vogt-komiteen)* (s. 55–81). Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Lunden, Kåre. (2012a, 17. februar). Nynorskfolket – fråskrive menneskerettar? *Dag og Tid*.
- Lunden, Kåre. (2012b, 3. februar). Rettsstillinga til nynorsken. *Dag og Tid*.
- Løvland, Jørgen. (1981 [1906]). Sjølvstendet og det norske målet. I Olaf Almenningen (red.), *Målpolitiske artiklar 1905–1920* (s. 25–29). Oslo: Noregs Boklag.
- Milani, Tommaso Maria. (2002). Nynorsk: an Endangered Minority Language? *L'Analisi Linguistica e Letteraria* (nr. 1–2), 325–338.
- Miller, Carolyn R. (1984). Genre as social action. *Quarterly Journal of Speech*, 151–167.
- Mjeldheim, Leiv. (1984). *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880-åra til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mjeldheim, Leiv. (2006). *Den gylne mellomvegen. Tema frå Venstres historie 1905–1940*. Bergen: Vigmestad & Bjørke.
- Moore, Helen. (2000). Language policies as virtual realities: Two Australian examples. I Thomas Ricento (red.), *Ideology, politics and language policies. Focus on English* (s. 25–47). Amsterdam: John Benjamins publishing company.
- Mæhlum, Brit. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, Brit, og Unn Røyneland. (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Mæhlum, Brit, m.fl. (2008). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Møller, Peter. (2010). *Diskursiv konstruksjon av framtid. Scenarier i offentlige utredninger som retorisk praksis*. Upublisert masteroppgave i retorikk og språklig kommunikasjon. Universitetet i Oslo.
- Nerbøvik, Jostein. (1999). *Norsk historie 1860–1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. (Bd. 5). Oslo: Samlaget.
- Nerbøvik, Jostein (red.). (1992). *Ivar Aasen-senteret. Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur. Forprosjektet*. Volda: Ivar Aasen-senteret.
- Nettle, Daniel, og Suzanne Romaine. (2000). *Vanishing voices. The extinction of the world's languages*. Oxford: Oxford University Press.
- NM. (1997). *Norskfagleg program for Noregs Mållag*. Oslo: Noregs Mållag.
- NM. (2004). *Årsmelding 2003–2004*. Oslo: Noregs Mållag.
- NM. (2005a). *Internasjonalt program for språkleg og kulturelt mangfald. Vedteke på Landsmøtet til Noregs Mållag i 2005*. [<http://www.nm.no/tekst.cfm?id=2155>]. Noregs Mållag.
- NM. (2005b). *Årsmelding 2004–2005*. Oslo: Noregs Mållag.
- NM. (2007). *Årsmelding 2006–2007*. Oslo: Noregs Mållag.
- Nordstoga, Sveinung. (2003). *Inn i norskfaget. Om faget, debatten og didaktikken*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Nybø, Bjørg Nesje. (2013). *Skriftkulturen i ei språkleg revitalisering. Ei samamlkning av framveksten av irsk og nynorsk skriftkultur*. Avhandling (ph.d.). Universitetet i Oslo.
- Omdal, Helge, og Lars S. Vikør. (1996). *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Os, Edvard. (1961). *Bøygen. Ei minnebok om tilskipnad og tilsyn med lov og føresegner om målbruk i statstenesta*. Oslo: Noregs Mållag.
- Patten, Alan. (2003). What kind of bilingualism? I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 296–321). Oxford: Oxford University Press.

- Patten, Alan, og Will Kymlicka. (2003). Introduction: Language rights and political theory: Context, issues and approaches. I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 1–51). Oxford: Oxford University Press.
- Phillipson, Robert, Mart Rannut, og Tove Skutnabb-Kangas (red.). (1994). *Linguistic human rights. Overcoming linguistic discrimination*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Pinto, Meital. (2007). On the Intrinsic Value of Arabic in Israel – Challenging Kymlicka on Language Rights. *Canadian Journal of Law and Jurisprudence* (nr. 1), 143–172.
- Pinto, Meital. (2009). Who is afraid of language rights in Israel? I Ohad Nachtomy og Avi Sagi (red.), *The multicultural challenge in Israel* (s. 26–51). Boston: Academic Studies Press.
- Rawls, John. (1971). *A theory of justice*. Cambridge, Mass.: The Belknap Press of Harvard University Press.
- Rawls, John. (1993). *Political liberalism*. New York: Columbia University Press.
- Réaume, Denise. (1993). The group right to linguistic security – whose right, what duties? I J. Baker (red.), *Group rights* (s. 118–141). Toronto: University of Toronto Press.
- Réaume, Denise. (2003). Beyond personality: The territorial and personal principles of language policy reconsidered. I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 271–295). Oxford: Oxford University Press.
- Réaume, Denise, og Meital Pinto. (2012). Philosophy of language policy. I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 37–59). Cambridge: Cambridge University Press.
- Reisigl, Martin, og Ruth Wodak. (2009). The Discourse-Historical Approach (DHA). I Ruth Wodak og Michael Meyer (red.), *Methods of critical discourse analysis* (s. 87–121). Los Angeles: SAGE.
- Ricento, Thomas (red.). (2006). *An Introduction to language policy. Theory and method*. Malden, Mass.: Blackwell Publ.
- Roald, Karl Johan. (1959). *Lov om folkeskolen av 10. april 1959 og Lov om framhaldsskular av 8. november 1946 med seinare endringar*. Oslo: Sem & Stenersen.
- Robichaud, David, og Helder De Schutter. (2012). Language is just a tool! On the instrumentalist approach to language. I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 124–145). Cambridge: Cambridge University Press.
- Rogstad, Jon, og Kari Nyheim Solbrække. (2012). Velmenende likegyldighet. Konflikt og integrasjon i et flerkulturelt sykehus *Sosiologisk tidsskrift* (nr. 4), 315–337.
- Rosengren, Mats. (1998). Doxa och den nya retorikens kunskapssyn. *Rhetorica Scandinavica* (nr. 8), 10–17.
- Rubio-Marín, Ruth. (2003). Language rights: Exploring the competing rationales. I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 52–79). Oxford: Oxford University Press.
- Røyneland, Unn. (2013). 'The voice from below'. Norwegian language reforms in the 21st century. I Terje Lohndal (red.), *In search of universal grammar. From Old Norse to Zoque* (s. 53–76). Amsterdam: John Benjamins.
- Sallabank, Julia. (2012). Diversity and language policy for endangered languages. I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 100–124). Cambridge: Cambridge University Press.
- Salminen, Tapani. (2007). Endangered languages in Europe. I Matthias Brenzinger (red.), *Language diversity endangered* (s. 205–232). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Sandmo, Erling. (2005). *Siste ord. Høgsterett i norsk historie 1905–1965*. (Bd. 2). Oslo: Cappelen.
- Sarangi, Srikant, og Stefaan Slembrouck. (1996). *Language, bureaucracy, and social control*. London: Longman.

- Schmidt Sr., Ronald. (2006). Political Theory and Language Policy. I Thomas Ricento (red.), *An Introduction to language policy. Theory and method* (s. 95–111). Malden, Mass.: Blackwell Publ.
- Searle, John R. (1979). *Expression and meaning. Studies in the theory of speech acts*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Simonsen, Dag Finn. (2002). Å velge bort norsk. Om begrepene «domene» og «domenetap» anvendt på skandinaviske land. *Norsklæraren* (nr. 2), 5–17.
- Simonsen, Dorthe Gert. (2003). *Tegnets tid. Fortid, historie og historisitet etter den sproglige vending*. København: Museum Tusulanums Forlag.
- Skard, Sigmund. (1963). *Målstrid og massekultur: tankar til ettertanke*. Oslo: Samlaget.
- Skutnabb-Kangas, Tove. (2000). *Linguistic genocide in education, or worldwide diversity and human rights?* Mahwah, N.J.: L. Erlbaum Associates.
- Skutnabb-Kangas, Tove. (2002). Kva har nynorsk til felles med europeiske minoritetsspråk? I Trond Sæbø Skarpeteig (red.), *Globalisering og språkpolitikk. Eit debattheft* (s. 41–62). Oslo: Noregs Mållag.
- Skutnabb-Kangas, Tove, og Kathleen Heugh (red.). (2012). *Multilingual education and sustainable diversity work. From periphery to center*. New York: Routledge.
- Slagstad, Rune. (1994). Feminismen som normativ teori. *Nytt norsk tidsskrift* (nr. 1), 50–59.
- Slagstad, Rune. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Slagstad, Rune. (2011). *Rettens ironi. Studier i juss og politikk*. Oslo: Pax.
- Smith, Dorothy E. (1999). *Writing the social. Critique, theory, and investigations*. Toronto: University of Toronto Press.
- Spolsky, Bernard (red.). (2012). *The Cambridge handbook of language policy*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Stange, Laila. (1977). *Språknemnd og språkråd. Fra forhåndsdebatt til etablering*. Hovedoppgave i nordisk. Universitetet i Oslo.
- Stray, Janicke Heldal. (2010). *Demokratisk medborgerskap i norsk skole? En kritisk analyse*. Oslo: Unipub.
- Støylen, Andreas. (1955). *Målparagrafen i folkeskolelovene*. Oslo: Noregs boklag.
- Svennevig, Jan. (2001). Abduction as a methodological approach to the study of spoken interaction. *Norskrift* (nr. 103), 3–22.
- Svennevig, Jan. (2009). *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Landslaget for norskundervisning.
- Svennevig, Jan, Margareth Sandvik, og Wenche Vagle. (1995). *Tilnærminger til tekst. Modeller for språklig tekstanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sverdrup, Johan. (1884, 8.10.). Reformen i vort Folkeskolevæsen. *Dagbladet*.
- Søilen, Oddmund. (1983). J. E. Sars og norsk språkhistorie. *Maal og minne* (nr. 1–2), 60–81.
- Sørensen, Øystein. (2002). Språkutviklingen på 1800-tallet. I Egil Børre Johnsen (red.), *Vårt eget språk* (s. 63–74). Oslo: Aschehoug.
- Sørensen, Øystein, og Ruth Hemstad. (1998). *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Taylor, Charles. (1992). The politics of recognition. I *Multiculturalism and the politics of recognition. An essay. With commentary by Amy Gutmann* (s. 25–73). Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Tjønn, Nils. (1884, 31.10.). Referat af Amtslærermødet i Vadheim. *Sogns Tidende*.
- Todal, Jon. (2002). «–jos fal gáhttet gollegielat». *Vitalisering av samisk språk i Noreg på 1990-talet*. Avhandling (dr.art.). Universitetet i Tromsø.
- Tollefson, James W. (1991). *Planning language, planning inequality. Language policy in the community*. London: Longman.



- Toulmin, Stephen. (2003). *The uses of argument*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Tønnesson, Johan L. (2004). *Tekst som partitur, eller Historievitenskap som kommunikasjon. Nærlesning av fire historietekster skrevet for ulike lesergrupper*. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Venås, Kjell. (1997). Frå språknemnd til språkråd. *Språknytt* (nr. 2).
- Vetlesen, Arne Johan. (1996). Kommunitarisme. *Samtiden* (nr. 4), 14–27.
- Veum, Aslaug. (2008). *Avisas andlet. Førstesida som tekst og diskurs. Dagbladet 1925–1995*. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Vikør, Lars S. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. (3. utg.). Oslo: Novus.
- Vonen, Arnfinn Muruvik. (2012, 10. februar). Om rettsstillinga til nynorsken. *Dag og Tid*.
- Westen, Peter. (1982). The Empty Idea of Equality. *Harvard Law Review* (nr. 3), 537–596.
- Wilberg, Ingeborg. (1966). Juridiske synspunkter til bruk for språkkomiteén (vedlegg 2). I *Innstilling om språksaken fra komiteen til å vurdere språksituasjonen m. v. (Vogt-komiteen)* (s. 82–86). Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Williams, Colin H. (2012). Language policy, territorialism and regional autonomy. I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 174–202). Cambridge: Cambridge University Press.
- Østerud, Øyvind. (2007). *Statsvitenskap. Innføring i politisk analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

## Vedlegg 1: Kronologisk oversyn over dokumentklyngjene

Sjå «Offentlege dokument» i kjelde- og litteraturlista for fullstendige referansar. Oversynet har berre med regjerings- og stortingsdokument som det er vist til i analysane. Nokre få førearbeid til regjeringsdokumenta (kommisjons-/komitéinnstillingar, NOU-ar) er òg tekne med. Referansar til stortingsordskifte og sanksjonerte lover og lovutgåver er ikkje med – her vert det vist til referansar i kapitla. For fullstendige dokumentoversyn til dei ulike sakene, sjå dei digitaliserte stortingsforhandlingane på [stortinget.no](http://stortinget.no).

År	Opplæring	Offentleg målbruk/kultur
1874	<i>Landsmål og gamalnorsk i lærarskulen</i> Innst. S. nr. 89 1874	
1878	<i>Undervisning på talemålet til borna</i> Dok. nr. 8 II 1878 Innst. O. nr. 36 1878	
1885	<i>Løyving til lærarkurs i landsmål</i> St.prp. nr. 2 1885 Innst. S. nr. 92 1885	<i>Jamstillingsvedtaket</i> Dok. nr. 17 1885 Innst. S. nr. 111 1885
1888–89	<i>Folkeskulelovene: målparagrafen ikkje vedteken</i> Folkeskulelovkommisjonen 1887 Ot.prp. nr. 19 1888, Ot.prp. nr. 20 1888 Ot.prp. nr. 7 1889, Ot.prp. nr. 8 1889 Innst. O. II A 1889, Innst. O. II B 1889	
1892	<i>Målparagrafen vedteken</i> Dok. nr. 34 1892 Innst. O. nr. 44 1892	
1914–15	<i>Fleire endringar i målparagrafen</i> Dok. nr. 42 1911 Ot.prp. nr. 37 1914	
1917	<i>Målparagrafen – omkamp</i> Ot.prp. nr. 47 1916 Innst. O. XIII 1917	
1929–30		<i>Mållova 1930</i> Ot.prp. nr. 23 1929 Innst. O. V 1929
1951		<i>Norsk Språknemnd</i> St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 3 1950
1959	<i>Folkeskulelova 1959</i> Ot.prp. nr. 30 1958	

1965–70	<i>Grunnskulelova</i> Folkeskolekomiteen 1965 Ot.prp. nr. 59 1966–67 Innst. O. XIV 1968–69	<i>Vogt-komiteen/språksaka</i> Vogt-komiteen 1966 St.meld. nr. 15 1968–69 Innst. S. nr. 189 1969–70
1971		<i>Norsk språkråd</i> Ot.prp. nr. 43 1970–71 Innst. O. XIV 1970–71
1974–74	<i>Lov om vidaregåande opplæring</i> Steen-komiteen 1969 Lærebokutvalet 1972 Ot.prp. nr. 5 1972–73 Ot.prp. nr. 29 1972–73 Ot.prp. nr. 18 1973–74 Innst. O. nr. 28 1973–74	<i>Kulturmelding nr. 1 og 2</i> St.meld. nr. 8 1973–74 St.meld. nr. 52 1973–74 Innst. S. nr. 23 1974–75
1975	<i>Utviding av parallellklasseordninga</i> Ot.prp. nr. 64 1973–74 Innst. O. nr. 74 1974–75	
1978–80	<i>Justering av røysterettsreglane</i> Ot.prp. nr. 67 1977–78 Innst. O. nr. 33 1978–79	<i>Mållova 1980</i> Ot.prp. nr. 52 1978–79 Innst. O. nr. 31 1979–80
1981–85	<i>Gjeninnføring av ålmann røysterett</i> Ot.prp. nr. 51 1984–85 Innst. O. nr. 84 1984–85	<i>Mållovsmelding nr. 1</i> St.meld. nr. 16 1983–84 Innst. S. nr. 138 1983–84  <i>Kulturmelding nr. 3 og 4</i> St.meld. nr. 23 1981–82 St.meld. nr. 27 1983–84 Innst. S. nr. 132 1984–85
1987	<i>Mønsterplanen 1987</i> Norskkommissjonen 1984 St.meld. nr. 15 1986–87 Innst. S. nr. 98 1986–87  <i>Mindre justering av røysterettsreglane</i> Ot.prp. nr. 63 1986–87 Innst. O. nr. 17 1987–88	<i>Mållovsmelding nr. 2</i> St.meld. nr. 27 1986–87 Innst. S. nr. 111 1986–87  <i>Mindre endring av mållova</i> Ot.prp. nr. 19 1987–88 Innst. O. nr. 31 1987–88
1992–93		<i>Mållovsmelding nr. 3</i> St.meld. nr. 53 1991–92 Innst. S. nr. 17 1992–93  <i>Kulturmelding nr. 5</i> St.meld. nr. 61 1991–92 Innst. S. nr. 115 1992–93
1996	<i>10-årig grunnskule – ny læreplan (L97)</i> St.meld. nr. 29 1994–95 Innst. S. nr. 15 1995–1996	

1997–98	<p><i>Opplæringslova</i> Smith-utvalet 1995 Ot.prp. nr. 36 1996–97 Ot.prp. nr. 46 1997–98 Innst. O. nr. 70 1997–1998</p>	<p><i>Mållovsmelding nr. 4</i> St.meld. nr. 13 1997–98 Innst. S. nr. 174 1997–98</p>
2000–01	<p><i>Gjeninnføring av ålmenn røysterett</i> Ot.prp. nr. 44 1999–2000 Innst. O. nr. 89 1999–2000</p>	<p><i>Mållovsmelding nr. 5</i> St.meld. nr. 9 2001–2002 Innst. S. nr. 109 2001–2002</p>
2002–04	<p><i>Mindre justering av målparagrafen</i> Ot.prp. nr. 67 2002–2003 Innst. O. nr. 126 2002–2003</p>	<p><i>Endring lov om Norsk språkråd</i> Ot.prp. nr. 95 2001–2002 Innst. O. nr. 3 2002–2003</p> <p><i>Kulturmelding nr. 6</i> St.meld. nr. 48 2002–2003 Innst. S. nr. 155 2003–2004</p> <p><i>Oppheving av lov om Norsk språkråd</i> Ot.prp. nr. 83 2003–2004 Innst. O. nr. 6 2004–2005</p>
2006		<p><i>Mållovsmelding nr. 6</i> St.meld. nr. 7 2005–2006 Innst. S. nr. 98 2005–2006</p>